

Livsminne frå Gjesdal

ODDVIN VEEN (RED.)

*Gjesdal Historie og
Ettesogelag*



Historielaget i Gjesdal blei stifta 9. mars 1995, med godt frammøte frå alle kantar av bygda. Me er i dag ca. 40 medlemmer og har møta på ÅBOAS på Ålgård. Dette er ein ny milepel med utgjeving av bok som fortel om folks livsvilkår frå tidligare tider. Styret i 2015 består av: Oddvin Veen, Per Skjæveland, Rolf Hetland, Torstein Gilje og Ørnulf Tendeland.
Lagets logo er teikna av kunstnaren Ståle Kyllingstad.

*Gjesdal Historie og
Ættesogelag*



© Gjesdal historie- og ættesogelag 2015

Gjesdal historielag
Giljagarden 26
4335 Dirdal

ISBN:

Omslagsdesign: CF media / Hana Costelloe
Sats: CF media / Hana Costelloe
Trykk og ferdiggjøring: Commentum Forlag AS

Materialet i denne publikasjon er omfattet av åndsverklovens bestemmelser. Uten særskilt avtale med Gjesdal historielag er enhver eksemplarframstilling og tilgjengeliggjøring bare tillatt i den utstrekning det er hjemlet i lov. Utnyttelse i strid med lov eller avtale kan medføre erstatningsansvar.

Livsminne frå Gjesdal

ODDVIN VEEN (RED.)

*Gjesdal Historie og
Ættesogelag*



2015

Innhold

7/	<i>Føreord</i>
9/	<i>Alma Ullebust Lomeland</i>
20/	<i>Andreas Telhaug</i>
38/	<i>Anna Edland, Ålgård</i>
41/	<i>Berta Dirdal Lima</i>
44/	<i>Berte Espeland Gilje</i>
64/	<i>Borghild Idland</i>
97/	<i>Brita Hadland</i>
103/	<i>Georg Espeland</i>
114/	<i>Gunhild Eide</i>
116/	<i>Gunnar G. Østebø</i>
128/	<i>Gyda Auestad</i>
136/	<i>Hallveig Høy</i>
151/	<i>Ingrid Edland</i>
157/	<i>Kåre Søyland</i>
168/	<i>Kari Nærland</i>
175/	<i>Klara Kydland Edland</i>
184/	<i>Marta Retland Aase</i>
202/	<i>Ola Søyland</i>
207/	<i>Ole K. Byrkjedal</i>
223/	<i>Ole Lomeland</i>
229/	<i>Ragna Signora Svendsdotter Vatne</i>
237/	<i>Sigfrid Tøge Figved</i>
254/	<i>Signy Madland, Ålgård</i>
257/	<i>Sigrid Arneson</i>
269/	<i>Sven Aalgaard</i>
287/	<i>Tergy Lomeland Steinskog</i>

Føreord

Livsminne frå Gjesdal er basert på ei landsomfattande minneinnsamling frå 1981. Folk fødde før 1915 blei då invitert til å fortelja frå sin barndom og oppvekst. Det har vore fleire slike minneinnsamlingar. Den første var i 1964 då folk fødde før 1900 blei invitert til å fortelja. Den neste var den i 1981. Vidare var det innsamling i 1996. Då blei folk fødde før 1930 invitert. I den nyaste innsamlinga, som framleis pågår, er folk fødde før 1950 utfordra til å bidra. Forskjellige organisasjonar har koordinert innsamlingane, men nå er det Landslaget for lokalhistorie som går i bresjen. Fleire tusen livsminne er samla inn og er arkivert på Universitetet i Oslo. Desse livsminna, eller minneoppgåvene, er tilgjengelege for forskning og formidling.

I 1981 var me så heldige at 26 personar frå Gjesdal leverte inn livsminne. Av personane som skreiv er nokon fødde før 1900, men dei fleste etter. Her er mykje interessant kulturstoff, både frå eige levd liv, men og historier fortalt frå foreldre og besteforeldre. Gjesdalminna frå 1981 var diverre ikkje samla nokon stad, så det var litt detektivarbeid å finna alle minneoppgåvene. Nokon var å finna på kulturkontoret, andre på statsarkivet i Stavanger og nokon i Oslo på universitetet. Der er og ein god fordeling geografisk på skrivarane frå kommunen. Me er takksame for bidraga, og me vil og takka alle familiemedlemer til historieskrivarane som velviljug har funne fram bilete til denne boka.

Me har lagt vinn på å behalda skrivemåten til kvar enkelt forteljar, så skrivemåten følger ikkje alltid normert skriftspråk. To av livsminna er korta ned. Det er minna til Andreas Telhaug og Sigrid Arneson. Det var frå deira liv før dei kom til Gjesdal. Her vil der vera mange interessante forteljingar om korleis familiane levde i nær fortid. Kanskje du er så heldig at du finn att noko som ein av dine forfedre har fortalt om sitt og familiens liv? Boka vil og vera av interesse for alle med litt sans for kvardagsliv og levesett før i tida.

Gjesdal historie- og ættesogelag v/Oddvin Veen, red.



Alma i heimen på Lomeland

Alma Ullebust Lomeland

Barndomsheimen

Barndomsheimen min ligg i Sogn og Fjordane fylke, nærare bestemt ein dal opp frå Førde sentrum, som heiter Sundsdalen. Frå hovudvegen og oppover er det brattlendt med stor furuskog og lenger oppover liene er mykje lauvskog. Kjem vi lenger oppover er der fine velstelte gardar, og ei elv som renn langs heile dalen.

Heimen min heiter Ullebust og ligg omlag 6 km frå hovudvegen. På nordsida er der furuskog og i sør er ei fjellkjede som vi kalla "Storefjellet". Lenger sør og vestover er der svære vidder med sommararbeite, som er fellesbeite for alle buskapane i dalen. Lenger oppover dalen er der fine gardar, og der er også stort, fint fiskevatn med stor, fin aure. I aust ser vi innover til Mo landbrukskule, med Huldrefossen i bakgrunnen. Vi ser også nedre del av Jølster og i klarvær kan vi sjå ein gløtt av Jostedalsbreen, langt, langt bort i himmel-randa.

Då eg var småjente, hadde vi gamlestova, som var ei stor sperrestova. Når vi kom inn, såg vi høgt i sjølve taket, men det var ikkje røykstove, for all materialen var kvit. I taket var der ein ljore, som var festa inn i bærebjelkane. Dei var nokså massive. I stova var der 3 like store vindauga, med ni glasruter i kvart vindauga. Veggene var av tjukke furuplankar. Stovedøra heime var av ein stor brei planke og ein liten attåt, med svart jernbeslag med klinke som lås. Med den eine langveggen var der ein dragbenk, den kunne ein venda setet på, so det vart liggeplass til to av oss borna i han. So var der langbordet, og ein langbenk som vi kalla førsete. Alt var solid laga av tjukk stødige material. På andre veggen stod eit rosemåla skatoll, og far og mor hadde kvar si kiste, som var fint rosemåla, og med namnet og årstalet deira på. Storesenga som mor og far låg i, stod også i

stova, og so den velbrukte vogga, for vi var i alt 11 unger, som alle har legje som barn der.

Nedst ved døra, var der store, svære steinheller, som var lagde heilt bort til gruva. Eg kan ikkje hugsa anna enn ein stor svær etasjeovn som varmdde svært, når der vart fyrte i han. På eine veggen i stova, var eit stort smetteteppet som mor hadde vove i yngre år. På sida av stova var der eit mindre rom, som vi kalla "koven". Der budde besta og farfar. Der hadde dei ein omn med to kokerom, og der laga besta dei gode potetkakene sine, som eg lika so godt.

Ut frå stova var der ein gang, og so kom vi til kjøkkenet og eit rom innanfor, som vi hadde til matkrok, med stolar og bord og eit skap. Men eg trur det var noko som far hadde bygd, etter at han tok over garden. På kjøkkenet hadde vi vedkomfyr, og kjøkkenbenk og ein vaskeservant med eit stort vaskefat og mugge.

Vi hadde ikkje innlagt vatn, og ikkje elektrisk lys eller straum. Vi hadde parafinlamper alle stader. I storestova hadde vi ei stor hengjelampe, som vi kunne trekkja opp og ned, slik som vi ville ha den, med ein fin kuppel på. Vi måtte bære alt vatnet, både i fjøs og til kjøkkenet. Men vi hadde ein brunn som ikkje var så langt unna, berre 10 m. frå stova, so det gjekk godt.

Vi hadde også eit hus som stod berre ein 8-10 m. frå storestova. Det kalla vi "Bua". Det var gjestestova. Den var det også kvitt fint tømmer i. I «Bua» stod ei oppreidd seng med kvitt hekla sengeteppe på, og so var der eit rundt bord og ein gyngestol, og vaskeservant med pyntehåndklede og stor spegel, og eit fint vove teppe på veggen.

Ved sida av den stova, var der eit kammers som vi hadde alle bestklede våre i. For der var ikkje so mange kleskap då som der er no alle stader. På bua var der loft. Det fyrste loftet var til all spekemat som var hengd opp der, både sauekjøtt og flesk, eller skinke

og so ein heil del pølser. Det var herleg mat sommarstid. Det innerste loftet var senger, som vi låg i om sommaren. Ellers om vinteren låg vi på kovelemmen og på kjøkkenloftet, for der var varmt. I bua var der også omn, som vi fyrte i, dersom vi hadde gjester. Under bua, var der ein god kjellar som vi brukte til å lagra mjølet i. Der hadde vi det som vi kalla "byrda", det var ein stor kasse med fleire rom, eit for kvart mjølslag med tett lokk på. Så var der også stamper med salt kjøtt og spekesild i ei lita tønne.

Litt lenger borte på tunet, stod vedhuset. Der var store lad med bjørkeved, som far og guttane hogde og sagde og køyrde heim frå skogen vinterstid, og so hogde dei og la den fint opp, både risveden og den tjukke. I vedhuset hadde far også laga til og støypt kornturka, og ein mura peis, som vi brukte til å vaska klede i. Mor hadde ei stor vaskegryte som ho fyrte under og kokte bommullsklær i, og varma vatn til alt klesvasket. I vedhuset hadde vi bakstebordet, der vi sat og baka flattbrød. Det var som regel to som sat og baka, og ei knadde og laga emne. Som oftast var det far som steikte på den store hella. Vi brukte ikkje poteter i, men havremjøl, rug, grov kveite og litt fin kveite, og so vatn. Bakstedagen var vi tidleg oppe, for då skulle det bakast for heile året.

Gamlefjøset vårt stod ikkje so langt ifrå stova og det var bygd av plank. Båsane var ogso av tre, og golvet var av tre med ei luke i. Den tok me opp og eg tykte det gjekk so greit å skybla lorten ned igjennom den, og ned i gjødselkjellaren. Men der var trangt om plassen, so det var ikkje so godt for dei som skulle stelle der.

Men eg kan so vidt hugsa, då far bygde den nye fjøsen og løda. Det var under forrige verdenskrigen, då var vel eg omlag 5 år. Då var det også rasjonering på matvarer, og eg hugsar at mor hadde ikkje so lite strev med å få alt til å rekkja til. For vi hadde fleire karar i arbeid, og mange var vi sjølve. Men

vi hadde mykje spekemat og poteter og flattbrød, og so brukte vi graut til kvelds. Så eg trur ikkje det var nokon av oss som leid naud. Den fjøsen vart mura av svære blokker gråstein, so det var eit slit for både mann og hest. Ellers vart det støypt båsar og ganger og renner til lorten. Etter den tida so var det eit moderne fjøs. Far fekk då lagt inn vatn, som var til stor lette for oss. Taket på løda var skifertak, som kom fra Voss, for der hadde far ein bror, som gjorde det slik at vi fekk det derifrå. Inne i eit hjørne av løda, fekk vi innebygd utedoen vår.

Endå eit hus hadde far på garden, og det var det vesle kvernhuset, borte ved elva. Kvernhuset stod litt nede i eit søkk ved elva. Der hadde far bygd dette av tømmer. Under hadde han ein turbin, som surra rundt når han slepte ned luka, og vatnet strøynde gjennom rennene. Då tok turbinen til å sviva i full fart, og kvernsteinen sveiv som ei klokka. Då kunne far ha i kornet i ein beholdar og sette "teina" på so det kom passelig med korn ned i kvernsteinen. Men først hadde han turka kornet i kornturka heime. Der brukte han mykje av risveden til det, og so rørde han i kornet med store sleiver, som var nokså varme mange gonger. Noko av det gildaste var å få vere med far åt kverna. Det dura svært, so vi var mest redde også, men so gjekk vi bortåt og heldt handa under der mjølet fauk ut, og du så herlegt det smaka. Far vart alltid i godt humør, når kvernsteinen surra, og han song:

*Eg har så god og gjæv ein heim
Ein heim som min eg kallar
Og aldri trår eg ut til deim,
som bur i høge hallar
Her er eg lett og glad og fri,
og full av mot og styrke
Og difor finn eg adel i
mitt friske bondeyrkje*

Arbeidet på garden

Alle var vi glade i heimen vår, og vi hjelpte til å arbeide på garden det vi makta. Og det å arbeide på ein gard er sundt og triveleg.

Om vinteren kom det ofte mykje snø, og det var no vi borna svært glade for. Då var det å ta skiene fatt, som far hadde laga. Dei var av bjørk, og eg hugsar at han hadde ikkje lite stræv med å få fine tuppår på dei. Dei var ikkje så lange og flotte som dei skiene som dei brukar i dag. Men vi greidde oss fint med dei, og fort gjekk dei i dei svære bakkane våre. Han laga også kjelkane våre, med tunneband under meiane og det gjekk durabelt. Vi var mange, so der var som regel fullt lass. På skeiser var det ikkje så tidt vi gjekk, for det var så langt å gå, so det vart helst søndag vi kunne gå dit. Som regel var der folksamt der då, vi tykte det var gildt å sjå dei sprækaste, då dei la i veg. Dei hadde nok god trening, dei som budde så nær isen.

Ofte kunne vi høyre rypeskurr oppmed bøgarden og orreleiken om våren på myrane ute i furuskogen. Om hausten kunne vi også høyre brøl av hanhjorten, og det tykte eg var so nifst. Men det er svært flotte dyr, og spenstige. Når det var mykje snø og dei skulle halda vegane kjørbare, måtte dei ha 2-3 hestar for snøploegen. Det var ikkje bilar då til å setja inn og ikkje snøfræsar heller. Det var handemakt og so spræke fjordahestar, som måtte iverge då. Mykje snømoking var der, hugsar eg.

Vintertida var også skogtida for far og brørne mine. Mor var alltid fyrst oppe, og ho sette på kaffien, og so gjekk ho i fjøsen og gav hesten mat, so han kunne få ete seg mett, før han skulle i skogen. Så las ho or Bibelen og song ein song, før ho vekte oss til frukost. Om mor hadde det travelt, så gav ho seg tid til ein morgonandakt for seg sjølv. I vår tid er folk så oppjaga av alt mulig, at eg trur ikkje ein tenkjer på at åndelege verdier er med å styrkje kvardagen. Det var mor

som stelte i fjaset og molka og gav dei mat. Vi var med og gjorde det vi kunne.

Vinterstida var det tid for spinning og væving. Mor spann alt spøtgarn sjølv, og so var det å få ferdig “varp” eller renning og innslag, og væven skulle helst vere ferdige til Påske, for då var det våronna som stod for døra. Så det vart ikkje å liggja på latsida vinterstid heller.

Far hadde det annsam (travelt) og det var tungt å saga med hand og kjøre det heim. Dei saga og kløyvde famneved som dei selde. Far var også med på sildefiske i sine spræke år. Ein gong, fortalde han, då han var med i ein almindeleg robåt, kom der ein kval og la seg under båten. Dei trudde alle at deira siste stund var kommen, men kvalen drog av garde like stilt som han kom, og dei som var i båten, bad nok ei stille bøn.

Tidleg om våren, då snøen tok til å tine, tok bøndene til å spreida mold utover åkerlappane, so dei skulle verte snarare bare for snø. Det var om å gjere å få snøen bort, so ein kunne få pløye jorda. Det var ei fin tid om våren, då alle flyttfuglane kom att og tok til å syngja i tretoppene. Erla tykte vi var so kvikk og fin, med den alltid vippande halen sin. Vi hadde ikkje “vibå” som visst vårteikn, slik som på Jæren. Men då vi hørde gauken gala i lida, sprang vi inn til mor og sa “No gjel gauken og vi vil gå berrføtt”. Men det hende at mor måtte seia nei, til det vart så varmt at ho var sikker på at vi ikkje fekk ei durabeleg forkjøling.

Om våren samlast me ungane og slo ball og leika 3dje par ut og slo på ringen og bommen og gøyemen, og hoppa tau. Vi heldt på til mor ropa at no var det kveld. Før vi skulle eta, måtte eit av oss borna lese for maten, og då vi hadde ete, var det den neste som las. Dette gjorde vi til vi nådde vaksen alder.

Maten

Kosthaldet vårt var nok ikkje so variert som i våre dagar. Vi hadde mykje heimelaga mat.

Mor baka brød av grov kveite og rug og litt fin kveitemjøl. Det vart svært gode brød. Vi hadde ein stor god vedkomfyr og den vart og bruka flittig. Eplekaker var dagleg kost, og svele eller rennekaker, som ein seier her. Vi laga også noko som vart kalla Sundalskaker. Dei var det litt finare mjøl i, og egg og sukker i, og så surmjølk eller saup og natron i. Det var helst til helgamat. Elles så hadde vi margarin på sjevne, og ost, det var brunost og gamalost. Og før vi fekk meieriet i dalen, so laga mor dei sortane ost sjølv. Vi kinna smør i ei kinna som var rund og stod på eit bord. Inni var ein kross, vi drog i ein sveiv rundt og rundt, og så om ei stund, so vart det smør. Det gode saupet var godt. Mange gonger kokte mor prim og det var særst godt på potetkaken.

Til middag kunne vi ha salt kjøtt og “raspekaker” - komla, og det var herleg når vi kom inn av arbeid og var trøytt og svoltne. Av og til var det lapskaus, laga av spekekjøtt og heimelaga pølser. Fisk fekk vi kjøpt hos fiskehandlaren i Førde. Brosme var mor sin favoritt. Vi laga kling av flattbrød og smør og poteter og fisk. Då hadde vi alltid melkesuppe attåt.

Om kvelden hadde vi gjerne spekeflesk og spekekjøtt og flattbrød og havremjølsgraut og saup eller surmjølk. Vi hadde nok spekesild til middag, men vi var ikkje so begeistra for den middagen. Det kunne vere godt om hausten, då vi tok opp nypoteter.

Festmaten vår var fløytegraut og spekekjøtt. Det hadde vi 17. mai og jonsok, og då vi var ferdige med slåttonna, var det slåttegrauten. Mor sveitta mang ein gong då fløytegrauten skulle kokast. For det første måtte vi ha ei tjukkbotna gryte å koka den i. Då vi hadde kokt fløyten ei stund, hadde vi først i semuliegryn, og so kveitemjøl til han var passe tjukk. Så var det å røre godt, slik at det ikkje la seg i botnen, for gjorde det det, så fekk ein ikkje feittet fram. Det var moro når feittet pipla rundt i gryta og vi kunne

ause opp i skåla. Då vi tykte vi hadde fått nok feitt av, so spedde vi han med søt mjølk til vi tykte den vart passe, og so salta vi den og den var ferdig til servering. Vi brukte å ha rosiner oppå og sukker.

Ein annan festkost var lefser og “mylse”, gome. Lefsene baka vi av kveitemjøl, og vi kokte inn smørgraut til den, og så var det surmjølk før vi kjevla dei ut. Steikte dei lite, og vi bløyttede dei i vatn før vi smurde dei med godt meierismør og fløyte og gjerne melis i. Vi brukte også kanel på. Så la vi leivane ihop og klypte fine stykke med saks. Gome er veldig godt, og den vert kokt på mange måtar. Mor hadde ei stor gryta og i den var det søt melk som den vart kokt opp. Vi hadde då piska egg og sukker, og so skilde vi med saup eller surmjølk. Då den hadde skilt seg, let vi den stå å småkoke i mange timar, til den vart brun på farge. Dette var litt om kvardags og festmat.

Kleda

Mest alle kleda, både helgeklede og til kvardags, hadde mor spunne og vove sjølv. Til mannfolka var det vadmålstøy, det var 4 skafta. Til oss kvinnfolka var det litt tunnare og var 2 skafta, som vi sa. Mor sydde bukse og kjolar til gjentungane. Men bestdressen til mannfolka fekk dei sydde hos ein skreddar i Førde.

Far laga tregongar og lærsko til oss ungane. Læret som han brukte, hadde ein garvar å laga til, eg såg sjølv at han hadde store huder som han skar av, når han arbeidde sko. Han laga også trebytter, og stampar, som mor hadde til vaskestampar.

Helsestell

Noko som eg har tenkt mykje på no i seinare tid, var at vi ikkje hadde tannrøkt på skulen og heller ikkje før skulealderen. Det var eit veldig godt tiltak at ein har fått det i bygdene og i skulane våre, og det var vel mykje saniteten som tok seg av det.

Likeeins tuberkulosen har saniteten arbeidd iherdigt for. I mi ungdomstid var det mange som fekk den sjukdomen og måtte på Sanatoriumhospital, og var det nokon som vart sjuke, so måtte dei den lange veien til Bergen. Der var ikkje mange sjukehus i nærleiken, og det stod om livet, mange gonger, før ein kom fram.

Eg hugsar då Spanskesjuka gjekk over landet vårt. Då trudde vi at mor hadde døytt frå oss. Far reiste til Førde og skulle henta gamledoktaren vår. Det var ein tyskar som heitte Mutzner. Liten, men breie, og han kunne vere hastig, men var ein god doktor. Far spurde om han ville vere med til Ullebust. Men han var så trøytt og sa han kunne få nokre medisiner heim. Ja, sa far, viss du kan stå inne for dei og ikkje har sett pasienten, vert det di sak. Men då reiste han seg og sa:

“Jei skal reise til Ullebust, men turen skal koste dei kr.15, -”.

Det var nok mykje til den tid å vere. Han sat i kjerra, og sa ikkje eit ord, før han kom inn til mor. Då var han så blid, og eg hugsar at han gav meg ei krone og kausa meg over håret mitt. Det var mange i den tida, som strauk med. Men mor kom seg på føtene litt om senn, og ho sa at hadde ikkje gamledokteren hjulpet henne, so hadde ho ikkje klart det. Det hjelper nok å tru!

Skulen

Så var dagen komen, då eg skulle begynne på skulen. Det var ikkje so veldig lang veg. Vi brukte 10 min. trur eg, men det var opp bakkar, so vi kunne ikkje nettopp springa om vi var seine. Mor fylgde meg til skulestova første dagen.

Eg lika meg godt på skulen, og leksene måtte vi lære, so vi kunne fortelje dei skikkeleg, og då måtte vi reise oss opp av pulten, når vi vart spurde. Men Rolfsen lesebok las vi då vi sat, og den måtte vi ha lese på heime so me kunne innhaldet. Første læraren min

var frå Haukedalen og heitte Josef Jerland. Det var lærar som vi hadde vyrndnad for, og som kunne kunsten å få oss interessert i lærebøkene våre. Han var for det meste blid og roleg, men dersom det var nødvendig, so kunne han være bestemt også. Vi hadde den læraren i 2 år. Seinare vart det mykje byting på lærarane våre, for det var so liten krins og få born, at læraren vår måtte skule i ein annan krins også, slik at vi gjekk 14 dagar i vår skule og so var vi heime i 14 dagar, då han var i den andre krinsen. Vi tykte det var ei lite god ordning. Men det måtte gå. Siste læraren vår, det året eg gjekk ut av skulen, kunne vore betre til å lære frå seg. Var det nokre reknestykke som var vanskelege, so sa han at det fekk vi prøve på heime. Vi var skuffa, og tenkte på korleis vi skulle klara å komme oss skikkeleg gjennom dette. Ein middagstime, då læraren var heime og åt, diskuterte vi, og ei av veninnene mine gjekk og gret, for ho var litt tung i rekning. Læraren hadde kome og høyrte kva vi sa, og han tok seg verkeleg saman og det gjekk godt til prøvedagen vår. Hadde det vore ein slik disiplin og arbeids-trang i elevane som går i skulane no, so trur eg det hadde vore betre resultat både i folkeskulen og ungdomsskulane våre. Vi kan seie at tida har forandra seg. Ja, visst har den det, men eg trur at viljen og mentaliteten er ein beklageleg faktor i vår tid. Etter at eg var ferdig med folkeskulen, hadde eg tenkt å gå på Folkehøgskulen Solvang i Førde, men so døydde eldste syster mi, og eg tykte eg måtte vere heime å hjelpe mor og far. Så det vart skrinlagt med skulegang for det første.

Fest og høgtid

Det var ikkje så mykje lagsarbeid i dalen vår, men der vart skipa eit sangkor, der vi samlast ein kveld i veka, og det var moro, og vi hadde ein flink dirigent, som var lærar og dirigent for sangkoret på Solvang. Den gildaste festdagen vår, var 17. mai. Då samlast både unge og eldre og var med i toget,

med felespel og trekkspel, og flagg og born som ropa "Hurra for 17. mai!". Då samlast vi ved skulestova og læraren heldt tale, og når songkoret song, då tykte vi det verkeleg var fest. So hadde vi kaffi og god mat og borna fekk brus. Ellers kan nemnast dei årlege julefestane som vi hadde, og foreningar og utlodningar til gode formål.

Mor og far var baptistar, og eg vart ikkje konfirmert, men eg hadde fått nye kler og sko og far kjørte med hest og Vossekjerra til Førdekyrkja, so eg fekk sjå og følgja med alt.

Politikk vart det ikkje diskutert so mykje om. Vi lærde då litt på skulen om storting og styresverk. Vi var bønder og helt oss til bondepartiet, som det heitte då.

Og noko forklaring ang. kjønnslivet hadde vi ikkje. Og det vart heller ikkje diskutert oss ungdomar imellom. Men med sunn fornuft trur eg at vi hadde ei aning om kva formering var for noko.

Eg har alltid vore imot rusdrikk, og det såg eg aldri i min barndomsheim. Far røykte aldri, men brørne mine, då dei var vaksne, tok dei seg ein blås av og til. Eg lurte på om dei trudde dei var karslege då.

Vi ungdommane kom i lag helgakveldane og då kunne vi leika folkeviseleikar, og forskjellige moro, og det var helst på skulehusplenen vi heldt oss, for vi hadde ikkje noko ungdomshus i bygda. Nei, då måtte vi til Førde, og det var for langt å gå.

På stølen

Noko av det gildaste om våren, var når vi slepte ut kyrne. Far sette på bjølla på den beste kua, og då vart der eit styr. Det vart ei bøljing, og hopping so vi fekk mest ikkje banda av dei, og då dei då kom seg utanfor, var dei ikkje til å styra. I førstninga var dei på kulturbeite heime. Men det varte ikkje så lenge før dei måtte i marka i fellesbeite, og der var store vidder til dei der.

Så bar det til stølen vår omlag ein halv times gonge. Det var helst fin stølsveg,




Bunadskledde gjesdalkoner. Møte i bondekvinnelaget i 1987 med ulike bunader fra Gjesdal. Framme f.v.: Tone Kristine Auestad, Rakel Søyland, Milla Lomeland og Gunvor Nevland. Bak f.v.: Alma Lomeland, Jorunn Søyland, Kirsten Marie Bue, Synnøve Gjesdal Tjetland, Kari Steinskog, Selma Helland, Klara Søyland, Karen Gjesdal, Klara Vølstad, Halldis Hognestad og Svanbild Steinnes Berge.

ikkje så bratte bakkar, men steinut og smal, som ein krøtersti. Stølen vår låg fint bort i eit bakkehell, med dyrka grøne vollar med gjerde rundt. Ovanfor var der fine lyngbakkar og ei elv som kom frå eit vatn lenger oppå heia. Nedanfor var der svære myrar med fint beite og skog, både furu og bjørk. Eg var 15 år då eg vart stølsjente og eg lika det veldig godt. Der var sel, som vi kalla det, og det var fint tømra og delt i to. I det indre rommet var der bord og stolar og ei seng og ein liten omn og so var der hylller til "ask" og til steintøy. Det ytre rommet var steinhelle til golv og der var ved og melkespann og bøtter, som vi molka i, og ein stor kasse som vi hadde til å ha vaskefat på. Men der var også fjøs til kvart sel, so vi hadde kyrne inne om nettene. Vi måtte tidleg opp om morgonen, i 5 tida, og mjølka og stelle den ferdig og sleppe ut kyrne og skybla og sopa reint fjøset. Vi måtte vere heime i ½8 tida, for då skulle dei kjøre mjølka på meieriet. Vi

bar mjølka heim i ryggspann. Men dei kom og henta spanna om kvelden, for eg kunne ikkje bera alt.

Det var nok ei travel tid om sommaren, men vi var unge og spræke, so det gjekk godt. Etter at vi kom heim, so fekk vi oss ein god matpause, og så var det å vere med å raka å hesja til middagen var ferdig. Men då fekk eg alltid kvila ei god stund, og det gjorde godt.

Men der kunne nok verte folksamt om laurdagskvelden. Då kom kavalerane frå bygda, og alt vart fest med trekkspel og dans på setervollen, og vi serverte fløytekolle og kaffi og kaker. "På setervollen gav, den vene gjenta burt sitt ja--" Det vart mange gonger til det "ja" på seteren der er der klang, som gjenlyder i det fjerne. Der klinger bjeller og lokkesang, med trekkspill der på setervang. "Sitter min fagre terne" Den finaste tida i mitt liv, var der.



Lomeland. f.v.: Smia, Ole Rasmans gard i front. Bak: hytta, løa og huset til Alma og Sigvart.

Til Oltedal

Men eg ville sjå meir av verda kring. Ein haustkveld i september 1934 sette eg nasen mot Rogaland. Eg reiste med båt frå Førde til Bergen og so med "natrutra" til Stavanger. Der hadde eg nokre kjende som tok imot meg. Og så kom eg då til Oltedal og byrja på ein kafé' som dei dreiv då. Der var mest arbeidarar frå Svanedal som kjøpte middag der, og ellers kaffigjester som kom innom.

I førstninga må eg seie at eg lengta heimover og tenkte på:

Min barneheim under grøne lidi
Der glad eg levde den fyrste tidi
Du vart den flekken eg mest fekk kjær,
om ut eg vankar du var meg nær

Eg kom ilag med dei som arbeidde på Svanedal, og eg tenkte at det var moro å prøve der. Der fekk eg arbeid i Kamgarnspinneriet og skulle spinne på ei lang maskin. Men det var ikkje gjort på ein dag, å verte god spinnar. Det var ei eldre som sa det til meg. "Dette vert noko anna enn å spinne på ein rokk".

Vi hadde ein tysk spinnemeistar, han var liten, mørk og slank. Han var ikkje så god i "norsken", so det gjekk mykje med feking, og for oss var han ikkje så god å forstå, men det gjekk då på eit vis. I den tida hadde vi kr. 32,- for veka. Det var mindre enn det dei har for timen no.

Men so vart eg kjend med ein Gjesdalbu, som var eldste son til smeden på Lomeland, der dei laga torvspader, som var godt kjent heromkring. Dei hadde også ein liten gard, som dei dreiv attåt. I 1936 stod bryllau-pet mitt på Ullebust, ein fin jonsokdag, og det varte i tre dagar til ende. Vi vart vigde i Førdekyrkja av gamlepresten vår, Brigit Hope. Han var prest i Jølster og Holsen og Haukedalen, og kjørte med hest, sommar som vinter og i allslags vær og føre. Slike må ha god helse.

Eg hadde kvar sommar vore heime i ferien so eg hadde alltid god kontakt med heimen. No vart det litt onnorleis. Eg skulle få min eigen heim å stelle med. Men eg gjekk på Svanedal i 4 år etter at eg gifte meg. For eg tykte det var godt å tjene pengar, so lenge eg var laus og ledig til det.

I 1939 om våren då slutta eg arbeidet, for då skulle eg ha barn, og var då heime på Lomeland der vi budde i lag med foreldra hans. Førre jul fekk eg Astrid, eg låg heime og hadde jordmor, og eg fekk ei sjukesyster å stella meg og barnet.

Krigsutbrotet

Då Astrid var 4 mnd gamal, braut krigen ut her. Det kom som lyn frå klar himmel. Vi hørde i radioen at det var noko i gjære av tyskarane. Ein kveld kom der ein bil med nokre slektningar av oss frå Sola. Dei sa at det hadde landa tyske fly med soldatar, og at dei måtte rømme, og då trudde dei her oppe var ein sikrere plass å vera.

Men det skulle syne seg at det var nok ikkje so mykje betre. Vi såg dei norske kjørte innover med militære og kanonar, og dei såg so uhyggelege ut. Norske soldatar hadde stasjonert seg på nabogarden, og med Bergsvatnet hadde dei grave seg ned og nokre gøymde seg kringom i steinurdane der. Tanken var å få ta dei tyske bilane når dei kom dit. Vi fekk beskjed om å vera klare om 10 min for å ryma av gårde, med ein buss som kom for å hente oss.

Det første eg tenkte på var vesle Astrid. Eg pakka ihop barnetøy og mat og nokre sengkler opp i ein sekk. Dei andre tok mat og litt klede med so ein ikkje skulle fryse. So kjørte vi til Nordhei, det er vel den høgaste garden i Gjesdal. Dei vart nok litt forskrekka på alle som kom, men dei var svært gjestfrie og gilde folk. Dei hadde stort hus, og det trongst. Dei meste måtte lage seg seng på golvene og vi måtte ete i puljevis, kvar med sine.

Mannen min og brørne var att for å stelle husdyra, og so kom dei med mjølk og egg og ellers det som dei trudde vi trong. Vi såg ikkje noko til tyskarane mens vi var der oppe, men vi hørde og såg dei mørkgrå flya deira, svirra i lufta. Vi hørde at der var ein del norske som vart drepne i Dirdal og i




Huset til Alma og Sigvart.

den berømte Gloppedalsura gjekk der mange tyskarar. På nabogarden vart der tekne 4 brør til fange, og der vart det ikkje molka og ikkje vart grisene stelte, so då mannen min og brørne kom inn der, kunne dei ikkje høyre mannamål, for alt livet. Dei mjølka og gav grisene, so det stilna litt. Det var berre eit under at det gjekk godt. Vi var i Nordhei i 3 veker. Eg tykte det var godt å kome heim att, men vi var litt redde for korleis det ville gå då og vi tok farvel i Nordhei og av hjarta takka vi for alt godt i den tida vi fekk hus der.

Då vi kom heim att, såg vi saktens merke etter ubudne gjester. Dei hadde brukt bajonettane på dører og skote sund vindauga og vi såg kulehol i veggene, men det var då ikkje gått menneskeliv. Det vart ei rar tid, med rasjoneringskort på mest alt ein skulle kjøpe. Men hadde ein gard og kyr og gris og høner, so kom ein langt. Om det ikkje alltid kunne gå so rektigt tilverks. Og eg veit at der vart mange som fekk ei hjelpande hand i den tida.

Etterkrigstida

Ei stund etter krigen, tok vi over garden her, og eg molka og stelte ferdigt smør, for eg var no so godt van med det frå før. Mannen var med faren og brørne og dreiv i smia attåt. Vi



Alma tar etterraksten med riva.

budde i andre høgda i same huset som farmor og farfar. Etter krigen fekk farmor sukkersyke og måtte sprøyte seg med insulin og ha mykje grønsaker og ellers leva på diet.

Det var ei tid eg tok meg heimearbeid. Eit selskap som heitte "Rønning og Raggen", skulle ha nokon til å sy militærhanskar. Dei hadde store elektiske Paff symaskiner som vi fekk ha heime å sy med. Det var mange som tok den jobben, for å tjene litt ekstra heime.

Her var ikkje innlagt vatn, so det var tungvint. Men elektrisk lys hadde vi, so eg fekk meg komfyr og vaskemaskin. Det gamle fjøset og løda var skrale og lite, so vi bygde oss eit godt fjøs og løe i 60 åra.

Etter krigen vart der bygd nye store skular og gamleheim og store offentlege bygningar i bygda. Vegane vart breiare og utbetra og asfalterte, og dei er so mykje lettare å halda istand. Bøndene har fått seg traktorar og gode reidskap til gardsbruket. Så det er lett vint å drive ein gard no. Noko av det som eg tykkjer er det beste, er at helsestellet er godt, so dei som veks opp, får det dei treng, for å oppnå ei god helse. Idrettshallar

og symjebasseng er noko som styrker kroppen. Det var noko som vi ikkje hadde i min ungdom og barndom.

Men når eg kjem heim til barndomsheimen, so ser eg at der også er mykje forandra. Der er nytt moderande fjøs, og mjølka går gjennom røyr, "reliserannlegg", med innebygd siloar og heisekran og ikkje ein hest meir, men traktorar og maskinar. Også stølsvegen er opparbeid, so ein kan kjøre dit med bil, ja, der er stor forandring. I dei siste åra har dei fått det nye Sentralsjukehuset som er vel det som ruvar mest i Førdebygda, også Førdehuset er eit veldig stort og godt bygg. Eg har sjølv vore inne og sett der. Eg er berre forskrekka korleis ein kan ha fått opp alt dette, på så kort tid.

Tilbakeblikk

Eg er no pensjonist og har vore det nokre år no. Og for å seie det slik som eg har det, so har eg det veldig godt. Eg har det huset som eg har budd i sidan eg kom hertil. Det har eg tatt av til mitt bruk, so lenge eg lever, og det er så godt å ha ein stad som eg kan gjere som eg vil, og gå å kome når eg vil.



F.v. Arild Hære, Alma Lomeland, Målfrid Lode og Ranveig Lode. I midten f.v.: Roger og Ove Hære, Målfrid Ravndal. Bak f.v.: Olav Lomeland, Augusta Lomeland, Telma og Knut Måkeskjær og mora. Sigvart og Alma, ukjent.

Eg har to av borna mine, som bur berre eit steinkast ifrå meg, so eg går frå den eine til den andre. Eg har vore såpass til helse, at eg kan rekkje ei hjelpande hand, når eg ser det er nødvendig. Dersom det er noko eg treng hjelp til, so har eg dei nær meg, og det er så trygt og godt. Barneborna er også flinke til å gjere eit ærend for meg, og det er godt å sjå at dei veks til.

I gamle dagar hugsar eg at dei gamle på gardane hadde "opset" eller folga, og det kunne vere hardt for ungefølket å klara det, for det var ikkje alltid so sprækt med økonomien. Dei budde gjerne i same huset, og det var ikkje so greitt for ei ung kona å gjere slik som gamlekona ønska det. So det kunne nok vere ein dragkamp for sonen i huset, som heldt om både kona og mor si. Men som oftast gjekk det godt, og dei gamle var gode å hjelpa til, både ute og inne, so dei hadde i grunnen meir samkvem med ein annan då enn no. Eg trur nok at borni frå dei var små, vart fortalde mykje frå besteforeldra og deira slit og tilvære meir enn det er

no i våre dagar, for den tida no er so opjaga, at ein har ikkje tid til slikt. Eg har eit dikt som eg tykkjer passer her:

Dei sæle minni

Dei sæle minni som mest var gløymde,
og fagre drøymar du eingong drøymde.

Dei kjem attende og kviskrar stilt.

Om alt du åtte av vent og gildt.

Er bringa stundom litt sår og sliti,
og livsens voni vil være liti.

Ein draum, eit minne som blinkar klårt.

Kan døyve det som er illt og sårt.

Og hugen atter med voner peikar,
som over suta og kvida peikar.

Dei kviskrar til deg or alle krær.

Og tusen helsingar til deg bær.

Ein vårfrisk draum, som kan atter venda.

Eit fagert minne som ljøs kan senda.

Det heilar husgen, so hjarta lær.

Kor stussleg kring deg, alt ellers er.

Dette er litt av livssoga mi.

*Helsing Alma Lomeland
Mai 1981*

Andreas Telhaug

"Tidt eg minnes: ein gamal gard med store tre og runnar." I. Aa.

1. BARNDOM

Bustadtilhøve

Barndomsheimen min låg i Eiken, som er anneks i Hægebostad prestegjeld og øvste bygda i Lyngdal i Vest Agder. Eg er fødd 23.09.1983.

Namnet har vore skreve ulikt ned gjennom tidene. Forma har vore Tilhauen eller Tilhaugen. Det har også vore skreve Fjeldhaugen.

Den store gravhaugen i gamle Telhaug er nok frå før kristen tid. Det er nok her den første busetnaden er gjort. På venstre Verdalen - på Stean, noko vestanfor skiftet med Telhaug, er det funne ein gammel tingplass for nokre år sidan. Ikkje langt ifrå denne tingplassen hugsar eg at det var fleire små gravhaugar.

Huset som eg minnest som barndomsheimen min, var lite. Det kunne vel vere mellom åtte og ti meter langt og omlag sju meter breidt. Stova som me sat i, den mot vest, var raudmåla og bleik rosa. Veggene var lite høvla. Far var uvanleg flink til å tegla, så han hadde brukt høvelen lite då han bygde denne stova ny. Den austre stova var frå det gamle huset nede på bakken. Det var berre ei dør inn til romma i første etasje - frå forstova, som gjekk tvers over huset frå nord til sør. I den stova me brukte mest til dagleg, var det to senger, eit rundt bord, som far hadde laga, og i seinare år også eit skåp som likna på leufé. Det stod på vestveggen. På

denne veggen hadde me også veggklokke. På nordveggen hekk det eit oljemaleri av eit fjordlandskap. Far hadde hatt det med heim frå Amerika. Me hadde også to blomstervasar av glas. Det var måla blomar på dei. Me hadde også nokre stolar i denne stova.

Dei fleste, i alle høve, hadde far laga. Det stod ein stol ved omnen i nordaustre hyrna - for framandfolk. Dei sette seg der, rødde om ver og vind og spurde etter korleis me hadde det med helsa - før dei bar fram ærendet sitt. Denne framferda kravde god folkeskikk.

I den austre stova stod det ei seng - eit langt bord og eitt eller tvo forsete. Hausten 1901 då eg for alvor begynte på skulen - var ho skolestove i ein måned. Ordninga var at Telhaug og Verdalen skulle ha skulen ein måned og Kvåle tvo månadar. Skuletida var 12 veker i året for denne Krinsen - samla skule. Læraren L.T. Haaberg låg i denne senga om natta og hadde skule om dagen i stova. Maten fekk han hos mor. Han var rik, men kravlaus og skynsam.

I kjøkkenet var det skorstein med rom til bakhella og plass til å koke ei gryte. Det var også bakhellbord og plass til vaskebalje. Det var jordgolv. Tile av bord var for kostbart - ennå.

Huset var i 1 1/2 etage. I loftsetasjen var berre brøstet i vest gjort istand til soverom. Der var det minst tri senger,



Skulen på Kvåle, populært kalt universitetet på Kvåle. Bilete er tatt i 1989.

Me hadde også to rosemåla kister. Dei var vene og nyttige. Det var besten Ljosland Aslak Person som hadde måla dei. Den eine i 1889 den andre 1893. Kari og mitt fødselsår. Mor åtte den fra 1889, far den fra 1893.

Bøker hadde me heller lite av. Me hadde ein stor og ein liten Bibel, og ein stor familie Bibel frå 1890 med 400 illustrasjonar. Mange var fargelagte og av kjente kunstnarar. Han er trykt i New York og far hadde kjøpt han der, truleg same året han kom ut. Det var høgtid når me fekk sjå i han. Dessutan hadde far med frå New York ei bok med bilettrykk i svart kvitt av det beste som var laga i historia. Luthers huspostel og Johan Arents sande kristendom og Rosenius si husandaktsbok fann ein også i bokhylla. Første trykksak som eg såg kome inn i huset, var Norsk Misjonstieneste med bilete på forsida og orda: Kom over og hjelp oss! Far heldt Fædrelandsvennen og Sambåndet. Best minnest eg ein svart

haustkveld då eg hadde fylt ni år - far kom heim med to bøker, ei på nynorsk og ei på bokmål. Eg fekk nynorsk utgåva. Det var Snorre. Bokmålsutgåva sende han til ein i New York.

Sanitære tilhøve

Sanitære tilhøve var ikkje gode den første tida eg kan minnast. Ein gjekk i fjaset og let ekskrementa gå i renna, så dei ble moka ut med krøtergjødsla. Eller ein gjekk attum løeveggen. Då far kom heim frå U.S.A. i 1900, sette han opp eit vanleg utedo i sørenden av den gamle uthusbygningen. Utedo var ikkje vanleg i den tida. Ein greidde seg med å gå "attum nova." Det er framsteg på dette området. Nå har dei vatnklosett i hyttene i Telhaug.

Springvatn hadde me både i den gamle løa (fjaset) og i den nye. Det var av furestokkar som det var bora holl i langsetter og felt saman. Me hadde likevel ikkje fått det lagt inn i våningshuset, så lenge me budde i

Telhaug. Då far bygde det nye uthuset, tok det eit par år før me fekk det ført over til den nye bygningen, og me måtte bera vatn til heile buskapen. Det var tungt. Eg var med på det, og har kjent etter verknaden all mi tid.

Me vaska oss alltid om sundagen og dersom me skulle bort, i ansiktet og på hendene, og elles i veka, dersom me totte eller mor totte - det trongst.

Familiesamvær

Kvæn budde i heimen?

Frå før eg minnest, budde morfar, mor og farfar heime hos oss. Attåt var det mor og oss borna. Me var tri kull, kan ein seie. Eldst var Kari, fødd 1889, 2dre kull var eg, fødd 1893 og Maria fødd 1895. Så kjem tredje kull, Anna fødd 1901, Peder Severin fødd 1904 og Albert fødd 1906. Far budde sjølsagt heime når han var heime. Men han levde 11 av sine beste år i U.S.A. og la der ned mykje av sin ungdoms og manndoms kraft.

Ein vinter hadde mor også rom til Lars Storevodden (Storevollen), som ikkje hadde nokon stad å bu, men måtte "låne krakken". Dei kalla han også hjuring Lars. Han budde anten hos ein bonde, som hadde stor gard og stor buskap, eller han låg i heia, d.v. seie var driftekar. Han var gardsdreng ein sommar hos oss, men neste sommar var han hjuring.

Mor var snill mot han Lars. Hadde ho kinna smør eller ysta ost, spurde ho: "Du Lars, vil du ha litt smør?" Og Lars svara: "Ja, eg kan nok ta noko." Mor smilte og Lars fekk ein klatt. Det var ikkje tale om betaling eller takk.



Prestegarden i Skudenes på 1930-talet.

Vaksen alder 1.

Arbeid.

Fortel om yrkeslivet ditt! - Etter embets-eksamen var eg frå januar 1922 til våren 1925 lærar ved Notodden lærarskule i religion og norsk.

Fortel om det daglege arbeidet ditt. - Arbeidstida var frå ca. kl. 8.00 om morgonen til utpå ettermiddagen til vanleg. Det første halve året hadde eg visst litt mindre timetal enn vanleg. Løna var kr 4.500,- for året - med 10% frådrag i pensjonsinnskot. Ferie hadde me jol, sommar og påske. Tilhøva til lærarar var godt, likeeins til styraren. Håkon Wergeland var ein framifrå styrar som gav lærarane stor fridom.

Det var hardt arbeid kvar dag. Eg hadde norsk og religion. Serleg var kunnskapane mine små i norsk. Eg hadde gått eit kurs i nynorsk hos Olav Midttun i praktikum-semesteret og det hjelpte på sjølkjensla at han ikkje fann feil i dei skriftlege arbeida eg leverte inn til han. Einskilde ord ville han ha ei meir konservativ form på enn den eg brukte. Men det gjorde eg sjølsagt om. det høvde for meg.

Til dette kom at klassen hadde gått halve tida - 1/2 år og bare hatt vikarar som lærarar i norsk. Eg visste lite om kva som var gjort

og kva som eg plent måtte gjere. Kva med eksamen?

Lukka var nok betre enn både kunnskap og vit. Det blei helst skrale karakterar i norsk - men alle stod. Det hadde ikkje hendt før ved den skulen. Då var det stormande jubel, dei bar meg på gullstol og klagemåla mot meg stagna. Alle elevane stod også i rekning, men det hadde hendt før. Likevel var det eit jubelår.

Prest i Skudenes

Eg tenkte nok også på å søkje pretekall. Men hadde eg kall frå Gud? Det var ikkje klårt. Det ville bli stussleg ålene i ein stor prestegard. Korleis ville eg greie samværet med så mange ulike menneske? Og sist, men ikkje minst - ville eg få eit presteembete?

Eg blei ordinert i Stavanger domkyrkje av biskop Petersen den 4.mars 1928 og innstilt i Falnes kyrkje sundagen etter - 11/4-28.

Mellom dei som var med ved ordinasjonen var Kristian Ljostveit. Han fortalde meg etterpå at han var ottefull under biskopens ordinasjonstale for at eg skulle uvita. Talen gjorde nok eit sterkt inntrykk på meg, men eg kjende meg ikkje svimren.

Men korleis skulle eg inrette meg i den store prestegarden? Eg åtte ikkje møblar. Far laga kontorbord til meg i trekvit furu. Av Rasmussen, som var før meg i embetet, fekk eg ein gammal velbrukt kontorstol. Han hadde sjølv fått han og ville eg skulle få han. Så vidt eg hugsar fekk min ettermann stolen også av meg. Men til dei som hadde ærend på kontoret hadde eg ikkje noko å by dei i sitje på. Men eg fekk nokså snart ordna det også.

På kontoret hadde det vore eit gammalt langbord. Det flytte me inn i stova. Eg hadde visst med eit par stolar heimanfrå også.

Dei kunne brukas attåt dette. Så kjøpte eg eit par korgstolar og fekk laga ein divan, og stova var møblert.

Syster mi Maria - var med, skulle stelle huset. Me hadde med kvar si seng og naudsynlege sengeklede. Kaffikjelen gløymde me ikkje, heller ikkje gryte og andre viktige kjerald, men kvar dei kom ifrå, hugsar eg ikkje. Møblementet gjorde nok inntrykk, men ikkje av rikdom.

Maria var flink i husstell. Det beste ved henne var likevel at ho greidde det med så lite pengar. Det blei sagt om henne at ho brukte ikkje pengar. Ho kravde heller ikkje lønn. Eg betalte så mykje som mogeleg av lønna til å avbetaling på studiegjelda. Med renter og avdrag betalte eg ca. kr. 12 000,- dei første 4-5 åra. Lønna første året var kr. 4500,-. Etter eit år gjekk ho opp til kr. 5100,-. Sidan auka ho i samsvar med anseiniteten. Attåt hadde eg noko nettoinntekt av prestegarden. Likevel var det alt anna enn velstand.

Med arbeidet i kyrkjelyden gjekk det betre enn venta. Det var god kyrkjesøknad frå første stund, og han auka utover dei første åra. Det kom vekkjing i annekset, og eg var med i arbeidet. Det skapte kontakt. Eg nytta nynorsk i preikene. Det var det mange som misslika.

Det var helst audsleg og utrivelig i den store prestegarden, og eg drømde om ein partner. Det hadde eg gjort før også, men det var blitt berre med draumen. Skulle eg la draumen døy? Draumen om ein seksuell partner med den kvite barmen, ei ung mor med barn ved bryst og på fang, barnegråt og eit barnemål så vent at det kan gråta ein sveinkall, er ikkje eiga oppfinning, men ei gudegave.

I 1932 møtte eg Randi Oftedal. Ho var ven med prestefamilien Ekeland, og dei hadde tala vel om henne. Det tok ikkje lang tid før me var samde om å gifte oss. Me blei vigde

i Oltedal Kapell 15/10-1932 av sokneprest Ekeland.

Det blei omskifte i Falnes prestegard, særleg då barna begynte å komme. Vi hadde fått fire då den første krisa kom. Det var ein konflikt eg kom opp i som formann i skolestyret i Skudenes. Det førde mykje vondt med seg. Eg måtte ha sjukepermisjon i tre månader frå før jul i 1939 og til i mars 1940. Randi og eldestebarnet Sigurd var med, og me reiste heim til Trylandsmonen. Far tok meg med i arbeidet i skogen, og helsa kom seg fort.

Noko over nyttår måtte Randi reise heim. Sigrid Halvorsen (seinere gift Nyborg) som stelte hus og barn, måtte slutte avdi far hennar døydde, og ho måtte heim til mor si. Sigurd og eg blei verande att til i mars. Då kørde Albert oss i bilen sin til Stavanger. Me la vegen om Jøssingfjord. Der låg Altmark for anker. Det var eit vondt varsel.

Krig og okkupasjon

Korleis opplevde du og familien din krigen i 1940?

Me lydde på radioen om kvelden 8.april 1940. Det var uhyggeleg. Eg skulle til Haugesund og sjå om Jens Falnes - bror til naboen. Han låg for døden på sjukehuset der. Eg gjekk tidlig om morgenen 9.april til Skudeneshavn for å nå bussen. Men eg avtalte med Randi at eg skulle telefonera frå Skudeneshavn då eg kom dit, og ho skulle lyde på dagsnytt. Var så det verste hendt, fekk ho seie om eg kunne reise til Haugesund eller kome heim igjen til prestegarden. Eg gjorde som avtalt. Ho kunne melde at tyskarane var komne til Stavanger, båtar var søkte og byen bomba. Ho våga ikkje vere aleine. Før eg snudde heimover, gjekk eg innom bokhandelen. Der kunne dei fortelje meir vondt nytt. Tyske fly var alt

å sjå på himmelen. Me hadde ikkje anna enn vondt i vente. Eg gjekk heim tung i hugen.

Eg venta på melding om at me skulle ringje til mobilisering, med kyrkjeklokkene. Den meldinga kom aldri. Men tyske soldater kom til Falnes prestegard. Eg hugsar ikkje datoen, men det var eit par dagar etter 9.april. Det gjekk i eitt her.

Dei sette opp ein kanon 40-50 meter vestafor prestebustaden med ein soldat attmed. Han hadde gevær over skuldra. Litegrand nord for denne stod det ein til av same slaget. Austanfor prestegarden i skiftet mellom heimebøen og buskogen, stod det ein tredje.

Det varde ikkje mange dagene så skulle dei ha skyteøving med kanonane, og me fekk bod om å ha oss ut av prestegarden og la vindaugo stå åpne så rutene ikkje skulle bli splintra. Det var sett ei tid me måtte vere ute av prestegarden, og ei tid me kunne vende tilbake. Det var ikkje berre ein gong dette hende, men fleire. Me kom oss ned til Skudeneshavn med alle fire borna og fekk vere hos bokhandler Hans Hillesland.

Dette hende oss fleire gonger i det året som me budde i prestegarden, med tyske soldater i paktarhuset og elles ikring oss. I paktarhuset? Ja, tyskarane jaga først paktaren ut av huset og soldater flytte inn. Det var ingen hugnad å ha dei der. Paktaren måtte finn seg bustad fleire hundre meter frå prestegarden.

Det gjekk både vinter og vår. Me heldt oss unna all omgang med tyskarane så godt me kunne. Dei dreiv på og bygde eit fort på 13 store kanonar nordvest av Lyngleet og rett i nord frå prestegarden. Dei hadde også luftskyts og maskingevær. Dei hadde også øvingar.

Men ein kveld kom det engelske fly innover Falnes så brått og uventa at dei fekk ikkje løyse skot. Men då flya kom til Kopervik, small det. Dagen etter var Karmsundet stengt. Flya hadde dropa

magnetiske miner. Sidan ein gong slepte engelskmennene ei lysbombe over festninga på Falnes. Eg sov så godt i huset hans Jakob Olsen at eg merka ingenting denne gongen heller. Det heitte at dei var blitt så redde for eit bombardement, at dei sprang inn i bunkersen inne i fjellet og gøymde seg der, til dei kunne rekna med - fåren over. Men slikt torde ikkje folk snakke høgt om. Eg hørde dei kviskra om dette.

Ein dag var både vinteren og våren, ja, sommaren med - gått. Eg stod og snakka med eit par frå Beiningen eit stykke aust for prestegardshusa. Kapteinen på festninga kom etter vegen. Eg hadde snudd ryggen til og helsa ikkje endå eg hadde sett han. Han såg aldri på meg sidan og hadde klaga over at eg var så demonstrativ.

Nokre dagar etter hadde eg vore eit ærend hos naboen på Falnes. Då eg kom over gjerdet mellom gardane og eit stykke inn på prestegardsmarka, og hadde batteriet rett framfor meg, small det eit skot, og eg hørde suset av ei kule på mi venstre side.

Så gjekk det atter nokre dagar og me blei utviste frå prestegarden. Tyskarane skulle ha prestegarden - møblert. Me møblerte ikkje så godt me kunne, men så lite me våga. Det blei godteke. Så flytte kapteinen og andre offiserar inn i prestegarden. Dette var på ettersommaren 1941.

Men kvar skulle prestefamilien bu?

Jakob Olsen var Guds beste barn i Skudeneshavn. Ei lærarinne hadde i ein time spurt om det var nokon i Skudeneshavn som kunne tenkjast å vere syndefri. Ei fin lita jente meinte at det i tilfelle måtte vere Jakob Olsen.

Jakob var så vidt blitt kald i grava då me blei utviste frå prestebustaden. Lensmann Vinje hadde hand om huset hans Jakob og laga det så at me fekk flytte inn i det tomme huset. Ja, hushaldaren hans Jakob skulle ha eit rom og tyskarane kunne vere sutalause

for at dei ikkje hadde tenkt på hus til oss. Det hadde ein annan gjort.

Korleis me flytte?

Ja, eg fekk låne hest av paktaren og kørde alt eg kunne. Knut Høines kom med hest og kjerre og kørde mange vender ned til Skudeneshavn, møblar og anna som hørde til i hushaldet. Dokter Tvedt kom og kørde fleire vender med personbilen sin.

Første natta fekk me sove hos lærarinne Kristiane Jakobsen. På denne måten fekk me høve til å ordne soveroma i Olsens hus - før me flytte inn med ungeflokken.

Ragnar f.16/1-1939, var så liten ennå at han kunne ikkje snakke reint. Han hadde ein dag reist ein furustokk på same måten - om lag som tyskarane stillte kanonane, med munningen peikande opp mot himmelen, og så hadde han ein staur over skuldra som gevær og gjekk att og fram som soldatene gjorde. Eg kom framom og såg på han. Han sa: " - Bomba tyskarane ut av prestegarden".

Klimaet blei barskere ettersom tida gjekk. Eg var i fleire forhør. Ein gong eg var inne til forhør i Stavanger, blei eg kroppsvisitert. Dei fann då ein gjenpart av eit brev frå Fredrik Ram i indrelomma mi. Han var då fange i Tyskland. Eg hugsar på det før eg gjekk inn til politiet, men fekk meg ikkje til å kaste det i rennesteinen. Det stod ikkje noko farleg i det. Eg let det stå til.

Då eg kom heimatt, var me bedne til selskap hos lensmann Vinje. Randi gjekk, men eg våga meg ikkje til å gå. Det hadde patruljert tyske soldater utanfor huset til Vinje medan gjestene var der. Tyskarane mistenkte Vinje og meg for å samarbeide i ei sak. Vinje hadde sagt til meg at han ikkje ville arrestere korkje lærarane eller meg. Då han nekta å arrestere lærarane blei han vist bort frå Skudenes, og dei tok lensmannsembetet frå han.

Det heitte at det var kome engelskmenn til Skudenes. Tyskarane jakta etter dei. Ei natt vakna eg i eit-tida. Eg var urolig og

gjekk bort og såg ut gjennom loftsvindauga i søre brystet som vende ut mot gata. Like nedunder stod det ein tysk soldat. Om han hadde merka meg kan eg ikkje seie, men han gjekk med det same eg kom i vindauga. Så visste me det. Dei passa på oss også om nettene.

Ei tid etter - først i november 1943 kom det tyske soldater og banka på inngangsdøra før me var oppe. Randi gjekk ut til dei. Det var tysk politi som skulle hente meg.

Randi lova at eg skulle stå opp. Men dei ville ikkje vente, men sette ei tid då eg skulle møte på buss-stasjonen. Me gjorde oss i stand, og Randi og borna fylgde meg på buss-stasjonen. Tyskarane stod eit lite stykke frå bussen. Eg kom meg inn på bussen og tyskarane kom etter. Me gjekk av i Kopervik. Der blei eg teken i forhør og fekk eit brev - maskinskreve - men ikkje underskreve personlig med blekk. I dette stod det at eg var bortvist frå Skudenes i tri år og måtte ikkje kome innanfor Karmsund prosti i denne tida. Så fekk eg politiekskorte med første båt til Stavanger og slept fri der, men med pålegg om å melde meg til politiet til visse tider.

Eg gjekk innom ein advokat i Stavanger og spurte om eg turvte ta papiret som ikkje var personleg underskreve alvorleg. Han var viss på det. Politimesteren i Oslo - som stod for det - blei ikkje så lenge etter drepen.

Eg reiste inn til Oltedal til foreldra åt Randi. Der blei eg veranda ei tid. Randi kom inn frå Skudenes og me opplevde saman at allierte fly slepte bomber over Oltedal.

Litt seinere fekk eg reise for Det norske misjonsselskap. Men til jul vende eg tilbake til Oltedal. Randi skulle også kome hit frå Skudenes og ha barna med. Det blei storm. Men ho kom seg til Kopervik, gjekk med båten og fekk god hjelp av mannskap og medreisende når det gjaldt å ta vare på borna. Me stod på kaia i Stavanger då båten la

til. Det høljerregna, men me fekk Randi og borna inn i bilane. Årstein Oftedal - bror til Randi - køyrde den første bilen. Han sette full fart på, køyrde over torget og i vel høg fart framom nasen på den tyske vaktssoldaten som ikkje lest ensa oss. Den andre bilen som vart køyrd av Per Sverre Oftedal, følgde hakk i hel. Me fekk ikkje rettelig pusta ut, så var me i Oltedal og storma inn på Heimly - i frå uværet. Det var ei festlig ferd som førde oss inn i ei glad og god julehelg - trass i krigen.

Randi reiste etter jul tilbake til Skudenes, og over nyttår flytte ho og borna inn til Svadberg i Årdal, og fekk husly hos systera Sigtrud Svadberg. Der budde ho og borna til krigen var slutt. Dit reiste eg også i feriene. Men over nyår 1944 reiste eg sørover til Sørlandet som emissær for D.N.M.. I fødebygda mi Eiken var eg med i gravferda til Pål Eiken, som tyskarane hadde pint i hel. Det møtte folk frå sju kyrkjjesokn. Eg tala etter liktalen til sokneprest Wenaas. Og det var dei som ottas for at eg ville bli arrestert. Då me etter minnesamværet på Haua kom til Eiken, kom det fram under ei ufs, politifolk, stansa bilen og spurte etter kvar me hadde vore og kvar me skulle av. Dei fekk klare og rette svar og let oss reise vidare. Det var truleg politi i kyrkja. Det blei hermt etter tyskarane at dei skulle ha sagt at dei skulle ikkje ha fleire slike gravferder.

Sommaren 1944 hadde eg ferie i Årdal saman med familien. Det var ein finfin sommar. Ein kveld etter at me hadde lagt oss, kom Alfred - nest eldste guten - stormande inn på soverommet og ropte: "-Far, eg kan"! Eg måtte opp or senga og følgje han i firsprang til fjorden. Han sprang uti og eg fylgde etter. Då han ikkje kunne stå botnen lenger, la han seg og sumde. Eg følgde etter til eg blei ottesam for at han ikkje skulle klara å symje inn igjen. Han snudde og me greidde å kome oss velberga i land. Det var ein stor dag - Alfred hadde lært å symja.

Då eg skulle til Sørlandet etter ferien, skulle Ragnar vere med til Trylandsmonen. Der var mat nok og Maria skulle nok syte for at Ragnar fekk det han trong. Men Ragnar ville ikkje ha mor med på jernbaneanstasjonen i Stavanger då me skulle reise. Ho fylgde likevel. Då me sto ferdige og skulle gå inn i vogna, måtte mor turke ei tåre. "-Det var det eg tenkte", sa Ragnar.

Denne hausten budde eg ei tid hos Reidar Sveindal medan eg hadde møte i Lunden. Me var vel kjende frå 1911-17, då me var næreste naboer. Me var dessuten i slekt. Reidar hadde stor gard og skog. Eg fekk lov til å pille tyttebær, så mykje som eg kunne. Eg var i skogen om dagen og hadde møte om kvelden, og kunne sende heim til Randi om lag 80 liter ekstra fine og store tyttebær. Det kom vel med i matnauda.

Eg var også innom fetteren min Ola Handeland i Åseral. Sønene hans var interesserte i motstand. Ein dag låg eldste sonen, Bjørn, og eg på høgste loftet og lydde på London. Ola gjekk vakt på tunet. Då me kom nedatt, såg me ein bil bort i gardene på Tveit. Bjørn kvakk til og smatt ut. Det var tydelig at han gjorde seg ferdig til å rømme. Men bilen køyrde forbi Handeland.

Ein kveld skulle eg ha møte på Rosseland og var ute i god tid. Det var komen ein ung mann. Me snakka saman. Han ville plent at eg skulle skrive på ein papirlapp: "- Skal båten gå under, skal Jesus gå med". Eg skreiv det ned og det har fylgt meg sidan.

Ein dag for eg framom Kyrkjebygda. Eg tenkte eg skulle sjå innom prestegarden, men ottas. Det syntte seg at Tobias Bowitz Øygarden var der, og at politiet kom og arresterte både han og sokneprest Rognebakke.

Seint ein kveld kom eg til Haugen i Hannkoll. Der budde Gunhild moster og sonen Åsmund og dottera Ingeborg. Åsmund var ihuga motstandsmann. Åsmund var ikkje heime. Seinare fekk eg vite at han var

inne i heia. På ei hytte hadde dei ein som var rømt frå Arkivet i Kristiansand. Åsmund la maten under ein stein som rømlingen viste om. Han blei lenge denne mannen, men det blei verre då ein gymnasiast på Husken i Hannkoll slo seg fri frå tyskarane. Då måtte Åsmund og alle dei andre mennene i Hannkoll rømme til fjells. Dei bygde seg då ei hytte på ein fjellkam med utsyn over heile Hannkoll garden og heldt skiftevis vakt natt og dag. Åsmund hadde ein dag vore heime og køyrt heim høyt til krøteret. Han sette lasset på läven, sette hesten inn og drog til heis. Moster ville han skulle ha seg mat og kaffe først, men han torde ikkje ta seg tid til det. Han var bare så vidt komen ut av syne, då tyskarane stod på tunet og spurte etter Åsmund. Moster visste ikkje kvar han var. Då truga dei med å svida av garden. Moster sa då: "- Å detta ska vera venene okkus"! Tyskarane skjønna henne, skjemtest og gjekk. Det var også det likaste dei kunne gjere. 8.mai kunne Åsmund og dei andre flytte heim, men ikkje før.

Siste gongen mor følgde meg frå heimen i Trylandsmonen under krigen og me sto og venta på bussen, sa ho: "- I verden skal I have trengsel, i mig skal I have fred". Fleire gonger tok ho dette oppatt. Eg ser henne stå der gammal og bøygd, og stø seg på staven.

Ragnar var nok med då eg reiste frå Audnedal til Stavanger og Årdal på juleferie 1944. Det gjekk lett å få reiseløyve. Men eg gløymde å fortelje om togreisa frå Stavanger til Audnedal etter sommarferien. Toget var overfylt og me rekna med ståplass. Koduktøren kom og såg på pass og billettat. Han virka tøff og uvorden då han gav sakene attende til meg utan eit ord. Han ordna med plasser åt alle dei andre. Me stod att ålene i gangen. Konduktøren kom att og bad om å få sjå billettane og pass: "- Eg fekk ikkje sjå det rettelig første gongen", sa han. Han fekk sjå. Så sa han: "- Kom her"! Me fylgde til ein annan kupe som var reservert for



16 mai 1945- heim for å feire nasjonaldagen. Presten Telhaug får ein varm velkomst.

Reichskommissar. Han let opp døra og bad oss stige inn. Me gjorde det med takk. Så fint har eg ikkje køyrt korkje før eller sidan.

Då me steig av på Audnedal stasjon, sa konduktøren: “ - Du kan kome dag eller natt, med eller utan reiseløyve, du skal få vere med toget”. Han var komen frå Vigmostad har eg høyrte sidan.

Me råka ikkje igjen på den gilde konduktøren og måtte ta til takke med ein vanlig kupe. Men nå bar det rette vegen på meir enn ein måte.

Jula blei god og etter nyår 1945 arbeide eg i Rogaland.

Etter påske blei eg kalla inn til politiet i Stavanger, arrestert og sett i fengsel på Lagårdsveien. Der sat eg til 7.mai 1945. Då gav dei meg fri.

Det første eg gjorde var å ringe heim til mor og far, og fortelje at eg var komen utav fengselet. Randi fekk sjølsagt bod. Eg møtte

skulestyrar Garpestad og fekk vere med han heim og kose meg med fridomen saman med nokre andre jøssinger frå Stavanger.

Det hadde vore ein hard tørn i fengslet. Rettnok var eg ikkje blitt torturert fysisk, men det var mykje anna som gjekk ein på nervene, så me var jamnleg i høgspenning. Det førte til at eg let vere å ete. Så lenge eg gjorde det, var eg rolig og avslappa. Men då fangevoktarane skjøna det, ville dei tvangsfora meg. Eg valde då å ete den vanlige fangekosten. Men nervene blei rett og slett sviande såre. Eg sat ein dag på ein krakk i fangeromet, ein av medfangane gjekk fram og attende, og svinga med armar og hender, så det ut frå dei stod ein vindgufs som råka meg i tinningen. Det gjorde så vondt at eg måtte knyte nevan og bruke all mi kraft for ikkje å skrike høgt. Om dette var eit resultat av innbildning eller av at nervene var drevne i høgspenning ved noko som eg

hadde fått inn i kroppen med maten, har eg aldri kunne bli vis på. Ein av medfangane heldt seg til uskrella poteter for å dempa intelligensen, sa han.

Eg hørde støtt nokon som ynka seg. Det var vondt å lyde på. Var det eit menneske som blei pint? Ein dag såg eg ei sjuk høne i garden og kjende att ynkinga. Det letna noko, altså ikkje menneske.

Klaustrofobi fekk eg også ein tokke av. Døra var låst, luka stengd utanfrå, alle lys sløkte, det var stummande mørkt og me hadde lagt oss, skulle sove - då gjekk flyalarmen og me var i fella. Eg kjende angsten, redsle stige inni meg. Eg kjende litt til dette frå før, vende meg til Gud og gav meg over i hans hender. Redsla gav seg og eg sovna. Eg kan ikkje hugse at eg hørde signalet: Fåren over!

Krigen var slutt 8.mai 1945. Det galdt å kome seg heim til Skudenes. Eg var pengelaus og søkte departementet om hjelp til flytting. Andre hadde fått, men eg fekk avslag. Då hjalp Thomas Eng meg. Han let båten sin ta familien med alt dei hadde - gratis frå Årdal til Skudeneshavn.

Prestegarden var nedslept og tilskitna. Det var vaska ut ein gong av kommunen, men det måtte vaskas to gonger til før tyskarskitten var nokolunde ute.

Det var fest den første tida. Men det varde ikkje så lenge.

Då oppgjerda kom blei det anna enn fest.

Korleis var tilhøvet mellom jøssinger og dei som hadde makta? Ja, det var motsetninger, meir og mindre kvasse, ettersom det var gode jøssinger og avgjorte N.S. folk. Men så var det nokre som me kalla “stripete“. Dei kunne ein ikkje lite på, og dei var ofte gode til å snakke “norsk“. Saman med jøssingar var dei også gode nordmenn. Men dei nytta høve der dei kunne tena penger eller ha andre føremunar. Det skapte eit ufritt tilhøve. Ein torde ikkje lenger snakke fritt. Ja om ein

så gjekk etter vegen og samtalte, så måtte ein vera på vakt om det kunne vere slik at ein som ikkje var jøssing, kunne stå løynt og lyde. Frå Skudeneshavn og Kirkeveien oppover mot prestegarden var det store tre på sida av vegen. Me tala alltid lågt der, dersom det gjalt tyskarane og N.S.

Ei tid før eg blei utvist frå Skudenes, fekk eg ein setel av Ole Melhus frå Johan Stangeland - om eg ville organisere motstand mot ungdomstenesta. I tilfelle eg blei teken for det, måtte eg rekne med tri måneders fengsel - maksimum seks månader.

Eg gjekk i gang og fekk ordna det. Eg hadde fått med ein som hadde mange born, 6 eller 8. Han attra seg og sa han kunne ikkje vere med. Eg måtte få ein annan i hans stad. Eg var ottefull for at han kunne svike meg. Men det kom ingenting frå han. Han må ha vore tett og trugen. Eg hadde også ordna med ein som skulle overta i tilfelle eg blei arrestert. Det var Ludvig Kirkeleit. Vell, det blei ikkje aktuelt med motstand.

Ellers var eg ikkje direkte med i motstandsørsla. Eg stod sjølsagt last og bram med den kykjelege motstanden. Men der kunne ein ikkje gjere noko utan samtykke frå dei som var leiarar. Arbeid på eige hand kunne føre med seg ulukke. Og gjorde det visstnok også.

Kva var verst i dagliglivet - mat, klede - tvangssituasjoner?

Klede hadde me ikkje noko nemnande vansker med. Me hadde forsynt oss bra medan det endå var fritt høve til det. Dessutan var verfar tekstilfabrikant. Han hjalp mange.

Men maten var det smått med. Eg hugsar ein kveld at den nest eldste guten, Alfred, gret avdi han ikkje fekk mat då han bad om det. Det er eit vondt minne. Det var nok ikkje berre den eine kvelden dette hendte, at han måtte gå svolten til sengs. Han var 7 år då me flytte til Skudeneshavn. Då han fylde 8 år, hadde han gått ned ein kilo i vekt.

Rett nok var han godt i hold då han var sju år, men det vitnar likevel om at han fekk for lite mat når han gjekk ned i vekt i den alderen.

Kvar måndag drog eg på sykkel frå Skudeneshavn til Sandve tidlig på føremiddagen. Då kom snurparane inn med fangst. Eg kjøpte då så mykje fisk at me hadde heile veka til middag. Det var fisk til middag kvar dag, men i ymse former – fersk om måndag, saltsprengd eller som ballar resten av veka.

Ein lørdag åtte me ikkje matbiten til søndagsmiddagen. Eg råka på Rasmus Stava og kлага meg. “Ta det med ro! Det er ikkje noko å bry seg om”, sa han. Eg totte det var dårlig trøyst og harmast. Eg visste at han hørte ikkje til dei som svalt. Då eg ei tid etter kom inn i kjøkkenet, låg det ei pakke på bordet. Eg gav henne til kona inne i stova, og me opna. Det var kjøt i henne, rikelig til sundagsmiddag. Eg mistenkte Stava, men eg har ikkje fått visst noko. Han var jøssing, Stava.

Eg fortalde Stava ein gong om ein som ville byte bort sement, som han hadde køyrd for tyskarane, med noko til bilen. Han vende seg til handelsmannen Hans Johannessen på Sandhåland. Han skulle støype seg ny trapp og hadde bruk for sement. Men Hans sa: “Trur du at eg vil gå på stolen sement resten av livet, så trur du feil!”

“Stolen sement”, bles Stava. “Eg skulle stole heile bilen om eg hadde kunna”!

Ja, ja slik såg Stava på tilhøvet med makthavarane og tyskarane.

Alle var ikkje slik. Då krigen var slutt, kom ei ung jente til ei gamal kone som låg på det siste og fortalde strålende glad: “Krigen er slutt”. Den gamle sukka og sa: “Kva skal dei nå tene på?”

Livberginga hadde vore eit problem for mange. Men på Karmøy hadde dei fisk og poteter. Det kunne bli ensformig kost, men ein svalt ikkje så det stod om helse og liv. Kjøt var ei sjeldsynt vare. Det var berre

nokre få gonger i året me hadde kjøt til middag i Skudenenes.

Tvangssituasjonar minnest eg lite om. I forhør var eg helst på offisernivå og stilte spørsmål – når politiet var norsk. Eg var nok varsam med det når det var gestapo og hadde med å gjera. Ein kunne snakke med dei og. Ein gong spurte ein gestapist meg om eg ville seie at eg ikkje trudde han. Eg trudde han ikkje, men tenkte at det var ikkje verdt å bere det på bordet og svara bare: “I krig og kjærleik er alt tillete”. Han drog på akslene, spurte meg ikkje meir og let meg gå.

Til gudstjeneste møtte det alltid N.S. folk. Eg kjende dei så det ligg ikkje føre mistak. Eg skreiv då ned det som eg ville seie om slikt som vedkom okkupasjonen. Så eg kunne leggje fram ordrett det eg hadde sagt om det skulle bli naudsynlig. Eg brende alle preikene mine ein gong eg var redd for etterforsking.

Då me hadde lagt ned embeta, ringde politiet i Haugesund til meg. Det var gjerne litt press då, men eg kan ikkje minnas at eg kjende det som ein tvangssituasjon. Eg kjende det heller som eit høve til å gjera littevetta. Me – underordna – hadde ikkje det til vanlig. Me skulle bare stø oppunder dei overordna, d.v.s. bispane.

Då eg reiste nede på Sørlandet i 1944 fekk, eg oppmoding om å organisera motstand. Ein av grunnene til at eg ikkje tok på meg det var at eg ikkje kunne få kontakt med bispen og få løyve. Ein annan grunn var den at eg ikkje kjende vedkommande godt nok til at eg våga å satse på han. Eg hadde fått pålegg frå bispen om at ein måtte vere særvarsame i slike høve. Det synt seg seinere at eg kunne ha våga det. Vedkommande var framifrå god jøssing.

Korleis opplevde du og dine frigjeringsdagane?

7.de eller 8.mai om kvelden gjekk eg framom domkyrkja i Stavanger. Noko sørafor kyrkja stod det ein tysk vaktssoldat. Ein nordmann som var full, søkte rundt han med skjellsord og bråk. Då han kom like innpå, tok soldaten pistolen or beltet, spente hanen, og stod og sikta på mannen. Det blei stor spenning, eg stod og venta på skotet. Det var mykje folk ikring. Så vidt eg skjøna var det ein som snakka til mannen og tok seg av han, så episoden enda utan smell.

Så snart det let seg gjera reiste eg inn til Årdal til huslyden. Og sjølsagt var me alle glade og i godt lag. Det var gudstjeneste i Årdal kyrkje den 10.mai – Kristi himmelfartsdag. Me var med der, og eg tala kort frå kordøra.

Så vidt eg hugsar reiste kona, dei to eldste gutane og eg til Skudenenes. Dei måtte tilbake til Årdal, men eg overtok embete og budde den første tida i Skudeneshavn hos bokhandler Hans Hillesland. Eg kunne ikkje bu i prestegarden. Det måtte gjerast reint etter tyskarane. Det blei gjort av kommunen. Då eg så var lova hjelp av Thomas Eng til å få huslyden flytt frå Årdal til Skudeneshavn, flytte eg opp i prestegarden.

Første dagen etter eg hadde ordna med det vesle eg hadde med meg i prestegarden, gjekk eg over markene ned til naboen på Falnes. Det var noko eg ville snakke med han om. Eg var komen eit stykke austom uthusa då det small eit skot attom meg. Eg hørte suset av kula og kjende lufta drive inn i venstre øyra. Eg gjekk utan å sjå meg attende. Eg venta eit skot til, men det kom ikkje. Men dette var liksom opptakten til livet i etterkrigstida. Eg snakka ikkje om skotet.

Under okkupasjonen var det sær god søknad til gudstjenestene, og det same var tilfelle i frigjeringsdagane.

Då huslyden kom eit par dagar seinere med båten hans Thomas Eng og hadde med det grand innbu som me hadde hatt i Årdal,

ordna me oss som best me kunne. Men det var så tilskitna i prestegarden at det måtte vaskas ut to gonger til før ein kunne seie det var nokolunde reingjort. Tyskarane hadde brukt å tømme oske frå omnane i 2.høgda i eit kott i same høgda. Paktaren hadde flytt in i paktarhuset igjen så snart det var høve til det.

Tyskarane hadde lagt miner på prestegarden, nedunder festningen. Minene måtte sprengjast, og det låg mange stygge jordhol og gapte etter dei då det var gjort. Rundtom festninga og elles var det sett opp store piggtrådhinder. Desse måtte bort. Noko blei lagt i store haugar i steinrøyser, noko blei bunta saman og søkt i sjøen. I mange år blei beite skjemt av dette og rester av piggtråd som ikkje blei teke bort, og ordna som det skulle ha vore gjort frigjeringsdagane. Det talde likevel ikkje så mykje. Det eine store var dette at tyskarane var borte – utan at eit skot var blitt løyst og utan at det hadde runne ein drope blod.

Etterkrigstid.

Særmerkt for den første etterkrigstida var at konfirmantene kunne så lite. Tyskarane hadde teke skulehusa og brukt dei til bustad for soldatene. Dei kunne då sjølsagt ikkje gjere teneste som skulehus. Det var lærarar som prøvde å halde skule i eigne eller andre sine privatheimer, men det var vanskelig. Skulen leid skade for lange tider.

All slag arbeidshjelp var blitt kostbar. Me hadde det trongt økonomisk. Skulle me ha fast hushjelp, blei det lite att av lønna til å leve av. Me måtte venje oss til å greie oss utan leigehjelp.

Det synt seg også å bli sær vanskelig å få det som var naudsynt til huset. Eg kan nemne nokre døme: Tyskarane hadde slått sund vaskeservanten på soverommet. Eg bad om å få ein ny, men det heitte at eg måtte vente. Til sist viste eg til kva som

var lova dei som hadde lagt ned embetet. Då fekk me servanten.

Springvassrørane var rusta. Ein kunne ikkje vaske klede i det vatnet utan å få rustflekkar på dei. Kona måtte i over eit år køyre eller bere klede som ho måtte vaske ca. 2 km frå prestegarden. Julie Melhus let henne få vaske i sin kjellar.

Det var ikkje bad i prestebustaden då eg kom dit i 1928. Eg kunne ikkje få sett inn bad før krigen. Nå prøvde eg igjen. Eg prøvde fleire gonger. Det var nei kvar gong. Siste gongen hadde dei streka under nektinga med raudt. Me hadde 6 born. Då eg hadde søkt avskil, blei det lagt inn bad til ettermannen min skulle kome.

Me levde spartansk. Sundagsmorgon skulle me ha litt betre kost enn vanlig. Då hadde me egg. Men berre kona og eg fekk eit heilt egg. Borna fekk eit halvt kvar.

Gutane måtte hjelpe til. Dei arbeidde i sommarferien hos bønder på Jæren og heime hos bror min. Alfred og Ragnar var to-tri år på islandsfisket. Dei hadde god fortjeneste i to år. Det siste året fekk dei ikkje lot. Det var hardt arbeid. “ - Den som vil forkorte livet sitt skal reise på islandskfisket”, sa ein Karmøybu. Dei lærde livsens strid å kjenne. Alfred dreiv ein haust som grøftegravar. Det dei sparde blei brukt til vidaregåande skulegang. “ - Arbeid avlar mann”, heiter det. M. J. Holst sa: “ - Mannen avlar arbeidet. Nå, visemann, kva meiner du“?

Minne!

Det er nokre minne som stig framom det meste av det andre som eg har opplevd.

Offeret, som eg fekk etter at eg hadde lagt ned embete 1.påskedag 1942 er eitt av dei.

Første sundag etter påske var Falnes Kyrkje stappfull. Folk ville ofre til meg. Eg nekta å ta imot. Eg frykta at politiet ville kome og ta offeret, og kan hende meg med. Eg una ikkje tyskarane og NS dei pengane.



På preikestolen i Ferkingstad kyrkje i 1956 under konfirmasjonen.

17.mai 1942 kom dei att. No skulle eg ha offeret. Då tok eg imot. Det blei ikkje bokført kor mykje eg fekk, men det var om lag kr. 2400,-. Eg skunda meg til kjøpmann Hillesland og betalte gjelda mi der.

7.juni 1942 fekk eg offer i Ferkingstad Kyrkje. Det var om lag kr. 1200,-. Eg kjøpte brenntorv til fyring for vinteren.

Ein dag i ei gravferd på Høyenes blei eg kalla ut. Utanfor huset stod ein tysk politisoldat. Han spurte om eg hadde fått offer. Eg svara: Ja! Han sa ingenting meir, snudde seg og gjekk. Eg hørte ikkje meir frå politiet om dette. Pengane hadde gjort nytte for seg, og minnet lever og gler meg så ofte eg kjem det i hug.

Fiskeredar Halvar Søiland.

Han spurde meg ofte om eg ikkje hadde trong for pengar. Om han var vald for å syte for meg eller om han gjorde det for eiga rekning har eg ikkje fått vite. Men eg fekk pengar av han. Kor mykje hugsar eg ikkje. Det var ikkje tale om kvittering. Og me gjorde ikkje opp rekneskapen noko gong. Det som sit fast er den varme omsuta han syntte for meg og mine.



Randi og Andreas på Gjetletun, heimen deira i Oltedal.

Søiland hadde det hardt sjølv. Dottera Sigrid var tysklandsfange, og den eine sonen Halvar var kaptein på ein kanonbåt og gjekk ned i Vest-Atlanteren i konvoi teneste.

Halvar Søiland overlevde krigen. Ein sundag var det gudstjeneste i Falnes Kyrkje med nattverd. Søiland var der og gjekk til alters. Det høvde so til at me kom til å vere saman i bil ned til Skudeneshavn frå gudstjenesta. Han spurde meg då om eg undra meg over at han kom åleine til alters, utan kona Dora. “ Eg tenkte eg skulle vente til ein annan gong, så me kunne vere saman”, sa han. “ Men så kom det for meg, det blir kan hende ikkje noko annan gong, og så gjekk eg åleine”. Det blei heller ikkje noko annan gong. Aninga var sann. Han døydde ikkje lenge etter denne altargongen.

Oltedal

Var heimstaden vår ifrå sommaren 1956 då huslyden flytte dit. Me hadde kjøpt eit gammalt lite hus der. Me var også mykje i Oltedal ellers både før krigen, under okkupasjonen og etter krigen. Randi hadde barnsheimen der og fleire av syskena var busette i Oltedal. Far hennar, Alfred Oftedal,



Andreas forretter ved graven til svigerfaren Alfred Oftedal sin begravelse i 1948.

hadde grunnlagt og styrde Svanedal A/S. Alfred og Rakel budde på Heimly. Det var godt å kome dit når noko stod på.

Alfred var hjelpsam mot folk når det gjaldt tøy til klede. Såleis fekk eg tøy til dress for alle konfirmantene i Skudenenes som ikkje hadde rasjoneringskort, så dei kunne få seg ny dress eit år.

Han dreiv også mykje “ulovlig” fabriksjon av heilulls dresstøy. Ein gong var det inspeksjon i fabrikk. Han følgde karane rundt og dei stod attmed dei som laga slikt tøy, men “inspektøren” må ha blitt slått med “blindheit”, for det kom ingen klage.

Det var ikkje småttri han hadde å fare med. Då krigen var slutt, hadde han i eit gøymle mange hundrad tusen kroner - over ein halv million. Kr.130 000,- av dette gjekk til bygging av Seldalsveien.

Det første fekk Randi og eg vite kvar han hadde “skatten” gøymt. Men då eg fekk meldeplikt for politiet, flytte han “pengesekken” og eg fekk ikkje vite kvar dei la han. Alfred ottas vel at eg kunne sprekke om det kom til eit knipetak. Sidan nøgde han seg med å ha Randi som medvitande - ho ålene.

Då krigen var slutt, fekk Alfred Oftedal mange brev med takk for hjelp i kledevegen medan krigen stod på. Han las eit slikt, særst venleg takkebrev frå ein politisk motstander for meg. Han gledde seg mykje over det, skjønna eg.

Der heima

Er sikkert eldste tufta i Oltedal. Første rudningsmannen budde her. Sidan kom det nok fleire hus kringom det første. Men så kom det ei tid då dei som budde kringom måtte flytte ut, og det heiter at dei kunne sjå heim - Der heima. Dette vitnar om eit særst godt tilhøve mellom dei som hadde budd saman. Om synet er lita har mindre å seie, ho vitnar så godt at ein bør ikkje teie.

Saghuset

Ligg vestom nordvestre hjørne i hagen vår. Der budde Abel Madland. Han laga tresko-botnar, og på sine gamle dagar skar han dyrefigurar i tre. Tre av sønene hans har eg lært å kjenne. Eg nemner først Søren. Han var ein god og gudfryktig mann. Smålåten var han og. Han bygde huset som Sverre Lima har nå. Søren totte han fekk noko for lite tuft, men laga ikkje bråk. Han bygde huset og kalla plassen - Nøysomheten. I samtalar laga han det gjerne så at han fekk lagt inn eit ord om Gud.

Det brann på Vang. Då gjekk Søren opp på høgda og song så det høyrest utover dalen: "Himmel og jord skal brenne, høgder og berg forsvinne".

Søren var grei og viljug til å hjelpe. Rakel Oftedal hadde ikkje sjelden nytte av han. Ein gong var han med til hytta i Hunnedalen og ordna med noko i den. Dei hadde sett garn i vatnet og ville Søren skulle vere med og ta dei opp. Men Søren var redd avdi det storma og bles så fælt. Men dei gjekk ut likevel og fekk garna opp utan hjelp frå han.

Søren song! Somme seier han gjekk langs vegen: "Jeg er en seiler på livets hav". Han var visst alvorleg denne gongen, men han kunne også vere skjemt som. Ein dag dr.Rød kom inn på rommet, sa Søren: "Du har gløymt pakninga. Det er ikkje tett"! Rød lo.

Han kunne vere kvass også. Ein gong spurte han Einar Helleland - dei arbeidde saman på Svanedal Ullvarefabrikk, der Alfred Oftedal var disponent: "Kvifor vil du Einar, aldri ta fem minuttar når Alfred er med oss"? Einar og Alfred var motstandarar politisk.

Den andre av brørne var Emil Madland. Eg fekk desse oppskriftene av han.

Korleis ein kan få tre kvitt? Det gjeld i bjørk. - Ho skal hoggast når sevja stig om våren og når blada er musøynde (store som øyro på mus), og så skal ho liggje utan at ein kvistar henne. Men ho skal hengje igjen i stova, på den eine sida og slik skal ho liggje til blada er visne. Då kan ho kvistast, og treet er kvitt og sprekk ikkje. Då kan ho køyrast heim og brukas. Det er ikkje heldig å la henne liggje til neste år avdi veden lett vil morkne.

Korleis kan ein farge tre? På denne måten kan ein farge bjørk og alle andre treslag - trulig også eik: Ein passar på om hausten når sevja går attende frå treet til jorda og skjer av ein topp (toppen) og kvelver ei platsflaske over. Flaskehalsen må falle tett om toppen så det ikkje kjem ut veske. Ein må også for å hindre dette at veska kjem ut, tette til rundt flaskehalsen med lim eller plantevoks. I flaska må ein ha vatn som er farga med den fargen ein vil ha på treet. Og ein må ha eit hol på toppen av flaska elles kjem ikkje vatnet til å trekkje inn i treet. Veska (vatnet) bør vere fylt på flaska før ein set henne fast på tretoppen, dersom ein då ikkje gjer holet så stort i flaksa at ein kan fylle vatnet på gjennom det, etter ein har fest flaksa til bjørketoppen. Holet kan

så etter påfyllinga minkas høveleg med tape. Toppen på treet må vere saga vannrett tvert av og då vil fargeveska trekke inn i treet og spreie seg gjennom det.

Den tredje broren er Konrad Madland. Han er uvanlig hendig og kan reparere det som andre korkje kan eller vil bry seg med. Særleg gjeld dette elektriske saker. Men han høyrer nok til ein annan tidsbolk enn vår - han tar ikkje betaling for arbeidet.

Kona hans Konrad, Anna, er død når dette blir skreive, men ho var blid og venleg, og interessert i alt som rørde seg i vårt vesle samfunn så lenge ho levde. Ein dag fortalde eg henne at eldste dotter vår, Jorunn, hadde gifta seg med ein mann som var fødd og vakse opp i Iran. Er han svart? spurde Anna. Nei, han er like kvit som du og eg, svara eg. Anna heldt fram: "Er han "vidle"? Nei, han kan både lese og skrive, fekk ho til svar. Då blei det så kvardagsleg at ho spurte ikkje meir.

Då tyskarane kom til Oltedal

Eg skal fortelje noko om det som eg har fått fortalt av augevitne til det meste av det eg tar med her.

Tysdag 9. april 1940 kom det norske militære til Oltedal ca. kl.08.30. Det skulle vere skriftleg eksamen ved Oltedal folkeskole, men alle borna blei sjølvst sende heimatt.

Folk ellers tok det på ymis vis. Einskilde skreik og bar seg, andre tok det knusande rolig, såleis Ane på skulehuset. Ho tok på seg det nye reveskinnet, tok så veska si og hekta seg i armen på han Johan - mannen-. Saman rømde dei så til ei løe i Haugamorklida og gøynde seg der. Dei fekk lag. Der var fire liggeplasser i løa, men nokre måtte ligge på golvet. Der - heima fekk Ragnhild vitjing av ein norsk offiser som sa: "Nå er det alvor".

Ved mellommats tider (kl.16.30) kom farbror Ingvald Aa. Oftedal og kona hans Rakel f. Gjesdal til Der - heima. Han hadde

saueskinnsjels på seg og mjølkespann i handa, og varskudde: "Nå er det krig, og nå må me til Uburhelleren. Dei visste ikkje kvar han var. Dei hadde bare høyrte om den helleren og at han kunne vere til nytte i krig. Farbror Ingvald rettleidde dei om vegen og tende bål ved Uburhelleren, så dei kom seg fram, men det gjekk gjennom eit fælt lende.

Det kom om lag 100 menneske til Uburhelleren. Den eldste som var der var over 70 år, og den yngste var nyfødd og endå ikkje døypt

Maskinistane Reinert Gjesdal og Laurits Ohma var også i Uburhelleren, men dei var særst nervøse og redde avdi dei hadde vore med og sprengt kraftstasjonene i Oltedal, Oltesvik og Maudal.

Det var ikkje så lenge før tyskarane kom. Ein norsk lastebil lasta med dynamitt kom inn til Oltedal. Dei var to mann om han. Den eine blei skoten og graven ned i jordbærstykket i hagen til Heimly. Der låg han ei tid, så blei han graven oppatt. Steinar Hamar sette opp eit gjerde kringom grava. Den andre mannen som var med bilen, slapp frå det med livet.

Bilen måtte ein få or vegen. O. E. Veia og eit par andre karar skulle køyre han inn til Dirdal. Men då dei kom ned ved den gamle Ragsbrua, såg dei eit fly kome innover dalen. Dei sprang ut og prøvde kome i livd. Den eine kraup inn under bilden,

den andre smatt inn i krattskogen attmed vegen. O. E. Veia hadde fått auge på ei stikkrenne i vegen. Han prøvde å kome seg inn i den med føtene føre, men han kom berre til armane. Stikkrenna var for smal til at han kunne få armane inn. Han låg der og såg skyttaren på flyet sikte våpenet inn mot dei, og høyrde det knaste i skogen når han skaut. Framom stikkrenna låg det sand. Kulene slo ned i sanden og det spruta sand inn i vestalomma hans. Men dei kom frå det utan ei ripe alle tri. O. E. Veia var nok

voldsomt sjokkert. Truleg meir enn han skjønna sjølv. Eg trur dei fekk bilen inn til Dirdal.

O. E. Veia flytte klede og anna som høyrde huset til frå Oltedal inn til Dirdal. Han trudde det var sikrare å ha det der. Men huset han hadde sett dette inn i, blei bomba og alt brann opp, men huset hans i Oltedal stod uskadd då krigen var slutt.

Tyskarane sparde ellers ikkje på krutet når det galdt Oltedal. Det gjekk fly langs etter dalen og pepra husa på nordsida. Det var mange hus som det var mange holer i etter kulene - opptil 50 kulehol i eit hus. Dei gjekk også inn i husa, braut opp dører og skåp, og tok med seg det som dei ville ha. Det var reint fælt som dei øydela sume stader. På "Heimly" tok dei alle "gullsmykke". Eit sylvsmykke hadde dei slept ned i vegen utanfor huset. Kan hende det var eit "uhell". For ein tysker skulle det vel vere verdfullt nok.

Folk flytte gjerne ut av husa om det så berre var over vegen til naboen. Dei hadde ei kjensle av at det var tryggere andre stader enn heime.

Endre I. Oftedal fortalde meg om ein episode som han opplevde: Han var flytt ut frå heimen. Men ein dag skulle han heim og hente mat i ein ryggsekk. Han hadde fylt han vel. På vegen attende møtte han tyske soldater. Dei tok fatt i han, stakk med bajonett igjennom ryggsekken, reiv den av han og trampa på den. Han var 17 år. Han meinte tyskarane var omtrent like redde som han var sjølv. Eit er i alle høve visst og sant: "Dette var venene våre".

Frå Uburhelleren kunne dei sjå heimtil gards og fylgje med i åtterda til tyskarane. Dei gjekk også heim morgon og kveld, og stelte buskapen. Det tok ein time kvar veg. Det hende også at dei kom ut for at tyskarane skaut. Såleis fortalde Endre I. Oftedal meg at han måtte ta mor si inn i

gjødsekkjelleren "Der - heima" avdi tyskarane deiv og skaut, så dei kunne ikkje vere trygge.

Denne vonde tida fekk eg ein slutt, men ho har sett merke etter seg på mange måtar.

Før ei tid sidan fekk eg sjå ein modell av husa "Der - heima", bygde i 1799, laga av Lars Aa. Oftedal. Det er Alfred O. Veia som har den.

NB! Løa, bygd i 1799, står ennå "Der - heima". Ein bygdehistoriker kunne gjerne ha interesse av å sjå både modellen og den gamle løa, som er 1799-1981=182 år nå. Det står truleg ikkje så mange løer med den alder i Gjesdal.

Pensjonisttilveret

Korleis synest du sjøl det er å vere pensjonist?

Det er - kan du tenkje deg - som det ville vere for den fattige Larsarus å få flytte inn til den rike mannen (ikkje i Abrahams fang).

Først dette - eg fekk større årsinntekt enn eg hadde nokon gong før i livet. Vidare at me (kona og eg) kunne reise til San Fransisco i 1971 og vitje Jorunn og mannen hennar og oppleve den sterke og stille gleden å få døype barnet deira i St. Marcus kyrkja der.

I 1975 kunne me reise til Iran og til Jorunn og Joseph som då budde i Teheran. På denne turen køyrde eg først ca. 1000 km. frå Teheran til oppimot grensa til Russland. Joseph var fødd og vaksen oppe i ein landsby der, så eg fekk ein liten glytt inn i livet i ein iransk landsby. Mor hans hadde arva ein gard, som ætta hadde sete på, son etter far, ifrå ca. 500 før Kristus. Då Cyrus tok Babylon og Assyria - flytte ein flokk frå Assyria til nord Persia. Dei blei anten tvangsflytte eller dei rymde. "Soga har glemt hvad den visste". På denne garden vaks Joseph opp. Mor hans budde der

ennå. Ho var einebarn. Familien hadde truleg teke med kristendomen i aposteltida og heldt fast på den, og trossa muhamedanismen. - Etter denne turen bar det sørover. Me var innom Isfahan. Der stansa Jorunn og Randi. Men Joseph, Elisabeth - dotter hans - og eg reiste vidare til Shiraz - byen åt visdomen og rosorne. Der slapp me inn i hagen til Statens palass. Der var "store tre og runnar". Huset var sjølsagt stengt for oss. I denne byen var me innom ein vidkjend moske. Det var første gongen Joseph var inne i ein moske, enda han var så å seie fødd mellom moskear. Det var skarpt skilje mellom kristne og muhamedanarar.

På vegen nordover igjen var me innom Pesepolis, den gamle hovedstaden i Persia. Me såg Xerxesparten og audiensromet til keisaren. Utpå kvelden var me attende i Isfahan og fann att Randi, Jorunn og Joseph i god form, alle tre. Me budde på eit billig hotel, men neste morgon åt me kontinental frokost på hotel Sha Abbah, som er det finaste hotellet i byen. Frokosten var billeg - kr 15,- pr person. Men på den finaste avdelinga kosta eit dobbeltrom kr 2.500,- for ei natt. - Gelenderet i trappa opp til frokostsalen var fint utskore av kostesamt tre, og det var og fine dekorasjonar både i korridorar og salar. - Før kvelden denne dagen var me attende i Teheran. Køyreturen min hadde vore på minst 1800 km. Det meste gjennom sandøydemark. I Teheran var det dei persiske teppene som fanga interessa framfor noko anna. Dei var alle vene, men nokre var kunstverk som kunne trollbinde ein. Ein ovstor feil hadde dei alle - dei var så dyre. Sjølv ein pensjonist kunne bare kjøpe dei bittesmå. Men du verden for eit syn det var - når det kosta kr 100.000,-.



I spisekroken på Gjetletun.

Me kom heimatt med helse og hugnad etter turen, som hadde tømt pengeboka, men gjeve oss ein rikdom og inntrykk og minne, som ikkje kan betalast med pengar.

La meg få vende tilbake til pensjonisten: Etter eg fekk pensjon i 1963, heldt eg i fleire år fram med å gjere vikarteneste i Nord-Norge og tente mykje i tillegg til pensjonen. Det auka velstanden. Me hadde kjøpt eit lite gamalt hus i Oltedal. Men det trong til reperasjon. Me stelte på det og kunne betale både huset og vølinga. Me var gjeldfrie. Slik fridom hadde eg aldri kjent før i all mi tid. Kostnaden med å eige huset og bu i det var liten og er liten. Det er gode tider trass i inflasjon og prisauke.

Anna Edland, Ålgård

Minneoppgåva 1981

Født 22-11-1899

Eg er fødd på garden Stangeland i Klepp og døypt i Klepps kyrkja. Dei fleste av slekta mi bur i Klepp. Då eg var 5 år, flytte me til Moksheim. Det ligg ca. 1/2 mil fra Haugesund. Far var gardbrukar og eq vaks opp på ein vanleg bondegard, Heimehuset var gammalt. 3 stover i lengda og 2 kammers ved sida. Kjøkken låg i midten og vart nytta som inngang. Frå kjøkken gjekk ei trapp opp til loftet. Der var 3 opne rom. Då me var mange sysken, vart desse romma nytta til soverom, Uthusa var au gamle, men far bygde nye, så det vart lettare å arbeida. Me hadde ikkje innlagt vatn. I uthusa hadde me pumpa, og me laut bera alt vatnet inn. Elektrisk ljøs hadde me heller ikkje. Me bruka parafin lampar. Brendsel var ved og torv. Torv var vanlegt brensel, då der ikkje var skog. Det var eit slitsamt arbeid med å få nok av det slaget.

Maten me bruka var vanlegt heimebaka brød og potetkaker. Til helga fekk me gjerne kjøpe brød og krotekaka. Middagsmaten var som oftast fisk eller sild. Sundags middag fekk me kokt kjøt og suppa, eller kjøtkaker. Grønsaker var det helst lite med. Det einaste me bruka var grønne erter, gulerot og kålrot. Sidan me budde så nær sjøen, fekk me både god og billeg fisk og sild. Eg trur den gode fisken heldt oss friske. Me var



Anna i bunad



Anna og Tor i lasset, køyrer in turt høy.

ute og leika oss. Slo ball, slå på ringen og anna moro. Læraren var aldri med oss.

Det var ei hard tid i barndomen min. Lite godt fekk me, samanlikna med tida nå. Eg har eit minne, som eg vil ta med. Bror min var sjuk, og eg skulle gå på krambua og kjøpa ei appelsin. Eg fekk den med meg, men eg var så huga på den at eg klemde og klemde på den. Den vart heilt mjuk. Då stakk eg eit lite hol i den og saug or heile safta. Korleis skulle det gå når eg kom heim? Eg visste om ein liten dam med vatn i. Gjekk så burt og holt appelsinen nedi, så den vart full av vatn. Merkelig var at ingen heime merka dette. Og glad var eg.

Me hørde til Torvastad kommune, og den presten eg skulle gå og lesa for, budde på Karmøy. Me laut over sjøen for å koma fram. Når det var storm og uvær, var det ikkje så gildt å ferdast den vegen. Far fekk då til ei ordning. Me skulle betale 15 kroner for å få gå for presten i Haugesund. Det var Lindeland eg fekk gå for. Flink og gild

mann. Nett det året vart det nyordning med konfirmasjonen. Det var valgfritt om me ville gi presten lovnad med alteret, eller bare verta velsigna. Eg valde det siste. Var redd eg ikkje kunne halda lovnaden. Me hadde lite stas med konfirmasjonen. Me fekk nå nye klede og det som fylgde med, men noko selskap og gaver var det lite med.

Hausten etter fekk eg byrja på Utgarden ungdomskule. Den ligg i nærleiken av Kopervik. Eg var nok helst for ung, men fekk byrja like vel. Der kom eg saman med gilde lærarar og gilde jenter og gutar.

Skulen varde 6 mnd. Der var ikkje internat, men me jentene fekk bu på skulen. Middagsmat fekk me kjøpa på skulen, men resten av maten heldt me sjølv. Me bruka parafinlampar til ljøs og ved til å varme opp med. Denne skuletida har eg vore glad for heile livet. Det var gilde dagar. Året etter byrja eg på meieriet i Haugesund, som elev. Tanken min var å verta meierierske. Me var 3 elever og hadde soverom saman. Dei 2 andre var frå Strandebarm, Hardanger. Gilde



Anna og Tor hentar poteter.

og gode jenter. Me hadde mange gilde stunder saman. Arbeidet var helst tungt, så eg gav opp heile meieriutdanninga. I 1919 byrja eg på Sømme husmorskule. Det var rasjonering i dei dagar. Ein måtte ha kort på mange ting. Eg minnest me var mange gonger svoltne når me skulle leggja oss. Ikkje våga me beda om mat i utida. Der var nok mykje å læra, men eg trur at ho som var styrar det året, var berre vel sparsom.

I 1924 gifta eg meg og kom til Gjesdal. Den beste og gildaste tida har eg hatt her på garden. Me hadde ein liten gard med vanleg gardsarbeid. Det kunne ofte vera travelt med både arbeid og pengar. Mannen min var flink å stella med grønsaker, så det vart hovudnæringa vår. Det vart mykje arbeid. Etterkvart som barna vaks til, laut dei vera med ute og arbeida, så det gjekk helst godt. Eg trur at den beste arven me kunne gjeva borna, var å læra dei til å arbeida. Det kunne koma dei til nytte, kva dei kom til å gjera i livet.

I yngre år gjekk eg i bondekvinnelaget. Det lika eg utifrå godt. Det var både lærerikt og underholdande. Det var eit godt tiltak av dei kvinnene som sette i gang med dette laget, og all æra skal dei ha. Politikk har eg aldri vore særst interessert i. Eg meina at kvinner som har mann og born, gjer betre arbeid heime enn å arbeida ute.

Mannen min døydde frå meg i 1975. Det er så som så når ein vert åleine, Tida kan ofte verta langsam. Yngste sonen har nå overteke garden, som me hadde. Nå er det berre hagen eg held hand om ute. Eg har alltid lika å arbeide med jorda. Gildt å sjå at blommar og busker trives. Eg liker au handarbeid og lesing. Når ein les, er eg heilt med dei som eg les om. Eg har alltid lika å lese. Eg held fleire blad, for eg liker å følgja med korleis andre har det. Radio og T.V. kjem med nytt kvar dag. Ikkje bare gilde ting. Best av alt er at en får vera frisk og kan stella meg sjølv, så eg har mykje å vera takksam for.

Anna Edland, f. 22.11.1899



Berta kosar seg med lamma.

Berta Dirdal Lima

Jul i gamle dager

Når eg nå skal fortelja litt om korleis me feirde jul for godt og vel 50 år sidan, så blir det frå Haugamork der eg er fødd og oppvaksen. Me hadde det gildt med jul. Du forstas det var for oss ungane. Me var ein stor søskenflokk, 9 i talet. Dagane før jul skulle der vaskast og stellast til høgtida. Tak og vegger skulle alltid vaskast. Der var lågt under taket i det gamle huset vårt, og ogen (ovnen) røykte nok av og til, så til jul måtte der vaskast.

Så var det bakinga då. Mor bakte alltid rosinbrød til jul. Herlige, som bare ho kunne

få til. Me ungane fekk vera med å trilla ut smultringane og mor steikte dei. Dette var gildt, og så gode dei blei. Har aldri fått til slike smultringer som dei mor laga.

Så mykje nytt i klæsvegen kan eg ikkje minnast me fekk til jul. Det var helst om hausten når far hadde selt lamma. Då kunne det vanka både litt nye klær, frukt og gotteri. Me tykte det var spennande når far kom frå Sandnes og me var sikkert flinke den dagen når me venta han heim med saker og ting til oss. Det skulle ikkje så mykje til for det var jævnt i den tidi. Då var me takknemlege for lite. Nå er eg glad for eg ikkje er fødd i overflodens tid.



Haugamork. Berta vaks opp i huset til venstre.

Men tilbake til jul. Me fekk aldri gåver til jul. Me kom aldri på det eingong. Husker aldri me sakna det heller. Me visste nok at far ikkje hadde råd å kjøpa slikt. Eg trur det var litle julaften at far eller eldste bror min tok øksa og la i veg til lia og skulle henta juletre. Det var furu, og den var fin og nålene stod lenge på. Nå nærma det seg, det store. Det var visst helst mor og far som pynta treet med nokre fine kuler og litt sukkertøy (det var kjeks med påklistra glansrosar), lys i forskjellige fargar, to-tri appelsiner og raude søteple hengde dei innmed stammen (dei fekk me dela etter jul) og selvfølgelig korgar med litt nøtter i. Og så det blanke spydet i toppen då. Å, så fint det var, og forventninga steig.

Så var det store julaften om kvelden når dyra var stelte og alle var samla. Tykkjer enda eg fornemmer atmosfæren når far tok parafinlampa, som i det alminde hang midt

i taket over bordet, og bar den burt til glaset og hengde den der og så gjekk bordet same vegen. No vart det rom på golvet, lysa vart tende og me tok kvarandre i hendene. Far sette seg med sangboka på ein stol og førde an sangen. Han var god til å syngja, og det blei eit heilt kor når me alle stemde i med dei fine julesangane. Eg trur me song alle og lærde dei helst utenåt, mange i alle fall. Å, som me song! Augo tindra visst tilligs med lysa på treet.

No var det jul i den gamle stova i Haugamork. Glade jul, Hellige jul. Me song av full hals. Mor gjekk til og frå kjøkkenet. Her koka risengrynsgrauten, som me skulle eta seinare på kvelden. Det var nok ikkje lite graut som skulle til heller, men me blei godt mette alle, og sovna godt gjorde me. Men eg kan minnast at eg ein gong ville vera vaken og sjå når mor skulle leggja i sokkane. Det skulle heita at det var nissen som la i

sokkane, men me tok det visst ikkje så alvorlig. Men sokken, det var julegåva for oss. Som me koste oss første juledagsmorgen når me grov under håveputa og fann sokken. I den var der mykje godt. Først var der nøtter i tåna, så en rull med figen, 1 appelsin, 1 eple og 3 smultringer i et papir. Me knaska og åt og koste oss veldigt, husker eg.

Første juledag skulle det visst vera så at me ikkje skulle gå til andre, men det vart ikkje så vanskeleg for oss, då der ikkje var andre unge i Haugamork enn oss søsken. Dei som budde på den andre garden var eldre folk, og dei sette pris på når me ungane kom på besøk. Det hende meir enn ein gong at dei minste sovna på divanen deira. Men om me gjekk burt første juledag, husker eg ikkje. Men om kvelden gjekk me rundt treet att. Det var jul det, då me var små.

Nokre år seinare veit eg at eg fekk ein nøtteknekker av eldste bror min, den kosta 50 øre. Han visste vel at nøtter var min livrett. Og ei jul seinare fekk eg ei lita veske av eldste søster mi. Ho hadde vore ute og tjent. Eg tykkjer eg ser denne veska, der var ein bitte liten lomme på ho.

Når eg minnes jul frå den tidi og ser på den tidi me har nå, så ser ein kor utruleg fort utviklinga har gått. Nå vassar ungane i gaver. Men tru om dei gledar seg meir til jul enn me gjorde? Nei det trur eg ikkje!

*Berta Lima
4333 Oltedal*



Espelandsgardane, her vaks Berte opp.

Berte Espeland Gilje

Minne om barndom, ungdom og vaksne år

Espeland

Barndomsheimen min var Espeland i Bjerkreim. Jonas Vellesen, som var bror til bestefar min Nils Vellesen Espeland, skreiv i ætte- og minneboka si at Espeland var den aller finaste garden i Bjerkreim. Det har eg først fått vite i det siste. Me var 12 born fødde til verda. Ei jente døydde då ho var nokre månader gammal, og ein gut døydde då han var åtte år. Det aller første eg minnest, var at eg sat på bordet og leika med skålene. Me brukte skåler

til å ha mjølk i. Dei største til dei vaksne og mindre til borna. Eg var nummer sju i syskenflokken, og eg minnest at eg sette dei største skålene under og dei mindre etter kvart, slik at det vart ei rue av det. Så tok eg den minste først og så store etter kvart, så det vart ei høg rue.

Eg kan som eit minne fortelje at me hadde ei faster på Sandnes. Då ho døydde, 74 år gamal, so fekk me heim nokre av tinga

hennar, deriblant ein kommode som det var mange brev i. Eit av breva hadde eldste bror min skrive til henne: ” I dag skal eg køyre posten, og so skal eg kjøpe heim noko godt til jul. Berte sit på bordet og dustar (leikar), og dei seier at dei aldri har sett so gildt eit bade”. Den minste vart alltid kalla for badne og hvis det var jente, so var det bade. Eg kan nemne at morbror min hadde mange ungar, og so sa han ein gong: ” Kom her og ta ungen, so eg får ta bade”. Det var ei lita jente som sat på golvet og skreik.

Far min heitte Ivar Nelson Espeland og mor mi heitte Guri, fødd Nedrebø, syster av Veljen Nedrebø. Me hadde etter måten stort hus, storstove, stovekammers, mellomstove, nyestova og spisskammers og stort kjøkken, gang og bislag. Der sette me treskoa. Ovanpå var det busloftet, der me hadde kornkister og nokre store trekjerald. Dette hadde bestefar min laga. So minnest eg det var ein ridesal og ein damesal som var laga so at kvinna sat med begge føtene på same sida av hesten. Denne salen var svært forseggjort, store lærklaffar på kvar side av hesten, og so ein stønad rundt, som var puta med lær og mange gilde blanke naglar, litt mindre enn ein 10 tals.

Me hadde fleire munnladningsbørser. Eg minnest bror min som var 8 år eldre enn eg. Han hadde krut og hagl og ein lang ladetein. So ladde han børsa og gjekk på jakt alt før han var vaksen.

Nede i stova hadde me klaffabord og pinnestolar som far hadde laga, og so hadde me to benker eller forsæte som dei sa. Dei sto langs med veggen, bordet sto framfor glasposten. Då me skulle eta, so sette me desse benkene på kvar side og mor sat på ein stol nedi enden, alltid med ein unge på fanget. I andre enden av bordet sat læraren i høgsetet. Mor stelte skulemeisteren, som me sa, i

alt 40 år. Ikkje den same læraren. Han heldt skule i 3 veker på Espeland og 3 veker på Eikeland, so me hadde han ikkje støtt. Eg hugsar at mor fekk 4 kr.veka for læraren. Senga sto i kråa til høgre attmed kammerveggen. Ei stor, gammal klokke som rakk mest opp i taket, sto i kråa til venstre attmed mellomstovedøra. Me hadde to ruggestolar. Ein var far sin, den hadde han arbeidt sjølv, men den andre kom seinare. Det var visstnok eldste bror min som hadde kjøpt han.

Det første eg minnest var klaffabordet, breitt og stort med berre ein klaff. Det hadde bestefar min arbeidt. Dette bordet blei skura med sand kvar dag. Det var so kvitt og fint, men det var tungt og ledalaust. So kjøpte Nils, bror min, eit nytt klaffabord. Å, for eit syn! Det var beisa og lakka brunt med to klaffar. Då var det rom for 12 rundt bordet og sjølvsgat skuffer under. Der hadde me med knivane og skeiene. Det første eg minnest hadde me berre 3-4 gaflar. Men so kjøpte far 12 gode gaflar med treskaft og smalare enn dei me brukar nå, men kvasse og gode. Og no fekk me meir å pusse på. Me pussa gaflane og knivane kvar dag, elles vart dei stygge.

Eg var litt defekt i føtene då eg var liten, so eg var visst sein til å gå. Bror min arbeidde nokre djupe tresko til meg. Det var ei spile oppå begge sidene, som dei bant fast rundt leggen med ei reim. Det var vondt då dei klemde foten nedi desse skoa, eg var huga til å gå oppå kanten med helen. Då sa mor: ” Trø nedi”. Men då det var laussnø, gjekk eg med helen oppå, for då var det ingen som kunne sjå det. Eg minnest eg hadde mykje vondt i oklene då eg var liten. Eg sat mange gonger nedi sengehyrna med foten under meg heile dagar. Og det var langsamt då det var fint ver og dei andre ungene sprang ute. Men so fekk eg låne glansrosene av eldste syster mi. Dei blei eg aldri lei av å sjå på. Ja,

eg lika so godt glansroser då eg var liten, at eg likar dei enno.

Bestefar døydde då eg var 5 år, men eg har mange minne om han. Begravelsesdagen sto kista inne i stova. Det var T. Johanson som song og preika. Eg kan godt minnest at dei song: "Eg ser deg Jesus kor du lider, og anda ut på Golgata". Den songen og talen greip meg djupt, eg sto i mellomstovedøra og såg og hørde på.

Men tilbake til då han levde. Då ba han meg gå inni Kvihagen og ned til elva, der det voks kjerringrokk. Eg gjekk ganske åleine og fann kjerringrokk til han. Han hadde ei lita jerngryte som var emaljert oppi. Der koka han kjerringrokken. Eg kjem enno på den vesle gryta med det grønne oppi. Dei andre henta og til han.

Han låg i mellomstova. Der var det ein omn. Ein gong var det ein svær spønedunge attmed omnen. Då låg han i senga og spurde om eg ville kveikje i omnen. Eg la i spøna og fekk det til å brenna, men eg veit ikkje kor det bar til at det tok fyr i heile stikkedåsen. Då skjende han på meg, for eg gjorde ende på heile stikkene.

Me hadde ein stor hage med rips, solbær, stikkelsbær og kirsebær. Ein gong eg var i mellomstova, såg eg nokre fine kirsebær som eg trudde eg skulle rekke opp til. Eg hadde berre ein kjole på meg, ikkje bukse og ikkje skjorte. So sa eg til bestefar: "Lyft meg ut gjennom glaset". Han lyfta meg opp i glaset. Han heldt meg slik at eg skleie ned over vannbordet med skjørtet på magen, so det vart vondt. Eg veit at faster sa: "Du er so lubben og god att". Eg visste ikkje kva lubben var, so då var eg like klok.

Bestefar låg i senga og sov, og kvar gong han pusta, opna eit lite hol i leppene seg då

han pusta ut. Dette tykte eg var underleg og prøvde å få det til sjølv, men det blei ikkje til noko.

Eg fylgde han til kvernhuset. Der turka han kornet på "tussa". Det var jernbotn og ein jernkant rundt og ein stav nedi som sveiv rundt heile tida. Han hadde kornet oppi eit drypftrog og dryfta det slik at lette korn kom på den eine sida. Dette sopte han slik at det var berre det gode kornet som skulle malast. Mor sa at han brukte for sterk varme under "tussa", slik at nokre korn vart brende. Då vart ikkje havremjølet so godt. Då bestefar var på kverna, hadde han mjøldust i hår og skjegg. Kverna murra og mol, men det gjekk ikkje so svært fort. Men eg hugsar han hadde ei hit som han auste mjølet oppi. Då måtte eg halda, for dette hitailet var ikkje so stort.

Eg var og med bror Nils på kverna. Han song ofte "Reven låg under birkerot" og "Grønn står skogen nå i lien". Og mange andre. Han hadde kladdebok og blyant og skreiv mykje.

Den som hadde visst kva han skreiv.

Han reiste til Amerika då eg var 9 år gamal, og kom aldri att. Dei var 5 unge gutar i godt 20 års alderen som reiste. Før dei reiste, hadde Nils fått lov av mor og far å halde ein fest i bua. Det kom mange ungdomar. Dei hadde mat inni stova og so dansa dei i bua. Nils spelte godt fele og far spelte og. Det var ein annan på garden som og heitte Nils. Han var eldre, og han spelte fele som var det gildaste han visste. Då det leid på kvelden, dikta denne Nils eit vers som han las opp. "I kveld er me samla til glede og fest, so alle kan ha det som dei sjølv likar best. Men midt i den gleda der ligg det ei sut. For fem av kameratane til Amerika skal ut". Dei klappa godt og ei jente sa det var som det skulle vore ein lærd kar. Dei reiste i mars, og det var blaut snø då dei kørde av

stad. Mor og Serina gret. Eg gløymer ikkje Serina. Ho var so smal i ryggen, som rista då ho gret. Eg var 9 år då, men eg gret ikkje, for han hadde lova meg å sende fine kort til oss, og det fekk me og. Ja, Nils var snill. Men so sa han at eg var så salrygga. Det likte eg berre so måteleg.

Det var ein gong ei jente som skulle sy ny kjole til meg. "Kom hit og lat meg få sjå deg", sa Nils då eg passa kjolen. Men det ville eg ikkje. "Du vil berre sjå om eg er salrygga", svara eg. Det fortalde ho som sydde kjolen nokre år seinare.

Nils gjekk folkehøgskulen på Jæren. Då han kom heim til jul, hadde han med litt til kvar. Eg fekk ein fin hane som var gytt og hadde fine fargar. Då me bles i halen, gol han. Dette var visst noko av det gildaste eg har fått i mitt liv! Nils reiste ut på arbeid. Han sende heim ein stor pakke til mor, 6 koppar med raude roser og gullkant, 6 asjettar, 6 eggglas og sukkerskål. Noko so fint hadde me aldri hatt i huset før. Det gledde oss alle.

Eg hadde berre ein sundagskjole og ein kvardagskledning. Me hadde ei faster på Vikesdal. Ein gong kom to jenter og to gutar frå Vikesdal ein laurdagskveld. Dei var til sundag. Det var dei gildaste folka eg visste om. Sundag etter middag tok me ein rotur og rodde bort på Monalandet. Det var steikjande varmt og eg hadde berre kjolen. So tok dei vaksne seg ein tur opp til Grunnåna. Eg tenkte. No skal eg lauga meg. Eg knappa opp kjolen og sprang uti. Men eg drog med meg kjolen so den blei våt. Eg sat som ei våt kråke heimatt i båten.

Marta, eldste syster mi, sa at ho skulle vri han godt og henge han uti sola. Då turka han fort.

Eg gjekk opp på stoveloftet og hadde på meg kvardagsklede. Dei var so stygge



Peder Espeland og Torvald Austrundal. Peder var bror til Berte, og både faren og bestefaren spela fele.

og skitne at eg ikkje torde gå ned. Det kom skyer for sola og kjolen turka ikkje. Då det leid på, reiste dei framande. Noko so vondt trur eg knapt eg har opplevt sidan. Har nok opplevt verre ting i vaksne sine augo, men dette var barnet som gledde seg so med syskenbarna sine.

Ja, faster på Vikesdal var so snill. Ho var eldst i syskenflokket og far var yngst. Då far kørde posten, sende ho opp ei stor rua med vaffelkaker. Eg gløymer aldri den smaken. Me hadde ikkje vaffeljern då, og forresten so blei me so mange etter kvart, at mor steikte pannekaker på hella i kjellaren. Det var og svært godt.

I den første krigen, frå 1914 til 1918, var det streng rasjonering. Eg var 10 år då krigen kom. Eg veit me ungane var ute på vollen og vart fælt redde. Ein gong vart me heilt lens for brødmjø. Far hadde ein sekk med havrekorn, og det var ikkje det beste. Dette fekk han malt. Det må ha vore ei ring kvern. Me hadde egg og mykje sukker. Mor steikte store lappar med mykje egg og sukker

av dette fæle havremjølet. Eg skal seie det smakte godt. Me åt det ei heil veke før me fekk nye kort. Elles kan eg ikke minnest at me leid noko naud i den krigen.

Det var to husmannsplassar under vår gard på Espeland, Abramshagen og Hodlen. Eg minnest ikkje det var folk på desse plassane. Men far snakka titt om Abram og Abrams Berte og Anders på Hodlen og Kristina. Anders hadde hobbed, det var sikkert brytbrann. Han åt krit, for det hjelpte. Men så fekk ungane tak i kriet og skreiv på veggen ute. Då hørde far like heim kor Anders skjende. ”Kven har teke kriet mitt og rita på veggen?” Han må ha vore nokså høgrøysta, sidan dei hørde det alt heim.

Ein gong, eg var nok 6 år, fekk eg ny kjole til kvardags. Den var av mørkeblått bomullstøy med smale, kvite striper med ein saum i midten. Det var striper på tvers og rynka skjørt. Eg tykte dette var veldig gildt. Eg gjekk ut til Abramshagen og grov i røysa etter huset og leita etter gull. Gull kalla me bitar av rosete steintøy som var sundslegen. Eg grov og velta på stein, og der fann eg tre gull som var heilt raudlege. Dette var mest som ein skatt, for eg hadde gullhus heime. Det var ein kasse som låg på sida og var pynta både oppå og nedunder av rosete gull.

Mens eg gjekk heim etter vegen med den fine kjolen og denne skatten, kom Alfred Sundvor køyrande. Han var halvbror til mor, og den mannen eg lika best framfor mange. ”Kom skal du få køyra deg”, sa han og trekte meg oppå kjerra. So sto eg mellom beina hans, og han kom fram med ein sprekkfull pose med drops i alle fargar. Eg vart so glad og lukkeleg at eg gløymde det aldri. Eg fekk mange gonger drops av han, men av bror hans fekk eg aldri.

Me fekk ikkje gå og more oss alltid. Far dyrka ny jord på Monen, og der måtte me vere med og hente stein so snart me var so store at me rakk opp i kjerra. Eg var veldig lei av å hente stein. Dei var so skarpe dei steinane at me fekk såre hender. Å bruke vetter gjekk ikkje, for me sleit hol på ein dag. Men det blei fin jord der far tok opp, og me fekk sær fine poteter og gulrøtter der.

Eg byrja ikkje på skulen før eg var 9 år. Då det var tale om at eg skulle begynne, sa mor ”Å, hu æ so liten, bare la hu vera heime”. Men eg hadde lært å lese og skrive og rekne av dei som var større enn eg. Eg likte svært godt å skrive, og av og til fekk eg eit heilt kvitt ark av far. Då var eg berga ei heil stund. Eg veit eg dikta og skreiv, og då far kom inn og fekk sjå det, la han det oppå klokka. Når nokon kom, morbror eller fastermenn, so tok han det ned og viste dei det. Eg sat og småskjemdest, men so tykte eg det var moro og. Eg hadde gått eitt år i småskulen og var 10 år. Dei andre 10 åringane hadde gått 3 år. Dei skulle flyttast opp i storskulen. ”Deg Berte veit eg ikkje kva me skal gjere med”, sa skulemeisteren. Dette var frykteleg. Skal eg måtte gå eit år til i småskulen, tenkte eg. Men so sa han: ”Eg trur du får flytte opp du og”. Kan tru eg var glad. På den første stilen me skreiv i storskulen, eg hadde ikkje skrive stil før, fekk eg 11 feil. Men ei som var jamgamal med meg, fekk 31 feil.

Og no fekk me handarbeid i skulen. Lærarinna som me fekk, heitte Grete Skåland. No skulle me lære å sy forsting og altersting og krossting og faldesting, og me fekk lære og hekle. Eg kunne hekle lenge før dei eldre systrene mine. Men dei hadde så mykje anna å gjere, vaske opp og vele ut og bere vatn til kyrne om vinteren. Eg veit dei bar med åkel, to store trebytter, og det var opp bakke. Det slapp eg, for me fekk

springvatn då eg var 11 år. Dei måtte og mjølke og klyppe sauene om våren.

Då eg var 12 år, lærde eg å mjølke. Det var 24. februar, og no hadde det vorte så pass lyst at me skulle mjølke i skyminga, som me sa. Me skulle mjølke i det siste dagslyset og ikkje ha lykt med i fjaset. Det var so gildt, for det hadde regna på frosen mark. Det kom frost, so det blei store isar på vollen. Eg kjenner enno den gode varmen frå fjaset. Etterpå sprang me på treskoa og tok fart og rann på isen. Å, so gildt det var!

Denne vinteren då eg hadde fylt 12 år, sa mor: ”No er du so stor at no må du spørte sokkane dine sjølv, og du greier deg sjølv med sokkar”. Eg hadde spøta lenge, men no tykte eg det blei vel mykje. Eg minnest enno kor seint det gjekk før eg fekk ferdig den første sokkaleggen. Eg hadde spøtt halv-sokkar og selt dei og kjøpt att sjokolade. Eg kneka og spøtte lenge på desse halvsokkane, men so fekk eg ei sjokoladeplate. Eg måtte dele litt med dei andre. Eg hadde den i ein kasse der eg hadde dostet mitt. Ein dag eg sat og gnog litt på henne, sa mor: ”Eg trur me kokar sjokolade av henne”. ”Ja, det gjer me”, sa eg. So koka me med ein gong. Det blei ikkje så mykje, for nå var plata berre halv. Men det passa godt at vi var so få inne at alle fekk smake.

Mormor mi heitte Siri Nedrebø. Mannen hennar drukna då mor var 8 år. Ho gløymde aldri då dei kom heim med den døde faren. Vatnet rann av sleden. Då hadde mormor 6 born. Dei hadde stor gard og mange kyr og sauer. Det kom ein ung lærar og skulle ha skule der ute.

Eg var hos kona til Alfred Sundvor. Der hang eit stort ungdomsbilete av læraren. Det var den finaste mann nokon kunne sjå. Han gifta mormor seg opp att med, og fekk

fire born til. Dei budde på Nedrebø til ungane voks til.

So fekk Viljen, eldste sonen, garden. Etter det flytte dei til Sundvor. Då var mor 16 år, og ho tok hand om huset. Dei hadde eit ektepar, Ola og Rebekka Maudal, som tente hos dei. Men det var mor som passa på og tok fløten av mjølka og kinna. Då mor var på det 18. året, gifta Viljen seg, og ho flytta opp til Sundvor og laga seg utstyr. Spann og vov.

Ho gifta seg med far. Ho var 18 og han 20 år. Då eg var hos Rebekka, kona til Alfred, såg me på dette biletet av faren som var so fin. Han hadde sagt at kunne han få Siri og få Sundvor, so ynskte han ikkje meir i denne verda. Siri var 10 år eldre. Anders minnest eg ikkje, men Marta, eldste syster mi, sa at han var so snill ein skulemeister. Ungane til mormor var vaksne so lenge eg minnest. Og mormor var so fin, tykte eg. Ho hadde so mange smårynker i ansiktet. Det var gildt då mormor kom. Ho hadde kandessukker i ein lomme i ei av foldene på stakken slik at han ikkje viste.

Då me skulle til Sundvor, kom dei roande etter oss. Mor bar alltid ein unge i eit pledd. Me kom opp bakken og såg oppi hagen. Der hang ripsbera raude, lenge etter at me hadde ete opp våre. Me fekk kalvesteik, det var fleire gonger det hende.

Mormor døydde då eg var 7 år. Mor hadde nett fått ein liten, so ho fekk aldri gå og sjå om henne. Det gjekk so fort, det var lungebetennelse. I begravelsen hadde mor med ungen, som berre var ei veke gamal. Før dei gjekk til kyrkja, fekk dei kaffi og mat. Halvmoster Serina hadde steikt eit stort fat med speilegg. Mormor låg stiv og bleik i kista, og det var so vondt.

Då dei kom att frå kyrkja, fekk me kalvesteik. Dei hadde nok ikkje gaflar til alle, for eg åt med ein stor, brei kniv med kvitt skaft. Eg visste det var dei finaste knivane. Han var so kvass at eg skar meg i munnvika. Me reiste mange gonger til Sundvor etterpå, for me hadde Hanna der. Ho var heilsyster til mor. Ho hadde hatt mykje vondt i ryggen, og hadde pukkel. Men barneaugo såg ikkje det, ho var so snill og var so flink til å lage mat. Og var so god til å le. Ho lo hjarteleg godt, anten det vart noko løye eller gale.

Ein gong fylgde eg Marta til Sundvor. Mor til Anders var blind og levde lenger enn mormor. Mormor var 66 år då ho døydde. Dei hadde ei snill tenestegjente som las teksten for henne. Dei hadde jente, for Hanna kunne ikkje gå i fjøset. Eg trur eg måtte vere 8 år då. So las ho: "Jeg, jeg er den som utsletter alle dine misgjerninger for min skyld, og dine synder kommer jeg ikke i hu". "Å takk, takk", sa den gamle. Men eg tenkte med meg. Kan ho ha noko synd som sit stille der i stolen blind. Eg såg aldri ho gjekk på golvet. Nei, då var det mykje verre med meg. Eg hadde krope opp på spisskammersskapet og gnege av ei sjokoladeplate, og so hadde eg teke sukker i kaffien utan lov. Eg kjende synda so sterkt. Etter middag la den gamle seg til og kvile. Marta og jenta hadde gått ut. Eg og Hanna sat inne. Hanna las og eg såg på eit bilete på veggen av Jakobs draum. Englane fauk der so runde og gode og klokka pikka høgt, tykte eg. Eg var ikkje van med slik ei stille. So tok eg til å gråte. "Nei, stakkars deg, kva grine du for?" sa Hanna. "Lengtar du eller tykkjer du her blei so stilt?" "Eg veit ikkje", sa eg. Men so gjekk me ut, og då vart alt gløymt. Hanna var alltid hos oss då mor fekk små. Ho var so glad i dei små borna. Me høyrde aldri at det var for mange. "Det var nokre gudsenglar", sa ho.

Då mor fekk den siste, var eg 12 år og Serina var 17, men ingen av oss visste kor ungen kom frå. Somme gonger hadde jordmora han i taska. Visst det berre var Ingeborg Fossbrekka som var der, då hadde ho funne ungen i ein spønedeunge. Og ein hadde ho funne oppå Golhaug. Men so fekk grannekona og ein unge tett etterpå. Då hadde Ingeborg Fossbrekka funne han i spønene. "Kvifor gjekk ho der bort med han, kvifor kom ho ikkje til oss", ville eg vita. Jau, me hadde nett fått ein. "Kvifor ligg Inger?" spurde eg. "Jau, ho må liggje og varme ungen".

Eg fann aldri noko rart i at mor låg. So kom dei med sengjamat, sviskegraut og risgraut og rosinbrød. Hanna kom med eit stort fat med grisesylte i kraft. Eg gløymer aldri kor godt det var attåt eplene til kvelds. Me brukte å ete kaffi og sjeve og eplekake til morgons, og graut eller eple til middag og so middag til nons. Det passa so godt til skulemeisteren, for han kom heim til nons. Og visst me hadde ete graut og mjølk til middag, so var det eple til kvelds eller omvendt.

Me hadde 5-6 kyr og nokre ungdyr og 30-40 sauer. Då sauene lamma ute, var Paul, som var to år eldre enn eg, flink til å finne dei og få dei heim. Hadde sauene eit lam, fekk han eit buddegg. Hadde han to lam, fekk han to buddegg. Eg var mange gonger missunt i han, som sat og gumla i seg på egg. Eg fekk ikkje noko.

Tidleg om våren i mars sette me ut berkje-flaska. Det var når sevja kom i bjørkene. Me skar av ein kvist. Var der mykje birkje, so draup det snart. Me kunne få over ei halv flaske til morgons. Birkjen var søt og forferdeleg god. Ein gong sette eg ut skuleflaska mi i ei rot, der skulle birkjen vere so søt. Eg stakk rota inni flaskehalsen og breidde godt

på med mose. Men om morgonen var ho frosen. Å du kor lei eg var.

Etter vårvinna, før slåtten, reiv mannfolka bork. Dei reiv av bjørkeborken, rugla han, reiv av neveren og lødde bork opp i lader i løa. Eg minnest dei reiv borte i Svebakken. Eg og Serina skulle lauva. Ho hadde ein sigd som ho hogg av passelege greiner med, og so bant me det i hop til lauvkjerr. Ho skrytte so av meg kor flink eg var. "Hadde den eller den av syskenborna eller onklar sett deg, so er eg sikker på at dei hadde sagt at dei aldri hadde sett nokon som var so god". Eg beit på, og lauva alt eg vann. So blei det mindre på henne som hogg av. Men eg vart visst vaksen før eg forsto at det var politikk i det. Eg reiv og bork. Eg hadde ei lita øks og ein liten bløy. Eg reiv i Hushamarbakken og på den vesle sletta. Der tok eg til å hogge med øksa oppetter stammen på tvers og so lange som eg ville ha borkane. Då eg skulle til med bløyen, var det så vondt å få det av, for det var ei slik bjørk som det var kvasse nupper rundt heile stammen på. Men eg kava til eg fekk borken av, og so hogg eg ned bjørka. Eg er sikker på at eg hogg 1000 hogg før eg fekk ho ned. Det var berre denne gongen eg var so uheldig. Eg reiv bork og la det på eit børtau og fekk det opp på ryggen og bar det heim. På slutten hadde eg ein ganske fin liten borkalade ved sida av far sin.

Dei reiv og bork i plettene, og då var blåbera komne. Eg og Serina gjekk opp til dei med sodd. Det var havreflatbrød sundknust i sur mjølk. Dei åt godt og skrytte kor godt det var. Då det lei til marken, trøskte dei sund borken på låvegolv, hadde han opp i sekker og bant for. Eg sa at far fekk ta min og. Dei selde borken i Sandnes. Der brukte dei han til å barke lær med. Men nå brukar dei nok noko anna, for det blei slutt med borkerivinga.


Det var nå forferdeleg gildt, for då dei reiv borken av store bjørker, so var der mykje sevje på bjørkeleggen. Far hogg sevjespøner til oss. Me åt sevje til me vart heilt stinne. Eg reiv ei bjørk so ungane mine skulle få sjå og kjenne sevja. Eg åt litt sjølv og, men det ville ikkje magen min ha då. Eg vart som eg skulle ha ete tre. Men ungane tykte det var godt og morosamt.

Ja, så tok far med seg min bork og. Eg venta og venta og trudde snart eg skulle få pengane for han. Til slutt spurde eg. "Jau", sa far. "Men eg trengte alle pengane, eg hadde mykje å betale". Eg vart svært vonbroten den første gongen, for eg hadde tenkt eg ville kjøpe regnfrakkar til dei to små brørne mine for pengane.

Men eg slutta ikkje å rive bork for det, neste år var det like spanande. Eg hugsar at eg fekk eit øre.

Serina skvette vatn på golvet i skulestova og sopte om kvelden. Ho var på skulen om morgonen i kolmørkret kl. 8 og kveikte i omnen. Det var godt og varmt då skulen byrja. Då det var slutt på skulen om våren, venta ho at ho skulle få noko. "Nei, eg trengte det sjølv", sa far. "For eg hadde så mykje å betale". Slik gjorde Serina, slik gjorde eg, slik gjorde Ingeborg, yngste syster mi. Ingen fekk ei krone. Eg tenkjer nok far trengte dei, men han hadde greidd seg like godt om han hadde gitt oss 10 kr.

Eg hugsar aldri at me miste motet. Eg minnest eg gjekk i kolmørkret med rennefokk og vind, so eg stundom måtte krype over brua. Han hadde posten og, og so saga han trebotnar som han reiste til Jæren og selde. Det var gildt når han saga tofle, kalte me det. Me var i saghuset der det var omn, so det var godt og varmt. Og så lukta det so godt hvis det var furutofle. Eg teikna på veggen, på tømmerveggen. Eg teikna fæle



Treskofabrikken. Her skar både faren Ivar og bestefaren Nils Velleson toflebotnar.

skjeggete menn og griser med frakke på som kom gåande på to, og mykje anna.

Skulemeisteren var og på saga av og til om kveldane, der det var lys. Det var visst ei større lampe enn heime, og so var der så mange fine prudlar (trestykke) som gutane brukte å byggje med. Far saga hestar til dei. Det sto lange rekkjer med hestar og braffer på bås. Både far og skulemeisteren var venstrefolk, far heldt "17 mai" og han andre heldt "Gula Tidend" for han var frå Volda på Sunnmøre. Dei snakka og las mykje, far og skulemeisteren. Me måtte lære oss til å sitje fint med bordet og ta fint i maten. Det hadde me berre godt av, sidan me hadde skulemeisteren.

Ein gong slakta me ei ku og hengde henne opp i løa. Det kom frost, og me hadde ferskt kjøt i 3 veker. Paul ville ikkje ete dette

kukjøtet. Det var ein gong at mor hadde kokt kjøt og suppe. Eg vipa to kjøtbitar bort på tallerkenen hans. " Dette er sauekjøt", sa eg. So sette han seg til å ete so hugleg, men so tykte eg slik synd på han at eg ikkje gløymde det. Då me hadde ete, sa eg at det var berre løgn, det var kukjøt. Men det ville han ikkje tru. Eg og Paul hang mykje i lag og leika i hop. Ein gong hadde han laga ein liten båt, og han spurte om eg kunne sy flagg til han. Eg ville gjere alt for å vere til vens med han for han var 2 ½ år eldre enn eg. Eg fann ein raud vadmelsklut, ca. 10 x 12-13 cm, men eg fann ikkje noko blått. Eg sydde på ein kvit kross. Eg tykte sjølv det var veldig fint, men då eg gav han det, so sa han: "Det er ikkje flagg dette her". So kasta han det langt vekk. Eg tykte det var vondt, men det var ikkje godt å sy flagg når eg ikkje hadde material til det.

Ein gong hadde det reke i land ei stor rot bortanfor saghuset. Ein søndag var mor med oss. Me kveikte opp i denne rota og kokte egg. Me slo vatn på og trudde elden var daud. Men so vart ho liggande der og ryke og brenne i mange dagar. Det var stilt og fint ver, so ingen tok noko notis av det. Paul sa ein kveld til mor: "Kan me ikkje få noko pølse og gå bort og steike i den rota, det er so gode glør?" Jau, me fekk nokre lange, tunne pølsebitar og gjekk bort og grov i glørne og la i eit par bitar om gongen. Det var mørkt, og vatnet låg stavande stilt og svart, berre i lyset frå rota såg me kvarandre. Kan tru det var gildt, og som pølsa smaka. Me var så trygge attmed denne elden med mørket rundt.

Bror min Odd døydde då han var 8 år. Me leika godt i lag. Han var ein tettvaksen god gut. Ein hardhaus. Eg veit aldri at me var uvener. Eg trur far var stolt av denne guten. Han tok han med seg til kyrkja. Ein gong han hadde vore med kyrkja, sa han: "Pappa helste på presten og so kom Viljen Nedrebø, og so helste han på han og". "Koss gjorde du då dei helste?", sa eg. "Berre letta på hua og rekte fram høgre handa og riste ho litt. Eg tykte eg hadde fått del i noko viktig".

Eg kunne ikkje gå til kyrkja, for eg hadde ikkje sko. Ein gong fekk eg låne hans sko. Dei var ikkje so fine nett, attsydde med bekatråd og smurde med sauefett. Då me gjekk etter vegen, rauk det så at skoa vart mest grå. So gjekk me der på Ivesdal, opp og ned garden. Det var aldri skikk at folka gjekk rett heim. Eg og ei anna kom inn i ein vedskut. Der sat det ei kone med 3 gutungar. Den minste peika på skoa mine. So sa mora: "Ja, sjå, fine sko". Det var som eg vakna litt.

Det var skikken at når nokon hadde born til dåpen, so hadde dei med seg mat, lefse og

gome, rosinbrød og anna kjøpebrød og endå til ost. Dei tok inn hjå ein mann på Ivesdal og ba inn folk, skyldfolk og kjenningar. Det var sjeldan me var i kyrkja og ikkje blei innbedne nokon stad, for me hadde stor slekt med mange ungar hos kvar.

Me tok inn til ein som heitte Teodor Ivesdal. Kona Jørgina var syskenbarnet til far. Ein gong hugsa eg at me sat fullt eit langt bord. Presten oppi høgsetet. Då han åt rosinsjeva, plukka han ut alle rosinane og la dei på asjetten. Det var fleire jentungar som sprang ut, men eg vart sitjande på ein stol med dei vaksne. Eg var så blyg at eg ikkje torde gå over golvet. Eg sat minst ein time før eg våga meg til å gå. Det var som det var mange ledd i beina, ovanfor kneet og hofteledd, men då eg kom ut til ungane, var det gildt. Me sat i hagen og munka og leika oss. Men so var det ein gut som sprang rundt oss og sa: "Jesu samfunn. Dette er Jesu blod, dette er Jesu lekam". Eg blei veldig forskrekka, for me hadde aldri lov å snakke høgt om heilage ting. Men det var nok berre barnleg uskuld.

Eg var fødd 24.2.04 og bror Odd den 10.3.05. Mor sa alltid at eg var så lita for dei tok meg for snart frå henne. Ho pleide la ungane suga til dei blei mest 2 år. Men eg vaks no til og blei normal, me var ikkje store nokon av jentene.

Denne Odd var som sagt, ein hard kar. Ein dag i oktober var Ingeborg Fossbrekka med mor i kjellaren og bakte havrebrød. So skulle me ungane mala eplene. Der var ein bråte med eple. Me mol litt kvar og trettast litt. Odd hadde gått berføtt heile sommaren, og der var enno ikkje kome sokkar på han. Han mol og sikkert sin del. Men om morgonen etter kom mor opp etter han, ho høyrde han var så kjøvd og hosta. So låg han på senga nede og pusta tungt og var raud i

ansiktet av feber. Peder sykla ut til ei Regine Malmei. Ho var aldri rådlaus. Ho sa at me skulle laga til som eit telt over senga og så skulle me koka vatn i omnen heile tida og setja kokande gryter på ein stol under teltet. Men det var liksom ingen ting som hjelpte. So veit eg mor tok han opp og heldt han i fanget attmed omnen. Han sa: ”Mamma eg vil heller døy og koma til Jesus og englane”. ”Ja”, sa mor. ”No skal du snart få koma der”. Han døydde om kvelden. Dei køyrde til Eigersund etter doktor, men då doktoren kom om kvelden, var han død. Det var langt, ca. 4-5 mil kvar veg. No vart det so tomt og veldig trist, me gret alle. Visst Serina vakna om natta, tok ho til å gråta. Då vakna eg og, me låg i hop og so gret eg slik lenge. Mor og far syrgde veldig over denne guten. Kvar gong det kom inn nokon, snakka han om Odd og gret hjarteskjerande. Det var Ingeborg Fossbrekka som vaska han og la han i kista. Ho tala smått og trøystande. No er han ein liten Guds engel, og so ville han aldri kome tilbake om han hadde kunna. Det trøysta oss ei stund. Men dei seier ungane gløymer snart, men eg har aldri gløymt det.

Eg blei vel 9 år då i februar. Eg var so forkjøla at dei var redde for meg og. So naus eg ein gong og snytte ut ein stor klump av nasen. Marta skar i han og sa det var kjøt. Det må sikkert ha vore ein polypp.

Me hadde tre senger på stoveloftet. Der låg me alle, både gutane og jentene. Me hadde halm i sengene som me bytte i alle fall kvar haust. Det var lopper i sengene, og det var ei stor plage. Eg var på det 14. året og hadde sytt meg kvit linnen på skulen. Då eg låg med det, kom det loppelort på det og på putevaret, og dessutan klødde det so når dei beit.

Det var ein fin dag i september. Marta og Serina var på Malmei og henta eple. Der var det finver. Eg kom på at eg skulle vaska alle sengekleda og byte i sengene. Me hadde ikkje fått halmen enno, men eg bar ut all halmen, vaska senger og golv. Og so vaska eg alle puter og teppetekk og kvitlar. Eg hadde vaska alt og hengt det ut i sola. Det var det eg gjorde først. Eg tok so ei gammal mjølkekolla og holvte i vaskegryta. Eg hadde berre litt vatn i botnen på gryta. Så tok eg eit stoppeteppe, la det saman og stappa det opp i gryta. Eg la lokket på og kokte det og dampar over. Då det var vel gjennomdampa, var kvar ei loppe daud. Eg bar det ut på plankverket (stakitten) i sola. Slik gjorde eg med alle stoppeteppene. Eg bar ut halmen og vaska godt og bar so inn høi i alle sengene. Mor var helst sint på meg. ”Du har ikkje kava med alt dette åleine, det kunne dei andre gjort”, sa ho. Men då dei kom heim om kvelden, var alle sengkleda turre og eg hadde reidd opp sengene. Det var herleg og leggja seg den kvelden. Eg fekk mykje skryt av Serina og Marta.

Som sagt hadde far posten. Første gongen eg køyrde åleine, var eg 12 år. Eg hadde vore med far og mor då dei køyrde, so eg visste korleis det var. Ein vinter var det snø i øvrebygda, men då me kom til Brådli, var det bert. Me hadde ei kjerre ståande der i eit grustak. Eg tok postskreppa og la på kjerra og sprette frå hesten, me kalla henne Blakkå. Eg sprette for kjerra, drog sleden til sides og so køyrde eg på kjerra. Då eg kom oppatt, var det det same igjen. Eg hadde handla noko på Vikeså, so det var meir å leggja på sleden. So trilla eg kjerra inn i grustaket og skulle til å setja meg opp på sleden. Men då eg akkurat skulle ta i sleden, begynte Blakkå og springe. Viss eg sprang, so sprang ho. Viss eg gjekk, so gjekk ho. Eg hadde ei tjukk, tung kåpe på meg. Så kom Trygve Brådli ut med ein liten kasse med korn og

heldt framfor nasen hennar. Då var ho seld, og eg fekk setja meg oppå. Eg gløymer aldri kor takksam eg var mot Trygve Brådli som stoppa hesten, for det var ikkje grind før på Eikeland, og so langt hadde eg aldri greidd det. Ho ville berre erta meg, det forsto eg godt. Det var ein svært gild hest som hadde fått mange folungar. Me hadde også ein kvit hest, men den var ikkje til å stole på, so den køyrde eg aldri. Eg var nok konfirmant då.

Eg hugsar om sommaren då dei hadde arbeidd med hesten heile dagen. Eg og Serina skulle ri dei inn i lia på beite. Eg minnest særers då eg var liten og gjekk med berre kjolen. Det var så veldig godt og varmt å sitje oppå Blakkå.

Då eg var 16 år, fekk eg sykkel. Eg sykla med posten til eg var 25 år, ikkje kvar gong, me byttest på det. Me hadde posten 3 gonger i veka då, so eg sykla mykje, 16 km kvar veg. So gilde folk det var nedetter Bjerkreim soknet! Det var visst ikkje ein gong utan at nokon bad meg inn på mat. Det var hos faster Ane Vikesdal at eg var inne mest kvar gong. Eg fekk det beste ho hadde, egg, kjeks, pannekake og formkake. Det var ein gong ho ikkje såg meg, og då sykla eg forbi. Då fekk eg det neste gong: ”Kvifor kom du ikkje inn?” ”Eg såg ikkje nokon”, sa eg. ”Ja, det er så mykje du veit det. Du skal alltid koma inn”.

Det kom ny kone på garden, og då flytta Ane opp på den store lemnen. Stundom var ho i Stavanger hos dottera si. Den unge kona var like snill. Eg fekk kaffi hos postopnaren i nystova av og til. Særers hugsar eg Jørgina Ivesdal. Ho var syskenbarnet til far, ho var så snill. Ein gong var eg på Ivesdal i ei gravferd. Ho var gammal, 98 år. Men då sa ho til meg: ”Me møtest nok ikkje meir i denne verda, so no må du ha det godt og leve vel”. Eg minnest henne med gleder.

Då far hadde køyrt posten, sa han då han kom heim att: ”Eg er so full av kaffi at eg må få noko graut”. Ja, det var snille folk. Eg var heime og hjelpte til heilt til eg var over 25 år, unnateke ein sommar eg var hos syster mi i Førdesfjorden. Eg hadde so hug til å gå ein ungdomsskule. Kvar gong dei lyste ut skulane i bladet, var eg mest sjuk. Av oss 10 som vaks opp, fekk 7 gå på skule. 2 ville ikkje, men eg måtte vere heime og hjelpe mor. Dei siste åra var ho sjuk, men ho kom seg att. No var Ingeborg stor.

Gilja.

Eg gifta meg i 1929. Mannen min hadde ein gard saman med ein annan, på Motland. So var eg der eit par år og fekk ein gut der. Men det var so lite sol og mykje snø at eg likte meg ikkje der. Ikkje han heller. Så gav han garden over til den andre, og me flytte ned til Gilja. Me budde i eit lite skulehus tett med heimen hans. Der levde mor hans og broren Torstein. Han var ungkar, so han hadde tenestegjente. Det var alltid gildt å kome inn der.

Det var svært dårlege tider den gong. Mannen min arbeidde på veggen i Hunnedalen. 10 veker om sommaren med 60 øre timen. Det skulle me leva av heile året. Då me kom her til Gilja, arbeidde han 3 rugemaskiner til 400 egg kvar. So rugde han ut kyllingar både til oss sjølve og til andre.

Eg hugsar han såg i bladet at det var kome ein masse russisk drivtømmer som dei selde billeg. So fekk han seg ein lastebil og køyrde. Eg og guten var med til Sandnes til faster. Han kom heim med eit stort lass. Bror hans hadde sag og han saga opp alt dette og fekk masse materiale. Tett attmed skulehuset var det ein liten kjellar eller eit lite hus



Gammelt skulehus, som var buplass nokre år. F.v. Sverre, Olga Bertelsdtr. Oftedal f. Gilje og Berte Gilje.

dei kalla for turkehuset. Det var nedbrunne. Der bygde han hus oppå og laga til fint i kjellaren. Der hadde me rugemaskinane. Me måtte snu egga kvar dag, 1200 egg. Men det var berre leik og moro. Kva me levde av, veit ikkje eg. Eg fekk 500 kr. av far. Eg tok berre 100 av desse, dei andre 400 betalte eg gamal skuld på handelslaget på Dirdal med. Eg tykte det var skamleg å ha skuld.

Me var i skulehuset i 5 år. Det var ei stor stove og ein skut med sementgolv. Der sette han i eit glas og laga eit stort skap inn under, so nokre fjøler til kjøkkenbenk og ein liten benk som me hadde primusen på. Og så bygde han opp eit langt hønehus. Då det leid så langt at hønene tok til å verpa, gjekk det betre og betre. Me hadde jamt 400 høner, 60 øre kg for egga. Men so var det slik den gongen at når hausten kom, var der ikkje egg. Då tok han til å ruga so tidleg på året at hønene vart i full verping i september- oktober. Då fekk me 260 kr. for egga.

No hadde me fått 2 jenter i skulehuset, so det vart helst trongt. Me sparte pengar til hus. Me sparte alvorleg. Han såg i bladet at det var ei stor brakke til salgs i Bjergsted i Stavanger. Det hadde visst budt 16 familiar der og brakka var 25 år. Han baud 2100 og brakka var vår. Men so var det eit slags sunnhetsvesen som meinte at brakka måtte røykjast. Dei klinte papir rundt alle glas og røykte so brakka. Det kosta mykje meir enn det me hadde gitt, men det var trygt og godt å vite at ho var røykt. Eg trur det gjekk 20 år før eg såg ei vevkjerring i huset. Det var heller inga lukt i huset. So fekk han med seg mange mann og reiv ho ned. Det var ikkje arbeid å få for dei som reiv, dei var med og reiv berre for kosten. Dei hadde det veldig morosamt og. Bertel Gilja køyrde materialen, han hadde lastebil. Lass på lass, lass på lass. Mykje selde han og, for brakka var så veldig stor. Då det leid til mai, var dei ferdige.



Odd, Sigbjørn og Ingrid Gilje, leikar med heimelaga bil. Odd og Ingrid er barn av Berte.

Materialene var skitne. Her er ein velsigna bekk som renn gjennom Giljagarden. Han hivde uti golvbord og lembord i bekken. Dei låg i bløyt eit par timar. Eg tok på meg store gummistøvlar og stod i bekken med ein stiv skurekost. Eg vaska kvart bordet. Det eg ikkje vaska i bekken, det vaska eg med bytta og filla. Men så veit eg Lodvig Kvitaland kom forbi. "Du må koma deg opp or bekken, du blir helselaus", sa han.

No var den største 7 år, Guri 4 år og Aslaug 1 år. Me hadde og to halvgamle bygningsfolk som bygde opp huset. Grunnen fekk me utgraven og støypt på dugnad.

Ein søndag sat me oppå Mulebakken og ungene sveiv rundt, men den minste hadde eg i fanget, det var Aslaug. So såg me ein mann som kom leiande på ei fin ku. "Spring ned og kjøp denne kua", sa eg til Sverre. Han sprang ned og kjøpte kua for

300 kr. Me fekk setje den i fjaset til farbror Torstein til å begynne med, og so fekk ho gå på beite saman med hans. Der me bygde huset, fekk me kjøpa tomta av han, og so eit langt stykke mellom vegen og bekken. Der var det so armt at grusen låg opp i dagen av og til. Men so gjødsla me det opp med hønegjødsel. Kan tru kor det blei grønt og tjukkare år for år! Der beita me kua seinare. Nedi enden var det eit stykke som var dyrka, det slo me. Me hadde henne nok 2-3 år hos farbror Torstein. Ein kveld eg skulle gå og mjølka, var det so ruske ver ute. Eg sat og las i ei gild bok, so eg sytte so med å gå ut. Men so gjekk eg då endeleg. Då eg hadde mjølka kua, kom eg på at eg ville sjå om kyllingane til farbror Torstein. Han hadde dei i eit rom attmed fjaset. Dei brukte ei parafinlampe å varme opp med. Med det same eg lukka opp døra, stod eldslogen mest ein meter opp i veret. Eg skreik og ropte på farbror Torstein og drengen. Dei kom springande og fekk sløkt elden. 50 kyllingar var daude,

men det var mange som levde etter. Hadde eg vore der på den tid eg brukte å mjølke, so hadde sikkert heile fjøset og løa brunne opp. Denne gongen gjekk det godt.

So bygde dei på huset, og eg heldt mat til bygningsfolka. Sverre var og med. Han var vel so god som dei andre. Me bygde to stover, den eine 4 x 4,30 og den andre 3,75 x 3,75. Me kunne hatt dei mykje større, men eg trudde aldri me fekk møblar so me kunne trenge dei større. Me bygde og kammers, stort kjøkken og gang, og likeins ovanpå, 2.etasje altså. Me hadde skifer på taket. Eg rekna som so at taket blei like dyrt som om me hadde berre halvanna etasje. So bygde me to, og det har me aldri trega på. No var huset ferdig. Det var ein tømmerstokk i grått, ein blå, ein grøn osv. Eg fekk ein bymann som var heime i ferien til å strekkja taket i den største stova. Då arbeidde Sverre i Hunnedalen. So måla eg taket, og det blei veldig fint. Eg tapetserte veggene beint på tømmeret, målte golvet og so arbeidde eg eit bord slik firkanta med føtene på endane og ei bordplate til nedunder. Eg gjekk opp på saghuset til farbror Knut, og so saga han fine, runde hjørne. Dette bordet måla eg brunt, og hadde ein annan farge og laga glasure. Dette bordet kunne ingen sjå var heimelaga utan dei som visste det.

Eg måla den litle stova med grå vegger og kvitt tak. Kjøkkenet måla eg gult med blåe lister, kammerset grønt og gangen grøn. Serina syster mi, kom og hjelpte meg ei veke. So kjøpte eg gardin, dei kosta 15 kr. i den litle stova og 20 i den store. Me hadde eit bord og ei seng, ein kommode og ein ruggestol då me flytta til Gilja. Sverre arbeidde stolar og ei seng til, og divan og eit mindre bord som me hadde i skulehuset. Eg fekk 100 kr. av Paul. Han var meieribestyrar då. Eg kjøpte to korgstolar, og tykte me hadde det so fint i skulehuset. Der var to store glas med 4

ruter og 4 på tvers, 2 veldige glas. Eg hekla kappar med roseblomar, 50–60 cm breide og kongres på sidene. Eg hadde blomar i alle vindaugo. Me hadde to senger på langveggen, divanen i brystet, kommoden i hjørna og korgstolane på kvar side av bordet, som stod mellom glasene. Spisebordet stod midt på golvet. Og so eit teppe på golvet. Eg må seia eg trivdest ingen plass betre enn i skulehuset. Det var so nær vegen at når eg sat på trappa, kunne eg snakka med alle som gjekk forbi. Men det var ikkje så mykje folk då som no. Eg hekla sengeteppe på begge sengene.

Der var ingen fleire unge koner på gardane, so dei gamle kom til meg, og det likte eg godt. Eg hadde ein gong spunne og spøtt 4 store sokkepar til Sverre. Ulla hadde eg fått av Peder bror min. Så kom det ei gammal kone på over 90 år og såg sokkane som var vaska og tova og hang bakom døra. Ho gav meg mykje skryt. Eg sykla til Oltedal og fekk kjøpt billege stuar og ulltrikotklutar. Gutana brukte korte bukser i den tida, og eg kjøpte stuar til guten Torstein for 25 øre stykket. Eg kjøpte 8 stuar av sjeviot og nokre av tjukkare tøy. Eg sprette sund ei gamal hua til Sverre og sydde ei ny til 25 øre.

Me flytta inn i huset. Her var so stor kjøkken, og ikkje kom eg på kor det var alt, det var so nytt. Eg blei trøyt då eg kokte i det store kjøkkenet. I skulehuset var det berre eit par steg.

Den første påska me var i huset, fekk eg influensa. Då var Aslaug 2 år. Eg blei ikkje god att, var slapp og sveitta mykje. Doktoren sa det var nervane i kroppen som var sjuke. Eg kom på sjukehuset og der tok dei mandlane. Dei sa dei var forgifta, for eg hadde hatt svull i halsen mange gonger. Eg reiste heimatt og trudde eg skulle bli god. Eg låg eit halvt år. Syster mi var her, og so leigde dei ei



Berte med dattera Aslaug.



Opptak av stein, med steinbukk. F.v. Rasmus Dirdal, Guri, (g. Lima) Torstein og Sverre Gilje.

jente heime. Då eg kom meg opp, gjekk det eit halvt år før eg var so nokonlunde, men eg klarte meg sjølv med maten og oppvasken. Syster mi kom hit av og til og velte ut. So gjekk no tida sin gong, og eg blei god att.

Sverre hadde dyrka utfor huset. Det var den verste steinplassen på heile moen. Eg planta 2–3 forer med jordbær. Venninna mi sa at dei kjem ungane til å trø sundt og eta opp kvart bæret. Men det blei ikkje slik. Eg trur det var andre året eg sylta 60 liter jordbær, og so hadde me ete godt og. Ungane kom aldri og trødde i jordbæra, dei fekk dei bæra dei ville ha. Ja, ja, so var eg frisk att då.

Me kom på at me skulle gå på Helgefjellet og henta molte. Me gjekk til Stakvik laurdag og skulle liggja i ei hytte dei brukte før då dei dreiv smalen til heis. Dette med dei vonde oklene fylgde meg. Eg hugsar ikkje at eg kjende noko så lenge eg var ung og vaksen og var heime. Men no kom det viss eg gjekk mykje om sommaren. So gjekk me då opp Brekka, og det gjorde vondt i kvart steg. Det var det finaste ver, me hadde berre med eit ullteppe som me hadde på ungane. Eg hugsar ikkje at eg for, men eg hadde så vondt i oklene at eg måtte ut om natta og halde føtene i Brekketjørna. Om morgonen

tok me ut att. No skulle me på Helgefjellet. Me gjekk og rundsa der og leitte etter molte. Eg trur me fann 5 liter. Så skulle me heimatt. Då me kom til Brekka, var der ein snaugnaga voll der. Me sette oss der og åt, hadde litt sukker på og klemde sund nokre molter og hadde på skiva, og kvilte so godt. Då eg skulle til å gå att, var eg heilt god i oklene. Eg var god i oklene i 4 år, og kjende ikkje noko til det eg hadde.

So kom eg på at eg og Guri skulle gå opp Tjelman og sjå etter molte. Me fann lite og ingenting. Me gjekk ned Brekka og sette oss til å eta på same plassen. Då eg skulle til å gå, hadde eg vondt i oklene, og sidan har eg hatt det, helst om sommaren. Eg brukte og gå med sko med halvhøg hæl. Men no har eg gått på nokre flate innesko, so eg kjenner berre litt vondt i oklene. Dette er den reinaste sanning.

Ja, eg var frisk i 10 år. Då fekk eg Ingrid og Odd. Ingrid er på Madagaskar. Ho er gift og har 4 born. Mannen Dragsund, er sivilagronom og har styrt Tombontsoa jordbrukskule på Madagaskar nokre år. No reiser han rundt, og plasserer ein tidlegare elev på kvar plass, 15 i alt. Dei skal læra dei andre å dyrka jorda på ein god måte. Når dei

kjem heim til jul 1981, har dei vore ute i 9 år. Ingrid er 38 år og han 40. Dei skal vere i Norge så ungane kan gå på skule her.

Odd er 35 år, bur ovanpå og har 3 born. Aslaug døydde 34 år gamal frå 4 små born. Doktoren sa at ho hadde det i bukspyttkjertelen. Ho hadde fått det av ei sprøyte då ho ordna alle tennene. Me fekk leggja henne i Guds hand, elles veit eg ikkje kor me skulle klart det. Aslaug døydde 8. august 1971. Sverre døydde 26. februar 1972. Guri er gift og har 3 ungar. Og Torstein, den eldste, er 51 år. Han fekk garden av farbror Torstein og har 6 ungar. 4 er vaksne, 1 er gift og 2 forlova.

No kunne eg gjerne slutta det av, men eg har hug til å skrive noko til. Eg hugsar frå eg var liten at me ikkje hadde andre leikar enn dei me laga sjølv. Serina var flink til å lage filleballar. Ho klemde i hop fillene og batt masse tråd rundt. Dei brukte me då me slo ball, og dei brukte me å hiva oppå hustaket. På taket var det pannestein. Me heiv ballen opp på taket og so trilla han ned. So tok me han. Dette var veldig gildt. Men ein gong me heldt på med dette, so tok eg til å skryte av at eg aldri hadde fått ris. Eg erta Serina med dette ei stund. Men so fata ho sinne, fann seg ei bjørkegrein, drog meg ut i hagen bakom trea. Der fekk ho ned buksa mi og slo noko reint forferdeleg. Eg sette i å bølja og skrika, det var so vondt at det var fælt. Eg skreik og higsta lenge. Men då eg var god att, so sprang og hoppa eg og sa: "Det sæte ingenting når du har gjort det. Det sæte ingenting når du har gjort det".

Som regel var Serina snill, men ein gong me vaska opp seperatoren til morgons, so sa ho at viss eg drakk ein kopp med oppvaskvatn, so blei eg so stor. Eg sette i meg ein kopp oppvaskvatn, men eg kjenner ennå den vonde smaken av vaskefilla, og ho var sikkert

ikkje rein, og so separatorsmaken. Det var vemmeleg. Ho lo til meg, at eg kunne vera so nauten.

Me var i det nye huset då krigen kom. Ein morgon eg stod opp, så aula det med bilar, det var folk frå Stavanger, trur eg. Til oss kom nokre jødar. Det var Fein med kone og dotter. Rabinovits med kone og son og ungvona og ein liten gut. Ja, dei kom nok ikkje første dagen. Dei budde oppe, og var svært gilde og greie. Me visste ikkje om det då at dei drap jødar i Tyskland. Dei var hos oss heile sumaren. Dei var vegetarianarar, so nær som Fein. Han kjøpte mykje grisekjøt av ein som hadde slakta. Son til Robinovits heitte Israel og kona heitte Rebekka, dei hadde ein liten gut. Kan tru Rebekka var fin! Ein gong Israel hadde vore i byen, so pynta ho seg opp til han kom att. Ho hadde ein blå kjole med sølvspenner.

Ein gong hadde Torstein eit kje. Han batt det borti lia, for det gjorde mykje vondt i hagen. Det hoppa opp på ein stein og datt ned, så det hang etter tauet og var kvalt. Men so var Sverre snar og stakk det so heile blodet rann av det. Eg steikte ei stor steik, det var det finaste kjøt. Eg smaka på det, men eg måtte bort i glaset og sputta det ut. Me var so glade i dette kjeet at me kunne ikkje eta det nokon av oss, me åt smør og eple. Men so kom Israel frå byen. Eg gav han det, han åt med god appetitt. Det kom nokre byfolk som hadde vore her før. Dei fekk resten av kjøtet.

Det var ikkje so rart for oss i krigen. Me hadde ikkje noko å slakta, men so fekk me oss griser om sommaren. Dei fekk mjølk, poteter og masse gras. Eg fann ut at viss grisene fekk mjølk, so åt dei masse gras. Ein gong hadde me ein gris. Han hadde berre fått 50 kg grisefor, resten avfall frå huset og gras. Han vog 115 kg då me slakta han.



Ivar Espeland hjelper med skurtresking. Berte og Sverre forpakta garden av broren Torstein i mange år. Frå venstre: Magnus Gilje, Karstein Øvstebø, Ivar Espeland bak, Birte Gilje, Odd Gilje, Torstein Gilje(Moen) bak, Ingrid Gilje (g. Dragsund), Sigfrid Gilje m. Svein og Tom Espeland på sjølobindaren.

Elles pleide me ha to. Og då me slakta dei, so selde me den eine og hadde såleis den andre gratis.

Til slutt kom lensmannen og sa til jødane at dei laut reisa ein annan stad, for han hadde fått bod om å sende dei til Tyskland. Det var so synd på dei, men eg ana ikkje då kva som venta dei.

No arbeidde Sverre fleire senger, og so hadde me påskefolk i mange år. Berre gilde folk. Siste gongen var her 5-6. Dei kom sundag før påske. Her var skodderregn og grått kvar dag. So hørde eg at dei vart ueinige og sinte på einannan innbyrdes. Skjærtorsdag middag kom ein ned og sa dei ville reisa. Og so var eg ikkje so dyr. Eg skulle ha kr. 2 for døgnnet av kvar. Han hadde ringt til lensmannen

og spurt om det var lovleg å ta so mykje, men det var avtalt i førevegen. Han sa dei kunne fått ei hytta for kr.1 for døgnnet. "Var der kvite laken å liggja i ?", spurde eg. "Nei, der var ikkje senger ein gong". Men likevel var han sint og rakka meg ned for eg var so dyr. Sverre sat inne i stova og åt middag. Eg tykte han kunne kome ut og sagt eit ord han og. Men han var slik, han skulle aldri leggje seg oppi noko, alle støytane måtte eg ta åleine. Så betalte dei berre for den tida dei hadde vore. Dei hadde leigt for heile påska. So reiste dei. Men so snart dei var utkomne, kom sola fram og det vart det finaste ver heile påska. Då eg kom inn, sa Sverre: "Du skulle berre lete dei fått det for ingenting". Då vart eg sint, eg hadde hatt slikt arbeid med å lage til alle sengene. Eg sa: "Aldri meir påskefolk". Dette var mange år etter



Kulturveka -83. på Dirdal skule. Berte fremst, og Taletta Gilje viser karding og spinning.

krigen, og no var ungene vorte so store at dei måtte ha roma sine sjølve. Men aldri før hadde nokon vore anna enn snille.

Ja, tida var ikkje so rar framigjennom. Eg fekk ost heime på Espeland, bytte dette på Oltedal og fekk att dresstøy. Dressen sydde eg sjølv. Eg sydde dressar til Sverre, og alt til dei andre og vel so det. Då Torstein skulle

ha konfirmasjonsdress, reiste me til byen og kjøpte dress. Denne dressen hadde Torstein til findress til han var 20 år. So sydde eg ein dress som han brukte då han gjekk på handelsskulen. Torstein gjekk handelsskulen. Guri gjekk eit 10 vekers sumarkurs på Solborg. Aslaug gjekk husmorskulen på Sømme. Ingrid gjekk sjukepleien. Odd var so flink på skulen. Han fekk S i rekning, so

Sverre ville han skulle teke skule, men han ville ikkje for kameratane hans ville ikkje heller. No har han køyrt shovel i alle år, det likar han, og so tener han godt. Og eg, no får eg pensjon, og har aldri hatt so mange pengar på langt nær.

Men no er eg åleine i stova. Aslaug og Sverre døydde frå meg. Det gjekk so fort. Det var berre 3 veker frå me visste at ho var sjuk til ho døydde. Sverre skranta eit års tid. Han hadde lite hug på mat, men var ikkje akkurat sjuk. Han kom på sjukehuset for lungebetennelse og var sjuk berre 2-3 dagar. So har eg takka Gud for at dei slapp å lida. Når Gud ville det slik, so fekk det vera so.

Eg likar meg ikkje so godt åleine, men når eg er so god at eg kan gå ut, so er det ikkje so verst. Eg tek meg ei stripe av og til og får snakka med folk. Elles har eg mange interesser og hobbyar. Eg begynte å måla rosemåling då eg var 36 år. Det var i 1940 etter at eg hadde vore sjuk det året. Eg har hatt mange gonger plunder med nervane i kroppen, sveittar og frys og må byta om nettene. Då eg hadde jente heime, fekk eg det som regel i februar. Eg sa eg måtte liggja, men då eg kunne stå opp, gjorde jentene arbeidet og eg kunne sitja med handarbeid. Då vart eg god att til jonsok. Dette hadde eg i fleire år. Men når jentene var borte, måtte eg arbeide so snart eg kjende meg betre. Då fekk eg det gjerne att. Men so hadde eg trua for at eg ikkje var so verst. Nå er eg so god som eg ikkje har vore på 2 år. Eg har daghjelp ein gong i veka. Eg har ikkje lov til å arbeida. Sverre dreia fat og tallerknar som eg rosemåla. So kjøpte folk dei og sende dei til Amerika. Eg måla over 100 lamper. Det var eit bilete av Giljastølen med vatn og fjell og stølshus på ei slette. Torstein laga foten og monterte det. Foten var ei treplate med ei reve i som eg sette glaset fast i. So måla eg lyspæra bakom og blågrønt på vatnet. Det

skein so fint raudt på himmelen og blågrønt på vatnet. Desse var svært populære ei stund, og trefata og for. Det var ikkje noko å kjøpa i krigen og etterpå. Eg tok 24 kr. for stykket, det var visst nokså beskjedent. Men desse pengane kom vel med for å kjøpe klær til ungene. Eg har sytt mykje hardangersaum til meg sjølv og borna. Og so har eg hekla mykje og spøta.

I krigen både spann eg og spøtte heile sokkar og undertrøyer til dei minste. Eg spann kvit lamull, kan tru dei blei fine. Ja, som sagt har eg det berre godt og fint. Lever på tablettar, men det gjer så mange i dag. Har prøvt å minke på dei, men nå tek eg det eg skal og er so god at eg er takksam.

No kjem eg på at ysteribestyrar Tore Håland i Byrkjedal ringde til Sverre ein gong og spurde om han ville skava rogn og gje kua skav. Me hadde garden ei stund etter at Torstein fekk han, for han var so ung. Ja, dette gjorde Sverre med hugnad. Han tok ein boks med kulort og sende til Andreas Ropeid. Dette klaffa visst svært godt. Eg veit me fekk ei bok frå Andreas Ropeid med bilete av mange ting frå Bygdøy museum. Dette lika me godt. Me var ganske ukjende for Andreas Ropeid.

Og so kan eg til slutt fortelja at eg er faster til Velle Espeland. Bror min Odd, bur i Sør Fron i Gudbrandsdalen. Og Velle Espeland er eldste son hans. Eit fint menneske. Eg har alltid hatt godt mot, og det har eg enno.

No har eg skrive dette i ein fykande fart, og det var nok litt meir eg kunne hatt med.

Gilja, 6.2.81. Berte Espeland Gilje



Auestad sett frå riksvegen. Bilete er tatt første halvdel av 30-åra.

Borghild Idland

Eg heiter Borghild Auestad Idland og er fødd 16.8.1914, 16 dagar etter første verdskrigen tok til. Det er ikkje mykje eg minnest om den, berre det at me koka noko me kalla maisgraut, den var gul og fin og eg minnest eg tykte den var god.

Men fyrst noko om sjølve husa. Dei låg på en liten avlang haug, slik at det var alltid turt rundt husa. Bakom var ei dyld der det alltid rann vatn når det var flaum. Eit stykke opp i bakken bak husa, var ei vassåre slik at me hadde kjelde der. Me hadde vatn i fjoset der i frå. Det var ikkje nok fall til å få det inn i heimehuset. Og ikkje hadde me pumpa heller, så me bar alt vatn inn. Anten frå kjelda eller fjoset. Om vinteren bar me alltid frå fjoset, men om sommaren var det kvikkare å springa åt kjelda og dyppa bytta der.

Det er himmelvid forskjell på husa no og då. Det var ikkje bislag hjå oss som hjå dei fleste andre. Seinare bygde far til eit, men

det var ope, utan dør. Hjå naboen der sør hadde dei dør i, det såg så godt ut, for då snødde det ikkje inn når det var rennefokk.

Me kom inn i kjøkkenet, det var likt i mest alle heimar den tida. Kjøkkengolv et heima var mursteinslagd. Hjå ein av naboane var det gråsteinsheller på kjøkkengolv et. Der hadde dei og gruva enno. Den var kasta ut alle andre stader. Men dei fleste plasser hadde dei rådd seg til tregolv på kjøkkenet og.

Rett fram var døra til mellomstova og farmor. Til venstre gjekk ein liten gang inn til stova og spiskammerset, det var tregolv i gangen. Til høgre var det og ein gang med tregolv, der var døra til "buo" eller bestestova, og dør til torvsvola.

Der var og trappa opp til loftet. Under trappa var nedgang til eplekjellaren (potetkjellaren). Det var ikkje kjellar under heile huset, bare litt under buo til epler, og så heilt i andre enden av huset under halva stova, men

der gjekk me inn utanfrå, frå framsida. Der hadde me sumtid høns eller veren stod der. Der hadde me rugemaskinen då me kom så langt at me fekk den. Der var bare jordgolv i begge kjellarane.

Buo var bygd på seinare enn det andre. Karen Skurve sa det var gjort mest alle stader. I mellomstova var det hogge inn årstallet 1119, men det må ha vore brukt timber, kjøpt frå gamle hus som andre reiv ned. Dei gamle sløsa ikkje med noko. Det var lange vegar etter timber.

Alt det eldste var øksa timber, bare i buo var det saga og høvla. Det var og lagd på 2-3 stokkar, og taket vart lyfta då dei bygde på buo. Stovegolv et var avdelt med vegg og dør. Der låg me borna når me vart større, det stod jamt 3-4 senger der. I stoveloftsgolv et var "strydeholet", det var eit lite firkanta hol med ei luka over. Vart det for varmt i stova eller røyk, lyfta dei av luka så det steig opp på loftet. Det var lunt og godt på stoveloftet når me fyra godt i ovnen i stova.

På mellomstove og kjøkkenloftet stod kjøttkjæra og me oppbevarte sko og klede der. Bualoftet var plassen for mjøl og flatbrød. På eit langt bord midt på golvet var dette plassert. Bordet var ei stor plata laga over 2 tomtønner. Det var plassert slik for at ikkje rotter og mus skulle ha så lett adgang, men det hendte nok dei kom seg opp dit allikevel.

Det var ikkje rare møblene heller den tid. Ingen av dei som vaks opp i dag kan tenkja seg og forstå slik me budde og hadde det. I kjøkkenet hadde me både rund og firkanta komfyr. På den runde låg som regel bakstehella, men me hadde og stor kleddegryta som me bruka å koka klede i og varma vatn til kledevask. Om sommaren mura me til ei lita gruve og vaska kleda ved åa (elva). Me skylde kleda i åa og, berre om vinteren når det var frost, skylde me kleda i fjoset. Den

andre komfyren med firkanta hol var for koking og med bakarovn. Så mor og faster baka krans og døler til jul. Døler likna kokusmakaroner. Hjå ein av naboane hadde dei ikkje steikjeovn, så ho måtte gå til andre når ho skulle baka. Faster hadde heller ikkje steikjeovn, så dirfor baka mor og ho alltid saman.

Det var og 2 kjøkkenbenker, dei var innelukka med dører, men ikke skuffer. Det kom mykje seinare. Det var ein liten kjøkkenbenk attmed komfyren. Der stod separatoren, og inni den hadde me separatoren når den ikkje var i bruk. Det var en lang benk under glaset. Der hadde me grytene, såpepulver og grønsåpa. Ja, og så pussesteinen. I spisskammeret var det "kjelar" hyller rundt veggene. Der oppbevarte me all mat utanom kjøtt, mjøl og flatbrød. Der hadde me og alt steintøyet.

Pussesteinen er eit kapitel for seg. Du veit me hadde ikkje bestikk av rustfritt stål den gongen. Nei, dei var av jern både knivar og gaffler og dei måtte pussast kvar dag. Til det var det pussesteinen skulle brukast. Den låg på ei lita fjøl, så skava du av litt av steinen med ein kniv. Me bruka ein kork og duppa først i vatn, så i steinpulveret og pussa. Skeiene var anten sylv eller aluminium. Du verda så leie me var av den pussinga. Pussesteinen kjøpte me, den var avlang og firkanta litt mindre enn ein murstein. Den var raudbrun på let. Den må ha vore laga av sand med eit bindemiddel. Det var stempla eit eller anna på den, men eg minnest ikkje kva det var. Me hadde ikkje vaskebalje for oppvask, nei, det bruka me ei av grytene til. Og alt vatnet bar me ut og tømde i mittingo. Mittingo var rett bak yttradora.

I stova hadde me klaffabord framføre glasa. Det var to 2 fags glas i stova og buo. I mellomstova var det et 3 fags glas. I stova og på loftet var det nyare glas, der var rute- ne 12x16 tomar, det var store glasruter den

gong. Dei andre plassene var rutene mykje mindre. Me hadde ikkje brystglas, det hadde dei mange andre stader, endå me hadde ikkje skutar i endane på huset.

Til venstre innfor døra stod storasengjo, alle ektefolk låg i stova i den tida. For enden av storasengja stod sokkaskrinet. Der låg sokkane til oss alle. På brystveggen stod vogga, slagbenken (uttrekksbenken) i den låg nokon av borna. Og ein komode som mor hadde kjøpt seg som jente. Under eine glaset stod forsetet, til høgre var omnskråa, der stod litlestolen, ein vanleg stol med avsaga stolbein. På den sat dei når dei reiva ongane. I kråa ved mellomstovedøra stod litlasenga. Der låg eg det første eg minnest. Sidan vart den flytt ut i mellomstova og eg og syster mi låg i den i lag med farmor. Når me vart større, flytte me på loftet. Eg trur me må ha flytt på loftet alle me 3 eldste på ein gong. Eg var fælen av meg, så eg låg nok ikkje der åleina. Mens me var så små at me låg nede, hadde dei enten jenta eller slåttekar om sommaren, då låg dei på loftet. Farmor hadde ein stol og eit bord utanom senga i si stova.

I buo hekk alle helgakleda på veggen, og der stod logakista med alle kvitlane, bolane og underkleda. Der var eit rundt bord midt på golvet med 4 pinnestolar, det hadde mor og far fått i bryllaupsgave. Og så ei seng og ein rosemåla kommode, det var alt i buo. Det var 5-6 pinnastolar i stova. Den rosemåla kommoden til farmor skulle eg arva for eg heitte etter henne. Den hadde farmor fått laga da ho var jente. Det var morbror åt mi mormor som hadde laga den og rosemåla den. Årstalet på den er 1866, og eg har den enno.


Det var ikkje rare greiene av møblar som de ser. Alt var uendeleg spartansk heima, men mor hadde kjøpt eit julehefte ein gong ho var på Sandnes. Der var mange fine reproduksjonar av kjende målarstykke. Dei

fekk ho ramme på og hengde på veggene. Der var 2 av Lars Hertervig. Orginalane heng begge i Stavanger kunstforening. Det eine er frå Hindal og det andre frå Skånevik. Det var alltid så gildt å sjå på dei. Me fekk brukte klede av dotter åt syskendebarnet til far, ho budde i Stavanger og hadde god råd. Dei hadde bil. Ein gong dei var med klede til oss, såg dei på desse bileta av Hertervig og ymta om at dei hadde vore gilde å ha i entreen. Far og mor tok og gav dei bileta. Enno den dag i dag kan eg ikkje forstå at dei ikkje kunne unna oss å ha det litle me hadde. Det var og et av den Hellige natt og et med Kristus med tornekronen.

Eg minnest godt då me fekk den første voksduken. Alle dei andre hadde fått føre oss. Det var statussymbolet den tid, som nok parafinlampa hadde vore den tid den kom, etter som farmor fortalde. Eg minnest og at på nokon av gardane fekk dei linoleum eller innlaid på golvet i stova. Det var svært til stas for dei. Me hadde filleryer på golvet om vinteren, då sopa me med lime dei lørdagane me ikkje hadde dei ut og rista dei, det var alt etter som veret var. Om sommaren hekk filleryene i løa. Det var vanleg å vaska golva kvar laurdag, ellers sopa me golva dei andre dagane.

Limane var laga av bjørkeris. Far lærte meg det. Alt riset frå skogen vart køyrd heim når dei var av etter ved. Riset vart hogd i passe lengder og me bruka det til å fyra under bakstehella og vassgryta. Me hadde lange la med ris ved vedhusveggen. Some tider reiv me lyng til å fyra med. Det var godt under bakstehella. Eg har vore med mor og faster på det.

Me samla og steinmose til å farga med. Og eg minnes godt kor fin brungul let det vart av mosen. Dei farga og potteblått, det var helst underkleda som fekk den fargen. Til potteblått bruka dei urin, så den vart



Heimelaga ballar.

samla i ei stor krukke på ei stund, til dei hadde nok.

Fjos og løa var forholdsvis nytt, det var bygd i 1912, så det var midtgang for foring og gjødslerenner bak båsane, slik som tok til å koma då. Men fleire plasser hadde dei endå så gamle fjos at dei gav med bytter i båsane, og rennene for gjødsel var i midten av fjoset. På eine sida i fjoset rett for inngangen hadde me dei vaksne kyrne som molka. Ja, nedst sto nå som regel stuten. På andre sida var det 2 hestabåser og resten for ungdyr. Somme tider hadde me delt av dei 2 nedste båsane og hadde griser der.

Me hadde mest alltid 2 hestar. Far var svært hesta-interesert. Eg minnest han var på Forus på travbanen med ei fylja. Det vart berre med den eine gongen, så det kunne ikkje ha gje`e så godt. Dei 2 eldste brørne mine var med. Den minste sa då han kom heim "Ja når eg verte stor, då skal eg på travbanen og då skal eg kjøra grapsande". Men det vart det ikkje noko av.

Eg lika ikkje når me hadde griser, då måtte me opp i garden til dei når me skulle skybla og eg var redd dei. Eg lika ikkje hestane heller. Dei dyra har eg alltid hatt respekt for.

I hevdafjoset hadde me sauene. Me samla lauv om haustane og breidde onna, og far kjørde inn torvmø og fin sand og blanda i lorten slik at det vart turt. Far laga det alltid slik at sauene tok til å lemma seint. Då kunne dei gå ute. Inne var det for liten plass.

Me hadde gjert av noko me kalla heima-marka. Der gjekk sauene om våren den tida dei fekk lam. Då var det for oss borna å vera fyrst å finna "boddo" (sjå lammet fyrst). Eldste bror min var alltid først oppe tidleg om morgonen og såg etter sauene. Me fekk 10 øre for enkle og 20 øre for tvillingar i boddeløn. Eg minnest eldste bror min kjøpte ball for boddelønna eit år. Skikkeleg kompaktball til å slå ball med. Det var gjevt å ha ein slik. Ballar var vel dei einaste ferdigkjøpte leikene me hadde. Men me hadde og heimesydde ballar. La meg fortelja korleis me laga heimesydde ballar. Me tok nokon filler som me "dolta" samman til ein ball, så fast og fint me kunne. Etterpå snøra me rundt med tjukk hampaband. Me "tvidla" hampabandet først, når me skulle snøra ballar med det. Nå snøra me fast og fint slik at alle kryssa vart, la meg seia på nordpolen og sydpolen. Etter det tok me farga ulltråd på ei stoppenål, og tok til å sauma rundt frå den eine polen. Ein sauma rundt kvar hampatråd slik at heile ballen vart dekt. Me sauma med forskjellige fargar så ballen vart stripet rundt. Dei vart ganske fine, men med lite sprett i. Kjøpeballane var det mykje meir sprett i så dei var mykje gjevare.

Hampaband fekk me knytte rundt alle varene me kjøpte. Gråpapir og hampaband eller påsar av gråpapir vart alt pakka i. Brøda låg lause i hyllene. Dei sveipa gråpapir rundt og batt hampaband rundt. Me tok vare på alt papir og alle hampaband.

Men tilbake til sauene. Me gjekk rundt og talde dei både morgon og kveld. Ellers sprang me rundt for å finna bodda. Om morgonen gjekk me med mjøl til dei. Det hende dei gjekk seg fast i Vikahølen, der var "søkkja" (henjemyr) som me sa. Me miste gjerne sauer på den måten om vårane. Andre gonger hende det at sauen ikkje fekk lemma med eiga hjelp, då sprang me det fortaste me kunne heim etter far.

Me hadde mange leikar. Inne sette me nepa, stal svin og selde lereft. Ute tok me på kapperten, det var helst på isen på skeiser. Slo ball, gjorde skuleball (veggball), bomma og gøynde, slo pinnen av tønna og jeppa.

Me gjorde og noko me kalla dondra. Det var mest som bomma og gøyma. Eg trur mest det var berre me som hadde sett eit anna navn på leiken. Ein stod mot veggen og talde til 100, medan me andre skulle gøyma oss så fort me kunne. Den som stod, skulle leita oss opp og springa og slå eit slag i veggen (dundra i veggen). Viss den som vart funnen var raskare å slå i veggen og seia "donn for meg", var han ikkje funnen og kunne springa og gøyma seg att når den som leita var ute på leiting etter dei andre. Viss nokon stod ved veggen, kunne andre av dei som hadde gøymt seg, springa fram og dondra for dei, og alle kunne springa og gøyma seg att. Dersom han som leita var sein, vart det vanskeleg å få alle samla. Somtid gav han som leita opp og ropa oss alle fram. Det var ikkje gildt å stå, gildast var det å gøyma seg. Somtid stod me etter eldsten. Me måtte alltid vera mange når me dondra. I ljose vårkveldar var det helst den leiken me bruka.

Å slå pinnen av tønna var noko liknande. Me la ein pinne på ei oppreist tønna, og slo med ein annan pinne. Den som slo skulle så springa og finna pinnen og leggja den på tønna. Dei andre skulle gøyma seg. Då var det om å gjera å ikkje slå hardt slik at du

ikkje trong så lenge å få den på plass, mindre tid fekk dei som skulle gøyma seg. Når du så fann dei du leita etter, skulle du springa til tønna og slå i den.

Jeppa gjorde me mykje om sundagane, når me var berre nokre få. Det var meir stillsleg. Då la me 2 steinar eit stykke frå kvarandre. Oppå dei la me ein liten pinne. Med ein litt lenger pinne vippa me så den pinnen som låg på steinane så langt me kunne. Så målte me med den lengste pinnen og talde kor mange slike lengder det vart. 1 lengde var 1 poeng. Neste gong skulle dei andre ta pinnen som vart vippa ut og prøva og kasta den inn. Helst skulle dei treffa midt mellom steinane då var me fadlne og andre tok over. Viss dei ikkje trefte, kunne me måla kor langt det var til pinnen frå steinane med den litle pinnen, 1 poeng for kvar lengde. Det var sikkert meir, men eg minnest ikkje, og eg er ikkje heilt sikker på om det eg minnest er heilt rett og i rett rekkjefylje.

Hueball var noko me gjorde mykje på skulen i friminutta. Då la me huene i rad, den som låg først, altså til venstre var keisar, så kom konge, dronning, prins, prinsesse, bonde og resten skittus. Keisaren måte ta til. Då skulle han eller ho hiva ballen i ei av huene, han kunne velja sjølv. Den som fekk ballen i hua måtte springa etter ballen og ta den og stikka en av dei andre. Stikka betyr å kasta ballen og treffa ein av dei andre. Trefte han ikkje vart han skittus og måtte bytta plass. Då rykte kongen opp som keisar og dei andre følgde etter. Trefte han var han fri, og det var den som var stukken sin tur, til å hiva ballen i hua neste gong. Det kunne skifta nokså fort frå keisar til skittusplass. Du veit det var alltid dei flinkaste som vart keisar etter ei stund.

Eg var ikkje så mykje med på alle dei leikane på skulen, eg var ikkje flink. Me var alltid 2-3 som ikkje kunne hamla opp mot

dei mange, me var på kjøt og flesk som dei sa, når me slo ball og ellers og.

Når me slo ball, var det dei 2 eldste gutane som valde kven dei ville ha med seg. Då tok dei alltid dei beste først. Eg og 2 andre jenter som var like gamle, vart alltid ståande til slutt. Når me slo ballen, var det ein som gav opp som me sa. Det vil seia hiva ballen i lufta slik at den som slo, trefte godt med "selstra" eit rundt eller flatt trestykke som var laga til dette bruk. Det var om å gjera å slå hardt, så ballen fauk langt. For alle som stod på rotta skulle rekkja å springa til ein stein som låg i andre enden av skulegarden. Rotta var ein stein som låg i den enden som me slo ifrå. På den stod me om me ikkje hadde slege ballen så langt at me tok sjangsen på å nå den andre steinen utan å bli stukken. Der rotta låg, var inne, alt utanfor var ute, og det var om å gjera å vera inne lengst mulig. Somme av gutane slo ballen så langt at dei raskaste rakk å springa både ut og inn att. Slo nokon eit fint lite slag kunne dei ute ta "hys", ta ballen i lufta, då vart dei inne. Viss nokon var rask å ta ballen og stikka og treffa ein av dei som sprang fra rotta, var dei inne. Det gjekk att og fram, men hadde ein berre dei flinkaste og raskaste på eit lag, kunne det laget vera inne eit heilt friminutt. Det var ikkje rart dei ikkje ville ha med oss som mest alltid slo hys. Eg trur ikkje det hendte at jentene fekk velja om dei var eldst. Når eg no ser baseball i fjernsynet, minner det meg om vår ballslåing.

Øvre delen av Figgjo renn mellom Auestad og Haraland. Der er ein liten høl, som det ofte var god skeiseis på. Omtrent midt i hølen er det ein stor stein som stikk godt over vassflata. På den laga me bål om vintrekveldane, og steikte heimelaga morrpylsa (innmat-pylsa). Den var ikkje lik den morrpylsa me får kjøpt i dag. Den var fast og fin og god å steikja på glono (glørne). Det

var sikkert mindre feitt i den. Den var svært god når me hadde den med oss slik. Når den var steikt på panna til middag, lika me den ikkje så godt.

Om søndagane og kveldane kom gjerne dei vaksne og var med på isen. Då var det ekstra stas. Men då kunne ikkje me minste vera med å ta på kapperten, då var me bare i veggen. Så då helt me oss i utkanten. Dei vaksne var så flinke og raske på skeisene. Far og mor var aldri med på isen, men nabone kom. Me hadde lange bakkar å renna på kjelke i, serleg på Haraland. Men då var det og tungt og langt å dra kjelken opp at.

Å setja nepo var inneleik. Då sat me på golvet i ei rad og ein gjekk bakom og tok kvar og ein på akslene og sa.

Eg sede mi nepa så trygt i jord, stokk og stein, fiska bein.

Ingen skal stela denne nepa.

Skal dei heller?

Me skulle svara ja, så gjekk han eller ho til neste. Svara me nei, fekk me eit slag på kjekjen (kinnet).

Å stela svin. Då sette ein av oss seg på ein stol, med eit eller anna i handa å slå med, helst ein sokk. Framføre seg hadde me samla alle dei skor me kunne finna. Så var det for oss andre å få tak i ein av skorne og stela den utan at vedkomande rakk å treffa oss med sokken. Når alle svina var stolne, sette me dei på plass att og ein annan tok over vakta. Trefte han som sat, oss med sokken, måtte me levera tilbake skoen (svinet). Slik byttes me med å sitja vakt og stela. Det vart mykje ståk når me heldt til med slike leikar, så det gjorde me aldri når far var inne. Mor var tolsam slik. Ho let oss ståka.

Me tok og blinningtjuen. Då rydda me til sides alt, sette stolane med veggen, slik at det var godt rom på golvet. Ein av oss fekk bind for augo og skulle ta ein av oss andre. Fekk han eller ho tak i ein og klara å halda han fast skulle dei gissa kven dei hadde teke.

Gissa dei rett var det den til å ta bind for augo. Gissa han gale var det å fortsetja.

Gøyma blyanten var meir stillsleg. Då skulle ein av oss gøyma, dei andre måtte utføre stovedøra i mens. Den som først fann blyanten, skulle gøyma neste gong, og det var om å gjera å finna den først. Dei gjekk til han som hadde gøymt og sa i frå når dei hadde funne. Alle måtte finna blyanten før neste mann fekk gøyma. Dette gjorde me både når me var berre me sjølve, eller når granneborna var her. Desse leikane bruka me om vintrakveldane eller når været var vondt så me ikkje kunne vera ute.

Eg var litt av ei "møa", var redd så mykje. Eg minnest mor var i kjøkkenet ein gong, så ropa ho på oss borna at me måtte koma ut å sjå eit ekorn. Det var eit i trea utfor kjøkkenglaset. Brødrene mine sprang og såg, men eg kraup under dyna i senga. Dei andre lo åt meg lenge for det.

Av første skuledagen er det ikkje mykje eg minnest, anna en at mor fylgde meg. Det var over 4 km og eg var åleine. Ei jenta på næraste nabogarden var fødd 24 des. same år som eg, så me var jamngamle. Ho fekk ikkje ta til på skulen med det same som meg, for ein måtte ha fylldt 7 år før skulen tok til om hausten. Det hadde eg. Men det vart ordna slik at då eg hadde gått nokre dagar fekk ho og ta til. Så me gjekk i lag i alle år.

Me hadde ein gammal lærar, det var siste skuleåret hans. Han hadde hatt mormor mi som elev dei siste skuleåra hennar, og mor i alle år.

Det er eit par episodar frå første skuleåret eg minnest godt. Læraren var av det slaget som skulle prøva oss og sjå korleis me reagerte. Kanske er alle lærarar slik. Han tok fram forskjellige plansjar av dyr og fuglar og spurde kva som feilte dei forskjellige dyra. Det var stilt i klassen, ingen svara. Så heldt han opp en plansje av storken og spurde om me kunne sjå noko som feila. Dei andre

tagde, dei eldste var kjende på han. Men eg skulle vera vise og svara: "Han he for lange føter!". Heile klassen sette i et brøl og læraren og lo. Eg hadde aldri sett en fugl med så lange føtter. Eg lærte å tia. Læraren minna meg på dette etter eg vart vaksen.

Den andre episoden eg minnest er om ein av gutane. Han og var førsteklasing. Me gjekk fleire årskull saman. I ein religionstime sa han at det var lygn det som stod i Bibelen. Då skulle du sett ein som reagerte. Læraren kom ned av kateteret og skulle ha tak i guten, men guten kraup under pulten. Læraren var gammal så det vart eit basketak for å få guten fram. Men det enda med at guten måtte lova å aldri seia slikt meir. Sidan har eg ofte lurt på kvar han hadde det frå, for han kunne ikkje ha kome på det av seg sjølv. Men han hadde eldre sysken. Eg trudde ikkje det var så mykje diskusjon om slikt rundt i heimane i den tida, men eg var nå så lita.

Dei første åra eg minnest må ha vore nokså sutalause heima. Tidene var nokså gode ei stund etter første verdskrigen. Og me var ikkje så mange då. I 1926 var me nå 7 born i alt. Det var vel frå då og ut over i førstninga av 1930 åra det var vanskelegast.

Det var lite me fekk, berre nokre måleblyanter. Teiknepapir var alltid innpakkingspapir, som kom rundt varene me kjøpte. Fekk me kvitt papir var det stas. Men jamt gjekk det på gråpapir. Det var ein ting som var gildt med gråpapiret, då kunne ein bruka kvit måleblyant. Dei andre fargane vart og annleis på gråpapiret. Teikna var gildt, når eg vart større var det mykje det eg sat med. Men då ville eg helst vera for meg sjølv. Då trong eg ikkje selskap. Når det var varmt nok, sat eg mykje på loftet med det. Me fekk inga skikkeleg undervisning i teikning på skulen.

Dei midtre blada i vekebladet Allers var til å laga små håndbøker av. Dei laga eg til, og tok vare på. Me fekk Allers og Hjemmet frå nokre slektningar av mor, når dei hadde lese dei. Desse små håndbøkene handla om kunst, musikk og litteratur, arkitektur og mangt anna. Det var dei om maleri og skulptur som interesserte meg mest. Ja, det var mykje dei håndbøkene eg kan takke mi åndelege utvikling for. Då lærte eg å kjenne «Mona Lisa», «Den blå gut» og alle dei mest berømte maleri i verda. Frå den om skulptur minnest eg mest «To mennesker» og «Fangen mor» av Sinding. Torvaldsens «Kristus» og eit av «Den gode hyrde». Den siste minnes eg ikkje kven som hadde laga. Desse tri teikna eg og tok ned i stova og hengde dei på veggen med teiknestift. Far skreik over seg då han såg 2 mennesker og dei andre ongene lo. Eg hadde ikkje sett noko gale i det, for meg var det berre fint. Men det var jo nakne menneskekroppar. Eg teikna dei med blyant uten å leggja farge på og skuggelagde, med svart bakgrunn. Du verda så stolt eg var når eg var ferdig med dei. Bileta av skulpturane var noko av det finaste eg hadde sett til då. Det var og bilete av «Tanken» av Rodin, og mange andre kjende skulpturar.

Det var og ei håndbok om opera, dei mest kjende. Eg las om dei, og ennå hugsar eg namna på mange av dei og ei del av handlinga i dei, og kven som har komponert dei. Ei handla om dei største diktarane, og dei eldste diktverka. Også fra den minnest eg ein del.

Men det var nok blada om malerier og skulpturer eg las mest. Ja, i det heile var disse vekeblada med og gav meg med på livsvegen noko av det beste for meg. Dei andre borna ensa ikkje noko slikt, og eg følte meg ofte utanfor, for eg var heller ikkje interessert i det dei var. Eg hadde ingen eg kunne snakka med om alt dette som eg var oppteken av. Far og mor kunne eg heller ikkje

snakka om slikt med, så eg gjekk mykje for meg sjølv.

Då eg hadde lært å skriva, måtte eg skriva brev frå farmor til dotter hennar i Amerika. Farmor hadde aldri lært å skriva. Heller ikkje kunne ho lesa vanleg håndskrift. Far hadde gjort det for henne tidlegare, men han hadde lita tid, så nå overtok eg. Dotter hennar, altså eldste faster mi var reist til Amerika i 1880 åra ein gong. Ho døde i 1926 og då overtok eldste dotter hennar. Sidan har me skreve jamt til einannan. Ho kunne ikkje norsk, men mannen hennar var norsk, fødd på Nese i Gjesdal. Han skreiv for henne. Farmor sat i senga og dikterte dei første breva. Farmor hadde dotte og bråte lårhalsen og kom ikkje or senga sidan. Far laga krykker åt henne, og han og mor prøvde å læra henne å gå, men det gjekk ikkje. Ho var for tung og krykkene var og for tunge, så ho ville helst sleppa det. Ho sat og låg i senga i 7-8 år til ho døydde i 1932. Farmor kunne berre lesa gotisk skrift. Ho hadde «Johan Arnt sanne kristendom» og Bibelen. Eg minnest det kom ein som selde bøker. Han hadde Kirkehistorie i 3 bind på gotisk. Far kjøpte dei til farmor. Desse bøkene las ho oppatt og oppatt. Ein dag hadde ho lese noko som ho ropa at eg måtte koma og høyra. Det var at Martin Luther fekk ris 15 gonger om dagen då han var barn. Stakkars han og stakkars dei som skulle pryla han. Dei kunne ikkje fått gjort stort anna. Seinare har eg nå lært å ta mykje av det som er skrive med ei klypa salt.

Skulen ser eg ikkje tilbake på med noko større gleda. Av og til kunne det nok vera nokre ljose stunder. Men stort sett var stundene helst mørke. Eg kunne lite med rekninga, matematikk heiter det visst i dag. Og det høyrdest ut som det var grunnlaget for alt liv. At eg lærte lesa held eg jamgodt med sjølve livet. Då eg vaks opp, las eg alt eg kom over. Nå er eg meir kresen.

Me lånte bøker i det litle som var på skulen. Den fyrste boka eg las heilt sjølv, var» Eline Vangen» av Jakob B. Bull. Eg fekk og frå bror åt første læraren min» Den gamle skulemeister». Ei av døtrene hans hadde hatt den, ho var død.

Frå det tidlegaste eg kan minnast har mor lese åt oss. Mor var flink til å lesa. Ho las Snorre. Den hadde far. Det var og innbundne gamle Barneblad i det litle skulebiblioteket. Dei låna me og mor las frå dei. Då samlast me borna under lampa med mor på ein stol i midten, og med minste barnet på fanget. Det var gilde stunder. Då var gjerne borna frå grannegardane og med. Eg var fæl til å lura meg til å lesa, mor sa at når eg las, kunne gjerne husa brunne ned over hovudet på meg utan eg sansa det. Eg fekk sakte skjenn når eg las og gløymde å gjera det eg var sett til. Far såg meir gjennom fingrane med det. Han hadde havt det på same måten då han var ung.

Far gjekk over Vindheia kvar preikesundag og lånte bøker. Biblioteket var i kyrkjestova den tid. Seinare då me fekk sykklar, sykla me til Ålgård og lånte bøker der. Eg trur det var Fabrikken som åtte det biblioteket, men det veit eg ikkje sikkert. Det var damene på sentralen som lånte ut bøkene. Då var sentralen i et lite rom i Storahuset og innføre der var biblioteket. Der lånte me bøker av Ibsen, Bjørnson, Hamsund og Jakob B. Bull, ja mange fleire. Storahuset var administrasjonsbygget til D.F.U fabrikken på Ålgård. Der var og posthuset den tid.

Eg minnest godt første skulekjolen min. Den var sydd av heimvove vadsmål og farga med steinmose. Den var fin gulbrun og hadde kjøpte rosete band rundt handleddet og på kragen. Seinare hadde eg ein høgraud vadmålskjole, den var nok farga med kjøpefarge. Mor og faster farga potteblått, då bruka dei urin og indigo. Eg minnest ikkje framgangsmåten.

Steinmosen samla me i regnver, den var lettast å få av då. Faster var med då og. Mor og faster arbeidde svært mykje i lag.

Men faster gjekk og rundt på mest alle gardane og hjelpte til med flatbrødbaking, kledevask og slakting. Me borna fekk ikkje sjå når dei slakta. Då måtte me halda oss inne. Då me vart større og kunne gjera nytta for oss, var me med når dei var komne så langt at vomma låg i dryptrauget (eit stort trau laga av ein trestamme). Då skulle me læra å hanka. Det var å dra ut alle dei tynne tarmene som me ikkje bruka. Seinare samla dei desse saman og selde dei. Eg veit ikkje kven som kjøpte dei. Så skulle alt feittet plukkast av tarmene og vomma og ein skilde laus tarmaringen, det var feitt som hang saman som ein ring. Dette kunne me borna godt gjera. I mens tok mor bort levra, lungene, hjarta og nedja. Nedja var og feitt.

Alt fettet vart brukt i hushaldet. Eg undrast ofte på det no når alt dette snakket om at me må eta lite feitt. Me var friske for det om me åt alt det feittet. Kanskje kom det av at me åt så mykje vassgraut og flatbrød, det inneheldt ingenting feitt. Så gjekk me meir, og me hadde ikkje så varme hus. Av den grunn bruka me vel fleire kalorier, slik at alt det feittet ikkje skada oss.

Tarmene vart skylde og vende og skrapa. Også det var arbeid for oss borna. Tarmene vart bruka til å ha morrpylsa i. Tjukktarmene vart bruka til blodpylsa. Jamt hadde me ein gris til huset attåt saueslaktet. Dei rekna ein sau for kvar vaksen i hushaldet. Det hende far slakta ein kalv til huset og. Storkrettur slakta dei aldri heima. Var det stuten som skulle slaktast, leidde dei den til Ålgård. Var det ei gammal ku som hadde vondt for å gå så langt, tok dei den i kjerra og køyrde ho av garde. Om hausten når lamma skulle slaktast, jaga dei til Stavanger trur eg. Eg minnest far tok telefon til "Issen" Adolf Idsøe og



Dette er der nord på Auestad i 1930 åra. Det er same hovudbygning som på bilete frå 1905. Uthuset på dette bilete er oppført i 1913. Stener hadde fotoapparat, eg fekk låna det ein søndag og gjekk over Vindheia og kom ned bak husa og tok bilete. Stener kalla det fram(som me sa) Eg fekk det forstørta, nei trur mest Stener gjorde det og sjølv. Han kunne mykje. Utan Stener og at eg kom til Hadland, hadde me ikkje hatt dette. Bilete er teke etter at Ola hadde begynt å stella hagen.

tinga bort lamma. Då lastebilane kom, vart det slutt på det.

Det var ein på Bue som hadde den første lastebilen som køyrde forbi oss. Den hadde så merkeleg ei burta. Me kunne høyra det lang veg når Buebilen kom. Gjesdal Forbruk hadde lastebilar og fabrikken på Ålgård. Alfred P. Kyllingstad var ein av dei første som kjøpte lastebil til å køyra for folk, så som slakt og ellers alle ting dei trong om. Seinare kom det fleire rundt i bygda. Alfred P. vart mykje brukt i dalen vår. Det måtte vore i siste halvdel av 20 åra.

Om våren eller tidleg sommar jaga dei sauene til heis. Eg var med far ein gong me leverte sauene på Madland. Den våren kunne han ikkje gå med dei sjølv, så ein av gjetarane tok dei. Då samla dei sauer frå mange

som ikkje kunne gå sjølv og jaga ei heil drift opp. Mykje av tida jaga far sjølv. Han hadde pipa liggjande, som han bruka på heivegen. Me borna såg aldri far røyka. Om hausten når drifta kom ned att og skulle skiljast, var me med til Grovigjo. Der var skiljegarder dengang. Ei tid skilde dei sauene både i Grovigjo og på Bjellandsheia. Eg kan ikkje minnast eg var med på Bjellandheia. Det var og sauautstilling om hausten i Grovigjo ei tid. Der selde dei brus og "søteple". Eg hadde aldri pengar å kjøpa brus for, så det smaka eg ikkje før eg var 26 år. Det var noko me aldri kjøpte. Brødrene mine hadde vore på stein og eplehenting (jordeple) så dei hadde pengar å kjøpa for. Og eg tigga ikkje far etter pengar heller.

Mangt har forandra seg i mi tid, både med klede og skor. Me hadde treskor til

kvardags. Men me slapp å gå på treskor på skulen, det var så lang veg. Det var for det meste Jonas i Skarsholen som laga treskor åt oss, og av og til Teodor Villasson. Far tok alltid tilsides treskobrann og anna trevyrke når han saga opp ved til vinteren. Under oppkjørsla i løa (me hadde oppkjørsel inne i løa) låg alltid et la med brann. Han skava av nevra og litt av barken for at den ikkje skulle sprikka når den turka. Litt sprakk dei nok alligavel (allikevel). Far køyrde til Skarsholen med turr brann, so var det for oss borna å gå og ta mål av føttene.

Ellers hadde me lersko. Noko liknande beksaumar. Lerskorne var til skulebruk. Gummistøvlar var ikkje komne då. Var lerskorne nye, heldt me oss turre på føttene, men var dei gamle og slitne kunne me verta våte i ruskever. Då turka me sokkane i skulestova.

Regnty fanst heller ikkje då eg var barn, iallfall ikkje for oss born. Eg trur far hadde ein svart fælt stiv regnfrakke som han bruka på heivegen.

I kledevegen var me ganske likt stilte alle i grannelaget. Det var ingen som skilde seg ut. Eg var eldst så eg fekk nå som regel nytt, men eg arva ein del etter yngste moster, ho var 5 år eldre.

Me fekk alltid nye sokkar til jul, ein skulle alle ha noko nytt til jul. Hjå oss var det jamt sokkar. Dei var farga svarte, og hekk på ein ståltråd som var strekt bakføre ovnen over murtavla. Du verda så varme og gode dei var når me drog dei på oss juledags-morgonen.

Me bruka ullbolar, ja i det heile bruka me mykje meir rein ull i kleda då en no. Me hadde livstykke med knappar i, til sokkebanda og til å knappa underbuksa på. Me hadde og underbukse med knyteband. Då kunne det vera vanskeleg nok om det kom "rabansknute" på banda. Underbuksene, det

første eg minnest, var sydd av bomullsflanell. Dei var lange og gjekk ned i sokkane. Om sommaren fekk me korte med blånder nede, men dei var knappa fast til livstykke. Det var når "springen" (strikken) buksespringen kom at det vart annleis med undertøyet.

Ja og så ikkje å forgløyma trikoten. Den var den største revolusjonen i kledevegen. Dei første såkalla springbukser sydde eg meg sjølv etter eg vart vaksen. Dei var av bomullsty og dei var svært kalde.

Seinare då me fekk nylonforsterka sokkegarn vart det mindre tid som gjekk med til bøting av sokkane. Det kunne ta mykje tid tidlegare.

Som sagt var det ikkje nokon skilnad på oss borna i kledevegen, den tid me gjekk på skulen.

Verre vart det når eg skulle "gå å lesa", gå for presten. Eg hadde dei same svarte ullsokkane då og, og med bomullskjole passa ikkje det. Nå såg eg dei som hadde det me kalla silkesokkar. Kor vel dei var av silke veit eg ikkje. Tidlegare hadde eg ikkje tenkt over det. Heima gjekk me utan sokkar når det var varmt, men me kunne ikkje koma utan sokkar ei gong slik, så det vart då dei svarte ullsokkane. Det var så vidt eg ikkje hata dei. Etter eg vart vaksen og tena pengar sjølv, gjekk eg aldri med svarte sokkar. Heller ingen av borna mine har hatt svarte sokkar.

Me jentene fekk som regel ny sommarkjole annan kvart år, eller når me hadde vakse or den gamle. Det var stor saumrom og stor fald nede slik at dei kunne "syst" syast ut og sleppast ned etterkvart som me vaks. Hadde tøyet falma, var det ikkje alltid så gildt. Var det rektig ille fekk me dei til kvardags. Eg hadde hatt 3 kåper i alt til året etter eg var konfirmera. Me hadde ikke jakkar. Ingen bruka det som eg såg. Når eg tenkjer på alle dei kleda borna har i dag, ja då var me eit u-land samanlikna. Ja Norge

var eit u-land den tid eg vaks opp. Ialfall etter begrepa i dag.

Dei første såkalla silkesokkane fekk eg av faster til konfirmasjonen. Eg fekk kvit kjole og kvite sokkar som alle dei andre til konfirmasjonen, men eg fekk ikkje lakkskor. Det fekk mest alle dei andre. Mor var redd dei ikkje ville vara så lenge. Eg måtte og nøya meg med låg hel. Mange av dei andre hadde høg eller halvhøg hel. Me diskuterte og kommenterte skor og klede, ganske mykje i den tida. Nå må eg helst le når eg tenkjer på kæ det kunne bety om helen på skoa var slik eller slik. Eg trur ikkje mine barnebarn er interessert i slike bagateller. Men så har dei fullt opp av både skor og klede. Ja meir enn dei strengt tatt treng. Mor og eg køyrde med hest til Sandnes, då me skulle kjøpa konfirmasjonkleda til meg. Det var ty til kjole, den var det ei dama på Ålgård som sydde. Kvite sokkar og skor. Det var alt. Underkjole fekk eg av mormor, ho hadde sydd den sjølv, med breie blonder.

Det var stallar for hestane mange stader på Sandnes. Mest kvar litt større butikk hadde stallar for hestane. På Ålgård var det Forbrukstallen og Meieristallen.

Eg fekk ikkje kåpa slik som alle dei andre. Eg hadde fått året før. Då var det sykurs på skulehuset på Kyllingstad og ei av mostrane mine gjekk der. Ho sydde kåpa til meg då. Våren etter var eg i Neseskogen og planta. Eldste bror min var og med. Dei pengane eg tente då, fekk far til kraftfor. Om hausten var mor på Oltedal og bytte i ull og eg fekk kåpety. Kven som sydde den kåpa veit eg ikkje. Den kåpa skulle vera for dei pengane far hadde fått om våren.

Så tidleg som råd var gjekk me berrføtte. Ja me lura oss nok til å springa berrføtte på varme dager, før me hadde fenge lov. Me spara mykje skor og sokkar med det. Om sommaren var me i åa og lauga oss kvar dag

når veret var til det. Eg lærte ikkje å symja, men brørne mine var svære til det.

Mine første minne knyter seg til ei av mostrane mine og eit søskenbarn som var mykje eldre en meg. Søskenbarnet tente hjå oss. Ho var dotter åt tvillingsyster til far. Ho køyrde mjølka til meieriet. Ein gong ho kom att frå Ålgård, hadde ho med 3 små sauer, som dei 2 brørne mine og eg fekk. Sauene var laga av tre og gips med bomull utanpå. Dei hadde sløyfe rundt halsen med ei lita bjølla. Det var dei fyrste gåvene me fekk. Eg trur det må ha vore til jul, men det veit eg ikkje. Mitt første minne om moster Magnhild, var at ein gong ho kom til oss, hadde ho glansrosar med til oss.

Begge desse døde i "spansko". Så mitt andre minne om dei er død og begravelse. Eg minnest mor sette oss borna bort til glaset så me skulle sjå når dei køyrde til kyrkja med moster. Bare far var i begravelsen. Mor og dei 2 brødrene mine var sjuke. Eg og far vart ikkje sjuke minnest eg dei fortalde seinare.

Eg minnest og svært godt den natta søskenbarnet døde. Far og eg låg på golvet attmed omnen. Mor og den største av brødrene mine i slagbenken, minsten i vogga og søskenbarnet i stora senjo. Ho var ringast, så ho fekk den beste plassen. Alle utan farmor låg i stova. Den natta ho døde, minnest eg at eg vart vekt og alle gjekk åt mellomstova og låg. Me låg på golvet alle, ja ikkje farmor sjølv sagt. Farmor og mor gret. Eg minnest ikkje at eg reagerte noko særleg på det, men eg undrast på at me måtte liggja i mellomstova og at faster var her midt på natta. Eg minnest og begravelsdagen. At det var mykje folk og at faster og dei andre gret.

Dette var mitt første møte med døden. 10 år seinare døde morfar og året etter ei anna av mostrane mine. Farmor døydde i 1931, då hadde eg mi første store sorg. Eg var svært knytt til henne, og ho var den

første i heimen som døydde, bortsett frå søskenbarnet, men då var eg så lita.

Gjesdal Forbrukslag hadde lastebil, og eg minnest avholdslaget på Kyllingstad hadde leigt den til ein søndagstur. Det var Søren Madland som var sjåfør. Margit på Kloppo var jenta hjå oss den sommaren. Eg fekk vera med henne. Det var det året eg fylte (vart) 7 år. Turen gjekk til Sanatoriet på Fjermedal i Bjerkreim. Det var og meieri på Fjermedal då. Dei fekk koka kaffi der. Ein frå Kyllingstad låg på Sanatoriet, og det var vel helst han dei skulle sjå om. Me køyrde og til Odlandstø, der sette me bilen, og gjekk til Hyttland. Vegen til Hyttland var fælt bratt. Ein sommar for nokre år sidan køyrde me dit og eg gjekk same vegen, eg kjende meg att, det var heilt likt som då eg var 7 år. Nå er det bilveg til Hyttland og me tok turen den vegen og. Eg minnest Søren Madland var flink til å syngja. Eg totte eg hadde vore langt og var svært krye av at eg hadde fått vore med.

Far ville alltid me skulle få vera med, og koma oss ut å sjå. Den dagen dei skulle opna jernbanen til Ålgård, tok far oss med då og. Det eg minnest best frå den turen, var at far og ein til gjekk inn i ei fin vogn med fine lenestolar og bord. Me borna dilta itte, men det var ikkje lenge før dei kom og jaga oss ut. Og så minnest eg det var så mange fine damer, med så fine klede. Det var fotside smale stakkar med jakke som var på mote då ,og dei hadde så fine hattar. Eg hadde aldri sett noko så fint.

Den eldste av brødrene mine var sjuk så han kunne ikkje vera med. Og eg minnest far var inne på forbruken og sa han måtte ha noko godt med heim, for det var ein av borna som var sjuk. Bestyraren fann då ei øsja med bombom (drops). Han sa til far at om han tok den, skulle han få den for ingen ting. Sjelvsagt tok far den. Øsja var halvfull av bombom, men dei var forsteina så ein

måtte slå dei lause. Bror min var så kry, og han hadde bombom i lange tider. Me andre snikte det beste me kunne for å få noko av han. Han meinte når han ikkje hadde fått vera med, og me hadde vore med, så skulle ikkje me ha noko. Men litt delte han med oss alligavel.

Det var ei jubileumsutstilling i Stavanger, eg minnest ikkje året. Då tok Lisa på Kloppo og mor oss borna med til Stavanger. Eg trur me reiste med toget fra Ålgård. Det var dei 2 eldste brødrene mine og meg, og alle 3 til Lise. Utstillinga var i Bjergsted, der var mykje å sjå. Eg minnest forskjellig. Ein fælt stor gyngestol, kanskje fra Moi. Og eit heilt berg med hermetikk fra Bjelland. Det var og mannekengoppvisning, og eg minnes så godt kor mor og Lise undrast på dette mennesket som berre bytte klede. Dei hadde aldri sett noko slikt før. Dei sa “ho der kan ikkje vera riktig”. Mor og Lise har nok ikkje sett mannekengoppvisning seinare heller. Eg ler for meg sjølv no når eg tenkjer på det. Det var ei svært fin dame totte (syntes) eg.

Me gjekk forbi ei rad med speglar, der me såg fælt rare ut. Tjukke og tynne, skakke og skeive, ein gong til kvar side. Det var svært løye (moro) totte me.

Me var trøtte då me tok på heimveg. Korleis me kom frå Ålgård minnest eg ikkje, men anten mor eller Lise hadde vel hest som stod i ein av stallane kan eg tenkja meg

Ein sommar hadde far bestemt seg for å ha litt ferie. Det var då dei hadde teke til med arbeidet på Hunnedalsvegen. Me tok ut tidleg lørdagsmorgon, med hest og karjol. Det var dei 2 eldste brødrene og syster mi, som er 6 år yngre enn meg, som var med far på den turen. Ja og så yngste son åt faster, men han sykla. Eg fekk sitja framme, med søster mi på føttene. Far og brødrene mine sat på kofferten. Vegen er den same som no bare så mykje smalare. Det var så vidt

det gjekk å køyra. Vegen gjekk som no om Oltedal, men eg minnest best Hegdabakken og Røyr dalen. Me totte det var rart då me kom til Dirdal og såg sjøen, det var første gong me såg sjøen. Opp onna (under) Juvet såg me laks som stod i ein liten høl. Son åt faster gjekk ned og ville prøva å ta den med nevane, men det gjekk ikkje. I Juvet gjekk vegen på andra sida av åno, og det var 2 bruer over åno, ja ein kan sjå merke etter både vegen og bruene enno.

Eg minnest ikkje me stansa og åt fyr me kom til Gaudøyno, men det må me vel ha gjort. Der koka me kaffi, det var ein bekk å ta vatn i og der vaska eg koppane. Me køyrde framom alle gardane og far fortalde. Det var her heiavegen gjekk, og han hadde jaga sauene mange gonger. Seinare har 3 av brødrene mine og jaga sauene same vegen. Me for framom hytta ved Tverråa, far sa at der skulle me liggja med nåtto. Vegen var køyrande heilt inn til enden av Hunnedalsvatnet. Der sat me og åt, då hadde me fleskakomla som mor hadde pakka i eit spann med mange aviser rundt, så den var lunka enno. Me hadde og ei flaska saft, så me drakk saftvatn attåt. Det vart kaldt, med kald drikk. Kl. var då 12 om kvelden, og me køyrde attende til Tverråa.

Far måtte vekkja gjætarane og få liggja hjå dei. Den andre hytta var oppteken. Søren var litt sur, men han baud oss mat. Far sa me hadde ete. Dei heiv alle oss borna opp i øvste køya. Eg trur mest nokon låg på golvet. Om natta vart det eit forferdeleg torever og det regna fælt. Det var berra bølgeblick på taket så det tromma fælt, men me var så trøytt at me sov, om dei vaksne sov, veit eg ikkje. Om morgonen fekk me nysila molkevarm mjelk til kavringsodl av Søren, det var godt.

Me tok tidleg ut no og. Neste stopp var med Ryggen. Der åt me, men då me hadde køyrt eit heilt stykke, sansa me at søster mi hadde

gløymt kåpa. Det var ei høgraud vadmålskåpa som ho hadde arva etter meg. Far sa ho fekk berre liggja, me kunne ikkje snu. Heimvegen la me gjennom Gloppedalen. Vegen der var visst også nokså ny. Me treffe Anton Hovland med bil rett under bakkane. Eg minnest eg totte Veen var ein fin plass. Farmor fortalde at under Gloppedalsura låg ein gard begravnen. Ein kunne høyra hanen gale der av og til. Eg minnest og Hofreista der fjellet hekk utover vegen. Me køyrde over Skjevelandsheia, også den vegen trur eg var nokså ny dengong. Eg minnest ein plass me køyrde under låvebrua (Asheim). Nedrebø var og ein fin plass, der budde Viljen. Han hadde vore på gjesting hjå oss. Då me var komne så langt som til Søylandsdalen, tok det til å regna og tora slo. Me vart gjenomblaute. Men det var så lite stykke att til me var heima, så det gjorde ikkje noko. Me hadde vore heldige med veret tross alt.

Det var faster til mor som var heime med mor mens me var på tur. Me fekk stiloppgåva “En gild tur”, og eg skreiv om denne turen. Det var visst den likaste stilen min.

Dei siste åra på skulen laga dei til turar for alle dei største klassane i bygda. Me fekk alltid vera med sjølv om me måtte betala reisa sjølv. Det var ikkje så mange kroner heller hjå folk då. Ein tur var me til Eiane i Lysefjorden og ein gong var me på Museumet i Stavanger. Det var løye og vera med båt på sjøen. Og det var gildt å sjå andre plassar. På museumet minnest eg me stokk felt av den ormen rundt kalven. Det var så mykje der å sjå. Seinare har eg vore der med mine egne born.

Me var berre 3 søsken det første eg kan minnast. Seinare kom det fleire, så då eg tok ut frå heimen, var me 9, 2 er fødte etter eg reiste, så me er 11 sysken som alle lever ennå. Yngste syster mi er jamngammal med eldste son min. Hjå oss og dei 2 næraste

grannane, var det født 33 born i alt. 11 på kvar gard. 2 døydde små og dei 2 minste er fødd etter eg reiste.

Men me var mange born og me hadde mykje moro. Me bygde leikestove av stein, me slåst fælt mange gonger. Me laga sorpekaror. Ongane i dag kan ikkje leika slik som me kunne. Eg trur dei har for mykje ferdigkjøpt leikety. Me måtte laga alt sjølv og finna på alt sjølv. Ingen av dei vaksne hadde tid til å hjelpa oss, eller setja oss i gang. Me kom på alt sjølv. Litt ugagn gjorde me vel, men det var nokså uskyldig. Store rampestreka gjorde me aldri.

Me var vår eigen barnehage. Dei største tok seg av dei mindre. Det var ein selvfølge. Ingen tok skade av det. Det var alltid gildt når det var komen ein ny liten. Det kom ein mest kvart år. Så i den stova, så i ei annor. Me borna fekk koma inn i grannestovene og sjå den nye når den var 2-3 dagar gamal. Då stod me rundt om og såg når dei reiva. Det var alltid like gildt. Det var uendelig høgtidsamt å sjå dette vesle mennesket. Me lærte ærefrykt for livet. Alt var så enkelt den gongen.

I siste del av 20 åra såg me det første flyet. Visst eg minnest rett, var det Stavanger Museum som hadde leigt eit lite fly som dei var rundt og registrerte gamle tufter med. Det flaug ganske lågt over heima. Far som då heldt på å byggja hønsehus opp i bakken bakføre fjøset, ropa til oss at me skulle springa inn og spørja farmor om ho ville han skulle koma og bera ho ut så ho fekk sjå. Farmor sa nei. Far sa då "ho er vel ferdig med denne verda". Men sjølv om dei første flya ikkje hadde slik fart dei har no, så hadde nok flyet vore borte før far fekk farmor ut, så det hadde liten hensikt.

Men det viser kor stor omtanke far hadde for mor si. Det er ein ting eg alltid vil minnast, det er kor gode far og mor var med

farmor. Me fekk aldri den forståelse at ho var i vegen på nokon måte. Farmor låg i senga, og litt stell måtte det nok verta og med alle dei borna og alt anna arbeid vart det nok travelt mange gonger. Hadde me noko godt skulle alltid farmor ha det beste. Det var visse regel.

Om farmor er det ganske mykje å fortelja. Ho låg eller sat i senga. Og ho hjelpte seg sjølv så godt ho kunne. Ho hadde ett bekken som ho bruka og tømde i potta. Så ropa ho på oss barna og me sprang og tømte den, det var eg eller den andre av brødrene som gjorde det. Den eldste var så kresen at han berre spydde, så han laut sleppa det. Maten var det og me borna som bar ut til henne. Det var halm i senga med ullkvetil (heimevåve ullteppe) oppå. Og eit stikkklaken. Ho hadde ikkje liggjesår i alle desse åra. Stikkklakenet var ikkje bytt kvar dag, ja eg trur knapt kvar veke. Farmor var aldri på sykehus. Av og til kom faster og hjelpte mor og dei hadde farmor or senga og vaska henne og bytte på senga. Men ho var frisk og med full sans og samling som det heiter. Heilt til siste veka. Då fekk ho lungebetendelse og var bevislaus. Mor og ein av brødrene mine hadde og lungebetendelse den same tida. Dei hadde sjukesyster å stella henne den veka.

Farmor fortalde mykje frå sin barndom som eg har hug å ta med litt av her. Ho måtte ut å jeta då ho var 6-7 år. Då gjekk ho fra Kyllingstad til Bollestad. Ho var fødd på Kyllingstad attmed Viebekk. Alle husa stod da i ei klynja der, den tid ho var barn. Det var vel søskenbarnet hennar som flytte ut til Kloppo og bygde der. Kor lenge ho gjette på Bollestad veit eg ikkje. Ho fortalde at då ho gjekk nord over Måkanesleitet, ula skrubben på andra sida av Klugsvatnet i Tindafjellet. Då ho kom til der Straumbraua er no, stod det nokre ungdomar der og ho vart så glad, for ho var redd skrubben. Då var det ikkje så langt att til Bollestad. Vegen

gjekk på andre sida av Straumåa. Du kan sjå den enno. Der var gangsteinar lenger nede over til Bollestad. Det var bare kløvjeveg då. Seinare gjette ho i Nordås. Då kom korpen ein dag og flaug over sauene og klunka. Ho samla raskt sauene og fekk dei heim. Nordåsmannen vart sur på henne. Men han gjekk inn i marka og såg, og da kom det 3 skrubbar laskande. Farmor meinte korpen varsla henne.

Farmor fortalde og at ho hadde berre ein kjole då ho var barn. Ho bruka vranga ut om kvardagane og retta ut om sundagane. Og ho måtte liggja når dei vaska kjolen. Ho hadde ikkje hatt underbukse før ho vart vaksen og kunne tena litt sjølv. Dei fekk ikkje pengar så mykje, det gjekk på vadmål til klede, og garn til sokkar, og skor. Der var det ein skomaker som kom rundt og laga sko. Dei underbuksene dei bruka då var bare halve, det var ingen ting bak. Men så hadde dei fleire stakkar og dei var så side, dei sopa golvet med dei. Det var nok ikkje så kaldt som ein kunne tru.

Farmor fortalde at når dei gjekk Vindheia og skulle til kyrkje, bar dei ytterstakken og gjekk berrføtt til dei kom så dei såg ned til Gjesdal. Då tok dei det på seg. Ho sa ikkje noko om korleis dei kom til kyrkja vinters-tid, men dei køyrde vel med kane eller slede, kan eg tenkja. Dei gjekk heile flokkar saman og så lyfte dei stakkane opp så dei kunne sjå kor mange og fine stakkar dei hadde. Det var om å gjera då å imponera. Var det riktig fint skulle dei først ha verkenstakken, ein grå med bommulsrenning og ull innslag. Så ein raud vadmålstokk, ein kvit lin eller bommullstakk og til sist ytterstakken som var svart.

Kåpe hadde farmor aldri ått, det var bare et stort sjal over seg. Det må ha vore fælt tungt å gå med alle dei kleda. Dei hadde heller ikkje kjolar. Nei det var liv og stakk. Ja slik var det vel heilt fram til 1920 åra. Iallfall

ser det slik ut når du ser på gamle fotografi. Ytterlivet gjekk ned i stakken.

Om sommaren når det var varmt og dei kava i høyet, hende det dei kasta ytterlivet. Ytterlivet var nermast ein bluse. Underlivet var som regel av vadmål. Og så hadde dei spøtabol under det.

Farmor hadde opplevd kåla, det var berra det den tid ho var barn. Kåla var 2 stykke smjern over ein annan. Eg trur tranen vart tømnd i nedre del, for det vart bruka tran i kåla. Veiken låg i ein krull i den øvste delen trur eg, men dette er eg ikkje sikker på, og gjekk fram der dei tende så det brann. Farmor fortalde det, men eg minnest det ikkje heilt. Eg trur den vart kalla tranlampe og. Eg har ei kåla, men får det liksom ikkje til å stemma med korleis dei bruka den. Farmor var nokså stor då parafinlampa kom. Ho fortalde kven som var først med den i dalen vår, men eg minnest det ikkje. Då gjekk dei mann av huse for å sjå. Farmor opplevde telefonen, og det totte ho var et reint mirakel. Ho snakka aldri i den.

Farmor fortalde at då ho var ung vart det bruka tørrfisk eller klippfisk til bryllaupsmat. Det vart og bruka kringlesoll til kveldsmat i bryllaup. Siste gong det vart bruka her i bygda var på Kyllingstad i 1921.

Også dravle vart bruka til bryllaup. Det var søt dravle med egg. Den var lagd på store tinnfat og rundt var det lagd kokte halve egg. Det var slikt dei kom med i sending (medbragt mat), som det heitte. Sending har vore i bruk heilt fram til no, men no går det mest på bløtkake. Men det ser ut som den skikken held på å døy ut den og. Då eg var barn var det helst lefsa og julebrød som vart bruka som sending. Eg opplevde å få mjelk i sending til første begravelsen i mi tid her på garden i 1945.

Det er ein ting eg ikkje må gløyma, det er den årlege basaren på skulehuset. Det var den store begivenhet då eg var barn. Lise



Der Nord på Auestad. Hovudbygningen, den eldste delen oppført i 1711. Den vesle gjenta er Valborg Auestad født 1900. Truleg er ho 5-6 år då bilete er tatt.


hadde ei badnaforening (barn), ja det gjekk vaksne og. Dei vaksne hjelpte oss og såg etter at alt vart gjort riktig. Me gjekk på omgang. Og me starta alltid på Kloppo. Lise delte ut arbeid til alle og såg etter at alle fekk noko å gjera som dei kunne greia. Dei store jentene og dei vaksne broderte fine dukar og bordteppe. Då bruka dei bordteppe. Eg lurar på om det finst att nogen av dei fine bordteppa eller om alt er fare. Dei broderte og laken og putevar med engelsk broderi. Der vart hekla mellomverk til laken og putevar som Lise sidan sydde.

Me som var minst fekk hekla rundt ullklutar som Lise hadde klypt til. Me broderte og ei lita rose i mitten. Det var ullgarn restar som vart bruka til dette. Dei var laga av prøveklutar fra fabrikkjen på Ålgård. Når me hadde laga mange nok, sydde Lise dei på ein del av ein sekk. Me hadde sekker av

jute då. Då me vart litt større, fekk me hekla fluemasker (det har eit anna navn som eg ikkje minnest) rundt brød serviettar. Det var runde kvite ty-betar som me hekla rundt og som skulle brukast på brødfatet under sjeva. Så mykje løye dei kom på å laga til. Eg kan ikkje tru at nokon i dag kunne tenkja seg slikt. Me vant sjeldan noko på basaren. Me hadde aldri noko slikt som brødserviettar. Men eg minnest eg sydde duk til kommoden då eg vart større.

Maten var enkel og eg trur den var hel-seleg og god for me var lite sjuke. Det vart bruka mykje havre. Forutan flatbrødet bruka me og vassgraut av havremjøl.

Til morgons fekk me sjeva, syrekaga eller kanskje pannekaker eller eplekaker (potetkaker). Me kalla potetene for eple. Og eple for søteple. Mjøl var vanleg drikke til morgonmaten. Den var håndskumma og gjerne blanda med separert mjøl. Fløyten skulle



dei vaksne ha i kaffien. Me hadde smør på sjeva. Me bruka aldri margarin. Ost såg me aldri, utan heimelaga fatost. Den var ikkje god, det var helst far som åt den.

Middagsmaten var komla, mylja, mor-rylsa, lapskaus, hakka og eplemat. Dette var kvardagsmat. Til søndags var det anten ertesupa koka på salt kjøtt eller kjøttsupa med klimpar. Den var og kokt på salt kjøtt. Klimpar er mjøl og mjølk og egg når ein hadde det. Dei vart lagt med skei i suppa, rett før den var ferdig. Det var berre om hausten når dei hadde slakta at me fekk ferskt kjøtt i suppa. Det var veldig godt totte eg. Og det var det beste når me fekk fryseboks og me kunne ha ferskt kjøttsuppe kva tid me ville.

Om vinteren når dei fekk tak i sild, hadde me det til middag. Eller om sommaren om dei fekk tak i makrell. Om sommaren i høyver bruka me gjerne flatbrødsoll til middag og når dei slo i utmarka i Budalen, koka mor et stort fat med vassgraut. Me borna bar då det i eit plagg som var knytt rundt fatet og eit spann med sur mjøl til middagsmat.

Millommat eller non som nokon sa, var i 3-4 tida. Då var det kaffi til dei vaksne og mjøl til oss borna. Me bruka og separert mjøl attåt middagen når me ikkje hadde suppa. Mellommaten var for det meste lik morgonmaten. Me hadde ikkje hage så det vart lite syltety hjå oss, og ingen kjøpte

denslags, ja eg veit ikkje om det var råd å få kjøpt heller. Det trur eg ikkje.

Litt blåbær og tyttebær bruka me nok sjølv, men det meste av dei vart selde. Blåbæra fekk me 1 kr literen for. Det vart pengar av det og dei kom vel med. Me fekk alltid litt ripsbær til saft på Kålholen der mor kom frå. Og jedna på Kloppo der morfar var frå. Der hadde dei stor hage. Der fekk me gå i hagen ein sundag når dei hadde henta det dei ville ha. Det var alltid att noko i den hagen og alle borna, ja kanskje vaksne også samlast for å eta bær. Det kunne vel ikkje hendt i dag. Litt saft og sylta hadde me, men det var ikkje til kvardags. Ein mann på min alder sa ein gong: «Før då me fekk syltety berra om søndagane var det godt, men nå når det er på bordet så å seia kvar dag er det ingen ting som er godt lenger».

Til kveldsmat var det for det meste graut eller skildt. Grauten var som regel vassgraut, med sur mjøl eller saup attåt. Me fekk alltid sukker på grauten. Far fortalde at når han var barn fekk dei sukker på grauten berre til jul, påske og pinse. Vassgrauten kunne vera av mjøl eller gryn. Var den av gryn spedde dei med litt mjøl. Det var havre som var mest brukt til graut. Til jul og av og til om søndags-kveldane fekk me risengryngraut, og some tider kveitemjølgraut. Det var alltid stas med kvit graut, men det var som sagt søndagsmat. Og etter det dei lærer i

dag var det rektig god kvardagskost me levde på. Skilt var mjølk som var varma opp til kokepunktet. Då tømde me oppi litt sur mjølk, slik at det vart dravle og møsa. Attåt skiltet bruka me flatbrødbete. Då tok eg litt av dravlen og la på beten, det likte eg veldig godt. Det hender eg kokar meg litt skilt no og, og lagar bete med dravle på. Borna mine vil ikkje eta skilt.

Det vart aldri kjøpt kjøttdeig eller pylsa heima, det første eg kan minnast. Seinare kom det med i middags-maten. I det heile var det ikkje mykje me kjøpte av mat.

Seinare kjøpte me gamle brød, me fekk ein heil sekk for 5 kr. Eg har sykla mange sekker brød fra Ålgård. Då kunne det vera rosinbrød og mykje godt. Dette var i slutten av 20 åra og dei første av 30 åra då hadde me vorte så mange å metta.

Litt om dei forskjellige middagsretter. Hakka var nermast det som i dag vert kalla betasuppa, men ikkje med gryn i. I den braut me sundt flatbrødet til soll. Lapskaus var bare heilt sundkokte eple og med salt kjøtt i, aldri grønsaker. Den var heilt fast, og me bruka flatbrød attåt den og. Eplemat er det same som potetstappa, men me brukte smelta sauefett attåt. Me la det i eit rundt hol i midten og så åt me med flattbrød til. Då eg kom til Hadland, bruka dei smelta smør, det var mykje betre.

Frå slutten av 20 åra var det komne så mange bilar at det var nokon som kom på den tanken å køyra fisk rundt på bygdene. Fiskabilen var alltid velkommen. Den første var ein hordalending som budde i Stavanger. Han køyrde heilt til krigen kom i 1940. Seinare var det mange som prøvde seg med å køyra rundt med både det eine og andre, så det vart konkurranse. Ei tid kjørte det og kjøttbil.

Så etter kvart kom matvanane til å endra seg ganske mykje. Om det var berre til det gode er eit spørsmål. Då første fiskebilen

kom, hende det at far kjøpte ei heil kasse sild. Då flekte me den og salta og hengde på veggen. Den vart bruka til middagsmat om sommaren.

Det er ein ting eg minnest særskild når det gjeld mat. Det var om hausten når mor hadde safta. Då bruka ho skummet frå safta og koka saftsupe. På den tida var det småsild å få. Ferske eple, kokt småsild og saftsupa, det var noko av det beste eg visste. Me fekk det til kvelds av og til når me kom frå utmarkslåtten. Det var og godt med spir eller makrell og rabarbrasupa. Rabarbraen var ein mykje nytta plante, det hadde me og.

Det hende fiskabilen hadde fiskekaker, det var heilt ny mat for oss. Av og til om hausten fiska me borna aure og ål, det og var god mat, og før fiskebilane kom, var det god fisk for oss. Pålegg såg me aldri, untan gen persesylta av grisahovedet.

Den andre av brødrene mine var interresert i hagestell. Då han vart stor nok til å sykla til Ålgård, fekk han tak i kålplanter og frø, så då hadde me kål og gulrøtter attåt kårabien. Kårabi og nepa hadde me mykje av, men det var mest kufor. Den tid kom og fåriskål på mote. Men finare grønsaker som rosenkål, blomkål og purre visste me ikkje om ein gong.

I 20 åra ein gong bygde far hønsehus, og me hadde mykje høns. Då vart det bruka meir egg i maten. Kva tid mor steikte første bløtkaka, minnest eg ikkje. Dei steikte vanleg bløtkakebotn og åt den som den var utan å pynta den, det kalla me tirta (terte).

Maten som me vaks opp med var sikkert god når ein berre fekk nok av han. Det gjorde me. Me var friske og lei inga naud på noko vis. Det var ingen skil på oss borna i grannelaget. Alle hadde store barneflokkar, og ingen sløsa med noko den gong.

Me fekk ny lærar då eg tok til på andre året på skulen. Den nye læraren laga til julefest for oss borna og foreldra. Det var stor

stas. Den nye Rogalandsbunaden var komen i bruk. Kona til læraren hadde ein slik. Du verda så fin eg tykte ho var. Det var inkje lenge før dei vaksne jentene rundt på gardane og fekk seg bunad. Det er ikkje mykje felles med bunaden i dag. Eg har ofte lurt på kva dei gjekk ut fra, dei som laga den første og kvifor dei no syr den så heilt annleis. Det har eg aldri fått greia på.

Så tilbake til julatrefesten. Skulestova var høg under taket så julatreet var stort, med mykje lys og fint pynta. Eg minnest far var med første gongen, endå han aldri pleide å gå på noko slikt. Han gjekk aldri på basaren. Mat og koppar hadde me med oss. Kaffi, sjokolade og mjølk fekk me. Det var dei største jentene som var med og bar rundt. Læraren tala litt og ei av dei største jentene las eit stykke frå eit blad. Me gjekk rundt julatreet mange gonger. Ein av dei eldste gutane hadde kledd seg ut som nisse og kom inn med ein stor sekk og tok til å dela ut appelsin til dei vaksne. Me borna fekk kvar vår pose med mykje godt i. Det var pinfantar, druer, nøtter og sikkert meir, men det minnest eg ikkje. Mange av dei minste var redd nissen og gret, nokon gøymde seg under pultane. Me hadde aldri sett noko slikt før. Heile tida mens han var lærar, var den festen årvis.

Far kjøpte seg og rugemaskin. Det var visst bror til den nye læraren som laga dei. Han hadde likkistefabrikk på Sandnes, og tok til å laga rugemaskinar. Eg trur han hadde vore i Amerika og fått ideane og modell. Det kom ei ny tid i dalen med den nye læraren. Han dreiv stort med høns, og mange i dalen fekk seg kyllingmødre og kjøpte eller ruga ut kyllinger i stor stil. Dei hadde då på Kyllingstad gått saman om å byggja seg elektrisitetsverk. Me hadde og kyllinghus, men me måtte fyra med eit eller anna. Eg minnest ikkje sikkert, men eg trur mest det var koks. Rugemaskinen stod i kjellaren

i sør enden av huset. Det skulle helst vera jordgolv der den stod. Egga i rugemaskinen skulle snuast ein gong om dagen på same tid. Rugemaskinen vart varma opp med ei parafinlampe. Det var spennande dagar når det lei så langt at kyllingen kom ut or egga. Me hadde og hengjande ei lampa framføre glaset i rugemaskina. Så kom kyllingane valtrande fram mot ljuset når dei var turre. Det var et avlangt hol framme ved glaset, der datt kyllingane ned på eit nettinggolv som dei gjekk på. Eg trur me hadde dei der 1-2 dager. Då vart dei flytte over i kyllingmora. Me verma den som sagt opp med koks. Dei som hadde elektrisitet bruka ei kårtrådpæra. Det var enklare for dei som hadde straum som me sa. Men gjekk straumen var dei ille ute.

Skulestova minnest eg ikkje med særleg glede. Sjølv sagt var det gilte stunder og. Rekninga var nå det som gav meg flest vonbråt. Men eg lika historie, geografi og lesing. Av rekning kunne eg ikkje anna en dela, ganga, leggja i hop og trekkja frå, ja og så flatemål og romutrekning då eg gjekk ut av skulen. Prosent og renterekning lærte eg då mine born gjekk på skulen. Det var syster Sigrid som lærte meg flatemål og romutrekning.

Ein av brødrene mine låg i lungebetennelse ein vinter. Syster Sigrid var hjå oss og stelte han. Det var to menighetssystre då eg var barn, det var syster Sigrid og syster Gunhild. Begge var frå Søyland.

Ein vinter var læraren vår sjuk og me fekk ein annan nokre månader på slutten av skuleåret. Då fekk eg ein støkk. Det var første dagen med denne læraren, og me hadde songe avslutningssongen. Me var vane med å seia "takk for i dag" og springa på dør. Men denne læraren sa "Borghild les fadervåret". Eg stokk med det same, men somla meg då til å stotra det fram. Eg kunne det heilt fint og dei andre var så øvegilde at eg

kunne det. Det var nok den eine gongen eg fekk imponera i skulen. Dei andre tok til å terpa på fadervår så dei skulle kunna det.

Vinteren etter me var konfirmert, var det sykurs på Bollestad. Det var i 8 veker, me tok til kl 9 om morgonen og slutta i 3 tida. Ho på nabogarden som hadde gått i lag med meg heile tida på skulen var med no og. Me lærte å bota ein sokk, setja bot i ei bukse, bota eit eller anna bommullsplass. Det måtte me gjera. Me sydde nytt og sydde om gammalt. Eg fekk ny sommarkjole. Men mest sydde eg til syskena mine. Det var gildt å sy, men gildaste var det når lærarinna las åt oss. Me hadde ein ettermiddag av og til, som me samla saman hândarbeid. Slik at det var stilt. Ho kunne ikkje lesa når alle symaskinane dura i veg. Det kunne vera overkasting eller å leggja opp fald, det var mykje me måtte sy med hând. Ja og så knapphol. Me hadde bare hândmaskinar. Nokon plasser hadde dei trømaskinar, men dei bruka me ikkje på kurs. Desse timane med høgtlesing var toppen. Det var bøker av Amy Le Feuvre og Ingrid Lang.

Hausten etter var det sykurs på Kyllingstad, også då gjekk me bae to. Det vara i 12 veker. Det var same lærarinna, seinare misjonær Ellen Knutsen. Også denne vinteren las ho åt oss. Ja det var ugløymelige stunder. Ho var så flink å lesa.

Det var nok bøker som låg langt fra vår kvardag, men me likte det. Det var spennande den gong. Me fekk læra om andre folk og andre levemåtar.

Me gjekk i ungdomslaget, det var sundagskvelden anten på Kyllingstad eller Søyland i skulestova. Der skulle me læra leika. Heller ikkje her var eg med så mykje, kunne ikkje læra slik som andre. Eg var og med på lødans nogen gonger, men dansa lærte eg heller ikkje. Var vel ikkje nok interessert.

Ein vinter var eg hjå faster Jørgine på Ålgård og skulle læra å sy. Ho var utdana skreddar og kunne rissa, men då bruka ho mønster. Ho tok meg med til Stavanger. Også da var det utstilling. Eg trur mest det var ei husflidsutstilling. Det var i Betania utstillinga var, og det var mange store vovne tepper. Faster Jørgina var faster åt mor. Ho var svært interessert i husflid og ho hadde vove mykje i si tid. Ho hadde vove damaskdukar som dei hadde på Kloppo. Me hadde gardin i buo som ho hadde vove. Det var kongressgardin med broderi vev. Dei var heilt kvite. Enno er eg lei for at me ikkje tok vare på ein bit av dei.

Faster Jørgina tok meg med i Kunstforeninga om søndagen. Me var i Stavanger lørdag og søndag. Det var ei stor oppleving for meg å få koma i Kunstforeninga. Der var eit stort bilete frå Jærstranda som eg minnest svært godt. Eg har sett det ein gong sidan, og det var i fjor sommar. Eg kan aldri gløyma den gleda ho gjorde meg. Seinare har eg vore der ofte. Ja ikkje før etter krigen, før den tid hadde eg aldri pengar å bruka på slikt.

Eg har alltid følgt med i avisa og lese kunstkritikken sjølv om eg ikkje kunne reisa å sjå. Då me fekk betre bussforbindelse med Stavanger også om søndagane, tok eg bussen som gjekk i 12 tida. Me var då i Stavanger i 1 tida og eg skunda meg opp Kannik og ut på Madlavegen. Eg fekk meg ein times tid i Kunstforeninga før eg tok heimatt med bussen. Eg var då heima til kaffi, som borna hadde ferdig. Dette gjorde eg mykje morsdagen.

Kona på Hadland hadde snakka med mor i telefonen og spurt om der var ei jente å få, og mor hadde lova. Det var slik det gjekk for seg då. Var ein vorten passelig vaksen og der var nokon som trong tenarar, var det å spørja og tinga om løna. Eg skulle få 20 kr månaden. Mest alle måtte ut å tena når ein

hadde vorten vaksen nok, iallfall der ein var mange konfirmert. Men me måtte ikkje ut 6-7 år gamle som på farmor si tid. Me lærte av livet, men det vart det same arbeidet som heima. Nokre av jentene fekk seg arbeid på fabrikkane. Så langt kom ikkje eg. Det var nokså vanskeleg å få arbeid den gong og.

På Ålgård var det jamt borna til dei foreldra som arbeide på fabrikk som kom inn der. Men det hende andre kom inn, særleg på Oltedal. Ei av dei jentene som slutta skulen med same som meg, fekk plass der. Ei annor reiste til Canada. Emigreringa var ikkje heilt slutt.

Eg minnest andre året etterat eg var reist, vart andre bror min konfirmert. Han skulle ut same hausten. Han såg i bladet når dei averterte etter dreng, og sykla i veg. Det var 14 som hadde vore før han, men han fekk plassen aligavel. Det talde at han kom frå gard.


Eg var sjølv sagt veldig spent på dette nye eg no skulle ut på. Eg hadde vore så langt før. Far hadde eit søskenbarn på nabogarden. Me borna som var store nok til å gå over Vindheia, hadde vore der då eg var 12 år. Det var første gongen, og eg minnest eg totte der var svært fint. Eg sa til mor at "der hadde det vore gildt å bu". Mor undrast på dette at det ikkje var like fint heima. Ja, så skulle eg nå i veg, og vart sein og måtte ut om Ålgård å kjøpa meg nye treskor, det skulle eg nå ha. Eg hadde fått ny koffert og. Den hadde mor kjøpt på Sandnes. Den var av tre med leddik (lite rom på tvers i enden på kista) i. Brødrene mine hadde laga seg slike på sløyden på skulen. Det hadde teke til å skomast då eg kom fram. Den første eg møtte då eg kom til gards, var han som sidan skulle verta mannen min. Og han døde på den same dato 49 år seinare.

Det var berre vaksne der eg no var komen, og eg sakna fælt søskena mine. Det var så

stilt. Heime var det jamt ståk, me var så mange. Det var berre 3 utanom meg her. Det var den gamle kona, ho som me sidan kom til å kalla Besta. Ho var på dagen 51 år eldre enn meg. Så var det stedson hennar som var 10 år yngre enn henne. Og pleiesonen som var 10 år eldre enn meg. Eg merka snart forskjellen i maten, her var det aldri vassgraut. Det var jamt kveitegraut til kvelds. Sjeldan havragrynsgraut. Her sette dei og fram brød (sjeva) attåt grauten. Her kjøpte dei alltid heim kjøttdeig til helga, så om søndagane var det jamt kjøttkaker til middag. Dei kjøpte og fransbrød og kveitekaker til søndags. Kvar laurdag steikte kona pannekaker. I kjellaren var det murd bakaromn som me baka brød i, så kvardagsmaten var mykje grovbrød. Flattbrødet bruka me mest likt som heima. Brøda me baka var svært gode. Me sette brøddeigen om kvelden i eit stort tretrog. Me hadde eple (poteter) i deigen og sammalt rug, sammalt kveite og litt fint kveitemjøl. Dagen etter var det å fyra opp i omnen i kjellaren. Dette var nytt for meg. Når all veden var heilt nedbrendt, stengte me av og sette for døra slik att elden slokna og glørne dana.

Så grov me ut glørne med ein lang hake og vaska omnen inni med ei fille på ei stong. Nå skulle brøda inn. Dei hadde fenge stå å ettergjæra. Til dette bruka me ei trespade som me la eit og eit brød på, og så måtte me få dei til å liggja fint og passelig frå ein annan. Når det var gjort, var det å stengja døra godt. Brøda stod i omnen 1 time. Hadde omnen vore passeleg varm, var brøda jamt steikte og fine, men det hende nokon var litt brende og sumtid at dei ydste ikkje var så godt steikte som dei skulle. Men jamt var dei gode og fine.

Her var hage med bær og dei var ikkje innhenta alle, så eg kunne gå der å eta bær om kveldane. Det var jenta sin jobb å bera inn vatn, ved og torv. Kvar morgon etter fjostid



Hadland slik det såg ut då eg kom her
i 1931 ~~her~~ Også her er alle hus nye.

Hadland i 1931.

og morgonmaten og oppvasken, var det å bera vatn. Me hadde ei stor krukke ståande på ein krakk. Den skulle fyllast. Eg var van med å bera vatn, det måtte me heima og. Eg bar vatn heilt til 1950. Her og hadde dei vatn i fjoset, så me bar der i frå. Her var det handpumpe. Men av og til om vintrane med lange frostperioder kunne me verta vasslens både her og heima. Me bar frå åa. Heima måtte dei køyra. Nå har både me og dei heima kosta lange plastrøyr og laga til god og stor kumme slik at det er slutt på alt slikt. Siste vinteren me bar vatn her var i 1963. Då fraus vatnet andre juledag og me fekk det ikkje att før påske.

Her på Hadland bruka me mykje torv dei første åra eg var her. Her var torvmyra ikkje så langt unna. Om våren fylgte me skuten med torv. Me hadde torvkasse både inne i stova og i kjøkkenet. Dei skulle fyllast med ved og torv om morgonen. Eg hadde torvtrog å bera i. Det var gildt arbeid å vera

i torvmyra. Heime hadde me og skore litt torv av og til. Der var torvmyrane helst utskorne. Far prøvde av og til og fann litt. Men det var jamt slutt. Eg minnest ikkje kva år det var slutt på torvskjeringa her på Hadland, men eg trur det må ha vore i slutten av 40 åra.

Også utmarkslåtten var det slutt på i 1950 åra ein gong. Me dyrka nytt og bruka meir kunstgjødsel på kjelvene slik at det vart meir høy. Då hadde me ikkje plass til markhøy i løa. Her på Hadland hadde me utmarkslåtten så nær heime at me gjekk heim til kvart måltid. Så her var det ingen som trong bera mat slik som heima. Heime hadde me også utmarksløer, det hadde me ikkje her. Utmarksløa var riskledt "faskarløa". Det vart ikkje bruka einer slik eg har lese andre nytta. Det var godt terreng å raga i her, fine sletter ut med åa. Heime var det meir steinut og mykje einer. Heime bruka me slede når

me høyde i utmarka, det var så ulendt at det gjekk ikkje å bruka kjerra. Her bruka me kjerre og køyrde det rett i heimeløa med ein gong. Heime la me høyet i utmarksløa og køyrde det heim på sledeføre om vinteren.

Heime hadde me alltid 2 sledar og kane. Her hadde dei ikkje slede, bare kane. Kanen vart bruka til å køyra mjølka til meieriet med, om vintrane når det var føre til det, dei var jarnskodde, det var ikkje sleden. Heime køyrde dei og heim veden på vinterføre. Her bruka dei kjerre til det og. Det var bratt i skogen her og, men dei bar det fram til kjerreveg.

Dalen her ligg aust-vest med høge fjell i sør, så me var utan sol fra 15 nov. til 28 jan. Det var noko eg sakna her. Heime hadde me alltid sol heile vinteren så sant ho skein. Men så veit me å setja pris på sola når ho er tilbake.

Eg vart verande her på Hadland og i 1933 gifta me oss. Eg kan ikkje seia eg nokon gong har valgt. Livet vart berra so. Eg hadde nok hug å måla å læra noko, men då eg møtte mannen i livet mitt, tenkte eg ikkje på det på mange år.

Me har begge lese mykje og kjøpt ein del bøker gjennom åra. Eg minnest første året eg var her, då kom det samla verk av både Ibsen og Bjørnson. Eg kjøpte dei. Då sa bestyrarinna på gamleheimen på Sandnes, at det var det galnaste ho hadde høyr. Margit på Kloppo var jente der da, og eg var innohm hjå henne. Eg hadde fortalt til Margit at eg ville kjøpa bøker. Ho hadde fortalt det vidare. Eg bet. bare 38 kr. for Bjørnson og 42 kr. for Ibsen samla verk. Ibsen er i rødt kalveskin med gullsnitt. Du verda så rik eg totte eg var den dagen. Det var heile 4 månedsløner for meg. Seinare arva mannen min ein liten sum etter ei moster si. Då kjøpte han Jakob B. Bull samla verk. Han ville ha eit

Frå Hadland med hagen i forgrunnen.





Borghild koser seg i hagen.

skikkeleg minne. Men også då var det nok mange som totte me var fælt galne. Det var nok mange ting me trong betre, det var nå så.

I 1936 kom fyrste barnet, ei jente, i 1938 guten. Så me hadde berre 2 born då krigen kom. Til den tid hadde arbeidet på gardane gått på same vis i mest heile dei 40 åra me til då hadde hatt av dette århundre.

Eg minnest ikkje då slåmaskina kom, men naboen der sør hadde ikkje slåmaskin. Me hadde kjøpt ein tidleg kan eg minnast. Morbror til naboen der sør hadde slåmaskin, men han hadde ikkje plass åt den i løa, det hadde dei der sør, så då slo han for dei der sør for å få ha slåmaskinen i løa der om vinteren. Den slåmaskinen som var her, var den andre i bygda, berre ein på Kyllingstad hadde fått før, fortalde dei.

Eg kan så vidt minnast eg var med mor og morfar då dei grov oppom epla

(jordeplo). Eg gjorde ikkje noko, berre såg på. Men ganske tidleg kjøpte far hestehakka som me kalla det. Då gjekk det fortare, og då slapp mor og farmor å grava oppom. Eg trur det var kvinnfolkarbeid. Sjølv sagt hadde me borna måtta vera med, men me var for små ennå.

Dei fleste plassene hadde dei høyvendar og hesteriva. Men me raga alltid vel med handriva, både når me høya og hesja. I slutten av 30 åra trur eg det var me tok til å bruka hesteriva å raga vel med og. Hesja høyet har me gjort så lenge eg minnest, men kornet batt me på staur i mange år. Ut i 50 åra vart det vanleg å hesja kornet og. I alle åra heilt til 1956 skar me kornet med ljå og tok opp med sigd. Det og var veldig gildt arbeid når det var fint ver, og åkeren stod. Då gjekk det raklig. Verre var det når den låg i vase alle veier. Då kunne ein verta svært lei.

Me spadde og opp epla heilt til etter krigen. Då kjøpte me epleopptaker (potetopptaker). Under krigen var me pålagt å ha mykje eple. Og når ein då skulle spa alt dette opp tok det lang tid. Det var alltid mannen min som hadde dette arbeidet. Ein gong spadde han til 7 hentarar. Då måtte me tømte byttene sjølv, ellers var det han som spadde og tømde byttene.

Her på Hadland hadde dei fått elektrisitet i 1920. Dei treskte med elektrisk kraft. Heime vart det brukt ein bensinmotor. Det var eit lag som åtte både treskeverket og motoren. Dei for rundt på gardane med det om hausten. Her var treskeverket utan ristarar så her måtte dei rista halmen for hand og kornet gjekk ikkje i sekker, berre rett på golvet. Etterpå sende dei kornet gjennom reinske-maskinen som dei drog med hand. Når dei reinska, trong ikkje eg vera med, men når me treskte, stod eg med ei rive og raga kornet til sides. Når kornhaugen vart så stor at det ikkje var plass, tok me pause og dei reinska og hadde det i sekker. Sekkene bar dei inn på loftet, der var laga til 3 kornbingar. Det var og mannen min sin jobb, han var stor og sterk. Ja han sleit fælt mykje mange gonger.

Her på garden var det og både smia og kvernhus. Mor fortalde at ho hadde køyrd med korn til Hadland då ho var ung og var heime på Kålholen. Dei hadde 2 par møllesteinar då, og mol mykje for andre. Det vart det slutt med. No har dei hønene der.

Ein vinter var Amtskulen her på skulehuset på Hadland. Mannen min fortalde det, eg veit ikkje årstalet. Då var den vanlege badnaskulen (barn) her på garden i den største stova. Dei leigde og bort eit rom oppe, til 2 elevar. Då måtte det ha vore trongt her i huset. Eg minnest mannen min sa at dei var så glade då våren kom og dei fekk heile huset for seg sjølv. Det var før han tok til på skulen, så det må ha vore før 1912. Tru nokon hadde gjee (gått) med på slikt i dag?


Det var og vevkurs i eine stova her fortalde dei. Det var ei svensk dame som hadde kurset. Då vov Gitlaug Hadland åkle som eg har ein liten bete av. Det var ringvend, men dei kalla det svenskavevna.

Dei fortalde og at far åt Ådne, altså Fredrik Hadland arbeidde og selde ljåar. Det er eit lite brev her kor det er oppført at ein mann i Egersund hadde solgt ljåar for kr 160. Brevet er datert "den 22/10-79" (1879).

Besta fortalde og at dei hadde høvlabenken i stova vinterstid. Då laga Fredrik bytter (bøtter) og saltkjær både til dei sjølv og for salg. Prøv å tenk deg ei stova 4,60 x 4,60 m med ektesenga, høvlabenk, vevstol og bord og stolar. Alle måltida vart ete i stova i den tid. Heime og åt me alltid i stova heilt til bror min bygde nytt hus i 1949. Her var det lagd tregolv i kjøkken då dei kasta ut gruva. Då vart det og sett dør mellom gangen og kjøkken og troppa vart innekledd. Så me åt alle måltida på kjøkkenet. Ja, det var berre når det kom "frammande" at me bar det inn i stova. Det totte eg var greit.

Men her var ikkje kjøkkenbenk, det var det ikkje plass til. Det var eit skåp under trappa, men det gjekk ikkje ned til golvet. Då me var gifte, fekk mannen min tak i nokre tomkassar som han bruka til skuffer under skåpet. Då totte me at me hadde fenge det veldig fint.

Av teikninga går det fram korleis huset var innreia nede, men eg har ikkje fenge med korleis loftet var innreia. Det var kvist på huset. Den fortalde dei vart påbygd seinare. Huset her var bygd med gruva i kjøkkenet. Det var altså kvist, ein stor sal og 2 skråkammers og loft oppe. Loftet kalla me på troppa, det gjekk tvers over huset over den innebygde skuten og kjøkkenloftet. Det var der kornbingane var. Der hadde me separator og høvlabenken. Der stod og eit stort bord kor me hadde mjøsekkene. Me kjøpte alltid alt mjøl i heile sekker det første



Hadland i riss.

eg var her, ja heilt til ei stund etter krigen. Flattbrødet hadde me på eina skråkammer-set. Me hadde ei stor rund korg som me bar flattbrødet ned i, og den hekk under taket i kjøkkenet. Huset her var 11 x 7 m så det var ikkje noko stort hus. Og den innebygde skuten tok ein del av rommet nede.

Mannen min var svært musikalsk og han hadde så hug å kjøpa seg orgel, men Besta meinte det var ikkje noko gagn, i når han ikkje kunne spela. Han fekk då låna heim orgelet på bedehuset. Han lærte seg noter heilt på eiga hand vinteren 1932-33. Så våren 1933 kjøpte han orgel. Det var nok til stor glede for han, og ei lita stund var han

tilsett som organist i Gjesdal. Det var nok det gildaste som hendte han.

9. april 1940. Eg undra meg over musikken dei sende i radioen den morgonen. Me hadde ikkje høyrte nokon nyheter, og dei sende berre syrjemusikk. Med det same trudde eg kongen var død, det var så merkeleg. Me drøynde ikkje at noko slikt kunne koma. Så dumme var me. Ein av brødrene mine var hjå oss då, og han hadde sykla til Ålgård med egga. Me leverte egga på Gjesdal forbruk 1 gong i veka. Då han kom heim den dagen, var det første han sa "Nå har dei fenge det som dei ville ha det, nå er tyskarane komne".

Eg minnest ikkje nå kor lenge det gjekk før me fekk føling med fienden, men det må ha vore nokre dagar. Og eg minnest ikkje heller kva dag dei kom alle som vart evakuerte frå Sandnes og Ålgård. Me vart plutseleg ein uhorvelig stor familie. Det var bror til Besta frå Ålgård med born, svigerborn og barnebarn. Den yngste var like gammal som guten vår. Det var og ei svigerinne av Besta frå Sandnes. Me var 19 menneske i alt.

Ein dag seinare kom så feltkjøkkenet til dei norske, og stasjonerte seg i tunet med bilar og alt. Ein offiser og fleire soldatar skulle ha stova. Me andre måtte stua oss saman så godt me kunne. Dei var her ikkje så mange dagane, før dei trekte oppover til Dirdal.

Dei første dagane kunne me sitja i stova å sjå når alle dei store tunge svarte tyske flya kom inn til Sola.

Bare 2 av brødrene mine var i den alder at dei var ute i krigen. Ingen her i huset var skikka til det. Mannen min hadde aldri vore ute i militærtjeneste. Han hadde så dårleg syn. Og Ådne, pleiebroren, hadde gjort sin jobb i første verdenskrigen. Då hadde han lege på nøytralitetsvakt.

Den første tyskarane me såg, kom på motorsyssel hit mot husa, men snudde att.

Mannen min sat og såg med kikkert at det kom 1 par tyskarar inn under Eikefjellet og Ådne sat i gyngestolen i stova og såg ein som stod på kanten av berga, utføre Eikefjellet. Det var etter at dei norske hadde trekt seg tilbake. Ein dag haure me mykje flydur og at dei skaut med maskingevær over Lomeland og Oltedal.

Då den tørste avdelinga tyskarar kom inn her, la dei seg til på bedehuset på Bjelland. Den dagen køyrde den eine naboen og alle som var evakuerte der, til Helland. Her ville dei at også me skulle dra oppover bakkane, og me tok til å laga oss til. Eg var ikkje huga på det, og sprang til andre naboen og spurte kva dei hadde tenkt å gjera. Der var folk fra Stavanger som var evakuerte. Dei sa dei ville vera der dei var. Eg gjekk då heim og sa dette og meinte at når dei kunne, så kunne me og. Då sa både Ådne og dei 2 eldste fra Ålgård at dei ville heller ikkje reisa her i frå. Eg tenkte på dyra, dei måtte stellast, og det var verre å gå tilbake å sjå om dei. Eg var viss på at ikkje noko vondt skulle henda oss. Den vissa hadde eg heile krigen.

Krigsåra var nokon fæle år, me hadde lite mat og vanskeleg med klede. Men det var ikkje det verste. Det verste var alle ryktene om alt som gjekk for seg og som du hadde vondt for å tru var sant. Og all uvissa. Bere ein gong hadde tyskarane russia i vårt hus, og ein gong var dei på kjøkkenet og koka kaffi. Då var dei ute på mannøver. Dei køyrde med hestar då. Ein gong kom det 2 på motorsyssel. Det var ein eldre som kjørde, han kom inn i kjøkkenet. Den andre kunne ikkje vore meir en 15-16 år, han sat på sykkelen og gret. Kva dei skulle og kva dei tenkte veit eg ikkje. Dei reiste att utan nokon ting. Dette var meir på slutten, kanskje ein gong i 1944. Eg totte synd i den unge stakkaren.

Me levde stilt og roleg her under heile krigen. Radioen hadde tyskarane teke nokså



Innkjøringa mot gardstunet, med Ingeborg og Osmund Idland.

tidleg. Og avisa sa me opp, det var bare nasipropropaganda og den var me lika holdne om.

I 1942 fekk me andre guten.

Ein gong mannen min var på Ålgård og hadde med seg eldste guten som då var 4 år, kom guten heim aleine. Han kom til naboen først og han ringde hit og sa det. Han ringde og til Gjesdal Forbruk og spurde etter faren.

Det skulle delast ut tobakk. Ådne røykte og då var det kø på forbruken, så han sa at guten måtte berre sitja i kjerra mens han fekk tobakken. Ei tropp tyskarar kom marsjerande og stakkar onge, han vart så redd at han sprang heim. Faren vart øvergiven når han ikkje fann guten og tok til å leita. Men då guten var komen heim, og naboen ringde ut, kunne han ta på heimveg.

Det me opplevde i krigen var berre bagateller. I 1940 hadde me slåttekar. Dei ringde frå Hillevåg (han hadde skyldfolk der) og

baud han godt arbeid, han skulle få 15 kr timen. Han reiste inn og såg, men då han forstod at det var for tyskarane, kom han att og var hjå oss sommaren ut. Han hadde berre 4 kr. dagen her.

Etter kvart var det ein del her frå bygda som arbeidde for tyskarane. Mange av dei hadde tidlegare gjenge på nødsarbeid. Ingen kan undrast på dei, alle skulle me leva vidare så godt me kunne.

Etter krigen var det jamt slutt på å ha tenestefolk. Det kom traktorar og ein leigde dei for å gjera arbeidet. For oss vaks borna til og kunne hjelpa til. Faste flytjedagar for tenarar var 29 sep. om hausten, om våren var det ein dag i mars. Men det minnest eg ikkje.

Då freden kom var mest alle her i huset sjuke. Me hadde fått ei forferdeleg mage-sjuke. Besta døde 18 mai. Mannen min låg heilt nedåt, og hadde ikkje lov å gå or senga,

men han lura seg opp og såg når dei heiste flagget.

Ein av brødrene mine hadde vore her denne vinteren, for å sleppa å verta utkommandert av tyskarane. Det var noko steinkjøring dei heldt på med på Jæren ein plass. Broren min kom seg med ein lastebil, som drog inn til Stavanger ein av dei første dagane etter frigjeringa. Mange hadde gledt seg til dei tri lovause dagane dei meinte å få, men det kom opprop frå England at alle skulle vise verdig holdning. Det skorta nok litt på den av og til. Bror min fortalde når han kom tilbake fra Stavanger, at dei hadde spronge rundt i Stavanger med saks og skulle snauklyppa alle tyskertøsene (jenter som hadde hatt lag med tyskarane). Eg minnest eg totte dei var svært nautne. Vaksne mannfolk og stella seg slik. Det haurdest ut som dei hadde hatt det svert gildt. Vel var det rett, at noko straff måtte dei vel ha som ikkje hadde vore gode "nordmenn". Eg undskyller ingen, men det skulle gå for seg i skikkelege former.

Sjølvsagt gledde det oss enormt at det var fred, men for oss var dagane dei same. Livet her på garden måtte gå som det skulle, alt måtte gjerast. Med sjuk mann og sjuke born og Besta, måtte me berre la dei andre styra med festinga. Eg gjekk og skulle ha nr 4. Ei jente kom 8 juli.

Me hadde sjukepleierske til Besta, og ho stella og la henne i kista. Der skulle stellast til begravelse. Nabokona hjalp meg og eg fekk ei jente frå nabogarden heima nokre dagar. Til begravelsen slakta me ei kviga, og eg hadde heile krigen greidd meg godt med sukkeret, me bruka lite sukker.

Ein av dei fyrste dagane etter frigjeringa fekk me att radioen. Og me tinga avisa att.

Med heimeavla og malen kveite som me sikta gjennom ein silkesokk fekk me til ganske brukande mat. Me reiv eple og laga eplemjøl og, det vart gjort pinsedagane.

Mjølet var nok ikkje heilt turt, men me brukte det. Pinse må ha vore ganske tidleg det året. Det vart delt ut sjokolade og kakao, kaffi og kjeks frå eit lager tyskarane hadde på Ålgård. Nokon kom med det som fall på oss. Sjokolade fekk visst berre dei som hadde born. Ja te fekk me og. Eg minnest eg fekk ikkje sovna den kvelden eg hadde drukke skikkeleg te. Det var berre surrogat me hadde hjelpt oss med i fleire år. Men me hadde nå halde livet i oss, og stort sett gjekk det betre en ein kunne tru. Dei fleste var innstilt på å hjelpa kvarandre så langt dei kunne.

Sommaren 1943 var me nokså ille ute. Me hadde hatt slåttekar utan brødkort, så me vart utan brødkort over ein månad. Då åt me eple morgon, middag, mellemat og kveld. Me hadde kjøtt og kålrabi så middagen var som den skulle. Litt mjøl hadde eg, for Besta og borna fekk sjeva til morgon i allfall. Men då kveiten var treskt om hausten, fekk me mala hjå nokon. Då var me hjelpte og då hadde me lært å lura. Sidan sette mannen min i stand kvernhuset her og me mol både til oss sjølv og andre.

Etterjulsvinteren 1945 var det og ringt med maten. Kyrne var avgjelde og me var utan mjølk ei stund. Så det vart ringt både med fløyte og smør. Då lærte eg korleis husmenn og småbønder hadde det når einaste kua dei hadde var avgjeld. Var det då småbarn, var det ikkje greit å vera mor. Den jenta me fekk det året, har alltid hatt ringaste tenner. Det skuldar eg på at me var utan mjølk ei tid. Du verda så godt det var då fyrste kalven kom.

Det er ein ting eg mislika med rettsoppgjerdet etter krigen. Det er at dei innførte dødsstraff. Og at dei sa det var me, det norske folk som kravde det. Me vart aldri spurt. Eg vaskar mine hender, det der hadde eg ikkje noko med. Visst fortente dei stor straff, men hadde me ikkje hatt nok henrettelser.

Me kunne vel hatt råd å fø Qvisling den stunda han hadde att.

Livet her på garden gjekk mest på same viset ut gjennom resten av 40 åra. Me fekk ei jente til i 1947. Og i 1950 døde Ådne og me fekk minste guten. Nå var begge dei gamle vekke og det var et stort sakn etter dei.

Eldste dottera vart konfirmert det året. Me dreiv å dyrka. Me hadde kjøpt ein gammal traktor som ein son på nabogarden hadde bygd om av ein gammal bil. I 1955 kjøpte me ny traktor og nå kom det meir fart i arbeidet. Me hadde mange gilde stunder når me heldt på å pløya nytt. Det var uendeleg gildt å få lagt ny jord under plogen.

Då me tok over i 1938 var det bare 42 mål, men då me gav frå oss i 1973 var det 120. Nå har sonen dyrka meir, så nå er det ca 150 mål.

I 1956 kjøpte me sjølvbinder, den kørde dei rundt med i 10 år. Det var mannen sjølv som sat på bindaren og ein av sønene kørde traktoren. Dei fyrste åra med traktor kørde dei rundt og høya, pløya, harva og sette eple. Då hadde me fått eplesetjar og. I 50 åra kom også høysvansen, det var reine revolusjonen i arbeidet.

Så i 1966 var det i orden og me kunne ta til å byggja nytt uthus. Me reiv ein del av det gamle og fekk opp den nedste delen av siloane. Så lenge gjekk det før me fekk oss silo. Det hadde dei då på alle andre gardane. Nå vart arbeidet lettare, me slapp all den hesjinga. Nå var kjelvene vortne så store og, at ein kunne missa motet heilt om ein måtte hesja alt. Me brukte fleire år på bygginga og me gjorde alt sjølv, med god hjelp fra brødrene mine og grannar. Den 28 apr. i 1968 moka me for første gong i det nye fjoset. Men enno var berre den eine sida i fjoset ferdig til bruk. Resten kom etter kvart og i 1970 var alt ferdig. Nå reiv me resten av det gamla.

I 1974 tok dei til å byggja nytt heimehus, så nå er alt det gamla borte. Det er litt vemodig og, men alt er romslegare enn det var før. Eldste sonen hadde bygd seg hus tidlegare inntil tunet så nå ligg alle husa rundt eit stort og romsleg tun.

Det er ganske store forandringar på alle måtar. Høyonna er unna gjort på berre nokon få dagar, det som me før bruka både veker og månader på. I allfall når me dreiv med utmarkslått. Då kunne det dra lenge ut om veret var dårleg.

Me har det så godt i dag som me aldri kunne drøymt om då eg vaks opp. Alle har fine hagane rundt husa. Ja, nå kan dei kosta på seg å kjøpa busker og tre. Det var ein heilt uhøyrtd ting då eg var barn, ja vaksen med. Ingen hadde pengar å bruka til slikt. Ikkje alle dyrkar dei eple (potetene) dei tar (treng) sjølv, dei kjøper mest alt. Ja dei gamle skulle sett slik ei stedla.

Men så dyrkar dei meir fine grønsaker under plast, og ein brukar mykje meir grønsaker i det heile, ja meir frukt og. Me måtte dela eit appelsin me borna. Det gjorde me ikkje her. Borna våre fekk alltid ei heil.

Ja maten er og svært forandra. I og med fryse-boksane vart kostholdet heilt annleis. Nå kan ein ha fersk mat kva tid ein vil. Den første gongen det vart kjøpt tomatar her, var då eldste dottera var til dåpen i 1936. Nå kjøper me det heile året, ja me har det på bordet mest kvar dag. Eg hadde vore her mange år før eg dyrka vanleg salat. Nå dyrkar me det kvart år og det hender eg kjøper vinterstid. Av og til kokar eg meg litt vassgraut, men det er ingen andre som et den. Mylja det brukar eg og, det likar dei borna som enno er att heima. Men i det heile er det ikkje mykje att av dei gamle matskikkane.

Noko av det gildaste for meg utanom mann og barn, var når bilen kom for alvor. Då ho av døtrene, som enno er heime, fekk



Borghild med malekosten.

seg bil, tok me til Sandnes på kurs. Det var først akvarellmaling og teiknekurs. Sidan kom det oljemalingskurs. Me kørde ein kveld i veka til Sandnes i fleire år. Endå dottera arbeider på Sandnes og kørde dit kvar dag. Dette var utruleg gildt å få vera med på.

Me tok oss 3 års pause frå malinga for å læra engelsk då dei starta det. Også det har vore til stor glede for meg. Eg har pennevenner i England, Amerika og New Zealand. Dette er ting eg aldri kunne drøymt om tidlegare.

For en 3-4 år sidan starta det opp malekurs på Kyllingstad. Det er Liv Godin som eig det gamla skulehuset der. Så nå samlast me ein flokk interesserte der kvar laurdag ettermiddag og Liv underviser oss i oljemaling. Det er dei beste timane i veka. Det er dottera mi som kører, ho og er interessert i det same som eg. Hadde eg ikkje hatt ho

dottera med bil heima, hadde eg nok ikkje fått med meg så mykje på mine gamle dager.

Men måla hadde eg nok gjort, eg har alltid sett fram til å verta gamal for då tenkte eg at eg skulle få tid til det. Det har dei seinare åra vore 2 store amatørutstillinger i bygda som har samla mange utstillarar og masse folk har sett dei. Tida i dag er annleis og romslegare en då eg vaks opp. Det er mykje takka kveldskursa til A.O.F., Friundervisinga og Aftenskulen. Ja det er det beste som har hendt i etterkrigen.

Eg har og vore på geologikurs heilt til Stavanger. Då tok eg bussen, det passa så når eg reiste inn, men dei måtte koma til Lima å henta meg når eg skulle heim. Neste geologikurs var Liv med på. Då kørde ho. Sidan har me farta rundt og leita etter mineral mange plasser. Så den bilen er svært god å ha, men nå ser det ut som det vert vanskeleg å bruka den så dyrt som det vert.

Ja det er gildt den stunda det vara at me kunne koma rundt på mykje.

Litt til slutt om korleis mannen min kom her til gards. Han var født på Ålgård 15 sep. 1904. Far hans var frå Eidland, av en søskenflokk på 13. Han arbeide på ullvarefabrikken på Ålgård. Mora hans kom frå Førland i Heskestad. Dei hadde 7 guteborn men 3 døde små. Far deira fekk tuberkulose og døde i 1906. Mor deira vart sjuk på sinnet etter dette, seier dei, og dei tok henne til Neverdalen sykehus i Bergen.

Eldste sonen som då var 16-17 år visste ingen ting om dette. Han arbeidde på fabrikk. Då han kom heim og dei fortalde han at dei var reiste med henne, tok han sykkelen og sykla til Sandnes og ville treffa henne. Båten gjekk då ut fjorden. Han tok då til Amerika. Og dette fortalde han då han var her i 1947. Dei 3 som var att og

som ikkje var konfirmerte, vart så sette ut i bygda. Besta som ikkje hadde barn, skulle få velja kven ho ville ha. Ho valde den yngste. Og soleis hende det Stener kom her. Pleiebror hans som var på garden kom aldri til å gifta seg. Og mannen min fekk derfor garden. Mannen min fekk det godt her, dei var gilde med han, men han undra seg alltid på korleis alt hadde gjenge for seg. Faster hans på Ålgård sa ein gong til han etter han vart vaksen: "Hadde dei teke det du har rett på her i huset, hadde ikkje me hatt stolar å sitja på". Det var mannen hennar som var formyndar for dei.

Når eg nå sluttar av, har eg skrive etter som det kom fram i minnet. Noko skikkelig rettskriving kan eg ikkje lenger og det er nok kome med ein del dialektord.

*Hadland den 23. mars 1981
Borghild Idland sign.*



Brita byrja laga menneske og dyr, så tidleg som i 1924. På landbruks- og husflidsjået i Haugesund, fekk ho sitt første diplom for dyr i tøy. Mange av hennes arbeider fant veien til USA.

Brita Hadland

Gamle tida i Gjesdal

Det eg hev tenkt å skriva om vert ei blanding av litt av kvart. Om arbeidsmåten og kor dei greidde å føda seg sjølv og ein stor barneflokk. Det var andre greier enn no. Av ungar hadde dei huset fullt, 8-10-12 ja, opp til 16. Det hadde dei hjå Tore Vølstad. Når dei skulle eta, laut halvdelen stå rundt bordet, mens den andre halvdelen fekk sitja og gafla i seg. Hjå oss var me 10, men 2 vaks

ikkje opp. Ein døydde liten, den andre vart 8 år.

Om me hjelpte dei, vaksne? Jau visst gjorde me det. Når det gjaldt småærend, så sende dei oss ongene til Ålgård. Me gjekk Vassheia (Klugeheia). Eg hugsar eingong det galt ei tråsnella, ikkje noka anna. Men me fekk 5 øre kvar til å kjøpa bombom for. Det var ikke småe posar me då fekk må tru.



5 sittande småtøy.

Ulla klypte dei av sauene. Vaska den, karde og spann garn til sokker og ulltrøyer (boler) som me kalla det. Det vart betre når Ålgårds fabrikk kom.

Storesyster vov vadmålsty og sydde kjolar av det til oss alle. Når me vaks, og kjolane vart for små, gjekk dei over til dei yngre, og når dei falma så snudde me vranga ut.

Han gamle Sven Tveit, skomakeren, laga lersko til oss og lappa skoa. Det var såler ein kunne gå lenge på. Men dei fekk me berre ha om søndagane. Til kvardags bruka me treskoa, og om sommaren gjekk me barfota.

Me måtte sjølv prøva å tena nokre skillingar for å hjelpa far og mor. Me henta villbær og selde. Gjekk langt innover fjella, like til Brekkefjella. Eg hugsar ein spesiell gong me var i Brekkefjella med kvar vår mjølkebytte som var fulle av tyttbær. Best som me skulde bryta opp å dra på heimveg, vart der ein fælende toreslått, det gav eit brak i fjella som skulde dei klovna. Det var uhugsamt.

Glade vart me når me møtte far som kom imot oss, då me var komne halvveges heim.

Om hausten sette me ut snarer i trea for å fanga starar. Dei stal av hagebæra. Me laga snarene sjølve, med litt hjelp av far. Agnet var rognebær. Dei vart kverka då dei flaksa so eg trur at dei meste fekk ein lett daue. Men det var i grunnen stygt gjort. Hadde aldri greitt gjort det no. Men me gledde oss då me såg starane dingla bortover i trea. Me tenkte nok på pengane. Men det var ikkje mange øra me fekk for stykke. Pyttarane kalla me dei minste starane. Trur det måtte vera ungene til staren, dei var så like. So var det gulnebb og svarttross som gjekk i snarene. Dei var i grunnen for gode til å fanga, stakkars dei

Våronna

Noko av det første me gjorde var å pirka opp småsteinane på åkerane som skulde verta til voll att. Steinen vart lagt i dunger og kjørt

vekk. So var det å få hevda ut på vollane. Far stod i lortaholet (slik kalla me det) og leste i hevdakjerra med ei greip. So køyrde han ut og la hevda i smådungar. Me kom etter med greipa og breidde hevda utover vollen på det som skulde verta åker. Når hevda var turka litt, so kom dei og køyrde over med rishorva eller rissopen som me sa. Den var heimelaga av store bjørkegreiner som var bundne saman og låg flate og breie. Dei knuste hevda ganske smått so og seia. Men noko låg att som ikkje ville verta så smått, og det måtte me ta når me raka vollen. Me kalla det å røda vollen. Det tydde vel å rydja eller raka vollen.

Hadde me ikkje røda vollen til 17. mai, fekk me ikkje feira dagen. 17. mai feira me ongane oppe på fjellet i Sollida, ein gamal nedlagt gard. Der var ei lita kjelva etter vollen og noko steintomter etter husa. Der kom ongane frå Helland og var med. Å, kor moro det var å kappspringa og leika gøym-sel mellom steinmurane.

No trur eg at eg hopper rett i Torvmyra. Eg kunne ha skrive meir om våronna men det kan vel ein annan gjera.

Ja, det var og ei slags våronn. Det var i grunnen den gildaste onna. Det gjekk og for seg om våren. «Å skjera torv» kalla me det. Me såg fram til vinteren og oftast kjølen. Ved måtte me nok og ha, men den var ikke so dryg, så me brukte den helst til å kveikje med.

Når me tok til i torvmyra, spadde far fyrst av grastorva, for den var ikkje god nok. Ettepå tok han torvsigden og rissa. Han rissa so djupt som ei torva var høg, og han rissa langs heile gravo (det var namnet me kalla det). So spadde han og la torva oppå gravkanten der me ongane stod med kvar vår hjulbåra og tok imot. Leste på og køyrde det bortover eit stykke og la det på turra



Brita budde i ei rødmalt stue attmed skulehuset på Hadland. Dette huset er borte nå. Trollstua heter det på folkemunne.

marka. Der var djupt med jord, 5 torvhøgder. Men ikkje alltid fekk han far ta alle færene før vatnet kom fossande inn frå botnen. Han laut berga seg på land i ein fart for det var farlegt.

Når torvet hadde lege flatt et tid, og veret hadde vore godt, så reiste me torvet opp. To torver stod og stødde kvarandre, og ei låg oppå del to som eit tak. Men var veret vått og lite turke, so var det somme som røykte torvet, altså sette opp røyk

Sumaren Høyonna

Der var ikkje slåmaskin frå først av, so også vollen vart slegen med langorv. Det var tungt arbeid. Det vart betre då slåmaskinen kom. Det var gjerne fleire eigarar om



Brita nyter utsikten over Hadland og Gjesdal.

den, og dei som ikkje åtte slåmaskin, fekk leiga. Markaslåtten, utslåtten, varte i sju veker. Den var ikkje hevda, og graset var difor tynt. Me leigde både ein og 2 slåttekarar til markaslåtten. Dei stod og kveste ljåen tidt, for han vart fort skjemd, gjerne vart det steinhogg og. Det var ikkje alltid so godt å sjå steinen.

I høyveret likte me ongane oss best. Me sprang barfota og tok etterrakslet. Me kalla det, «å ta ette». Me sank kvister der dei slo ned osv. So snudde og raka me ihop kverlane til dunger. Var der tynn slått, so måtte lessarane ta fleire dunger i ei fengja. Då me minste skulle ta etterraket, (det som lessaren ikkje hadde greitt å få med seg) vart det travelt. Me skulle helst ta heilt snaudt, men

då måtte me gå 2 gonger for å få med kvart strå.

Eg hugsar eingong eg laut ta etterraksten etter 2 lesserar. Eg sprang heile tida og eingong trødde eg det ned i eit sorpehol, då det var so lang veg til neste dunge. Men ikkje alt var so tynt. Eg hugsar ein stad der var tjukt og tett med dunger. Det var der bekken kom rennande. Me kalla det «på bekken». Der slog me kvart år. Sume plasser slog me annarkvart år, der det var tynt med gras.

Me hadde so mange gilde namn på stader, fjell, voller og anna. Heime var det 3 brør som delte garden. Det var David, Ole og Jonas Hadland (far min). Far var yngst Men David og Ole reiste til Amerika då dei tykte gardane var for små til å leva av.

Der fekk dei seg store farmar. Farbror Ole Hadland lever enno og er 91 år. Han var her på vitjing for 2 - 3 år sidan. Me har ein voll me kallar Olevollen, der han fekk sin gard. So var det David som fekk Hadlandsmoen, der Arnfinn Ravndal no bur. Men eg skulle skriva om dei gamle namna. Der er ein voll me kallar Tjesseistykke og so Dalarvollen, Skubbholen. So er det Slåttateigane, Eikebakken, Gjesshalen, Doblemyra. Fjilda, Kråkenuten, Ruskaret, Bufjellet, Vestrafjellet, Hellandsfjellet, Tjetlandsnuten, Vadlia, Skaret.

Det var alltid gildt å tenkja på desse stadene og desse namni når me var ute i verda så langt borte at me ikkje rakk heim. Desse gamle namni leika i hugen med sine gilde minne. Skrubbholen fekk namnet sitt etter dei 2 siste skrubbane dei tok der. Me bur altså på Skrubbholen.

Småhistoriar som mor og far fortalde oss

Skrubbamøte på Helland

Morfar Lars Helland var fødd 1828 og døydde 1908. Han var gardbrukar og budde på Helland. Der skulde vera oppbyggelsesmøte ein sundag. Og folk kom. Men dei kom ikkje inn i stova. Dei heldt til burt i løa. Der låg 3 daude skrubbar. Møte vart sidan kalla for Skrubamøte.

Bjørnen på luftetur

Farfar Jone Davidsen Hadland var fødd i 1814 og døydde 1900. Han var fødd på Bjelland der han og vaks opp. Han vart sidan gift med farmor Anne Malena. Ho var gardjenta og eldst. Men det var ei historie eg ville fram til.

Ein dag skulle farfar ta seg ein tur til Bjelland og sjå på gamle tuftar. Men, då han kom så langt, fekk han sjå bjørnen stod og



Brita i godstolen.

ruska i ein kornstaur. Då fælte han seg av og snudde heimatt.

Stedelen

Så var det ein dei kalla "Stedelen", som ein mann møtte på vegen. Då mannen kom fram til folk, fortalde han. "Eg møtte Stedelen her burte". Fekk du drepa han, spurte den andre, for han trudde det var eitslagt dyr eller kryp.

Namnet "Stedelen" lever enno og brukast. Det er når dei ser ein liten kar som ikkje veks og trivst som han skal. Det kallar dei ein liten "Stedel."

Dette var to småherme frå gamle tida. Om dei passar inn i boka veit eg ikkje.

Det var ho Kari som hadde 2 friarar. Ho var svært i tvil om kven ho skulde ta. So fann

ho på at dei to karane skulle springa rundt ein åker for å sjå kven som var sprekast. Den som vart først, skulle få ja. Jau, dei langa ut so dei låg mest flate. Men då Kari såg at den lange heldt på å verta først, reiv det i hjarta hennar. Ho ropa på Rasmon at han måtte ta beinleige gjennom åkeren. Han så gjorde og vart først. Gifte vart dei og godt passa dei saman. (Kanskje ein lur måte å avgjera viktige ting på?)

Ei annar lita herme frå folkalivet

Det er om ei jenta det og. Ho var livleg, lealaus og glad. Ho fortalde til andre at ho kunne leggja foten på nakken. Så sjølvsgt måtte ho visa det. Men so var det so spinn-gale at ho fekk ikkje foten nedatt. Ho skreik ”Hjelp! kom folk, men ikkje mannfolk”

No får det gjera som de vil med dette. Eg furtar ikkje om de ikkje vil ta med alt visst de tykkjer det ikkje passer i Historieboka. Det er alt frå gamletida og frå verkelegheta. Eg likar å skriva og kunne ikkje halda meg, orsak.


Brita Hadland

Georg Espeland

Minnegløtt frå gamalt av

Fram til 1919 hadde Maudal vore utan rimeleg køyveg. Einast var kløvveg frå Byrkjedal over ”Vebrann”. Og med vegen var det liksom nytida nådde fram til dalen.

Slik hadde det seg og den hausten. Oktober 1919 var fire flyttelass på veg over ”Vebrann” til Maudal. Ein huslyd framfor eit omskifte, og eit miljøskifte i frå byliv og anleggsarbeid, til fjellgardsdrift og det som det førde med seg. For meg var det sjølve eventyret eg møtte. Og helst gjennom dei gamle, som med sin forteljar-kunst førde meg att gjennom tida. Og eg, tiårsguten var spana som ein felestreng, når dei rødde om ulv og bjørn som herja i ”smalen”. Og det var rise og gygr og huldrefolk som dei enno halvveges trudde på. ”I allefall var dei til i den tida”! Men det var ikkje berre eventyr. Alvoret møtte oss og. Det var ein snøtung vinter. Snøen lava ned frå sist i november. Krøtertalet var stort og foret minka. Ein måtte ”spara frå lokket”, for ”mykje kunne øydast, men lite kunne tøyast”. Og så vart det å dra på skogen etter skov-ved, og bjørkebeit. Sau og geit vart sleppte i bjørkeriset på beite, men raunen var hoggen i høveleg lengd, både grein og strangle. Det vart bore inn til omnen for tining. Dette vart kveldsarbeid. Då vart ”skavhalen” pressa mellom golvet og ein takbjelke, so kom skavljæen fram, og all borken vart skoven av og ein måtte skava so



Georg var ein ivrig treskjærer og hadde dette som attåttnæring under krigen. Biletet er frå ei kunstutstilling på Ålgård ca. 1975 der han viste fram arbeidene sine.

djupt at noko av treet vart med, elles vart kyrne tannsåre. Dei mjuke kvistane vart rekna som det beste. Om dette er det ei regle om kva treslag som var best:

”Vier velte, selja svelte, eik kveikje, raun reise, hegg sete merg i legg”.

Me som var barn, hadde lite fritid, og me måtte fylgja voksenfolk i arbeid, for det mesta då. Det var å fylgje på skogen for å dra ned ved. Var det ikkje skogaver, var det å saga og kløyve småved. Hjå oss var det turvande med mykje tørr småved, for far vilde me skulde ta til med geitostysting.

Det var ikkje innlagt vatn på gardane i den tida. So vatn måtte berast frå ein bekk femti meter frå fjøset. Dette måtte eg og bror min, og ei faster stå for. Det var dette me lika minst. Seks kyr og firti geiter treng mykje vatn. Og var det snøføyk, som det var mykje av den første vinteren vår i Maudal, so var det ”harde tak”. Det som skulle vore vatn, var berre tjukk issørpe når me kom til fjøset. Her vart vatnet samla til dagen etter, då var det temperert av fjøsvarmen.

Høyet vart vondla i løa, som sto eit stykke fra fjøset, dette gjorde far, so måtte eg og bror min ”bera føre”. Den fritida me hadde, nytta me helst i snåreskog, etter rjupa og orrfugl.

Eller me møttes med dei hine ungane i skibakken. Me var kje store flokken. Fem gitar og ei jente, som var i skulealder, ellers tri småborn som var for små til å vera med.

Me var kje stornøgde når det gjalt skiutstyr, det var heimegjorde ski av ask, eik eller furu. Med vidjebindingar. Og so hadde me ”lampa” labber utanpå skorane. Desse var bundne av garn som var karda og spunde av faks frå kuhaledusken og saeuull. Desse var varme og gav godt feste for foten i skibindingen.

Frå 1919 og framover i første halvta av tjugeåra, var det berre fire bruk i drift i nedre Maudal og tri bruk i øvre Maudal. Samvære var som i ein stor familie. Større arbeid vart

gjort i dugnad. Elles var det gjerne ei hand med i arbeidet, snart av den eine, og snart av den andre. Det kunne vera på nybrot, særleg om ein brukte plog.-Då måtte hakking og steinhenting gå fort frå hand. I skurden og potetopptaket hjelptes ein og, etter som ein vart ferdig. I treskinga var alle med. Det var piggtreskemaskin som vart driven for hand. Ein for fra gard til gard, og gjorde ferdig treskinga. Ungane la fram kornbanda fra ”staen”, to vaksne kvinnfolk løyste banda til han som fora maskinen. Karfolka skiftas om å dra. Det var hardt om halmen var lang og dårleg tørka, som kunne henda i regnfulle haustar. Det vart skifta dragarar for kvar femte minutt, det vart kalla ”ei heda”.

Slakting og tresking skulle helst vera ferdig i god tid føre jul. Sidan sto baksten for tur. Flatbrød av havre og bygg, for heile vinteren, og lefsa for jolehelga. Kvinnfolka frå alle tri gardane gjekk no saman om baking og steiking. Det var som ein dugnad. Dei heldt til i kjøkkenet hjå farbror. Der var det enno stor gruve med bakstehelle. Farmor var den som sto føre baksten. Ho var flinkast til å kjevle ut tynne og fine leivar. Faste baka føre, og mor sto for steikinga. Kjevla rulla over bakstebordet i fleire daga, og imellom var det kaffi-drikk og drøs.

Bror min og eg som sto føre ved og risberinga sat i gruva og lydde. Det var helst farmor som fortalte. Men det var helst når ho fortalte om nissar og troll me kveste øyro. Og so Lusja, og no var det snart ”Lussinotte” og då skulde brygging og baking vera ferdig, etter gamalt. Det kunde hemna seg. Og ho fortalte om ei kona på Skjæveland som var for seint ute, so ho baka ”Lussinotto” og. Ho trudde ikkje so mykje på dette om Lusja. Men seinkveldes då ho svinga leiven over bakstehella, då ropa det ned gjennom pipa: ”Ingen bryggja, ingen baka, ingen store eldar hava, for i natt er det Lussinatta”. Men kona svara ”Lussi ute, og Lussi inne, eg lussa

min leiv til”. Men i det same miste ho både leiven og bakstefløyen på hella.

Det skume ljuset frå parafinlampa, globranden under bakstehella, og dei flakkande skuggane i mørke krær, gav oss ei dirrande kjensle av uhygge og spaning, so me sat dirrande og lydde.

Stundom vart det avbrot i arbeidet som me hjelpte til med på garden. Treskinga var ferdig, so no var det skogen og vedhogginga. Den vart me og frie for. Det var læraren som kom. Me hadde tri veker (månader?) skulegonge i året. Fordelt med periodar på tri veker skule, og tri veker fri. Det vart ein tungvint måte å samle kunnskap på. For det me lærte i tri veker, det gjekk mykje ut or minne dei vekene me var fri, og dreiv med skogsarbeid og snarefangst etter rypa.- Og lærarane, dei hadde ikkje anna utdanning enn folkeskulen! Og so vart det skifta ny lærar for kvar vinter.

Vinteren 1919-1920 vart ein lang og snøtung vinter. Snøen kom i november, og vart liggande til langt ut i mai. Og i den tronge fjelldalen var sola borte i tolv veker. So for oss som var innflyttarar, og ikkje van med det, vart det ein tung overgang fra det me var vane med.- Men dagane lengdest. Snøfjella på nordsida fekk gulskimmer over seg. Sola vann seg høgare for kvar dag. ”Eit mannesteg om dagen”, sa farmor. Og ho sa ei gamal regle om dette, når sola nådde dalen: ”Goye med sitt lange sjegg, lokke borna utfor vegg”. Og seinare, når dagane hadde lengdest so mykje at dei kunne eta kveldsmaten utan lampeljos: ”Goye grysa når grauten kan lysa”.

Ja vinteren vart langdryg, og foret minka. Det vart ”skove” til både ku og geit. Og ”høystabben” minka styggeleg, so ein måtte nok til med høykjøp for å få krøtera framfødde.

Men dagane lengdes, og på godværsdaga nådde sola fram over alle fjell, og om

”mars-kallas var aldri so kvass, han kjem med både lauv og gras”.

Det var vel trua og vona om at det alltid ville koma nye vårar, som fødte slike reglar. So vart det Peder-stol, eller Peder varmesstein som det heitte her. Då tinte snøen kringstein og stuv, og gav ny von om vår. Ein dag vart eg merksam på at vårflugene kraup på snøen langs elva. Eg fortalde det heime: ”Eg såg store fluger som kraup på snøen”. Det er dei ”lange flugene”, sa farmor. Då er det slutt på ”storime”.

I april vart småkrøtera flytte frå gjødselkjellaren og til eit tomt rom i løa. Det var våronna som sto for tur. Først vart all eng gjødsla, sidan åkrane. Det var bror min og eg som måtte lessa. Me hadde ein hest på garden, men bruka to karmkjerrar, slik at det alltid var ei tom kjerre å fylla. Far køyrde og hogg gjødsla ut i høvelige smådungar. Faster, som var hjå oss den første våren, ho breia gjødsla. For bror min og meg var det ein temmelig hard jobb. Me var berre ni og elleve år då. Men det gjekk betre etter kvart som me fekk øvinga.

Av alle gamle merkedagar var det berre ein som var å tru på: Det var ”Kutona”. Det var ei stor ”to” i fjellet på sørsida av Maudal, i Flæsebekkfjelle. Toa var på skap som eit kuhovud. Når ”Kutona” var snøberr, var det tid for kuslepp. Då levde kua på beite, og når ho var grøn, ville kyrne auke i mjølkinga.

Den fyrste vårvinna eg var med i, førde meg liksom inn i ei ny tid, og eit nytt liv. I meg, elleve års byguten, vakna kjensler som før hadde vore framande. Hestar som sleit med plog eller horv. Åkrar som svartna, og seinare tok imot såkornet. Det vart vanleg gjort etter soleglad.- So fekk frøet doggfallet om natta, og vart nedmolla morgonen etter. Og eg fylgde med i alt. Lydde mot skog og fjell. Her var fjellsus og skogsus. Fuglesang og orrebulder. Alt samla seg i meg som ei god glede.

Når kornet var sådd, og potetene i jorda komne, var det tid for å ro' vollen. Då var gjødsla utvaska av regn, og tørka av sol, og vart raka saman og innkøyrd i gjødselkjellaren att. Det vart ei god underbreitsle, so geitene fekk eit tørt underlag når dei var inne for natta. Utetter sommaren danna det seg då eit tørt lag med talle som vart teke vare på utetter vinteren. Det vart spadd av og lagt tilsides når ein kasta mittinga: jamna kugjødsl over heile gjødselkjellaren, so la me tallen tilbake. Slik hadde både sau og geit eit tørt og reint underlag utetter vinteren.

Ved pinsetider var det vanleg å sende killingar og vaksne bukkar på beite langs Maudalsvatnet. På "Stronda" me kalla. Heimvegen vart stengd ved "Uførene" me kalla. Her var det berre eit par meter mellom vatnet og bergveggen, og farbart berre på gangsteinar. På Stronda var då killingane gåande fritt til hausten. Men dei vaksne bukkane vart fanga inn i tida kring Olsok. Då var tidligpotetene takande, og bukkane slakteferdige. Det vart kjøttreserven fram til haustslaktinga, og saltkjøttet frå året før, var som regel då slutt. Maudalselva og Maudalsvatnet heldt oss med den fiskematen me trong. Og ville me ha storaure hadde me fjellvatna å ta til. Der gjekk kilosaren rund og feit. Men han var verre å få tak i, ein måtte helst nytta garn.

Først i juni tok slåttonna til og steinute utkantar måtte tas med ljåen. Sidan vart det utslåtten som sto for tur. Det var helst dette som vart den rette slåttonna. Ho kunne vara i vekevis når dei store grasmyrane skulle snøyast og tørkast. Men var det gode tørre somrar, kunne ein hausta mykje godt for.


I markaslotten måtte alle vera med. I tiårsalderen fekk ein sitt første langorv. Og det vart tevling oss gutane i mellom, kven som var best med brynesteinen, og fekk best be't i ljåen, eller slo finast, det måtte helst



Georg med avlsbukken. Georg fekk importert denne geiterasen frå mellomeuropa i slutten av 60-åra, som resulterte i at alle kjea etter bukken blei kvite.

ikkje stå att eit strå. Graset vart raka saman i kverlar og breit. Det vart rekna som kvinfolkarbeid. I denne tida vart det og lauva ein del. Lauvkjervane vart lagde på golvet, og reiste kring veggene i markaløene. Det var og rekna for det finaste geiteforet, og så verna det høyet mot jordslag, og verdrev.

At Maudølen hadde dreve jordbruket slik etter gamalmåten ned gjennom tida, var vel det at dalen hadde vore utan vegsamband. Og slik vart det uråd å få fram kjøpegjødsl og kraftfor i nokon mun. Dette vart det snunad på no når vegen var der. Han vart som ei livgjevande blodåre. Det var sjølve nytida som var komme. Ny jord vart lagt under ploegen. Og årsveksten på dei gamle bøane og åkrane vart større. Det kom og det til at vegen frå Veen til Byrkjedal vart bygd. Med dette ville dei øvre gardane i Bjerkreim få samband med dei ytre gardane i Forsand, og då melde tanken seg om eit



Arnholt (bror til Georg) og "Nachen". Denne bilen blei brukt som melkerute til Byrkjedal etter krigen, og hadde ein 12 sylinders rekkemotor som slukte mykje bensin opp Maudalsbrekka.

økonomisk samarbeid ved å byggja eit andelsysteri. Tanken fengde, og i 1925 vart det ein realitet. Alt arbeid vart gjort ved dugnad omsett til pliktarbeid. Ein dag for kvar andel i meieriet. Ein andel vart rekna etter ei ku eller seks geiter. Alle vart ikkje med i andelslaget. Dirdal krinsen vilde ikkje vera med på anna vilkår enn at ysteriet vart bygd på Dirdal. Einskilde på Gilja vilde ikkje ta risikoen med ansvaret for gjelda. Likeeins dei tri oppsitjarane i øvre Maudal.

Men Byrkjedal ysteri stod nå der, ferdig til å produsera ekte geitost og bl.ost. Ti-tolv geiter var det på mange av gardane frå gammalt av. No vart det kjøpt inn fleire utetter våren. So nå kom geitetalet opp i tjuge til femogtjuge på kvart bruk. Kutalet på bruka i Maudal-Østabødalen-Byrkjedal og Gilja var fra fem til ni kyr. På Veen, Sundvord og Hovland var kutalet frå tolv til tjuge mjølkekyr.

Endå ein ting må eg ta med når det gjeld starten og byggjinga av Byrkjedal ysteri. Det var trua og samarbeidsviljen som gjekk langt utanom byggjinga av ysteriet! Dei to oppsitjarane på Sundvord ville vera med i ysteri-samanslutninga. Men dei hadde ikkje rimeleg køyreveg til gards. –Det som ikkje var, det måtte koma. So vart den tri kilometer lange vegen bygd med dugnad. No var fire dalføre bygde saman til eit sentrum i Byrkjedal. –Det ramla og skramla i blanke mjølkespann langs alle vegar. –Mode var stort og framtida lys.

Men, krisetrollet låg på lur etter verdskrig og jobbetid. Mange vart sitjane med kausjonsansvar på gardane. Etterspurnaden på ost frå ysteriet vart tregare og tregare. Prisane minka og krona gjekk opp i pari. Og gjorde alt verre. –Mode minka. Og makta, kor skulle ein ta den ifrå, når alt var svart i svart.

Om det var tronge tider for småbonden i fjelldalane, var det nok verre ellers i landet. Me fekk bod om det, med di det kom så mykje "trekkfugl" som for framom. Det var arbeidslause på "luffen". Men det fantes ikkje arbeid å oppdriva. Dei selde gjerne såpe og skosnorar, og bad seg til eit matmål imellom. Ikkje noko arbeid å få, jamra dei. Dødt- dødt. Einast forsorgen eller nødsarbeid. Og så ein tur på bondelandet om sommaren. Dei var "trekkfuglar" som dreiv på "bommen" i byane om vinteren, og trekte ut på bygdene etter lausarbeid om sommaren.

Då, i tjugeåra og inn i trettiåra vart det drive som eit naudsarbeid på bygdene au. Det var bureisinga. Ein skulle byggja landet. Mange småbønder sat med ettermåten store slåtteteigar og beiteland. Dei skilde dette frå heimegarden, og selde til ein av sønene. Slik vart ogso eg ein av desse som skulle ryddje meg min eigen gard. Eg var 17 år og hadde nett lese Hamsunds "Markens grøde". Eg var oppglødd. Skulle verta ein ny Isak Selendrå. Lite visste eg kva eg gjekk til. Men eg var svanger av ein glødane patriotisk tanke: Eg skulle vera med å byggja landet. Rydje landet. - Og gjera Noreg større. - -

To tusen åttehundre i stønad til bygnad av fjøs og låa. Sju tusen i femårs rentefritt lån. Det var startgrunnlaget. Av det fekk far fire tusen for jorda som tilfall bruket. Det var femti mål dyrkningsjord, og to tusen mål skog og fjellbeite. Det vart nok eigeninnsatsen som vart den teljande. Og me gjekk på med friskt mot. Både far, bror min og eg. Hausten nittenhundre og tjugeseks grov me tomte til gjødselkjellaren med god hjelp av grannane. Og so var det å gå i gang med sprenging og kiling av minestein. - Dette var eit arbeid eg lika, for det fylgde som ei spanning med det. Når hola var ferdige, og kilane sette på plass, og så ta til med sleggja for å drive kilane. Då måtte ein vera lydvare for det første knepp i steinen, og so vera varsam og fylgja jamt med slaga. Då klovna steinen

fint. Ei fin rispande spraking som når ein riv papir. Det vart eit langdrygt arbeid, for det skulle mykje stein til når alt skulde murast i stein, og grunnflata var 10* 17meter, og dertil med dobbel mur. Men det vart ein fin og lang haust. Og me bruka lange dagar. Og om det var måneskin hende det eg sat utover kvelden og bora kilehol, gjerne til klokka var både ni og ti om kvelden. Det var kaldt, men det var moro au når eg var heldig og steinen sprang fint.

Far hadde før drive med gråsteinsmuring ute på anlegga, og no kom det vel med. Elles hadde ein av "trekkfuglane" kome att og gjeve seg til hjå oss, han var ein gamal ven av far, han var no med på murearbeide. Det var han og vel kunnig med. Og det kom vel med.

Hausten nittentjugesju var murearbeidet ferdig. Same året vart eit anna bureisingsbruk ferdig, også det i Maudal. I nittenotteogtjuge vart løebygningen reist over fjøsmurane på mitt bruk, so no var grunnlaget på ein måte lagt for to nye bruk i dalen.

Det vart grotid og vokster og på annan måte: Barnetalet auka og vaks til skulepliktig alder, etter å ha vore nede i tri skuleborn og fire skuleveker i året. - - Men det som sette største farten på utviklinga, var anleggsarbeidet som no kom i gang. Det var Maudal kraftlag som stod føre si utbygging. No kunne folk kring i dalane få høve til å tena ein ekstraskilling, meinte dei. For prisane på kjøtt gjekk berre nedover og nedover, so det var ikkje mykje å leva av. Men det vart visst ikkje rart med fortienesta på anlegget etter som det såg ut til. Eg var med i eit lag på fire som skulle frakta anleggskrantar og ymse anna utstyr opp på heia der dammen skulle byggjast. Fossefjell var hardaste kneiken å vinna over. Bratt var det, og mykje snø. Det var så langt på våren at skaren bar hesten tidlegdags. Men sola tok so hardt om dagen at snøen blotna. Difor måtte me starta i tre-firetida om morgenen

om me skulle ha tankar om å vinna opp med hestelassa. Timeløna var ei krone for mann og hest. - Det gav ikkje store vonene om rikdom, nei. På vegarbeide frå dalen og opp til demningen på fjellet, var timeløna frå sytti-åtti øre på dei ymse parsellane. Nei, dette vart berre "nåtta og gråten". Men det kom seg etter kvart. Grunnarbeidet til kraftstasjonen og planeringa for røyrkata vart betre betalt. Sjølv fann me støypesand på garden vår. Men me måtte byggja ein kilometer lang veg fram til sandtaket, og det var mykje reinskearbeid. Sanden fekk me levera på kraftverket til støyping av fundamentet for røyrkata. Men å ta ut sanden, køyre han dryge tri kilometer for kr.1 pr.hl, det var heller ikkje noko å verta feit av! Elleve tusen hl. tok me ut. Då var ikkje sandtaket drivverdig lenger. Me traff på formykje storstein. Så det stengde seg sjølv.

I nitten tretti vart våningshuset på nygarden min ferdigt. Det vart levert ferdig oppsett på grunnmuren som far og eg hadde mura sjølv. Prisen var totusen femhundre. Året etter kom bordkledningen til. Det vart sju hundre. Når eg då hadde betala jordvegen med fire tusen, so var lånekapital og statstønad oppbrukt.

Fyrste byggetrin av kraftverket var og ferdigt. Kraftstasjonen kom i drift, og maskinistane flytta inn i dei nye bustadane som og var ferdige. Dette vart ny tilvekst til folketalet i dalen, og miljøet endra seg. Maskinistane var frå gardsbruk i Høyland og Time, og ein frå Oltedal i Gjesdal. Det fylgde nye inpulsar med dei. Me hadde vore bra avstengde, men no fekk me høyra om andre driftsmåtar, og ein tok etter.

Etterkvart vart jorddykningsbidraget større, so no vart det nybrotsplogen, steinbukk og spaden som tok plassen etter skjellingane ein kunne tena på anlegget.

Men prisane på mjølk heldt seg enno låg. Den hadde vore nede i åtte øre literen

for kumjølkk og tolv øre literen for geitemjølkk. Prisane var so smått på veg oppover. Det gjekk seint, men ei lita lysning var det. Avdrotten auka for skuld betre foring, og hjelp av kraftfor. Men det vart liten netto, så handelsskulda på handelslaget auka. Og det vart ei tung bær å bera. Så vart det skogen som måtte halda for. Dei som hadde nemnande skog, dreiv med famneved hogst om vinteren. Men dette vart og mye slit og lite peng i denne tida. Ysteriet tok imot veden, men betala berre kr.atten for favnen levert ved ysteriet. Då måtte me for vår del driva han fram av skogen, hogge han opp, måle han, og køyre han fram til plassen. Og dåtil kontrollmåle han der. Nei, det var tronge tider. Men vona ber mannen yvi bekken. Og so er det dette med vona: I morgon er det betre! Og det gjorde det. Det lysna litt etter litt.

Mjølkeprisen og kjøttprisen kraup i veret, og vedprisen likeeins. Og i 1936 var det ein ungdom til som fekk kjøpa ein part av heimegarden og sette seg til som bureisar. Tri andre ungdomar hadde fast arbeid som vedlikehaldgjeng på kraftstasjonen. Desse ungdomane bygde seg egne bustadhus, og vart ein tilvekst i grendesamfundet. Og ikkje berre det. Tida var komen då dei såg seg om etter koneemne. Så då i førkrigsåra gifte dei seg den eine etter den andre. Eg var sjølv femte som fekk kone i den tidå. No var famnaveden firti kroner famnen, så skogen gav ei kjærkomen attåtinntekt om vinteren. Alt såg lyst ut. Men så small det! Det var niande april nittenfirti at helvete var over oss.

Vi var komne frå fjøset og var ferdige med morgonstellet. - Far skrudde på radioen for å høyra nyhetene. Ja, det vart nyhende. Noreg var i krig! Det var Qvisling som gav føresegner om korleis ein skulde førehalda seg. Heilt etter førar stil. Det rann meg i minne orda av Sivle. Og eg sa dei høgt: "Og stødt det nordmenn lyt vera med, når Noregs merke skal hoggast ned!"



Bilete er frå Lindland, heimen til Georg med familie. F.v. Georg, broren Arnholt, ei tenestejente og Guri, mor til Georg.

Det som sidan hendte, med kampar innerdalane her. Om kampar i nord Noreg. Norske krigskip som vart senka. Og det store flaggskipet åt tyskarane som vart senka i Oslofjorden. Det vil eg gå forbi

Det er det skrive mykje om, og vil føra so langt at eg heller går fram til våren 1945. For då rann det verkeleg ein ny vår over landet vårt. No var det oppbygginga som stod føre. No var det våren i sinnet, og sjølv den ljose framtida som sto føre. Og eg vil framleis halda meg til mitt eige bygdemiljø, og det som der vart av vokster i etterkrigsåra. I ufredsåra hadde det vore lite av driftsmidlar så som kunstgjødsel og kraftfor. Ein måtte ty til langorvet og utmarka att. Og ein måtte ty til skavljæen og rauneskogen om vinteren. Men no- i den nye våren var det ei brytningstid på so mangt. Myrane venta på grøfting og nybrotsplog, men det vart slutt med å bruka hakka og spada. No var gravemaskina komen. Og traktoren. Tungarbeidet gjekk som ein leik imot før.

I 1948 kom fyrste traktoren til Maudal. Det var han som sist hadde bureist. Han skulle starta som maskinhaldar for krinsen. Me andre skreiv under på at me skulle bruka han til pløying og noko av harvinga. På same tid stod me som kausjonistar for lånet hans. Maudal kraftlag stod au framfor utviding. Det skulle byggjast ny og større demning. Og vatnet skulle førast i tunnel gjennom fjellet. Her var liv og røre. Bortimot hundre mann var i arbeid. Mange av dei var frå dalane herikring.

I femtiåra vart det bygt nytt skulehus. Bornetalet hadde auka. Det gamle skulehuset vart for lite, og hadde ikkje den standard som kravdes no. Her vart og bygd ny lærarbustad og me fekk todelt skule. I denne tida vaks det fram eit eige miljø når det gjalt underhaldning. Det skuldes mykje dei lærarane me hadde i denne tida. Og so gav det nye skulehuset rom for samkomor av eit anna slag enn før. Det vart skrive sketsjar

og revyviser som vart framførde av folk frå dalen. Og skuleborna opptrådde med ymse songleikar. Slik vart det bygd opp mang ei hugnadstund. Dette skapte trivnad og samhold i miljøet.

Men framtida hadde meir i si hand. Det var som folka gjekk inn for Ivar Åsen sine ord: "Alt det som no skal duga, det lyt vera stort". Kommunane måtte verta større einingar. Og gamle kommunegrensar vart skipla. So skulle skulen sentraliseras, med kva som det førde med seg av godt og vondt. Det gamle mellom skuleborn, lærar og forelder vart opprive. I allefall vart det slik hjå oss. Alt skulle samlast om sentralskulen. Dei som budde i utkantane vart tilskodarar, og ikkje aktive. Og det vart eit tap for grendemiljøet. Men sumt vart no av det gode. Sentraliseringa førde med seg at vegane måtte haldas opne om vinteren. Det vart slutt på den tida at ein var innesnødde.

So sto meieribruka for tur. Her måtte og sentraliserings-skrua setjast på. Byrkjedal meieri vart nedlagt, og slege saman med Bjerkreim meieri. Framvoksteren i seksti og syttiåra var over oss som ein flaum. Eg nemde traktoren som vart innkjøpt til bruk for heile grenda. Det strokk ikkje til, no vart det både ein og to traktorar på kvar gard. Og hestane kom bort.

Ein hadde ikkje lenger tid til å kvila i plogfora. Heller ikkje ta ein pust på åkeren når ein harva. Ånei, romantikken var borte den. Ein kunne ikkje lenger høyra talatrost frå bjørketoppen. Heller ikkje orrebulder frå åsryggen. Traktorbulderet døyvde all anna lyd.- Det er den nye tida. Og slik har det vel alltid vore sagt, gjennom alle tider. Alt omskifte er den nye tida. Og den som gammal er vorten, står på sidevegen i livet og ser ungdommen og nytida storma fram på hovudvegen. Dei har fått taumane i hendene, og overteke styringa. Dei ser framover mot stendig nye mål. Og sjølv står ein att med minner om den tid som er faren.

Eg minnes so vel fyrste jula vår i Maudal. Me hadde juletre. Det hadde me med som ein skikk frå byen. I Maudal hadde det aldri vore i bruk. Andre juledag bad far alle i grannelaget inn til samkome rundt jule-treet. Dei kom mann av huse; Born, eldre og gamle. Dei var opp i under. Og sidan vart det slik at juletreffesten gjekk på omgang i grannelaget. Kvart år seinare. Alle var av stad og hogg seg juletre. Og på det viset vart det fire juletreffestar kvart år seinare. Det var ikkje noko forsamlingshus i Maudal i den tida. Difor samlast ungdomane på ein av gardane og spurde om lov til å få dansa i "bua". Som oftast fekk dei det. Eg minnes so vel ein slik gong. Eg var tretten år då. Og dansen var i bua hjå farbror. Eg hadde lært å dansa då, og var med i dansen. Då sto brått læraren i døra. Han hadde husvære hjå farbror og var nett komen då om kvelden for å ta til med ein skuleomgang på tre veker. –Eg slepte jenta eg dansa med, som om eg skulle ha brent meg, og freista gøyma meg. Men læraren kom bort til meg, og var berre store smilen. "Berre dans", sa han. "Berre dans". Eg vart varm heilt igjennom. Og kjende meg som vaksne karen. Det hende og at skulestova vart teken i bruk til danserom. Då møtte ungdomane frå Byrkjedal og Østabødalen fram. Men då fekk ikkje me borna vera med. Det var ellers trongt nok som det var då.

I Byrkjedal var det i si tid skipa ungdomslag. Det fekk namnet "Fjellbuen ungdomslag". Og det høyrde under Noregs ungdomslag. Det hadde vore so ymse med tilslutnaden. Men då eg var i konfirmasjonsalderen, vakna det til nytt liv. Etter konfirmasjonen vart ogso eg medlem. Og på den tida vart det mange nye medlemmer på min alder. Ungdomslaget hadde si eiga handskrivne avis. Den vart mykje nytta. Programmet elles var diskusjon om ymse emne. Enda til kvinnefrigieringa var framme som emne. Eg kan minnas det var

fleire som drog på fiiren, då ordstyraren avslutta ein slik diskusjon. "De kan seia kva det vil" sa han, "Men mannfolka har no alltid havt hug til å ha kvinnfolka under". – Sidan var det opplesing, song, og folkeviseleik. Ungdomslaget vart drive ganske bra nokre år frametter no. Den drivande krafta var læraren i Mjåland og Maudal skulekrins, som var formann i laget. Men eit stykke ut i trettiåra gjekk det ei sterk religiøs vekkjing i dalane her. Mykje av ungdomen vart med, og Fjellbuen ungdomslag var ikkje meir liv laga.

No vart det fleire år det ikkje vart anna samkome mellom ungdomane enn dans i eit vegkryss – på ei bru, eller ein låve. Det hadde og vorte so mykje auke i folketalet, at dei heimslege juletreffestane rundt i stovene vart slutt. Det var ikkje rom nok. No vart det juletreffest i bedehuset på Gilja. Og nyttårsfest på ungdomshuset, ogso på Gilja. Men no var bilalderen komen so vegavstanden hadde lite å segja. Ungdomen samlas frå mange bygdelag. Det vart nok rivalisering om jentene då. Og det kunne gå tøft for seg mang ein gong.

Ja, underleg er det når ein står, liksom på sidevegen av livet, og skimtvis ser tilbake på tungarbeide ein har gjennomlevd. Då er det ei glede å sjå kor det er slutt på fysisk tungarbeide hitgjennom tida.

Og no med traktoren og brøyten til jordarbeide og nybråte. Og i fjose murrar mjølkemaskinanlegga og førar mjølka til mjølketanken der ho vert nedkjølt. Og tankbilen som hentar mjølka ved fjøsveggen. Og det kan sakta turvas når ein ser på avdrotten no og før. For seksti år sidan var avdrotten eittusen femhundre kg. I middel for ku. Og eithundreogseksti kilo for geit. Mot no i åttiåra: Sekstusen kg. i middel på ku, og drygt sekshundre kg. pr geit. Og busetnaden først på tjugetalet: Fire bruk i nedre Maudal, og tri i øvre Maudal. Og no i åttiåra. Sju gardsbruk, og tri bustadhus

utanom. Dei er folgehus. I øvre Maudal seks gardsbruk. Dessutan ti bustadhus for maskinistar og andre arbeidarar ved kraftlaget.

Åja, der er so mangt som dukkar fram i minneringen når ein ser attover. Me som var jamnaldringar i nittennitten, me vart gifte til si tid. Og det kom born ikring oss som vaks opp og fekk konor og born. Og med all denne tilvekst av liv ikring oss, når ein tenkjer på det sosiale og kulturelle livet, og det omskifte det har vore i desse seksti-sytti åra. Då kan ein ikkje anna enn undrast.

I min barndom var det eit storhende når ein av ungdomane rådde seg til sykkel. Og no i bil og Tv-alderen er det heilt vanleg at dei skaffar seg bil når dei er atten år. Men so er dei ogso farne or reiret og skapa seg sitt eige livsgrunnlag. Ogso med huslyd og born som veks opp, og inn i det vaksne livet.

Men trass i alt som har vokse opp og fram, er det noko eg sakna: Det at utkantgrenda misser noko av det å kunna skapa sitt eige kulturliv ikring seg. Før var det slik at ein fekk ikkje anna underhaldning enn den ein skapa sjølv.—No vert det servert ferdig inn i stova, av radio og tv. Det er slutt på dansen i veg-kryss, eller på brua. Nei no set ungdomen seg heller i sin eigen bil, og reiser til byen på restaurant. Og me som gamle er vortne, me har mykje slutta å gå til ein annan i grannelag. Me sit heller heime og ser på fjernsynet. Jau, mykje har gjenge tapt, det er nok so. Men me som har vorte pensjonistar, og sit heime på garden i



Guðrun og Georg. Bryllupsbilete frå 1938.

vårt folgehus, og tenkjer attover korleis dei gamle hadde det før. Me har mykje å vera takksame for. Me kan og hjelpa til på garden om det trengs, og kjenna at me ikkje enno er bortkasta og bortgløynde. Born og borneborn veks opp omkring ein. Det evige livstre skyt nye greiner og saftige knuppar inn i framtida.



Gunhild og John Pareli Eide.

Gunhild Eide

“R”u” og klevask attmed åno i gamle dagar. Ja, det er bra over 80 år sian, så det må vel kallast gamle dagar. Eg kunne vel vore 7-8 år det første eg hugsar då eg fekk vera med på det. Aa, du kor me ongane gledde oss! Det måtte vera ein godversdag og helst måtte det li så langt at vatnet i Opsalåno hadde vorte litt lunka. Først var det å få den store vaskegryta og ved oppå hjulbåra og fara bort med det, mura opp gruva og kveikja under, og så få gryta med vatn over. Så tilbake etter

den store trestampen med rua (vårulla) og kleda som skulle vaskast. Nå skulle all vinterskiten ut. Og det var ikkje få plagg som trengte eit laug. Det var stoppe-dekketrek, heimevovne, med bomull til “varp” (renning og innslag), dei hadde fine striper av ymse fargar. Så var det heimespunne og heimevovne åklæ til å ha oppå stoppeteppet om vinteren når det var kaldt, og som dei pynta med striper eller rinder, som me helst sa. Ei og onnor “bosbreia” laut og ha ein omgang. Det var eit simpelt åklæ, utan stas,

som låg nærast halmen, under “kvetelen” i senga. Og så var det dei mørke ytrekleda, både til mannfolk og kvinnfolk som trengde vask. Kvifor skulle alt dette vaskast nå? Jau, for det skulle vaskast i ruvatn! Rua kom oppi ein stor stamp og varmt vatn, ikkje for varmt, vart slege over. Så klemde dei henne godt med hendene til ho såg rein ut. Og så måtte ho sjølvsgagt skyljast godt i rennande vatn. Nå var det ongane sin tur. Av med sko og sokkar, så fekk me kvar vår kjiba, ei heimelaga, fletta trekorg, og ein liten rudott oppi. Han laut vera liten, så han kunne verta godt gjennomskyla. Så hoppa me ut på ein

stein attmed ein god kulp, dyppa kjibo opp og ned til det rann bare reint vatn av ‘na. Tilbake etter ein ny dott til me var ferdige. Så var det ruvatnet. Jau, det skulle brukast til å vaska dei nemnde kleda i, då vart dei så mjuke og blanke i leten. Sjølvsgagt laut dei farast over med lindt grønsåpevatn og skyljast kraftigt i rennande vatn og turkast ute i frisk luft. Rua vart lagd til turk på store steinar.

*Gunhild Eide, Oltedal, nær 91 år.
April 1980.*



Gunhild Eide.



Familiebilet. Framme Gustav, Kristine, Thea, Solveig og Gunnar. Bak f.v. Sverre, Anna og Kåre.



Søskena til Gunnar samla på 80 årsdagen til Magnus. Frå v. Einar, Samuel, Magnus, Olava (g.Grøtteland), Erling og Gunnar Kristian, som har skrevet minneoppgaven.

Gunnar G. Østebø

Minner fra eldre dager

Først litt om farfars tid. Han vart fødd på "Giljabrekko" i Forsand i 1814. Navnet hans var Gunnar Olsen. I ca. 1850 kjøpte han "Brekka" i Gjesdal, men selde denne og drog til Østebø i 1855.

Han delte bruket med svogeren Ingebret Gunnarsen Østebø. Farfars første jobb på bruket var å byggja uthus og våningshus. Østebø eigde i den tida ein teig fåreskog på Tjørhom i Sirdal. Det var der materialet vart hogd og køyrd fram på vinterføre til Østebø. Farfar døydde i 1908, men då hadde allerede far, Gunnar Olsen Østebø, overteke

garden. Men han døydde då eg var bare 12 dagar gammal. Han omkom i eit snørås då han var på veg til Haaland (Frafjord) for å be fadrar til dåpen min.

Det vart nok tunge dagar for mor med seks små i alderen 12 dagar til 10 år. Men me har hatt det godt i alle år. Me var ei jente og fem gutar. Eg var den yngste i flokken, og den einaste som ikkje har sett far. Me måtte tidleg krøkjast, og eg kan nevna at dei to eldste, 10 og 12 år, måtte reisa på haustmarken med eit føl som skulle seljast.


Men det gjekk godt, og dei var nok krye av jobben.

Eg kan også minnast at farfar frakta eit føl frå Stavanger til Dirdal i ein robåt. Sjølv var eg også med på noko liknande på Haukalidvatnet. Me skulle til faste (tante) som var gift med Ingebret Haukalid. Me fylgde båten til Forsand og køyrde deretter til vatnet. Me var fem stykker og ein hest. Hesten vart leigd opp i båten, og så hengde me ein høysekk om halsen på han. Då stod han roleg og åt heile tida til me var framme i Haukalid.

Huset me budde i har eg teikna. Som tidlegare nemnt var det eit tømmerhus. Omlag seks meter breidt, og elleve og ein halv meter langt. I første etasje var det ei bestestove på ca. 4x4 meter, daglegstove på ca. 4x4,5 meter, to kammers som var ca. 2x4 og 2x4,5 meter. Ellers var der kjøkken og gang med trapp opp til andre etasje. Alle romma og nokre av møblane er teikna.

Eg kan hugsa den gamle uthusbygningen heime. Fjoset var lavt. Taktekkinga var gjort med never og torv, og veggene var av plank. Der var ikkje vindaugo, men i taket var det ein ljøre. Kva dette er har eg fortalt seinare.

Teikning over 1. etasje i bolighuset:



1 er kisten

2-8 er kjer




9 er bunnen


10 er ein ljose i taket.

Dette var ein pinne/stokk med ei kette på. Når ein skulle ha lys i løa skaut ein stokken opp, og lyset strøymde inn gjennom eit hol i taket.

11 er ein "bakke" ein kveide opp på når ein skulle kjemna høylasset.

Når denne var brukd når ein skulle banka ov kornet.





Teikning over 1. etasje i bolighuset.



Resten:

- 1 og 2 er rom som ble bygd som gjesterom.
- 3 er soverom.
- 4 er spisestue med stov.
- 5 er badekammer som ble bygd med persfj.
- På golvet var det 3 andre lepper.

Arbeidsrom:

- 6 og 7 er rom (halv å legge på)
- 8 er koke med til kjøkken.
- 9 er et skap

Dagstuen:

- 10 er ring
- 11 er en "Sandstovne"
- 12 er soverom
- 13 er skap
- 14 er spisestue og stov "utskilene klaffes i bordet"
- På golvet var det 4 andre lepper.

Teikning over 2. etasje i bolighuset:

Loang.

- 15 er trappen opp til 2. etasje
- 16 er plass til å henge av seg klær.


Kjøkken

- 17 er et skap til kyllerke o.s.v.
- 18 er grunn
- 19 er que og skorstein
- 20 er vedkomfyren
- 21 er kjøkkenbordet
- På golvet var det heller (stein)

Spisestuen

- 22 er vegghyller der det ble oppbevart forskjellige matvarer (brød o.s.v.)

Teikning over 2. etasje i bolighuset.



1 og 2 er rom:

Vi var alle mykt glade i å få ligge i m l fordi denne hadde soverom på andre sida av veggen

3 og 4 er b stov kiste


5 er soverom/skorsteinen

6 er trapp opp frå 1. etasje

7 er utv stov kasse som vi bytta å for kasse i.

8 er "pape" frå soverom i 1. etasje.

Teikning over løa.



Den gamle horva var laga av tre. Ho var sett saman av seks stokkar, tre kvar veg. Der stokkane låg oppå einannan, bora med eit hol med ein stor navar, som vart kalla husnavaren. I holet slo me nedi tretinnar av hardt tre, som var ca. 25 cm lange. Desse var det ni av, og dei stod ca. 30 cm frå kvarandre. "Skåglane" var og av tre, og der var ein krok i begge endar, slik at ein kunne hekta horva på den vegen det passa best. På plo- gen var det veltefjøla og vangsen som var av jern. Ellers var alt av tre.

Eg hugsar då me skulle banka or kornet om hausten. Me la det inn til midten i låven med røtene frå kvarandre, og slo på det. Då det var orslege, vart det grave i ein haug i den eine enden av låven. Så sette me oss ned på golvet og kasta kornet med hendene mot den andre enden av låven. Det beste kornet fauk då lengst. Me hadde også ei stor jerngryte som me bruka til å tørka korn i. Den hengde me i "sjeringen" i grua, og fyrte under. Til å røra oppi, brukte me ein lang "tretein" med ei plata i enden. Når kornet var tørt, gjekk me til kverna og fekk det mole.

Då sevja kom i bjørka, var det å skjera material til "vidje" som me bruka til hestetruger og i skiene.

Eg minnest då me fekk køyrevegen til Østebø i 1906. Mor har fortalt om ein gong då ho var på Mjåland etter ei kløv med varer. Då ho kom mest opp til Rettland, tok kløva borti ein "fjellnabb" og vipa rundt. Øykjen som var van med å gå med kløv, la seg på knea slik at ho kunne løysa kløva og deretter leggja ho på plass att.

Om våren når me hadde klypt sauene, tok me godt vare på ulla. Den vaska me heime utanfor huset i stampar med heimekoka såpe. Etterpå gjekk vi ned til bekken og skylde ho. Deretter var det å få ho tørr. Utpå hausten fann me fram karskeiene og rokken. Med lys frå parafinlampa sat vi og spann. Stor var gleda då rennebommen kom på plass. Når renninga var unnagjort, var det moro for oss borna. For då kunne me stå oppe i rennebommen og sviva rundt. Men det var ikkje lenge det varte, for rennebommen vart snart byta ut med vevstolen. Me borna var med mor og sette denne opp. Renningen skulle leggjast på, og den kunne vera mange meter, alt etter kva ein skulle veva. Men det var endå mykje arbeide att før sjølve vevinga kunne begynna. Kvar enkel tråd skulle tres igjennom vevskeia,

trøer oppbindas, renninga strammast og garn spolast inn på små spolar.

Mor vov mykje vadsmål, og det vart sydd til blant anna undertøy. Mor sydde alltid like klede til alle borna, og då helgedagen kom, hadde me alltid finare klede på, "sundagsklede". Av garnet strikka mor også hoser.

På føtene hadde me vanlegvis tresko. Desse vart laga av dei eldste i barneflokk, men då eg vart ca. 11 år, byrja eg å laga dei sjølv. Om sommaren sprang vi mykje barføtt. Lersko/skinnsko vart vanlegvis kjøpte i Stavanger, og desse vart brukte bare til best, "bestskorne".

Den daglege kosten i min barndom kan ikkje samanliknast med den i dag. Vi hadde fire måltid til dagen. Morgonsmat var heimebaka brød, heimekinna smør og pålegget var helst sukker eller syltetøy. Syltetøyet laga me av blåbær, molter og tyttebær, og dette vart lagra på brune krukker på ein kald stad. Pålegget kom vel med utover vinteren.

Middagsmaten var salt kjøtt, komler, steikt flesk, spekesild og anna fisk. Om hausten når slaktinga stod på, koka me blodkomler og steikte blodpannekaker. Ferskt kjøtt hadde me og då. Lammahovud brukte me

og, og dei vart kjøpte i Stavanger og deretter salta ned. Mellemat var også brødmat. Kveldsmåltidet var vanlegvis havra-grynsgraut.

I helgene var det som regel noko godt. Lefse og gome vart mykje brukt, for om hausten vart det baka både lefser og flatbrød i store haugar. Og når jula nærma seg, vart det baka endå meir lefser og anna godt.

Dei var som regel tre stykker når lefsebakinga foregjekk. Ei knødde, ei baka føre og den tredje tok finpussen på lefseleiven og såg etter at bakstehella ikkje vart for varm.

Av lefsa laga vi også noko som vart kalla stølsbrød. Då måtte lefseleiven brekkast i to med det same den var steikt. Det vart då ein halvmåne, og kunne betre handterast og fraktast med andre stølsvarer.

Når sommaren kom, drog me til stølen saman med kyrne. Der budde me i 4-5 veker, og mange gilde dagar hadde me der. Arbeidsdagen kunne bli lang. Mellom steinar, tuver og oppetter bakkane vart graset slege med ljå. Med rive og høygaffel arbeidde me til høyet vart tørt. I små høyhus vart høyet bore inn, men seinare frakta derifrå og heim med hest.

Bilete av Østebø frå ca. 1900. Gunnar vaks opp på garden i midten.





Heime på Stangeland. Bak fra v.: Thea med Kåre på armen, Kristine og Gunnar med Gustav framføre. Ana og Solveig framme.

Maten på stølen var brød, melk, flatbrød og graut. Me kinna smør og me var ute på moltehenting, som me syntest var gildt. Når stølslivet var slutt, gledde me oss til å koma heim att. Men best var det den sommaren me skulle ha grisen med oss heim. Den hadde vorte så stor og feit at kassen den skulle oppi vart for liten. Då jaga Erling, bror min, og eg grisen heim dei sju kilometrane, og det gjekk godt.

Forutan det daglege arbeidet om vinteren, gjekk me i fjellet oppforbi huset og sette snare for å fanga ryper. Det tykte eg var interessant. Men ein dag vart me tekne av eit snøras. Me var tri gutar i 10 års alderen som var i lag. Snøraset kom setjande mot oss, og så vart det mørkt, og eg såg ingenting. Eg vart så hardt tilpakka at eg kom ingen veg, og hadde vondt for å pusta. Eg tenkte på mor som mista far for 10 år sidan, og eg bad til Gud om at det ikkje måtte gå med meg

som med far. Eg hørde at folk snakka, og forstod at dei leita etter meg. Så hørde eg at hunden kom, og det varte ikkje lenge før den fann meg. Men kor lenge eg var ned-graven, veit eg ikkje. Då me kom heim, la dei meg i ei varm seng, og eg fekk noko varmt å drikka. Alle var glade for at hunden var så flink. Utan den veit me ikkje korleis det hadde enda.

På skule gjekk eg bare 12 veker i året. Då eg gjekk for presten, sykla eg først til Dirdal, og det var to mil. Derifrå var det med båt til Høle som var nye to mil. Konfirmantane var samla hjå presten ein dag både føre- og ettermiddag. Deretter hadde me fri i 14 dagar.

I barneåra leika eg mykje med trehestar, og noko eg kalla kyr og sauer. Eg bygde bondegardar, og drøymde om å få ein sjølv når eg vart stor.

Eg var ikkje store karen då eg var ute i fjella som gjætar om sommaren. Dette heia-livet hadde eg i fem somrar i Setesdal, to

vintrar var eg i arbeide i smia hjå Fanuel Gjesdal.

Så kom eg så langt at eg kjøpte gard på Randaberg. Den fekk eg ha i bare eitt år, for den vart teken attende med odelsrett. Så bar det til Hundvåg. Der forpakta eg gard i to år. Her var også mor med ei stund. Ho fekk høner som ho stelte. Egga selde ho i Stavanger, og for pengane ho tente, kjøpte ho seg alltid nokre fine småting. Tenestejente måtte eg ha, og ho vart eg seinare gift med.

I 1928 kjøpte bror min og eg gard på Stangeland i Sola. Den var på ca. 250 mål dyrka jord. I 1930 delte me garden, og same året gifte eg meg. Det falt på meg å byggja nye bygningar, men alt gjekk med liv og lysst. Både kona mi og eg hadde god helse, men tenestefolk måtte me ha. Mang ein tørn måtte me ta for å få endane til å møtast, men takka vera at me begge hadde evne til å gjera det beste ut av det heile, gjekk det godt.

9. april 1940 er vel ein morgon som me ikkje kjem til å gløyma. I radioen hadde me kvelden føre høyrd det som foregjekk i Skagerak. Folk, hestar, høy og mykje meir flaut i sjøen, og nordmenn heldt til å berga dei

tyske soldatane. Men me visste ikkje av før tyske fly kretsa over husa våre. Transportfly kom og gjekk. Fallskjermstroppe vart sleppte, og snart var det tyske soldatar over alt. Der var også fly som datt ned.

Bror min og eg fekk tak i bil. Det var ein lastebil med høge karmar. I denne vart så konene og borna våre køyrde til Østebø. På den turen måtte dei ut av bilen fleire gonger for å søkja dekning. Ved Oltedal, i skogkratta, vart dei gåande i fleire timar. Borna grein, og sjølv gjekk dei på berre inneskoa. Dynner, puter, noko klede og mat vart jo bare kasta på lasteplanen i ein fart. Men dei var mest ikkje komne til Østebø, før tyske soldatar kom etter. Norske soldatar hadde reist i forvegen oppover, og slaget stod i Dirdal og Gloppedalen.

Natta til 10. april låg me 7 stykker i ein roekjellar. Mens eg sat og åt frokost, kom ein tysk soldat framfor kjøkkenvindaugget. Eg gjekk ut i døra, men han ville inn. På benken låg det tre brød, og desse peika han på. Han var sikkert svolten, og eg gav han eit av dei. Då vart han glad og gjekk.

Då tyskarane kom reiste familien til Østebø, etterpå til Bø i Randaberg. Bilde viser heimkomst i mai 1941. Etterpå flytta dei til Skadberg. Tyskarane hadde invadert garden.



Det vart sett opp tre feltkjøkken i brystet på løa. Ein dag eg skulle koka middag var der forsvunne gryter. Då hadde tyskarane teke to stykker som var våre. Eg gjekk og tok dei attende, men då vart tyskaren sint. Eg såg ikkje den tyskaren meir.

Så vart det bestemt at eit visst område rundt flyplassen skulle ryddast for norske eigendeler, og for å koma innfor denne sirkelen som våningshuset og løa vår låg i, måtte me ha pass. Buskapen vart sleppt laus, og jaga langs hovedvegen til Sandnes. Nokre dyr vart slakta, og dei andre vart verande på Sandnes Slakthus, Høyland Hestestall, og i eit fjos bortunder Austråttbakken.

Sjølv måtte eg få buplass hjå syster mi på Sandnes. Nå hadde huset og løa kome i hendene på tyskarane, og i gardstunet vart det sett opp ei stor brakke. På låven vart det sett opp avsendar og mottakar.

Han som skreiv ut "passa" våre var ein tysker som var oppfostra i Noreg etter første verdenskrig.

Konene våre vart verande på Østebø i sju veker. Men 17. mai kom kona mi syklande frå Østebø til Sandnes, for å sjå korleis det stod til.

Sommaren 1941 fekk me løa attende. Kyrne, som då hadde vore ute på "legd", frå Sandnes til Randaberg, fekk me nå ta heim att. Våningshuset fekk me att hausten 1942. Det var ein gledens dag då me fekk vera saman, mann, kone og born. Huset vart så skura og vaska frå høgeloft til kjellar, og me budde heima resten av krigen. Men ein kan vel seia at me levde i stadig spenning. Flyalarmen gjekk når nokon ville innover Sola for å sjå seg om. Det kunne likeså gjerne vere natt som dag. I kjellaren måtte me sitja til alt var over.

Ein dag me la i siloen kom det to engelske jagarar inn over Sola. Dei skaut vilt. Der gjekk mange kuler inn i brakka som stod i gardstunet, og mykje vart øydelagd. Alt

gjekk fort, og me fekk ikkje tid til å tenkja oss om. Tyskarane som budde i brakka, viste oss alle kulemerkene, og det var eit under at ikkje nokon av oss blei truffne eller huset vårt.

Ein søndag i kveldinga mens eldste guten sat og åt, visste me ikkje av før det stod ein tyskar ved sida hans, med blyant og papir i handa. Me forstod ingen ting. Eg tok då soldaten på aksla, gjorde teikn til tolk og viste han døra. Idet han retta seg opp traff blyanten rett nedfor auga mitt slik at eg fekk eit kutt. Soldaten sprang så ut. Neste dag fekk eg tak i ein som kunne norsk, og han ville at eg skulle gå til kommandanten. Me visste ikkje kvifor, så det vart ikkje gjort med det same. Om kvelden fekk me besøk av ein soldat som sa at eg skulle arresterast. Han hadde med seg eit langt skriv der det blant anna stod at kona mi hadde slege tyskaren med ein kjøkkenstol, og at eg hadde hive han ut. Denne soldaten fortalde vidare at eg måtte møte hjå kommandanten neste dag. Eg hadde intet valg, og i fleire timar sat eg til forhøyr. Men det gjekk godt. Me var komne uforskyldt opp i noko som andre hadde gjort. Men årsaken til at eg måtte til forhøyr var at eg hadde teke soldaten på skulderen. Hadde han hatt gevær, er det ikkje sikkert korleis det hadde gått med deg, sa kommandanten. Men dette måtte ikkje gjenta seg sa han, og me fekk ei lang lekse frå politiet som me måtte halda.

Mykje kunne eg fortalt frå desse åra som bar sitt preg av spenning og motgang, men også medgang. Kona og eg var friske, og likeså borna. Vi arbeidde med garden, og følte oss helst trygge der me budde innafør sperringa. Men alle drøymde om den dagen Noreg skulle bli eit fritt land att.

Onsdags ettermiddag før Kristi Himmelfartsdag i 1945 er ein dag me aldri gløymer. Engelske fly kom innover. Dei landa på flyplassen. Me sprang, vaksne og born,



Gunnar og Thea Østebø.

nedover til flyplassen, og der helste me på engelske soldatar. Dei tyske soldatane måtte gi frå seg alt, men ein må vel seia at alt gjekk roleg for seg. Eg hadde fått tak i eit stort norsk flagg, men flaggstanga mangla. Frå eit lite vindauga på høgeloftet vaia det norske flagget den 8. mai 1945. Ja, eg kan visst seia at det var den største gleda eg har opplevd.

Det var mykje som vart øydelagd på garden. Om hausten 1939 var der ein stor teig på 48 mål som var nydyrka. På denne teigen vart det lagt ein ringbane i betong, og mange "båsar" som var belagt med sviller. Ringbanen gjekk tvers over jorda, og langs med eigedomen. Den ligg slik i dag óg, og vert kalla "Løvenstrasse". Ein stor kanal vart lagd ferdig rett før krigen, men ringbanen vart lagd over denne. Dette førte blant anna til at den vart ein halv meter grunnare. Alt i alt var det mange ting som måtte ordnast då freden kom, men det gjekk godt.

Ein ting som sit igjen i minnet, er den gongen då eg skulle køyra to tønner med kålrabi og halvrotne poteter forbi leiren av russiske fangar, som låg på eigedomen vår. Eg køyrde så seint eg kunne, for dei gjekk bak vogna og åt. Då eg kom heim, var tønnene tomme.

Årene har gått, og me med dei. Me har forlenget passert pensjonsalderen, og eldste sønnen har teke over garden. Å omstille seg fra arbeid til kvile, tok ei tid. Sjukdom og sjukehusopphald kom også inn i heimen vår på våre eldre dagar.

Me er begge glade i å arbeida, og som hobby har eg knyttta mange store veggtepper, mens kona er ivrig med heklenåla og tryllar fram både dukar og tepper. Dagane kan kanskje vera stille, og tankane kan gå attende i tida. Men med radio og fjernsyn kan me følgja med i kva som skjer både ute og heime. Og så tittar der innom både born og barneborn, slekt og venner. Dessuten har me gleda av å ha ei dotter som bur heime.

Gyda Auestad

FØDT 14-1-1895

MINNE FRA FARNE DAGAR

Noko av det første eg hørde, morgonen då eg var barn, var mormor som surra og spann på rokken sin. Ho spann spøtegar og ho spøta sokkar, snart til morfar og snart til andre. Det var mange som bruka vadmål både til underklede og til utanpå-klede. Men til dette bruket, vart ulla sendt til ein av fabrikkane i bygda og spunne der.

Det var om våren sauene vart klypte, og ulla vart då sendt til ein av fabrikkane, anten for salg eller for å spinna det til vevegarn. Kvinnfolka på garden hadde då arbeid med å veva frametter sommaren. Om hausten når veven var ferdig, vart han sendt til Ålgård Ullvarefabrikk til valking og behandling. I slutten av oktober var det haustmarknad i Stavanger. Der var det sal av spøt og vadmål på torget. Det var og kjøp og sal av hestar, som det var mange å velja mellom. Prisane var låge. Ein god arbeidshest kunne ein få for 4-5 hundre kr. og eit føl for 100 kr. Ein laut selja for å få pengar til andre ting.

Far min var født på Gjesdal. Der fekk han eit stykke av heimegarden. Han bygde hus straks attmed kyrkja, og skulle då ta på seg arbeidet som gravar og kyrkjjetenar. Tidlegare hadde han arbeidd i fire år ved Ålgård Ullvarefabrikk. Dette var i førstninga



Gyda på sine eldre dagar.

då Ole Nilssen tok til med Ullvarefabrikken. Men far hadde helst dreve med utearbeid.

I 1887 gifte han seg med Berta Malena Lima, og då flytta dei til Gjesdal. Der budde dei nokre år. Ole Lima, som hadde overteke garden frå David Olsen Lima, skulle til Amerika (morfar). Det var så mange som i den tida fekk Amerika-feber. Dei hadde nok høyrte det skulle vera betre tider der borte, og smått var alt her i landet. Lite pengar og stor gjeld.

Far kjøpte då garden på Lima i 1893. Det første han då tok til med, var å byggja nytt fjøs og løa. Han grov og ut kjellar og fekk lagt inn springvatn både i stovehuset og i fjøset. På garden vart det fødd 6 kyr, 2 kalvar, 1 hest og 36 sauer. Desse dyra levde for det meste av det som vaks på garden. Det var lite mjøl ein kjøpte i den tida. Hjø oss hadde me jamt eit stykke med kålrot, som vart nytta til for til kyrne. Om hausten var det og ein del småpoteter, som vart bruka til for. Elles var det utegang i bumarka (lyngmark) for kyr og sauer.

Om vinteren vart det gjerne skave bork av ymse slag busker og tre (rogn, osp, eik, vier). Dette skavet fekk kyrne. Sauene fekk helst markahøy om vinteren, og då gjerne ein del lauvkjervar attåt.

Når det leid burtpå våren og sevja hadde gjenge godt opp i bjørkestammene, vart bjørka hogd ned og borken teken av. Never vart bruka til taktekkinga om ein hadde hus med torvtak. Borken vart turka og trøskja og fylt i sekker, og sidan seld til garveria på Sandnes. Dei tynnaste greinene med lauvet på, vart bunta saman til lauvkjervar,

og dette smaka godt for sauene om vinteren, når det var snø og innestøa.

Det var helst far, som fora både sauer og kyr. Mor mjølka kyrne. Far kunne og mjølka, men han var helst den einaste mannen mellom grannane som kunne mjølka.

Eg var med mor i fjøset og prøvde snart å mjølka. Då eg var i 14 års alderen, var det helst eg som mjølka kyrne. Om våren var det ei travel onnetid. Åkrane skulle pløyast og horvast. Gjødsla skulle køyrast ut, og kornet verta sådd. Mannfolka lesste og køyrde ut hevda, som vart lagt i "mue" (små dungar) utover kjelva og åkrar, men det var helst kvinnfolk som skulle spreia hevda utover ("breiahevd").

Når våronna var over, var det på tide å gå i torvmyra. Det skulle skjerast og spast torv til ein kald vinter. Ein mann spadde i grova. Dei andre bar eller bruka trillebår og la torvene utover marka så dei skulle tørka. Var det godt ver og sol, kunne torvet verta så turt på eit par vikor, at det kunne reisast. To torver vart reist mot einannan og gjerne ei anna lagt oppå. Så turka det slik ei tid. Deretter vart det sett opp i røyker (små stakkar), og når det så hadde vorte godt turt, vart det antan lagt inn i ei torvløa ute i marka, eller køyrt heim dersom vegen var god nok til det. Elles vart det køyrt heim om vinteren når det var snø og godt sledeføre.

Når det var søndag og preik i kyrkja, gjekk både unge og eldre til kyrkja for å høyra preika. Det var og nyheiter å høyra, born vart døypte og fekk namn, og det vart lyst ut for slike som skulle gifta seg. Stundom var det og brurepar i kyrkja om søndagen, som vart vigsla. Då folket var komne ut or kyrkja, stod gjerne lensmannen i tunet med papi-rer i handa og skulle gjera kjendt ymse ting, millom anna tvangsauksjonar på gardar eller om brukaren ikkje hadde betalt renta på lånet i Hypotekbanken.

Dei søndagane det ikke var preik i kyrkja, var det ofte ein i huslyden som las teksten som hørde til på dagen, or ei tekstabok. Desse tekstane var svært langtrukne, så borna tykte det var vondt å sitja stilt så lenge. Veit heller ikkje om me hadde rette forståing av teksten, som ofte inneheldt framande ord.

Då eg var i første bryllaupet var eg 11 1/2 år. Alle på heile garden var bedne, både store og små. I den tida var det vanleg at bryllaupet varde i 2 dagar. Dette bryllaupet var på nabogarden, og når dei vaksne hadde gjort frå seg morgonstellet ute og inne, gjekk me

til bryllaups. Alle gjestene vart bedne til bords med det same dei kom fram.

Det var ein ekstra kjøgemeistar, som stod for det. Første måltidet var kaffi eller sjokolade med sjeva, bollar, kavring og julabrød. Eg hugsar ennå dei store julebrøda, som kosta 2 kr. I 12 tida skulle brurparet vera med i kyrkja. Brura hadde svart kjole, kvitt slør og myrtekrans på hovudet og ein bukett i handa. Brudgommen hadde svart dress og ein fin blom i jakkeslaget. No var vegen til kyrkja berre ein halv time å gå. Først gjekk brureparet, så foreldre og sysken, dei var parde saman alle, og til slutt på fylgjet gjekk me borna.

Etter vigsla i kyrkja gjekk me heimatt og det varte ikkje så lenge før både brurpar og gjester sat ved middagsbordet. Kva slags middag me fekk, hugsar eg ikkje, men eg trur det var sviskegraut til dessert. Det var fleire jenter som serverte og vaska opp.

Eit sjeldan fint ver var det den dagen. Det var om hausten og me gjekk i hagen, der det var ein stor asal med mogne bær. Me sat på marka og nokon plukka kransar og kasta ned, så me åt meir asalbær enn me hadde godt av.

Då me hadde vore i hagen ei stund, kom me på at me skulle bort på verkstaden for å sjå kva ungdomen dreiv med. Der var felespel, marsjen og dansen i full gang. Me såg på det ei stund, så for me attende og kosa oss i hagen. Snart var det mat att, og då fekk me smaka dei fine tertene som stod på bordet.

Kva dei fekk i bruragåve hugsar eg ikkje så mykje til. Men til kvelds var det nok graut, og etter den tida var det å få seg eit natte-losji. Antan på kottet på loftet eller hjå naboen. Hjå oss låg det 3 damer i ei seng. Dei var trøytt og sovna godt. Neste dag var det på an att, liknande den første.

Me var 7 personar i huslyden. Mor, far, 2 gutar, ei jente og mormor og morfar. Mormor og morfar var oppsett-folk (kårsfolk). Dei hadde mellom-stova som sitt rom. Der hadde dei senga. Mor og far hadde seng i dagleg-stova, som dei sov i, og eg låg i ein benk. Gutane hadde kvar si seng oppe. Maten var felles. Sengklede var helst heimavovne teppe, (kvitlar), stoppeteppe (saman-kara ull og filler) med heimavovne bomullstrekk. Dei fleste bruka halm i sengene, men far hadde lært å snøra madrassar med spiralfjøre i, så me hadde fleire slike.

Me hadde grua i kjøkken med komfyr, bakste-helle og ein mursteinsomn, som me steikte stomp i. Me hadde kjøkkenbenk med hyller i og nedst på golvet stod dei tri-foda grytene. Ovanfor kjøkkenbenken var og ei hylle med skåler og krukker og på øvste hylla var mjølkebytterne kvelvde. Silen hang på ein spiker på vegggen.

Stovehuset hadde 3 stover, eit kammers, gang og kjøkken, 1 spisskammers, matkammers. Ovanpå var det ein sal.

Huset i barndomsheimen låg i høgda på ein bakke, fjøset litt vestafor og ei gammal stor løe låg på nordsida, så det var mest eit innringa gardsrom. På austsida gjekk vegen opp til gardsrommet. Morfar hadde planta ein fin al'le, av grantre på kvar sida av vegen, så det var mest som me gjekk under tak når me gjekk opp "gjeilane". Desse grantrea var og ei livd for husa om vinteren når austavind og snøstormar stod på. Det var lite snø som vart liggjande i "gjeilane".

Som før nemt låg denne heimen med lett og fritt utsyn over Limavatnet til Gjesdal kyrkja og gardane på Gjesdal. Me såg og dei andre Limagardane (bruka) som låg litt lenger nede. Det var godt naboskap. Folket gjekk til kvarandre og hjalp te kvarandre i



Garden på Berge som Gyda vart gift til.

dugnad, slakting og andre ting. Om nokon vart sjuke og trong hjelp, så var det gode naboar, som hjalp te til.

På garden var det arbeid for alle. Om vinteren var det å hogga ved, og det kunne både vaksne og born arbeida med. Når kornet var i hus om hausten, tok morfar til med treskinga. Han svinga tusten både tidleg og seint, dryfta og reinska kornet, og samla det i striesekker.

Dette arbeidet hadde han fleire år, men så gjekk han i veg, skulle til Ålgård på eit møte. Då var det ein som sykla på han, så han vart liggjande, og me hadde mykje arbeid med å lyfta på han, særleg første vinteren. Dei trudde ikkje at noko var brote, men det var nok mykje verk etter slaget han hadde fenge. Og i den tida hadde ikkje folk råd å vera på sjukehus. Han var så dårleg at nokon jamt måtte vera heime å sjå til han. Han døydde i 1915. Då hadde han sete inne meste tida, i over 7 år. Då me slutta med tusten (reidskap til å slå kornet med), vart det treskeverk, dreve med bensinmotor.

Om våren var det steinhenting, potetsetjing, tynning av nepa og kälrot, og når

slåtten tok til, var det ikkje lenge før gutungane slo graset til-likes med dei vaksne. Og små og store snudde eller vende høyr når det låg til tork, og sidan raka dei det saman i valkar og såter. Når det vart turt, var det å få det i hus. Og når kornet var skjært, fekk me sigd og skulle vera med å skjæra kornet. Og seinare var det å henta poteter, så det var mange ting borna kunne vera med på.

Om hausten tok skulen til. Morfar hadde lært oss borna å lesa før, me tok til på skulen. Sjølv gjekk eg på skule før eg hadde fylt 6 år. Men eg veit ikkje om det var noko gagn i å ta til på skulen så snart. Det var berre 10 minutt å gå til skulen då. Seinare då eg vart flytt i høgare klasse, hadde eg bortimot 5 km. kvar veg. Men det var gildt på skulen. Me hadde ein grei lærar, og elevane var sams i leik og moro i friminuttane.

Kosthaldet var jamt heimebaka brød, "stomp", syrekaker, potetkaker og pannekaker. Mor laga og stundom ei kaka som ho kalla grytekaka. Det var same deigen som syrekaka, men vart steikt i ei gryta. Til stomp og syrekaka vart det mykje bruka fint og grovt rugmjøl eller fint rugmjøl og grov kveite. Til pannekaka og lappa var det fint

kveitemjøl. Søndagsmjølka tok dei ikkje imot på meieriet. Det vart då skumma noko fløyte og kinna noko smør. Mjølka vart det kokt graut av eller ho vart brukt til surmjølk. Mor laga og ein del fatost med karve i. Far tykte han måtte ha fatost for at maten skulle smaka. Ei dame frå byen kunne aldri gløyma den gode fatosten. Ellers hadde me mykje rips, solbær og bringebær i hagen, som vi safta og sylta. Ein sommar var me så heldige å få byta bær i brød, hjå ein bakar på Ålgård. Me fekk og selja en del bær, men prisane var låge. For 1 pund rips, 11-12 liter var det 50 øre. For solbær fekk me litt meir. Men det gjekk lang tid med å plukka dei og.

Om hausten vart det gjerne slakta 4 sauer og salta ned, og kvar sommar hadde me ein gris, som vart slakta og salta. Så me hadde mykje både av kjøt og flesk. Stundom bytte me gjerne ein part med naboen, for å få ferskt kjøt fleire gonger. Av grisahovudet vart det laga perse-sylte som me bruka på sjeva. Av isteret vart det koka smult. Sume salta det og brukte dette i staden for smør på sjevå. Til jul laga gjerne mor ein del smultringar eller fattigmannsbakkels, og så vart det også kjøpt eit stort julabrød til 2 kr.

Kvar haust og vinter baka me gjerne flatbrød i 4 dagar, og nærast jul baka me gjerne nokre lefser til slutt, som skulle vera til høgtider. Det var lite fisk me fekk utanom den tida vårsilda kom. Då var det fleire som køyrde kring i bygda med hest, og hadde kassar med sild til 2 1/2 eller 3 øre stk. Somme kjøpte gjerne ein heil kasse. Dei steikte og åt, men røykte og hengte opp det meste. Dette skulle vera å ta til utover våren og sommaren. Hjå oss vart silda steikt og brukt medan ho var fersk.

Når mannfolka reiste på haustmarknad i Stavanger, sist i oktober, kjøpte dei gjerne med seg heim ein fjerding (1/4 tønne) med mort, ein ganske liten fisk. Han smaka godt antan det var til middags eller kvelds. I Limavatnet var det aure, røyr og sig, men

det var lite båtar og reidskap til å fiska med. Gutane gjekk med fiskestong langs stranda og med elvebredda, og fekk noko av og til. Dei prøvde å lysa å stikka aure og, men nå er slike ting forbode. Morfar min laga marar og sette i elva, så me fekk ein del ål, og den smaka fortrefteleg godt. Maren kunne ein setja i elva annan kvart år. Det neste året var det naboen, som hadde retten. Nå snakkar dei helst om at det har vorte forgifting i elvar og bekker, så det er lite eller inkje fisk å sjå etter der.

Skulle gjerne nemt nokre av dei vanlegaste rettane: kjøt og suppa, Kjøtet vart først lagt i vatn, gjerne over natta, for å vatna ut noko av saltet. Så vart det kokt, og me tok noko av kjøttkrafta til suppa, med sundskåre kålrot, gulerøter og kål. Hadde me lite grøn-saker, brukte me gjerne litt havregryn eller risgryn, klimper eller boller. Desse var laga av egg, sukker, mjølke og kveitemjøl. Det vart og brukt litt løk.

Grønsakdyrking gjekk helst for seg nærare Stavanger, der dei reiste til Torget for å selja dei. Poteter var og noko av det som høyrde med til alle middager. Gule erter kunne me kjøpa hjå handelsmannen og det vart og bruka i suppa, gjerne med litt løk. Steik og kjøttkaker vart og laga medan kjøtet var ferskt. Då me slakta, vart det og teke vare på blodet, som det vart laga komla og pølsa med nyretalg i. Mylja var ein rett med kokte sauaføter, bløyta havreflatbrød og poteter til. Fettet som vart av sauaføtene vart brukt på flatbrødet og potetene. Eplemat, potetmat, var poteter som vart kokte, malne og blanda med kjøttkraft, mjølk og kjøttbetar. Godt oppvarma, aust på skåler eller tallerkar med eit feittauga i midten. Havreflatbrød attåt.

Me avla mykje godt korn på garden vår (havre og bygg). Det var helst kornmølle på kvar gard. På nabo-garden hjå Erik Reiersen heldt dei lenge på og dreiv med maling av eige korn. Erik var sjølv godt trent med malinga (i unge år), så han klarte dette sjølv

om han såg ganske lite. Eg hugsar ennå når me var på veg heim frå skulen og såg kvern-kallen sviva attmed dammen. Så gjekk me gjerne inn i kvernhuset, for me ville sjå når kverna sveiv, og sjå det fine mjølet ho laga. Det var ei eiga god lukt, og av og til lurte me til oss ei klyp mjøl. Me smakte på det, og det var umåteleg godt. Havremjølet baka me flatbrød av saman med malne poteter. Byggmjølet vart brukt til komla og graut. Til grauten skulle det helst vera surmjølk attåt. Me fekk og gode poteter. Og utover hausten skulle det gjerne vera poteter med surmjølk attåt til kvelds. Då me hadde slakta sauer om hausten og laga morrpølsa, brukte me mykje pølse attåt potetene.

Søndagsskulen.

I 1904 eller kring den tida, byrja morfar å halda søndagsskule. Me sat då kring bordet heime hjå oss, og det var nok berre born frå dei næraste gardane som kom. Me song og hadde det ganske koseleg og morfar fortalte frå Bibelen. Han heldt og fram at det gjekk godt for dei som gjorde det som var godt og rett, og til det skulle me ha Jesus som føredøme.

I 1908-1909 kom det ei lærarinna til småskulen (Hadland og Lima). Ho hadde søndagsskule ein søndag på Hadland og ein på Lima i skulestovene. Og då var det alle borna i krinsane som gjekk på søndagsskulen. Når det leid mot jul, hadde ho kjøpt glanspapir. Me skulle laga korgar, stjerner og lenker til juletreet. Juletreet kom og på plass, og vart pynta, og i korgene skulle det vera neter og julekjeks. Nokre appelsin vart og til pynt på treet. Når lærarinna hadde lese juleevangeliet, song me julesongar og gjekk rundt treet i fleire timar. Då det var slutt, fekk me kvar vår korg og appelsin. Denne lærarinna, Maria Husa, tok oss og med på tur på fjellet om sommaren.

I 1911 gjekk eg framhaldskule. Me var 30 elevar. Skulen var i Kommunestova før ho vart påbygd. Og med 6 fire-manns pultar

og 3 to-manns pultar og herav med eit bord framfor seg, var stova full nok. Me hadde grammatikk, stil, rekning og natur-kunna, og av og til las læraren or Ibsens "Brann", og det var ei alvorleg bok. Serleg tykte eg Brann kunne vore mindre streng og snildare mot kona si.

Når me hadde fri-minutt, var læraren like sprek og kåt som me andre. Me ropa siste par ut eller 3 mann i vinden. Daniel Nærbø var ein sjeldan flink og gild lærar. Og det var mange som felte tårer då avskjeden kom. Denne skulen varte 8 veker. Eg hadde seinare havt hug og gjenge ein ungdomsskule, men då dei trong meg heime på garden, slo eg meg til ro. Var likevel ute i teneste ein vinter, ein stad det var mykje å læra både med husstell og matstell. Dette kom vel med' då eg seinare gifte meg og fekk eige hushald.

På nabogarden var det vanleg at ungdomen samla seg frå alle gardane rundt i krinsen. Der kunne me få halda til med moro og leik antan inne eller ute etter som veret var. Men seinare vart det stifta losje av I.O.G.T. på Gjesdal, namnet på losjen var og "Gjesdal". Der hadde me opplesning, avis, song og stundom foredrag eller leik. Her kjende me oss som ein stor syskenflokk. Stundom hadde me og turar til ei annor bygd. Då var det med hest og kjerre i lange rekkjer. Og turane var helst om sommaren når det var fint ver. Det var og godt å ha ein kjentmann, som kunne fortelja noko om dei stadene me for framom. Og når skog og mark var i sommarskrud var det eit herlegt syn.

Nå har tidene endra seg, alt skal gå med fart, med bil og fly, så ein ser lite av dei vakre omgivelsane. Det er helst bare minner om svundne tider me har att.

Den 9de april kom lærarinna, som budde i skulehuset, opp til oss tidleg om morgonen og fortalte om tyskarane, som hadde kome

og overfalle Norge. Me vart mest lamme av skrekk med det same. Sjølv hadde me ikkje havt tid enda til å lyda på radioen. Morgonstellet laut gå først. Mannen hadde byrja arbeidet i fjøset. Og eg laga morgonsmat. Sidan var det å vaska og kle dei minste borna, dei største skuleborna klarte sjølv å gjera seg klar til skulegang. Me hadde 11 born, og av dei var det 5 som var fri skulen, og dei var heime og var med og arbeidde på gardane. I 1925 kjøpte me heimegarden min på Lima som låg eit stykke i frå, så det var to stader å stella. Me stod kring lærarinna ute på tunet ei stund, og snakka om det som hadde hendt. Lærarinna Anne Hetland skulle heim å gjera seg klar til skuledagen. Eg hugsar enda det ho sa med same ho for: "Me er då nordmenn enda".

Norske soldater, som var på øving på Madlamoen og Sola flyplass, kom innover, og oppretta maskingevær-stillinga mellom husa på garden vår på Lima. Og dei fleste norske soldatane hadde fare innover til Dirdal. Ein av gutane våre hadde og fare dit og meldt seg som friviljug, og det var det nok fleire som gjorde. Men dei makta nok lite å gjera motstand når tyskarane kom innover med fly og våpen.

Ein gut frå Oslo, som var stasjonert på Sola, kom i lag med vår Torger i Dirdal. Og dei hadde fenge høve til å ryma i frå. Nokre vart skotne frå flya. Dei fleste vart tekne som fangar. Frå ein heim var det 4 brør som vart tekne og sende til Forus eller Madla. Soldaten frå Oslo vart verande hjå oss i fleire vikor. Han gjekk saman med våre eigne folk på gardsarbeidet. Prøvde ein gong og ville sykla til Oslo, men møtte tyske vakter ved Feda. Kom då attende og vart nokre veker til. Då kunne han reisa heim med toget.

2 damer frå Sandnes vart evakuerte til oss. Dei budde i mellomstova og stelte seg sjølv. Dei var bae enker. På Lima der bror min

var åleine i huset, kom det 2 huslydar frå Stavanger. Den eine huslyden var Knut Madsen, som dreiv kjøkkenutstyr og malarforretning i Stavanger. Det var ikkje så mange dagar før dei flytta attende til byen. Den andre huslyden var dei som dreiv "Plisseforretningen" i Stavanger, Mikal Mair med frua og born. Dei hadde og med ei dame som arbeidde i forretninga, og mor hennar. Frk. Otto og fru Otto. Fru Otto var svensk. Og eg hugsar ennå då ho kom i kjøkkenet og såg kjøttkverna som det stod Stokholm på, korleis tårene rann, og ho sa at ho lengta heim til Sverige.

Då tyskarane kom innover med fly og skaut her og der, laut dei ryma, for dei norske hadde maskingevær stilling ved sida av husene på Lima. Dei kom då til oss nokre dagar. Ein søndag koka eg middag til 20 personar.

Då Madsen sine hadde reist attende til Stavanger, kom E.H. Madland til Lima med huslyden og var der utover våren og sommaren. Dei hadde og med seg eit par hundre høns, som me tok imot her på Berge. Erling og Ingeborg hadde ein liten gard i Sola. Dei hadde 2 born, og tykte det var så urolegt å bu der ute sidan der var så mange tyskarar. Då det leid på sommaren og det vart liksom noko rolegare, flytta dei heim til "Tippen" att.

Dette er berre litt om fyrstninga av krigen. Seinare vart det meir rolegt hjå oss, når me tek unna alle dei som gjekk i kring og bad etter mjølk, smør, mjøl og andre ting. Butikkane vart tome. Me fekk rasjoneringskort, som det mykje av tida ikkje var råd å få noko på. Tyskarane såg me ikkje så mykje til. Dei dreiv med øvelse-skyting med kanonar frå Høylandsokna i retning Berge. Ein gong kom det nokre telegrafistar til hest. Det var kaldt, og dei spurte nok om å få



Nyare bilete fra Bergegarden.

koma inn. Eg sa eg forstod ikkje. Då kom dei berre rett inn.

Så hørdest det ut som det gjerne snart kunne verta slutt på krigen. Tyske vermakt hadde nok og høyrte om dette, for dei for kring og leita etter våpen hjå sivilbefolkningen. Natta til 16 april banka det på døra hjå oss. Olav reiste på seg i senga, tenkte å gå ut å høyra kva det var. Men då døra ikkje var låst, kom dei rett inn der me låg. «Opp det er kontroll». Dei kikka kring i stovene. "tomt" sa dei då dei såg inn i eine stova, men der var nå ei seng og ei av jentene låg der. Så gjekk dei til daglegstova. Der stod pidestalet og dei måtte få nøkkelen å sjå kva der var. Dei låste opp og då dei såg sukkerposen min som eg hadde samla på rasjoneringskorta, sa dei: "Hamstret". Så for dei ut og skulle sjå i uthusa. Der var kyrne i fjøset, men i rommet ved sida hekk det 3-4 griseslakt. Mindste guten vår fortalte seinare at han far var svært redd for at dei skulle ta flesket.

Så kom freden, 8. mai 1945 som me alle var glade for. Og sidan har det auka med bilar, traktorar og olja i Nordsjøen. Nye hus og vaskemaskinar. Tidene har endra seg mykje

på alle måtar. Her er meir pengar, men så har alt me skal kjøpa vorte mykje dyrare.

Mannen min Olav Auestad døydde i 1967. Saknet var stort, men så har eg nokon av borna så nære at dei er til trøyst og hjelp gjennom vanskaner. Sjølv brekte eg lårhalsen i 1967, så eg har ikkje vore så sprek sidan. Men dei fleste av borna har bilar og eg kjem meg ut fleire gonger.

Har noko verk, særleg i eine foten, men eg ser godt, kan lesa, spøta, sy og hekla. Så eg må seia eg har det bare godt som pensjonist. Har ikkje naud på nokon ting.

Kjære dykk som har med Minneoppgave for eldre.

Nå har eg skrive noko, men veit ikke om de kan bruka det. Eg hadde lagt vekk denne oppgåva og gløymt den. Men så kom eg brått over dette papiret. Fekk så lita tid å tenkja meg om, og så skulle eg helst skrive det om å rette på sume ting. Kan de bruka noko er det godt. Ellers kan det vel gå i papirkorga.

Med helsing Gyda Auestad



Halveig ved bokhylla.

Hallveig Haya

Jeg er vokst opp i en fattig bygd. Der var ingen naturherligheter å snakke om, bare strev og arbeid dagen lang. Og ingen særlige tradisjoner. Jeg har litt sans for tradisjoner, det har blitt mer og mer med åra, og jeg tror at det, sammen med minner fra gamle dager, knytter generasjoner til hverandre.

Mine foreldre var lite "snakksomme", de fortalte lite, men vi unge spurte heller ikke noe særlig. Først da min far var ca. 90, kom jeg på å spørre ham om gammelt fra gården han kom fra (mesteparten av Ålgård er bygget på den gården) og jeg fikk da notert en del som jeg nå, i mitt 84 år, tok med i et skriv: "Om garden Edland, om gamle folk og heimer der" (side). Kulturkontoret fikk originalen, og jeg fikk en del kopier, og jeg er forbauset over den gode mottagelsen disse fikk, ikke minst av de yngre, da jeg

delte dem ut. Det gamle slo an. Jeg skrev på dialekten min, men det var vanskelig, kom stadig inn på skriftsproget.

Ålgård er et tettsted, opprinnelig med Uldvarefabrikken som sentrum. I dag har fabrikken liten betydning, men innbyggertallet er de siste år flerdoblet på grunn av innflyttere, det er blitt som en liten by.

Mine foreldre var fra denne bygden, Gjesdal. De snakket alltid dialekten uten noe "knot", og det gjorde de fleste her. Jeg bruker den også, vi er noen få gamle som bruker dialekten "purt og rent", og vi har mange ord og uttrykk som de yngre ikke forstår.

Hvis jeg hadde flyttet til andre deler av landet, hadde jeg moderert litt, men feilen ved bruk av dialekt er som oftest at vi snakker fort og slurvete. En gang jeg var i Trøndelagen tok jeg drosje til Stiklestad for

å se meg om, det var noen mil å kjøre, jeg ville prate med sjåføren, men ikke forstod han meg, om jeg modererte, og slett ikke forstod jeg ham. Vi måtte bare gi opp.

Om mine oppfatninger er vanlige i mitt (gamle og enkle) miljø, jeg tror det, vi uttrykker jo våre meninger best på det sprog vi er oppvokst med, og så er der så mange ord å velge i, jeg har samlet en del.

Jeg er medlem i Rogaland Historie og Ættesogelag, og i Stavanger Museum. Overtok disse medlemskap etter min far.

Av min moster Sigrid lærte jeg å kniple.

Slekten

Navn og oppkalling. Torger (Torgeir) går igjen i min fars slekt, til eldste sønn. Da min bror skulle ha navn, mente far at der var så mange før som hette Torgeir Edland, så han kalte Torleiv. Men nå er Torgeir igjen brukt på eldste sønn. (Her på Edland var opprinnelig 3 bruk, og merkelig nok går Torger navnet igjen på alle 3, men har ikke samme rot). Jeg skulle hett Hanna etter farmor, men det var i 1905, og far mente jeg måtte ha et ekte norsk navn. En kusine av meg fikk navnet Valborg etter morens mor, for moren kom fra Heskestad, hun var sønnedatter av O.G. Ueland, og der borte brukte de å kalle eldste sønn etter farfar og eldste datter etter mormor.

Jeg liker ikke at de gamle oppkaldingsregler blir brutt. Min eldste søster ble Magnfrid etter Marta, for far likte ikke bibelske navn. Men værre var at Magnfris kaldte eldste datter Maria, og hun skulde hett Ingeborg Maria etter farmor på Åsland, et gammelt navn som er meget brukt i slekten. Og datter nr. 2 ble Elisabet, det skulle vært Elisabet Maria etter mormor og olde-mor. Magnfrid angrer nå.

Fortellinger om slekten. Jeg likte godt å høre om gammelt, men desverre var der lite

fortalt. Farmor på Edland døde i 1914, da var jeg 9 år gammel. Vi besøkte henne sjelden. En gang var jeg med kusine Hanna og så om henne, da tok hun opp pengetasken fra en lomme i sømmen på en vid stakk og ga oss penger. Hun ville at vi skulle gå til bakeren og kjøpe "skjelingskaga", så skulle hun koke kaffe. Da snakket hun om da hun som barn på Oltedal, skulle gjæte og skrubben kom, men desverre husker jeg ikke noe av det.

Mormor på Kluge husket meget, vi var der i julen som små, morfar kom etter oss, i slede, eller i karjol. Mest var vi der om sommeren i slåtten, men da hadde alle det så travelt. Hun fortalte om en sønn på gården, som druknet i brønnen og nå ligger en stor stein over brønnen, som er ved husveggen.

En vinter var det så kaldt at de kjørte på isen til meieriet mange uker både før og etter jul.

Når vi, 4 unger på omtrent samme alder, datt og skrapte oss opp, så gikk vi til mormor, og hun hadde en liten flaske i skatollet sitt i mellemstovo. Det var Myrasens, det svidde grueligt når hun hadde det på, men hun sa "vondt ska vondt fordriva". Jeg spurte nylig en eldre apoteker om han kjente til denne Myrasens, og han sa det var en oppskrift fra middelalderen.

Mormor hadde samlet "bomull" på vier som vokste i slåtten, jeg hadde i mange år "bomuld til at ha paa saar", fint innpakket, som et minne.

Far bygde elektrisitetsverk her på Ålgård i 1911. Før vi fikk elektrisk lys, kan jeg huske at mor sa at vi skulle sitte i "skomingjo", før hun tente lampen. Da sat vi ved vinduet og så når lyset svandt, og da snakket vi helst om dyr, om hunder, om en som hadde mistet en fot med slåmaskinen, og om en som hette Troll.

Ingen av mine foreldre kunde synge, det savnet vi barn, vi var 5 som vokste opp. Når vi var på Kluge, likte jeg å sitte på fanget til

en gammel slåttekar som bodde der, Velas, og han sang for meg. Jeg husker så godt "På Eidsvold stander en sagahall".

Vi brukte verken bordbønn eller aftenbønn. Mor hadde stræv med å lære meg "Fader vor" før jeg begynte på skolen, 6 år gammel, hun syntes jeg måtte kunne såpass.

På Kluge i slåtten, slo de i utmarken på gammel vis, med mange folk i arbeid, de hadde også en fin dal i nabobygden som slått, den hadde oldefar kjøpt i sin tid. Vi koste oss om kveldane når vi hadde lagt oss på stoveloftet, 4 rakstejenter og 4 unger. Da gjettet vi gåter, og pratet til vi sovnet.

I kalde vintermorgener stod far ved vinduet med langpipen, og da sa han ofte: "Det er den kolde vinters tid", så fulgte: "U - hu seie haren, leve eg te våren, ska eg byggja meg hus, langt ifrå bekkjen så det inkje ræge ud". Men når våren kjeme, seie haren: "Varmt i bakka, varmt i bakka, kæ ska haren med hus".

Far var av de gamle som rullet med r'en, vi unge skarret.

Familieklenodier

En dameridesal mrk. IRD, Ingeborg Reiersdatter (Kyllingstad), 1792 - 1861, gift til Kluge i 1820, den fikk jeg for den var så oppspist av mårr. Jeg satte den inn med noe og ga den til Torbjørg på Braut.

På Edland hadde der vært tingstove, så der var det mange messinglysestaker med lyse-slukkere til. Far hadde en av dem, vet ikke hvem som har den. Han hadde også en stor billedbibel etter sin far, den har jeg gitt til Torgeir Edland. Gullbrillene har Torgeir Fjermestad i Trondheim fått. Signetet har jeg ikke bestemt ennå. En gammel hestehårssofa, som far alltid sat i om kvelden, den er senere ødelagt. Familiebilder har jeg en del av, men bare i skuffer. Et stort bilede av farfar i sersjantuniform og farmor i fin

silkekjole har jeg på veggen. Og min manns familie på sølvbryllupsdagen, med alle 12 borna.

Øvre og Nedre Kluge er 2 fine gårder, der bor samme ætt fra 1767.

På Nedre Kluge, mors hjem, har folkene vært samlere, d.v.s der kommer ikke mye bort. Men oldefar var gift 4 ganger. Det var vel tæring som tok konene, så derfor er det lite eldgammelt, etter mange delinger. Morfar var smed, bonde, ordfører i mange år. I begravelsen ble der sagt at 4 år etter at han var smed på fabrikken, så var han med i direksjonen. Han smidde sakser for salg, jeg har 2 av dem hengende på en vegg, et minne om en flittig mann. Det gamle våningshuset på gården, står der ennå, bygd i 1847 (foto). Der var, utenom fjøs, låve, stall i ett, en masse hus: gamla smio, nya smio, hønshus, stabbur, verahus, maskinhus, den indra lœo står der ennå, med fin gråsteinsmurt smalafjos underst og raudmåla lœa oppå. Ellers er alle uthusa rydda vekk, nytt tun er bygd lenger inne, 2 våninger, stor driftsbygning. Eier er nå fetter Knut Vadla, dattersønn av Knud Kluge. Han tar seg av den gamle våningen, har det omtrent som det var i 1. etasje, 2 store stuer og mellomstova, med omhengsseng (himmelseng), heimelaga stoler fra ca. 1847, et solid langbord i eik, gyngestol, gamle skatoll og skap med bøker etc.. Vi er glade for at han ser ut til å ta vare på det gamle.

Mormor hadde en liten dekorert tine. I den hadde hun småpenger, og når der var regn om sommeren og vi måtte være inne, så tømte hun pengene på filleryene, og vi unger skulle øve oss i å telle. Den tinen fikk jeg av moster Eli, da var der mynt i den, derav noen fra krigens dager og noen eldre. Da begynte jeg å samle mynt og har en fin samling. Den skal min nevø Torgeir Edland ha, han har 3 barn. Tinen har jeg ikke bestemt ennå. En annen tine, blå og rose malt, har en niese fått.

Et lite barneskotoll (leketøy), 60-70 cm. langt, med klaff, små og store skuffer, laget for mor av en farbror som døde tidlig, det har jeg levert til Tolleiv Bjerkreim som er gift med min yngste søster Eldbjørg. Han har stort hus med god plass, og har etter hvert fått seg ein fin samling. Nylig fikk han våre gamle ski (fra 1920 årene) med binding, staver, beksømstøvler, ryggsekk. Han fikk også spesielt redskap etter far, til bruk i torvmyr, det var torvljå, 2 torvgreip, spade og hjulbår.

Sølvttøy jeg har arvet har jeg straks gitt videre til neste generasjon, det var helst skjæer.

I huset fra 1847 har jeg ligget i himmelsengen og hørt "veggsmeden" i arbeide i veggen om kvelden. Det må ha vært ca. 1910-1915, altså 65-70 år etter at huset ble bygget. Og ingenting viste på veggen utvendig, det er utrolig.

Matretter

En tradisjon som stadig går igjen her i bygden, det er "smalaføde". I vår slekt til middag på "svartesøndag", gjerne med en dram til. Hos andre på julaften. Svartesøndag er siste søndag før jul.

En moster som var husholdningslærer laget oppskrift: Føttene vaskes godt i mange lunkne vann, settes på ende så vandet renner av. Skoldes i vann 70-80°, ikke varmere. De må heller ikke ligge for lenge uti. Et par føtter has opp i gryten om gangen, pass på når hårene løsner, arbeid fort, kipp av klauene og skrap hårene nedover med kniv, mot en fjøl. En får aldri en fot ferdig med en gang, den må varmes på ny og finskrapes.

Så skal de svis, med stearinlys eller loddelampe, så resten av hårene kommer av. Vask godt igjen, kan bruke rotbørste, især rundt klauene. Legges i kaldt vann til neste dag, da legges de i lake som står godt over.

Lake til 50 føtter: 10 liter vann, 3 kg. stort salt. 9 døgn i laken, tas opp og bindes sammen 2 og 2, henges over en stokk, henger en dags tid til avdryping, tørkes så over ovn eller lign. i 4-5 dager, må ikke henge for tett. Henges så på tørt luftig sted som spekemat.

Kokingen. Føttene ligger i vann 1 natt (Fordel å knekke dem litt med en hammer, så at margen blir kokt med). Legg dem i gryte med kaldt vann over, koker i 3-6 timer, det er forskjell på føtter av sau og av lam. Ved servering skummes fett av i en skål, godt kjøttfett kan være kokt med. Grovt flatbrød, heimebakt av havremel og poteter, brytes i passe stykker (¼ leiv) og bløtes i søet (mølja), legges på aft. Kokte poteter kan ruller inni, fett over. OBS klaumakken, en ullen dott mellom klauene. Føttene smaker godt kalde, i gele.

Eplemad. Av poteter, som heter "eple" her. Om høsten, når potetene var nye, kokte mor eplemad til lørdag middagsmat. Potetene kokes, skrelles, males 2 ganger på kjøttkvern, denne mosen kokes så til grøt i helmelk, saltet, øses opp i tallerkener, smørøye. Betingelsen var: Nye poteter, god helmelk, godt smør. Det datt i oss unger.

Tørkokte næba. Det fikk vi på Kluge av og til, mor og far syntes det var godt, jeg kunde ikke fordra det. Det var før her var kålrabi, men næba. Den ble skrellet, skåret i skiver, og kokt på høy eller halm, med vatn under, i en stor jerngryte, i mange timer, det luktet ikke godt. Ble brukt som pålegg på brød. Var alminnelig på bygdene i gamle dager.

Julefeiring. Lite med tradisjoner, lite med gaver. Her var ikke granskog med juletrær. Morfar var en foregangs-mann m.h.t. planting, han plantet store strekninger, begynte med buskfuru, siden gran. Mor fortalte at hun og en søster, de var eldst, de led vondt. Først vart det sådd på senger, så skulle der prikles både en og 2 ganger, og det var kaldt,



Halveig og Sverre.

især på hendene. Dette var i tiden før 1900. Der var ikke arbeidsklær som i dag, man måtte tåle både regn og kulde.

Så jeg husker godt juletrærne av buskfu-ru, vanskelig å sette lysene fast på greinene. Vi gikk rundt trøet hos mors foreldre, for da var vi så mange, og noen kunne synge. Men så var der alltid her på Ålgård 2-3 jule-trefester, med flere ringer rundt et stort tre, og utdeling av pakker med et eple, en appel-sin, fiken og "pinfant", en liten kjeks.

Min mann husker også at de gikk rundt treet i hans hjem, det var i et stort hus med 12 barn, men det var bare så lenge der var mindreårige.

En nevø av min mann var nylig innom, han kan ikke huske noe særlig fra julen, familien Nilssen, Haye, Havrevold, Haabeth, Aasland er spredd over hele landet.

Ingen bestemt middagsmat hos oss, kanskje risgrøt på julaften, men aldri mandel med marsipangris som følge. Der pleide være sylte og rullepølse i spiskammerset, og godt med kaker i bommene, smultkøkt som

hjordetak, fattigmann. Og goro og krum-kaker. Appelsin fikk vi bare i julen, litt epler, og til treet hadde vi laget kurver av kulørt glanspapir, med fiken og nøtter oppi. Det var en del av forberedelserne å lage juletre-pynt. Mor hadde en bok, "Moro for born", der stod en masse å klippe, og å brette av papir. Jeg savner den boken. Kan ennå lage en fin eske, forundringspakke. Mor var flink til å brette i papir, hun hadde lært en om en båt i forskjellige utførelser av sin far, som ca. 1870 arbeidet på vei forbi Kluge, og de bodde da på Kluge.

Jul i Syden. Min mann og jeg har aldri vært fristet av Syden. Vi har vært en del utenlands ellers (før krigen var vi i Dresden, så Den Sixtinske Madonna). Men vi har reist Norge på kryss og tvers (før bilene tok overhånd), også turen med Hurtigruten, og vi er vel fornøgd med det.

Nå er det jul når all julepost er vel avsted og julegavene er ordnet, mest til mange barn (slekt), da er det jul for oss.

Minner fra første verdenskrig

Sommeren 1914 står for meg som en sommer med sol og varme. 17. mai feirde vi 100 års jubileum, og en bauta ble avduka ved Gjesdalkirken. Steinen var sprengd på Helland, der står inskripsjon:

1814. Norigs menn baud åren tross

1905. Brytningar som skum i foss

1914. Mineår med krav til oss.

Der hadde vært tevling om inskrip-sjon, og det var Johan Vatne sin som ble brukt (J.V. var korrespondent på Ålgårds Uldvarefabrik, ble seinere likningssjef i Sandefjord). Fanejunker G. Gjesdal hadde forslag: "Enig og tro til Dovre falder", og ble helst fornærmet da hans ikke ble brukt, det var jo så mye bedre.

Midt på sommeren lå mor på sykehus i Stavanger, Magnfrid var ikke 2 år, vi unger bodde på Kluge den tiden. De hadde det travelt i slåtten, jeg var 9 år og hadde ansvaret med å stelle og passe på Magnfrid, og det syntes jeg var bare sjølsagt. Flere år senere sa bestemor at jeg var flink som klarte det. Kan huske det var plagsomt med fluer når hun skulle sove midt på dagen. Der var mer fluer dengangen, der bruktes fluepapir som hang ned fra taket (róde), og bestemor var en mester til å smekke fluer med en brettet avis.

Far arbeidet på kontoret, og om kveldene da han kom syklende til Kluge, hadde han ofte med litt snob. "Pinfant" kostet nesten ingenting, og for 10 øre, fikk han mange "blanda drops" og lakris.

Utpå sommeren var vi hjemme igjen, og far, morfar og Velas reiste til Kristiania på jubileumsutstillingen. Tror de reiste med Kystruten, det var mest brukt. Men i 1910 var far i Kristiania (i anledn. maskiner til elektrisitetsverket), og da reiste han med Bergensbanen, som var ferdig i 1909.

Da de kom hjem, fikk vi gaver. Eli og jeg fikk hver vår rosemalte, liten tine. Kåre og Torleiv fikk rosemalte skrin. Første

søndagen gikk vi tur ut den gamle veien og henta tjube (nyper) i disse ilådo, der ble tvil om når det var "botna", om det var når der var ett lag med tjube, eller så mange at botnen ikke viste. Spørsmålet ble aldri oppklart. Jeg fikk også en fin brystnål, mor fikk et sett i emaljearbeid, spenne, nål og knapper. Torleiv fikk en liten motor som sveiv, det var vel med batteri.

30. juli 1914 kom Tryggve Gran med seilduks flymaskin fra Aberdeen, landet på Malneset. Dagen etter fikk Sverre være med far sin der ned. De kjørte med hest og karjol, og fikk se flyet, og hilse på Gran.

Så, i begynnelsen av august, var 1. verdenskrig i gang. En lun kveld, det var begynt å mørkne, stod vi ungene utenfor Forbrugen, vi bodde i det huset, og vi lekte ofte i veien. Vi snakket om krigen, var litt fælne, det var så uhyggelig- Vi hadde saktens en del kunnskap om krig, hadde lest store innbundne bøker, illustrerte blad, om "Krigen i Østen" (Japan og Russland), kjende mange navn derfra, admiral Togo, Port Arthur, Mukden. Arne og Haakon var der, vi snakket om hvor vi skulle gjemme oss, der var forslag om å grave håler i Solkjen. Der oppe var der udyrket, lyngmark og stein og litt bjørk, en fin plass for småunger å hente krægling, skraue og mikkelsbær i kopp. Vi hadde vel fått vite om krigen av avisen som kom med postskyssen fra Sandnes i ½ 7 tiden. Posten ble den gang delt ut av Chr. Aasland, som poståpner, fra fabrikkens kontor, han stod i "skranken" og ropte opp navn, og publikum stod i forværelset og svarte "her". Posten ble aldri båret rundt, bøndene fikk sin via meieriet og melkekjerren. Her på Ålgård likte ungene å hente posten, de holdt sjau mens de ventet, og hadde det gildt. Nabohus delte ofte på henting, hadde hver sin uke. På Kydland var der en slags underavdeling, posten til dalen der ble fraktet opp et par ganger i uken. Nå stod vi i mørkningen, en

flokk unger som hadde lekt, alder 8-11 år, og gruget for det som hette krig.

Der ble mobilisert, jeg husker Chr. som var sersjant, han måtte avsted til Kristiansand, og det var stridt for ham, for konen ventet barn. Far, også sersjant, måtte være heime og passe elektrisitetsverket sitt.

Og krigen gikk sin gang. Norge hadde ikke korn nok og måtte føre inn. Tyskerene laget blokade med ubåtene sine, norske skip ble torpedert, mange sjøfolk omkom. Det minket på maten, og melk var der for lite av, margarin ble laget av kvalfett, bakemjølet var ringt, og vi lærte å stå i kø. Alle drev matauk, det gikk helst på poteter i småhagerne. Far kjøpte nokså tidleg en hel kasse sardiner, og en hel stor, rund goudaost. Osten kunde mygde, og vi fikk spise mye, det gikk flere år for det ble godt med slik ost igjen.

Fra Østlandet kjøpte far 2 Saanen geiter, et par andre hadde også slike geiter, og de hadde en bukk ihop, den stod i den gamle stallen vår og lukta gruele. Melken av disse geitene hadde ikke så sterk smak som geitemelk ellers, og det var noen rolige gilde dyr, kvite og kodlete. Hella var oppkalt etter meg, Tova etter Torleiv, vi fant navnene i Norsk Namnebok. Om morgenen ledde vi hver sin geit til bumarken til farbror Johan, og hentet dem om kvelden. Til vinterfor var det å slå markhøy, en sommer slo vi på Ålgård, hos Gabriel, der hvor Eldbjørg og Tolleiv Bjerkreim har hus og hage nå. Så var vi på Kluge og lauva. I stedet for kraftfôr gikk det på cellulose, hver kveld sat vi og reiv opp celluloseplatene i smått. Disse 2 geitene hadde vi i fleire år, hver vår kom der 4-5 kje som vi lekte med i hagen hvor de hadde stor gare. Noen ble vel solgt, men ellers forstod vi ikke når der var kjøkjøtt på middagsbordet.

Jobbetiden så vi lite til på disse kanter, og godt var det. 2-3 karer prøvde seg, de ville ha far med, men han sa: "På det jevne, på det

jevne, ikke i det himmelblå". De andre var nok for seint ute, det ble bare tap.

I mai 1916 var vi i torvmyren, den var i marken til Sven Torsen, da hørte vi dundring av kanoner ute fra sjøen. Vi sprang opp på et berg, trodde vi hørte bedre der, men det gjorde vi ikke. Fikk senere vite at det var et stort sjøslag mellom engelske og tyske slagskip, vest for Jylland.

3. mai 1916 kom en tysk Zeppelin, L 20, inn fra sjøen, den hadde vært i England og sluppet bomber. Den havarerte ved Hafrsfjord, og en avdeling soldater under Gabriel Aalgaard skjøt den i brand, det ble en kraftig eksplosjon av gassen den var fylt med. Jeg fikk noen år senere, et lite stykke av det impregnerte silkestoffet den var trukket med, av en onkel, det ligger i en gammel sigaretteske av metall, og med datoen vedlagt.

I 1917 kom spanskesyken, det var en uhyggelig tid, med mange dødsfall, især ungdom strøk med. Dr. Lønning hadde det travelt, han brukte motorsykel, og kjørte rett på grunder som var lukket, der var mange av dem på veiene den gang. Det hette at det bare var konjakk som var brukbart som medisin, og legen måtte skrive resept for å få fatt i den.

Jeg hadde spansk i 1918. De flyttet sengen min ned i bestestuen så jeg lå der mens det stod på. Begynte på middelskole på Sandnes nyttår 1919, da var jeg ennå svak. Og der var fremdeles lite mat. Torbjørg Ekeland og jeg bodde vinteren 1919-1920 hos Palle Thu, ved kirken, i bestestuen hvor der var mange palmer på sokkel, vi lå i en dobbelseng. Fru Thu var snill, hun kokte havregrøt til oss hver morgen, vi måtte skaffe gryn, en tid var der ikke gryn å få, men mjøl, og denslags grøt var en av de få ting jeg ikke klarte. Om helgene gikk vi hjem til Ålgård, eller vi kjørte på lasset til fabrikk bilene. Bare midt på vinteren bodde vi på Sandnes, ellers syklet vi de 13 km. hver skoledag, i allslags vær, der var verken buss

eller jernbane, men vei med djupe hjulspor. I fint vær hadde vi hvileplass ved en hodl ved Myro, eller ved Bråsteinstampen (der var vatneplass for hester i Austråttbakken og i Bråsteinkleivo). en jente fra Figgjo bodde hos søsteren på Sandnes, men fulgte oss ofte, for vi hadde det så gildt.

Det gikk lang tid før alt kom i gjenge igjen. Der hadde vært dyrtid, så kom der tilbakeslag, lønningene gikk ned. Folk som hadde kjøpt hus måtte gå fra dem. Der kom noen vonde år for mange. Sko og støvler var mangelvare. Der kom i handel noe som het "Folkesko" (tror jeg), jeg fikk et par, de var sydd av hardt lær og var vonde på foten, og de var stygge. Mennene brukte puttis (puttees) og leggings, slik som engelske soldater brukte. Far brukte puttis når han var på jakt (han var flere år i Sirdalen på rypejakt). Jeg prøvde dem også, man måtte være nøye med surringen.

Krigen virket også på andre måter, man sang: "It is long long way to Tipperary", og med en ny lærerinne som kom nordfra, kom her en vemodig song: "Bubel, nu dagen rinder, du må ei gråte mer, Bubel, mitt hjerte brister, farvel min hjertenskjer --"

Denne sangen fant jeg flere år etter, i en bok oversatt far engelsk: "Goodbye my Bluebell, Fare well to you -" Sangen var visst brukt siden 1904.

Skrevet av Hallveig Høy f. 1905.

Oktober 1986.

Minner fra gamle Ålgård.

Om garden Edland (gnr.5), om gamle folk og gamle heimar der. Slikt eg minnest eller har fått fortalt. Eg har og brukt gards- og ættebøker, lensmann Lima's erindringer osv.

Mesteparten av det eldste Ålgård ligg på Edlands grund. "Dei slo frå Hølen til Røsetjødno" sa Malli Ekeland som hadde vore med i slåttan.

På Prestveien kom Lye presten kjørande i karjol, på vei til Gjesdalkjørkjo, Gjesdal var då annekst til Time. Veien han kjørte gjekk frå Lye opp til Åsen, så ned til Åsvatnet og vidare om Vorefjell og dei andre bruken på Myrane.

Vel forbi Trodlakjørkjo var det Gjesdalsokn, og her budde Torkel på Heiane (Torkel Torkelson Nevland f.1852) frå 1883 som husmann på Edland brnr.1. Søren Arneson nemner han som skomaker. Han hadde 11-12 born. Men dei var inkje åleine der, for på Pigberg (Fjermestad) var der ein husmann som dei kalla "Plokten" (Ingebret Ådneson Kyllingstad 1823-1907), han hadde etter 2 ekteskap 16 born. Men alle desse ungane tok fort ut frå heimen. Nå er området her ein del av 2 fine gardar, bureisera, Prestholen og Lyngjen. Både der, og lenger heima, vart tidlegare skore torv. Ålgårdsfolk kjøpte torvmyrparter som, når dei var udskorne, gjekk tilbake til jordeigaren.

Lenger nord, på Øygarden, ved Fjermestadvatnet, har der budd folk i forhistorisk tid, det syner gravhaugar, rydningsrøyser og funn.

I 1930-1940 åra var her Sølvrvævfarm, aksjeselskap, det var på Peter sin part, med revahus og røker.

Våningshuset på Øygaard er bygd ca. 1900 av Tolleiv Egeland, han og Vilhelmine flytte til Gådo, og svogeren Ekberg tok øve i 1902. Så hadde Torger Torsen Edland og mor hans, Malena, det frå 1909, i fleire år. Seinare vart det Tor Svensen og Anna sitt, med større våning og uthus.

I dag er her fleire hus nordover, i et av dei budde Søren Arneson, ættegranskaren, han hadde så fin håndskrift, dei sa han brukte fjørpenn.

Svein sitt hus, brnr. 1, er det eldste på garden, bygd 1847. Frå dette huset kom Torger Nærland (f.1836), han som var foregangsmann til å stansa sandflukten på Jæren, med planting av marehalm og skog. Og det var

han som jaga smalen inn Trodalen og fekk sjå den siste skrubben på Edland.

Tore Edland (f.1829), hadde garden. Han var så godgjerande, tok seg av omstreifarborn. Gift med Malena. På øvre sida av veien, tvers overfor heimahuset, ser du den lange steinen over inngangen til eit gammalt smalafjos eller moldhus. Det var Tore som fann denne gode steinen i Høgghammaren, velta den ned i Trodalen og kjørde den heim på slede. Det var eit tungt tog, seier Svein i dag.

Frå gammalt var her på garden 3 brønningar, men ingen hadde godt drikkevatt. Dei 2 andre bruka hadde brønn ihop, mellom huso. Så fekk dei seg større brønn ihop, i Øygardsbakkane, med ledning heim, den heldt vatn i mange år, til bruka på Edland og til 2-3 hus lenger nord.

Denne parten, br.nr.1, hette “der oppe”, men “der nord” som “der vest”. Nr.5 hette “derborte”, nr.2 hette “der nord”.

Malena (f.1844), Tore si kona, var så flink med hagen. For omtrent 75 år sidan gjekk me til henne og kjøpte blomster, akkeleie, stormhatt, pion, til å ha i vase i vinduet på skulen på eksamensdagen.

Dotterson til Malena, Tore Svensen, var og flink med hage. Han fekk seg en kjend hage “Edens hage” mot sør, langs gjerdet, med urter og blomster, og sjølv laga prydgjenstander, urner, et lysthus. Folk kom langveis for å sjå. Han kunne snakka om plantene, kunne alle latinske namna, han var litt av ein original.

Sven Torsen Haaland og Malli var kjende for å vera så greie mot alle ungane som kom og gjekk der, endå dei sjøl hadde 2 døtre og 10 søner. Sven likte godt fjordingen, hadde alltid fine hestar, kjørde en del for andre, til Sandnes etc. han hadde frakke med cape, godt og varmt over akslene når han sat og kjørde.

Nedmed bekken, under Brislingbakken, var der 2 kvedna, ei for maling av kodn, og ei

for beinmaling. En bror av Sven laga overføring, med ståltråd om stolpa opp bakkane til høgaste løo, til å driva trøskjeverket der.

“Den nye veien” blei bygd i 1893, den går i mange svinga, i øvre kanten av Fören. Der stod Seristampen, med vatn frå ei kjelda i bakken, og der gjekk Seri og rusla, samla opp lort frå hestane og andre dyr som hadde drukke der, heiv det på kjelvo. Seri var frå Steinskog i Lund, hadde fått seg opset, blei svært gammal.

Der bekken kjem frå Fören var der i 30 åra ein nutria-farm, eigar var eit aksjeselskap, dyra kom frå Argentina, ved Ragnvald Nilssen. Det varte i nokon år. I bekken på Fören var der, merkelig nok, perlemuslingar.

I den siste store svingen stod der ein gong ei stor fåre, og ennå i dag heiter det “udmed fåro”. Her var det at dei i 1932, under dyrkingsarbeid, kom over ei kvinnegrav frå det 6. århundre. Haugen var 17 m. lang. Folk frå Stavanger Museum vart varskudde og kom straks.

Her viser ellers spor etter folk i seinare tid, Asgaud og Liva budde under steinbakken. Der veien går over bekken frå Skotjødno, var der lenge ei raudmåla jerngrind. Den vart avlegs for fleire år sidan, men enno seie me “udmed raua grinno”.

På toppen av bakken der Næseveien begynne, der stod ei smia på br.nr.5, der heiter det Smihusbråde. Veien til Næse vart utbedra i 1917. Ved Bojalee var der 3 grindar, og der stod om sommaren 3 flokkar kyr og venta på å koma heim til molking. Det var Johan sine, Abel Kyllingstad sine og Peter sine.

I Peter si mark står “Kjeringsteidn”. Sagnet seier der budde et trollpar på fjedle. Ein sommar det var tørke skulle dei til Edlandsvatnet etter vatn, men dei vart ikkje einige om kva veg dei skulle gå. Så gjekk mannen om Trodalen, mens kano gjekk langs Fören. Då rann sola og dei vart

stående der, Lange-Simon i Trodalen og Kjeringsteidn her.

Om Aranebben, br.nr.2, heiter det at ein mann kom på ski over fjedle. Han kom ut i mørkno, såg ljøs på Edland, gjekk rett fram og utføre, og slo seg ihel. Mannen heitte Are, derav namnet på fjedle. Han hadde askeski.

På Laueplassen er der sandbotn og store steinar, der gjekk me om sommaren og vasaka oss og bada. Nå bur Jan Marton der.

Stemmen blei bygd i 1911, som inntaksdam for T.T. sitt elektrisitetsverk (1911-1946), han leverte straum til heile Ålgård, var tidleg ute med slikt.

Det gamle huset på Peter sitt bruk (nr.5) blei reve i 1926. Utanfor stod der ein store asal med fristande bær, og ei store fåra. Der var steingolv i kjøkkenet. Me gjekk lenge der og kjøpte mjølk, for Peter var inkje i meieriet, og for oss var det svært lang vei til meieriet. Far til Peter, Torger Larsson Kyllingstad, var i fleire år herradskasserar. Stora-Kristina hadde små gull øyredobba, det skulle vera heldigt for synet.

På øvre sida av veien bygde bror til Torger Larsson, Kristian Idland, sitt hus. Det er bygd på murane etter ein stall til Torger Johannessen Edland. Chr. Aasland, f.1880, som var der på garden frå han var 12 år. Han fortalde han “fælte” alltid når det var mørkt og han hadde skyss og skulle gå der bort med hesten.

Bruksnr. 2 og 5 kom på andre hender då brødrene Kristian og Nikolai kjøpte seg gard på Mosterøy i 1860.

Det året drukna 2 søner til Nikolai i Edlandsvatnet.

Br. nr.2, “der nord”, var garden til Kristian, f. 1810. Antagelig i 1852 bygde han heimahuset som står nå. Det var tømmer frå den gamle Suldalskjørkjo (bygd i 1620 åra). “Det blei frakta frå Suldal over heia til Suldalseidet, derifrå med farty til

Sandnes, og vidare landevegen til Gjesdal”. (Suldal kultursoge).

Torger Johannesson Edland f.1829, var frå Kyllingstad. Han overtok br.nr.2, han var sersjant. Dei hadde skyss-stasjon, og tingstova. Han bygde det første bakeriet der “lysthuset” står i dag, det brandt i 1875. Så bygde han bakeri lenger nord, visstnok seinare slakthus. Hadde “bager Larsen” i arbeid, der gjekk bl.anna bakverk til en kjøbmann i Trollshauane på Vikeså, det veit me, for mannen gjekk konkurs, og Torger tapte mange dala.

Torger J. hadde segl til båten sin, han segla til Gjesdalkjørkjo, er det fortalt (Marta Kluge). Han var gift med Hanna Ådnesdr. Oltedal (1833-1914). Dei sa hu var sint. Brukte på sine gamle dager alltid kvide huva med blonde framme. Valborg Edland Valvatne sa hu hadde ei finare huva liggande, den skulde hu bruga som lig, “den kunne me få sjå, hvis me spurte”.

Då Torger Johannesson døde i 1895, delte dei 2 eldste sønnene garden, det var Johan og Abel. Abel sin del fekk br.nr.14, Fotland, den parten overtok Abel Kyllingstad, f.1864, i 1899 då Abel Edland vart lensmann. Seinare, ca.1957, selde Søren all dyrka jord til kommunen til tomter. Åge har igjen hus og markjo (fjedle). Det var begynnelsen til meir husbygging på Ålgård.

Abel Edland tok frå en del, Vatnahagen, der han bygde nye hus. Veien går forbi huset, og då Lyepresten en søndag kom kjørande, stansa hesten, der sat Valborg, 2-3 år gamal, midt i vegen og grov i sanden. “Vil du flytte deg, lille pike?” “Næsj” sa Valborg. “Vil du ikkje flytte deg?”. “Næsj”. Så måtte presten ned av karjolen og løfte henne vekk. Det var trafikken i dei dagar.

Abel Edland hadde alltid sauer, helst “rosete”. Når dei kom heim frå markjo om kvelden, saman med Abel K. Sine, så stansa dei alltid i 2 flokka, framføre kvar si dør, der

var 2 smalafjos, og stod der og venta til det blei opna.

Det var mote å planta blodbøg i hagane, kjempetrær står der enno. Og der var lysthus, og gangar med grus, og fine bed med blomster.

Rakel Nærland var jordmor, budde på hybel hjå Chr. Aasland. Hu tok solbad på uthustaket. Alle hadde uthus.

Martin Edland overtok huset etter syster si, Karen, flytte til Amerika med familien, der mannen var reist før. Der det huset stod er det nå kommunal parkeringsplass. Karen hadde eit hus på andre sida av vegen, det overtok Johannes Auestad, der budde mange gamle folk ei stund, Samuel Oltesvik og andre slektninger. På hydna, ved sida av, stod det huset som Erik Bjelland flytte lenger opp då han fekk bensinstasjon, det huset var bygd av Abel Kyllingstad, før han kjøpte garden Fotland. Her budde i si tid Halvor Auestad, og Karen og Johan Fjermestad. Ovanfor var arresten, nå er det garasje.

Oppover her gjekk veien til Berland, der var i mor sin barndom skog på begge sider av vegen. I åra ca. 1875 - ca. 1900 kom der stadig nye hus i denne gado:

Reiar Nilsen (Reiar Skomager), seinare Gusti Høgemark.

Lars Lomeland (Dynamitt Lars).

Ingeborg Eidland, Jorina og Sikke, Sofia, og Sven som drukna.

Baptistane sitt Emmaus.

Lars og Engel Bjelland. Lars kunne litt av kvart, han planta både frukttrær og prydrær i dei nye hagane. Magne Bjelland i dag.

Johan Tjelta og Lina.

Ivar Brekken.

Jonas Egeland (Tamburen), han omkom ved ei ulykka i fabrikk.

Ådne Hadland og Kirsten, den lange bakken som begynte her oppe, den kalte me Kistenbakken, den var så god kjelkebakke. Det var så gildt å renne på vei uten trafikk,

kom der en sjelden hest, så hadde den alltid dombjødle.

Ole Versland si mølla, den sveiv i mange år. Et stort bygg.

Og i dei nye gadene nordover:

Grete Fjermestad (Grete på Langhodl) med Bertine og Jonas.

Gurina Haraland.

Ådne Skårland.

Samuel Frøiland.

Samuel Madland.

Andreas Egeland, Plysaren.

Per Aareskjold

Sofia Fjermestad (Karl Kyllingstad).

Søstrene Lindø (Artur Egeland).

Torger Ravndal (Bertran).

Sven Tjessem, kjend murer, med stort jordstykke.

Jonas Helland (Maria var molkekona for fabrikk).

Fanuel Hadland

Et verkstadhus, Elling maler, skreddar Sagland.

Sven Eliassen Stangeland, en av de eldste i fabrikk.

Serina i Rævhodl, med Ole og Nils.

Til adle hus var der et lide jordstykke, og mange hadde sauer.

Bedehuset Bethel er vekke nå.

I Krambugado:

Olai Egeland sitt hus er bygd av Abraham Tjensvold, han var skomager og sadelmager, der gjekk me og tog mål til nye sko, altså støvla. Han hadde nogen flotte rasehøns.

Grødalandshuset er reve nå. Her budde Fanjel Bærland med familie. Han hadde tidligare gard på Bærland (der nord). Dei reiste alle til USA i 1914, Arne og Kristoffer, då var Fredrikka død, søster til Fanjel. Fredrikka kokte så god komla, og var så reinslige, dr. Ottum gjekk titt øve vegen og fekk seg eit godt komlemåltid. Eldste sonen til Fanjel var heime frå USA, han



Gideon sin skomakerverkstad.

reparerte uthuset og brukte arbeidshanskar, det imponerte meg. Seinare budde Johannes Auestad der, og Erik Egeland, slakterforretning, Erik Erikson og Tea hadde huset i mange år, pensjonat, kafé, sjåfør.

Ålgård Forbruksforening, bygd 1902 av Anfinsen frå Sandnes, over til T.T. Edland i 1903. Nå Forbruken.

K.S. Haalann og Anna bygde i 1899. Anna hadde så fin hage. Nord for hagen hadde Abel Edland lagt veg ned til vatnet, til jord der som han heldt igjen, neranfor gjerdet til K.S., der kjørte dei opptakstein i mange år, dermed kom "Bryggjo". Der laga Arne Edland krokettbane, ein fin samlingsplass, dei spelte der i 20-30 år.

Nord for parkeringsplassen har me i dag barnehage. Huset her bygde Jesper Ravndal som var lensmann før 1899. Det var først et hus med flatt tak. Fabrikk overtok og bygde det om til doktorbolig, fabrikk måtte halda doktor. Uthuset stod langs vegen.

Langs denne eigedommen, i nord, gjekk veg til vatnet, det var frå gammalt Næse sin vinterveg. Langs denne vegen gjekk ei steinsette veida som kom ovante Fotlandshagen



Hansine Ravndal, Ola bakar og kona Maria. Ola og Maria dreiv bakeriet, med utsalg i butikk i fleire tiår.

og under kjøreveien. Det var ein slags kloakk, med vatn frå oppvask og klesvask.

Her nede var der fin bade plass, med sandbotn. Ca.1910 stod der et langt badehus, der me kledde av oss.

Så kom der et stort hus, bygd av fabrikk i 1896, for funksjonærer. Bl. andre budde Madsen der, han fekk oppført eit høgt plankegerde, det vart kalla "Madsagerde". Då me fekk kapellan, var der foreløbig prestabolig i 2. etasje.

Torger Egeland sitt hus blei bygd av Jens Auestad, først som ein liten forretning, seinare påbygd.

Buggelandshuset, bygd 1880, nå Oftedal, er et av dei eldste. Der var alltid bakeri. Serina Buggeland sa me måtte inkje plystra, for då kom me inkje i himmelen.

Fanejunker Gunnerus Gjesdal dreiv hotell, bygd 1897, kjøpte seinare jord her til vatnet, hadde vaskhus der nede. Oppmed vegen var der stall, og skomagerverkstaden, som Gideon Malmin leigde.

Fotograf Norland frå Stavanger hadde eit atelier, han var der og fotograferte folk om søndagane.

Ved sida av hotellet er blomsterbutikk i dag, det var Ole Sivertsen sitt lagerhus. Her stod ved vegen eit stort tre med gode svarte moreller. Ole Sivertsen begynte med handel i 1892. Elisabet overtok seinare.

Ovanfor budde Karl Ravndal, han hadde eit stort jordstykke. Huset som står i dag, er bygd i 1875 (antagelig av T.J. Edland for baker Larsen?). Akselsonen hadde huset i nyare tid.

I denne bakken, på veg til bedehuset Bethel, stod der eit lite hus. Der budde Akseliane Njaa med ein stor hund, solgte krans og anna bakverk, og brus. Ein morgon, antageleg i 1910, kom Gustav (Tjessheim) forbi, skulle på skulen, hørde hunden gøy, kikke inn vinduet, og der låg Akseliane død på golvet.

Slagter Gabriel Espeland sitt hus, bygd i 1898, er begynnelsen til Ådne Espeland A/S.

Nedunder bakken her hadde Anders Ravndal moteforretning, starta av kåno til ein funksjonær (døtre Rosa og Ada Pedersen). Husker ein brann der ein sommardag.

Så kom bilhuset, garasje til fabrikk sine lastebiler, med stort loft til lager og militær-depot. I øvre enden var brannstasjonen, ved inngangen, ein kasse på veggen, med plasslokk. Der hang nøkkelen, så var det å ta seg inn til sprøyto og slangane, og springa for å få fabrikkfløyto til å ula, og det var uhyggeleg når den sette i.

Tilbake til G. Gjesdal sine eiendommer, der var adkomst til fabrikk si låvabru til løo over fjoset. Og fjoset var stort, også med sadel til fleire hestar, og vognskjul. Dave "kjørar" rådde her. Han kjørte til Sandnes før bilane kom. Seinare vart løo uthus til gardsbruket fabrikk hadde på Opstad.

I nærheten stod en kommunal stall, Almannastadl. Så en bratt hage, og så Skulehuset. Det var i 4 etasjer, med 4 klasserom i 2. etasje, ellers leiligheter til

fabrikkfolk. På andre sida av dammen låg Baghuset, med fabrikk sitt bakeri (Tollei bagar), og leiligheter. Til Storahuset med kontorer, bakeriudsalg, leiligheter, og til skulehuset og bakhuset, var der uthus som do, vaskehus, torvhus, oskehus, stegahus o.s.v., desse bygningane låg spreidd rundt Skulegarden. Her var og ein krocketbane.

Ei kjella kom ovante bakkane og gjekk i røyr ned til ein liten avsats ved Dammen, her var det godt drikkevatt, mange gjekk der og tok vatn. I krossen, under Kagehålo, Krossenbygget nå, var der og ei kjella.

På høgaste "bråde" Nikolai Bjelland (Nikko på Løehea), så kom Norberg, nå Espeland.

Ved bruno øve dammen stod et lide hus av murstein, det var bensinhuset.

Så var det lager og ekspedisjonsbygg, nupphus, seinare rekvisitalager, verkstad, smia, kraftstasjon, diesel-huset der Tønnes Møgedal regjerte, seinare Mandius Svla.

Eit langt trebygg, spinneri, apperaturen og fyrhuset med ein stor kjel som kom på plass med møyje bry (zeppelinaren). Fargeriet og udlahuset var i gråsteinsmur.

Skokkahuset er vekke nå, det var eit av dei første bygga for arbeidarane i fabrikk. Der budde min morfar, Knud Kluge, med familie, då han var smed på fabrikk, før han overtok farsgarden i 1886.

Svenskahuset står enno. Her var og ei kjella, dokterskjello. Frå Krossen nord-over langs "Bråde", forbi Valborg og Peder Kyllingstad sitt hus, og bakom desse 2 store hus, der går det ein veg som Torger J. Edland anla. Det var kjøreveg til ei stor myr, Ådnemyro, sør for Turnlokalet, der tok han mittingmold. Dei brukte myrjord til å blanda i gjødsel frå fjoset, før dei hadde hev-dafjos med landkumme.

Vegen Edland-Høljaberget, med bru, kom inkje før i 1890. Der var gangsteinar øve åno før den tid. Bru øve Fossen kom i 1857-58.

Turnlokalet kom tidleg. Her var me 17. mai på turnoppvisning, såg når Oskar tambur, kanskje fleire, gjorde "kjempeslengjen".

Her var den little salen for losjemøter (IOGT), og for ungdomslaget med leik, og anna.

Folkets Hus kom seinare. Der var ei kort tid kino, det heitte "Aftenunderholdningsforening".

På Gådo kom der endel hus. Der budde Lyen, fru Simonsen, Anders Ravndal, Isak Egeland, Søren Haaland (Små-Søren), Nikolai Vigesdal, Mandius Svla, Helmik Haugland, Lars Hogstad og Vilhelmine som dei sa var sinte.

Omtrent der jernbanestasjonen seinare kom, der stod ei løa, i den gøynde dei kjørkjelklokko bak store udlaballa, mens dei bygde kjørkjo i 1917.

Mærholen er vekke nå (Ålgård Bygg). I åno i nærheten tok dei ådl i mæ, mærganerane.

Lenge fekk folk på Ålgård vatn frå ein brønn bakom Berlandsnuden. Men det vart alltid nytta vatn ellers der det fanns, gode kjelder kom vel med.

Sven Vasvåg var vel den første som bygde på Holmen (1905). Sonen Ingvald fortalde til Gustav Tjessem at dei fløyta tømmeret over Hølen.

Dette var om det gamla på Edland-sio.

Nå litt om Ålgård-sio.

Frå Krossen kjeme me øve Fossen til Veveriet (1898) og veverikontoret. Ser ner i Stamphushølen, der stod den første stampo, til å driva den kom der vatn gjøno "trædammen", ei renna med botn og sider av tre. I denne dammen fanga dei seinare ådl når den gjekk. Ålaskind er sterkt og vart brukt til å sy og reparera reimer (til flordelar for kardemaskina). Ålaskind blei og brukt til bakreim på skjesser.

Det kunde vera kraftig trekk (sør-austen), på bruno over Fossen, og 2 personar sykla ner bakken til bruno, og i full fart gjekk dei øve gjerdet og lukt i fossen. Der må ha vore godt med vatn, for den eine, ein ukjend mann, kom opp sjølv og hadde sykkel med seg. Odd Nilssen, som då var liten gutt, såg det. Den andre var son av Ingval Tjessem, han kom dyvåt heim og sa "Eg he vore i fossen".

Nilsabakken var bratt. Først kom huset der Petter Johan Strøm (f.1859) budde, ein streng lærer som adle ungane var redde. I sama huset budde Dave kjører og Malli og Isak Tobias Egeland. I neste hus var Sven Nilssen, kontorsjef og forfatter. Det huset var ei tid blåmalt. Så kom Hans Nilssenuset, stort, med plass for familie med 12 born. I neste Gunnar Nilssen, så Haakon og Sonja, alltid med hundar som heitte Ib og Jim. Til adle desse hus var der uthus som stod på øvra sida av vegen, med do, torvhus og hønshus.

Ein spaserveg med 2-3 benker var ifrå Ole Nielsen si tid lagt øve Hammaren til Ole Aalgaard, ned ein bratt bakke og forbi den gamla smio som stod ved hovedveien. Dei sa det spøkte der.

I Ruste gjekk me og henta konvalla og skogfiol.

Der Heradshuset og Bergen Bank står i dag, der var ei store kjelva, fanejunker si. Vegen forbi her heitte Spinneribakken, der den seinare vart omlagd stod der eit stort hus, "Slakthuset". I det huset begynte slakter Espeland. Der var plass for ku og sau, og i øvste etasje budde der folk. "Malden" var skomaker.

Fåreskogjen var fleire mål stor, den gjekk der skulane står i dag, frå vegen i Rettedalen til Kadlanæset. Det var granskog, men der var nok planta buskfåra først, derav namnet.

Boerhuset eller Boerleiren blei flytta frå Vaulabruno. Per Wølstad (PW) bygde i 1908. Og hus begynte å koma opp, inn

over mot meieriet og Krossen Ommund Mjåland og Ane (Østabø) og fleire.

Sofie Nesse hadde hus med krambu "Vonheim", 1900.

Tønnes Bærland hadde smia (1907)

Meieriet hadde ishus i bakken, dei skar is i vatnet og lagra den der. Der det nye meieriet står i dag, der var Flådo, der var myr og bekker, me fant ljåblom der.

Gjesdal Forbruk, på hydna, kom i 1912. Der rådde Lars Vasshus i mange år.

På Flådaleide kom der fleire hus.

Doll-Ivar (Ivar Berge) hadde et lide hus

ved veien, det var på fanejunkaren. Ågot og Kristian Lima bygde der seinare.

Andreas Lima bygde tidleg. (Over til Pauline).

På Fiskebekk var der lenge berra eit hus, det var Karl sitt.

Skrevet av Hallveig Edland haye, f. 1905.

Som et minne om dei strævsomme og nøysomme.



Per Vølstad, klokkemakaren på Ålgård.



Ingrid og Olav ved hagegjerdet på Prestholen.

Ingrid Edland

Foreldra mine kom frå Øvre Espedal i Forsand. Som unge, nygifte, kom dei til Stavanger. Der vart dei styrarar av eit ganske stort gardsbruk. Eigaren hadde arbeidet sitt i sentrum av byen, og far laut kvar dag køyre han med hest og vogn til arbeid. Og om kvelden henta han att. Denne garden låg ved det som nå er Lagårdsvegen, med store vidder oppover der som Rogalands sjukehus nå ligg. Mor fortalte at i høyonna var ho med og raka høy der det nå er tettbygd by.

Etter nokre år kjøpte dei gard på Jättå. Dei som åtte denne garden, var gamle og hadde ikkje born. Gamlehuset hadde brunne, og eit nytt var bygd. Dette huset var

ikkje ferdig då mor og far kjøpte garden. Dette var i 1890. Her var det då at far og mor tok til, og her vart heimen vår. Ein god kristen heim fekk me. Her vaks me opp, 7 gutar og 3 jenter. Sjølv er eg nr. 8. I den tida var Jättå ein avsides liggjande stad. Og på Hinna låg det 3 hus.

Mor fortalde at når einkvan spurde henne kor ho var frå, så skjemdes ho helst av å seie at ho var frå Jättå. Lite ante ho då at Jättå skulle verta landskjent, for ikkje å seie verdenskjent, etter at oljeplattformene vart bygde i Jättå-vågen. Eit gammalt ordtak sa at med tida skulle Jättå liggje midt i byen. Den tida er nå komen.

Så attende til heimen. Garden var liten, og etterkvart som dei eldre syskena vart vaksne, så laut dei ut. I den tida rasa Amerikafeber, og 4 av syskena mine drog over havet, der dei tok seg vel fram.

For å hjelpe til på innkoma tok far seg arbeid på slaktehuset om hausten når sauene skulle slaktast. Dette gjorde til at han kjøpte heim mykje god innmat, og mor laga mykje god mat. Særleg hugsar eg alle dei gode pølsene som hang i lang rekke til tørk.

Far tok tidleg til å dyrka grønsaker, som vart mykje brukt i hushaldet, og ein god del vart køyrt på torget til salg. Mor var ein god læremeister, og me ungane vart tidleg sett i arbeid. I hushaldet fekk me vere med å koke, bake og vaske. Den tid var alt arbeid tungvint. Det første eg hugsar var det ikkje elektrisk ljøs og ikkje innlagt vatn. I gardsrommet var ein djup brønn der me tok alt vatn. Me hadde eit såkalt eldhus der me vaska klede, og der helt me til med anna storarbeid. Det var tungt med store kledevask, og alt vatnet laut heisas opp og berast inn. Mor spann alt garnet som skulle bli til sokkar, til den store ungflokken, og me som jenter var, lærde tidleg å spøte. Ho lærde oss og til å veve. Det har eg hatt mykje glede av seinare i livet. Fjøsarbeidet hørde karfolket til, men sjølve mjølkninga fall på oss kvinner.

Til barneskulen var det ca. 3 km. Eg lika meg godt på skulen. Særleg dei siste åra. Då hadde eg så gild ein lærar. Der var ikkje ståk i timane hans, nei. Songtimane hans ligg særleg i minne. Seinare fekk eg gå framhaldsskule, husflidsskule og husmorskule. Etter desse vart eg heime og hjalp mor og far som då tok til å eldast.

Der er eit og anna som kjem fram i hugen når eg sit slik og minnes. Eg er nå gammal at eg har opplevd to verdenskrigar. Hugsar då første krigen braut ut, korleis folk fekk panikk. Alle tenkte først og fremst på mat, og det tok ikkje lang tid før ein fekk

kjenne at maten minka. Noko naud kan eg ikkje minnes at me hadde, om ikkje alt var like godt som før. Det som me fekk kjøpe som heitte smør, var noko grønaktig feitt som var koka av kvalfeitt og som smaka fælt.

Ei hending som står klart for meg var då ein tysk Zeppelinar kom sigande innover. Far og brødrene mine var nett komne heim og skulle ha middag. Dei heldt på og tok selane av hesten, og hesten vart så uroleg, spissa øyror, og han var den første som hørde denne framande duren. Om ei tid fekk me så auga på denne veldige "pølsa". Me vart både redde og forundra. Eit uvanleg syn. Først seig ho forbi og la seg i Gandsfjorden. Der hoppa fleire mann ut og sumde over til Dale. Om ei tid kom han att. Med eitt såg me 5 stykke som kasta seg ut i fallskjerm, og så krasa heile pølsa med eit veldig brak ned i ein steingard oppe på ein liten haug. Ein kar som arbeidde der, laut springe for livet. På haugen vart liggjande att mykje gods av ymse slag. Folka vart køyrde til Rogalands sjukehus. Dette med fallskjerm var berre slikt som ein hadde lese om, så det var ei stor oppleving. Men Zeppelinaren lyfte seg endå ein gong, og me var fælt redde for å få han over huset. Men så til sist hamna han i Hafrsfjord.

Eit anna minne frå den tid var eit stort sjøslag i Nordsjøen. Då hørde me tunge drønn og me kjende kor jorda dirra. Frå vindaugo heime kunne me sjå ned på eit stort vatn som heitte Stokkavatnet. Eg kan so vidt hugsar der låg vatn. Dette vart tappa ut, og att låg ei fin sandslette, mest utan stein, så det var berre å setje ploegen i. Dei av grannane som eigde eignedommar ned til vatnet, fekk her mykje fin jord. Her vart det avla ei mengd med korn, gras og store areal med fin gulrot og mykje anna. Under siste krig fann tyskarane ut at her var ein fin stad for flyplass. Så vart store sletter lagt under betong. Nå, den siste tida, er motorvegen til Stavanger lagt over store deler.

Helikopterbasen til Nordsjøen har og fått sin plass her, pluss ein travbane.

Det er nå ikkje berre triste minner eg har frå barneheimen. Nei, dei er nok mange fleire dei gode, ilag med foreldre og sysken. Minner frå julaften då far tok oss med og gjekk kring juletreet og song imens mor koka julegrauten, så tida ikkje skulle verte så lang for oss borna. Afta var det alltid fersk torsk, lefse, gome og risgraut. Bordet vart duka med det finaste dekketøy, og midt på bordet stod ein stor kandelaber med tri ljøs. Det rådde høgtid over det heile. Far las juleevangeliet. Ein skugge var det alltid, avdi me laut sakna dei som var reist ut.

Som ungdommar kom me saman i ymse lag, så som ungdomslag, avholdslag og arbeidslag. Der hadde me koselege samankomster og festar. Me hadde og gilde grannar, og alle var hjelpsame mot kvarandre når noko stod på. Far var litt av ein dyrlege, og han laut ofte ut og hjelpe til når eit og anna var galt. Når sauer eller anna dyr skulle slaktas heime, så var det far som laut iveg.

Mor hadde sitt arbeid i huset. Ofte fekk me besøk av slekt og venner. Alle var velkomne, og der var plass til alle. Den tid hadde folk høve til å sjå om kvarandre. Ikkje så sjeldan kunne ei av grannekonene kome ein tur innom med spøtet, til ei kosetund.

Om søndagane var det kyrkjegong so sant det var preik. Eit lite bedehus var innreidd til kyrkje, men på høgtidsdagar reiste me til Stavanger til Hetlandskyrkja. Der er eg både døypt, konfirmert og vigd. Ungar var det mange av i grannelaget. Det rare var at det var heime hjå oss at alle samlas. Eg har ofte tenkt på at mor og far kunne vorte trøytt av alt ståket kring husa. Berre ein gong minnes eg at far var harm, eller kan hende det var mi redsle. Ein gut frå Stavanger, som var på ferie på grannegarden, hadde funne seg så god ein gøymestad, meinte han. Han hadde krope ned i brønnen og stod med ein fot på kvar side. Far

kom ut og fekk sjå han, og fekk guten opp. Lite ante han at der var mange meter med vatn under han.

Så kom tida då eg vart vaksen nok til å tenkja på eigen heim. I 1927 vart eg gift med Olav Edland frå Gjesdal. Han var utdanna agronom og hadde hug til å verte bonde. Far hans hadde gard på Edland og til denne garden hørde det med heiestrekningar. I 1925 fekk Olav kjøpe ein del av utmarka der han tok til som bureisar. Her fekk han bygd opp uthus og heimehus. Heimehuset var ganske stort og godt, men det var langt frå ferdig innreidd, slik som husa er i dag, då me flytte inn. Ein god ting var at me hadde innlagt vatn i fjøs og heimehus, men me sakna elektrisk ljøs. Så var det til å dyrka jorda med hest og plog. Mykje stor stein å sloss med. Han vart sprengd med dynamitt og køyrd bort med hest og slede. Eg har ofte tenkt på slik som det står i Prestens tale i Peer Gynt. "Han brøytet jord et sted på heien inde". Men her var det ikkje fare for ras. Nei, her var det flate heia, og langt til næraste granne.

Dei som budde næraste oss, var eit gammalt ektepar som hadde ein liten husmannsplass. Den hørde til den jorda som me fekk kjøpe. Desse gamle var veldig glad då dei fekk grannar, og me hadde mange koselege stunder saman. Men etter 2-3 år laut dei på aldersheim.

I fjøset byrja me med 2 kyr, 1 hest og nokre ungdyr. Men for at me skulle få noko snar inntekt tok me til med griser og høns. Med mykje strev og sparsemd gjekk det framover, endå om me fekk desse harde 30 åra, som alle snakkar om. Etterkvart auka garden på, og det trongs meir hjelp. Svigerfar var ein sær gild kar. Han hjalp oss titt og ofte. Mellom anna med hestehjelp når ny jord skulle brøytas. Men denne hjelpa vart ikkje nok, så me laut leige drengehjelp, både ein og to.



Olav kom av ein stor søskenflokk på Edland. 1 rekke f.v.: Tore, Marta, Sven Torsen (f. Håland), Malli, Malena og Trygve. 2 rekke Magne, Ingvald, Svein, Olav, Tore, Martin, Gunnar og Per, alle Edland.



Framme f.v. Ingrid, Eli og Olav. Bak Odd, Malli, Birgitte, Steinar og Arnfinn alle Edland.

Soleis vart det og meir husarbeid og det var tungvint. Alle kleda laut vaskas med hand. Brød vart baka heime. Grisene vart slakta heime, og kjøt og anna som me skulle ha i hushaldet, laut saltas eller hermetiserast. Til all oppvarming vart det brukt torv. Mjølka vart køyrd med hest og kjerre til meieriet, og alle mjølkespanna vart vaska heime. Alt trong si tid og meir hjelp laut me ha. Så fekk me oss jentehjelp i huset. Familien auka og på. Me fekk oss to gutar og to jenter.

Så kom tida då dei skulle på skule. Endå ein gong laut eg tenkje på Prestens tale: "Til skulen skulle dei og dit var langt". Heile 6 km var skulevegen. Som oftast bruka dei sykkel, men om vinteren kunne det vere hardt i ruskever med snø og snødrev. Då var det ikkje alltid godt å vere mor som gjekk heime og venta. Men det var nå ikkje berre strev og mas. Når arbeidet for dagen var unnagjort, og borna sov trygt og godt, sat me andre saman i stova. Ofte var tenarane med oss. Under lampeljos sat me kvinnene med handarbeid. Den tid var det ikkje radio eller T.V. men så hadde eg ein mann som var så flink til å lese. Mange er dei bøkene som han har lese høgt for oss.

Så kom 9 april 1940. Den dagen vert nok aldri gløymd. Store tunge fly merka med det tyske hagekorset, gjekk over oss på veg til Sola. Om kvelden vart huset fullt av folk som rømde frå Stavanger kanten. Tenkte dei kom på ein trygg stad. Tyskarane kom mot Ålgård. Norske soldatar låg kringom oss. Lenge såg det ut til at me skulle kome nett i skuddlinja. Nedgong til kjellaren hadde me ikkje, og i all hast vart det saga hol under trappa i gangen. Til alt hell gjekk me fri.

Noko nau under krigen hadde me ikkje. Dei første dagane vart vegen til Ålgård stengd, og me fekk ikkje sendt mjølk eller egg. Det hopa seg opp i store mengder. Dette vart det

nokso fort slutt på, og etter ei tid vart alt mangelvare for folk.

Garden var nå så stor at me hadde mat nok, og me kunne hjelpe andre. Mange ting skofta det på, og me måtte ofte greie oss med mat som ikkje var så god. Her på desse heiane fann tyskarane ut at her var ein god stad å ha skyteøving. Me budde slik til at me slapp rømme huset, men laut halde oss i hus mens dei skaut. Ein gong vart det reint gale. Det var vinteren 1943. Eg hadde nett fått tvillingar, to gutar, og låg i høg feber. Då fekk me bod om å rømme huset. Skyteskjevene var sette opp ca. 100 m frå huset. I bein retning mot soverommet. Dr. sa at å reise ut i frost og snø var reine døden. Han gjorde alt han kunne for å få endra på dette. Men nei. Så prøvde lensmannen desse høge herrar, men fekk til svar at me fekk ligge på eige ansvar. Dei større borna vart sende til ein trygg stad. Senga vart sett ned i kjellaren. Der låg så eg og desse små borna, mannen min og ei syster var også med oss. Heldigvis var det tjukke gråsteinsmurar på huset. Så då skytinga tok til, hørde me korleis kulene slog i muren. To gonger gjekk det kuler gjennom veggene i stova. Det som ikkje tyskarane kunne, det kunne Vår Herre. Etter ei tid kom det så mykje snø og snøfok at dei kunne ingenting sjå, så dei laut slutte av lenge før dei hadde tenkt.

Det verste for oss i denne tida, var at me ikkje hadde elektrisk ljøs. Lite var det med parafin, og den me fekk var særst dårleg. Men me kom oss igjennom på eit vis.

Så eit år etter krigen fekk me endeleg straum. Då vart alt, med eitt forandra. Fort kom det til gards alle gode hjelperåder både ute og inne. I fjøset med mjølkemaskin, varmt vatn til alle dei tunge mjølkespanna og så inne med komfyr og strykejern, for å nemna noko.

I dag er garden mest oppdyrka. Nå treng dei ikkje lenger bruka hest. Nei, nå er det



4 generasjonar. Ingrid med oldebarnet Elisabeth i fanget. Eli mormor bak og mor Else t.v.

maskinar til mest alt arbeid. I fjøset står det nå 40 mjølkekyr og like mange ungdyr. Mjølka vert henta med bil, og her er ingen tunge mjølkespann å vaska. Alt slakt vert henta og køyrt til slakteriet.

Eldste sonen har teke over garden, og han har bygd seg hus, like ved. Mange grannar har me fått, så me bur ikkje einsamt lenger. I 1968 miste eg mannen min, så nå lever eg åleine i huset. Ein av tvillingane miste eg, ½ år gammal. Så eg har røynt både sorg og glede. Born, svigerborn og barneborn er alle så gode mot meg. Dei er flittige til å kome på besøk. Eg har det godt på alle vis.

Helsa har vore god, og etter at eg har fått god tid, har eg reist ein heil del. Først her i vårt eige land og seinare i utlandet. For ein del år sidan var eg ein tur til Østen. Stana først ei tid i Thailand, Hong Kong og så i Japan. Fekk sjå om dei norske misjonarane, og sjå deira arbeid på dei ymse stader. I Japan har eg minste guten med familie. Alle borna er gifte og har gode heimar.

Då til sist vil eg seie med diktaren:» Mykje av godt eg i livet fekk njota meir end eg hadde fortent».

*Ingrid Edland, 4330 Ålgård
F.22-2-04*

Kåre Søyland

Eg er fødd og oppvaksen på garden Søyland i Gjesdal i Rogaland, og har budd her heile livet mitt. Garden ligg mot sør, i høvelig hall ned mot grannegarden Kydland, som er flatare, og går ned til Kydlandsvatnet i dalbotnen. Bakom vatnet reiser fjellet seg, ikkje så høgt, og sola kjem nokså tidleg. Det er 13-14 km til Ålgård, som er næraste tettstad, med handelsmenn og meieri.

Eg er fødd i 1910, og var såleis 4 år då fyrste verds-krigen braut ut. Det er ikkje så mykje eg minnest frå den tida, men eg hugsar me høyrde drønna frå kanonane i Jyllandslaget. Det var slik at husa rista, og det klirra i glasrutene, der dei sat litt lause.

Han far var og fødd og oppvaksen på garden, og budde her heile sitt liv. Ho mor var frå grannegarden, og nemnde alltid den som “der heima”, og slik vart det heitande “der heima” for oss ungene og.

På den tida hadde me meir naturalhushald enn me har no, og folk på gardane merka mindre til rasjoneringa. Bøndene fekk pålegg om å dyrka kveite, og me fekk tilsendt ein sekk med sårkorn. Det var mykje rusk og ugrasfrø i det, og me hadde det på eit stort laken ute, og så sat me rundt det og plukka or alt det som ikkje skulle vera der. Kornet vart sådd, men eg kan ikkje hugsa me fekk kveiten skjær.

Av det kornet me avla, var det helst havren me bruka mest. Av havramjølet baka me flatbrød, som me brukte kvar morgon: “suba og beda”. Me hadde smør og mjor (dravle)

på beden, og åt suba (suppe) attåt. Suba var kokt av mjølk og mjøl, og mjor var innkokt saup iblanda mjøl. Til middag var det og alltid flatbrød attåt kjøttmaten, og til kvelds var det graut av mjølk og havregryn.

Me hadde all mjølka heime fram til midten av 30-åra, då me vart med i Ålgård Meieri. Alt smøret me ikkje bruka sjølv, vart selt, og av skummamjølka laga mor fatost, som ho selde til Auglend (Øglænd) på Sandnes. Forutan morgon, middag og kveld var det nun, og då var det alltid brødmat. Det var heimebaka grovt brød, eplekaka (potetkaker) eller syrekaka. Til middag kjøttmat, eller det kunne vera turrfisk, komla eller mylja. Det var kokt smalahove (sauehovud) med eple, flatbrød og feitt. Flatbrødet vart bløytt i kjøtkrafta, og så la me kjøt og eple på flatbrødet, rulla det saman og dyppa i feitet.

Til komla hadde me og ofte kokt sauehovud attåt, og av og til hadde me smalaføde. Det var vanleg med smalaføde (sauefötter) på svartesundag, siste sundag før jul. Dei måtte koka i mange timar før dei var ferdige, og attåt hadde me eple og bløytt flatbrød. Me laga “bede”, som me dyppa i feitt, alle i same skåla.

Me åt alle måltidene i kjøkkenet. Det var romsleg med god plass til eit stort matbord, som alle sat benka rundt. Ved langsida, som snudde til glas og utvegg, var det benk. Der sat alle ungene som var store nok til å greia seg sjølv. Ved endane var det stolar, og der sat far og mor, med kvar sin unge, anten i

fanget, eller ved sida. Me var 8 i alt, så det var alltid eit par som trong litt rettleiing ved matbordet. På framsida av bordet var det og benk, og der sat som oftast tenarane, eller og nokre av dei største ungene.

Huset vårt snudde aust-vest, 1½ høg. I 1ste høgda på nordsida var det kjøkken lengst mot vest, så ein lang gang, og eit lite soverom mot aust. På sørsida var det tre stover, buo, stovo og litlastovo. I litlastovo budde farmor og farfar, og stovo var det vanlege opphaldsromet. Buo vart berre brukt ved større samkomer som gravferd, bryllaup eller ei festleg samkome ved eit eller anna høve.

Oppe var det store salen, storalopte og litlalopte. På litlalopte låg me fire største ungene. Det var kjellar under heile huset, og den var delt i to rom, eplekjellar og resten i eit stort rom. Då me i 1916 fekk eige e-verk i krinsen, vart det sett opp motor i dette rommet, med ein lang mellomaksel under taket. Frå den gjekk det då reimar til separator, kinna, kjøtkvern og slipestein.

Kjøtkverna vart mest brukt til å mala osten som ho mor laga i alle år, ja endå til ei

god stund etter me hadde teke til å levera mjølk til meieriet. Det var ein lang prosess å laga fatost. Først syra mjølka, så verma ho opp så ein fekk skilt mysa og dravle, fylla dravlen i ein pose og hengja opp til all mysa var runne av. Så vart innhaldet av mange slike posar lagt i eit stort brunt steintyfæt frå Gravaren, og sett på ei fjøl under taket i fjøset. Der stod det ei stund og gjæra seg i fjøsvarmen.

Derifrå vart det samla i ei tønne i kjellaren, og gjæra vidare i ein sterk lake, som visstnok kom frå det halvferdige produkt. Eg trur ikkje det var tilsett noko. So var det å ha det gjennom kverna, meir og mindre gjæra dravle i høveleg blanding. Ho mor hadde si eiga oppskrift, og Søylandsosten var mykje etterspurt. Osten vart pakka i smørpapir, mest i ½ kilo stykke.

Kinna var ei tønne som tok ca. 1 hl, med ein tapp på kvar side av midten, opphengt i lager på eit stativ. Den eine tappen var så lang at det var plass til reimskiva, og når tunna då sveiv rundt, vart fløyten slumpa frå ende til ende, og det vart smør av det. Det var mykje bal med å få fløyten kald nok

om sommaren når det var varmt, og ho mor sette han då borti bekken til avkjøling. Det hende nok at flauumen tok heile fløyten.

Påskeeftan 1917 brann våningshuset ned. Ho mor hadde lagt halm på golvet på litlaloftet, og fyr i omnen. Halmen skulle vera i sengene, og han skulle liggja ei stund og slå av seg råme og kjøld. Dei to minste søstrene mine, 5 og 3 år, ville leike seg, og røykja sigarettar. Dei stakk små halmstubar inn i omnen, og dermed var ulukka der. Då ho mor kom til, stod halmen i full loge, og ho var redd ungene var der inne. Ho sprang inn, men kom fort ut att. Då stod håret hennar i full loge. Eg stod i trappa og såg på dette, og eg hugsar det vel. Ungane hadde no kome seg ut, som vel var.

No vart me alle innstallerte i buo “der heima”, hjå morbror Svein, og der budde me til huset vart bygt oppatt utetter sommaren. All materialen til huset vart køyrt med hest frå Sandnes, og det vart gjort på dugnad. Dei møtte med hest frå vår krins og dei næraste krinsane, og det vart ei lang rekkje av hestar og køyrety. Det var store snømengder det året, så dei måtte skifta over til slede siste del av vegen.

Då huset brann var den minste i syskenflokk (nr.7) 9 mnd., og me låg alle saman i det eine romet me hadde. Det høyrer og med å fortelja at me fekk skarlagensfeber, og ei av småjentene var nokså sjuk. Hjå morbror var det ikkje ungar, og dei vaksne fór det lett over.

Det kan og nemnast at i branntomta fann ho mor ostetønna, nokså godt dekt av oske og skiferbrot, men osten var stort sett uskadd. Og då huset var kome oppatt, og motoren på plass, vart osten malen og selt til Torvald Auglend i Langgado. Det vart og grave fram eple frå eplekjellaren, som ho mor baka flatbrød og eplekaker av, men eg hugsar endå den sterke brennesmaken.

Vårvinna tok til så snart det var turt nok til å køyra på enga, og det første me gjorde var å få ut naturgjødsla. Me hadde to hestar og to karmkjerrar som me lesste i. Det første eg minnest, var det eldste bror min og eg som lesste, og far hogde or, som me sa. Han hadde ein hake med 4-5 tindar, festa på eit langt skaft, og so hogg han den nedi, og drog ut til han hadde ein høveleg dunge, køyrde so fram og det same opp att. Det var som oftast kvinnene som breidde utover. Men litt etterkvart vart det slik at kvinnene vart fri dette arbeidet. Haken til å grava or med, vart bytta ut med greip, og han som før hogg or, brukte no greipet og breidde ut gjødsla sjølv, rett or kjerra. Det vart tyngre for han som gjorde dette, enn å hogga or, men det var meir rasjonelt, og ein spara kvinnfolka for eit tungt og mødesamt arbeid.

Grannen vår, som hadde minste bruket på Søyland, hadde fire søner, og dei var mykje ute på arbeid på gardane rundt i kring. Det var sær s flinke arbeidskarar, og eg hugsar den yngste var hjå ein av grannane og køyrde ut kugjødsl. Han lesste og breidde utover 40 lass på ein dag åleine, og det var rekna for eit svært dagsverk.

Det var mykje dyr på garden, og det meste av jorda fekk sin del av gjødsla. Me hadde gjerne eit par mål poteter, eller eple, som me seier, 3-4 mål kålrot og korn på det som skulle vera gjenlegg. Resten var då eng. Det første eg minnest av kunstgjødsl, var Chilisalpeter i hl.tønner, tretønner. Og etterkvart kom det kali og fosfatgjødsl, alt i 100 kg.s jutesekker. Chilisalpeteren vart nokså snart avløyst av Norges-salpeter i 100 kg.s fora jutesekker.

All gjødsla vart sådd med hand, men først måtte me blanda dei ulike sortane, kali, fosfat og salpeter alt etter kva vokstrar dei skulle vera til. Det var litt av eit arbeid å blanda gjødsla for hand, og 100 kg.s sekke- ne var tunge å handtera.

Bilde tatt etter 1917 med nytt våningshus.





Kåre Junior som driver garden i dag.

Som oftast var me ferdige med vinna i mai, og då var det tid å ta heim sauene, og klippa dei. Det var ho mor som var den raskaste klipparen, og den vanlege måten då var å sitja på golvet med sauene i fanget, og so snu på han etter som det trongst. Var ein seint ute med klippinga, vart det lite tilvekst av ull før ein sende sauene til heis, og då hende det at sauer fraus i hel etter vegen.

Mellom våronn og slått hadde me torvskurden. Me skar torv i fleire dagar, for det var einaste brenselet me brukte. Det var far, eller ein tenestgut som stod i grova, og me ungane bar torva utover.

Før slått tok til var det alltid eit og anna å vøla på, skiftegjerde som trong ettersyn, markaløe som var til nedfalls, eller reidskap som måtte setjast i stand. Heiereisa med sauene gjekk og for seg på denne tida, som oftast i første halvdel av juni. Det første eg hugsar var det far og ein av grannane som var i lag om å driva smalen til heis. Då gjekk dei heile vegen, og dei trong frå 6-7 dagar opp til 2 veker, ettersom veret var. Det var i

heiane mellom Sirdal og Setesdal me hadde sauene, og det var 8-10 mil å driva sauene før dei var framme der dei skulle gå.

Som oftast kunne dei leggja dagsturane slik at dei nådde fram til eit stølshus, eller og til fastbuande, men i uversbolkar hende det ofte at dei ikkje nådde så langt dei hadde tenkt, og då måtte dei søkja livd natta over som best dei kunne. Noko uversplagg hadde dei ikkje, men dei hadde alltid ullklæde, både under- og ytreaklæde. Far hadde ein busserull av vadmål, og likeeins buksa av vadmål. På føtene bundne feittlerstøvlar.

Slått tok som oftast til i første eller andre veka av juli. Var veret utrygt, hesja me etterkvart som me slo, men var det godversbolkar, prøvde me å turka på flatt. Av og til gjekk det bra, men det var og ofte me måtte få det saman i såter, anten for ei toreboya, eller avdi det vart slutt på godveret. Me hadde slåmaskin med to hestar føre, høyriva og høyvendar. Til høyvendar brukte me og to hestar, og desse maskinane hadde me frå det første eg hugsar. Til høyinga hadde

me langkjerrar, med jarnskodde hjul, og eit overbygg over kvart hjul. Seinare bygde me dei ut, so dei gjekk til ytterkantane av hjula, og då vart det mykje støare å lessa på.

I slutten av 30-åra fekk me gummihjul, gamle bilhjul som var sette på ein kjerrehjulaksling. Det var ein stor føremon, ikkje minst i utmark og steinut lende.

Det var mykje ljåslått på garden, reinar og andre stader me ikkje kom til med slåmaskinen. Dette var det siste arbeidet med slått heime, og hadde det vore god turk ei tid, måtte me tenkja på torvet. Det meste var så langt burte at me hadde løa å ha det i, og me tok i veg med to hestar og karmkjerrar, og køyrde det inn i løa. Var det ein turr vind då, so rauk det fælt, og me vart svarte som negrar.

Det var ikkje veg til desse løene, so då var gummihjula gode å ha, dei bar godt oppe i blaute myrar. Me var lettklede, berrfotte, og me hadde mat med oss, og rekna ikkje med å vera ferdige før til kvelden. Det hende og at det kom ei regn- eller torebyge før me var ferdige, og då vart det kaldt når dei tunne klæda klistra seg til kroppen.

Sommarhalvåret gjekk me borna berrfotte for det meste, ei kort bukse som gjekk til knea og ei skjorte av bomull. I kjølegare ver hadde me underklæde av ull. Når me ikkje gjekk berrfott, var det alltid tresko me hadde på føtene. Om helgane, eller når me skulle burt, hadde me feittlerstøvlar som me snørde, og dei gjekk til okla. Solane var plugga fast til overleret. Dei vaksne gjekk og på tresko i allslag arbeid. Skulle me bruka spada til eitkvart, var det fint å setja treskoen bortunder til å bryta på.

I 1916 fekk me vårt eige private e-verk, i lag med fleire grannar. Det hadde ikkje så stor kapasitet, men me hadde då motor i løa, til hakkmaskin og trøskeverk, forutan komfyr og omnar inne, og ljøs ute og inne. Det skulle mykje vatn til dette verket,

so i turre periodar hadde me gjerne straum berre eit par timar i døgnet. Difor gjekk det mykje torv endå, men etter at me fekk kommunal straum i 1948, vart det helst slutt på torvskjeringa.

Etter at me var ferdige med slått heime, stod markaslått for tur. Det var av dei drygaste onnene me hadde, og det vara i 4-5 veker. I gode år kunne me vera ferdige med slått heime i slutten av juli, og kunne då flytta på fjellet før månadskiftet. Me tok til ved den løa som var lengst heime, og då gjekk me heim til kvelds. Etterkvart som me kom lenger frå heime, overnatta me i løa der, så snart me fekk inn litt høy. Me hadde fem løer i alt, og dei tok frå 15 til 25 sommarlass kvar. Den første tida eg var med og slo, var det far min, eldste bror min og eg som slo, og dei to eldste søstrene mine som raka. Det var vanleg at ein tok til som slåttekar i 10-11 års alderen, og som 14-15 åring var ein med for fullt alvor. Me gjekk då berrfott, eller i tresko, gjerne "oglaskodde", som me sa. Det vil seia utan sokkar.

Me slo visse teigar til kvar løe, kvar teig tredjekvart år. Me kunne sjå på porsen kor gamal teigen var, hadde porsen eitt nytt skot, var det einåll, hadde han to var det annåll og med tre var det 3 år gammalt. Dersom det vart høyver etter me hadde slege 2-3 dagar, høya me, men det kunne og gå fleire veker før me fekk høya. Då vart det lange dagar, med høying så lenge me såg. Me hadde to hestar, med kvar sin slede. Rakstejentene gjekk føre og raka kverlane saman i dungar, og lessekaren kom so med fengriva og raka kverlane saman i fengjer, tok fengja på aksla og la ho på lasset. Og det var dei yngste si oppgåve å ta vel etter han som lesste. Når lasset var fullt, la han på tonga, knepte med tangband i kvar ende, og var det lang veg å køyra, hadde ein og tog rundt midten av lasset.

So nøssa ein av lasset, og det var ferdig så ein kunne køyra åt løa med det, og lessa av. Han som lesste av, tok fengene fint som



Bak. f.v.: Svein, Kåre A. Ola og Torunn. Framme. Margunn, Aud, Ingrid, Maria (farmor), Kåre og Dagfrid.

dei var lagde på sleden og la dei i lag tvers over løa, slik at ein kunne ta dei att på same måten om vinteren, når ein skulle køyra dei heim. Ein brukte aldri anna enn hendene når ein handsama markahøyet, både ved avlesning i løa, og når ein lesste på sleden att om vinteren og skulle køyra det heim.

Løene var som oftast opne i eine enden, og det gjorde arbeidet lettare ved inn og utlesning. Når løa var full, sette ein greiner tett i tett oppetter høyet, so ikkje sauer og andre dyr skulle få riva det ut. Desse vart tekne burt om vinteren då me kom for å køyre høyet heim. Var føret godt, kunne ein lessa store lass. Me gjorde det på den måten at me la fengjene litt innpå kvarandre frå kvar sida, slik at lasset vart mest dubbelt so breitt som ei fengja. Me kalla det å tviessa.

Var det lite snø, men sterke myrar og vatn, gjekk det og bra med køyringa, men det røynde meir på hest og slede. Dette

markahøyet hadde mykje å seia som grunnlag for både ku og sau, og det var ingen lett overgang då me slutta med markaslåtten. Me måtte minka på dyretalet, og delvis kjøpa meir høy, til me hadde fått utvida den dyrka jorda ein del.

Etterkvart som me fekk kulturbeite, vart det slutt på å ha mjølkekyr i utmarka. Men før me fekk kulturbeite gjekk alle mjølkekyr i bumarka, og då det lei på hausten, gjekk dei langt av, og me måtte gå og henta dei. Dei kunne vera fleire km. burte, og når me endeleg fann dei, var det å ta fatt på ein lang og mødesam heimveg. Dei rekkte seint, og ville helst eta etter vegen når dei fann gras dei lika godt. Og det er klart, at denne lange translinga i steinut og uført lende måtte gå ut over mjølkemengda. Men det vart fint smør av mjølka, så gult som det skulle vore fargestoff i det.

Eit år var det utlyst tevling om finaste smøret, heimelaga, og ho mor laga smør av mjølk frå kyrne som gjekk i bumarka. Dei tre beste gjekk då på kulturbeite, som me nett hadde fenge laga til. Deira mjølk kunne ikkje vera med, for ho mor hadde funne ut at det vart ikkje så fin farge på smøret frå dei kyrne. Og ho fekk 1. premie.

Då det lei mot slutten av markaslåtten tok skulen til, og for oss ungane var det nok ein lette å verta fri arbeidet, og ha det moro på skulen. Men me vart nok sakna i arbeidet, særleg dei største ungane, og mest på høversdagar. Det var skule berre annankvar dag, so det vart no å gå på slåtten dei dagane me var heime.

Etter markaslåtten hadde me skurden. Det første eg minnest skar me berre med sigd, laga bendlar, og batt kvart bunde. Men så tok me til å bruka orv og ljå, med eit brett

på, slik at me fekk samla alle stråa fint ståande innåt skåren. Då var det lett for dei med sigden å rulla saman av desse stråa til eit bunde. Seinare bruka me slåmaskin, og slo ned ein skår om gongen, og so samla me då frå enden, til me hadde høveleg bunde, og tok ut nokre strå som me slo rundt bandet som bendel.

Seinare vart det meieapparat på slåmaskina, og då la me av eit band om gongen. So gjekk det fleire etter og batt desse banda. Me prøvde og skurtreskar eit år, men var ikkje serleg nøgde med det.

Men etterkvart vart det slutt med korn-dyrkinga. Åkrar som skulle leggjast att vart anten slegne ned og hengde på hesjer som grøntfór, eller lagt i silo, etter at desse kom. Me fekk den første siloen i 1941, og i den la me ned alt som var vanskelig å turka, slik som tóa (2 slåtten) eller grøntfor med mykje ugras i. Dei første åra bruka me hest

Kåre med Massey Ferguson traktoren.



og karmkjerre når me la i siloen. So kom traktoren med silosvans, og alt vart lettare. Det som var tyngst, var å få graset utover i siloen. Og då forhaustaren kom, såg det ut for at det fullkomne var nådd. Men det vil vel endå koma lettare måtar å gjera det på.

Hausten kom, potetene var komne or jorda, sauene var samla heim, og slakt teke i frå. Kornet vart treskt, den tid me hadde korn, og vinteren kom smått om senn.

For oss ungane var det skulen. Me hadde ikkje lang veg, berre nedåt vegen, og det var samskule. Dei som gjekk i småskulen, gjekk heim ein time tidlegare enn dei som gjekk i storskulen. Me gjekk alle på tresko. Var dei slitne og slette under, var dei framifrå å renna på. Det var ein bratt bakke ovanom skulehuset. Me gjekk opp der, sette oss på huk, og fór med stor fart ned bakken, tvers over vegen, og stansa mot husveggen til skulehuset. Dette var om vinteren, når det var snø.

Haust og vår når det var berr mark, slo me ball. Me delte oss i lag, og ein frå kvart lag skulle så avgjera kva for eit lag som først skulle vera "inne". Me hadde ein stav som me kalla "seltro". Det var den me slo ballen med. Han var 70-80 cm. lang og breiare i eine enden. So tok den eine langt nede på staven eit godt tak rundt han, den andre tok tak ovanfor hans hand, men heilt nedåt, og so den første ovanom hans hand att, og den som då først greidde gapa over enden på staven, slik at leppene nådde nedåt handa til den andre, hans lag skulle først vera inne. Ho Anna på Egrene var ein meister til dette. Ho gapte så staven gjekk langt ned i halsen, og ho tøygde leppene aldri so langt, so dersom ho var med og valde, visste me helst på førehand kven som vart "inne".

Først laga me ein strek over vegen, og innføre den var ei som var "inne". Fire-fem meter utføre det var "rotto", og 40-50 meter utføre der att, var mål. Dei som då var "ute",

hadde stelt seg opp framføre, bakanfor og tilsida for mål. Dei som var "inne" skulle slå ballen etter tur, og då var det om å gjera å koma seg i mål, og gjerne inn att og, før dei som var "ute" fekk tak i ballen. Fekk dei tak i ballen, og fekk "stikka" den som sprang, måtte laga byte plass. Fekk ein dårleg slag på ballen kunne ein berga seg inn på "Rotto", og stå der til ein av dei andre slo ballen so langt at ein kunne våga seg til å springa mot mål. Dersom ein som var ute tok "hys", det vil seia: fanga ballen med hendene, so var det og grunn nok til at innelaget måtte ut.

Denne leiken som eg her har fortalt om, gjekk heile tida for seg på hovudvegen, det som no er E 18, og ein kan skyna kor liten trafikk det må ha vore då.

Når det var skeiseis, gjekk me på skeiser på vatnet. Me samlast frå alle gardane ikring, og me vart ein heil flokk. Me hadde mange slags tevlingar på isen, og av og til samla me oss i land bortunder fjellet, og steikte pølsa me hadde med oss. Då sat me rundt eit stort bål, hadde pølsa på ein pinne, og stakk det borti bålet. Dette var heimelaga morrpølsa. Me var gutar og jenter i lag, og me leika svært godt saman.

Skeisene me brukte var stokkaskeiser, ein trestokk som jarnet var festa under. Det var eit avlangt hol i stokken framme og bak, til å tre bandet gjennom, som skulle vera til å binda skeisa fast til foten. Me brukte ofte ålskinn til skeiseband, men dei var ikkje gode. I kaldt ver vart dei for stive, og i mildver vart dei glatte og sleipe. Det beste var lampeveik i høveleg breidd. Dei var sterke, og endra seg ikkje om det var frost eller mildver. Til hel- og tåband var mjukt ler det beste.

Jul var då som no den store høgtida. Me hadde juletre, og det var alltid ei buskfuru. Morbror Svein hadde eit plantefelt, og der var det mykje buskfuru. Der var gran og furu og, men det var tre av eit edlare slag, så dei måtte få stå. Me gjekk ikkje så mykje rundt



Brullupet til Torunn og Kåre. Frå Solbakken, Ål i Hallingdal, som Torunn kom frå.

treet, og gåver var det lite av, men me fekk gjerne eit heilt appelsin kvar, og litt neter og slikt. Elles var me alltid på gjesting hjå næraste granne i jula, og fekk mykje god mat, men der var det heller ikkje vanleg at me gjekk rundt treet. Men etterkvart vart det vanleg med ein juletreffest kvart år, og det gledde me oss svært til. Då gjekk me rundt treet og song julesongar, og det vart alltid delt ut ein heil appelsin til kvar. Det var vel noko av det gjævaste på heile festen.

Det har endra seg mykje i seinare tid med omsyn til julehelga. No er det meir song rundt treet, gåvene er både mange og store, og mat og knask i mengd. Av juletreffestar er det og mange, men der har det ikkje endra seg so mykje.

Så lenge me gjekk på folkeskulen gjekk alle gutane med korte bukser, og sokkar som gjekk ovanom kneet. Men til konfirmasjonen

fekk me lange bukser og vart med ein gong svært så vaksne. Då kunne ein og ta til å ferdast mellom ungdomen, i ungdomslaget og på dans. Det var sykkelene me måtte ty til, og me ferdast gjerne eit par mil i slike høve. Me var gjerne ein heil flokk i fylgje då, og vegen fall ikkje lang. Det var ikkje alle jentene som hadde sykkel, og då var det ofte gutar som tok ei jente med seg på sykkelene, anten på stonga, eller bak.

Då det lei bort i 30-åra vart det ein og annan bilen mellom folk, og det vart meir reising med bil. Det var helst lastebilar med hus over lasteplanet, og ein benk på kvar side. Det var ein rimeleg og grei måte å koma fram på, sjølv om det ofte var trengt og alltid ein god del eksoslukt.

I 1933-34 gjekk eg på Voss Folkehøgskule. Det var første gongen eg var heimanfrå i lenger tid, og det var med



Ved kjøkenbordet. Fra v. Ingrid, Kåre dy, Kåre de., Ingrid, Torunn, Ådne, Ola, ukjent, Margunn og Dagfrid.

stor undring eg såg meg ikring då eg kom til Voss stasjon. Fjella var så høge, og det låg snø frå toppane og langt ned etter sidene. Dette var snø som hadde lege heile sommaren, og han var grå og skiten. Fjellet heiter og Gråsida, eit svært høveleg namn.

Det var ein ugløymande vinter i lag med alle dei andre ungdomane, og so mange gilde lærarar. Der møtte eg og henne som seinare vart kona mi, så denne vinteren vart på denne måten heilt avgjerande for det vidare livet mitt. Me møttest av og til desse åra som fylgde, og i 1938 vart me gifte. Me fekk etterkvart åtte born, som alle har vore til stor glede og hugnad for oss. Dei er no spreidde over heile landet, frå Rogaland i sør til Porsanger i nord. Dette fører til at me

reiser mykje, og me har vore i dei fleste lutar av landet.

Eg dreiv nokre år som bygningsmann, og det var i grunnen meininga at nest yngste bror min skulle ha garden heime. Men så vart han gift med ei grannejente og fekk gard med henne. Då sa det seg liksom sjølv at eg måtte vera heime. Etter eit par år vart Ådne sjuk, og døydde i svært ung alder. Den unge enkja sat att åleine, og fekk ei dotter nokre månader etter at mannen døydde. Garden vart selt, og ho reiste seinare til Amerika.

Han far såg svært lite, hadde sett lite i mange år. Han stelte i fjøset, og var flink med dyra, men arbeidet ute på garden var det eg som måtte ta meg av alt frå eg var i 16 års alderen. Etter at eg vart gift, tok me over

garden for alvor, og har drive han i alle år, til me gav frå oss til son nr. 3 for 5-6 år sidan.

Då andre verdskrigen kom, vart det mindre farting. Det var mange ungdomar på gardane, og me laga vårt eige vesle ungdomslag. Me samlast i heimane, ein gong hjå kvar, det var helst sundagskveldane. Me hadde kåseri, opplesing, song og folkeviseleik. Medlemene heldt kåseri eller foredrag etter sjølvvalt emne. Me sette alle stor pris på desse samkomene i ei tid då det var mykje vondt å høyra utanfrå.

Og seinare, etter at me vart den nye generasjonen på gardane, og sjølv fekk born, har me hatt gleda av å gå til kvarandre, anten i årsmålslag (fødseldag), eller berre ein kveldstur for å slå av ein prat.

Desse krigsåra frå 1940 til 1945 vart vonde tider for dei som var hardt oppe i det. For oss på gardane var det ikkje så verst. Me hadde mat det me trong, og prøvde å hjelpe andre med det me kunne vera av med. Det vanskelegaste for oss var kanskje å få sko.

Det kom mange huslydar frå Stavanger i april dagane 1940, og vart buande hjå oss

utover våren og sommaren. Gjennom radioen fekk me høyra det som gjekk for seg ute i verda, men me visste lenge lite om kva som hende rundt om oss, i vårt eige land. Då det roa seg av, reiste dei evakuerte attende til Stavanger, men fleire av dei kom att kvar sommar så lenge krigen vara, og me har samband med dei enno, og har stor glede og hugnad av kjensskapet.

Eg hadde ein bror i Amerika, og han visste me ingen ting om, før i 1945. Då kom det brev frå han. Han hadde vore i det Canadiske flyvåpen dei siste åra, og var utlært flymekaniker. Han kom heim i 1947, og då hadde han vore burte i 18 år. Etter ei tid fekk han arbeid på Sola flyplass, og vart der til han døydde i 1969.

Når ein sit slik og minnest attende frå eit langt liv, er det mangt ein kunne ynskja onnorleis, og om ein fekk leva livet opp att hadde ein høve til å gjera det betre. Men det er truleg slik at ein gjorde same feila opp att.

Kåre Søyland
Søyland
4330 ÅLGÅRD

Kari Nærland

Eg vart fødd i 1909 på Kyllingstad i Gjesdal i eit lite gammalt skulehus med lærarbustad under same tak. Far var lærar i krinsen. Men alt i 1911 vart det bygt nytt stort skulehus, så der ifrå er det eg har mine barndomsminne. Berre kjellarmurane stod att av det gamle, og i det vesle holet som hadde vore kjellar, var det gildt å leika. Også i det nye var skulerom og bustad saman, med dei fordelar og særleg ulemper det førde med seg. Me som budde der slapp skulevegen i all slags ver, i staden fekk me alt bråket som følgde med skulen. Kjøkken låg inntil skulestova, så dersom me la øyra innåt veggen, kunne me høyra mesteparten av det som gjekk føre seg der. Nokre av borna hadde opp til 3 km. lang skuleveg, så dei sleit mykje skosolar på grusvegen. Mange gjekk på tresko. Syklar var det lite av enno, og dei som var, fekk ikkje ungane bruka.



Kari Nærland.

Der var mange rom i lærarbustaden: 3 stover, kjøkken og spiskammers i første høgda. Frå kjøkken gjekk det dører til to gangar, ein for oss og ein for skulen. Det var same takhøgda i lærarbustaden som i skulestova, difor var det vanskeleg å få det varmt nok om vinteren. Den store daglegstova vart berre brukt når det var gjester om søndagane, eller når einkvan hadde hatt møte i skulestova, emisærar eller fråhaldstalarar som skulle overnatta. Det fyrste eg kan hugsa, var at eg var redd slike framandkarar. Særleg hugsar eg at eg var redd presten Hessla. Det kom nok av at han hadde svært framand dialekt,

så eg forstod ikkje det han sa. Men så hadde han så fine, svarte fingervottar med broderte hallingrosar på, og dei kunne eg ikkje sjå meg mett på.

Jul 1915 var det så kaldt at me kunne ikkje varma opp daglegstova, så då gjekk me ikring juletreet på kjøkken. Ein appelsinkasse som skulle vera til juletreffesten, fråhaldslaget heldt kvart år, vart øydelagd av frost.

I andre høgda var det først eit loft. Der stod det ei stor klederulla med steinar oppå, ei stor kledekista og så mjølsekken. Over



Søren Arneson med 5 av barna, Kari mangler. f.v. bak: Gunhild, Gunnar og Arne. Framme: Maria, Tore, Malena og Søren, alle Arneson.

kjøkkenet var det eit rom som berre hadde takvindauge. Der låg brørne mine medan dei var heime, og der stod "størene" - vevstolen når den var i bruk. Så var det salen der me jentene låg. Den snudde til vatnet som låg like ved. På eine sida gjesterommet, på andre sida kledskammerset. Der vart det gildt å rota fram gamle klede og kle seg ut. Men dei vaksne var ikkje så glade når me heldt oss der.

Det første eg kan hugsa, så låg eg nede saman med mor og far, og det var stor stas då eg fekk flytta opp til søstrene mine, den eine var 20 år eldre enn meg og den andre 5. Me hadde ikkje elektrisk ljøs, og den første tida var det gjerne einkvan som følgde meg opp med lampe, men det varde ikkje lenge før eg fint fekk greia meg sjølv i bekmørkna. Mørkredd var eg og, det tussla og tassla

i alle krær. Men berre eg var komen under teppet, var eg ikkje redd lenger.

Som eg nemnde, var det ikkje straum på Kyllingstad i dei dagar, den kom ikkje før me var flytte der i frå. Koking og brødbaking gjekk føre seg med ved og torv, og i taket hekk parafinlampa og lyste svært lite. Me sat gjerne ved kjøkkenbordet for å få ljøs nok når me skulle gjera eitkvart handarbeid om kveldane.

Skulen var todelt: småskulen og storskulen. I storskulen var det 2 veker sløyd for gutane og handarbeid for jentene. Då måtte det lånast handarbeidslærarinna frå ein annan krins. Dei budde hjå oss medan det stod på, og om eg var redd mannfolka som kom til gards, så hang eg desto meir oppetter lærarinnene, sikkert meir enn dei tykte om. Så fekk eg vera med i skulestova og fekk ein



Kari og Njål Nærland.

klut og nål og tråd. Mor var og flink til å læra frå seg handarbeid, av henne lærde eg å spøta og hekla, stoppa sokkar og sy knapphol. Stundom tråkla ho på bøter som eg då sydde fast. Då eg vart gammal nok til å vera med i skulehandarbeidet for alvor, var det berre å bruka nål og tråd, lange saumar med attersting og faldesting, det fanst ikkje symaskin på skulen.

Så hadde me då gutane og sløyden over oss, og der gjekk det ikkje stilt for seg. Rett som det var datt det avsaga fjøler i golvet med bulder og brak. Og når fleire gitar høvla på ein gong, var det heller ikkje lydlaust. Men i mange fabrikkar der maskinar bråkar er det nok meir leven enn det eg her har fortalt om her.

Kring skulehuset var det nokre få mål jord og det kom vel med, for lærarlønna gav ikkje nett så stor "kjøpekraft". Me hadde to

kyr og nokre høns, poteter det me trong og gjerne ein liten åker. Eg kan enno sjå far for meg når han gjekk med bytta og sådde korn. Så var det hage med både bær og blommar og epletre. Særleg mor var interessert i hagen, far lika best bøker. Det var ei herleg tid når bæra vart mogle, men det var ikkje alltid så greit å venta til dess, så me tjuvstarta gjerne på karten. Epla hadde me sjølvsagt ikkje lov å røra medan dei sat på trea, men hadde det blese om natta, var me ikkje seine om å koma oss i hagen og ta dei som låg nede på marka.

Men dei små "kjelvene" gav ikkje nok høy til dei to kyrne, så me måtte leiga markaslått attåt. Eldste bror min som budde på Sandnes og alt var gift og hadde born, kom gjerne og var med og hjelpte til då. Eg gledde meg til dei skulle koma. Eldste guten hans var eldre enn meg. Når me jentene

vart store nok, måtte me gjerne vere med å raka "kvislar". Var veret fint og det ikkje var altfor mykje stein og tuer, var det gildt arbeid. Men til å byrja med vart det gjerne vassblømmer i hendene og når det gjekk hol på dei, var det vondt.

Ein gong dei køyrde heim markhøy var far sjuk og låg i senga. Best det var kom mor inn og fortalde at det låg ein hoggorm og bukta seg i gardsrommet. Far måtte opp av senga og ut for å få livet av han. Han hadde nok følgt høylasset heim, men dei som leste, hadde ikkje merka noko til han.

Om våren skar me torv. Far åtte torvmyr i nærleiken av der me brukte å slå markhøy. Og ungane måtte vera med og køyra det vekk med hjulbåra. Då var det best å ikkje lessa alt for mykje på så me ikkje klarde rikka lasset. Når torvet skulle reisast opp, vart gjerne syster mi og eg sende av garde. Berre torvene var heile gjekk det an, men somme tider var dei sund trødde av krettur, og då vart me fælt leie og tykte synd på oss sjølve. - Når torvet skulle setjas opp i røyker, var gjerne far sjølv med. Og det var eit arbeid han tok svært alvorleg. Det skulle vera skikkeleg gjort. Rette torva på rette staden måtte det vera. Så rikka han i dei for å kjenna om dei stod stødigt. Likevel hende det at det kom krettur og stanga dei ned. - Då far slutta som lærar og flytte vekk, selde han torvmyra til ettermannen sin for kr. 50.00. Det må vel seiast å vera ein sær s rimeleg pris for ei torvmyr, sjølv for snart 60 år sidan.

Som tidlegare nemnt, låg skulehuset nær eit vatn. Serleg hugsar eg vintrane når isen var sterk. Dei som budde på hi sida, kunne då berre spenn på seg skeisene, og då var ikkje skulevegen lang. Friminutta og gymnastikktimane vart og nytta på isen. Og det var nok minst så god gymnastikk som den me elles fekk. Då var det "høgre og venstre om, på tå hev, arme oppad, fremad og udad strekk og fremad marsj". Far hadde

nok ikkje meir utdanning i gymnastikk enn den han hadde fått på "moen". - Så vart isen nytta til å køyra heim ved og markhøy. Ei kona som budde på andre sida, gjekk over isen med eit spann på kvar arm og spøtet i nevane. Hja næraste grannen til skulehuset sende dei ikkje mjølka på meieriet, så der kunde ho få kjøpt separert mjølk og saup. Ho hadde mange mannfolk å halda med både mat og sokkar. - Og ikkje å gløyma dei fine måneskinskveldane då både born og ungdommar samlast på isen og "tok på kapperten"! Eit par av karane var så flinke til å gå på skeiser at eg trur gjerne dei kunne ha vore med i både N.M. og V.M.

På vår sida av vatnet var det ikkje høveleg å lauga seg om sommaren. Det gjorde me derimot i ei elv like ved som rann ut i vatnet eit lite stykke i frå. Me måtte over på andre sida for å koma til laugeplassen. Men me hoppa frå stein til stein og kom oss over. Far og mor heldt strengt på at det ikkje var lovleg å gå i elva føre jonsok. Ikkje isbading der takk !

Det var sakte fleire slags foreningar på Kyllingstad. Eit av dei var Fråhaldslaget, som hadde møte annankvar søndag. Eldste syster mi var formann til ho gifte seg og reiste vekk. Det var handskreve blad: "Lerka" og ymse anna. Om sommaren var det gjerne møte i ein skog som heitte "Rødle". Lenge var eg alt for liten til å vera med dit, tykte dei. Likeins når det skulle brennast jonsokbål på ein hammar som låg eit stykke ovanfor skulehuset, måtte eg vera nøgd med å sitja i skulestova og sjå på !

Syster mi hadde og ei spøteforening der både gitar og jenter var med. Dei sende sokkane til ein heim for omstreifarborn nord med Bergen ein stad. Konene hadde og spøteforening og selde sokkane til inntekt for N.M.S. Seinare vart det barneforening med basar for Kinamisjonen. Ikkje alt me laga til var like fint.

Det første eg kan hugsa var det mest hestar som ferdest på vegen. Dei kom ovan- til Bjerkreimsokna og skulle til Ålgård og Sandnes og handla. Det var ofte langt på kveld før dei kom tilbake, så det vart lange og stride dagar særleg for hestane som gjerne hadde tungt lass å dra. Så kom då bilane, ikkje mange til å byrja med. Me ungane sprang til for å glo når me høyrde ein bil. Første gongen eg fekk køyra meg i ein bil, var då eg var 5 år gamal. Me skulle til Sandnes og vitja eldste bror min. Først lånte me "Vodla-Blakken og køyrde med den til Ålgård og vidare i bil med postruta som gjekk mellom Ålgård og Sandnes. Det var ofte "Vodla-Blakken som måtte til når me skulle ut og ferdast. Fleire år seinare lånte me den og køyrde til Ålgård på kyrkje-konsert. Det var Sandnes-kameratane som song, og eg var i den sjuande himmelen !

Far fylgde ofte mjølkekjerra om han skulde til Ålgård på eit møte, og så gjekk han heim att. Likeins gjekk han til Søyland og heldt skule. Til kyrkja var det og ein gåveg - over "Veindheio, som var berre halvparten så lang som køyrevegen. Den bruka far ofte sommars dag og somme tider hadde han ein flokk - oftast jentungar med seg. Dei som gjekk for presten nytta og den vegen, for ikkje alle hadde sykklar ennå. Då eg kom så langt, hadde syster mi fått sykkel. Ellers var me og flytte frå Kyllingstad, så vegen vart ikkje så lang for meg.

Ein fin solskinssøndag skulle far og eg gå til Søyland på gjesting. Då me hadde gått eit stykke, kom det to lastebilar med folk etter oss. Den eine stogga og tok oss oppi. Slikt kunde henda i dei dagar ! Det var Gand ungdomslag frå Sandnes som skulde til Bjerkreim på tur. Dei song ein fin tone på "Gud signe vårt dyre fedreland". Eg trur det var organist Olaf Paulus frå Stavanger som hadde laga han. Diverre har eg høyrte lite til han seinare.

Etter første verdskrigen sette Ommund Bue frå Bjerkreim i gang bilrute mellom Vikeså og Sandnes. Han frakta både folk og varer, så då vart det lettare å koma fram. Men det varde ikkje lenge, for bilen var ikkje liv laga. Det var nok for dårleg matrial i han. Ein gong leigde far han til å køyra oss storskuleungane til Stavanger. Me var både på museet, i Domkyrkja og Valberg tårnet. Men på heimvegen slo motoren i Buebilen seg vrang. Kor mange gonger han stogga, kan eg ikkje hugsa. Ommund måtte ut og bruka sveiven og somme gonger gjekk det visst halvtimen før han kom i gang att. Men heim kom me då til slutt, eit par timar forseinka. Seinare overtok Sven Kvia frå Sandnes bilruta til Vikeså.

Eg nemnde at næraste grannen vår ikkje sende mjølka på meieriet. Der budde det ei jente som var litt yngre enn meg. Far hennar var den første som skaffa seg slåmaskin og seinare andre reiskap, høyvendar og riva og endåtil gjødselspreiar. Dei hadde og ein underleg vaske maskin, den første av det slaget eg kan hugsa.

Hjå oss var det temmeleg tungvint når klede skulle vaskast vintersdag. Der var ikkje springvatn, berre pumpa. Men det gjekk seint å pumpa opp vatnet, so ein kunne like gjerne bera det frå vatnet og opp i kjellaren. Var då vatnet frose, måtte far hogga hol i isen om morgonen før han gjekk i skulestova. Så var det då å gnikka på vaskebrett. Etterbehandlinga var heller ikkje så lett. Eg har nemnt rulla med dei store steinane oppå: Ein til å sveipa på stokkane og ein eller to å dra rulla etter kor store og sterke me var. Strykejernet hadde luka der me la ein gloheit bolt inni. Det måtte alltid liggja ein i komfyren til å skifta med når den me brukte var avkjølt. Slike klær som det ikkje var så nøye med la me fint saman og sette oss oppå dei.



Heimen på Obrestad.



Luftfoto av Obrestad med heimen til Kari i forgrunnen.

Me fekk ikkje vera kresne i maten i min barndom. Eg hugsar at eg var lite huga både på det grove brødet med surdeig i og byggmjøls grauten me fekk til kvelds. Men ned måtte det. Til middag var det gjerne salt sauekjøt og turrisk. Fersk fisk frå sjøen såg me sjeldan, jau sild fekk me om vinteren og det var festmåltid. Stundom vanka det ål og aure frå vatna i nærleiken.

Eit par gonger for året vart det baka flatbrød i kjellaren. Så gjerne lefsa og potetkaka til slutt. Medan eldste syster var heime laga ho stundom litt tjukke kaker av havremjøl som ho steikte på hella. Dei likte me godt. Ein gong presten Helle hadde overnatta, var det duka til han i eine enden av det store bordet i daglegstova. Syster mi sat i andre enden og der var det havrekaka. Dei tykte nok ikkje det var noko å setja fram for presten. Men han gjekk like godt og tok seg ei og då dei kom og skulde fylla kaffikoppen hans sa han: Eg var nede hjå Malena og fann meg ei kaka!

Ein gong ho og eg sat på kjøken og åt morgonmat hadde me kvar vår potetkake, ho hadde fatost på si og eg sukker på mi. Medan eg såg ut gjennom vindauga, hadde ho bytt om kakene våre, og eg tok ein dugeleg bit av fatostkaka. At nokon verkeleg kunne vera så hjartelaus!

Om hausten når potetene var ferske, fekk me gjerne nykokte poteter til kvelds.

Det var festmåltid. Me brukte gjerne ein flatbrødbete til tallerk og så åt me han opp etterpå. Så sparde me den oppvasken.

I slutten av 1918 og førstninga av 1919 herja spanskesjuka. Den kom og til Kyllingstadkrinsen. Hjå oss låg me alle på ein gong: far, mor og me yngste søstrene. Ei tid hadde me sjukesøster. To unge jenter fekk lungebetennelse og døydde. Skulen heldt opp 6 veker, som me då måtte ta att utover føresumaren. Det var hardt å måtte sitja ved pulten på den årstida, så eg misunner ikkje ungane no for tida alle feriane frametter skuleåret og så måtte sitja inne til langt ut i juni.

I 1922 slutta far etter å ha vore i krinsen i 34 år. Me flytte til Edland ved Ålgård og eg fekk ny skule og skuleveg. Men då kunne eg sykla. Året etter vart eg konfirmert og eg reiste tidleg ut i verda, heilt til Nord-Norge der storesyster no budde. Der var det harde etterkrigstider og vanskar av mange slag. Men eg er glad eg fekk vera barn og ungdom i ei tid då me ikkje sette så høge krav til alt mogeleg som dei gjer no. Ingen andre enn dei som vart fødde i byrjinga av dette hundreåret, har vel opplevd så store omskiftingar i levekår. Mykje har vorte bedre, men ikkje alt. Me var like fornøgde med tilværet då som no.



På Egrene i 1944. Bak frå venstre: Gudrun, syster til Klara, Klara Kydland Edland, mor til Klara, Karen Kydland f. Søyland. Framme f.v.; Kjellaug Marie Bakke, f.Edland. Ingvald og Gunleiv Edland, alle søsken.

Klara Kydland Edland

Små minner og gløtt frå ei onnor tid.

Mitt første barneminne.

Det var i 1915. Eg var då tri år. Livet hadde gått sin vante gang til den tid. Eg hugsar ingen ting frå det daglege. Men ein dag hende det noko. Eg såg ein gammal mann stige inn i stova. Han hadde svart trøye og då han tok av seg ein svart hatt, så hadde han kvitt hår og skjegg. Det var min morfar, Lars Søyland. Han kom av og til og såg om mor, og eg hadde nok vore for liten til å sjå han tidlegare. Han sette seg på ein stol, tok ei salmebok som låg på eit bord, og tok til å syngja.

Eg stod forundra og såg og hørde. Så la han salmeboka frå seg, og tok til å kjenna

i trøyelomma. Han snakka vennleg til meg, og sette fram handa med tri kvite sukkerbitar. Det var ikkje kvardagskost i den tida. Det var nok første og siste gongen eg såg han morfar. To- tri veker etter stod han på låven på Søyland og hogg ved. Då fekk han slag, og seig i hop og døydde.

Gravferdsdagen var den 20. april. Alle skulle i gravferda. Mor, far, bestemor og fire ungar. Det var mykje snø, så det var bare å lesse full kane (sluffa) og køyra til Søyland. Alle kom med hesteskyss. Det var 16 - 17 km til Gjesdalkyrkja. Far køyrde kista, men ellers

var det nok ikkje så mange som kunne følgja til kyrkja. Det var svært få som hadde telefon i den tida, og då folket var på heimveg, kom det hesteskysst imot og sa at far måtte snu og køyra etter jordmora. Den kvelden hadde eg fått ei lita syster.

To år seinare fekk eg ei syster til. Så var me seks sysken. To gutar og fire jenter.

Ja, me vaks opp i ei heilt onnor tid der alle måtte prøva vera mest mogleg sjølvhjelpne. Det var likt for alle på gardane.. Me dyrka bygg og havre og poteter, som vart brukt til hushaldet. Når grøda var i hus, og kornet var male til gryn og mjøl, då skulle der bakast flatbrød. Til det brukte me poteter og havremjøl. Me måtte tidleg læra oss til å vera med og baka. Det var moro og. Ellers baka me og lefsa til store høgtider. Men då måtte dei kjøpa ein sekk sikta rugmjøl. Mor baka det meste av brødmaten til huset. Attåt brød så baka ho syrekaka, havrakaka og potetkaka. Etterkvart kom det havrekjeks på bordet til søndag. Til kvelds var det graut av havregryn eller byggmjøl. Byggmjøl vart og brukt til komla.

I fjøset stod 8 - 9 kyr, 3 - 4 kalvar og to hestar. Om sommaren hadde me og ein gris eller to. Julegris. Så var det 40 - 50 vaksne sauer.

Kvar haust, helst i oktober, hadde me slaktedag. Då slakta dei 3 - 4 vaksne sauer. Det måtte ikkje vera frå den eldste enden heller, for dei hadde så seigt kjøtt. Det meste av eit dyr skulle nyttast til mat. Me laga morrpølsa, rullepølsa, blodpølsa og blodkomla, og det var god mat. Ingen hadde kjøleskap eller fryseboks i den tida. Difor måtte det meste av kjøtet saltas i store tønner. Etter nokre veker i salt tok ein det opp og hengde det til speke. Føtene vart skolla og stelte fint med. Og så kunne me ha eit "kongemåltid" utpå våren, med mylja og saueføter. Nam, nam så godt!!

Og når me kom til bords, så var det maten som stod på bordet som skulle etas.

Ingen sure miner og lange geip der. Ikkje alt smakte like godt, men me åt det likevel.

Borna måtte tidleg lære lydighet. Mor lærde oss bordbønn etter kvart som me vart store nok. Mor lærde oss og kveldsbønn. Og det ein lærde som born, det føl oss sidan.

Heime i stova stod det to slagbenker. Når kvelden kom, tok dei av lokket på benken, og så var det seng. To kunne få plass i slagbenken. Når me vart større, låg me i stovekammerset.

Bestemor budde i mellomstova, men om vinteren tok ho rokken inn i stova, og sat der og kara og spann. Ho hadde i alle år to sauer som var hennar. Den eine fekk to lam og den andre ett. Lamma vart slakta om hausten og bestemor fekk pengane. Ho klypte sjølv ulla av sauene så lenge ho kunne. Ulla vart vaska og turka. Og så sat bestemor i kråa si og kara og spann. Av garnet spøta ho sokkar og vottar, til barn og barnebarn.

Mor hadde ikkje tid til å spinna. Ho sendte ull til spinneriet og fekk att spøtegarn og vevegarn. Når så våren kom, med varme i lufta, då sette ho opp vev på loftet. Der vov ho "Vadmål", til ullteppe (kvitlar) og til mannfolk undertøy. Ho vov også fil- leryer.

Ein gong i 20 åra fekk me innlagt telefon. Tenk telefon !!! for eit framsteg! Me kunne stå i kråa i stova og snakka med folk som var mange mil borte. Folk frå nabobygda, som ikkje hadde telefon, kom ofte inn for å ringja til dyrlege eller dokter.

Det var ikkje ofte me ungane var ute og reiste. Men stor var gleda når me skulle få vera med til Njå. Der budde moster Anna og hennar folk. Veggen var lang, og me hadde ikkje anna enn hesteskysst i den tida. Me køyrde i tri timar før me kom fram. Og då var me så stive i føtene at det var vondt å stå. På Njå fekk eg for første gong veta kva nesler var. Eg ville plukka nokre blommar i veggrofta. Der stod og nokre lange støvete planter som eg måtte bøya til side. Men då

fekk eg kjenna det. Å, kor det sveid på hender og den eine leggen. Sidan fekk eg vita at dei støvete plantene heitte brennenesler. Eg var glad for at me ikkje hadde slike planter heime hjå oss.

Me fekk og vera med til kyrkja ei eller to gonger kvar sumar. Det var stor høgtid. Men det gjekk lang tid før eg skjona korleis presten kom seg opp på stolen. Eg såg han stod ved alteret, og medan me song ei salme, var han kome seg opp på stolen. Eg måtte nok halde betre auge med han. Og etterkvart fann eg då ut av det.

Utover bygda var det ikkje bygd noko bedehus. Skulle det haldast møte utanom kyrkjetid, så måtte ein ty til skulehus eller og til privathus. Men det var kje ofte at nokon fann vegen så langt oppi dalen.

Kanskje presten kunne greia å koma ein søndag ettermiddag om sommaren og ha møte på skulehuset. Då gjekk både store og små på møte. Men ellers måtte folk greia seg best dei kunne.

Mor hadde eit syskenbarn som heitte Ester Søyland. Ho reiste til Kina som misjonær. Eg hugsar to - tri gonger ho var heime på ferie. Ho kom alltid og såg om mor. Det var så spanande å høyre henne fortelje frå Kina. Det var kje ofte ho kunne koma heim til Norge. Reisa gjekk med båt, rundt halve verda, i mange veker. Ein gong hadde ho nok reist med tog over Russland. Men då blenda dei vindaugo, så folk sat i mørke lange stunder. Siste gongen ho var heime, me var då vaksne, vart ho brått sjuk, og døydde på sjukehus i Norge.

Eg hugsar og ein mann, som kom år om anna. Han heitte Karl Holm og var frå Holmaholen. Det var ein fjellgard som låg langt ute mellom fjella. I mi barndomstid var det ikkje veg fram til garden. Karl Holm reiste nok tidleg til Amerika, som så mange andre ungdomar. Etter kvart kom han med i eit arbeid, der dei leita opp nordmenn som hadde mista kontakt med heimlandet. Det

var nok ikkje ofte han kunne ta turen til Norge, men han stunda nok heim att av og til. Hugsar han steig av ein bil ved grinda heime, og kom heim til oss. Var kjend med far og mor frå ungdommen av og nå ville han sjå om dei. Då han hadde fått mat og kaffi, og godt drøs, så ville han gå over fjellet heim til Holmaholen. Det var så spanande med slike langframande. Det vart liksom eit pust frå ei onnor verd. Me vaks opp i ei tid der det ikkje var radio eller fjernsyn, så me var "svoltne" på alt som kom ute frå "den store verda".

Det var ikkje så rart med helsestellet i bygdene i mi barndomstid. Doktoren budde tri mil unna. Og det kosta pengar å henta doktor. Så var det nå heldst rekna som ei skam å gå til doktor. Nei, folk måtte prøva greia seg som best dei kunne. Gamle "kjer- ringråd" var det nok av. I alle år hadde mor ståande i skapet ei lita flaske med kamferdråpar, og ei med nafta. Fekk me tannverk, slo ho eit par dråpar nafta på ein bomulls- dott og la på tanna. Og då laut tannverken gje seg. Var me forkjølte, så slo ho to - tri dråpar kamfer på ein sukkerbit og stakk i munnen på oss. Så skulle det og greia seg. Men me måtte ha tru på at det skulle hjelpa, sa ho.

Ein smågut var med i fjellet ein sommar. Han var lett kledd og barfota. Då vart han stukken av ein hoggorm i stortåa. Faren sette guten på ei tuva, tok tolekniven og skar eit stykke av tåa, og let blodet renna ei stund. Så surra han rundt eit lommeplagg, sette guten på hesteryggen og følgde han heim. Ingen doktor. Etter nokre dagar var guten god att.

Men av og til måtte nok folk til doktor i den tida og. Den verste folkesjukdomen var tuberkolosen (tæring). Fekk den først tak, så var det ikkje godt å sleppa fri. Og mang ein ungdom lagdes ned, tærdes bort, og døydde. Det var sorg i lange tider, i så

mang ein heim. Og i mange heimar døydde fleire ungdommar.

Far og bestemor var så redde me skulle verta sjuke om vinteren. Fekk dei høyra at det gjekk sykja i nabobygda (½ mil unna) som meslingar, kuma eller liknande, då fekk me helst ikkje gå utanom døra, om me var aldri så friske. Og meslingane fekk eg fyrst då eg var over 30 år, og aldri har eg vore så sjuk som då.

Så kom ei sykja dei kalla "Spanskå". Den var lei mange stader. Det var mange som døydde i "Spanskå".

Men me vaks opp på sund og kraftig kost, og hadde varme klær på kroppen. Og me heldt oss stort sett friske.

Det var lange kalde vintrar i min barn-dom. Is på vatnet, og mykje snø. Ingen snø-plog for etter vegen i den tida. Men det var få som hadde bil. Hesten kom alltid fram, når snøen vart fast og hard. Ei natt det bles stiv kuling og snøen kom i store mengder, var det ikkje råd å koma seg or huset. Far måtte lukka opp kammersglaset, og koma seg ut der. Finna ei skuff, og måka veg til utedøra. Snøen hadde lagt seg over døra, like opp til taket. Me gjekk i snøtunell til langt utpå våren. Eg hadde teke til på skulen, men det var så store snøfenner, og beina mine var kje lange nok til å stiga i dei. Då tok far og sette meg på hesteryggen, og så reid han til skulen.

Ofte var der fin is på vatnet, og då var det moro å gå på skeiser. Me hadde ikkje anna enn "Limaskeiser" som me batt på skoen med breide band. Men det gjekk strygande likevel. Så hadde me kjelke, og sette utfor bakken så snøspruten stod.

Ei tid før jul skulle julegrisen slaktas. Det var eit storarbeid. Men far var ein god slaktar, så alt gjekk godt og pynteleg for seg. Etterkvart som eg vart større, fekk eg jobb med å bera vatn til dei som skulle skolla grisen. Grisen låg daud på ein stor slede uti gardsrommet, og mannfolka skulle skolla og

skrapa busta vekk. I den tida skulle grisen vera feit. Skikkelegt flekk! Mor laga sylte-flekk av hovudet, og så vart det ribba og julesteik. Det meste vart salta til seinare bruk.

Før julekvelden skulle me ungane ha eit skikkeleg julevask. Oppi stampen i tur og orden. Me måtte vera reine til helga. Utfor stoveglaset var det hengt opp eit kornbann. Der kom då småfuglane, gråspurv, gulspurv og meiser, og fann seg julemat.

Juletre hadde me i alle barneåra. Det var ein furubusk som me fekk hjå naboen. Så pynta me det med levande ljøs, og det me hadde av julepynt. Så gjekk me ungane kring treet og song dei julesanger me hadde lært på skulen. Me bruka aldri sangbok, for me hadde lært alle versa utanåt.

Når fjøsstellet var unnagjort, og alle hadde vaska seg, då var julegrauten ferdig. Og denne kvelden var han koka av risengryn. Vart me kje mette av grauten, så fekk me ei julebrøds-kiva og ein lefsebete attåt. Julegaver vart lite brukt i barneåra. Utpå kvelden kom mor inn og delte ut "Julefrukt". Eit eple eller eit halvt appelsin, tri fire - fiken, fem - seks druer og kanskje ein neve med hasselnøtter. Det var kje kvart år at "Julebåten" kom til lands med julefrukt, og då måtte me vera forutan frukt. Det var jul likevel.

Det var mykje arbeidsløysa i mine barneår. Fleire gonger i veka såg me folk som gjekk etter vegen. Dei fleste kom til oss, for me budde så nær vegen. Dei bad om mat, og ingen trong gå svoltne frå huset hennar mor. Dei var arbeidslause, og så hadde dei teke ut fra heimen, om dei hadde nokon, og ville søkja arbeid i Stavanger. Me kalla dei "Luffara". Kom dei om kvelden så bad dei gjerne om hus for natta. Det fekk dei, men det vart på låven. Så kom dei inn og fekk mat, før dei tok ut på luffen att. Ei tid var det ein eldre mann som gjekk. Han hadde trefot, stav og krykkje. Det måtte vera ein hard skjebne. Kor han hørde til og kor det vart av han, det veit eg ingen ting om.



F.v. Kjellaug Bakke m/ Ingunn. Morfar til Kjellaug, Gustav Kydland og Klara K. Edland. framme Karl Gustav Bakke. Bilde tatt ca. 1963. Fra Kydland mot Søyland.

Så var det kramkarane som gjekk av og til. Me ungane tykte det var så spanande når dei opna den vesle kofferten, og me fekk sjå kva som var oppi. Det var synåler, tråd-snellar, sokkeband, blonder, såpestykke og mangt anna.

Så var det ein stor skorsteinsfeier som gjekk land og strand og feia dei store pipene. Han var svær til å prata. Låg ofte på låven. Var svart av sot på hender og ansikt. Hugsar ein morgon han sat inne og fekk seg mat, og bestemor var like huga å prata som han. Då sa han: "Det skulle vore godt å ha ei av desse småjentene med til å bera eit par av kostane mine". Og bestemor "jatta" med, og sa at det trong han nok. Men han ville venta til neste gong han kom denne vegen. Og den som gjekk med angst for feiaren i lange tider, det var eg.

Skuletida var sju år, og då gjekk me annakvar dag. Det var godt at me fekk læra lesa, skriva, rekna og mangt anna, men me måtte

og læra å arbeida, forat det skulle verta brukande menneske av oss. Og etterkvart som åra gjekk, så vart krava større. Gutane svinga arv og ljå, og jentene bruka rive. Etter at me var ferdige med slåtten heime, så drog me til fjells og slo fjellsgras i to - tri veker. Var veret godt og laglegt, så var det moro å vera i fjellet. Men var det regn og ruskever, då var det surt arbeid. Når graset var turt, vart det lagt i fjell-løer, og så køyrt heim når snøen kom. Det var vinterfor til alle dyra som måtte stå i fjøset når det var mykje snø, og våren let venta på seg.

Eit lite dikt renn meg i minne:

*Tankane vender tilbake.
Hjem til fjell og skog og vang,
jeg minnest lykkelige dage,
som forsvandt med lek og sang.
Det var en herlig tid, men nu er den forbi.
De skønne barndomsår, vi ei tilbake får.*

Det var mykje slit og på ein gard, då alt arbeid vart gjort med handamakt. Hestane tok nok dei tyngste taka, men folk laut slita med dei mange ting. Det var likt for alle. Prisane var små om me hadde noko å selja. Difor måtte me og kjøpa minst mogleg. Skulle me av og handla einkvan gongen, så måtte me vita om me hadde nok pengar til å betala med. Aldri borga noko.

Eg fekk ny sykkel då eg skulle gå for presten. Hadde så vidt lært å halde balansen, då eg tok ut og skulle sykla 17 - 18 km. Det var smale grusveger, og laus grus i dei fleste svingane, så eg måtte halda tunga beint i munnen om det skulle gå godt. Etter kvart gjekk det betre. Me var to jenter som hadde lag, og frametter vegen kom det fleire til.

Ein dag kom far med ei stor saks, som han skulle bruka når han skulle klippe sauene. Eg måtte ta den med til han Knut, og be han slipa henne, medan eg var hjå presten. Han Knut hadde ei lita smia like ved vegen, der me sykla framom. Og så måtte eg ikkje gløyma å betala. Jau, han Knut lova å slipa saksa, og ho var ferdig når eg kom att. Han trudde han måtte ha 30 øre for det arbeidet.

Konfirmasjonen skulle vera i august. Då måtte det nye klær og sko til. Var eit heilt strev å få alt til rett tid. Og så hende noko som aldri hadde hendt før. Ein ungdom frå nabobygda hadde kjøpt seg ein liten lastebil. Den vart leigd til å køyra konfirmantar og kyrkjefolk til kyrkja. Eit nytt framsteg! Me sat på lasteplanet, med lause fjøler tvers over! Men ingen ramla av. Aldri hadde nokon brukt anna enn hesteskyss før. Det var nok ei ny tid i emning nå. Ordet tenåring høyrde eg aldri. Det var ikkje oppfunne i den tida. Når me var konfirmerte, vart me rekna med mellom ungdommane, både i arbeid og ellers.

Ludvig, bror min, var fem år eldre enn meg. Me var gode venner. Etterkvart tok han over stellet av sauene. Han hadde den rette omsorgen for deira ve og vell. Om

våren i lammetida, var eg ofte med han og såg til sauer og lam, det var moro. Me hadde namn på alle sauene. Helst damenamn. Kari, Mette, Mari og mange andre.

Hugsa tidleg ein vårmorgon i mai. Me var på veg og skulle samla heim sauer. Dei skulle klyppast. Då sa Ludvig: "Eg lurar på kor Mari hev gjort seg av? Eg hev ikkje sett henne på ei vika. Eg trur ho hev fare til Eldlio". Det var ei skagalid som ikkje høyrde oss til. Men nedi sørhaldet kom graset tidleg, og det visste nok Mari og. Mari hadde to spreke lam den gongen. Det var steingjerde med tri ståltråder over, men det var inga hindring for Mari. Det var heller langt te å gå, men til slutt sat me på ein stein ovanfor skogglida. Me sat still og lydde, og der høyrde me bjølla til Mari nedi skogen. Ho gjekk nok og åt av det nye grønne graset og ante fred og ingen fare. Så ropa Ludvig eit kvast "Hei!" og den lyden kjende Mari. Nå var det ikkje lenge før Mari var på heimveg. Me gjekk ned i skogen, og der møtte meg eit syn som eg aldri gløymer. Bjørkene stod med nysprunge lauv, og skogbotnen var kvit av blommar. Det var kvitveis så langt auga rakk. Eg måtte plukka med meg ein næve. Då flaug der fram ein svart fugl, og når eg såg betre etter, så hadde han reir under bjørkerota like ved foten min. Fire store ungar låg i reiret. Det var svarttosten "Sysvorta", som syng så fint om vårkveldane.

Ferie, var eit ord me lite var kjende med. Etterkvart som det kom fleire bilar etter vegen, så visste me at det var byfolk som skulle på ferie. Når berre me hadde ein sykkel som sveiv, så var me nøgde med det. Men kanskje me tok oss ein sykkeltur ein godverssøndag. Det kunne vera moro. Eller me reiste til kyrkja ein søndag. Det var gildt å møta folk. Men ferie var det aldri snakk om.



*Brurebilet av Klara
og Ingvald.*

*Dei bygdafolk dei bygdafolk,
dei hava så strævvat ein sumarbolk.
Dei bygdaborn dei lengtar så hardt,
at helgi ho koma skal snart.
Dei har ikkje tid å koma i lag,
når ikkje det hender ein heilag dag.
Dei har ikkje tid ei einaste ri,
så lenge som vørka lid.*

Somme gonger drog me på fjelltur, om veret var laglegt. Me gjekk på Trodlaknuten fleire gonger. Det var bratt å koma opp, men me hadde godt utsyn frå toppen. Dei sa me

kunne sjå sju kyrkjer, men då måtte det vera klarver. Og ein god kikkert var det nok lurt å ha.

Me var fire jenter heime, og etterkvart som me vart vaksne, så måtte me ut og tena oss pengar. Ei tenestejenta fekk i løn kr. 20-25 for ein månad. Og me måtte prøva gjera husbondfolket til lags så langt det rakk. Kvar tredje søndag var fridag. Då kunne me sykla heim, om ikkje vegen var altfor lang. Me var oppvaksne i nøysomhet og eg sette pengane i banken, så eg skulle ha noko å gå på

husmorskulen for. Mor ville at eg skulle gå ein husmorskule, så me fekk læra noko meir enn det me fekk læra heime. Eg gjekk på Sømme husmorskule hausten 1933, det var før Sola flyplass var bygt. Det var 40 elevar og 5 - 6 lærarar. Alle desse jentene, som var mellom 20 - 30 år, ville læra koka og baka, og stelle hus heime, mann og born. For alle gjekk vel med den tanken at dei skulle gifta seg ein gong.

Sommaren før hadde eg råka borti han Ingvald, og me var samde om at me skulle gifta oss. Men me måtte ha ein stad å bu, og det var lettare sagt enn gjordt. Gardsarbeid var me vane med båe to, men det var lite gardar til salgs i den tida. På nyåret 1934 vart Ingvald tilsett som forpaktar av Sokndal Prestegard. Sjuande april gifte me oss, og ei veke etter, flytta me til prestegarden. Då tok ei ny tid av livsvegen vår til.

Prestegarden låg nær elva, som renn gjennom Sokndal. Uti elva låg ein holme der det vaks store gamle eiketree. Prestehusa var store og høge, og kalde om vinteren. Forpaktarhusa var låge og gamle. Løa og fjøset var og gamle, og bortved vegen stod eit gammalt stabbur. Midt i tunet stod ei gammal eik, eit tuntre. Her var det me skulle ta til med livet som gifte menneske. Og der var arbeid nok. Først måtte våronna gjerast. Sidan var det i skogen og hogga ved til presten. Og det måtte vera store tre, og skikkelig famneved. Det var mykje nytt og uvant å setje seg inn i den første tida. Fekk og høyre mange namn som me ikkje var kjende med: Idius, Amalius, Elisius, Olaus, Livius, Nelaus, Rosenius. Men det var akterverdige menneske likevel. Namnet skjemma ingen.

Eg hadde vakse opp langt frå kyrkja, og aldri høyrte kyrkjeklokka søndag morgon. Men nå kunne eg stå på trappa og høyra kyrkjeklokka ringja utover dalen. Det var så gildt å få gå til kyrkja, når tida var lagleg.

Der var så fin natur i Sokndal. Så fint å gå tur ein stille vårveld og høyra Sysvorta borti skogen. Ville ein gå tur når det leid på ettersumaren, når det tok til å mørkna, så høyrde ein ugla tuta borti trea. Det var nifst. Eller kanskje ein villrev svara på skrik frå sølvrev borti bygda. Det var to gravplassar, ikkje langt frå prestegarden. Og dersom ein ville sleppa fantasien laus, så kunne ein høyra mykje rart. Ugla sat gjerne i eit tre på den eine gravplassen og tuta til ei som sat på den andre. Men eg såg aldri noko å vera redd for. Skrømt fanst nok ikkje.

Titangrubene låg på Sandbekk, og heldige var dei som fekk arbeid i grubene. Dei fekk lønningspose kvar veka, og hadde det dei trong, til det daglege brød, og meir enn det. Men ikkje alle hadde arbeid i grua. Mange var fiskarar, og drog or havet så mang ein fisk. Det som ikkje gjekk med til deira eige matbord, det sykla dei rundt og prøvde selja. Me fekk kjøpt billig, fersk fisk så mang ein gong. I februar - mars kom silda utfor strendene. Då vart det liv i dalen. Alle som kunne koma ifrå, reiste til rekefjord på sildelossing. Det var om kvelden og natta lossinga gjekk for seg. Ingvald og måtte avstad og prøva den sjauen. Var dei heldige, kunne dei tena kr. 20,- på ei natt. Men loskleda vart aldri reine att.

Var det turkesommar, så rann elva stille og roleg gjennom dalen. Men det skulle ikkje så mange regnversdagar til, før ho fløynde over alle sine bredder. Då flaut heile dalen. Nedpå Hauga (Haua) gjekk vatnet inn i kjellaren hjå folk. Me hadde fire kalvar i ein garde nedved elva. Då der var lite vatn i elva, kunne kalvane gå ut på holmen. Så kom det regn. Det regna ein heil dag og ei natt. Då me om morgonen skulle sjå etter kalvane, stod dei under dei store eiketrea på holmen. Og vatnet fløynde på alle kantar. Dei var van med å få ein mjølkeskvett, og då me skramla med bytta så tok dei til å vassa mot oss. Då dei ikkje kunne vassa lenger, så

gjorde dei eit hopp uti elva, og gjekk under. Men dei kom snart oppatt, og sumde mot land. Ein liten kalv rak med straumen nedetter. Eg sprang etter, og fekk tak i eine øyra, og drog han på land.

Det var ingen i dalen som dyrka grøn-saker, så difor fann Ingvald på å så gulerot og kålrot. Og så hadde han tidlegpoteter. Då det så leid utpå ettersommaren, var grøn-sakene og potetene ferdige. Me hadde ingen bil, men ein god hest med kjerre etter, fekk og greia seg. Så tok Ingvald ut med grøn-saker og poteter og ville prøva å selja, til dei som ingen ting hadde. Etter kvart gjekk det godt med salget. Konene på Haua, Stranda og Rekefjord vart vel nøgde med potetene og grønnsakene frå prestegarden.

Det gjekk godt eit par år, men så vart det slutt. Det kom lastebilar frå Jæren og forsynte folk med det dei ville ha av poteter og grønnsaker. Forpaktningstida var nå snart ute, og me hadde ikkje tenkt å setja oss til i prestegarden for lenger tid.

Tidleg ein vårmorgon, i mai 1935, fekk me ein liten gutt. Det var eit under. Det var min gutt. Eg, og ingen annan åtte dette vesle manneskebarnet. Det var mest for stort til å vera sant. Ei ny tid tok til. Og gutten treivst og vaks, som andre friske born.

Ein gammal mann, som heitte Hans Løtoft, hadde laga ei kledekorg til meg. Nå vart den teken i bruk til barnekorg. Men me fekk og tak i ei barnevogn, så eg kunne ta guten med meg når eg skulle til Haua og handla.

På Haua var det ei dame, som heitte Janna Ræg. Ho hadde ein liten steintyhandel. I vindauga hadde ho stillt ut eit kaffiservis som eg tykte var så fint. Det var seks koppar med tefat og asjettar, og kaffikanne, fløtemugg og sukkerskål. Men prisen låg nok for høgt for meg. Serviset kosta kr. 10,-. Kvar gong eg var på Haua, tenkte eg at nå hadde nok andre vore og kjøpt koppane, men dei vart ståande der. Ein dag eg gjekk nedover med barnevogna, tenkte eg at dersom dei enno stod i vindauga, så ville eg ofra tikronen og kjøpa serviset likevel. Og slik vart det. Koppane vart mine. Eg hev dei enno.

Veslegutten vår vart døypt og fekk namnet Sigmund. Det var ein frisk og triveleg unge. Etterkvart måtte han ned på golvet og krypa, og sidan lærte han å gå.

Hovedvegen gjekk framom prestegarden, og om sommaren var det mykje bilar som ferdast. Sigmund sat ofte på stabburstrappa og såg på bilane. Fekk han ein pose med rosiner og nøtter i, då var det gildt. Han kunne sitja lenge då.

Me tok han med til kyrkja, og då gjekk det godt. Han lika godt når dei spela og song, men når presten gjekk på stolen, då sovna han.

Då han vart to år vart det verre å vita kor han var. Han var snar til å forsvinna. Eg sprang ofte og leita etter han. Kanskje fann eg han i ein bakkeskråning der det var mykje blommar, for blommar måtte han plukka når han såg dei. Dei var så fine.

Marta Retland Aase

Eg er fødd 7-1-1910, nr. 4 av 11 sysken. 2 er døde. Vaks opp på den lille fjellgarden Retland, Dirdal i Forsand, saman i heimen med mor, far, bestemor (farmor), bestefar (farfar) og syskena mine. Me hadde det svært gildt i saman.

Huset var ikkje så stort. 10 m² var kvar stova. Kammers, kjøkken og godt spisskammer. Her hadde me også separatorens ståande. Eit godt bislag med ei solid dør vende ut til gardsrommet.

Oppe var det ein liten sal med god varmeomn. Bestemor og bestefar brukte den om dagen då dei kvilde, og her låg dei om nettene. Men om dagane var dei saman med oss 3 borna. Me gjorde lekser saman med bestemor, og ho var ein god lærar for oss. Ho hørde oss i leksene, og ho var svært nøye på at me lærde forklaringi, bibelsoga og salmeversa godt.

Men det gildaste og rikaste var då me fekk høyra ho bestemor i forklaringi utanåt. Frå første sida til siste blad kunne ho det heilt utanåt. Ho spurte og svara sjølv, me bare følgde linjene og bladde blad for blad utan noke gale. Å, som me tykte om henne, ikkje eit einaste ord galt. Han bestefar sat med stokken sin og lytta til og sa "hm hm hm".

Ja, her hjå dei hadde me plassen vår. Eit lite bord sat me rundt med svakt lampeljos, og me tykte alltid det var stor stas å vera hjå dei. Så hadde me ein skråsal. Her låg me 4 born, syster mi og eg i eine enden av



Bilete av Marta må vera frå ca. 1912.

rommet, og dei 2 brødrene i andre enden. Ein sal hadde me som stod til gjester.

I sengene hadde me halmbylt som madrass. Den blei alltid bytta til sommaren. Då måtte syster mi og eg til med fjølene i sengene, vaska dei, og friska dei i soli. Å, kor me lika det. I eit lite kott ved sida hadde me kleda, og i stova låg mor og far.



Huset på Retland der Marta vaks opp.

I kammerset låg dei eldre systrene mine. Så hadde me voggå, som og var til å sova i, og Sandnesbenk, med eit fint raudt lokk som kunne løftas av. Denne benken var også til å sova i og sitja på. I stovå hadde me eit fint klaffebord (arvegods), og dette blei bare slege saman om søndagen som ein søndagsstas. 4 gamle, gode utskårne stolar, og så ein rund kubbestol.

Ein lang smal benk som forsete oppe ved bordet, og gyngestol. I denne sat ho bestemor med ein av dei minste og song. far var med henne av og til i skumringa. Så hadde far eit stort skåp som hang på veggen, og der ved sidå hang bilete av Kong Håkon og Dronning Maud. Her hadde han sine verdier i papir og forskjellig anna.


Den andra stovå kalte me for nyastovå. Me var berre i den med jul og då me fekk framande, for i nyastova var der kaldt, og me måtte spare på brendslet (veen).

Fint skifertak hadde me, og dette kunne me bruka som tavla og å rekna på. Huset var gult måla med grønne lister.

Lampeljoset måtte me spare på, og ikkje brenna meir enn nødvendig, sa han bestefar. Me måtte "nøya" oss med ei lykt, flaggermuslykt, då me gjekk til det lille huset ute (do), og då me la oss for nåtta. Bestemor sin jobb var alltid dette. Ho breidde godt rundt oss, så las ho fadervår, lukka att døri, å sa "nå må de sova godt. God natt". Å, men ho var gilde. Me born tykte det var så gildt å eiga dei, for der var nogen som ikkje hadde besteforeldre, og dei sa at me var heldige.

Han bestefar hadde firkanta, klypt skjegg, og var smilande i "fjeset". Me borna tykte alltid at han var så lik ein julenisse i fjeset. Bestefar var helst liten av vekst. Bestemor hadde gråsvart hår med skil etter midten, syster mi og eg byttes om å greie og fletta håret hennar. Å, kor me tykte det var stas. Så skrøyte ho av oss, og det var det gildaste. Ho bestemor var også liten av vekst.

Eg kan så vitt hugsa rasjoneringskorta i frå 1. verdens-krig. Veit han far stakk dei i



Farmor og farfar til Marta. Taletta f. 30 jan. 1844–20 juni 1924. Halvar f. 4 april 1839–30 juni 1925. Budde på Retland

ei sprekk i ein bjelke i taket, for me borna skulle ikkje tulla dei vekk.

Då eg var 7 år, heitte første læraren min, Johan Oltedal. Han skula berre ei lita stund på Mjåland. Før dei flytta, skulle me ha avskjedsfest, og dei skulle koma til oss. Det gledde me oss svært til.

Den eldste guten hans var like gammal som den eldre bror min, og den andre var like gammal som meg. Han blei eg erta og egla for. Mor laga festmat til avskjedsfesten. Me skulle ha kokt sjokolade og varmt geiteskilt attåt. Og dette tykte me var herleg. Me hadde også nokon deilige små brød. Mor hadde fått oppskrifta av den tyske svigerinna si, som var gift med far's 3. eldste bror. Dei budde i Amerika, men kom på vitjing for dei ville sjå til besteforeldra mine og far og mor deira. Gamle foreldre, men dette var før mi tid at dei var heime. Ja, dette hadde me til festfolki. Og så deilig geitegome. Å, eg kjenner smaken ennå.

Tresko bruka me kvar dag til skulen, men denne kvelden då me skulle ha framande, ville me høyra om me kunne få låna "lerskoi", som me sa. Me som var størst torde

ikkje å spørja, for me venta å få nei. Difor styrde bror min og eg den mindre systera vår til mor og spurte om me denne kvelden kunne få låna lerskoi. Ho svara at me måtte spørja far. Ingen av oss 3 eldste torde gå og spørja, men fekk til slutt ho minste til å gå. Ho ropa til far, og sa "kan me alle i kveld få låna lerskoi?" Og då me fekk det svaret at "Ja, de får heller det", så fauk me mest av stad, yre av glede. Kvelden kom, me heldt leiker, slo ball, vipa pinne, og visst nok endå fleire. Gildt hadde me det til langt ut i kveldstimane med måneskinn til ljospære. Ingen av oss trettast eller laga sjau. Nei, alle var ens og forenige.

Berrfotte gjekk me ganske mykje, ja til langt på hausten, og dualige spreke var me då. I skulen var me alle gilde med kvarandre, inga "mobbing". Me var 8-9 stykke. Eg kan aldri hugsa at læraren var skikkelig sint på oss, aldri. Ingen blei nokon gong rista eller reven i håret. Og gilde lærarar hadde me. Friminutta nytta me med å slå ball, slå på ringen, og det var gildt. Leikar som me kalla å stjela egg, og fanga fluge, hoppa tau.

Ja, dette gjorde me. Regna det, var me inne i den litle lærarboligen som me kalla den. Røykfritt og godt. Her tok me då blindingtjuv, som me sa. Me hadde det så gildt, med stort ingen ting, berre moro med oss sjølv.

Me hadde sommargjester som kom og var i ferien, og det var gildt, då trong me ikkje hogga ved i allefall.

Far hadde sett opp i 2 tre, 2 tjukke kjettingar der me kunne dissa oss, dette kalla me for å "retla" oss. Her la me ei brei fjøl, strekte ut kjettingane, og me kunne vera både 8 og 9 stykke på fjøla. Reine karusellen hadde me, og veldig gildt var dette å få spela seg slik.

Var der bar veg, gjekk me på heimelaga tresko, men då varmen og sommaren kom, drog me av oss og sprang barfotte og fekk skinn under foten som bjørnen. Skulevegen vår var 1-2 km frå Retland til Mjåland då, med alle svingar og bakker som nå er vekke.

Me hadde lita fritid. Me måtte ustanselig gjera noko. Bestefar sa "ledighet er roten til alt ondt". Me hadde 14 dager samanhengane skule i trekk på Mjåland, så 14 dagar i trekk skula han i Byrkjedal, som er mest ei mil frå Retland. Læraren budde hjå oss, den første som budde hjå oss, heitte Andrias Windern, den andre heitte Sigurd Espedal. Dette tykte me var stas.

Som eg har skreve, fekk me ein sjeldan gong bruka det som var lersko. Me gjekk også i heimespøta, kara og spunne sokkar, svarte til kvardags, måsebrune til søndag. Og då tykte me jentene at me var jyseleg fine. Skulekjolar hadde me også, brørne mine hadde fine blusar og bukser som mor sydde, og då me kom frå skulen, måtte me alltid bytta, for då lekså var gjorde, måtte me gjera nyttige ting.

Ferie visste aldri me om. Ante ikkje kva det var.

Frå Retland i 1920. Framme f.v. Torvald og Sigrund. Bak f.v. Taletta m. Agnes på armen, Jenny, Halvard, Martin, Anna og Marta alle Retland.



Bror min bar skulebøkene til oss andre. Han hadde ryggsekk, og alt gjekk i den. Også skulematen var ei pakke med "sjeva" og den smakte alltid godt. Mjølke fekk me ikkje med, for ikkje å grapsa til bøkene. Me trettast mest aldri me sysken. Jyselig "bøsne" (stolte) var me hvis mor ikkje hadde sjeva nok til oss, for då hadde ho "bløtt" dei digre gode lefsene, og lagt i 3 snipper med sukker, så det knaka i tennene. Å, det var godt. Salmevers måtte me læra heilt på prikken rett. Det var:

*Der mange skal koma frå øst og frå vest
å sitja til bords i Guds rike.*

Dette sat fast, me kunne det på rams, om me ikkje akkurat la så stor vekt på alt. Eg lika å gå på skulen, det var så gildt. Men måtte nøya meg med folkeskulen, for me hadde inga anledning til å gå vidare, tykte foreldra mine med den store barneflokk.

Far var lite heime, han var formann på vegen som går gjennom Hunnedalen, der dei då sleit med spett og spade, borrh og slegge. Vegen var smal, og bare til kjerrebruk. Så me born måtte hjelpa til heime dei dagane me ikkje gjekk på skulen.

Han sat i skulestyret, i likningi, og då måtte han med båten til Fossan, og blei lenge vekke, tykte me. Så me måtte hjelpa mor.

Om sommaren då sauedrifta kom, hadde far ekstra arbeid med å telja sauene. Ei stor grind stod nede ved vegen rett nedanfor huset. Her stod far og talde sauene og her ropte han talet. Ein onkel til mor stod med ein stokk og skar eit hakk for kvar gong talet kom. Det var så gildt å sjå på alle dei forskjellige sauefjeså, fæle "cerahovud". Og me blei redde dei. Så var det inn i stova, og her skulle dei då , far min og onkel, rekna ut sauemengda, og kva dei skulle betala for oppete gras langsmed vegen og bakkanne. Syster mi og eg skulle ein gong samla sauene slik at dei ikkje gjekk for høgt upp i lia imens "eigaren" var inne. Dette var

sauedrifta til Svend Andersen Undheim. Eg hugsar det som om det var i dag. (Morfar til nå Dr. Sigurd Johannesen i Sandnes). Då han kom ut til oss, fekk me kvar vår store 2 kroning. Å "gubba" kor me følte oss rike.

Men me fekk også ei stor plaga med geitene, då sauedrifta gjekk. Dei hadde hundar som gjødde. Geitene blei redde og ville ikkje koma heim om kvelden, så me måtte gå langt etter dei. Og dette var ei plaga. Me ønskte monge gonger at dei datt utfor fjellet og slo seg i hel.

Mor hadde alltid hendene fulle av arbeid. Alt sydde ho til oss. Far sleit ekstra med klede, alle buksene hans sydde ho av brunt skinntøy, kan eg hugsar. Me hadde 10 geiter, så me fekk kje. 10-12 sauer og 15 høns. Og godt hadde me det med mat. Fin aure fiska me, som ikkje var forureinsa. Alt baka ho mor sjølv. Ekstra mat og stell fekk me då læraren budde hjå oss dei 14 dagane.

Mjølka separerte me og kinna til smør. Mor hadde ein "rik" farbror i Stavanger, og han fekk "titt" (ofte) ein stor grøn smørammer med smør, som far tok med og sende med båten.

Eg var 10 år den sommaren. Då mista me 2 kyr. 1 av miltbrann og 1 gjekk i fossen. Det blei eit hardt slag for mor og far, med det store tapet.

Korleis det då var med forsikring, veit eg ikkje. Ein mann kom og hjelpte far. Dei grov dei 2 kyrne djupt ner i jorda. Å, kor me tykte det var fælt. Nå hadde me berre ei ku att.

Berre ei lita stund etter, hugsar eg, så blei hesten sjuk, og me born grein, for me trudde han også kom til å daua.

Han blei liggjande ganske som om han var daud. Han låg på sida, oppsvulma og fæl. Han bestefar miksa til noko som han hadde i ei flaska. det lukta kaffi, nafta og kamfer, og dette rende han i hesten 2-3 gonger til dagen. Så maserte han i det uendelege. Dei

byttes åt han og far, og slik låg hesten i 2 dagar heilt som om han var daud. Men plutseleg livna han til ein dag, Du verda kor me gledde oss då. Han bestefar, "dyrlækjaren" miksa i hop og det gjekk godt. Han bestefar sa at nå "ska" (skal) han bli gode. Og det blei han.

Då sommaren kom, hadde far noken dagar fri for å hjelpa heime. Han saga ned tre i skogen. Me måtte vera med han. Her skulle me hogga av trea mens lauvet var grønt. 60 cm lange kvister i ein bunt, den likna på eit kornbann. "Lauvkjerv" kalla me det, bant det i hop og om det, samla mange i same bunt og fekk dei på firetråen, og heim kom dei. Ein billig transport frå skogen og heim. Så turka me dei til mellemat "non" til geitene.» Dette blir ekstra godt», sa han bestefar då han såg den store bunten med lauvkjer-var.

Om vinteren hogg me noko av bjørki som me kalla for "blid". Dette er toppen på bjørki som er utan lauv, bare knopp. Dette fekk og geitene om vinteren som ein erstatning for høy.

Vår jobb var å hogga ved. Eldre systera mi hogde, eldre bror min og eg, me drog den store buasagå att og fram. Ein gong hogde syster mi mest av seg tomen, det var det fælaste. Å, som det blødde, men han bestefar kom med sine "dokterråd" og fetla og bandt det til, ordna sårgapet på plass, og godt gjekk det, men ho fekk eit jyselig arr, som ho har den dag i dag. Men tomen stod sin prøve. Då veden skulle inn og "løs" upp, kom ho bestemor. Ho var ein streng herre, for alt måtte vera so nøyaktig. Risveden den ser eg endå for meg. Eit la som rakk frå golvet og opp til nevertaket. Å, du gru kor me blei leie av den vedhoggingi. Då snøen kom, lurde me oss til å renna om kvardagane. Nokon gonger hende dette, men det var ein sjeldan gong at me fekk lov til slikt på ein kvardag.

Lønn fekk me aldri for det me gjorde, men me fekk høyra at nå var me gilde og flinke.

Hoggestabben og øksi stod i gardsrommet mest frå måndag til laurdag, men då måtte alt inn i "skuten". Me måtte ha det fint og ryddig til søndagen. Gardsrommet sopa me, og det såg ut som det var nyvaska, så fint blei det. Ja, eg ser det for meg ennå.

På taket på den litle skuden voks der små kvitveisstjerner og små bjørk, me hadde grastak oppå. Dei stod liksom der og nikka i vinden til det brunblanke fjellet og den yndige rennande bekken rett attmed. Sopelimen laga bror min av bjørkeris, men av og til fekk me hjelp av han bestefar, dei blei finare då, tykte me. Me hadde det veldig gildt med besteforeldra våre, og vi var glade for at dei ville vera hjå oss.

Ein sommar skulle besteforeldra mine på ferie til farbror min, far var då heime, så han køyrde dei i karjolen. Me born vinka dei farvel. Men bestemor og bestefar kom att, bare ei vika var dei vekke. Han bestefar sa "Å, me lengta etter dokke". Og dette tykte me borna var så løye at han sa. For dei kunne fått vore hjå farbror som var barnlaus og hatt det fredelig og godt hjå dei. Men nei, dei ville heim att.

Ein sjeldan gong fekk me det som heitte snob, han bestefar og bestemor hadde med ein pose med "bombom" som me sa.

Då bekken var varm og god, hjelpte me mor med vask av kjørald, melkespann, kinnå og gryter. Me vaska og skurde med sand, utan såpe, å nei, det fekk me ikkje. Alt blei så fint og blankt, det skein.

Kinnå skura me også rein, eg kjenne den reina lukta ennå. Då var det vårt største ønskje at grytene ikkje skulle bli tilsoda av risveden.



Framme f.v. Sven, Agnes, Karen, Gunnar og Gurine. bak f.v. Martin, Anna, Marta, Sigrund, Torvald, Halvard, Jenny og Taletta.

Til nonsmat hadde då mor koka cokolade, å du gru for ein stas, for me hadde vore så flinke.

Då 17 mai kom, gjekk eg med to av brørne mine til Gilje, ifrå Ritland og oppatt om kvelden, og det hadde me gledd oss til. Hugsa at me fekk essar, bollar og visstnok eit winerbrød og så saft. Det var 2 fine damer i fotside skjørt. Kvitte blusar hadde dei, og så breie fløyelsbelte med store svarte spenner. Jøss, kor eg tykte dei var fine. Å, kor eg ønskte at eg skulle vore så vaksen som dei. Eg ser dei ennå. Dei 2 hadde også så fin ein hårpynt. Å, kor fine dei var. Det var visst på Bedehuset på Gilje me hadde denne kosen.

Men eg kan ikkje hugsa at me sprang, og at me fekk nokon premie, nei.

Då 17 mai festen var slutt, måtte me heimatt den lange vegen. Ja, me gjekk og me gjekk. Me hadde inga klokke så me “ana” ingen ting kor lang tid me trong. Men fredelig og godt var det. Ingen bilsjau, så ingen “trong” vera redde for oss, me var 3 st

i lag. Me “radla” med oss sjølve. Me såg at det begynte å mørkna, men ingen av osse blei redde.

Då me endelig var heimkomne, då var der mest mørkt. Mor og far sat og venta på oss, og me fortalde korleis me hadde hatt det. Men ingen av oss klaga att me var trøytte. Ein bror er eldre enn eg, og han minste som var med oss blei 6 år den 30 august, så han mangla 3 månader på 6 år, Og så har han gjenge denne lange vegen både ner og oppatt. Han sa berre ein einaste gong, då var me komne til det fæla Giljajuvet: «å, hadde bare eg og vore vaksen, det hadde vore gildt». Her fekk me eit minne for livet.

Me var skrekkeleg redde det skiltet i juvet, der det stod: Vara deg for stein, og på eit anna lenger oppe: Ta deg i vare for stein. Uff, det skræmde osse.

Sommaren då sauene hadde lemt, skulle dei til fjells. Me måtte då jaga dei opp, me borna. Ja me måtte mange gonger opp på fjellet og sjå om dei var der alle, eller om nokon var komen seg vekk, og at ikkje kråka

var i nærheten, eller om kråka hadde vore i eit lam og pikka det i augo. Me byttast på å gå og sjå til dei, me blei også gjerne heile dagen vekke. Me blei så leie, men så gjekk det alltid godt. Aldri ein einaste gong hende det at me braut oss i føtene, nei, det hende ikkje heldigvis.

Me hadde kornmølle så far mol kornet sjølv, det litla me hadde. Møllå stod under ein liten knause, med bekken ved siå. Drivkraftå kom frå bekken med kvernkall. Eg kan ennå høyra kvernsteinane kor dei syng den same songen. Å, kor koseleg det var. Nei, dette er ikkje gløymd.

Poteter til huset hadde me, kjøtt og flesk. Fiska gjorde me når åi (elva) var stor, for han bestefar sa alltid at fisken var bedre i smaken då. Me måtte til Dirdal av og til for å handla stort. Eg kan spesielt hugsa ein vinterdag. Vegen var ikkje oppbrøytt i dei dagar. Far køyrde med hest, truge og slede til Byrkjedal. Her måtte han byta om til kjerra, både ner og opp att. Dette var hjå onkel og faster. Han var veldig sein denne kvelden fyr han kom att. Me var alle svært redde for han. Far måtte venta på båten “Eira” som var så sein, og som hadde med seg avis, brev og anna post. Og klokka blei både 9-10 om kvelden. Han bestefar hadde lagt seg for kvelden, og han sa til oss borna, som sat ved bordet. “Er far dokka (deres) komen?” “Nei” sa me, så sa han: “Å, du store Gud, der kan vel aldri ha hendt han no”. Bestefar var også redd for det fæla Giljajuvet. Men då far kom, og me sa, ja, nå kjem han, for me hørde dongbjella, sa han “Å takk, å takk”.

Bestefar var ikkje alltid like sprek. Han hadde “dotte” (falt) av hestesleden ein gong i snøen då han skulle til Dirdal med ein kalv på vårparten. Dei på Motland blei “vare” (oppmerksom) hesten og kjende den. Dei gjekk då av stad og fann bestefar og kalven. Bestefar blødde i panna. dei

“fetla” (bandasjerte) han og stelte om såret på Motland, og kalven tok dei andre seg av. Etter den dag var han bestefar ikkje så god som før, han fekk ein “kyl” (kul) på høgreflaksen som ein pukkel, men han klaga aldri. Kan ikkje hugsa om han heller gjekk til lege.

Far hadde ein som kom og hjalp han med haustslakt, og seinare med juleslakt. Nå fekk mor og bestemor eit voldsomt arbeid. Det var å skrapa tarmar og magesekk, me var og med i bekken å skrapa og skylte, men dette lika me born ikkje. Me byttes om å dra kjøttkverni, for det var så tungt. Mor sette tarmen på kverni, og deigen kom ut og fylte tarmene. Det blei deilige pølser, «Morr» kalla me det som me stappa i tarmene. Så hengde ho mor dei yver vedkomfyren, der skulle dei då hanga og turka, så hadde me mykje god mat å ta av. Kan hugsa at imens me heldt på å rydda etter strevet, mor og me ungane, så kom der eit par tiggarrar, ein mann og ei kone. Ja, mor gav dei ei lang pølse, som då hadde turka litt, eit kjøttstykke og eit heimesteikt brød. Syster mi og eg, me blei så sinte for det. Han bestefar sat og las i den store “Dr. Martin Luthers fuldstendige”. Å me blei så leie av å høyra då han sa dette: “Dei er rige i Guds augo dei som har noge å gi”. Å dette kunne me aldri forstå. “Me har alt det me trengje” sa også ho bestemor. Ja, me hadde det me trengde i hagen, rips og solbær og stikkelsbær. Me hadde og nokon surepletre. Og i utmarka hadde me blåbær og tyttebær. Det var berre å henta inn. Men me blei leie av å henta bær i utmarki. Ei ryggmeis av aluminium som var forma etter ryggen, kan eg hugsa. Den måtte vera full før me kom heim, den tok 20 l. Det var me 3 eldste borna, som ordna dette, men me sa til mor ein gong: “Aa filleren, hadde me heller våre fuglar” for me blei muckleie, så hadde me sluppe dette oliande arbeidet.

Det var mykje gildare å vera med far og farbror på fjellet å raka høy etter dei, då dei slo det fine, tunne graset til sauene. Den eldre systema mi og eg var med. Det turka mest mens me raka det i hop og så den yndige dufta der var av det. Så stappa me det i store sekker, som såg ut som fiskenot, hengde sekkenene på firetråden og heim kom dei. Ei natt måtte me liggja i den litla høyløa me hadde like ved, far og farbror var med. Me tykte det var stas, men me måtte bli ferdige med det me heldt på med. Dynes og madrass var av høy, men det "naua" me ingen ting av. Me hadde med oss mjølk og god heimsteikt grovt og "sviskesjeva" som me sa, og så koka han far egg i kaffikjelen. Å "gubba" så me tykte det var stas med brune egg. Og så å få liggja på fjellet. Eit heilt eventyr, sa han farbror til oss.

Me hadde eit stykke jord på sørsida av ånå nere ved Mjåland kleivå, som me då leigde av avdøde Svend Håland, Figgjo. Me måtte køyra yver ånå. Me hadde noge grønfor og jordeple. Då der skulle renskast og lukast for gras, var dette bror min og meg sin jobb. Far hadde strekt 2 tjukke tråar frå vegen og yver ånå i eit feste der. Ein stor sildekaske med 4 tjukke trillehjul, som då trilla på tråden. Så her kom me oss yver. Det "traff" og at me fekk blæmer i hendene av å koma oss att og fram. Dette var vår båt. Me hadde sviskeskiva som me sa, og saft, og dette sette toppen på alt. Ein gong gjekk me tidleg til "Neset", som me kalla staen, bror min og eg. Me skulle raka av etter grønforet, og det tok tid. Middagstid kom så regnet og det regna heile tiå, me var nå mest ferdige. Nå hadde ånå auka slik opp på dei timane, at me ikkje torde å gå i kassen for å "fira" oss yver, for kassen tok då neri og me blei redde. Me gjekk steinurå heim att, der var ringt å gå, men heime var der bru. Gjennomblaute kom me då heim, og me var glade. Men mor og bestemor berre sa: "ja, ja, det var godt de kom heim att i behold" Inga trøst fekk me.

Så var det dagen me måtte skjera måse av steinane, den lille gråmåsen, den bruka mor då ho farga sokkane våre. Kor me blei leie av å grava etter den, me måtte bruka kniv, for me blei så såre på fingertuppane, for bøt-tevis av mose måtte me ha. Det gjekk fortare å plukka den store raudbrune "fosne" måsen som voks i steinurå. Her plukka me og stappa i store sekker og bar heim, dette brukte me å breia under geitene til vinteren. Me kom halande med kvar vår sekk, møtte han bestefar i bislagdøri og han sa: "Å, du ko gode de var". Det traff, og at me vassa yver ånå med sekkene fulle av måse, me satte kvarandre på låtten så sekken for i ånå, og alt blei gjennomblautt. Så var det å henta på nytt og stappa fullt.

Då hausten kom, var det til topps i raunbærtrei og plukka ner bæra. Far la dei på ein netting og turka dei og kyrne fekk det til nonsmat. Ja, slik hadde me det i blant.

Mine 2 eldste systre var ute i tjeneste, så me måtte og gjera nyttige ting, sa mor og far. Og me borna fann oss i at dei ordna alt til det beste og for oss alle.

Dei 2 brødrene, skulestyrer Ingvald og prost Thore Godal frå Stavanger, hadde sommarhus med fam. på Mjåland, nær skulen vår. Ingvald sine 2 gutar var jamngamle med bror min og meg. Så i skuleferien vitja dei oss. Dei bygde demning i bekken med dei reine fine steinane og kosa seg, medan deira far og farbror var hjå mor, bestemor og bestefar og fekk kaffi og drøste saman. Han bestefar fann då ut at uti leddledet, var dei litt i slekt og radlet gjekk lysteleg. Odd er død. den yngste Thor er biskop i Nidarosdomen. Han og broren, prost Odd, dei var med på laget då me 8 dissa oss på ein karusell, og hadde det så gildt i lag, me fauk frå vegg til vegg i "retlå". Juletefest og kos hadde me alltid med oss sjølv, og dette var fest. Då fekk me vera i nyastovå som me sa. Ei jul hadde me slik med snø at far kunne ikkje gå etter juletre. Han tok då ein tynn bjørkestamme og bora hol i den. Burtom løå

stod nokon einarar. Han far tok kvister av dei, stakk hol i bjørkestammen, og me fekk så fint eit juletre til å pynta at du verden. Til jul kom moster til mor og onkel og låg med nåttå, det var det gildaste me visste. Sviskegraut og sviskesteik var julematen vår og grønne erter.

Me gjekk rundt juletreet og dei sat rundt og song. Til kvelds hadde me "grøna-graut" risengrød som me seier, og saft. For ein stas. Mor hadde og baka småkaker til jul, og me hadde det alle så godt, mat og varme, ingen av oss fraus. Dette kan eg aldri gløyma.

Me hadde også lekser å læra, då me ikkje kunne gjera noko ute. Andre bøker å lesa fekk me litå tid til (aldri).

Mor hadde ein farbror i Stavanger som sende oss Hjemmet. Her gjekk Finbekk og Fia, og anna interessant, det var spennande då me fekk det. Me heldt eit blad som heitte Børnetidene, og det var gildt.

Handla måtte me og, mjøl og sukker og anna ting. Dette var far sin jobb. Det hende han reiste med båten til "byn" og handla. Ein gong han kom frå byen, hadde han kjøpt fin Linoleum som me skulle ha inne i stovå. Å, kor den var fine. Store raude roser. Ja, me følte at nå var me også rike. Så hadde mor ei moster, og av henne fekk ho nokon fine filleryer, og dei pynta endå mer opp.

Vinterdag koka mor havregraut om kvelden, slo det i tallerker og sette dei inn i den varme gode ognen som me hadde i stovå. Den såg ut som eit stort skatoll med eit digert kokerom. Her stod då tallerkane og brunbarka seg med graut, til det blei ei god brun skorpe på. Smaken kjenner eg ennå. Rykvarm geitemjøl (kokt), det var "lækjemat". Så bar det til skulen på ski dersom der var snø.

Påskegjester hadde me og mange år etter einannen. Ein påske var aftå 1. april, minnes det som om det var i dag. Min eldre bror

ville nå narra ein av gjestene. Gjesten hadde vore på fjellet, og hadde "stua" foten sin, slik at han halta. Bror min spurde om han hadde hug å sjå om han hadde fått rev i fellå si, oppe i liå. Å ja, det ville han. Dei gjekk til fots, for der var ikkje snø så lågt nere. Han hinka av stad. Då dei var oppkomne, ropa bror min:»1.april«. Gjesten blei så sint at han "freste". Hadde han vore i byen, skulle han gitt han juling, skreik han. Og så hadde han vond fot også. Me hadde moro med dette lenge. Påskegjestene fekk vera i nya-stova, som me sa. Koselige, gilde var dei. Me hadde i mange år ein "viss" gjest, ein grossist Håland frå Stavanger. Me hadde det så gildt med dei. Så fekk me "godt" av dei "bombom" drops, og anna godt, som me ellers mest aldri såg.

Far hadde ennå ein gong vore i byen, men i eit heilt anna ærend. Han var hjå ein onkel til mor, og sa at han ville selja Retland og få noko meir å leva av. Far fekk med seg ein svoger og dei såg på plassen Hegre i Høyland, som far då kjøpte. Ein mann frå Sirdal, Ola Aadneram kjøpte Retland. Alle me borna lika det lite at me måtte flytta frå "idyllen" Retland. Veit ikkje korleis mor mi lika det heller.

Bestemor og bestefar flytta til farbror i Neset, Nødland. Men året etter døydde bestemor og eit år etter døydde bestefar, han var på Hegre då han døydde. Bestemor vart 80½ år og bestefar 86-87 år.

Eldste bror min gjekk då og las for presten. Han hadde fått sykkel av far sin yngste bror, som kom for å sjå til foreldra sine. Han kom frå Amerika og vitja dei, og då han reiste att, fekk bror min sykkel. Han sykla då kvelden "føre" til Gilje og låg med nåttå hjå ein lese-kamerat, for å vera på plassen tidleg om morgonen. Båten gjekk i 5-6 tiå til Høle kyrkje, der dei skulle lesa.



Gurine og Sven Retland. Foreldra til Marta.

Sommaren juni-juli 1923. Eg er 13 år. Nå går gong-gongen frå Retland. 8 ukonfirmerte born, og ein ny verdensborger som skal bli Jærbue til Jul. Ja, ho mor hadde hendene fulle til stadigheit, og meir fekk ho, men ho sa ikkje noko, aldri klaga ho over at ho hadde mykje å gjera.

Då me flytta, sykla me 3 eldste. Bror min hadde ei mindre syster på, og eg fekk låna ein sykkel. Alle andre var "stabla" i kjerrå, som "famneved" med mor og far. Hesten og 2 kyr var frakta ner før, og så på båten med alt. Alle som ein fekk båttur. Denne gongen er det Oskar som skal setja oss av i Sandnes. Her er ordna med lastebil som tek alt. Hesten som me kalla "trehesten", var frisk og god no, var noge "seig" i farten, og dei 2 kyrne blei leidde av brødrene mine frå Sandnes til Hegre, som då blei vår nye heim.

Du verden kor lite me lika den nye heimen, å fy! Snautt og flatt. Ikkje eit einaste tre utfor huset. Stygt og uryddig. Å fy! Altså. Me var nå vande med å ha det fint og ryddig, me større sette oss til å grina. Me sov ikkje dei første nettene og ikkje på lang tid, heller.

Me fekk for Retland 10-12 000 kr. Me kjøpte Hegre i 1923, ei jyseleg ringe tid, lite å bli rik på. 35-40 000 måtte far gi. Ei lånerenta i ein bank på 5%, og i ein anna 7%, og dette måtte betalast visstnok på dagen, på den eine plassen.

Eldste broren sa til mor då me var komne ut til Hegre, "Eg ligg ikkje ei einaste "nått" til her på denne "fælslige" plassen. I mårå den dag sykklar eg heimatt til Retland, og kjeme ikkje atte"

Men det "jenka" seg etter kvart. Nå hadde og bror min 3 gonger att for presten, så han måtte sykla frå Hegre til Høle kyrkja å lesa. Ja, litt av ein sykkeltur? Og her stod han og konfirmant. Mor og far og konfirmanten kørde då den longe vegen til kyrkja.

Det gjekk lenge med den nye heimen vår, før me som eldst var, "trivdes" skikkelig.

Her var nye skule for meg. Nye lærar, nye skuleborn (mange), mot det me var vande med. Då eg slutta skulen i 1924, var det lite eg kjende av venner.

Det blir aldri som før, "aldri", det tykte me som eldste var. Difor tykkjer eg så synd på alle store born som må flytta, og til ny skule. Mange lir av det og. Det blir aldri det sama.

Aaret 1924 stod eg konfirmant, 27 april er min konfirmasjonsdag, nr.14 midt i rekkå. Me var 28 jenter. Kan ikkje hugsa kor mange gutar. Minne om denne dagen har eg etter skriv av prost Jonnasen.

Det var berre far og eg som kørde til Høylandskyrkja. Mor hadde ein liten på 3 månad, og mykje anna skulle gjerast for dagen. Dei eldre syskena var også til god hjelp.

Far sine 2 syskenborn skulle vera med oss. Me kørde i Vosse-kjerre. Dei 2 sat bak, eg sat framme med far. Då me kom ner i Stangelandslunden ved Aarrestads fabrikk, rauk der noge på hesteselen. Dei 2 som sat bak, blei slengde oppå "steinborgi", men dei naua ingen ting. Ho eine mista gulluret sitt, som visstnok fauk i bekken. Dei leita og leita, men fann det aldri att. Far hadde ingå tid å vera med å leita, me måtte berre koma oss av stad. Han fekk ordna med selen, og til kyrkja kom me. Dei 2 skulle då gå til nokon kjende og vera der til me kom att frå kyrkja. Dei torde ikkje bli med oss, dei blei så redde at der skulle "henda" (skje) ennå meir.

Til kyrkja kom me. Her sto då prosten på trappå og venta på oss, me blei noge seine. Så fortalde far historien. Jonnasen slo far på aksli og sa: "Ja, det var godt, at det gjekk så godt". Til meg sa han: "Det var ei lukka at ikkje kjolen blei skitten". Eg var fin, med kvit kjole, sløyfebånd i håret, og mine "fyste" nye sko, med reim rundt om ankelen, og så ein fin pynteknapp på tåi. Ja du store tid!

Den eine av dei damene som var med oss er død, men den andre lever, ungdommelig og god, er 82 år.

I mi barndomstid blei der aldri snakka om nokon kjønns-opplysning, verken i skulen eller heime. Då dei mindre syskena kom til verda, kan eg hugsar ei moster til mor var jordmor. Eg hugsar me spurte henne kor dei små kom ifrå. Me fekk dette svaret: "Av og til kom dei rekande på ei fjøl. Men som regel hadde dei ein stor koffert som dei hadde dei i», var svaret.

Ja, seinare nå i middelalderen har me hatt mykje moro med dette. Ja, dei små torde jammen noge før, tilbundne til ei fjøl. Men me hadde også våre tankar, me større borna.

Me tykte alle synd i foreldra våre då me fekk høyra kor mykje den nye heimen kosta. Og kor lite der var å tena på alt. 6 øre literen for mjølk, å du gru. Nå var det å arbeida seg i hel, sa me til kvarandre.

Eg har berre folkeskulen, for me hadde ikkje råd å gå vidare på skule. Eg måtte ut å tena og hjelpa det me kunne, så me ikkje skulle koma på noge så fælt som fattigkassa. Berre dette navnet var fælsig.

Eit gammalt ektepar 2 km frå oss på Hegre "ana" me var dualig fattige. Mor sende oss av garde med kjøtt og fleskestykke, eit heimesteikt brød, mjølk, gomespann, både "titt og trått", for mor tykte så synd på dei. Aa kor dei takka oss for alt det gode.

2 arbeidslause unge menn kom til han far og spurte om han kunne hjelpa dei. Eg veit at han far sa: "Eg er ny mann her, litå råd har eg, men de kan få vera med å ta opp jord". "Ja, om dei kunne få arbeida for maten?" Og det fekk dei. Dei blei med på eit jordopptak, var riktig flinke, sa far. Då dei gjekk den dagen, tykte mor så synd på dei, ho gav dei 2 kr. kvar. Dei kom att og blei med far til dei var ferdige med det stykket. Mat og pengar fekk dei for arbeidet.

Eg er nett 15 år, er hjå ein bror til far, og har det godt, frå våren til hausten. Eg fekk mykje pengar for det eg der gjorde, og alt i hop gav eg då til mor, så hadde ho litt meir å kjøpa til klede og vedlikehald. Berre ein sommar var eg heime. Dei mindre voks til og "hjelpa" gjekk vidare.

Då eg var 21 år, var det siste plassen eg tena. Eg kom heim med 300 kr, på koffertbotnen. Å "gubba" så rige eg tykte eg var. Eg leverte alt til mor, eg hadde ikkje tutla vekk 1 kr. Ho sa då: "Ja dette blir til rentelånå for 1 år". Eg veit eg tykte det var "grusomt". Eg vart då heime og hjelpe litt.

Me samla oss ungdomane om søndagane og hadde det veldig koseleg. Me reiste og på båtturar til Sand, Vats og Vikedal. Å, du kor gildt det var. Andre somrar samla me oss ein heil flokk, fekk ein kjenning med lastebil og turen blei til morbror min i Bjerkreim, Josef Malmei. Her "nåttå" me alle i løa. Å, det var gøy. Me hadde spelemann med oss og dansen var i full gong, til langt ut i dei små timar. Ja, det hende det blei morgon og.

Så gildt har ikkje ungdommen det i dag. Ein anna søndag då tyttebæri var mogne, fekk me same bilmaen til sjåfør, og same ungdomslaget tok turen til Skjæveland i Bjerkreim. Ja, "løyve" hadde me det.

Så er me komme til 1932. Denne vinteren og til midtsommaren, har eg gått på Sømme husmorskule. Det var gildt. I saman med 40 unge jenter fekk me sjå og læra nytt og nyttig. Avskjedfesten me hadde på skulen Sømme, var midtsommar, og alle elevane fekk lov å be sine foreldre til middag. Mine foreldre fekk oppleva det, og gildt var det. Dei kunne ikkje gløyma kor fint me hadde laga til, og alle dei fine blomebeda ute.

Resten av sommaren er eg heime, for til hausten skulle eg gifta meg, og flytta til Ganddal. Berre ein liten sykkeltur fram og tilbake.



Marta og Toleiv Aase

Far skulle halda bryllup. 80 gjester var bedne. Me vart vigde i Høylands kyrkja 15. okt. 1932 av O.J.B. Kvasnes. Mannen min, Thorleif Aase, er møbelsnekker frå Aase Dreieri. Mykje fint fekk me. Mykje sølv, å du gru! Og mykje anna nyttig.

I denne tida arbeidde også far på Hunnedalsvegen. Han sykla frå Gaudøy og ut til Hegre den dagen bryllupet stod, og så oppatt om sundagskvelden, den tunge lange veggen saman med arbeidskameraten sin. Men han klaga ikkje. “Eg er ung” sa han. Han var då 50½ år.

Nå flytta eg til Ganddal til ein drømmeleilighet som me fekk av ein arbeidskamerat, nær til Aase Dreieri. Her budde me i 3 år. Nå tykte eg at eg hadde det altfor godt. Så eg sykla heim til Hegre av og til og hjelpte dei. Me flytta etter 3 år, for husverten hadde 5 born som nå var større og dei “trong” plassen sjølv.

Me flytta bare rett yver veggen. Her fekk me det like gildt, heile 2 år, i lag med gilde folk.

I 1933 skulle me ha ferie, for første gong. Me hadde kjøpt oss nye sykklar og spart i 90, som det seies, for å få dei. 145 kr. på kvar, bet. kontant, litt billigare då. Me skulle sykla opp gjennom Dirdalen, Hunnedalen og sjå på arbeidet der far arbeidde. Me hadde 3 dager ferie, 3 dager skoft.

Men me opplevde ferie. Ikkje ein einaste bil, ikkje bileksos, ikkje vegråk, så lungene våre var heilt “opne” og reine. Me sykla motbakke med friskt mot og fint ver. Pause tok me, matro hadde me på ein utpeikt fin hellestein. Så kaffi på termos og deilig grove skive med brunost. Me sykla i takt med fuglesongen. Å, for ein opplevelse. Ja, dette kunne bare opplevast i dei dager, i rein luft.

Ingen “krig” i tankane. Kornblå himmel, og fred på vår veg. Me yvernatta hjå min farbror Hans Retland, Neset, Nødland. Her blei me då ei natt. Om morgonen

sykla me opp i motebakkane mest heile tiå. Heimturen gjekk like godt, i eit strålende ver. Ferien var så slutt.

Så var kvardagen i full gong att. Nå hadde me samla på øre og kr., så me har kjøpt oss tomt i Aasedalen ner til Sandnes, 1,5 mål utmark i 1937. 12 sep. 1937 flytta me inn i vår nye heim. Alt var då trekvitt, ingen ting var malt, men det var gildt å få noko sjølv. Nå var det å gjera det beste me kunne. Litt og litt om gongen fekk me.

Til jul fekk me ein levande julepresang, vår førsteføtte, ei yndig jente, som fekk navnet Marit. I 2 år då med fred og glede.

Me måtte låna i Småbruk og boligbanken, 4,5% renta. Fekk ikkje låna meir enn 5.500 kr. Opp motbakken gjekk det, litt etter litt og godt gjekk det. Men me var skrekkelig redde at arbeidet skulle ta slutt (og då blei det slutt på leiken). Ingen likestilling då, med makt og begjær, nei då!

Sommaren og hausten det året før me gifta oss, i 1931, var der arbeidsløyse på Aase Dreieri og året etterat me gifta oss, så her var noge på lur, men så letta det på. Og i 38 hadde dei streik på Aase Dreieri. Men det ordna seg det og.

Sommaren i 1939 bordkledde me huset og i 1940 mala me det, med ei slags dårlig sildolje maling. Om ei stund sprakk då malingi og “flirrades” av, så var det gjort. Mykje blei lagd på “hylla” då krigen kom. Å, du gru.

Nokon rundt om oss her blei venner med tyskarane mest med det same den “fælslighetå” kom, og arbeidde hjå dei. Men dei blei ikkje gilde i våre augo, nokon fekk også føla det på “skinnet”, sjel og til sinn. Men ingen tenkte seg at denne fælsligheten skulle vara ved i heile 5 år.

Ein bror min var i krig. 2 gonger var det på nære hold at han ikkje blei skoten. Han var blant dei som då var komen til Dirdal, der kulene fauk omkring dei. Han fortalde at ein kamerat og han, hørde ein fæl dur,

dei fekk i farten hiva seg ner mellom ei høg gravstøa (støtte) og gjerdet, for ikkje å bli trufne. Dei låg oppå einannan for å “gøymast”. Så kom det ei granatsplint eller kule og datt ner rett ved sida deira. Dei låg som skutt. Dei torde ikkje røra seg. Her trudde dei deira siste time var kome. Eit under skjedde, sa dei.

Me blei då på Hegre og hjalp til med vârvinnâ. Min bror var det som var på gården og hjalp, som gardsgutt for mor. For far min var då død.

Å kor me hata dei her uvennene som kom som store “ørner”. Og slik som dei for åt, å fy!

Men me hata endå meir dei som skulle kallas våre “Norske folk”, slik som dei for åt og forradde sitt eige land.

Så kom sommaren 1942. Me får ei ny litå jente, me får meir å metta, meir å passa på i denne farliga tiå.

Dei 2 er begge fødte heime hjå oss av ei dyktig, kyndig og god jormor, Dorthea Nygård i Sandnes. Ikkje snakk om noko sjukehus opphold. Ei syster til meg, var og hjalp, og det var det beste å få vera heime.

Folk blei vilt skræmde då krigen kom, dei for åt som om det hjalp å flytta. Dei tok til skogs med ulltepper og dyner for å søkja ly for fienden. Aa, kor fælt det var, alle var livredde. Me tok litle Marit på sykkel, sykla ut til mannen min sin heim. Der hadde dei ein underjordisk kjellar, og her blei me i lag med 3 familiar i mange netter, Her låg me på deilig varm halm. Her lytta me til flyduren, og alt det vonde oppe i luftå, og kor dei då ville koma til å sleppa ner sin vondskap.

Heldigvis blei ingen rundt oss skadde. Me begynte å leva med flybombing og myrklagde vindaugo natt og dag, og dag og natt. «Tida vil nok lækja alle sâri», sa min gamle onkel på 81 år.

Tiå gjekk og går. Min mann hadde det alltid travelt då kvelden kom, for han tok

seg alltid ein sykkelstur. Eg var redd han skulle koma ut for noko. Han sykla til min heim etter mjølk, og her hadde dei radio som dei lytta til, og min mann er med dei. Dei hørde då kva som hende. Før kl. var 7, var han heime att, og kom seg gjennom Tyskervaktå før kl. 7-8. Då var eg glad. Eg var alltid redde, “off då”.

Me er komne til 1943. Nå har min mann laga ei slags barnevogn. Men denne var ei sjelden ei, lik ein tilhenger, til sykkel, med eit sykkelhjul bak og så feste i sykkel bak. Veldig flott. Fint gulmalt, lakka. Forma av kryssfiner. Her skulle då litle Gundvor ligge, då me tok ut på sykkelstur med henne. Ein gong me sykla til min heim, blei me stoppa av tyskarane. Dei kikka uppi og fekk då sjå vår litle dukke. Ein tysker slo seg for brystet og sa: “god, god”. Han blei heilt betagen av det.

Aara går sin same gong, 1944. Min mann har vore ute på Hegre, eg visste aldri kva dei dreiv med då, og aldri at dei lytta på England. Ein kveld me snakka om krig og om fred, så seier han: “ja nå er det snart slutt på krigen!”. Eg ville vita om han visste noko. Nei, sa han, han bare trudde det. Eg levde med det, og var glad for at eg ikkje visste det. Ellers hadde eg ikkje fått fred, om det då kom nokon og gjerne spurte om eg hadde høyrte noko. Ja, for slik hadde me det, dag og natt var eg redd at nokon av våre sku bli tekne til gissel, og korleis det då skulle gå.

8. mai 1945. Endelig! Me er fri, me er oss sjølve att. Ja, alle mann kl. 10 frå Aase Dreieri kom jublande glade.

Rundt om oss såg me flagg til topps, og alle vifta med flagga og song det lungene var gode for. Me samla oss til eit stort tog, små og store, og alle som kunne gå. Ein gammal mann med stav, var og med og song; “Ja vi elsker dette landet”, opp att og opp att. Det blei reine ekkolyden. Og veret var som om det var bestilt til 8 mai. Heilt fantastisk var

det. For ei stor glede. I kor blei ropt: “fred, fred, fred”.

Heime i min heim på Hegre hjå mor kom venner og kjende saman. Dei håndtrykte kvarandre, og yngste tillukka med dagen og freden. Vil ikkje håba at 5 nye år kjem. Nei.

Når eg tenkjer tilbake på min ungdom, det me måtte gjera, og kva dei unge i min alder gjer i dag (ja, noen) så er det mest som ei “skrøna”. Der er dei som også trur det. I dag kan dei få gå til ny skule vidare (om dei vil). Læra meir, utan mykje “strev” attåt. Ikkje pengekrav.

Nokon likar meir å gjera “ugagn”, stygge, grusomme øydeleggjingar og herjingar, ruteknusing, og dette er gildt i deira augo, steling på alle vis. Nei, her er inga samanlikning frå vår tid, og til i dag. Eg kan aldri hugsa at nokon ungdom gjorde hærverk, aldri.

“Narrestreker” som bestefar sa, gjorde me, slik som om laurdagskveldane av og til. Samla alle treskoi i ein sekk, fjerna alt or bislaget og hengde dei burt til fjosdøri. Tok dørmattå og la den på steingjerdet. Hengde skrubbkosten for dodøri, og slike ting. Ein laurdagskveld kom me alle som var i lag, på at me skulle finna på litt ekstra. Eit stort klevask med dongerikler hang på ei snor. Her tok då me alle som ein, ting for ting og heiv upp til topps i eit stort og kvitt Asaltre, og der flagra dei til sundagsmorgonen, om dei som trengde dei fann dei att. Ja, slik moro hadde me av og til. Og dette var hjå ein “gubbe” lenger vekke.

I dag er det “løye” og “løgnare” om dei får knusa, slå sundt, knusa på flasker, og hiva inn i hagane til andre, og allslags vondskap. Det er det som er gildt i dag (kunst er det også).

Men det er utan tvil. Dei får for lita straff, for alt slikt hærverk. Og det er heilt forgale.

Dei skulle blitt duelig “raurista”, så hadde dei gjerne fått lært litt. Ja, med gamaldags ris.

Alt me gjorde med hendene er nå “daue” krefter sitt arbeid. Mjølking, som var så tungt eit arbeid. Steinhenting, og alt som heitte gardsarbeid er nå maskinen sin jobb, og godt er det. Så på ein stor gard i dag er det minst i å vera kone. Her nyt dei det me aldri fekk. Ja, ja, me har det godt. Det besta av alt er ei god helsa. Held ikkje den er det lite “mon” i alt.

Farfar til mannen min, Svend Monsen Aase, var med frå starten av, saman med Per Løvås og starta Aase Dreieri i 1884. Mannen min begynte då som 18 åring som læregut, og hanarbeidde på denne arbeidsplassen i 52 år. Dei siste 25 år var han formann på Aase Dreieri. Nå ville ikkje fabrikkjen gå lenger, så han tykte det var eit nederlag, då hjulet stoppa etter 52 års arbeid. Han arbeidde til han hadde fylt 71 år, og til hausten i oktober. Han fekk då etter 30 års arbeid Norges Vell medalje, for lang og tro teneste. Då 50 år var farne hen, fekk han Kongens medalje.

Han fauk til Slottet og fekk takka vår kjære konge i handi, takka for medaljen, og sitja nerpå 15 min. og snakka med han. Og Kongen var innpå med møbelarbeidet og den ting. Han var så liketil og grei, det var nett som om han snakka med lensmannen i Gjesdal!!

Det var veldig vondt å få nye læregutar til ein møbelfabrikk. Dei tente altfor lite til det. Alle som var der på fabrikkjen var yver 50 år, nå. Dei unge ville heller ut i oljå, der fekk dei meir for strevet, og dei tente og dobbelt så mykje der. 40 kr. timen, det er bare blåbær, blei “hermd” etter ein ung gut som kom til plassen, og ville sjå om det arbeidet, altså til Aase Dreieri. Ja, slik er det i dag.

Eg liknar det med mi tid som 18 åring “seier eg i spøk”

Nå er me begge to 71 år. Me har det så godt. Vårt eige hus. Så stort og godt at me kan ha gjester, som me også har om sommaren i vikor og månader, og godt er det.

Hytta har me i Hunnedalen som er 25 år gammal, er døypt Stølsbu. God bil, så me kan vera mange i, og godt å koma att og fram, når me vil.

Helsa er god til i dag. Håpar den vil halda lenge, lenge til. I snøen trives me, og går lange turar når veret er fint på skitur.

Me har 1,5 mål jord opparbeidd nå. Potet set me nokon fårer av, nepa, løk og mest av gulerøtter. Solbær og rips, stikkelsbær og plommetre. Me manglar ingen ting! Berre banantre?

Min mann har også drivhus, og her har han tomatplanter og eit ferskentre om me får noge på det. Så arbeidslause blir han ikkje så lenge han kan arbeida.

Pensjonistlag har me ikkje vore på, me har so mykje å “rotla” med ellers. Plen så stor å slå. Den har me fått hjelp til av barnebarna og det er god hjelp. Me har mange blomebed å halda i orden, luka for gras og graps. Det er min jobb. Eg likar å luka, gildt å få fine reine bed.

300 skaugumar set mannen min, ei heil vårvinna, då dei skal inn att om hausten. Han vaska då kvar einaste ein, tørka dei godt før han legg dei på plass. Slik har me det!

Den 19 sep i 1979 tok me oss ein skikkelig ferie. Me fauk til Athen, Hellas. Her budde då vår yngste dotter på 38 år med mann og 2 gutar, den eine på 10 år og ein liten som nettopp fekk sjå Hellas, på 1 månad. Her blei me i 3 vikor, og fekk oppleva noko for livet (ein stor rikdom).

Hennar mann er oljesjef der. Nå er dei flytta til Libya i Afrika, og dei likar seg veldig godt der og.

Vår eldste dotter bur i Stavanger med sin fam. Hennar mann er med og lagar vernevoignar. Deira jenter er store. Den eldste er D:H.elev, ei er på gymnaset og så ei lita på 11 år. Så alle har sin heim og har det godt. Den eldste er 20 år, den andre 18 år. Desse jentene er det som nå kjem og hjelper oss med slåing på grasplenen. Ei god hjelp.

Nå har me god tid å høyra på alle politiske møter, og så interessant det er. Eg tykkjer alle er like gode i sin tale, alle vil vel, og godt. Eg er veldig oppteken av ein i ser, og for spøk sier eg alltid det, der er den som eg holde av. Ja, nå både høyrer og ser me dei og det er greit.

Far blei ikkje gamal. Ho mor sa at han sleit seg til døden. Han fekk ikkje oppleva alt dette nye og alt det gode. Før han blei skikkelig sjuk, hadde me dr. Svabo ut ein gong han ikkje følte seg vel. Dr. sa til han: “Du skal kvila deg”. Far svara : “Eg har ikkje råd til å vera sjuk”. Men det blei han. Han fekk strupekreft, og døydde i frå oss, nær 54 år, nett fyr jul. Det blei ei fæl tid, for mor, og for oss alle.

Mor fekk oppleva meir, ho blei 92 år. Frisk og god til ei vika før ho døydde. “Slag”. Me hadde henne med på biltur og det var ein opplevelse for henne. Ho sa alltid: “Det besta av alt som er oppfunne er bilen. Den trengje ikkje å turka på sveitten”.

Med dette sluttar eg av, og takk for meg.

*Marta Retland Aase
Ganddal 4300 Sandnes.*

Ola Søyland

Sommarminne

Ja, det kan vera så mykje! Ser me attende på denne fine sommaren, var det mykje å fortelja. Me hadde ei veke bilferie “fanteliv” som Ola seier. Tok den ytre leida nordover vestlandet. Ein del av landet me ikkje hadde sett før. Me vitja og ein kar som var dreng på Søyland i 1944. Festleg var det å høyra han og Ola friska opp gamle minner.

Ei veke på det varmaste gjorde me ikkje anna enn å stella dyra, og bada. Det hende me var i vatnet før kl 8 om morgonen. Ei herleg veke me ser tilbake på med godt samvit.

Då me var ferdige med førsteslåtten, i første halvdel av juli, og stod klare til å dra på ferie, sa Ola: “Det er svært, nå gjer me slåtten unna på nokre dager, før gjekk heile sommaren”. Dette har eg ofte tenkt på, og eg har lete Ola fortelja om slåttonna for ca 50 år sidan.

Ein tok til med slåtten i månadsskifte juni-juli. Då var det å få ut slåmaskinen og setja den i stand. Far slipte knivane og smurde han opp. Ungane måtte få heim hestane. Me hadde tre vaksne, ungdyr og føl, så det var ofte 7 stk i alt. Hestane gjekk berre på ugjødsla mark, så dei med føl var svært tynne. Ein kunne rekna sidebeina på lang avstand. Ofte gjekk dei langt nord i “Kodlen”, då var me såre bak då me kom heim. Eg trur ikkje “tremerra” ved kyrkja var kvassare å sitja på.



Ola likte treskjerjing

Det var alltid oppstyr då føla vart inne-stengde. Dei kunne ikkje vera med då slåmaskinen gjekk, dei kunne lett verta “skamfarde”. Det var travelt for hestane, så sveitte og skum stod av dei. Vart det stopp, t.d. då knivane skulle skiftast, måtte me ungar reinska dei for blinding og klegg. Det kunne vera heilt svart i brystet på dei.

Far lika best å slå tidleg om morgonen eller seint om kvelden, då var det svalast. Me ungar måtte vera med å raka i frå, og me tykte alltid det var godt då der var tynt, for då var der lite å gjera. Far hadde og arbeidet med å slå hjå Jonas Espeland og Fanuel Kydland.

Var det godver, fekk me ungene køyra høyvendaren, og det var alltid stas. Då høyet hadde turka noko, raka me det i valkar, for så og kasta det utover neste morgon. Om kvelden var det oftast så turt at me sette det i såter. Er det nokon som minnst kor moro det var å hoppa i såtene, om kveldane?, men då måtte ikke dei vaksne sjå oss, då vart det huskestova. Kor lenge flathøyet måtte arbeidast med, kom an på veret. Som oftast kom det regn på såtene. Var dei store og gode, tålte dei å stå ei stund, men vart regnet langvarig vart det mange svarte og stygge såter.

Var det regn og gråver, var det å hesja. Det var alltid me ungene som måtte bera graset innåt hesja, og var graset blautt, var det eit slit. Så skulle me bera tråbunten, og det var og tungt, då bunten var stor. Kan ikkje hugsa det var skoft, kor mykje det regna. Farbror Søren som hadde gard i Vestfold, fortalde at dei sette inn hestane då det kom regn. Eg tenkte med meg, det må vera paradiset på jord.

Var det mykje regn, måtte me hesja tynnare, og då fekk me forlite staur. Det hende me måtte i skogen å hogga. Me ungar drog stauren ned til vegen. Det hadde vore moro å visst kor mykje staur her var på det meste. Eit par tusen er eg sikker på, kanskje meir.

Då så godveret kom og høyet vart turt, var det travelt. Eg ser for meg far som var i løa. Det gjekk godt så lenge han kunne velte alt uti høyrømet, men der var snart fullt, og då måtte han køyra uti høyet. Han velte av litt ute på låvegolv, og inn heile vegen til hesten stod med nasen i veggen. Det var fælt



Tordis og Ola på orvslått

tungt og svampe for hestane, og så måtte dei “homa” (bakka) ut att. Det verste var dersom hest og mann ikkje kunne det. Nokon hestar fekk ikkje føtene med seg, så dei vart sitjande på baken. Ikkje gjekk det å snu i høyet heller, då tvinde dei berre høyet kring føtene og vart liggjande. Me bruka alltid 3 hestar å køyra inn høyet med, og eg køyrde som oftast “mjødlo” (mellom). Då fekk alltid føla vera med, og dei sprang og kosa seg voldsomt. Kom dei på galne sida av hesja, vart det noko kneggjing. Var då hesja tom, hende det dei sprang rett på, så det remja (skreik) i tråane. Der var 2 eller 3 å lessa, eit i lasset, eit til å plukka trådane og eit til å raka. Då gjekk det fort unna, og det minka fort i saupspannet og. Me hadde alltid godt saup, då me ikkje sende mjølka på meieriet.



Det er tid for slått: f.v. Ona og Sigrun på hestane, og Hildegunn på fanget til faren.

Då me hadde slege av og hengt opp vollhøyet, var det å slå på småhøy (skrapslått). Det var Aplaheien, Kråno på Nyeheien, Storækro, nordanfor Mærmyro, Røysø, Husmaen, Espeskogen, under Reinane og Toptene.

Alt skulle me slå. Der var mykje tre og blaut, så me køyrde det opp og kasta det på vollen, eller hengde det på ei tom hesja. Det vart makalaust sauahøy.

Då alt dette var i hus, hesjene nedtekne, og gjødning sådd på vollane, og ugraset var reinska i poteter og kålrot, då var det å koma seg på fjellet på markaslåtten.

Det var ei viss førebuing då me skulle på fjellet. Far sat ein dag i läven og slipte "jæe"

(ljåar). Me hadde ein 60-70 stk, og alle var merka G.L.F. Det var Gjesdal ljåfabrikk. Desse vart laga på Leite på Gjesdal. Svært gode ljåar både i bet og lag. Orva var Haugamorkorv. Dei var laga i Norhei. Dette var særst gode orv, og så dei fine knaggane, dei falt godt i handa. Har enda nokre knaggjar liggjande. Dette er ven brukskunst. Trong me rivar, var det berre å gå på garden til Kalus. Han hadde både rakerive og fengrive, svært gode.

Så var det å få ut to sledar, og lessa desse. Mykje sko det til, for me rekna 3 veker på fjellet. Eit stort spann sur mjølk, flatbrød, stomp (brød), saft, eple, flesk, sukker, salt spekekjøtt og tørrfisk. Av klede hadde me med eit skift, og så kvar sin "kvedel" (ullteppe) å ha på oss om natto. Me låg i høyløene.

Kom me oss seint heimanfrå, så det lei langt på dagen før me var framme, sa alltid far: "Me ligg på riset". Hadde alltid ris i botnen på løa, så ikkje høyet sko trekkja fuktigheit. Det vart nå som oftast sleie nokre fengjer rundt løa så me slapp liggja på riset. Det var alltid saftig og godt gras rundt løa, som hestane lika.

Løene var oppsette av stein og trevegger. Nokre hadde never og torvtak, andre bølgeblekk tak. Dei var nokså "gisne", så bles det, var der kaldt. Men hadde me fått ei svål med høy rundt veggene, vart det lunt.

Det eine brystet på løa var uten vegg. Ein slede stod inne i løa som bord. Var det ruskever, koka dei maten i dørøpninga, ellers var det grua ute. Det var med ei panne, kaffikjel og nokre svarte malmgryte med tre bein og hank. I "Skriptesbakken" hadde me og tjelm (tak uten vegger).

Far var alltid tidleg. Kl. 5 stod han opp og koka kjelen, og då var det sjeve og kaffi til dei vaksne, og me ungane fekk mjølk. Ein måtte gå heim om kveldane for å vera med å mjølka, kom så att i ½9-9 tida om morgonen, med mjølkesuppe og søt mjølk. Då hadde me suppe og laga flatbrødbete, med smør og myssmør på. Det var herleg

I 10-½11 tida gjekk far og ei av jentene og koka middag. Det var alltid saftsuppe, som det ofte var røyksmak på. Til potetene var det enten flesk, kjøtt, morrpølse, eller tørrfisk. Etter middagen ei god kvild. Non var det stomp, og til kvelds kavring og sur mjølk. Var det surt, fekk me kaker.

Som oftast var det 3-4 vaksne slåttekarer, 2 vaksne jenter å raka. Og me ungane slo og raka der det trengdes. Tredje kvart år slo me kvar teg. Me kunne sjå på porsen kor gammal slåttan var. Noko var det ein del lyng og rusk i. Det var tungt å slå, og ikkje mindre tungt å raka. Men det skulle slås likevel.

Me hadde ikkje regnkledde. Jentene gjekk med ei stor kåpe, og den vart snart

gjennomblaut. Så var der uver og regn, gjekk me blaute til skinnen. Me vart så kalde at me hakka tenner. Hugsar me fekk drikka kaffi, for å få att varmen, men magen vart sur etterterp. Om kveldane tok me av dei blaute klede, hengde dei opp på løeveggen så det skulle renna av dei om natta. Om morgonen skulle me ta dei på att. Dette var det verste med heile markaslåtten. Det går enda kaldt etter ryggen då eg tenkjer på det.

Men sola skein og, å du, å du, kor vent og godt det då var. Var det godver, høydde me kvar dag. Det som vart slege den eine dagen, i alle fall føre middag, snudde og høydde me neste dag. Alle hadde kvar si rive og snudde høyet som var breia i kvirlar. Kvirlane sko liggja på dei slettaste plassene, og så store at det var minst ei fengja i kvar. Var dei større var det godt. Me snudde høy til middag, så åt me og kvilte godt.

Det var alltid min jobb å gå etter hestane då dei andre kvilte. Slåtten til Sven, Abel, og vår var i eitt, så det kunne gå både 1½ og 2 timar før eg kom att. Eg gjekk alltid berrføtt. Av sko hadde me berre tresko. Eg var alltid redd for orm, så kjende eg eit stikk på legg eller fot, hoppa eg dugeleg til. Alle hestane på garden samla seg, og hadde dei andre henta sine før, var det å finna ut kva løa dei var med. To vart beisla, ein å ri på og ein tauma etter. Mykje blaute myrar, gjorde ofte vegen lang.

Jentene raka høyet i dungar, og mannfolka fengde og leste. Ungane tok etter. Dei største sko ta etter dei som la størst etter seg, så me trettast sakta om kven me skulle ha. Hestane stod for sleden medan me leste. Ei fengje vart lagt framme, og ei bak og så ei oppå midten. Det var 12 fengje på eit lass, men då var det høgt. Så var det å kneppa med tong på langs, og tau med heggel på tvers av lasset. Etter å ha nyssa det fint, var det ferdig til å køyra i løa.



Her er mange gjøremål på ein gard, som avmakking av sauer f.v. Magnus, Ola og Sigrun (Fuglestad) Søyland.

Far leste av lasset. Han tok dei att fengja for fengja med nevane, og la dei opp i fine svåle, så det sko vera greitt å ta att om vinteren. Hadde me mykje, høya me til det vart dogg. Gjekk det godt, høya me 4 lass i timen. Den største løa vår tok 52 lass. Om kveldane var me tidlege å leggja oss. Me laga til ei læga i høyet. Hadde ei fenje kring "hove", for den stoer myggen var fæl. Ein kunne verta "truden" i både "hove" og nevar, om han slapp til. Så hadde me kvedelen over oss, og så høy oppå der, etter så kaldt det var. Det var alltid mykje smådyr som for og trødde og kitla deg i fjeset. Då ein vart "vand" med det, sovna ein godt. Det var ein herleg ange av pors og lyng.

Var ein så uheldig at ein måtte ut om natta, kunne ein trø på mange sovande ut etter løa.

Då det vart laurdag og kveld, fekk me gå heim. Det var moro å treffa att dei som var heime, og ungane på garden.

Dette var berre nokre spette gløtt om korleis me hadde det for 50 år sidan.

Far fortalde kor dei nytta dagane i hans barndom. Dei var på slåtten i Kyllingstadjellet. Det var laurdag og dei gjekk og skulle eta nun. Dette såg dei på Kyllingstad, men dei var matlens, så husbonden sa dei fekk gå lesta eta. Då dei kom på slåtten att, batt drengen ljåen galne vegen og sa: "Skal me lesta eta, skal me lesta slå au". Då gjekk dei heim etter mat.

Ola Søyland



Her vaks Ole opp.

Ole K. Byrkjedal

Eg skal prøva å skriva nokre minne frå barne- og ungdomstida mi. Byrkjedal er heimen min. Her er eg fødd og oppvaksen. Her har eg budd all mi tid. Byrkjedal ligg som ei gryte mellom fjella. Her møtest fire vegar frå Maudal, frå Veen i Bjerkreim og frå Dirdal. Vegen går vidare gjennom Hunnedalen til Sirdal. Fjella er høge og dalen trong så sola er borte 15 veker om vinteren.

Far bygde nytt våningshus i 1920. Det gamle var 200 år gammalt - og kanskje meir. Det var 10-12 meter langt og 7 meter breitt med skut i båe ender. Taket var tekt med bjørkenever og torv. Var det regn, kunne det mange gonger koma vatn gjennom taket, så me laut setja bøtter og kar under der vatnet kom ned. Om vinteren når her var snøfokk, kom her inn ein masse snø på loftet, så me laut rydda og sopa i kvar krå. I daglegstova sto senga til far og mor, og ein uttrekksbenk

med lokk som borna sov i. Denne benken vart brukt til sæte om dagen. Koppar, skåler, tallerkar og ein del matvarer hadde plass i ei stor hylle på vegg. Spisebordet hadde to klaffar som ein trekte ut når ein skulle eta. I bordet var det ei skuffe som ein hadde knivar, gafflar og skeier oppi. Det var så kvikt å putta dei nedi der. I tillegg hadde ein tre-fire stolar og ein benk. Det var alt inventaret i stova.

I kammerset ved sida av stova var soverommet til ungdommen. I andre enden av huset var bestastova som sto til stas og vart sjeldan brukt. Ved sida av denne stova var mat- og mjølkekammeret. Mellom stovene var det kjøkken og gang i eitt. Golvet på kjøkkenet var av gråstein. I grua sto ei stor malmgryte på 80-90 liter. Eit par smågryter hekk i skjering. Der var og ei stor bakstehelle. Ved vegg sto bakstebordet med bøtter og traug under til forskjellig bruk. Huset sto nesten på marka berre med ein

liten potetkjellar under daglestova. Resten hadde berre nokre gråsteinar undermurt. Golvet var enkelt, så frosten kom snart inn i huset. Innvendige vegger og tak var trekvitt. På golvet var det vovne golvteppe. Til lys hadde me ein parafinlampe i daglegstova. Den flytta me fram og tilbake etter kor me trong best lys. På kjøkkenet hadde me ein mindre lampe eller berre ei lykt.

Sauehuset, kufjøset og løa stod i ei lengd med skut i kvar ende. Veggene i fjøset var mura av gråstein, løa var bygd av tre med same slag tak som på våningshuset, noko som førte til same problema med regn og snø som kom inn. Fjøset var kaldt, lite og mørkt med nokre få og små vindauge. Ein brukte ei lita lykt i handa til å lysa med. Under foring og mjølkning hengde ein lykta i taket.

Ein skulle ha storvask i huset haust og vår. Då skulle tak, vegger og golv skurast med sand og såpe. Halmen i sengene skulle og skiftast då. Sengklede skulle vaskast og hengjast ut i sola til lufting.

Eg trur nok det var ho mor som stod for ansvaret og oppsedinga av borna. Var me ulydige, var det ho som straffa oss. Far tykte synd på oss då. Mor las alltid søndagsteksten, og ho tok oss med på møte då me var små. Møta vart haldne i privathusa.

Borna laut delta mykje i gardsarbeidet i min barndom, men me hadde og våre fristunder då me var saman med naboborna og hadde mykje leik og moro. Om sommaren slo me ball, hadde tikkas, bomma, slo på kjeppen og hadde mange andre leikar. Var me inne, spela me ludo, svarteper, gnav og mange andre spel. Om vinteren var me mykje på isen der me leika isbjørn, bru bru breie. Eit par av gutane hadde nokre gamle skeiser. Dei fann gjerne eit is- stykke, sette ei jente på, og skeisa av stad til mykje moro for dei andre som berre rende på treskor. Vinterkveldane i skibakken hadde me det gildt. Gutane sto på ski. Dei var heimelaga

med skiband av bjørkevidje, ståltråd eller lerreimar. Til skismurning nytta ein svine-svor eller eit salt sildehovud. Utanpå skorne hadde me "lampa". Det var spunne av garn av kuhalar og ull som me batt til "lampa". Desse heldt så skoen ikkje glei ut or skibandet. Jentene brukte kjelkar som var heimelaga. Me kunne og ta hestesleden. Då gjekk det strykande når alle sat på.

Juletre hadde me alltid, men pynten på treet var berre tillaga av glanspapir, papirkurvar med litt snop i og små stearinlys. Men det var festleg når naboane kom og var med oss, og når ho mor kom med sjokolade. Då var det fest. Ein fekk ikkje julegåver då som no. Ein fekk gjerne eit par sokkar eller vottar eller kanskje eit nytt klesplagg. Fekk ein ikkje noko nytt, heitte det at ein laut dra på hoggestabben inn i det nye året. Til jul skulle ein og gjera ekstra reint både i stova, kammerset og på kjøkkenet. På kjøkkenet skulle ein strø fin sand på steingolvet. Halmen i sengene skulle bytast. I uthusa skulle me og ta litt ekstra opprydding. Me skulle og hogga opp mykje ved og bera han på loftet til tørking. Det skulle bakast ekstra gode brød av berre kveitemjøl. Ein skulle baka lefse, koka gome og mange andre ting. Ein laut vera godt forsynt i matvegen, for etter jul skulle ein ha juleselskap med slektningar og naboar. Det var ein gammal skikk at ingen måtte gå inn i nabohuset før etter 20 dagars jul viss ein ikkje var beden. Det var skamleg. Julaftan skulle store og små bada. Det var visst berre til jul mange av dei gamle bada seg om vinteren. Ein hadde berre ein stor trestamp på kjøkkengolvet å bada i.

Eg kan hugsa mor støypte lys til jul. Ho hadde blekkformer som ho fylte med bråna feitt med lysrag i midten. Ho støypte triangel lys og. Då bruka ho stampekinna halvfull med vatn og bråna feitt som flaut på vatnet. Ho batt saman lysrag til så mange lys ho ville ha, dyppa dei så ned i feittet og tok det opp til avkjøling. Dette gjorde ho



Byrkjedalsbrua med skulehuset i bakgrunnen. Dette huset vart oppsett i 1901 av materialer frå det gamle skulehuset på Gilja, som var bygd i 1876.

om att til ho fekk den storleiken på lysa som ho ville ha.

Skulehuset med lærarbustaden i same lengda stod på garden, så veggen var stutt til skulen. Skulestova var berre 5-6 meter i kvar kant med eit lite bislag. Det var kaldt og utett. Om vinteren kom det masse snø inn på loftet. Me laut sopa snøfokket ut att kvar gong. Skulen var samla med 8-9 born. Me gjekk to dagar i veka, måndag og torsdag, frå klokka 9-16, 12 veker i året. Læraren hadde tre skulekrinsar å halda skule i: Byrkjedal, Mjåland og Maudal. Han budde i Byrkjedal, så han laut gå til Mjåland og Maudal. Til Maudal var det ikkje veg i den tida.

På skulen hadde me og mykje moro i friminutta. Leikestaden var på veggen. Der for berre nokre få hestekjøretøy dagleg, så me hadde det trygt, og ingen uroa oss. Læraren hadde god orden i skulestova. Var me ulydige eller sat og kviskra, måtte me stå i kråa

til straff. Kunne me ikkje lekse, var det å sitja igjen. Me syntest det var svært skammeleg. Men læraren var og svært gild og koseleg. Han var med oss i leiken av og til. Me hadde stor respekt for han. Ingen vart mobba, vi røykte ikkje eller for med stygt snakk. Me fekk ikkje tid til å lesa så mykje, men me las Norsk Barneblad og bøker me fekk låna frå ei lita skuleboksamling. Me hadde mykje heimelekse som skulle lærast utanåt.

Om vinteren gjekk me i snareskogen og fanga rype. Me sette felle og fanga røysekatt. Om sommaren plukka me bær. Det som me ikkje brukte heime, fekk me lov å selja. På den måten tente me oss nokre kroner. Me fekk aldri løn av foreldra når me hjelpte dei med arbeidet. Det hadde dei heller ikkje råd til.

Maten var heimelaga. Ein kjøpte sjeldan noko ferdiglaga. Om morgonen var det kaffi for dei vaksne, mjølk til borna, havresuppe med sukker i eller svak kaffi, potetkake,

pannekake og heimelaga brød. Ein hadde middagsmat klokka 12. Det var gjerne graut eller poteter med mjølk. Nonsmaten klokka 16 var kjøtmat, fisk eller sild med suppe og flatbrød attåt. Til kveldsmat i 19-20 tida åt me poteter eller graut. Om sommaren åt me geiteskilt. Til søndags og på heilagdaggar vart middagsmaten servert klokka 12. Nonsmaten vart då som morgonsmaten. Dette kosthaldet vart brukt til etter første verdenskrig. Geiteskilte gjekk ut or kosthaldet då meieriet kom i 1925. I 20-åra gjekk ein meir og meir over til å servera middagsmaten klokka 12. Så serverte dei kaffi til nons. Kveldsmaten var mykje den same. Brøda vart laga av poteter, rug og kveite. Dei vart steikte i komfyr eller store bakaromnar der ein kunne steikja over 20 brød om gongen. Bakaromnane var mura av murstein. Om hausten skulle ein og baka flatbrød, gjerne i to-tre dagar. Flatbrødet vart og laga av poteter, havre og rugmjøl. Ein kjøpte sjeldan brød og kjøt. Ein slakta det ein trong til eige bruk heime. Om vinteren kjøpte ein 1-2 hektoliter sild som me flekte, salta og røykte. Etter krigen gjekk ein meir og meir over til kjøpemat.

Folk vart nok sjuke og sengeliggjande, men dei henta sjeldan doktor. Avstandane var for store, og det var vanskeleg å komma seg fram for lækjaren - særleg vinterstid. Og det var dyrt å henta lækjar i den tida. Ein laut betala sjølv, for sjuketrygd var ikkje då. Nei, ein prøvde å hjelpa seg med dei hjelperrådene ein visste om anten det hjalp eller ikkje. Borna var mykje plaga av tannverk, skeive og rotne tenner, men dei reiste aldri til tannlækjar, for foreldra hadde ikkje råd til å kosta tannlækjar på borna. Nei, ein nytta hjelperråder som nafta, tobakk, kamfer, varm graut og andre ting.

Konene som venta born, gjekk aldri til lækjar eller kontroll. Dei låg på barnseng heime, og det var jordmora som hjalp til

under fødselen. Barnekontroll og barne-trygd var det heller ikkje.

Ho mor kjøpte tøy, og sydde og spøt- te alle dei klede me trong. Me brukte treskor, og det var sjeldan me fekk lærskor. Me sprang berrfotte frå vår til haust og hadde sjeldan skor på føtene då. Treskor brukte me på skulevegen og. I snøen kunne me få store snøklabbar under treskorne, så det kunne vera vanskeleg å gå. Men me syntest det var moro og. Var det kaldt i skulestova og me fraus på føtene, var det berre å varma skorne på omnen.

Vinterkveldane var daglegstova mest som ein verkstad. Mannfolka sat i stova og laga treskor, river, reparerte skor, hesteselar og truger. Me borna batt "lamper" til skiskoa. Far lærde oss å laga rypesnarer. Dei laga me av hestehalefaks. Kvinnfolka dreiv med spinning, spøting, syng, bøting av klede og anna husarbeid. Dei største borna laut og vera med å karda ut ulla i fine små ullrullar ferdige til å spinna på rokken. Men det var helst ho mor som kunne kunsten å spinna på rokken. Mor skulle og veva vadmålsty kvart år til mannfolka og gutungane som ho sydde klede til. Golvteppe vov ho og. Vevstolen sette ho opp i daglegstova. Me syntest det var moro å sjå på når ho vov. Me fekk og spola på rokken, noko me trettast om å gjera. Men me var glade når vevstolen kom ut att, for den tok så stort rom i stova og laga slikt bråk. Far laga og bøtter, mjølk-kekoller og stampar av tre. Om våren når sevja gjekk i trea, var det tida å hogga små tunne bjørkerenningar til vidje som skulle brukast i hestetruget, skiband og i sauehuset. Me skulle og hogga rauncemne til hestetruget, kneppeheglar og emne til klavar for geiter og kalvar. På denne tida var det lett å bøya treet.

Om vinteren når dyra stod inne, var det mannfolka som fora, men det var kvinnfolka og borna som bar vatn og bronna dyra.



*Ole og faren Daniel
jagar kyrne på beite.*

Dette var tungt, for vatnet laut hentast frå brønn eller frå elva.

Om sommaren var det dei som dreiv dyra på beite og henta dei heim om kvelden. Kvinnfolka stod for mjølking av ku og geit. Mjølka vart sila i trekollar og stod til ho vart sur. Fløyten vart skumma av og kinna til smør. Det som ein ikkje brukte i hushaldet, vart selt. Mjølka vart brukt til ost i hushaldet eller til kalvar og kje. Geitemjølka vart laga til geiteskjelt som var ein kraftig kost.

Alle kje vart ala opp til hausten. Dei som ikkje vart påsett til livdyr, vart slakta til eige bruk. Om våren var det kvinna som breidde naturgjødsla utover åker og eng etter kvart som mannen kjørte til og hogg ut passeleg store dungar frå kjerra. Eg kan minnst når far gjekk med orv og slo på vollen. Borna laut læra å slå i 9-10 års alderen, først med stutturv. Kvinnfolka breidde graset utover, snudde og sette i såter om kvelden. Borna hjalp til det beste dei kunne. Om kveldane hadde me mykje moro og laga gøymle i



Høyet blir snudd med raksteriva. F.v. Ole, Helga, Gunvald, Margun og Andrea Karoline alle Byrkjedal.

såtene, og me hoppa i høyet i løa saman med naboborna. I gammal tid hadde fjellbonden mykje utmarksslått. Det var slik han samla mykje av stråforet. Den dyrka jorda vart mykje brukt til åker. Eg kan minnast det var i bruk 30 utmarksløer i Byrkjedal. I tillegg var det ein heil del "sekkaslått" som me sa. Dette var slått der ein ikkje hadde løer, men slo graset og stappa det i store høysekker og velta dei nedover dalsida til veggen.

Etter at ein var ferdige med heimeslått, skulle ein først til Støladalen. Naboane var der på same tid. Det var ein gammal skikk. Oppover stølsvegen var det flate kvilesteinar som ein til vanlig skulle kvila på og venta på naboen viss han var straks etter. I fint ver var det mest som ein ferie, men i regn kunne det vera surt og kaldt og tungt for jenta som skulle raka saman det blaute graset i "kvillar". Når dei vaksne kvilte, sprang me borna og plukka molter og bær. Fiska gjorde me og. Kan tru han smaka godt fisken der oppe.

Eg kan minnast ein gong eg fekk slik tannverk. Eg låg og gret i høyløa. Far kom og la tobakk på tanna. Då sovna eg, men du kor sjuk eg var då eg vakna!

Ein hadde mykje åker både til poteter og korn. Åkrane var dei same år etter år. Potetene spadde me i jorda om våren, om hausten var det å spa dei opp igjen. Me bruka meir poteter i hushaldet før enn me gjer no. Me skar kornet med sigd. Då skulle og husmennene vera med å ta sine plikt dagar. Det skulle ein god rygg til å gå bøygd heile dagen, men ein tok seg gjerne ei kvild og retta ryggen eller sette seg på åkerreina. Husmannskonene kunne då fortelja frå gamle dagar slikt som me borna var interesserte i å høyra. Kornbanda skulle bindast opp på staur til tørke. Ein batt gjerne 11-13 kornband på kvar staur. Oddetalet skulle vera staurhette på toppen til å ta av for regnet. Når kornet var tørt, skulle det lagrast i ein "stae" i løa. Alle kornbanda skulle leggjast fint i band med toppen inn i "staen" for at ikkje mus og rotter skulle koma så lett til.

Dei som hadde dette arbeidet, kalla me "rokatt". Kornet skulle helst liggja ei tid framover hausten til gjæring før ein treska det. Dei gamle sa at ein fekk betre korn då.

Til tresking hadde folk berre "tust". Dette var to stavar. Den eine staven var ca. 1,5 m lang, det var handvullen. På den var det skore ut ein runding til bandet som batt dei to stokkane i hop. Slagvullen var ca. 0,8 m lang og 5 x 5 cm tjukk. Den var helst laga av eik og hadde hol i enden. Stokkane var samanbundne med åleskinn helst. Ein la kornbanda på låven med toppen inn. Det var litt av ein kunst å bruka tusten på rette måten. Det var og eit seint og meinsleg arbeid. Men i 1915 kjøpte far og naboane ein liten treskemaskin som to mann drog, og då gjekk det betre. Kornet skulle reinskast. Først skulle ein ha det oppi eit stort sold med netting i botnen. Dette skakksoldet rista me til alt kornet fall ut og berre stubb låg att. Kornet vart så samla i enden av låven. I andre enden vart det hengt opp eit teppe. Ein sat så i korndungen og kasta kornet med handa. Det tunge kornet kom fram til teppet. Det lette kornet og agner og rusk fall straks ned. For å få det ein skulle ha til matkorn ekstra reint, brukte ein eit lite traug som ein kalla drypptraug. Kornet skulle malast til mjøl, men først skulle det tørkast. Eg kan minnast at far tørka kornet i den store gryta i grua. Den fylte han halv med korn, tende varme under og rørde med eit varmetre i kornet. Kjenneteiknet på at kornet var tørt, var at ein kunne brekka det mellom neglene på fingertomane. Gjekk det av på midten, var det tørt nok. Ein måtte vera varsam med varmen så ein ikkje brende kornet. Då kunne det verta brennesmak på mjølet. Eg kan minnast at eg sat mange kveldar på den varme kornsekken saman med far når han turka korn. Der var så varmt og godt, og eg tok meg gjerne ein pølsebit av pølsa som hekk i kjøkkenet og steikte henne på gloa. Den smaka godt. Eg var med far til

kverna mange gonger når han mol. Eg tykte det var så moro å sjå kverna som sveiv så fort og kornet som fall inn i kvernsteinen og kom ut att som fint mjøl. Eg kan minnast trikvernar som var i bruk i Byrkjedal.

Hausten var slaktetid. Då skulle det slaktast for å skaffa det kjøtet som ein trong for året. Det var helst kje og bukkar og så ein gris til jul. Den skulle vera stor og feit - helst over 100 kg. Når dei skulle slakta, gøynde me borna oss bort. Me tykte så synd i dyra. Det meste av dyra vart nytta. Hovudet og føtene vart skolda. Innmaten skulle ein laga pølse av. Den vart vaska og reinska. Tarmene måtte ein vera varsam med så dei ikkje gjekk sundt. Eg kan minnast far hakka innmaten med øks, for i den tida hadde me ikkje kjøttkvern. Han la innmaten i ein "kjøttblokk". Det var ein trebøtte ca. 60 cm lang og ca. 25 cm brei, or-gropt ca. 15 cm. Men først skulle innmaten løypast. Det var å varma han opp til 70-80 grader i vatn for å få or mest mogleg blod. Når kjøttmassen var godt sundthakka, skulle han i tarmene. Då bruka me "pølsestryda" som var laga av geitehorn som var 5-6 cm lange med fleire storleikar etter kor tjukk tarmen var.

Om vinteren på sledefore kjørte me heim alt høyet me hadde i utmarksløene. Og me gutungane måtte vera med i skogen etter ved. Ein trong ein masse ved til husbruk i den tida. Me bruka ofte løypestreng, men me drog og mykje fram på snøen. Kvisten samla me saman i store knippe som me velta nedover dalsida til veggen. Me hogg og ein del salgsved, men betalinga var liten. Me fekk 9 kr for ein halv famn levert til sjøen etter 11 kilometers kjøring. Ein halv famn var eit godt hestelass. Me reiv og ein del bjørkebark ved jonsokbel. Me gutane lika å slikka sevja på trea. Ho var så søt og god. Borken selde me. Fiskarane bruka den til å barka garna sine med.

Om våren kunne ein komma i stor fornaud, særleg viss våren kom seint. For å

spara på høyet, skar me lyng. Jentene kunne og ta sigden i handa og dra ut i marka og skjera ein lyngsekk og så bera han heim på ryggen. Dei var ikkje så redde for å ta eit tak jentene i den tida. Ein skov og borken av lauvtree. Raun var best. Dei gamle sa at «raun gjev merg i legg». Ein sat gjerne inne i daglegstova eller på kjøkkenet om vinterkveldane og skov. Me hogg opp skavveden i lengder på ca. ein halv meter. Me sette ein staur frå golvet til bjelken i taket. Den kalla me "skavhedel". Me hadde og skavekrakk. Det var ein krakk med ein liten fastspikra skavhel på. Så sat ein med ljåen i høgre handa. Den kvilde med andre enden på skavhelen. Kjeppen tok ein i venstre handa og førte den fram og til bake mot ljåen og skov borken av. Treavfallet kalla me skjevla, og det var fint brensel.



Laurents skavar for til dyra

Før slåtten skulle me og hogga og lauva ein del bjørkelauv. Det var fint for til geit og kje.

Far var den første som kjøpte slåmaskin her på garden. Eg trur det var i 1910, og dette syntest me ungane var svære greier. Og moro var det å sjå kor fort det gjekk å slå. Men det syntest seg at det var så mykje stein på marka at det var til hindring når ein skulle slå med slåmaskin. Dei måtte bruka spett eller brot til å bryta steinen opp or jorda med. Ein hadde ikkje slike greier til å hjelpa seg med då som no. Seinare fekk me steinbukk, og då gjekk det betre.

I 1914 fekk me separator. Dette syntest me var fint. Ein fekk meir smør ut av mjølka, og så letta det mykje på arbeidet med mjølkestellet. Me borna måtte separera når me ikkje skulle på skulen.

Den første sykkelten trur eg kom i 1915. Det var stort når ein hadde råd til å kjøpa seg sykkel. Det var mest som å få seg bil nå.

I 1917 kom det kjørande to drosjebilar frå Sandnes til Maudal. På Gilja møtte det opp ein masse folk ved vegen og skulle sjå det store underet av ein bil som ein aldri

før hadde sett i dalen. I Maudal var og folk samla ved vegen for å sjå bilane. Då dei skulle kjøra tilbake att, fløyta den siste bilen i bilhornet til avskjed. Då var det ein liten gut som sa: "Når den første bilen var reist, vart den andre so i farten at han stod berre og bølge". Den første bilen som kom til dalen, var ein liten Ford lastebil i 1925.

Første verdskrigen

Eg kan godt minnast då den første verdskrigen braut ut den 3. august 1914. Tidleg ein fin sommarmorgon kom ho mor og ropa: "Du lyt stå opp, det er visst krig." Eg skulle eit ærend ned til elva for mor, men då høyrde eg nokre svære drønn mest som tora slo, og eg vart fælen og sprang opp til dei vaksne. Då sa far at det var engelskmenn og tyskarar som hadde eit stort sjøslag nede i Skagerakk. Både svigerfar og to av brørne mine vart kalla ut på nøytralitetsvakt fleire gonger. På slutten av krigen vart det streng rasjonering, særleg på mjøl, smør og sukker. For å hjelpa



Matøkt ved uteløa. F.v. Margun, litt av Odd Helge, Dagfinn med ryggen til, Ole og Gunvald alle Byrkjedal.

på kornmangelen kom det påbud frå staten om at alle bønder skulle ha minst 50% åker av den dyrka jorda. Dessutan kunne bøndene gå saman og danna innkjøpslag til felles kjøp av maskinar. Då fekk dei statstilskot til kjøpet. Dette var til stor hjelp for bøndene. Det var dei som berre hadde ei trehorv med tretindar og ein liten grindaplog. No fekk ein større og betre plogar, horver og ugrasprøyter. Kjøpegjødsel, skjelsand og kalk tok ein og så smått i bruk. No vart det og gjeve statstilskot til nydyrking. Den udyrka jorda vart oppdyrka, og stor stein som låg att på den dyrka jorda vart skoten sundt og kjørt bort. Det vart som eit gjennombrøt i jordbruket i åra framover då. Byrkjedal ysteri vart bygt i 1925. Dette var og ei opphjelp for bøndene. Avlingane på gardsbruka vart større, og difor minka utmarksslåtten år for år, så bort mot 1950 var det heilt slutt med utmarksslåtten.

Ein sit att med mange gilde minne frå ei svunnen tid som aldri kjem att. Alle

utmarksløer er borte, og det viser snautt merke etter dei.

Når far og mor skulle til kyrkje, tok dei alltid oss borna med. Far kjørt med hest, og me syntest det var moro å sjå alle folka på kyrkjeveg. Hest og kjerre var framkostmiddelet då. Eg trur folk flest gjekk meir til kyrkje før. Der trefte ein og skyldfolk og kjenningar som ein fekk helsa på.

Eg var vel i 5-6 års alderen då eg første gongen fekk vera med ho mor til byen. Me skulle reisa med båt, og den syntest eg var sværande stor. Og så fort den kunne gå! Det var berre så det fossa om baugen, og høgt oppe på brua stod mannen som styrde båten. Det var mange stoppestader der folk og varer vart tekne om bord. Då me kom til byen, vart eg mest redd. Det var slik larm i gatene av alle hestekjøretøya. Bilar var det ikkje då. Og så alle husa og butikkane! Der var ungar som sprang og ropa: Aftenbladet, Stavangeren, 1. mai. Politiet patruljerte. Gasslyktene stod og lyste med eit svakt lys i



Väningshuset på plassen Brualand

gatene. Ja, eg syntest eg hadde fått sett mykje forvitneleg på første byturen min.

Husmenn

Her i Byrkjedal var det fleire husmenn i gammal tid. Eg kan hugsa to husmannsplasser. På den eine husmannsplassen budde Jakob Pederson og kona Serina. Han Jakob var ein toleg, snill mann og utsliten av hardt arbeid. Plassen han budde på var bratt og steinut. Husa var små og dårlege. Dei hadde 7-8 born, så Jakob var mykje ute på vegarbeid. Kona Serina laut visst nok ut på bygda og "be" stundom. Eg kan minnst at i 1907 kom bjørnen og tok alle 7-8 sauene hans om våren. Eg hjelpte han mykje i torvskurden, med vedhogging og potetsetjing, men mest alltid ville han betala, 50 øre dagen som eg skulle ha. Eg kan minnst at eg hjelpte han med dei siste setjepotetene den 17. mai. Me vart ferdige til middag. For det fekk eg 10 øre, og det var eg vel nøgd med.

Den andre husmannen eg minnst var Nils Pederson på Bakken, liten og bøygd etter mykje arbeid og slit med krokstav i handa og sydvest på hovudet i solskinn og i regn - men alltid bak fram. Han måtte me og hjelpa både i torvskurd og vedhogst. Ja, dei gamle husmennene hadde det ikkje godt. Dei budde i små kalde hus og hadde lite å leva av, men dei fekk ikkje hjelp frå kommunen. No er dei borte for mange år sidan, men minnet lever etter dei.

Gravferd

Når nokon døydde og gravferdsdagen var bestemt, skulle ein nær slektning til den avdøde gå og be inn til gravferd. På mindre gardar vart alle bedne - både store og små, men på større gardar var det oppdelt i lag. I nitida samlast folket i heimen til den avdøde. Etter kvart som dei kom, skulle dei til bords og få seg mat. Dei som skulle til kyrkja, skulle til bords enda ein gong. Kista vart teken inn i stova, loket vart teke av og

alle som ville, skulle få sjå den avdøde for siste gong. Under salmesong vart kista ført ut. To menn som var nokonlunde gode til å syngja, skulle kjøra først, deretter han som kjørte kista, og så alle dei andre i gravfølget. For kvar gard ein kjørte framom skulle songarane syngja eit vers eller to av ei salme og letta på hatten til avskjed frå den døde. Ein skulle heller ikkje kjøra for fort, for det heitte at ein ikkje skulle skunda seg med å få liket i grava. Når ein kom att frå kyrkja, var det mat. Det vart servert risengraut og kjøttkaker. Seinare på kvelden var det kaffi og mat att før folk gjekk heim.

Skikkar

Når ei kone kom heim etter ein bytur, skulle ho be grannekonene til seg og fortelja nytt frå turen. Det kunne vera helsing frå slekt og vener som skulle berast fram, og så skulle ho visa fram det ho hadde kjøpt. Ein bytur kunne ta fleire dagar. Båten gjekk to - tre

dagar i veka. Det blei gjerne berre ein bytur i året for dei fleste.

Når ei kone låg på barnseng, var det skikk at dei andre konene på garden skulle bera sengmat. Dette var eit fat risengraut eller sviskegraut. Eit lite fat til svigermor skulle dei og ha med seg. Det skulle liggja ei sjokoladeplate i tomfata når dei vart sende tilbake, eit mjølkebrød eller snop var og brukt, men viss ikkje var det ei skam.

I eldre tider var det meir skikk og bruk at folk vart bedne i gjestebod til nære slektningar om søndagane. Me borna gledde oss til slike gjestebod, for då visste me at far laut ta hesten og kjøra, og det var festleg for oss. Etter middagen hadde konene seg ei kosestund i drøset. Mennene tok seg ein tur i fjøset og såg på dyra om dei var fine. Om sommaren tok dei ein tur utover vollen og såg på grøda og diskuterte dei forskjellige vekstane. Eg trur dei hadde noko å læra av kvarandre på slike dagar. Det var ikkje fagblad eller andre kunnskapskjelder å henta lærdom frå i dei tider.

Nilsabakken husmannsplass



Vegen til Maudal

Eg trur vegen til Maudal vart påbegynt i 1912. Før den tid måtte alle varer som skulle til Maudal kløvjast på hesteryggen. Lettare varer bar folk på ryggmeis. Eg kan minnast at far kløvja for folk der borte, for det var ikkje alle som hadde hest. For kvar kløv fekk han 1 kr.

Telefon

Det var i 1912 arbeidet med telefonlinja frå Dirdal over fjellet til Tonstad vart sett i gong. Det var far som fekk arbeidet med å kjøra fram alle telefonstolpane frå Byrkjedal opp brekka og over til Maudal. Då det ikkje var veg, laut han kjøra på "dråg", noko som var eit hardt slit for hesten. Med telefonstasjon berre i Byrkjedal var ikkje telefonen til så stor hjelp for folk i Maudal.

Konfirmasjon

Lesinga for presten gløymer eg ikkje. Borna måtte gå opp til 2 mil til Dirdal dagen på førehand. Så overnatta dei i Dirdal. Båten gjekk til Høle, der me skulle lesa, klokka 6.30 frå Dirdal. Så gjekk me ute eller stod i eit sjøhus til presten kom og las med oss eit par timar. Så var det å gå og venta til båten kom att frå byen i femtida om ettermiddagen. Det hende eit par gonger at båten ikkje kom på grunn av maskinskade. Båten kom ikkje før dagen etter, og me måtte overnatta i ei løe. Til vanleg kom me sjeldan heim før midnatt.

Driftene

Før 1930 dreiv jærbøndene sauer og lam til heis om våren. Driftene for gjennom dalen her. Ein tur frå Jæren til høgheia i Sirdal eller til Setesdal tok ca. 14 dagar. Kom ein ut for kaldt ver med snø og sludd, kunne det frysa i hel mange sauer. Om hausten dreiv

dei nedover store drifter på opptil 10 000 sauer i kvar drift. Borna syntest alltid det var moro å sjå alle sauene, særleg dei rosete. Om hausten kom det og ku- og lammedrifter frå Sirdal og Setesdal. Kyr og ungdyr vart kjøpte av fehandlarane om våren. Dyra beita i heia om sommaren til dei vart drivne den lange vegen til Dirdal om hausten. Dei vart sende vidare med båt til Stavanger. Det kom og mykje slaktedyr over fjellet frå Ørsdalen denne vegen til Stavanger. Om hausten kom det og mykje hestar gjennom dalen som var kjørt på haustmarken i Stavanger. Dei skulle austover til Sirdal og Setesdal. Fram mot våren kom her og ein del gutar og jenter frå Sirdal som skulle til Jæren og ta seg teneste hos bøndene som trong mykje arbeidskraft i den tida.

Det var så moro å sjå på sirdølane som kom på store heimelaga ski. Men borna syntest det var fine greier. Og så kvikke dei var å gå på ski!

I 1920-åra og framover kom sykkelen meir og meir i bruk. Ungdommen sparte saman det vesle dei tente til kjøp av sykkel. Det var dette framkomstmiddelet dei nytta både til arbeidsstad og når ungdommen samlast om sundagskveldane. Ja, då kunne gutane ta ei jente som ikkje hadde sykkel, på stanga.

Det var ikkje så lett for ein ungdom å komma seg ut på skule i min ungdom. Foreldra hadde ikkje råd til å kosta borna på skule. Ikkje var det stønad å få frå stat eller kommune, så slikt laut dei fleste ungdommane sjå bort frå.

Her var ikkje så mange ungdommar. Bygda var lita og avstandane store. Men ungdommane samlast som oftast i Byrkjedal helst berre om søndagskveldane til litt leik og moro. Nokre år hadde me eit ungdomslag som vart kalla Fjellbuen. Her hadde me eit handskrive blad, diskusjon, song og folkeviseleik. Ja, me kunne ha det



Ole stelte godt med geitene

moro om me ikkje var så mange. Stort sett var ungdommen fin, sjeldan noko fyll eller bråk. Kameratskap var det alltid.

I ungdomsåra mine var det stor arbeidsløyse. Byane sende sine arbeidslause folk ut på landsbygda på nødsarbeid. Dette arbeidet skulle bygdefolket hatt, men dei gjekk ofte ledige. Det var helst vegarbeid eg var med på, både vedlikehald og nyanlegg. Når me var borte frå heimen på veganlegg, laut me byggja brakke sjølv til å bu i. Brakka

laga me av torv eller steinvegger med bølgeblekktak over. Der kokte me maten, åt, sov - og heldt til der om kveldane, Når 10-12 mann kom inn våte og skitne, kunne det verta usunt inne, men humøret var alltid på topp. Me fekk frå 0,65-1 kr. pr. time og arbeidde 48 timar pr. veke. Arbeidsreiskapane var spett, hakke, spade trillebåre, bor og feisel, så alt arbeidet laut utførast med handamakt. Arbeidet var hardt, men interessant. I 1930-åra vart det betre med arbeid.

Maudal kraftlag gjekk i gong med bygging av kraftstasjon, stem, veg og kraftline. Det var ikkje slike arbeidsmaskinar då som no. All sementblanding vart blanda med handreiskapar. Pukk og singel vart knust med slegge. Timelønna var 1 kr pr. time, men her var brakkene bra.

I slutten av 30-åra vart eg meir bunden til garden med gardsarbeidet. Så kom krigen med usikre tider, men straks etter kunne ein merka at ei ny tid var i emning i dalen. Det første var bygging av kraftlina frå Maudal kraftstasjon over fjellet opp dalen til Østabø. No gjekk me ei lysare tid i møte. Elektrisk lys i husa var det første me fekk, men anna elektrisk utstyr vart teke i bruk etter kvart som folk fekk råd til å kjøpa. Ja, dette var eit gode som me hadde sakna i mange år.

Mange av driftsbygningane var gamle, små og dårlege, så det måtte byggjast nytt hos meg og hos mange andre bønder. Det gav arbeid i mange år, men me hjelpte kvarandre med arbeidet med dugnad. Det vart meir fulldyrking og dyrking av kulturbeite. Bøndene fekk meir tru på jordbruket, for dei fekk betre prisar for dei varene dei selde. I nyare tid vart det bygt siloar hjå kvar bonde. Det vart slutt på høyhesjing som var eit tungt og seint arbeid. Snart vart traktorane kvar manns eige, men det er eit sakt at hesten vart borte. Med traktoren følgde det og nye reiskapar. No står dei gamle hestereiskapane igjen på gardane som museums-gjenstandar til inga nytte, berre til minne om ei svunnen tid. Ja, ei ny tid har kome på mange område. Sentralisering av skulen og bygging av store flotte skulehus som avløyste dei små skulehusa i krinsen. Meieriet vart lagt ned, noko som førde med seg tap av arbeidsplasser og meir avfolking. Me som er att føler oss fattigare. Ja, tidene har forandra seg kolossalt frå mi barndomstid, mest alle tekniske hjelpemiddel er tekne i bruk på gardsbruket og inne i husa. Bilen er kvar

manns eige. Høg levestandar ropar alle på. Men eg trur me var meir nøgde og glade med det vesle me tente og hadde før, enn folk flest er i dag. Ein var ikkje så kravstore. Naboar kunne ta seg tid og vitja kvarandre, særleg kvinnene kunne ta spøtet i handa og gå til nabokonene ein dag i drøset. Eg har tenkt mange gonger på dei gamle som levde i mi barndomstid og lurt på kva dei ville sagt om dei hadde fått sett alt det nye som er i dag. Tenk om dei gamle før i tida kunne hatt det så godt som pensjonistane no. Så me har mykje å takka samfunnet for, også for den omsorga dei har synt for eldre og uføre. Eg må seia eg har fått det veldig godt som pensjonist.

Tillitsverv

Eg kan minnast frå gammal tid då far og naboane var med på forskjellige kommunemøte og skulle møta på Forsand. Då måtte dei gå til Dirdal om kvelden og overnatta der, eller ta ut i 4-5 tida for å nå båten om morgonen. Båten gjekk klokka 6.30. Ut i 30-åra kom eg med i heradsstyret. Då kunne eg bruka sykkel, men det var ikkje alltid så bra i regn og vind eller på snø og is om vinteren med berre ei lommelykt til å lysa med. Men eg kom meg alltid fram i tide før båten gjekk. Tyngst var det heim att om kvelden for vegen bar i mote, og motvind var vanleg, så eg var sliten mange gonger. Me kom til Forsand i 8-tida. Møtestova var ei lita husmannsstove ca. 30 kvadratmeter stor. Dei kalla det prestestova, for presten kledde seg om der i gamle dagar når han skulle i kyrkja. I denne stova hadde dei alle kommunale møte. Det første ein måtte gjera, var å krypa ned i ein liten kjellar og hogga litt ved til å fyra i omnen med så ein fekk litt varme i stova. Ein liten parafinlampe hekk i taket. Der var eit bord, nokre stolar og benker, eit skap til å oppbevare alt likningsmateriale og protokollar i. Møta tok til i 9-10 tida

og varte til 3-4 tida om ettermiddagen alt etter kor mange saker som skulle handsamast. Budsjetta var ikkje så store. Det var pengeknappe tider og vanskelege tider for folk, så me i kommunestyret laut spara det beste me kunne. Eg trur eg minnest at det første kommunebudsjettet eg var med og vedtok var på kr 68000. Av dette var 28000 fylkesskatt. Ein fekk ikkje møtegodtgjersle. Alt var gratisarbeid og vart rekna som tillitsverv. Båtfrakta måtte ein og betale sjølv, og ein laut ta med nokre brødsiver i lomma skulle ein få mat. Men det var interessant og lærerikt å vera med i debattane mange gonger i dei forskjellige sakene som det kunne stå strid om, serleg i formannskapet der du kunne uttala deg meir fritt.

Eg var og med i likningsnemnda nokre år. Der sat me 12-14 mann, ein frå kvar krins, i 10-12 dagar for å rekna ut skatten. Det vart bruka mykje skjøn, så her kunne det vera mange strie debattar mellom menn frå dei forskjellige krinsane, men til vanleg vart me einige. Me som var langveis frå, laut bu på Forsand under likningsarbeidet. Då fekk me diettpengar. Eg minnest eg fekk kr 32 eitt år, elles var arbeidet gratis. Ja, dette var nokre minne om kommunemøta før krigen til litt moro og ettertanke for folk i dag.

Snørydding

Me hadde ikkje slike snøryddingsreiskapar før som ein har no. Då let me vegane snø ned, og tok berre ei skuffel i handa og jamna veg i toppen på snøfonna så hest og slede kunne komma fram etter kvart snøfall eller etter rennefokk. Når våren kom og snøen smelta, kunne me vera opptil 10-15 mann som arbeidde i fleire dagar for å rydda vegane for snø. Tyngst var det der det var djupe, flate snøfenner som ein laut skuffa seg kanal gjennom, kanskje opptil 2 meter høgt på sidene- og vel så det.

Minne frå krigen

Eg var ute på marka i våronna, hesten vart så uroleg, og då eg skulle sjå, kom det eit trenkompani kjørande med hestar og vogner. Hestane sette dei inn der dei fann eit ledig rom, og kjøretøya sette dei ute på gardstunet. Eg påtala dette og sa dei utsette folket for stor fare, dei skulle heller sjå til å finna skjulestader for kjøretøyet meir i utkanten av gardstuna. Men nei, fekk eg til svar. Tyskarane ville berre tru det var gardsreiskapane til bøndene. Ja, ja, sa eg, lat oss nå sjå.

Middagsbel kom her to familiar i bil frå Stavanger. Dei fortalde at dei var dei einaste frå byen som kom seg ut. Den eine som var misjonær, hadde sett nok av krig der han hadde vore. Saman med oss gjekk han i gang med å byggja eit bomberom i kjellaren. Det skulle visa seg at det kom til nytte. Frametter kvelden kom det bil etter bil med folk som rømde frå byen. Dei fortalde om tyskarane si hærsetjing av Sola og Stavanger. I radioen gjekk det ut mobiliseringsordre til ungdommen om at dei skulle møta fram på dei fastsette stadene. I dagane framover kom bussar, privatbilar og lastebilar med militærutstyr og ein masse varer og proviant som vart lagra i løer, hus og kjellar hos bøndene oppover dalen. Ein kveld sto det ein bilkø nesten 2 km lang. Bussane hadde vanskar med å komma over Byrkjedals - brua.

Me merka meir og meir av krigen etter kvart som tyskarane kom nærare, men gong etter gong vart me trøysta med at no kom engelskmennene, og så ville krigen snart vera over.

Trensoldaten laga seg mannstruger, hestetruger lånte dei av bøndene for dei ville prøva å komma seg over til Sirdal og Setesdal og vidare austover, men dette gav dei opp.

Nå byrja tyskarane å bomba nedre dalen. Pulje etter pulje med fly svinga over Byrkjedal og nedover dalen, og for kvar

gong hørde me smella frå bombene som sprang. Me tenkte at heile nedre dalen låg i grus. Nå mot slutten av kampane samlast dei norske hærstyrkane seg i Dirdal og Gloppedal. Flya kom lågt innover Byrkjedal frå Gloppedal og skaut med maskingevær og granatar mot tunet. Nå var me heldige som hadde bomberommet i kjellaren. Me sprang dit kvar gong flya gjekk til åttak. Det vart fart i trensoldaten og, som fann seg dekning. Angrepa kom så uventa. Ein hest vart drepent og to vart såra. I to av nabohusa sto det kuler i tak, vegger og innbu. I skulehuset der soldaten var, var det tre granathol så store at dei kunne setja armen inn, men ingen soldat vart skadd heldigvis. No kom det ein offiser og sa at han trudde me laut finna oss ein tryggare stad å vera. Me tok med mat og klede og fann oss ein stad i ei stor ur under nokre store hellarar. Der samlast me alle naboar, framandfolka frå byen og folk nedanfrå dalen. Me hadde med to små barn - 2 1/2 år og 8 månader gamle. Under hellarane følte me oss så nokonlunde trygge, sjølv om flya kretsa over oss tidt og ofte. Me heldt oss der i to døger, og eit par mann var heime og stelte dyra om dagen.

Så kom det melding om at dei norske styrkane i distriktet hadde overgitt seg. Då kunne me flytta heim att. Soldatane stilte opp og leverte frå seg utstyret og kjørte i bilar til Sandnes. Me tykte synd i gutane. Kanskje dei gjekk ei usikker framtid i møte, men etter 24 dagar kom dei att. Tyskarane såg me ikkje noko til før det var gått ca. 14 dagar. Me hadde fått tid til å forsyna oss ein del av mat og klede som låg att etter dei norske soldatane. Tyskarane kom til å ta det likevel, sa offiseren. Dette kom vel med i tida som kom.

Men tidleg ein morgon var tyskarane her. Først sette dei vakt utanfor husa. Tre - fire mann skulle så undersøkjia alle hus både ute og inne. Kwart rom, kister og skuffer laut opnast og gjennomrotast. Etterpå skulle dei

ha mest halve huset til å bu i dei neste 14 dagane. Her hjalp det ikkje å nekta. Dette gjentok seg heile krigen. Du visste ikkje noko før du hadde dei i tunet. Det følgde alltid ei frykt med dei for ein visste ikkje kva dei for med.

Ungdommen vart innkalla til arbeidstene. Mot slutten av krigen var her nokre som skulle reisa til Nord Noreg. Dei stakk av og gøymde seg i gamle stølshus til krigen var over.

Me hadde radio ei tid, så me fekk høyra ein del nytt i førstninga av krigen, men så laut me levera radioen inn. Dei som hadde våpen, måtte levera dei inn. Det var folk som hadde hemmelege radioar, så ein del nytt fekk me høyra.

Me lei ikkje nokon naud under krigen sidan me avla mykje av maten på garden. Men det var rasjoneringskort på alle ting. Ein måtte ha rasjoneringskort for å kjøpa klede, sko, såpe, sukker, kaffi og brød. Parafinen som me fekk, var skiten, brun og dårleg. Dyra som me skulle selja, slakta me heime både lovleg og ulovleg. Me lurte kjøtet til byen til slekt og kjenningar - eller dei kom og henta det sjølv. Me lurte mest mogleg under tyskarstyret.

Segn

Før fjella i Gloppedal raste saman og danna den store ura, låg der ein fin, stor gard seier segna. Garden med alt som var, vart begravnen under dei store steinblokkene, men ein hane skulle ha berga seg oppi ein kornbing, og folk hørde han gala i sju år etterpå.



Oles familie. f.v. Randi f. Sikveland, Ole Rasman, Johan, Kristian Gabriel, og Ole Lomeland.

Ole Lomeland

Ole Lomeland fødd 4-5-1906
Ole og Randi fortel.

I Jærhuset med 3 stover kom dei rett inn i kjøkkenet. Tidlegare var inngangen i spisskammerset. Der var 2 kammers. Mormor og morfar hadde ei stove og det eine kammerset. Det andre var som eit gjesterom. Mor og far låg i stova.

Far var gift to gonger og av 15 born vaks 13 opp. Mor i huset fekk salen oppe med 4 senger. Der låg dei største borna 2 og 2 i kvar seng. Dei minste låg i ein slagbenk i stova. Den var sitjeplass om dagen.

Der var bord og stolar med delvis voksduk på bordet for å liva på treplata. Dei åt alltid inne. Første stolane var heimelaga. Ein pinnastol med sprinkler i ryggen, var kjøpt. Han vart kalla talarstolen og var til

emmisæren når han kom og skulle halda møte. Stolen vart sett ut i bua etterpå. Mor hans venta barn, så difor gjekk emmisæren på grannegarden og hadde møte. Ho tenkte seg fri han då. Far i huset tok ungane med seg. Men det var ikkje lenge før ein gut i konfirmasjonsalderen på garden sovna. Emmisæren vart med heimatt.

Kjøkken hadde hardangheller på golvet. Dei var store og vart seinare til hagebord og turkeplata for føtene for inngangen.

Først då Ole overtok garden 28 år gammal i 1934, fekk dei golvbord på kjøkken. Det skulle vore gjort for lenge sidan, sa mor hans. Dei kalde hedlene. Men ho tykte det var bort i natta då dei ville ha innlaid på stovegolvet. Eine golvet oppå det andre. Det var for godt å gå på. Då telefonen ringde i



Gamlehuset.

stova, tok ho ein stol og låg på knea på han, så ho ikkje skulle koma ned på golvet.

“Det er så mykje de veit det. De kliner ikkje noko på denne døra” sa ho, då dei eldste jentene måla.

“Andreas fia av silda, berre bein. Tenk ikke spise sild. Jeg skulle gjerne spise både hode og rumpe” sa ein uventa gjest.

Kjøt, fisk, flatbrød til middag. Graut til kvelds av havregryn eller -mjøl. Far hans tykte maten var betre då han vaks opp. Flatbrød, rullepølse og havresupe.

Morgonmat før fjostid kl. 7, syrekaka, pannekaka, middag kl. 11.

Til mellommat kl 15.30 syrekaka, pannekaka, vaffelkaka og skumma mjølk. Fløyten skulle verta smør til salg.

Far las or tekstboka om søndagsmorgonen. Då vart alle haldne inne. Ellers bruka dei eit bordvers.

Til konfirmasjonen var det fest med mykje folk. Ole fekk 2 klokker. Han bytte den eine i sylvkjede med gullmedaljong til bilete. Det var steik til middag og sikkert sviskegraut til dessert.

Då Ole gjekk og las i 1920, kom det nytt orgel til kyrkja. Orgelet kom i store kassar. Dei var stabla opp. Ein av konfirmantane kleiv opp på desse og hadde det store oversynet. Han kom på lätten av eit eller anna. Presten Egeland sende eit skarpt blick opp. Han trudde det var han det vart ledd av.

Gravferd

Kvelden før gravferd kom grannar med sending, mjølk o.a. Mjølka vart separert. Inne var det traktering. Til gravferda vart det baka lefse og førebudd som til høgtid. Gravferdsdagen var gardsrommet strødd med hakka mjølbærlauv. Folket samlast med presten og ein mann som skulle syngja liket ut. Det kunne vera læraren eller ein annan som hadde god songrøyst. Lokket var ikkje skrudd over kista. Dei som kom, kunne få sjå den døde for siste gong om dei ville det. Kista stod ofte i løa før gravferdsdagen. Dei køyrde med hest og kjerre til kyrkja seint og tåleg, fleire gjekk. Heimatt gjekk det raskt.

Der var det bordsete med full middag og seinare kaffi.

Bryllaup

Inga fødd Lomeland og Sverre Bærland gifta seg i 1921. Då var det og sending kvelden føre bryllaupet. Gjestene køyrde til kyrkja med hest og kjerre. Dei vart stilla opp parvis utanfor og følgde etter brurfolket inn i kyrkja. Brurfolket hadde stolar oppe ved altaret om ikkje så flotte som i dag. Du kan tru presten han tenkjer med seg: No er det snart eit par til.

Magne Bærland 18 år, bror til brudgommen, gjekk saman med Malena 14 år, syster til brura. Han tok eit godt tak i armen til den blyge Malena og drog henne inntil seg etter vigsla.

Bryllaupsmaten var steik og sviskegraut, og kaffi og kaker, sjølvsgt. Tor Bærland bror til Sverre spela trekkspel, og det var litt dans på løa. Det var mor som laga maten. Dei hadde koppar, få glas, tallerkar, knivar, gafflar og skeier. Ikkje asjett til kvardags. Mormor rydda og vaska opp.

Ein gong hadde ho knust noko og tykte svært skittleg. Ho prøvde å setja det ihop. “Såg du det” spurde ho Ole, då ho skjønna at han hadde sett det.

Ole hugsar gode havrekaker som var steikte på hella. Saup, sukker, natron og passeleg med havremjøl. “Saup, sukker og natron, saup, sukker og natron” las grannejenta opp for seg sjølv, mellom små hopp heim etter at ho hadde fått oppskrifta munnleg hjå mor til Ole.

Far hans slakta storfe, griser og sauer. Alt blodet kunne ikkje nyttast. Innmaten, tarmar og vom, la dei i leska kalkvatn. Då gjekk det lettare å få skrapa reint, skylt i bekken, male på kvern og laga til mærrpølsa. Ho vart turka oppføre omnen. Den pølsa var god. Han tok og mot dyr frå andre gardar like til Madland. Dei mol opp hakkakjøtt for hand,



Ole og Randi har mista lille Ingfrid.

og Johan, far til Ole reiste med hest og kjerre til Oltedal og selde. Mykje arbeid var det, men godt då det var gjort.

Ein gut på grannegarden slipte tenne på slipesteinen, så dei skulle vera gode å knaga beina med. Han var sår og vond i munnen lenge. Mannen var 70 år då han fortalde det.

Dei fann juletre i skogen på garden. Det var lefsebaking og stovevask føre jul. Dei fekk snop som var appelsin, neter og fiken. Dei var gode. Hjå Randi leika dei «par eller odde» med netene. Selma og Alma åt pillefine. Alma vann. Ho var skuffa då ho fekk ein fyrstikkdåse. Selma lo.

Haust og vinter skov dei raun i stova. Dette skulle verta mat til kyrne. Ein skov, og den andre svinga planken. Mor vov stoff til både kjolar, bukser og trøyer. Lite grand vart kjøpt. Garn kjøpte dei hjå Lars Lima i Utslåttå på Oltedal. Kvinneleg skreddar kom i huset og sydde.

Mormor samla hår når ho greidde seg, karda og spann og spøtte sokkar til mannen. Det var dei varmaste sokkane han hadde i dei halvhøge lærstøvlane. Elles var det tresko til kvardags. Lersko til søndag vart kjøpte på Sandnes.

Salmakarar laga hesteselar og vølte når noko gjekk sund. Det var helst husmenn. Dei ferdast til fots.

I konfirmasjonsalderen gjekk det meir over til ferdigkjøpte klede. Første dressen han fekk då han skulle gå og lesa kosta 30

kr., trøye og bukse. Det var gleden ved kjøpeklær. Kva som var best å gå i, anar ikkje Ole. Men det var sværare med kjøpedress.

Ei kåpe etter ei faster vart frakke. Ein mindre gut i klassen sprang rundt pultane med frakken som sopa i golvet. Han hadde nokre løgne, gode låttar. Ole måtte le. Fanst ikkje mobbing og erting då.

I 11-12 års alderen tok klassen bytur. Dei gjekk på sine små føter til Oltedal, overnatta der og var i Oltesvik før kl 4 om morgonen. Då skulle båten gå. Inge Lima gjekk saman med Ole på byen. Dei fekk ei hær av byungar etter seg som ropa "Bondeknollar". Inge stoppa og stamma: "Å - å de-de fi-fine jævlar". Ungane forsvant som dogg for sola. Dei stakk visst, seier Ole. Fleire hadde fått tak i tobakk, og i Domkyrkja var det ein som spytta på golvet. Det vart vel for sterkt. Før dei reiste heim, gjekk dei på museum.

Lomeland i mai 1927. Garden til Ole.



Fam. bilde. Framme f.v. Martin, Johan, Emil, Inga, Ingvar. Bak f.v. Ole, Jesper, Andreas, Mallena og Selmer. alle Lomeland.

I sengene hadde dei halm. Halmen skifta dei kvar haust då dei trøskte. Bossbreia (teppe) låg oppå halmen, så kvitlar (ullteppe). Dei samla lopper, dei der. Ullvader karda opp i ein fabrikk var dyne. Sjølv sagt var det mor i huset som heldt sengkleda i orden.

Av gardin hadde dei nokre kappar oppe som dei hadde kjøpt. Det hekk ikkje noko på sidene.

Til jul vart dei bada i ein trestamp i stova. Ellers var det vasking i kjøkkenet i eit emaljevaskefat med såpe. Dei bruka ikkje vaskeklut.

Ein grannegut slo hol i isen i bekken med skohælen, ein morgon. Han fekk nokre dropar med vatn i handa og strauk over andletet. Han vart stripet og læraren kom på låtten då han såg han.

Kledevasket gjekk føre seg i brunnhuset etter at Ole var konfirmert. Dei fekk større

gryte då. Før den tid, vaska mor i kjøkkenet sommar som vinter og koka i mindre gryter. Det kunne henda dei flytte ei gryte bort til bekken om sommaren. Dei bytte klede kvar 14. dag. Stamp og vaskebrett. Det vart transla på det brettet med grønsåpe og heimekoka såpe. Alltid skylling i bekken. Vaskebrettet var ei glasrute med rofler på i ei trerame. Før det var det blekk med rogle på. Han hugsar mor tykte det var så godt med glas.

Reinhold i huset.

Limen tok det meste rusket. Det vart samla på feiebrettet og heve i omnen. Det var ikkje kvar dag. Dekka (golvteppe) vart tekne ut ein gong i veka og rista. Han hugsar ikkje om dei vaska. Det var kvinnfolkarbeid. Gutane var med å ta dekk ut og rista dei. Om sommaren og til jul var det ekstra vask. Det var mor sitt arbeid.

Han var ikkje gamle karen då han måtte gå på fjellet etter sauene. Då sola gav skugge, var det tida å gå. Tida passa han sjølv. Etter kvart som syskena vaks til, hadde dei kvar sine dagar.

I fritida slo dei ball elle prega ballen i hola. Dei fekk gjera kva dei ville.

Han sykla og på løedans og tilstellingar i ungdoms-laget då han vart eldre.

Når ein ny verdensborgar melde seg, kørde far til Gjesdal etter jordmor Margrethe. Då måtte han baka ut og steikja syrekakene sjølv. Grannekonene kom med sengjamat, sviskegraut og -supe. Og dei fekk kaffi og litt å bita i.

Randi fortel om kona på Holmaholane. Ho gjekk markene, snofla i tuene og datt og slo ned heile suppa. Det vart ordna så at dei på Sikvaland fekk pengar og kjøpte sviker att sjølve.

Når det galt tru vart alle meir og mindre dømde om dei ikkje følgde skikken.

Far kørde med kone og born i kjerra i gjesting. Ein gong hadde han fleire kassar med eple frå apalhagen med seg. Dei skulle til Stokkeland. Han vart av med ein god del hjå Mæland på Figgjo. Elles baud han til salg. Pengar trongst. Ungane fekk ikkje gå i aplane. Men Ole sa han måtte på do. Han strauk rett i eplehagen på nedfallsfrukta.

Ole tente på fleire gardar i ungdomen. Dagane var lange og maten var eins for alle i huset.

På Fotland budde han og bror hans i eit kvernhus. Dei arbeidde på akkord og stelte seg sjølv og koka i romet. Kledda tok dei med seg heim og fekk dei stelte. Litt vaska dei sjølv i elva.

Av og til laga dei småmor med folk som ferdast etter vegen. Ein pakke i ei snor på vegen lokka ei jente or kjerra. Åh, sa ho og kraup oppi kjerra att. Ein fallekniv gjekk og sin veg. Guten stokk. Andre sat på lur og lo.

Eit bilete fortel at då Ole var ca 3 år, hadde han ein mørk bluse med striper nede og kring armene. Rundt halsen hadde han ein stor, kvit krage med blonder på. Nedføre blusekanten syner romslege buksebein. Ei lita syster Malena, hadde rosete kjole med brei, kvitkrage og blonder.

I huset fanst nafta, kamfer og aspirin til medisiner. Ole hadde spanskå etter konfirmasjonen. Det ringaste var det varme blodet som rann frå nasen.

Frå skulen hugsar Ole ein lærar som gjorde skil på elevane i sløyden. Han fekk skrøyt for at han hadde like mykje gjort som dei som hadde gått 2 veker. Han hadde vore sjuk ei heil veke og forsømd. Han lika ikkje det at han vart framheva.

Som den rette vegen i livet, såg han fram til å greia seg sjølv og sleppa å gå under andre.

*Skrive etter Ole si forteljing av
Svanhild Steinnes Berge*



Slettebø på Madland.

Ragna Signora Svensdotter Vatne

Født: Nyttårsaften 1907

Eg heiter Ragna Signora Svensdotter Vatne. Nyttårsafto i 1907 vart eg fødd til verda på garden Stølshei i Gjesdal kommune. Det følgde litt dramatik med fødselen min. Kald austavind bles det. Mor mi drakk ein alt for sterk kaffidråpe etter ho hadde vori gjennom strabasane med å føda meg til verda. Så blei ho så sjuk at dei ottast ho skulle stryka med. Men heldigvis gjekk det godt, sjølv om dei kanskje den gongen var litt seine til å tilkalla lege. Det var no slik i den tida, dei sprang ikkje til lege for alt mogeleg.

Så får eg gjera eit hopp nokre år fram i tida til eg byrja hugsa frå 4-5 års alderen. Garden

vår på Stølshei var middels stor. Arbeidet i heimen bestod av mor sin travle arbeidsdag. Grua i kjøkken var hennar faste kokeplass til mange personar, eg hadde tre eldre søstrer då eg vart fødd. Likså var der trekvite golver som måtte skurast grundig. Mor hjalp til i fjøset, og det var hennar jobb å grava over potetene kvar vår. Så hadde ho mykje arbeid med å baka brød, potetkaker, syrekaker, lefsa og ellers fleire ting til familien.

Utanom oss sjølv budde han fabro som me sa, alså fabro hans far i huset, og kona hans, ho Maria. Far hadde sitt arbeid i fjøset, i skogen og ellers ute på garden i onnene. Når han var ferdig hjå seg sjølv, gjekk han rundt

på nabogardane og hjelpte til der. Mest utmarkslått.

På denne tida var økonomien tåleg bra hjå oss. Me hadde bra mat, særleg syrekakene minnes eg. Endå kjenner eg den gode smaken i munnen når eg tenker på det og minnes syrekako nas mor. Middagsmaten var mykje kjøtt, blodmat, mårpølsa, komla og hodekjøtt

Eg lærde meg tidleg å hjelpa mor. Bar inn vatn. Vatnet bar me frå renno. Eg hugsar det var så fint og gå bort til renno særleg vår og sommar. Vidare var eg med og vaska golver, vaska opp og liknande Det var Ikkje snakk om lønn for arbeidet den gongen, slik det er no til dags. Vårdagen var det potetsetjing og liknande arbeid. Så var det å røa heile vodlane kvar vår, det var eit lite kjekt arbeid for oss borna. Men det måtte gjerast, og ingen ting heitte nei i den tida. Sommarsdag måtte me vera med i høyonna, bar høy inn åt hesjene. Endå til med greipen, som me brukte til å spreie gjødsel med om våren. Vidare skulle me raka heile vodlane, liggja i lasset og ta etter når far fengde, og mykje utmark-slått med raking og etter raking.

Men litt fritid hadde me og. Eg og syster mi leika oss med dokkene oppå Berget, som me sa. Der kunne me sitja i det uendelege når tida var til det. Når dei vaksne kvilte, leika me oss. Også på stall lemmen var me og. Det var verkstaden hans fabro. Der heldt han til og arbeidde med sine ting. Me hadde stor respekt for fabro, men han var gild med oss ungene. Om hausten var det potetopptaking og tresking som skulle gjerast. Vinteren var det ikkje utarbeid for oss borna. Då rann me mykje på kjelke. Ski hadde me ikkje, ikkje eingong tønnevastar. Men kjelken var gild å ha. Me rann så det susa. Kaldt var det mange gonger. Me hadde

ikkje langbukser, enten var det kjole eller skjørt me hadde på oss.

Kleda våre var alltid reine og heile, men me hadde ikkje så mange til å skifta med. Som regel ein kjole på skulen og ein heime. Og ein til søndagsbruk. Mor spøta gode vottar og sokkar så me fraus aldri. Garden vår var ganske stor i den tida. Me hadde mange rom både nede og oppe på salen. Så var det storstova, kjøkken og buå. Og mellomstova der fabro og Maria budde. Endå telefon hadde me. Møblane var fine, men tida og malt på dørene. Noko eg hugsar godt, var da far kom heim med eit nytt fint skatoll. Då var både me ongene og mor krye.

Så vil eg fortelja litt om skulen eg gjekk på. Skulehuset låg bare nokre hundre meter nedafor garden vår "Vølstad skule", så eg hadde ikkje lange skulevegen. Men om vinteren når der var rennefokk, la det seg slike store snøfenner at det var problematisk nok å koma seg igjennom mange gonger. Så brann skulehuset, og me måtte til Vølstad (hos Tore)for å gå i skulen. Det var mange gonger fælt for oss ongene og koma igjennom "Aurgadå", så far måtte køyra oss. Eg hugsar særleg ei episode. Ei jente frå Madland som heitte Lina, mista skulebøkene sine i elva, som gjekk nedanfor Aurgadå. På skulen lika eg meg godt, teikning var det kjekkaste eg visste, har bevart nokre av teikningane mine den dag i dag. Skriva stil låg og godt for meg, likeså song. Ein song eg var særleg glad i var "Fager kveldsol smiler over heimen ned". Lærarinna var og grei, særleg Guri Fagnastøl frå Voss, ho var flink til å læra i frå seg og blei aldri sint. Ragna Slagstad og Elsa Mittun var ganske greie. Ragna Slagstad teikna meg. Og heldigvis blei skulehuset på Stølshei bygd opp etter ganske kort tid. Så dei fleste skuleåra gjekk eg på Vølstad skule.

I frikvartera hadde me det gildt-, me tok på kapperten som me kalla det, var mykje det det gjekk på. Elles andre ting som slå ball og slike ting. Me sprang på tresko i den tida, eg hadde tresko som han fabro hadde arbeidt. Me sprang så berre det, eg var blant dei sprekaste på skulen. Eg og Alfrida skulle vera dei sprekaste. Det var gjerne litt misundelse og av dei andre jentene. Men eg var god til og svare for meg, så dei blei lange i ansiktet.

Julehøgtida minnes eg og godt. Far kom heim med glanskort frå Ålgård, som me leika oss med. Det var meir enn å få 100 kr i dag. Likeså kjøpte far appelsinar og neter. Ellers var maten graut, kjøt og allslags godt som mor baka. Syrekaker, lapper, lefsa og slike ting. Til juletre hadde me einer som me pynta. Den henta enten far eller fabro heim frå marka. Av og til leika eg og søster mi jul, då tok me ein einer og sette i holet på skammelen. Så gjekk me rundt og song.

Me fekk med oss na Maria hans fabro til å syngja songen. «Her kommer dine armer små». Særleg når ho song «kysser støvet for din fot», tykte me det var moro.

Foreldra mine blei kristne når eg var i 10-12 års alderen, så me ongene var ofte med på møta hos naboane. –Me var med han fabro på møte i Dalen. Då bruka me flaggermuslykt når me skulle heim. Av og til kom me på låtten, særleg syster mi, men me hadde stor respekt for fabro, så me sat musestille når me var med han. Heime hos oss var det og mange møter. Mor og far var med baptistane. Var mykje fin song og speling. Heimen min var gjestfri, så der samla seg mykje folk hjå oss Og alle fekk mat og drikke. Mor hadde det nok travelt mange gonger, men ho klaga aldri. Eg hugsar far og mor bøygde kne og gjekk til alters. Slikt har prenta seg fast i sinnet

F.v. Hanna Rebekka f. Nødland, Kristian, Ragna, jente og gut ukjent



Så kom 14 års alderen og konfirmasjon. Eg hadde kvit kjole med kapper på, kvite hansker og langt hår som gjekk ned i ryggen. Presangane var ikkje så mange. Sølvskai frå Tomas i Brekko, han hadde stått fadder på meg. Og sølvskai frå Lars Helland, mannen til ei eldre søster av meg.

I heile trekk så hadde eg fram til 14 års alderen hatt ein god barndom å sjå tilbake på. Men då eg var komen i 14 års alderen, kom der nokre lite kjekke brev i posten. Alt blei liksom forandra. Det kom på tale å selje den kjære heimen min, men det blei ordna i første omgang. Men så kom breva igjen i posten (vekslar). Og så hende det som det så ofte hende i den tida, me måtte selja og forlata den gode kjære heimen vår. Eg var hjå Ane på nabogarden og tente den vinteren, 15 år var eg då vorten. Utpå vinteren var tvangsauksjonen eit faktum. Eg gret sårt når garden og dyra våre vart selde. Den tida gløymer eg aldri, det var ei vond tid særleg for mor og han fabro. Det var vondt å sjå fabro måtte over til framandfolk. Fabro fylgde med garden og blei verande der til han døydde.

Me blei heimlause på ein måte. Det vart flytting frå plass til plass. Årsaka til tvangsauksjonen var bror til far som hadde tatt falsk hånd. Far var alt for god i seg, let det berre gå for godt, og me fekk alle lida for det i familien. Tida no var helst "vond". Mor og far hadde ansvaret for Sigfred, son til eldste søster mi. Fattige blei me, og måtte få på fattigkassa. Det var ein sår ting som ein sjeldan gløymer.

Eg var i teneste vekselvis hos Ane og Per Stølshei og søstera Inga. Eg hadde det godt hos Inga og Per. Men dessverre fekk eg inga lønn for det eg gjorde. Hos Ane hadde eg 50 kr for ein vinter og gjerne et kjoletøy eller et par sko. Far fekk helst pengane me tente

både av meg og søster mi Hanna. Arbeidet hos Ane bestod av vasking, strikking og mjølking av kyr. -. Om vinterkveldane sat eg heile kveldane med henne og spela ludo og domino. Av og til juksa eg godt. Om sommaren var der travelt, liksom om våren med hevdabreining, røing og slike ting. Gjennom sommaren var det luking og slått. Mykje utmarksslått, raking og etterraking når mannfolka fengde. Eg hadde gilde arbeidskameratar, Kydlaen og han Sigmund Vølstad. Dei var gilde med meg. Ungdomstida mi vart rik likevel, sjølv om det var fattigdom både for dei heime og meg sjølv, og eg hadde 3 små søsken. Maten hos Inga og Per var god. Hos Ane gjekk det mykje på sodl og flatbrød. Mykje kjøtt og suppe blei brukt. Men dei vaflane ho steikte, har eg aldri kjent maken til. Eg trur ho hadde fløyte i dei.

No byrja eg for alvor å spela gitar. Det var min store interesse. Eg spela og song på ungdomsmøter, juletreffester, basarer og sundagsskulen. Ungdommane samla seg hos Ane og spela kort, men på ein fin måte. Mange spela ludo og domino og me hadde det veldig gildt og mykje moro. Eg spela ofte og song til dei. Ungdomsmøtene var særleg gilde om søndagane. Eg var med og skreiv i protokollen Fjelljom, den har eg den dag i dag. Leika og dansa lika eg godt, særleg dansa. Men etter eg kom heim frå dansen og hadde lagt meg, ba eg alltid ei bønn til Gud. Eg har alltid blitt bønnehøyrte av Gud kva eg har bedt om. Så eg har mykje å vera takksam for. Søndagskveldane samla me oss til dans på løene rundt om. Mykje var me hos Olav Madland på Madland. Det gjekk alltid fint for seg, aldri stygt snakk eller slåsing og slikt noko. Me mora oss på ein fin, stillferdig måte.

Åra gjekk, eg reiste så til Ålgård i teneste hjå drosjesjåfør Erik Eriksson og kona Thea. Der fekk eg lønn for arbeidet, men der blei



Geil frå fjos til utmark.

travle dagar. Dei dreiv pensjonat utanom. Det reiste mykje fantar som overnatta der. Dette gjekk ofte utover nattesøvnen min, eg låg og vakte gjerne heile nettene. Skulle stå opp tidleg til eit hardt arbeid så det gjekk på nervane laust. Utanom travelt arbeid med pensjonatet, måtte eg til dels lange periodar stella heile huset, 5 medlemmer. Fleire song og i kor hos Thea. Ho sjølv låg lange periodar med vond rygg. Så der fekk eg i alle fall vite kva det ville seia å arbeida. Men ellers var dei greie folk, ein del moro var der heldigvis. Og maten var god, Thea var flink til å laga mat når ho var frisk.

Eg blei der 4 år. Då var eg så utkjørt og dårleg i nervene, at eg slutta av og reiste heim. Heim var då garden Slettebø på Madland i Gjesdal. Far min forpakta garden då. Bror min var heime og hjelpte til på garden. Det var ei god tid. Eg kom meg til kreftene igjen. Men nye oppgaver venta meg.

Så reiste eg til Oltedal til ei søster mi, som var gift der og hadde 1 jente og fekk ein gut medan eg var der. Men eg fekk inga lønn for arbeidet mitt. Der koka, vaska, og stelte

eg. Guten til søster mi gret natt og dag, så me blei heilt utslådde begge to. Det var å gå oppe og bera på han nesten heile natta. Men me hadde også mykje moro i lag, eg og søstera mi, så det gjekk godt, og det var ei gild tid sjølv om det var travelt. Men maten var heller dårleg der. Frå Oltedal bar det til Lima til eldste søster mi. Ho gifta seg med ein enkemann med 4 born og fekk 4 sjølv. Eg var til stades når ho fekk den 3. Her blei det travle dagar. Dette var på garden til Erik R. Lima på Indre Lima. Her var det god økonomi og god kost. Eg vaska i huset, vaska klede, stelte med borna og ellers mange ting. Om sommaren var eg med i høyonna. Låg i lasset, raka og slike ting. Men heller ikkje her fekk eg lønn for arbeidet mitt. Men tross alt var der også mykje moro, og eg var ennå ung og sterk, så eg klarte meg godt.

Om sommaren var der dans i Hormå som me sa, og der samla ungdommen seg. Og ellers rundt på låvane på gardane. Mykje ungdom samla seg hjå Erik og Margit, søster mi. Særleg var der ein spillopper, Magnus Reiersen, og ei orginal dame som heitte

Guri Berge, som me hadde ein del moro av. «Klokka mi sig ned», sa ho. Skulle visa ho hadde armbåndsursur. Ellers var eg med ongan og ungdommane når dei spela fotball og var målmann. Det var det gildaste dei visste når eg blei med dei.

Åra gjekk og 31 år gammal reiste eg heim til Madland for å bli der til eg blei eldre sjølv. Mor og far min hadde då tatt til seg ei lita jente, Solfrid Rebekka, og henne fekk eg det heile og fulle ansvaret for. Ho var dotter til yngste søster mi. Denne vesle jenta var då berre 3 månader gammal. Eg hadde hatt nokre kjærestar framover åra, men aldri gifta meg. Var visst en styrelse med alt. Mor var gammal no og nærma seg di 70.

Travle dagar tok til i Madland. Dette var sommaren 1940. Det var krig i Norge. Nett før eg kom heim frå Lima, var eg med og evakuerte heile familien til Nevland. Der var me ei tid. Men så vendte me heim att og det meste var uskadd. På Madland merka dei ikkje noko til krigen, me hadde hatt mange familiar med barn buande. Mor var trøyt og sliten. Heime fall nesten alt arbeidet på meg. Det vart til at eg måtte baka seint og tidleg. Potetkaker, vaflar og ellers andre ting. Likeså sykla eg til Ålgård kvar veke, 17-18 km. «Pinnasykkelen» blei sykkel min kalla. Den hadde eg nokre bærer på som ikkje var sanne. Eg handla ein del på Gjesdal forbruk. Likeså hos Harald Nese, han hjalp meg med å binda til alt på sykkel. Far og bror min røykte begge to, så det var eit problem med tobakk, men det gjekk og. Veret var ikkje alltid så godt når eg skulle ta fatt på den lange vegen heim med alt bakpå. Eg sleit mange gonger. På Bjellandsheia såg eg ofte tyskarar. Mot meg var dei alltid høflige. Krigsåra blei på ein måte rik for meg. Hadde mykje glede av vesle Solfrid. Eg lærde henne opp så godt eg kunne. Ho har takka meg for det at eg



Sven med dottera Berta (gift Hansen).

kanskje var litt streng. Alt måtte gjerast nøye. Men slikt kjem vel med seinare i livet. Eg fekk same lærdomen sjølv av mor mi.

Så ofte eg hadde anledning til det, gjekk eg til gardane rundt vatnet og vaska store klesvaskar. Vaska ut skitne tak og vegger. Og ellers ein del utarbeid. Særleg ein ting minnest eg godt. Det var når eg, Magda og Astri Madland vaska ut på Turisthytta, Fisketjønnsbu på Madlandsfjellet og då me skulle heim og stod på ski ned Trodlabakken. Eg sa at no kjem hekka på sopolimen og sette skistaven mellom beina. «Du må ikkje», sa alltid Astri. Ho lo så ho heldt på å detta om. På alt dette arbeidet tjente eg meg nokre kroner. Men alt gjekk med til heimen, tannlege og til Solfrid. Mor hennar fekk ho så godt som ingenting av.

Ikkje eg heller eller av nokon heime. Livet på Slettebø blei ofte slitsamt. Økonomien var ikkje alltid så god. Men no tok Kristian, bror min over. Då blir det ein del betre, han var god til å styra saker og ting. Han let seg aldri lura med nokon ting, slik far gjorde eller hadde gjort, rettare sagt.

Åra gjekk og eg byrja å bli eldre. Mor var nå gammal og trong ein del stell. Sjølv hadde eg vondt i armane mange gonger. Men eg trudde det kom seg av all vannberinga og av ærendsekken som me bar ned til Madland. Den stod alltid i kjellaren hos han Ola og Anna. Men eg hadde god hjelp i Solfrid. Vintrane var ofte harde. Uthusa var der dårlege tak på. Me såg ikkje syn på å kosta nytt. For me åtte ikkje garden. Det var det Stavanger Elverk som gjorde. Særleg ein vinter hugsar eg godt. Me måtte ut og måka snø på taket i eit fælt rennefok. Men best det var stilna det av og blei mildt og fint. Då song eg "Fagert er landet du oss gav". Det heiter «som dagen er skal din styrke vere».

Me fekk vera sterke, og det vart mange gode minner derifrå.

Eg, Kristian og Solfrid gjekk mykje i fjellet og såg om sauene som var til fjells og samla dei heim. Der hadde me og ofte våre. Men me miste mange lam i allvæl, ein fæl sauesjukdom. Det tærde på økonomien. Men alt gjekk, sjølv om det var hardt for meg mange gonger. Måtte snu kvar krone og øre. Eg åt meg mange gonger ikkje halvmett. Me var 5 stykke som skulle ha mat. Om sommaren var det ofte moro, då kom Guri og Richard med vesle Tone på besøk og var med i slåtten. Slik gjekk åra på Madland og her.

Endå er det mange gilde minner til å ta fram. Men det blir for mykje til å skriva ned alt. Det blei vinteren 1960. Fælt rennefok og kaldt på alle måtar. Då bestemte me oss, Solfrid, Kristian, far og eg på grunn av at mor døydde våren 1959, 26. mars på far sin fødselsdag. Me var ikkje til å stansa då. Spurde og grov alle stader. Til slutt lukkast

Kristian og Ragne Vatne





Sven, Gudrun og Ragna på altanen på Indre Lima

det på Indre Lima. Staden heitte Eitaleie. Det var eit fint lite gult hus med skog rundt heile eigedommen. Hausten 1960, 21 oktober gjekk ferda frå Madland til Lima. Litt vemodig var det å reisa derifra. Men det var ingen annan utveg, dette måtte gjerast.

På Lima fekk me det godt, men eg må seie eg treivs aldri skikkeleg der. Godt og varmt fekk me det og ein del lettvindare enn det me var vane til. Mange koselege julehøgtider var der, dei i Oltedal kom på besøk og me kosa oss verre. Solfrid budde ennå heime, ho jobba på Figgjo Fajanse. Me hadde tåleg bra økonomi også no. Levde godt på alle måtar. Åra gjekk der og. Eg tok til og eldast. Feira 60 års dagen min nyttårsaften 1967. Det har eg eit gildt minne ifrå.

Me tok atter til å tenka på flytting, då til Ålgård denne gongen. Eg hadde fått leddgikt, og hadde vore 8 veker på Revmatisme sykehuset i Haugesund. Men eg kom over det og. Me hadde søkt på dei nye aldersboligane på Solås, nær aldersheimen. Me hadde då budt 14 år på Lima. Det blei hausten 1974. Me fekk då tilbud om å leiga eit hus på Fiskebekk. Me slo til og 21 oktober var det atter flyttedag. Jonas Hadland var med oss. Me hadde då kjøpt ein del nye møbler, ny komfyr, støvsuger og slike ting. Me flytta då inn på Fiskebekk. Der fekk eg det lettvindt. Vatn i spring på kjøkkenet for første gong i mitt liv, der eg kan kalle det min heim. Me kosa oss veldig. Stort fint kjøkken og stor stove. Nye gardin overalt. Alle tykte me kunne ikkje ha det betre. Men sjukdom låg og lurde. Kristian bror min blei alvorleg sjuk. Solfrid gifta seg og flytta til Hundvåg. Eg fekk eit trassig år. Men atter skein sola. Kristian blei frisk att og me kunne kosa oss i lag.

Me hadde no budd 3 år på Fiskebekk. Då kom beskjeden. Desember 1977 flytta me inn i ein av dei nye flotte aldersboligane på Vesttun vest, Solås. Me trudde me var i paradís. Her er så deilig og godt på alle måtar at eg kan ikkje få sagt det med ord. Håper berre helsa vil halda seg tåleg bra mange år framover, slik at eg og Kristian kan få kosa oss i lag i denne fine heimen vår, som både eg og bror min er så glad i.

Dette er livshistoria til ei Gjesdal kvinne som sit på Vesttun vest og ser attende på eit fattig, men heller rikt liv likevel.

*Ragna Signora Svendsdotter Vatne
Vesttun Vest
4330 ÅLGÅRD*



Tøgegarden i 1911. F.v: Inger Tøge, Marta Marie Olsdr. Kyllingstad. (1832-1919), Velle Tøge på hesten, Velle Toreson Kyllingstad (1840-1925), Guri Tøge, Maria Tøge og Ole Gabriel Velleson Tøge.

Sigfrid Tøge Figved

Minneoppgåva for eldre 1980. Av Sigfrid Olesdr Tøge.

Ein dal i Gjesdal mellom 2 fjell ligg ein gard som heiter Tøge, Tøgie seier me. Det skal tyda: Å taka, ein stad der det er lett å fanga dyr. Fram etter hovudvegen som gjeng gjennom dalen, renn åa. Den første som budde på garden Tøge, som då var ein husmannsplass, budde i ei lita stove mellom berga. Der var nytta 2 vegger av berget. Kva dei andre veggene var av veit me ikkje. Kanskje var det torv. Stakkar folk, legg Søren Arneson til når han skriv i slektboka for Gjesdal. - Det var ennå berre ein husmannsplass der dei fødte 2 kyr, då farfar kjøpte plassen i 1868. Då eg var barn, hadde det auka på med 4 kyr, eit halvt hundre sauer og hest. Det hadde då kome så langt som til ein liten gard. Første tida står for meg som ein einaste kamp med stein

og veitegraving. Ja, i heile oppveksten min var det alltid noko som skulle dyrkast. - Me ungar, ja mor med fekk og vita kor bra det var å henta stein. Det galdt om å verta gode arbeidsfolk, når me då vart vaksne og skulle ut å tena. Dei 2 eldste var jenter, men dei var ute for å tena så snart dei var konfirmert.

Heile huslyden måtte vera med og arbeida. Kan såvidt hugsa når dei stod og slo skåra med orv og ljå på heimebøen. Det var vel ikkje så mykje meir enn noko hundagras som vaks heller. Etterkvart vart slåmaskinen kvar manns eige. Der vart og sådd i kløver eller timotei så enga vart frodigare og meir verdfull. - Det var ingen som skulle gå inne med noko stell når det var høversdagar. Då var det gjerne sodd som var greitt å triva til,

sur mjølk og flatbrød, eller me var gjerne så heldige å få kvar vårt egg attåt. Einaste moroa me ungar hadde i slåtten, var når me fekk gå å lauga oss. Me lærde tidleg å symja. Stundom fekk me hoppa i høyet.

Det arbeidet me jenter først måtte gjera i huset, var å vaska opp og sopa golver. Då var det ikkje stort anna enn ein gong i vika at golvene vart vaska. Sopa golver undrast de nok. Ja det skal eg fortelja dykk: Om vinteren sat farfar på loftet, (ovanpå) og arbeidde på tresko og river. I stova sat gjerne far og skov på skave åt kyra, om då stova ikkje var full av vogger. Det hende jamvel at sleden sko in i stova og vølast om grade-stokken seig for langt ned. Far var ofte plaga av bronkitt, og då måtte han vera inne med kva det var slags arbeid. I kjøkkenet vart det drive på med baking. Der vart det fyra med torv, lyng og bås. Så syta me ungar for at der vart ein samanhengane sti rundt heile huset av spøner og bås, og den stigen var ikkje av dei smale. Ja, slik kunne kvardagen sjå ut ein vinterdag, men det var stor skilnad på kvardag og sundag. Det å omskapa huset når laurdagen kom, var litt av eit helseslit. Stova vart likevel sundagsstove. Med klede var det likeeins, det var kvardags og sundagsklede.

Der vart baka mykje flatbrød og lefsa rundt på gardane. Var der ikkje flatbrød i huset, var det fattigslig og gale stell. Det måtte vera til kvar einaste middagsmåltid. Å baka var og noko me jenter måtte tidleg læra. Om me ikkje rakk opp til bordet, hadde me ein kasse å stå på. Gutane var i fjøset å måka og stelte. Helst var det smalen som stod som nr. 1. Ein del ris og vedhogging hadde dei og om vinteren. - Det var jentearbeid å reia opp senger, som det var mange av. Då var det for det meste halm som vart brukt til madrass.

Det var mykje som sko gjerast inne om vinteren, slik som karding, spinning, tvinning og veving. Rokk og stører, (vevstol) fekk ikkje stå til stas. Det var naudsynlege

reiskap i huset. Når ein var jenter måtte ein og vera med på slikt arbeid. Alle sengklede var heimevovne. Likeeins vadsmål til både det eine og andre kledeplagget. Skulle der haldast sokkar åt så stor huslyd, måtte rokken brukast tidt og trått. Mor sydde og alt åt oss borna. Morosamt er det å sjå der me står i lang rekkje og vert fotografert med fine, ljose sommarkjolar og heimespøta, farga svarte sokkar. Skorne var heimelaga lærsko. Der var skomakar i bygda, som laga alle skorne åt oss. Då eg sko gå å lesa, fekk eg grina til meg eit par med sandalar.

Både gong og sengklede vart bøta så lenge der fans filla igjen. Det var likt for alle slik. Folk var så vane med å nytta ut og passa på alle ting. Det stod sjølvsgagt på kor flink husmora var og kva helsa ho hadde. Tidleg om våren tok me til å masa om å gå berrføtt. Kom det då ein varmetur, fekk me hiva sokkane. Då kom dei ikkje stort på at før hausten kom. Så fekk både mor, sokkane og treskoa kvila ei stund.

Det var ikkje noko sjeldan syn at mor stod i hevdafjøset og leste på hevd. Hu meinte at gutane måtte verta store nok før dei kunne taka slikt hardt arbeid. Sjølv var hu stor og sterk og sparde seg aldri.

Me ungar var stundom hjå andre som trong om hjelp. Det kunne vera potetsetjing og opptaking. Me lika å gå til andre og arbeida. Pengar tenkte me minst på, men det vart 2-3 kr. å ta med heim. - Folk var som regel nokonlunne reinslege i matstellet. Likevel kunne det henda me måtte drikka mjølka av same skåla som ein stor, svart, skiten hund drakk av. Han hadde det så greitt at han berre tok seg ein slurk av bytta som stod på kjøkkengolvvet når han gjekk framom. Når det då var same stell av all maten, fekk dei meg ikkje fleire gonger dit.

Då eg nærma meg 7 år, kom jordmora med tvillingar, 2 gutar. Då var me 5 ungar under 7 år. Dei to eldste jentene tykte nok det hadde greitt seg med det som var. Sjølv

tykte eg det var mykje til stas. Var ikkje stor nok til å skjøna kva slit og kav som følgde med. - Kan hugsa mellom anna at der var rasjonering på parafin. Når då tvillingane var fødd i november, vart det ein lang, mørk vinter. Det vart bruka ei syklykt attåt som det var karbid på. Den eksploderte til alle tider og gav frå seg ei fæl lukt, og der stod 2 vogger i stova

Tidleg i barneåra var eg svært oppteken av blomar. Var ikkje stor før eg sådde og planta eit og anna. Lærde og tidleg der å taka imot "bitre" skuffelser. Var det ikkje hønsa, så var det sauene som hadde vore og øydelagt. Det var tidt og ofte eg laut gråta, men eg gav meg aldri, gjekk berre på att med ny frist. Så vondt det var å skiljast med slike små krek, der ein hadde ein liten blomemage.

I fjellet var der nokre fine blomar som me kalla rokkablomar. Me kunne stå i ura ned under og sjå korleis dei gule blomane lyste lange vegane. Der for me kvar einaste sommar og kleiv i fjellet. Me ville få tak i og planta rundt i berga attmed huset. Dei såg ut til å trivast, men med tida har dei kome vekk. Det kunne gå på livet laust å få tak i dei. Hugsu ei gong eg hadde gjenge meg fast. For å komma ned att, måtte eg leggja meg på magen på Flyafjellet og bremsa med flate hendene. Eg skrapa meg opp både på hender og føter. - Det var ikkje berre moro å ha fjellet så rett inn på seg. Stundom kom der sau i hepte, dei gjekk seg fast i ei to. Me barn var ikkje høge i hatten då. Hugsar ein gong der kom 2 modige karar som sko hjelpa med å få dei ned. Det var nok altfor spanande for oss born. Me laut og sjå at sauer kom fykande i lufta. Då la me att augo, me ville ikkje sjå kva meir som kunne koma. Kan og hugsu at farfar gav dei 2 vaksne karane 25 øre kvar. Så var det den leie greia at fjella skygde så for sola. Om vinteren var hu ikkje å sjå hjå oss i 6 viker. Lenger nord i bakkane hadde dei sol frå morgon til kveld.

Tenkte ofte at skulle eg ei gong få ein annan heim, så måtte det vera der det var sol om vinteren. Når ho då slutta av eller kom att, var det berre som ein 5 øring 2-3 min. på veggen. Så ropte me til kvarandre at nå kom sola. Berre eit steinkast frå husa var ei ur med kjempesteinar. Ned i den ura var der ein underleg tunell, om eg kan kalla det slik. Der for me ungar ein og annan gong og kraup i stummande, mørke gangar ca. 20 m. Av og til var der så smalt at me mest sat fast. Når me då såg ljøset utanfrå, var me berga. Farleg leik.

Moro var det når den første grammafonen kom til grenda. Det var dei som hadde horn og vart draga opp med ein sveiv. Dei fekk ikkje fred på garden. Alle ungar og tenåringar skulle inn der å høyra på "vedunderet". Kan ennå minnst: "Kona med eggene og Svigermor og Evensen." Å, du som me lo, me fekk aldri nok. Har ofte tenkt på dei tolsame folka som ikkje jaga oss ut. Men slik var den tida, me kunne gå ut og inn på garden slik som det passa oss.

Den dagen eg tok til på skulen, hugsar eg svært godt. Bror min som var 2 år eldre, gjekk eg saman med, så eg tykte eg var godt "beskytta". Veit aldri av at nokon foreldre følgde til skulen. Berre ei og anna mor møtte opp eksamensdagen. Me gjekk på skulen annankvar dag, det var småskulen og storskulen. - Jau det var både høgtidsamt og spanande. Me var 5 jenter og 4 gutar som byrja den dagen. Hadde lært dei første sidene i A. b. c. boka så eg følte meg ganske sterk. Så skulle der delast ut pennalihus. Dei var så nye, rosemåla og blankpolerte. Jau så men, der var bare 7 og me var 9 som skulle ha. Læraren visste råd med det. Han fann fram 2 gamle, grå utan roser. Det sko «trekkjast støtt», og då var det ein av gutane og eg som fekk dei gamle. Det var eit hardt slag første skuledagen, men eg kjempa meg gjennom og svelgde gråten.

Då me så skulle til å syngja, gjekk det betre. Me hadde lært eit utal av songar heime. Me song alt og til alle tider. Underlig nok fekk alle 9 syskena songstemme og gehør. Det var mor sine folk som var utrusta slik. Farsfolket vårt derimot åtte ingen ting korkje av stemme eller øyra. Å lokka far til å synja var det gildaste me visste, og han song så gjerne. Som regel dikta han både tekst og tone, nokon små barnereglar. Me mora oss slik saman når han song.

Skulevegen var lang, men likevel sprang eg heile vegen. Eg lengta så heim til mor og dei små syskena mine, ja dei sat i hugen min heile dagen. Men nei då, det var ikkje lang stund å kosa seg på. Der var så mykje som skulle gjerast. Gjerne eit stort oppvask som venta eller ungapass. Det kunne stundom vera i meste laget, så det vart ikkje alltid så gildt som det kunne vore. Gutane fekk gå ut å gjera noko og dei var fleire om arbeidet. Eg var imellom 6 brør.

Me hadde ikkje noko regnkleda å ta på oss i ruskevør. Gamle trøyer åt far og farfar fekk gutane utanpå. Me jentene fekk sveipa rundt oss eit stort sjal åt mor. At det skulle vore annorleis var heilt framandt for oss. Var vèret reint spinningale med ubrøytt snø og rennefokk, kunne det henda at far kjørde oss til skulen. Det var og stundom at den gamle læraren kraup rundt golvet og kjende om nokon var våte på føtene. Me var så blyge at me torde ikkje svara ja om han spurde. Han gjekk då inn til kona og kom att med ein heil haug varme sokkar. Dessutan hadde han alltid gamle heimelaga tresko bak omnen, som me fekk ha på oss når me var kalde. - Når me kom heim og fortalde dette til mor, sa hu at han var kje berre ein god lærar, han var og som ein far åt borna.

Så var det avhaldslaget som bar seg så rart. Dei største av syskena gjekk til skulehuset. Der skulle dei feira 17 mai. Me som var mindre måtte vera heime. Kanskje var det for langt å gå eller at lerskoa hadde vorte

for små. Me var med far og farfar ute på opptaket. Dei heldt på å rydda stein. Best det var kom der ei lang rekkja med større og mindre ungar. Dei veifta med flagg, ropa hurra og bar seg. Me vart redde, smaug burt åt far og farfar. Ein mindre bror spurde om det var krigen som kom nå. Hadde nok høyrte meir om krigen enn om 17de mai.

Skal berre taka med nokre linjer om vintoren 1919. Då var det at spanskesjuka herja. Det var harde tider. I dei fleste husa låg dei alle som ein. Dei 2 sjukestrengene eg kjende i bygda gjekk natt og dag. Kan ikkje skjønna korleis dei greidde det. Heime hjå oss låg me heile huslyden. Bare mor var på føtene og skulle stella både oss og alt i fjøset. Sikker hadde hu hatt like gyldig grunn til å fått lagt seg ned som oss andre, men det gjekk berre ikkje. I grannehuset strauk 2 unge jenter med.

I husa var det nøysomt med inventaret. Storasenga stod som regel i stova, det var der mor og far låg. Der var og både ein og to Sandnesbenker, etter som stova var stor. Så var det kommode, klaffabord, forsete og stolar. Torvkassen må kje gløymast, som stod i omnskråa. Det første eg hugsar var golvene trekvite, ja inventaret med. Seinare vart det brunmåla. Filleryer gjorde det alltid lunt og triveleg i stova. Vegger og tak var sjølvsagt trekvite. Det vart skura tak og vegger ein gong i året. Ein blanda saman grønsåpe og fin sand. Så vart det brukt ein halmdott til å skura med.

Hadde me vore så uhepne å slå sund ein kopp eller kva det kunne vera, ville me helst gå og gøyma oss. Oppgjeret som mor hadde då, var ikkje av det mildaste. Det var nok hardt å skaffa seg noko igjen. I visse mellomrom vart det køyrd med hest til Eigersund etter ei heil forsyning med steintøy. Konene rundt på gardanene fekk då skaffa seg noko nytt. Der vart aldri kassert noko om der var både skar og brest aldri så

mykje. Så var det ein stad at kona visste råd. Hu støa opp med eitkvart når skaret var så stort at grauten ville renna ut. - Stundom vart steintøy koka saman i separert mjølk. Det vart surra i hop med hyssing. Når det då hadde koka lenge nok i mjølka, varde det ei god tid lenger.

Då me var born, var sukker noko me snaut måtte røra. Når me skulle ha sukker på grauten, fekk me ikkje lov å strø på sjølv. Mor for rundt bordet og strødde på til oss. Så sat me der og skula rundt oss om der var nokon som hadde fenge meir. Stundom var det nokon tynne sirupsstråler me fekk. Kanskje var det fordi det måtte kjøpast at det alltid sko rasjonerast. Det var nok ikkje mange då som visste at det var skadeleg for helsa. Så var det vel det og at me ikkje sko verta utskjemd. Det vart vel ikkje så sødt når me skulle ut og tena. Om sommaren hende det ikkje så sjeldan at farfar kom over homle og vepsebol når han for framom med orv og ljå. Dei var nok brysame å arbeida saman med. Han rydda likegodt opp i heila bolet. Ikkje skjønna eg korleis han klarde det, men søtsaker fekk me. Han braut voksen i biter, nam, nam som me sudde i oss av søt honning.

Når det var middags mat, måtte me eta kvar bete. Gjorde me kje det då åt me stygt. Stundom stod der skål med flot midt på bordet. Det smaka godt når ein fekk duppa beten der.

Me såg aldri nokon då som ausa til seg flot, (feitt) på tallerken.

Av leikar hadde me eit utal, både inne og uteleikar. Det fans ikkje på garden noko kjøpeting i den lei. Skal berre taka med ein leik som sikker er gløymd. Det var om hausten når kornstaurane stod ute på åkrane, så den leiken har nok døydd ut av seg sjølv. Me kalla det å vera bjørnar og geiter. Både store og mindre ungar samlast på åkeren om kvellden og stilla oss oppi ei rekkje. Så var det ein av oss, helst ein av dei største gutane som

skulle gøyma seg attom ein kornstaur. Han skulle vera bjørnen. Me andre var geiter. Den geita som då var i faresonen, var den som stod sist i rekkja, den skulle bjørnen ha tak i. Når me då for framom kornstaurane, stor eller lita rekkja, kunne bjørnen brått renna fram, og då var han vill og brøla fælt. Då mekra alle geitene og krulla seg saman i ein ring med den siste geita i midten. Klarde då bjørnen trengja seg gjennom og få tak i den vesle geita, så hadde han vunne. Det var leik som gjekk ganske hardt for seg. Me vart stundom så svoltne at me fann oss ei kålrot som stod like attmed og frista oss med den gode angen. Det var berre å slå ho i biter i ein stein. Om der var ein bekk å skyla i var det fint, men det var ikkje om å gjera.

Gammal stor lyng var godt å fyra med under hedla i den runde komfyren. Der vart det baka syrekaker, potetkaker, flatbrød og lefsa. Pannekaker var og kvikt og få til på den store hedla når ein då hadde ei heil bøtte med røre. Ein firkanta komfyr stod der også som ein koka i. Der var murstein på det meste av kjøkkengolvvet, så det var ikkje så gale om der datt ned ei glo - Dei dagane me skulle avstad å riva lyng, var for oss ungar ein festdag. Det var som regel mor, farfar og oss ungar som for avstad. Dei minste var nå med for moroa. Me bar med mat, helst kake, og so mjølkespann eller eit grautafat. Gildast var det når me skulle på fjellet etter lyng. Mor hadde sydd saman fleire kjempestore striesekker. Dei vart stappa fulle av lyng og så sette me fart på dei utover fjellet. Når så fjellet var rett over husa heime, var det lett å trilla dei ned. Å du som me ungar sprang heim og skulle sjå kor dei hadde dotte ned. Ja det var så mange av slike eventyr på heimstaden. Så var det steinkyrne. Me hadde aldri sett sjøen, men det hende me fann slike runde, slipne steinar som var gull verd. Desse lika gutane å leika med. Dei bygde fjøs av steinane. Ja alt som fans i naturen vart nytta ut til leik og moro.

Det var ein heil strid med å halda brenndel til huset. Då var det ikkje el. straum og ofte skralt med brenndel. Torv vart skore, men det vart ofte ståande ute i røyker. Lang og kronglut veg å køyra det heim var det og. Var då véret laglegt, kunne ein få det heim rektigt turt og godt. Ja, det hadde så mykje å seia med det torvet, at det var for ein stor del med og avgjorde kva slags liv og lagnad ein fekk resten av året. Vart skuten full av turt godt torv, ja du kor me gleda oss då.

Det kunne og vera svært lange og keisame dager i torvmyra for oss ungar. Far var seig og uthalande. Når han hadde byrja på ei ny torvgrov, måtte den skjærast ferdig. Det var tidt me ikkje hadde klokke. Då såg far berre på sol og skugge, steig nokre steg og fekk alltid klokka til å vera lite langt komen. Det kunne vera mange botnar i ei torvmyrgrov. Einaste var om båsgrisen kom så far måtte ryma opp or grova. Båsgrisen kalla me det når vatnet kom strøymande. Det heitte so avdi det traud og grynta som ein gris. Det kunne verta seine kvelden, og me fekk aldri fara heim. Då gjekk me berre og ønskte at far måtte halast opp etter spada.

Å du, for ei ”lykksalig” stund.

Ein dag skulle eg gå til slåttefolket med eit spann med saup. Dei låg stundom over i høyløa så dei kunne nytta slåttedogga tidleg om morgonen. Då kunne eg vel ha vore ca. 9 år. Mor hadde átvara meg at eg ikkje måtte slå ned saupe, og så måtte eg passa meg for ormen. Veggen var lang, men eg kunne først gå på postvegen ein god halvtime. Sidan var det å følgja ein gammal stig ein god time. Då eg var komen meg godt og vel or synsranda inn over heia, møtte eg eit syn. Ein flokk med hestar skaut fram som dei var ville. Dei bles i nasen og hoppa rundt meg med beina i véret så moll og torv fauk. Var kje sein med å koma meg oppå ein stor stein som var i nærleiken. Der sat eg og grein og bad faderværet om og om att til hestane hadde roa seg. Då eg endeleg våga meg ned av steinen

og skulle gå vidare, gløymde eg både ormen og at spannet var tungt. Var bare så glad for kvart steg eg kom lenger frå hestane.

Det kunne vera gilde og gode dagar i fjellslåtten når veret var laglegt. Å vera på slåtten i kaldt ruskever heile dagane, utan regnkjede, sjølsagt, er dei dagane eg helst ikkje vil hugsja. Det var vondt for ein unge å skjøna at ein måtte lida så vondt for å leva.

Det hadde teke til å koma ein og annan bil oppgjennom dalen. Ein godvérsdag me ungane for og rek frametter vegen, kom der ein med feite karar i. Dei sat i open bil og kasta til oss ein pose. Me var svært mistenksome når den vart opna. Ein flokk med små innpakka draltar i blankt papir. Me vart samde om å hiva posen langt ut på vatnet, det var gjerne dynamitt. - Så ukjende var me med snop. Om sommaren for me mykje og vassa i åno, (Åa) som rann framom garden. Der fann me tidt sjøler, og det hende me fann ei lita perle i dei. Mang ei gong drog dei 4 minste brørne åt åno og fiska. Då måtte eg som var litt større, vera med og få dei oppatt om dei datt uti. Verst var det når dei fekk ongulen i seg. Dei bruka berre ei bjørk eller raunegrein til fiskestong. Fisk fekk dei i haugevis. Dei var små, og aure fekk me eta så mykje me ville.

Burtom husa rann det ein bekk. Der var ein unaleg stad for oss ungar. Men det hadde og sine baksider. Var det då nokon av dei små som vart borte, så var det å springa til bekken og sjå om dei ikkje svara.

Av andre leikar må eg kje gløyma beina i saueføtene. Det vart stella i stand på hundrevis av saueføter, ja mange sauehovud og. Dette var det også noko me tidleg måtte vera med på. Så snart me var vise med å bruka ein tollekniv, skulle me vera med å skolla saueføter. Det var ikkje noko særlig gildt arbeid å laga dei i stand, men øving fekk me. -

Me var svært så glade i mylja. Det var kokte, først salta og stundom tørka etterpå,

sauehovud og saueføter. Så var det å bløyta flattbrød i krafta som det var kokt i, og så sjølsagt poteter. Så laga me betar og duppa i flot. Det var det gilde med saueføtene at då fekk me, særleg gutane, beina å leika med. Det vart både, sauer, geiter og høns. - Det hende og ei gong at mor og far var vekke og me skulle ha saueføter og mylja til middag. Gutane kom i tretta med bordet, og det ente med at dei heiv beina i hovudet på kvarandre. Då det ikkje nytta å stagga dei 6 brørne, vart eg til slutt med på leiken.

Lyt sanna at me var kje så fredelege ungar som me skulle vore, men moro hadde me det alltid.

Å, du kor mykje det hadde å seia at det slo til med avlen, slik at der var noko å eta for folk og fe. Det var ei høgtid å sjå bygg og havre stå der gul og mogen, og når ein og fekk det velberga i hus. Å treskja var slitomt i den tida då dei laut stå å draga med handkraft. Ja, eg hugsar og den tida då dei bruka tust. Det var mest som festdagar når me alle sko vera med å treskja. Ein sende banda til han som skar opp. Ein la i maskinen og 2 drog i kvar sin sveiv. So var det ein som stod og raka bort halmen og ein som bar han bort. Der var malar på Ålgard som mol mjøl og gryn. Det var ein stor dag når far hadde vore avstad og henta ”melen”. Me gleda oss store og små når grauten stod på bordet. Det var ei andaktstund i seg sjølv. Pengar høyrde me lite snakk om heime, men du verden, så god mat me hadde.

Rart nok så åt me ikkje bare graut, poteter og skumma mjølk. Det stod nok likevel høgt på matlista om hausten når potetene vart oppteke, Ja, det var høgtid når eine kjerra etter den andre vart fulle av slik ei gåva.

Gulrot og kål vart det alltid dyrka heime, likeeins kålrot. Me skulle nok få både vitaminer og mineraler nok.

Om hausten vart det slakta sau til husbruk. Då vanka der mange gode måltider.

Mor laga mykje god blodmat, likeeins mårpølse. Det var ofte mor gjekk til dei som hadde storslakting. Dei slakta heime og sende skrottane til Oslo. Då var det innmat og blod hu skulle stella med. Hu fekk og med seg blod og innmat som ein del av lønna. Kjøttet måtte helst vera til søndagsmat, men dette måtte saltast. Mor var også den første på heimetraktene som la ned kjøtt, hermetisert. Det vart ei god avveksling og greitt å taka igjen.

Der vart og halde eit par griser som vart slakta til jul. Det vart gjerne teke av ein part eller ein halv gris. - Mor for og rundt og kokte i heila bygda, det var i bryllaup og likferd.

Når det var slakting, måtte me ungar tidleg vera med. Då hadde me innmat, tarmar og vemmer i ein stor stamp som vart trilla ned åt åno. Me var heldige som hadde rennande vatn ikkje langt unna. Det var helst tarmane me ungar sko stella i stand. Dei vart bruka til å ha måren i (mårpølsa.) ”Å nedanfor garden rann der ei å, der skylte dei tarmar både store og små”. Blodet måtte me jenter og læra oss til å taka når me vart større. Det var kvinnfolkarbeid, og det måtte takast vel vare på.

Korleis me ungar reagera på slakting? Det merkelege var at me tok det som ein god ting. Då det vart slakta, skulle me halda oss vekke, men me var ikkje store før me lura oss i eit eller anna glas. Me tok det som ein god dag, for nå kunne me venta blodkomla, ferskt kjøttsuppe o.s.b. - Verre var det når gamle Krona eller Blakka måtte gå. Krona som stod på første båsen, ho stod like stilt same kor mange av oss ungane som skulle læra å mjølka. Så var det Blakka som hadde slite seg ut på garden, og var mor åt Guten og Blakken, som overtok slitet.

Ja, alle øykjene rundt heile kretsen og langt opp i Bjerkreim, kan eg enno sjå når eg let att augo. Det var frå den tida då alle

køyrde med hest til Ålgård eller Sandnes når dei skulle etter varer.

Fantane hørde og med i den tida. For oss ungar var det ei kjærkomen avveksling i kvardagen, særleg då når det var kråmkarar, og dei hadde med seg «skrinet med det rare i». Litt fekk dei selja om mor var i beit for trå, synåler, skosnorar o.s.b. Dessutan var det mykje dei kunne fortelje frå den store verda. Som regel hadde dei vore til sjøs. Dei fekk alltid koma inn og varma seg om der var kaldt ute, og mat fekk dei. Hugsar enno den store halmsekken som vart snudd og vend på oppetter omnen om dei sko overnatta. Ho mor jaga ingen av dei forkomne på døra, ho sa det var menneske det og. Far hadde same hjartelaget.

Det må sikkert ha more mange harde vintrar. Tykjest hugsar at der låg jamt snø og is. Me bruka ski av tønnebord så lenge me var små. Sidan vart det andre heimelaga ski som vart godt nytta. Skeiser var det heller skralt med. Det var å trettast om dei 2 para som var på garden. Alt som kosta pengar måtte unngås.

Me vart tidt mana om å vera lydige og fara fint fram. Det var ikkje halde nokon søndagsskule med oss. Me skjønna likevel at det var stor age for det heilage. Ho gamle Berte på Holane var flink til å halda styr på dei mest høgroysta gutane. Ho fortalde kor dei kom av som banna.

Det hende av og til at me fekk vera med til kyrkja. Me gjekk gjerne over Vinnheia. Det var ein halvannan times gonge kvar veg. Hest og karjoll vart og stundom bruka. Når me var små, var det heller keisamt medan presten var på stolen. Var så glad når orgelet byrgja, og me fekk taka til å syngja. Når me gjekk Vinnheia, stakk me nista i ei gjerdinghole før me kom fram. Me hadde og gjerne med skobyte som me byta der. I nista kunne der vera både egg, pannekaker og kveiteski-ver. Så sat me alltid attmed ein bekk slik at me kunne drikka.

Ein og annan søndag skulle me av stad og gjesta oss. Då var det berre så mange av dei minste som der var råd å hengja på karjolen, som fekk vera med.. Det var gildt å vera med, tykte me, men me var glade når me var heime att. Ingen stad var som heime.

Då eg var i 13-14 årsalderen var eg vitne til ei rar hending. Hadde vore hjå ei venninna i andre enden av kretsen. Det var om hausten og det bles og var kaldt. Ho følgde meg eit stykke på veggen. Då me hadde so mykje å snakka om, sette me oss i livd av eit steingjerde. Me sat og stappa visna lauv i gjerdingholer så det vart lunt og koselegt. Undringsinstinkt var nok ikkje heilt utdøydd i oss. Då me så endeleg braut opp og eg gjekk der åleine, fekk eg sjå noko rart. Ei svær eldkula kom rett mot meg. Ho kom på skrå og for rett i Hedlesvatnet ca. 20 m frå der eg gjekk. Sidan skjønna eg det måtte vera ein meteor. Skal seia eg vart fælen der eg gjekk og mørkt var det i alle husa. - Mørkt ja, det kunne vera så stummande mørkt heime. Det kom seg av at det var så høge fjell på bae sider. Me borna dreiv av og til sport med å gå i blinno. Når der var månemørkt og overskya, kunne me like godt lata att augo. Men me var så kjende på veggen at det gjekk godt. Skulle me over brua, då la me oss ned og kraup, så kunne me føla oss fram med hendene.

Om vinterkveldane kunne far sitja og lesa åt oss i timevis. Det var helst bøker me låna. Der var ei ganske gild skulesamling. Far såg berre med eine auga og skralt var det med parafinlampe. Ja, slik kunne me kosa oss mang ein vinterkveld medan mor sat med spøtet.

Det var mange stader at det litla huset stod for seg sjølv. Slik hadde me det lenge heime. Det mangla gjerne ei og anna fjøl i veggen og draup gjorde det i taket. Kva gjorde vel det om det var ei lita snøfonn på benken. Det var berre å sopa vekk det verste. Stundom var det hutrande kaldt og mørkt,

men slikt var og råd med. Om syster mi og eg hadde ærend der føre leggjetid, kunne det verta ei kosestund av dei sjeldne. Me tok med oss fjøslykta og gamle jakkar over hove. Gjerne ein Vestlandspost å lesa i og etterpå til gagn og nytte.

I kjellaren var det berre eit mørkt hol til å ha poteter, grønnsaker i og eit skåp med saft og syltetøy. I andre enden av kjellaren var det plass til eit tjug med sauer. Til dei måtte der berast hø og vatn lang veg. Ja, springvatn var det og skralt med. For det meste måtte der berast vatn. Fyrst når maskinane kom, vart det skikkeleg med vatn.

I min oppvekst hørde me lite eller ikkje til "skilsmisse". Dei gjekk der og streva for seg og sine. Tok imot dei borna Vårherre gav. Tru ikkje dei måla på gullvekt kor mykje kjærleik dei skulda kvarandre. Vil heller seia at dei ikkje klatta så mykje med den kjærleigo. Men dei gav kvarandre blodslit og truskap. Det fins heller inga kjærleik utan truskap.

Jula var ei travel tid. Mor sat og sydde på klede åt oss som me så vel trong om. Så var det all den vasking, skuring og baking som skulle til for å koma over helga. - Farfar for avstad og kom heim att med einer til juletre. Der var ikkje noko anna, men fint var det. - Me ungane pynta treet og slost om å hengja på. Det var like fattigsleg det me hadde å pynta treet med, som alt anna. Men at noko sko vore onnorleis, nei, det var skjult for augo. Me berre pynta og slost. Mor hadde så lite tid til å hefta seg med slike ting at litt sjau enste hu ikkje. "Den heilage jola" kom nok stundom litt i bakgrunnen. Me song alle julasalmar om og om igjen og var svært så fromme.

Julaftan var det risengrynsgraut, lefsa og gome. I spisskammerset var der noko me sjeldan såg, og det var kjøpeost. Me var berre vane med heimelaga fatost, dravle og gome. Far kjøpte og heim litt gotter. Litt appelsin, ein liten pose med pinfantar og endå

litt rosin eller fiken. Når me sko få smaka appelsin, så var det berre ei lota, ein båt eller 2. Forresten så visste me ikkje om det kunne etast eit heilt appelsin. Berre når me vart så store at me fekk gå på julatrefesten åt avhaldslaget, då fekk me rå over eit heilt appelsin. Nokon julegåver hadde me ikkje heime, berre dei naudsynlege kleda. Men det vart jul likevel.

Der var nok av originalar. Skal berre taka med ein av dei. Han heitte Josva og var original og vitug på same tid. Folk fekk han til å gå til Eigersund bolag etter brennevin for kr. 0,25 for flaska. Då han budde på Ålgård, kom han stundom innom heime og fekk seg mat og kaffi. Me ungar var nok ikkje så lite nasavise når Josva kom. Me var så forvitne på kva han sa når han las for maten. Han folda hendene som vanleg, så la han hovudet heilt nedåt og las halvhøgt både lenge og vel. Det var ikkje fritt me sneik etter sukkerstykke. Han tok opp ein heil haug or lomma, slumpa dei oppi kaffikoppen så det bobla. Stundom kom han trillande med ei hjulbår. Han hadde då med seg ljåar frå Kverneland og Gjesdalsokno, og hadde med heimatt ku og hestehalar. Kvar han kom fekk han mat, kaffi og husrom. Han var ein påpasseleg kar som ikkje sløsa vekk noko, men la seg opp pengar. Når nokon snakka til han etter Eigersund turane, lova han bot og betring. Men det var ikkje lenge før han daska i veg att. Han sa at han ville vore eit betre mennesk, men så var der ein stemme i han som sa: "Josva, du må ågra med det pundet du hev fenge". Han var lang og turrsprek. Stundom sette han på sprang. Då var han gammal mann med kvitt hår og skjegg som ein krans rundt haka. Han vart 92 år gammal.

I ungdommen var mor 4-5 år i Amerika. Far hadde alle sine dagar vore heime på garden. Han hadde aldri vore så langt som til Sirdalen. Likevel sat han ofte med 2-3 ungar på fanget og fortalde om sauer og lam

som gjekk der oppe i heia. Det var så levande at ein kunne tru han var gammal heilagjetar. Han mana fram både bjørn og ulv så det vart heilt spennande. Stundom fekk me mor til å fortelja om Amerika. Sa hu då noko på amerikansk, var det svært så moro.

Før eg forlet barndommen, lyt eg taka med nokre ord om farmor. Helsa hennar var ikkje til noko arbeid. Hu sat berre attmed omnen, godt påkledd med svarte klede og alltid eit spøtaplagg rundt seg. Hu var kortpusta, hadde hoste og rya jamnt. Bare Vårherre visste kva som feila henne. Aldri skulle hu ha dokter. Det var sjeldan at dokter vart bodsend i den tida. Slik sat hu i mange år og vart 88 år gammal. Nafta og kamferdråpar bruka hu jamt. Ikkje så sjeldan var presten heime hjå henne med Bibel, bøn og sakrament. - Hu farmor var 9 år eldre enn farfar, som var lenge sprek og arbeidsfør, han fekk slag og vart 85 år gammal.

I forlovelsesdagane var farfar i Kr. sand. S. på eksersis. Då han og andre karar sko heimatt, gjekk dei kvart steget. Det er fortalt at når dei hadde ei mil att, tok farfar på sprang, han lengta nok etter hu farmor, kjærasten sin.

Det lakka og leid på dei lukkelege barneåra som Vårherre, mor og far gav oss. Å forlata skulen var ei vemodig tid og ei stor omvelting i livet. Konfirmasjonen nærma seg. - For meg var det ein uvanleg stor dag. Om det var fordi eg eingong fekk vera midtpunktet nokre timar, veit eg ikkje sjølv. Me hadde ein ung, sær sild prest som me gjekk og las for, og som eg nok var noko forelska i. Slike fine kjenslor saman med all høgtid og orgelspel var det nok som gav det største utslag hjå meg. Det var så sjeldan å høyra musikk som eg hadde ein stor umetta hunger etter. Litt gaver og ny kjole var nok og med i spelet.

Etterkvart som me vart større, skjøna me at far hadde meir pengar. Han hadde vorte vegvaktar med sida av den arme slitsame



Sigfrid Tøge t.v. saman med søstera Guri som var meierske.

garden. Fekk og høyra at eg var dotter åt vegvaktaren. Trur ikkje eg røpa så mykje synleg av det. Vegpengane sko først og fremst vera å betala av på gjeld, og å setja garden betre i hevd. Kunstgjødsel var kome for lenge sidan, i 1913 var det visst. Det hadde nok vore snautt med pengar å kjøpa stort av det slaget. Hugsar godt sekken med kjøpehevd, som stod på reina attmed potetåkeren. Me ungar for og sette poteter og ropa på farfar at han måtte koma å strø på mjøl. Det var berre han som fekk røra sekken. Han strødde ein ring rundt kvar potet.

Nå var eg så heldig at eg fekk læra både det eine og det andre. Då eg var 15 år fekk eg gå på syskule som sidan har vore til stor hjelp gjennom livet.

Så vart det skipa frilyndt ungdomslag i den tida. Det var ei uvanleg god og gild tid. Me hadde berre skulestova til rådvelde, men den var stor til den tida å vera, ca. 60 kvadrat. Me valde oss ein dugande formann. Der var og ein frå garden som studerte i Oslo, som var flink med folkeviseleik. Han hadde leikekurs i jula når han var heime og i ferien ellers og. Så øvde me inn spelstykke og heldt festar. Han som var formann var ein fiks kar og laga scene sjølv. Laget var tilslutta Rogaland frilynde ungdomslag. Laget fekk såleis vitjing av ferdatalarar og felespeararar. Av dei kan eg hugsa Arne Bjørndal, telemarkingens Kjetil Flatin. Vossingen Per Berge, Trygve Gran og fleire. Mor kunne ikkje berre taka i mot dei forkomne. Hu var like flink vertinne for dei som reiste i ungdomslaga. (og slekt og vener ellers.) Det var ei god hjelp for meg medan eg laut vera formann i laget. Ellers hadde me handskrivne blad til kvart møte. Der var grupper av sekter som var imot ungdomslag og folkeviseleik. Nå trur eg folk ser det annorleis. Dei har vorte meir tolerante, og så heiter det så fint som kulturarbeid.

Det var nok ei hard tid for bøndene som gjerne og sat med stor gjeld. Lite fekk dei for det dei sko selja. Store flokkar med born og foreldre som hadde kår, var ganske vanleg på gardane. Der vart lånt, kausjonert og tapt. Einkvan som sat nokonlunde i det laut tapa, gjerne så mykje som 10, 000. Det var svær pengesum i den tida, så det røynde på. Ja, kring 20 åra var det fleire i bygda som gjekk konkurs, men det hende og at dei fekk att garden i kona sitt navn. - Bøndene tok og til å organisera seg. Det var nok eit heilt slit å få det gjennomført. Somme meinte at det var berre storbøndene som fekk nytta av det. Der var så lite pengar at ordet kontingent stod for dei som ei skremsla.

Ei stor omvelting i jordbruket var vel då kunstgjødsla kom. Dei tok då til å gjødsla opp utmark til kultarbeite. Fleire og fleire

sende mjølka på meieriet, så det vart stor hjelp for dei som stelte heime. Dei fekk etterkvart skaffa seg nye maskinar. Den gamle tungvinte måten kom meir på avstand. Sidan kom traktoren og tok over. Blakken vart kassert. Husdyra hadde vore som familiemedlemmer. Den tida vart og slutt at mor bar varm mjøldrikka til kvar ku som hadde kalva. At alle måtte ut og sjå kalven som var komen, var sjølv sagt. Svært viktig var det å diskutera kva han skulle heita og om han skulle leggjast.

Åra kom og gjekk og folk kom seg igjennom. Det var nok knakje for dei som ikkje hadde arbeid. Der vart sett igang med "nødsarbeid", dei kalla, for dei som hadde det verst med store huslyar. Det var helst anleggsarbeid. Men folk var så vane med å slita for lite. Den aller største skilnaden på då og nå er vel nettopp at folk var fornøgde med det litle dei hadde. Dei hadde ikkje venja seg til med anna. "Du hørde dei aldri mala i klynk om sine kår". Det var nok enno dei som for til Amerika og skulle prøva lukka der, men som regel vende dei heimatt om ei tid.

Likevel om tidene var tronge, gjekk nye motar sin gang. Men nå gjekk det over alle grenser. Umoralen gjekk for det første ut på at unge jenter gjekk med farga kjøpesokkar. Til og med skinnfarga, kunne dei vera. Slik bar det til at eg i 15 års alderen vart eigar av eit slikt par. Ei som var nokre år eldre enn meg, fann ut at hu var for vaksen til å bruka dei. Så var det og dei som tok til å klippa håret, så no gjekk det over alle grenser med laussluppenheita. Men det og vart meir og meir vanleg. Sidan vart kruller i håret kvar manns eige. Ja, det vart mest naudsynleg enten dei gjekk på dans eller oppbyggjing.

I 1926 fekk me el. straum i kretsen. Eit vannfall vart utbygd. Så kom den store dagen då ein fekk skrua på knappen. - Hadde folk hatt aldri så lite å festa med, så burde der sjølv sagt vore fest og innviing. Men nei,

nå var det å spara og grava enno meir. Kvar medalje har ei baksida. Det vart hardt for mange med alt som skulle betalast og utstyret som måtte kjøpast. – Mor visste alltid råd når det ville knipa med økonomien. Hu sette i gang å baka havrakjeks. Fiskabilen som kom ei gong i vika, fekk med seg store spann som han leverte til handelsmenn i Stavanger. Og ikkje nok med det, nå var der kome ljøs tilgards. Hu visste at hønsa treivst med godt ljøs. Nå vart det bygd nytt høns- hus. Fleire 100 daggamle kyllingar fekk hu tak i. Ei kunstig kyllingmor med káltrådpær- rer vart bruka. Der måtte nokon gå ut kvar nott, og det var helst hu som tok seg av det. Der vart og mange hanakyllingar som me fekk gode middagar av.

Me hadde nok teke til å krevja meir nå når me hadde vorte vaksne, men eg laut venta, kunne ikkje få tøy til ny kjole, før kyllingane hadde teke til å verpa. Å, du som dei kyllingane plaga meg. Eg visste at dei måtte først verta raude og fine i kammen, og det gjekk så altfor seint før eg fekk ny kjole.

Nå var eg komen så langt som til 17 år. Hadde enno ikkje vore ute og tena for alvor. Noko syng hadde eg her og der, og ellers med noko stell i bryllaup og likferd, der mor alltid var kokk. Sidan far hadde vegvedlike- hald, måtte 2 av dei vaksne gutane og vera heime. Stundom måtte der grusast lange strekningar. Av og til fekk eg vera med og kjøra grus på vegen. Det var dei fredelegaste dagane eg hadde. Me hadde mat med til både ei og 2 måltid, så koka me kaffi framet- ter vegen. Så var det, særleg for brørne mine, å arbeida på garden til langt utover kvelden. – Var ikkje dei mindre av brørne på skulen, så køyrde dei på vegen. Om vinteren når det var snø, frost og rennedrev, måtte far og gu- tane ut med hest og slede og måka. Var det då i mørke natta, kunne det gå på livet laust. Dei fekk aldri leggja kald sele på hesten. Mor ordra karane inn i omnskråa med se- len, om dei sko risikera å måtte ut om natta.

Så ville eg ut og tena. Det var mest som ein var ikkje rektig vaksen før ein hadde vore ute. Hyrde meg så på større gard i bygda for kr. 40, for mnd. Det var i meste laget til den tid å vera, men det var rekna for ein hard plass å tena. Nå visste eg at det galdt om å ha både mot og kraft. Einaste fritida var tredjekvar sundag. Ja, då og måtte eg først opp å mjølka om morgonen. Separera og vaska og skrubba alt i kjellaren og leggja til rettes så det berre var for husbondfolket å gå til bords. Så hadde eg fri dagen ut. Det var hardt å vera tenar, men eg er glad eg fekk prøva kva det var, og at eg stod det over med liv og helsa.

Der var aldri noko om laurdagskveldane som me gjekk ut på i mi ungdomstid. Var det ungdomsmøte eller dans på låven ein el- ler annan stad, var det sundagskveldane som vart nytta. Det kunne vara til kl. 12, stun- dom lenger, når det var dans på låven. – Det var vondt å vera ute å tena når ein sjeldan gong hadde vore ute på noko. Den grauta- tallerken me hadde fenge tidleg på kvelden sat ikkje så lenge i, når me så sko mjølka ein flokk med kyr og separera frå 150 - 200 l. mjølk og alt sko stå klappa og klart.

Det kunne vera lang veg å sykla og. Når då dansen hadde gjenge strykande i fleire timar og etterpå sykla attende, ja, då var ein både sliten og svolten. Då ønskte eg at eg var heime der det alltid stod mat åt oss på kjøkkenbordet når me kom inn. Me hadde aldri gjenge svoltne til sengs om me var al- dri så fattige. Det var vondt å få sova med så tom mage. Å liggjå slik i ein samanslegen karm med halm i, hardt, og stirra i ein aldri så liten glugg av eit takvindauga, medan det sang under brystet og gol i tarmene, det var ikkje godt. Lang og tynn som eg var hadde eg inga opplagsnæring. Ja, det dempa ned på romantikken om den hadde vore aldri så lite innom dansegolv. Dagen derpå var ikkje så stort likare enn for drengen i Bjerkreim som vart jaga ut på slåtteteigen kl. 2 - 3 om



Åslandsbakken 55, som var huset til Sigrid og Odd, i forgrunnen. Figvedgarden til venstre i bilete.

natta. Når det leid frampå spurde han: "Å æ dæ kveld, elle æ eg uveda". Då var kl. 11 føre middag. Ellers var det berre godt å seia om folka på garden, men eg fann fort ut at det var best å krypa til sengs, for ein vart altfor svolten.

Sidan kom eg på at eg ville prøva kva det var å gå i fabrikk. Hadde funne meg ein kjærast og nå ville eg endeleg ha kveldane til å sy og stelle i stand noko utstyr.

På fabrikk på Svanedal fekk eg arbeid med ein vevstol som vov tøy og tepper. Tykte det var greitt arbeid avdi eg ikkje var heilt ukjend med heimeveving, sjølv om det no var på ein annan måte. Det å stå der heile dagane inne i usunn luft, det var hardt å venja seg til med, men så visste eg at eg skulle ikkje stå der alltid. Siden hev eg hatt all respekt for dei som greier stå inne med ein maskin, same arbeidet heile arbeidstida. Det øyder og gneg både på kropp og sjel.

Om våren og sommaren var det verst, sær- leg sidan eg var van med utearbeid på gard. Ja, ute og inne om ein annan.

Ei stor oppleving var det då eg fekk gå husmorskulen på Sømme. Han som skulle verta mannen min var ganske godt skula i jordbruk. Han hadde både vinterlandbruks- kulen, og så Tveit, Nedstrand attpå. Nå var han ikkje så heldig å vera odelsgut, men han arbeidde heime på garden attåt han var stasjonsmeister på ein mindre jernbanesta- sjon, Figgjo, som låg rett utanfor stovedøra i heimen hans på Figved. Det arbeidet hadde han kr. 40,- for mnd. Då gjekk der 10 tog til dagen frå Ålgård til Sandnes, 5 kvar veg. Dette var i 30 åra. Så fekk han attåt det re- visorjobb for Høyland kommune, det og var ca. kr 40,- for mnd. Med den løna og ein dugeleg porsjon kjærleik, gjekk me av stad og gifta oss. Me var heldige og fekk bu så ganske bra og billig.

Det første eg måtte gjera når eg kom til den nye heimen, var å læra å vera avlørsar på stasjonen. Mannen reviderde periodevis 14 dagar om gongen. Arbeidet på stasjonen lika eg godt. Det varierte med å selja billetter, ekspedera heile lastebilar med varer frå D. F. U. kalvar og grisungar frå bøndene omkring, og sumt anna. D. F. U. hadde stor medgang i dei åra.

Så må eg ikkje gløyma han som skipa det første bygdeungdomslaget, Høyland bygdeungdomslag, som heitte Sigurd Nilsson Figve, og som vart mannen min. Det var og han som var den første i landet som sette i gang med tevlingar.

Attåt den vesle månadslønna, for me og klora og grov alle stader. Ca. halvanna mål dyrka jord følgde med stasjonen, den fekk me bruka for kr. 15,- pr. år. Den vart nytta til grønsaker eller poteter. Ellers leigde me jord både av heime- og grannegarden. Høy slo me frametter jernbaneskråningane. - Gamle jernbanevogner vart godt fjøs. Dei fekk stå på ein usjenert stad på heimegarden. I slikt fjøs fora me opp kalvar med høy, småpoteter og grønsakavfall. Det vart ikkje mykje å tena på kvar stuten, men litt vart det. Kyllingar ruga me ut sjølv, og hønsa treivst også godt i ei slik vogn. På toppen hadde me og fleire bikuber. Vesleguten som kom til verda i april, fekk bu ute heile våren og sommaren,

Eg trilla han med meg kvar eg for og arbeidde. Snaut 2 mnd. gammal var han med i torvmyra når me skar torv. Me bar han med på ryggen i eit plagg. Eit lite laken hengd på nokre pinnar vart fint telt åt han, spør om han stortreivst. Kort sagt var me ”bønder i byen”.

På den måten kom me oss gjennom dei første åra. Nokon rikdom vart det nå ikkje. Kan hugsa at for potetene fekk me 5 - 6 øre kg. Men så var alle prisar i same leid. Heldigvis hadde me lært å vera nøysame og bruka lite pengar.

Når det første barnet vårt var 1 år, kom der bod om at mor var død, ho stupa medan ho gjekk og stulla. Det var som alt seig saman. Men eg hadde både mann og barn. Livet måtte gå vidare. Det stod å lesa om henne Sofie, mellom anna: ”Så tidt et hjem det var som landet frelst i frå slaget bar”.

Kvar tid har si sut og gleder. Men som det heiter: «motgang adlar og modnar kvinne og mann». Slik er livet for alle. Kan ein då få fram dei beste minna, som oftast vil sigra, er det hugnad i livet likevel.


”Å kjenner du ikkje i kvell, i kvell, at livet det er nå det likaste lell”.

Sigurd Figved, mannen min, hadde alltid augo opne om det kunne vera noko å finna på, noko å driva med. Han og ein kamerat: Harald Lima, hadde lenge gjenget og sett på eit nedlagt el. verk som låg ved Figvedgarden. Dette fekk dei kjøpa, og hadde planer om å byggja det ut. Som tenkt så gjort. Så var det å finna på noko å bruka straumen til. Ut på Åsland, grannegarden, var eit leirtak som for ei tid sidan vart brukt til takpanner der dei hadde brenneri. Åslandleiren vart no analysert. Fagfolk vart tilsett, og ein verkstad vart bygd. Der vart det laga keramikk med meir og mindre hell. Smått om senn vart det bygd på, og sidan gjekk dei over til fajansen.

Det heile var eit vågaspel å taka på med. Med hjelp av flinke fagfolk gjekk det nå den rette vegen. Sigurd stortreivst med arbeidet. Han hadde tileigna seg ganske god kunnskap i kjemi, som han hadde god nytta av.

Men nå var det det leie at dei var ikkje før komne skikkeleg i gang med desse planane, så kom krigen.

Då eg ikkje har sett nokon som har teke med krigen på Figgjo 9. april 1940 vil eg taka med nokre detaljer om det. Både den Sandnesfrua, Sandved, heitte ho visst, og dei som skreiv om Bjerkreimkrigen, har hoppa over Figgjo.



Fajansen (nå Figgjo A/S) som Sigurd og Sigfrid aktivt var med å byggja opp frå grunnen av.

Då me var kome oss gjennom dei 4 første åra av ekteskapet, ja, så kom krigen. Mannen min hadde følgd godt med om tilhøva. Han hadde tidt sagt at det teikna ikkje godt. Likevel kom det som eit sjokk på oss. Medan me i fred og ro sat og åt, såg me ein straum av bilar som for austetter hovudvegen. Me kunne sjå mang ei rar last med dyner, klede og anna. Andre hadde ikkje kunna tenkja på korkje mat eller klede. Kan minnast at på ein liten gard kom der 5 vaksne og 3 ungar, og dei hadde bare fenge med seg dokkene.

Me for der stundeslause utover dagen. Det var ikkje godt å vita kvar me sko gjera oss av. Der kunne verta like gale den eine som den andre staden. At tyskarane var komne, var eit faktum, og at dei hadde inn-teke Sola og Stav, så mykje visste me. Me rigga oss til i ein kjellar som me såg oss ut. Rundt oss krek det av norske soldatar. Når det leid utpå dagen, ville eg gå til handelsmannen og sjå om han hadde noko brød.

Var så redd me kunne verta innestengd der i kjellaren både lenge og vel, og om me kom til å overleva. Det kom mange fleire folk som ville søkja ly i same kjellaren. Då eg nærma meg handelsmannen, vart eg heven inn i ein kolsvart kjellargang. Der stod der stappa med folk. Nokon gret og nokon bad.

Alle var heilt ute av seg. Det same vart ikkje så likare med meg, der hadde eg gjenget frå mann og barn. Eg måtte koma saman med dei. Tok så saka i eiga hand, eg måtte der i frå. Eg sprang over stokk og stein medan dei norske soldatane som låg i stilling frametter, brøla at eg sprang på eige ansvar. Med blodet i halsen kom eg då attende til dei andre som sat i kjellaren. Utanfor der me var, tok så dei norske soldatane stilling i trappenedgangen. Når eg tenkjer tilbake at det var den kjellaren som vart vald, skjønner eg ingen ting. Den låg slik til at dette måtte vera plassen som var midt i blinken når då fienden kom i Bråsteinkleiva.



Sigurd og Sigfrid med barna, Norunn, Odd og Sigurd jr.

Natta vart lang, berre barnegråt og so stønning frå ein og annan imellom. På morgonkvisten sette det i med skyting av det fælaste. Det gjekk i eitt med maskingevær og skyting og granatkasting frå fly som for rett ovanfor huset. Kanonkuler hadde fare igjennom huset ved sida. Ei stund trudde me at me kom til å få skorsteinen og heile huset over oss. Som eit under kom dei norske soldatane seg unna og skytinga stilna av. Sidan fann me ei uniform og eit gevær som var gøymd under torvet i skuten vår. Der hang også nokre gamle klede som nok hadde kome vel med. Der vart sett inn over 300 proppar i bordkledningen, i brystet på det huset me sat i.

Så med eitt storma tyskarane kjellaren. Me vart alle ordra ut med armane i veret. Avdi dei ikkje såg nokon soldatar, trudde

dei me var sivile skyttarar. Alle mannsper-sonane vart då stilla opp frametter veggen. Tyskarane stod med geværa mot dei ,så me venta kvar stund at dei vart meia ned. Me slapp nå å sjå det. Der kom lastebil og samla dei opp saman med ein flokk andre karar. I Figgjo sentrum måtte dei stilla opp igjen og gjennomgå same seremonien. Den uvissa som me då var i ei veker tid var fæl, og ikkje visste me om dei var i live heller. På ein eller annan måte fekk me greie på at nokon hadde sett dei i ei innhegning på Madla. Fru Heiberg, som var tysk, reiste då ut til Madla og kom fram til øverstkom. så hu fekk forklara at dei ikkje var sivile skyttara. Så ein dag fekk me høyra at dei var på heimveg. Folk for avstad med hest og vogn slik at dei slapp gå heile vegen. Dei var både utsvelta og utmatta på alle måtar.

Dagane og tida gjekk så nokolunde vanleg for folk flest. For oss som ikkje var vane med så høg levestandard, tykte ikkje me sakna så mykje, materielt sett. Folk bytta eit og anna seg i mellom, sydde om og vølte på gammalt. Verst var det for folk som fekk forlite mat, særleg i byane som då ikkje hadde noko tilknytting til nokon som produserte mat.

Då krigen var slutt, vart det ekstra spesielt for meg. Då hadde eg gjeunge fram dei 2 siste borna medan krigen stod på, og det verste ordet eg høyrde då var ”invasjon”. Me høyrde tidt rykte om at engelskmennene ville koma og jaga ut tyskarane. Å gå slik å venta barn med tanke om øydelegging og utsletting var ekstra påkjenning. Det siste barnet kom den 7de juni den dagen kongen kom frå England. På sjukehuset feira dei dagen, og alt var så strålende.

Men der var mange som hadde det verre. Tenk berre på alle dei som laut lata livet både på sjø og land, som vart pina og fekk helsemein. Sjølv hadde eg 3 brør, og dotter åt syster mi på Grini. Dei som var i fangenskap, fekk nok oppleva freden som ingen annan.

Den store gleda det er med radio og T. V. som me fekk oppleva, er og blir ei rik kulturkjelda. Rektignok er der ymse ting der, men folk har så ulik smak. Det er så lett- vint å skru av og ty til ei god bok. Ja folk er flinke til å skaffa seg alle nye ting som kjem. Byggja seg hus og få seg fine heimar. Også

når det gjeld hagar er det ein lyst å sjå seg kringom.

Likevel er det ufatteleg kor det vert yta til u-hjelp, og til alle gode formål i samfunnet ellers.

Så er det alle trygder som vert utdelt. Kan ikkje skjønna korleis landet kunne greitt alt om dei ikkje fann olja. Tykkjer berre så synd på dei som styrer og steller. Me skuldar snart takk for det me får, og så ikkje berre krevja meir og meir. Store grupper lever i overflod, men når det berre skal flottast og øydast, så vert det aldri nok. Det er mange pensjonistar som seier dei aldri har hatt det så godt. Dei legg alltid til at når dei berre får ha helsa. Å få ha helsa så ein kan driva med ein hobby, er ikkje betalt med pengar. Dei som har ein hagefleck og kan få stella med blomar og andre vekstar, er heldige. Der er så uendeleg mange gilde ting å driva med. Det er heller ikkje forseint å læra om ein vert gammal. Nå driv eg og øver på fiolin i ledige stunder. Det var over 50 år sidan eg hadde prøvd. Fint er det å veksla med litt av kvart. Kvar einaste dagen vert for stutt.

Så vil me vona at me får leva i fred, og at dei som veks opp slepp å sjå verre tider. Det er så godt og vakkert land me lever i.

*Figgjo 5-5-1981
Sigfrid Figved
Fødd 18-12-1909*

Signy Madland, Ålgård

Bustadtilhøvet

Da jeg var 6 år, i 1908, flyttet vi inn i nytt hus i Rettedalen. Huset hadde 2 stover, kammers, kjøkken og gang i første etasje. I andre etasje to saler, kjøkken og to skråkammer. Hele .andre etasje ble leiet bort til enslige som arbeidet i D.F.U. fabrikk.

Vi var 6 søsken da. I ene stuen var der en stor seng,. Der lå mor og far med voggen framfor sengen. I en slagbenk, som kunne lukkes ut, lå vi 4 stk. jevnföttes..

I seng-kammerset, sto en seng til den eldste. I stuen var der ellers en kommode som det var klær i, oppå var der ingen pynt., men mors symaskin stod der. Det var og et stort klaffebord som far hadde laget av kasser han hadde fått i fabrikk., Rundt bordet sto pinnestoler. Lys var en stålampe med parafin. I kammerset var det ingen lys, der hang det gangklær på veggene.

I kjøkkenet hadde vi en liten blå parafinlampe, kjøkkenbenk og skap. Veakomfyr med 3 kokerom, men ingen stekerom. En torvkasse stod der. Den bar mor hver dag full av torv.. Torvet var i vedhuset. Ved bar vi inn og hadde i ovnskrånå. I gangen var der spikere som vi hengte uteklærne på. Treskoa stod i bislaget. Vi hadde hver sitt lær sko par som oppbevartes i kammerset. De måtte ikke brukes om hverdagen.

I andre stova hadde far verksted, og der fikk vi telefon som hang på veggen. I kjelleren under huset ble det og verksted til reparasjon av sykler og diverse andre ting.

Kosthaldet var enkelt.Separert melk og skjeva med margarin, ikke annet pålegg. Middagen var forskjellig. Kvar annen søndag var det kjøtsuppa. Lite kjøtt og masse poteter. Om hverdagane var det variert. Komla, spekesild, fersk sild eller pølse, men da fikk vi barn gjerne litt graut eller ”nevlandsrøra”. Tynn kaffe bare til dei vaksne.Til kvelds var det ofte poteter og melk, kanskje med litt sild til..

Matvarene ble helst kjøpt. Det var lite grønnsaker. Vi fikk en appelsin til jul, ett egg påskedag og en bolle til fastelaven.

Helse

Husker at når vi lå og hadde ont var det ingen lege uten det ble helt alvorlig. Medisin husker jeg ikke vi fikk som barn, men hadde vi ont i halsen, så var det en hjemmestrikket sokk (helst brukt) som var legedom .

Klede

Jau, vi arvet etter hverandre og vi var heldige som fikk klær etter barn til bedrestilte familier. Husker jeg fikk ny kjole til jeg skulle gå



Del av herredstyret, 10. des. 1958: f.v.Børge Oftedal, Signy Madland, Berit Ravndal, Sigurd Hognestad, Vagleik Eide, Sverre Idland, Gustav Vigedal og Alf Ravndal.

for presten, da hadde vi en syjente i huset som sydde den av tøy kjøpt på fabrikk.

Familiesamvær

Foreldre og barn, delvis arbeidsfolk. Leksene var det foreldrene som hjalp første barn med, siden overtok den som gikk på skulen. Når vi ble lesedyktige, lånte vi bøker i biblioteket, kjøpte kun dagsavis. Naboene gikk vi sammen med, men ikke til mat.

Mor hadde nok med å stelle hus og 9 barn. Hun strikket og lappet, laget mat og stelte i hagen. Tror vi hadde bærbusker og poteter. Når mor satte poteter omkring den 17. mai, spadde hun og 2 av barna hjalp til, en la oppi potet, og den andre kom med en neve salpeter. Det var gjødning, ellers var det gjødsel

fra do som ble brukt . Ellers ble all torv og vedaske spredt utover i hagen. Vi hadde ingen blomster i hagen.

Arbeidslivet i heimen.

Mor arbeidet bare i heimen. Far hadde alltid arbeid, med forskjellig. Krisetider, og alltid lite penger.

Barnarbeid.

Iblant pass av andres barn, uten lønn. Kanskje en 25 øring som barna selv fikk beholde.

Fritid

Leik i gatene, vi hadde ikke ski. Vi fikk et par skøyter som gikk på omgang blant oss barn.

Skolen

Far arbeidet da i fabrikk som holdt skolen på Ålgård, der gikk jeg de 2 første åra. Så startet far opp arbeidet heime og sluttet i fabrikk. Da måtte vi flytte til Bollestad skule som var kommunal. Læraren, Vadla, var gild og lekte også med oss i friminuttene. Vi gikk 2 dager i uken fra kl 9 - 15. Hadde brødmat med, og var det regn, hadde vi sokkebytte med oss, og læreren passet på at vi ikke satt med bløte sokker. Skoene sto rundt ovnen. Vi hadde godt kameratskap, ingen mobbing, men heller ingen fester eller turer i de 7 åra.

Ungdom

Konfirmasjonen var en dag som vi hadde god kjøttsuppemiddag, ingen selskap, men en original- Josva - , kom tilfeldigvis innom etter kirketid og fikk smake på middagen. Vi lånte hest og kjørte til Gjesdal kirke 1/2 mil fra Ålgård.

Ingen opplysning om kjønnsniv. Ingen alkohol eller tobakk. Ingen skille mellom oss på grunn av politikk, religion og økonomi.

Vaksen

Kunne ikke velge yrke fritt , arbeidet hjemme, uten lønn, heller ingen ferie. Var sammen med venninder om kveldene, men måtte være i seng før kl 22.00. Gikk 1/2 år

husmorskole. Som husmor var det å stelle hus, mat og klær. Under fødsler var det å fø heime med jordmor, så ligge 3 uker, med leitet hjelp i huset. Vi hadde ikke innlagt vann, og elektrisk koking fikk vi i 1930.

Som pensjonist har vi det helt annerledes enn da mine foreldre vart gamle, nu har vi fast trygd og klarer oss med å være nøysomme. Jeg er heldig som har fri bolig.

Jeg har vert i Arbeiderpartiet alle år og har hatt flere kommunale tillitsverv.

Krig i 1940.

Hadde da 2 gutter i skolen. Vi måtte evakuere en uke da kampene foregikk rundt oss. Ellers gikk det bra. Vi var heldige med mat, hadde selv 1 ku, 10 høner og 3 - 4 sauer, bodde på landet og hadde hjelpsomme naboer. I forbindelse med en arbeidsleir for fangne polakker hadde vi tyskere som bodde i en hytte 1 km fra oss. Vi hjalp disse fangene med mat, noen tyskere godtok dette, andre måtte vi prøve å lure.

Frigjøringen kan ikke beskrives, den må oppleves. Vi bare gledet oss, festet og arbeidet lite.

I 1948 flyttet vi til Ålgård. Guttene var nu vaksne, gikk på skuler og kom siden i arbeid. Her er de gifte og har familie. Jeg er enke på 7. året



Solbakken i saueblomtida

Sigrid Arneson

På garden Ljones i Strandebarm i Hardanger vart eg fødd søndag 3. feb. 1901. Det er ein av dei eldste gardane i Strandebarm, fortel ein bygdehistorikar, og der er funne mange fornminne. Kring 1200 talet budde lendmann Torggrim av Ljones her. Bygdesegner talar om "Ljones kongen", og det er ikkje so løye, sidan han var gift med ei kongs-søster.

Ein bergpall i Ljonestunet heiter Kappelen, der må huskappellet hans ha stått. Denne bergpallen med jordstykke nedfor, fekk far kjøpa av eigaren Bård Ljones i kring hundreårs skifte til 1900. Her bygde han eit lite hus, og flytte inn med kona, mor Ingeborg og to små døtre. Anna 3 år og eg 1 år, so det måtte ha vore i 1902. I

kjellaren reia far inn til skomakarverkstad, bygde seinare først stabbur og seinare ei lita løa. Farbror, eldste bror til far, åtte garden der far hadde vakse opp, og han sa til far at alt han kunne klara dyrka opp, skulle han få slå, og mor som var frå stor gard på Linga, var huga å ha dyr. So dei dyrka opp so me hadde to kyr, geit og 3-4 sauer.

Far var nok meir huga på å ha gått på lærarskule enn å bala med "leisten", men sidan han ikkje hadde gehør for song, våga han ikkje det. Han måtte alltid vita at han gjorde fullgodt arbeid med det han tok seg føre. Han hadde mykje å gjera på verkstaden støtt, men når han vart for lei, gjekk han med mor på nybrotet. Mor stelte alt med dyra om vinteren, men om sommaren var

det far som slo høyet, alt med ljæen. Me vart tidleg sette til å vera med å arbeida både ute og inne. Eg hugsar eg var veldig kry då eg hadde spøta meg nye sokkar året før eg byrja på skulen, mor hadde hjelpt med fedling og helen.

I 1920 reiste eg til Ulvik på husmorskule. Vinteren var hard og Ulvikfjorden var frosen like ut til Hetlenes, så då me elevane kom dit, måtte me gå den lange vegen som bar til Hjeltnes husmorskule. Ein øyk med snølede og drengen, vart send for å ta koffertar som alle då hadde med til ha sakene sine oppi. Kaldt var det på romma, og me måtte sjølve gå for å finna ved til å elda opp. Me hadde ei veka kjøkken og ei veveveka. Me måtte og vera i fjaset for å læra korleis me skulle stella der, men det lærde me heime betre enn her, og så ei veka på systova. Gildaste av alt var å få veva. Me måtte opp kl. 6 når me var på kjøkken og hadde ansvar for at maten og kaffien stod på bordet til hagebrukslevane kom, og alle ellers som då arbeidde på skulen, og det var mange.

Me hadde elevlag isaman med dei som gjekk på hagebruksskulen, og der var det alltid gode ting på programmet. Ogso fekk me ofte ha dans i den store salen. Det var veldig fritt, ikkje ei utedør var låst nokon gong. Men dei reglemanga som var oppsette om leggjetid og "oppstode", trur eg dei fleste innordna seg under. Styraren for baa skulane var Kristoffer Hjeltnes, og han var ein uvanleg dyktig og likande mann, som ingen elev ville gjera i mot. Prøvde dei på det, so gjorde dei det ikkje oppatt. I alle høve gjekk det veldig godt den gongen å ha det so fritt. Men noko latmannsliv var det ikkje å gå på husmorskulen. All vask på skulesalane hadde me attåt, og rå ved å fyra med, so me måtte passa på å turka i steikeomnen, når der ikkje var brødsteiking. Alle golva i kjøkken og matsal var sement, so dei var tunge å vaska. Ei lukka at den lange kosten var komen i bruk. Eg hadde ikkje sett den før,

i allehøve. Me lærde sakte ein god del både stasmat o.a., og mest vanleg mat, som me var kjende med heimanfrå, og eitt og anna nytt. Kostlæra hadde me og, men det var få som les mykje i den.

Og det var knappe tider alle stader og Hjeltnes og skulane var uti hard økonomi, så sparast måtte det, og kokka eller læraren i kjøkken var økonom av strengaste sort. Ho sa at me måtte herma ofte. "Det staur (står) de ska ta tvo skeier smør, men me tek bare ei for me må spara", og like eins med mange andre ting. Men me godtok det, for alle var vane med å bruka så lite som råd var.

Kaldvask var det der som heime, i eldhus med stor kjel eller gryta til å varma vatn i, og til koking av klede. So var det å gå til bekken og skylja dei. Det var naglebit om vinteren, men gildt om sommaren.

På bygdene var det ei veldig framgang på det nasjonale både i festdrakt og målreising, og med å læra ungdomane songleikar og folkeviseleik. Hulda Garborg sette om frå Færøysk, og ho var der borte og lærde steg og tonar, og seinare overtok Klara Semb, som reiste heile landet og lærde dei songane, og korleis dei skulle leika dei. Desse kursa var høgt verdsette i alle ungdomslag.

Magnus Våge gjekk i brodden for å få til ein godkjend ekte Rogalands-bunad, og det lukkast storveges. Så no får alle i Rogaland sin eigen bunad, som ikkje står tilbake for dei andre i landet. Her ser de eit svakt bilde av Lølands-bunaden, som visst er den mest vanlege no. Men elles er det fleire mønster og andre fargar enn svart vadmél, som eg trur er godkjende no. Eller i alle høve er i bruk i dag.

Eg var i lag med Klara Semb i 1965, siste årsmøte ho deltok i, i Noregs Mållag. Eg vil ta det med her sia eg hadde ho her. Det var frå kyrkja i Ål, eg var i bil med henne og ho sa: "Det er så vedmodigt å sjå på leiken og ikkje kunna vera med lenger". Festen var laurdag og der hadde ho også vore og sett

på. No bila me til Perstølen, der Einfrid Perstølen, då Grønvik, hadde laga til gjestebod etter kyrkjetida. Klara Semb og eg sat ute i det gilde, gamle tunet, og ho fortalde om reisene sine i Hardanger. Ho kunne ikkje hugsa namnet på den kaien som ho skulle reisa ifra, men ho og formannen i laget der ho hadde havt kurs, stod og venta på båten. Berre ei lita lykt hadde han og bekmørkt var det. Ho gjekk litt att og fram for å halda varmen, og visste ikkje ordet av det før ho hadde stige eit steg for langt og låg i sjøen. Mannen fekk fort fiska ho opp att, men handtaska låg att, og ho hadde nett fått tilsendt lønning, so ho var svært fortvila. Dei lyste ned i sjøen og såg noko som flaut nede i bølgeskulpva. Han fann ein lang staur. "Og tru det eller ei, han hadde fatt i taska og drog den opp" fortalde ho. "Då kom båten, og eg fekk gå i varm salong og byta dei våte klede". Det hadde vore gildt å visst namnet på plassen, men det greidde ho ikkje. Eg tykte denne stunda i lag med idealisten Klara Semb var eit rikt minne å ta med frå dette landsmøtet, og det vart hennar siste.

Me vart innkalla til laksemiddag i den ærverdige gamle stova på Perstølen i lag med gjester som G. Breda og sonen hans, som var legestudent, Klara Semb, Jorunn Søyland og meg, og vertsfolka Einfrid og Odd Grønvik.

Ein fin haustdag i 1921 kom eg heim frå husmorskulen, og det var gildt. Ein liten 5 års gammal bror kom springande mot meg og var so glad for at eg var komen heim. Men den høgtida var fort over, eg hadde lova å ta til på Mælands hotell den hausten. Eg skulle prøva å praktisera lærdomen frå husmorskulen, og attåt ha stell av to mjølkekyr. Der var lite gjester på hotellet om vinteren. So det store kjøkkenet og den veldige matsalen var i ein annan fløy, som var til for sommargjestene. Eg gjekk ikkje ut og søkte lag, og difor vart eg berre kjend med huslyden

til hotellverten. Men me tenarane åt i det som var kalla "bondestova" ei lita stova ut frå kjøkken, og noko heimekjensla vart det ikkje der, endå kona til verten var framifrå gild. So eg reiste tilbake til Hjeltnes nett før sesongen tok til, og vart kjøkkenjente på hagebruksskulen. Husmorskulen vart nedlagd i 1921, so det var siste kurset eg gjekk.

Lærarinna i kokekunst hadde overteke jobben som kokke, og ho var det som fekk meg og Brita til å koma. Hjeltnesgarden og skulen dreiv tungt økonomisk i desse åra, so Jorunn var nett den rette til "å få endane til å møtast" som det heiter. Dei kom over kneiken og skulen gjekk veldig godt i mange, mange år. Der møtte eg jærubuen, eller rettare Gjesdalbuen, Tore Arneson, som eg seinare kom til å dela livet saman med. Då elevane kom att etter nyår, byrja den store farangen "spanskesjuka" og det vart ein hard vinter for mange. Eg var heime med jul og nyår. Det var då eg nesten hadde reist to gonger om Bergen for å koma frå Ulvik til Ljones.

Me hadde kava veldig på kjøkkenet med vask og kakesteikjing, slakt og pøselaging, og steikt hundrevis av kjøtkaker o.a. So eg var veldig trøytt, og båten skulle vera i Norheimsund kl. 3 om natta. Eg la meg på ein benk, og sovna so godt at me var nær Bergen då eg vakna. Tenk at ei 19 års gammal jente ikkje hadde sett ein by før. Det høyrest utenkjeleg ut no, men då var det sikkert mange i den alderen som ikkje hadde reist so langt. Siste båten til Hardanger var gædd, og eg hadde berre ein ting å gjera, koma meg på jernbanestasjonen og dra til Voss, nå postbilen der, den var byrja å gå då, og så nå båten i Granvin. Men den som sovna på ein benk var eg, trudde det var lenge før båten nådde Torvikbygd, der eg skulle av. Men eg vakna av klokkesignal, og då var me komne til Jondal, hadde nett vore der eg skulle gå i land. Heldigvis skulle båten no opp i Bakka før han gjekk direkte til Bergen

igjen. Det fanst ikkje bilruter eller bil å få den tid, so eg måtte gå med kofferten på nakken, eit heimespøta sterkt sjal gjorde den tenesta, og 1,5 mil var det til Ljones. Aldri har eg vore so trøytt og søvning noko julafta, og då far hadde lese i Lundeboka og mor songe julesongen sin, måtte eg forlata dei andre å gå i seng. Tryggleik og heimekjensla var attåt og gjorde nattekvila og svevn til ei fornying for joledag 1921.

Straks etter nyår tok spanskesjuka den eine etter den andre, og ei tid låg halve elevflokken, og mange vart liggjande til skulen slutta i mars. Tore Arneson klara å ta eksamen. Seinare på sommaren var han gartner hos Eriksen på Furuly helseheim på Stord. Der var det O. Olvik tok til med naturmetoden for mange sjukdomar, men no var han burte. Eriksen hadde sin måte å driva gartneri på, men Tore heldt på sin, og dermed

skildest dei, og Tore fekk kjøpa med seg ein omn til oppfyring i drivhus. So tok han til med planar om gartneri i Solbakken.

Ryggen hans var vond, og då dr. Pedersen på Rogaland sjukehus fekk han til å gå å få ryggen røntgen-fotografert, viste det seg å vera tub. mellom to virvler. Råda var: leggja seg ned i flat seng, nesten ikkje hovepute og liggja såleis i 9 månader eller opp til eitt år.

Eg hadde vore på Hardanger folkehøgskule om vinteren, mens han gjekk ½ år på utvida kurs på Hjeltnes. Den tida på høgskulen var for meg nesten eventyret. Eg hadde vore ute i teneste stødt, og fått lite tid til det utviklande åndsarbeidet som den skulen gjev. Sleppa tenkja på mat og oppvask heile vinteren. Få arbeida med penn og blyant, læra masse nytt, lesa heile tida. Den vinteren står i eit særst stort ljøs i minnekransen.

Tore bind opp tomatene



Sommaren var eg på Stølen vår, og det var moro. Det var mest berre haustbere kyr, so mykje å mjølka var det ikkje, og me var to vaksne jenter i lag. Dei kom med kløvhest og tok heim mjølk og fløyte, for dei var slutta å ysta og kinna på stølen. Men god rjomekoll hadde me å by på til heimefolk som kom til støls.

Eg sydde ferdig ein stor duk til utstyret mitt. Det skulle endå ta tid før eg fekk ta det i bruk. Eg kom hit i aug. i 25, og då hadde kjærasten lagt seg ned for å liggja eit år. Men etter 9 månader prøvde han å koma opp for å lære å gå for andre gong. Eg fekk plass hos dr. Wahl på kjøkken. Der var ein stor komfyr, men ennå var ikkje den elektriske komen i bruk, so det var å fyra opp med ved. Om vinteren var det godt, det vart varmt og triveleg.

I stovene inne fyrde eg opp med koks, som då var kome i bruk her på Jæren. Men mange som hadde torvmyr, skar torv og brukte det til oppvarming. Det hadde ikkje eg sett før eg kom hit. Ei rar lukt var det i alle stovene der dei bruka torv.

Dr. hadde fått bil, og postmannen som køyrde ruta mellom Ålgård og Sandnes, hadde ein stor lastebil som var overbygd. Ei lita trapp vart sett opp når me skulle koma oss inni. Bilen gjekk frå Ålgård om morgonen, og attende i kveldinga. Inni den «kassen» sat me, og det var stummande mørkt om kveldane. Me leit på sjåføren, og fram kom me. Andre gongen eg kom til Ålgård, hadde Ålgårdbanen kome i gang, og det var stort framskritt. Litt seinare kom privat firma i gang med rute like til Oltedal. Ein og annan, som hadde særst bruk for det i yrket sitt, fekk seg bil, men det var langt frå vanleg for «mannen i gata», som me seier.

Me visste det vart arbeidd mykje med trådlaus sending, men ingen hadde endå sett ein radio. I dei fleste vanlege husa var det berre innlagt til elektrisk ljøs, og det var verkeleg noko framifrå berre å kunna «skrua

på» som det heitte då, og so fyltest romet med lys. Slike hjelpemidler som miksmaster var det ingen som visste om. Litt i senn kom dei elektriske omnar og mykje andre elektriske hjelpemidler. Men koks og torv og ved held seg lenge som oppvarming i husromma. Husmødrene såg fram til den elektriske komfyren.

Me vart gifte 2^{de} feb 1929. Då hadde me fått varme i drivhuset, benker med glas over til tidlege gulerøter, og eit lite kaldhus av benkeglas oppsette til å få fram tomat. Eg venta svært på den elektriske komfyren, den kom då i midten av 30 åra. Kan ikkje gløyma kor gildt det var å ta til å koka på den.

Eg trur at mannen min tykte det var endå gjævare den dagen han kom heim med den første radioen. Eg minnest ein kveld me var samla full stove av naboar som skulle høyra Bergliot Ibsen, dotter til Bjørnstjerne Bjørnson, lesa opp. Det var so nytt for oss alle å få slikt like inn i stova. Men litt i senn kom det radio i kvar manns hus, so me vende oss til det nett som alle dei andre utrulege nye hjelpemidla som inntog plass i heimane.

Eg tenkje på det å få mjølk til huse. Først gjekk me til naboar om kveldane og dei målte opp i spann til oss, i fleire år. Det vart slutt, me måtte til meieriet for å få fylla spanna våre. Det varde bra lenge, heilt til mjølkekartongen tok plassen. Store mjølkeflasker var og i bruk ei stund, men desse var so tunge at då var spannet mykje greiare og lettare. Kanskje flaskene kom fordi folk byrja å få kjøleskåp på kjøkken, og då var dei greie å setja inni.

Konene rundt ikring som eg var saman med, hadde ikkje noko løn, det måtte skapast «tæring etter næring», som ordet sa. Og skulle du ha pengar til noko særst utan om det å eta deg mett, måtte det nøye reknast ut om du f.e. kunne få deg ny kåpa, eller andre nye ting du trong.

Alle born kom til i heimane då. Det var jordmor i kvar by og bygd, som vart henta

når tia var komen, oftast nådde ho fram i tide, men gjorde ho ikkje det, var der alltid einkvan i nabolaget som var oppøvde til å gje ei hjelpande hand. Stor stas var det i heimen, og gode vener og naboar og slekt kom med sengemat: rjomegraut var gjævt eller fingraut av semuliegryn, eller også sviskesupa.

Seinare tok det av so det vart meir varer, fine spøtating til barnet, det kunne liggja mykje arbeid bak det ein fekk i slik sengemat. Seinare kom det opp små fødselstover, som tok i mot kvinner som skulle føda, og fleire og fleire søkte dit. Dei heldt fram like til i slutten av 50 åra. Då vart det meir og meir vanleg å fara på sjukehus å få barnet, slik som i dag.

I den tida var det ikkje aldersheimar, alle gamle budde saman med dei unge som overtok. På gardane hadde dei gjerne ei stova for seg sjøl, såkalla kårstova, men heile huslyden åt saman. Her i min heim budde farfar alle åra etter han vart pensjonist, saman med oss til i 1947, då han døydde som 91åring. Han sat flittig og skreiv og studerte slekt, so han i nær 80 års alder gav ut gards og ættesoga for Gjesdal bygda.

Mannen og eg deltok mykje dei åra før krigen i barne- og vaksnelosjen. Han skreiv mykje viser som vart program på festar, og me øvde inn sketsjar og spelstykke. Han vart oppteken i politikk også, såg arbeidspartiet som det beste, og la ned mykje arbeid på den lokale plan. Eg hadde mykje arbeid i barnelosjen. Det var så med born der, at eg måtte dela dei i to og hadde møte ei gong i vika, frå kl. 5-6 med dei minste, frå 6-7 dei største, og så vaksnelosjen 8 til 10.

I sanitetslaget var eg med ein kveld i kvar månad. Mållaget kom i gang, og det var berre 3-4 samkome om året, men studieringane hadde me ca. ein gong i månaden. Det var utviklande og gjevande kveldstunder, mest litterære emne.

Små streiker var det av og til i fabriken på Ålgård då dei fekk fagforening, men aldri nokon stor lock-out. Ei tid arbeidde dei berre 4 dagar i vika, for alle skulle få arbeid. I tida føre krigen var det mest folk frå staden som fekk arbeid. Når dei unge var vaksne nok til byrja i 15-16 års alderen, fekk dei arbeid der far og bror arbeidde. Eit lite fåtal, som hadde særst "lett for boka" som dei sa, fekk gjerne "snåtta" det til slik at dei fekk gå mellomskule. Så fekk dei etterpå plass på kontoret til D.F.U.

Etter at der kom meir automatstyrte vevstolar og maskiner, kunne eit menneske gjerne passa fleire maskiner. Kommunen trong no endel folk til å utføra arbeid både ute og på kontor, bank, samvirkelag o.a. Men det var ikkje store flokken før etter krigen var slutt. Då vart det fort arbeid på store kontor både på det eine og andre feltet.

Krigen 1940-45 kom over oss som ei fælsleg hending, som vel alltid krig er og vert. Det kom i alle høve svært uventa, sjølv om me visste kor Hitler brølte i radio om "lebensrum" for det ariske folk. Krigen hadde då teke til 1. sept. 1939 og folk fylgde med, men at tyske skip låg fullasta med tropper for å angripa Noreg var vel berre fåtal her som visste om. Mannen min sa om kvelden den 8. april at no høyrdest det fårleg ut. "Eg må opp og høyra første sending i morgo tidleg". Han hadde starta med kyllingklekkeri i kjellaren og var alltid van med å gå dit først. Men den 9^{de} april 1940 vart det å lyda på radio, mest aktuelt. Det var med otte og spaning me fylgde med framover dagen, og lenge var det ikkje før me skjøna at andre enn dei norske var komne og hadde overteke, og sende dei meldingane dei framande ville ha ut til folket.

Cirka 17. april kom dei til Ålgård, litt kamp og motstand vart det, og ein Gjesdalbu vart drepent. Fly rasa att og fram og ein gjekk liksom og bøygde seg til jorda av den fæle larmen. Norske soldater hadde

havt stilling nett i nærleiken av oss, men best det var såg me ingen, og berre timen etter stod der tyske soldatar, med lyng om hjelmen, der dei norske hadde gått i frå. To kom opp i huset og jaga meg og mannen ut, farfar var heldigvis "evakuert" til dotter si. Dei kjende på alle lommane åt mannen, var redd for våpen, peika mot hønehuset og sa: "Norske soldat" Eg svara: "Bare høner". Dei jaga mannen nedfor porten, og eg fylgde med, då sa den eine og vinka: "Nur mann, kain frau". Eg skjøna kva han sa sidan eg i fleire veker hadde fylgt med i tysk i radio. (det vart det slutt på).

Alle mann i vernepliktig alder vart sette inn i skulehuset på Ålgård, dei som dei fann i næraste område. Og påbodet vart gjeve: vart det angrep på tysk vakt, skulle skulen sprengjast i lufta. Kvende og barn på Edland vart redde av å liggja heime, me samla oss i ei stova og reidde opp med dyner og teppe. Eg kom så på kva me hadde lese om krigen i Finnland tidlegare.

Om morgonen gjekk me bort til skulehuset, og då var alle slepte ut og tok imot strenge "trudsel", og så fekk dei gå heim. Dei norske troppane hadde, for å seinka tyskarane, sprengd noko på kraftstasjonen, så me vart utan straum ei heil tid. I klekkesmaskina skreik dei nyutkomne små for livet, mange var alt daude. Dei levande (beste) fekk me levera til ein bonde, dei andre koka mannen og mol dei til mat åt store kyllingar i hønehuset. Etterpå sat han med "hove i hendene", og såg heilt oppgjeven ut. I rugemaskina låg mange dusin egg, dei laga ei djup lang veita og køyrde med hjulbor heile dagen og fekk tømme alle egga der, før det vart rotelukt av dei halvruge egga. Dette var vår oppleving dei første dagane av krigen i Gjesdal. Krigen her avslutta handlinga i Gloppura, der fall mange av fienden, ingen nordmann. I tyske blad heitte det at det var ei naturkatastrofe som hadde hendt dei som fall.

Folk kom nå i gang att kvar på sitt vis. Men det vart ei tung tid for folk og land. Jødane vart samla, dei som ikkje kom seg unna. Andre vart tekne og sende til Grini. Lærarane vart samla og sende til Nord Noreg på tvangsarbeid. Her frå Ålgård var ein liten flokk på Grini, men kom att i live. Ein sa då han var på Grini: "Alt me har ete i uhegdå", det var då han såg kva dei kunne og måtte klara seg med der.

Ja, kven tenkte at dette skulle vara i fem år. Knapt vart det om mest alt. Fabriken her gjekk godt likevel, alle som ville ha tøy måtte levera so og so mykje ull for kvar meter tøy. Og det var ikkje ende på alle ullsekkjene dei tømde, for dei som hadde ull å byta i, og folk var flinke å hjelpa ein annan. Men det var mat det mest var spurnad etter. Folk i byane for på gardane og bytte til seg matmjøl, mjølk og alle slags matvare garden gjev, bytte vart slike ting som dei kunne klara seg utan. Kort, måtte ein ha på alt ein skulle kjøpa, og det var husmora som måtte passa på at ein ikkje bruka opp kvoten på korta, før tia.

Det var nok dei som selde på "svartebørsen", som det heitte, dei som tok mykje meir for varene, som kjøtt f.e. og mange andre ting. Men det var mest samhald, og hjelpsame menneskje dei aller fleste. Etter som krigen drog ut, gjekk alle folk i stadig otte, kva som kunne koma til å skje. At så mykje vart brent og herja i Nord Noreg visste me mest ikkje før seinare då me fekk sjå film der i frå. Frå alle bygdene vart det sendt pakkar til dei innsette, og det berga nok mange til å overleva.

Då krigen endeleg var slutt 8. mai 1945, vart det ei "skår" i gleda for alle dei som sakna sine. Men gleda over at "ragnarok" var slutt var overveldande, so me som opplevde dette, har liksom ikkje ord for den kjensla som braut inni oss. To-tre gonger var me i Krossen og tok imot heimvende fangar, og det var som 17^{de} mai kvar gong. Siste

gongen var ein fin vårveld med grønkende spirer på bø og tre, vatnet låg stille og vinden var mild og god. Trur aldri eg har kjent ein vårveld som varmde hjarterøtene som denne. Eit ektepar, som kom att, steig siste stega inn i heimen, og kom ut på altanen og vinka til oss medan gledestårene rann fritt over tynne kinn.

Me hadde ein god lensmann under krigen, han hjalp mange med pass og anna for å koma seg vekk, og “tøydde” tyskarvelde so han ner hadde kome i fengsel, han og. Han sa: “lovene våre er til for å haldast, forordningane meir for å brotast”. Ein ting er eg ikkje i tvist på, at folkekarakteren i landet fekk ein “knekk” under krigen, som me dregst med den dag i dag.

Ein bankdirektør sa til oss under krigen: “Når den er slutt kjem de til å svelta i hjel. Ingen kjem då til å ha råd til å kjøpa blomar. Slett ikkje kyllingsteik, og lite egg”. Det skulle gå så heilt onnorleis, alle hadde same gode samlingstanken for å “byggja å bøta med bot som duger”. Partipolitikk var det nok, men so samlande som aldri før. Her var nok av oppgaver å ta fatt på, og det gjorde dei alle. Det vart ein fart og oppsving som ingen under krigen kunne tenkt seg.

Når alt fekk slik oppsving etter krigen, og me hørde om borna i Tyskland som hadde det så vanskeleg, vart det sett i gang ferieopphald her i landet 2-3 månaderr for barn frå fiendelandet, Tyskland. Eg må koma i hug dikta til Vinje:

*Heve du deg bata kald,
vore leid og harm,
atter føre solefall
må deg elska varm.*

Stakkar barn, kva kunne dei for Hitler's sin galskap. Me i Solbakken melde oss på som fosterforeldre for desse tri månadane. Mannen hadde sjøl lært seg tysk og engelsk då han låg sjuk for ryggen så lenge. No kom

det godt med. Første sommaren hadde me ei småjente på 6 år. Andre sommaren ei jente og ein gut 8 og 6 år. Eg minnest især den dagen eg hadde henta guten. Han stod innfor døra i sine nokso falleferdige klede, og med eit sorgsamt andletsdrag. Ei jenta 20 år, som eg var moster til, var hos oss. Ho tok til å gråta, og sprang på rommet sitt. Men etter eit bad og nye klæde, og at “far” kunne prata tysk, ljøsna det utruleg fort. Og då jenta Bärbel kom hit, så vart dei godt lag. Det fall i min lodd å prøva å få harmoni mellom desse to og vår eiga jenta på 9 år, særleg sidan eg kunne forlite tysk. Men det gjekk utruleg bra. Her i bygda var 14 av desse borna plasserte rundt i heimane, og dei andre lærde fort å tala hjelpeleg norsk, våre lærde lite sidan mannen berre tala tysk med dei.

Me fekk klede av mange slike som ungar hadde vokse i frå. Me hadde ikkje so god økonomi at me kunne berre kjøpa nytt, men litt vart det no, serleg 17^{de} mai fryda dei seg i nye matrosklæde. Jenta har skrive litt heile tida, men guten veit me berre kom vel fram til sine. Det var med eit vist vedmod me vinka til dei i toget, då dei for til Oslo med dei som overtok i Stavanger.

Det var mange som tykte det var “bort i veggane” å ta seg av tyske born, når ein hadde i friskt minne all vondskap som det tyske rike hadde valda Noreg og. Men storparten såg det som ei plikt å hjelpa og vera medmenneske, trass alt. Haldis Moren Vesås sa i “Tung tids tale”:

*Det heiter ikkje eg, no lenger.
Heretter heiter det: Vi.
Eig du lykka så er ho ikkje lenger
berre dei.
Alt det som bror din kan ta i mot
av lykka, dei må du gi.*

Det var elles ikkje så lenge etter krigen før me hørde om born som kasta restar av



Sigrid og Tore plukkar Ground-cherries

nista si, forunderleg så fort det lar seg gjera å byta vanar når høva er til det.

Etter kvart vart det sett i gang mykje også på skulesektoren, fine nye skulehus, i sær på tettstadene, som førde til all denne samanslåinga, så småskulane rundt i bygdene vart nedlagde. Eg minnes ein gild fest i ein slik liten skule, der alle var samde om at om alle dei andre vart nedlagde, ville desse strida for skulen sin. Det gjekk nokre år, men lærarna førde til at dei stødt måtte byta lærar, og det var dei så lite glade for, at dei bøya av og let skuleruta overta borna til samlingskulen. Det er ting som talar både for og mot denne utviklinga. I alle høve gjekk det for fort, og hadde samfunnet rekna ut lærarbehovet som måtte bli, så kunne mange små skular med fordel halde fram. Dei politiske partia hadde alle ein iver fast i seg til å heva levestandaren, i alle innlegg og debattar kom dette fram, å heva

levestandaren. Og dette var dagens tema stødt, til me nyleg opplevde at der måtte bremsast. Me gamle meinar at heile utviklinga etter krigen gjekk vel fort, og at landet vårt, heile folket hadde vore betre tent med ein varsamare måte å gå fram på. Eit er sikkert, samlingsviljen var god lenge, og ungdom med evne og tiltak kunne få utdanning, om det ikkje var fars lommebok som avgjorde det. Gode lånetiltak vart oppretta.

Nauda under krigen lærde byfolk og bonde meir enn før, å innsjå kor avhengige dei er av kvarandre, og at kvar på sin plass er eit lite hjul i heilskapen.

Eg hugsar vel då vaskebrettet vart avleggs. Den første klevaskemaskina var ei tønne som sveiv rundt. Den eg fekk, hadde ein liten motor som mannen monterte under, og den bruka eg like til 1966, då me fekk den elektriske med sentrifuge ved sida av.

Kjøleskåp fekk eg på kjøkken i slutten av 50 talet. Det og strykebrett, fekk eg kjøpa for ein liten arv frå onkel i Amerika, elles hadde eg lota venta lenge enno. Attåt kjøleskåp til vern om maten, hadde me fått plasten som held "sjeva" mjuk lenger. Som fru Krokann sa ei gong eg var gjest hos henne: "Kva gjorde me før når me ikkje hadde plastposar", ho stod og pakka inn brødet etter frukosten.

Mannen min var organist i to kyrkjer, det var ei løn på kr 500 til året + spel åt brukarar som ville ha det, det var ei lita hjelp i økonomien det og. Eit gammalt piano, etter Lars Øglænd, fekk han kjøpa for kr 450. Og om det tok mykje plass i den litle stova vår, var det eit triveleg møbel. Han øvde på salmane til kvar gudstenesta, på preludium og postludium. Han øvde inn songar med

løsmedlemer, hadde av og til elevar om vintrane, det og gav litt i pengetaska. Og så all hugnaden når han tok seg tid om kvel-dane og spela fine stykke av Grieg, Mozart, Rikard Nordraak, Strauss og mange fleire.

Det gjekk an for meg å nyta musikken, sjølv om eg hadde tri-fire menner som sleit hol på sokkar og eg sat og bøtte desse til fine tonar. I denne tida hadde me ofte to gitar i arbeid i gartneriet og hønehuset. Etter kvart måtte me leggja ned egg og kylling produksjonen, og "putla" med alt me fekk til å veksa i drivhus og ute på den vesle jordvidda me hadde. Eg var stødt med å prikla på små planter attåt alt inne som skulle gjerast, for helsa åt mannen måtte passast på.

Det var gildt å sjå kor desse små, som mest ikkje var å få tak på, vaks og treivst i varmen

og vart til stas i hagane om våren og sommaren. Men det vart just ikkje åtte timars dag for oss. Før krigen og då helsa var god, arbeidde mannen svært med å ta vindkraft til oppvarming. Broren Arne, som var smed, hjelpte til utføring av det tekniske, når han sjøl hadde teikna modell. Vindmølle vart sett opp og kraft gav den når det berre var vind, men når det ikkje då var kome så langt, at ein visste om å lagra å vindkraft, gav det lite att for strevet, men det å ha fått det til var nok ei god kjensla. Mange lo nok av dette tiltaket, og kanskje gjorde dei litt narr av oppfinnaren, men det tok han med stor ro. Og då han ikkje lenger kjende seg sterk nok til å entra til topps på mylla, vikla han av alt og tok det ned.

Under krigen var det ikkje koks å få til oppvarming i drivhusa, då var det å skjera torv i dagevis. Det er mykje arbeid å "reisa" det til turk, og seinare i større og større sater før det skulle inn i løa han bygde, og mest av det heim. Torvet fylte heile etasjen av hønehuset. Ein gamal lastebil var kome i garden, og den fekk "hjul" å gå på og tente oss trufast i mange år. Men eit helse slit var det med alt torvarbeidet. Så me var glade då me fekk ta koksen i bruk att.

Så fekk me til oljefyring den siste tida me dreiv gartneriet. Folk var vane å koma hit å få småplanter, men seinare ville dei ha det "opp i nevane", i alle høve på torg, so "han sjøl" stod med lastebilen full av blomkassar og selde ut. Andre og større gartneri kom med sine produkt, og me makta lite å fylla opp. Men det gjekk godt med plantesalg, fekk selja inn på ein butikk, og til kvar jul var det veldig so det auka på med å pynta opp med blomar og planter.

Då var enno pensjonsalderen 70 år, men då mannen var 68 år, døydde han brått, av hjertestans, hadde bala med det i mange år. Eg var for gamal, og måtte vikla av litt i senn. Dottera hadde god jobb

og var ikkje interessert i å ha gartneri. På Nærlandsheimen står det store drivhuset oppatt sett, nett likt det stod her, og gjev vel fram blømande ting som før. Dermed var det slutten på det einaste drivhus og gartneri som var på Ålgård.

No var fjernsynet kome, og litt i senn skaffa folk seg pengar til desse dyre kassane. Det vart litt av ei omforming av det vanlege kulturlivet og underhaldninga som var i gang. Folkeakademia, som til då hadde godt framme, minka ned til ein liten flokk. Det var det eine eller andre i fjernsynet dei måtte sjå. Eg minnest ein svenske, som var førelesar i akademiet sa: "Det vil gå ca 5 år med nedgang på mest alle underhaldnings frontar, so vert folk leie av berre å sitja å stirra på skjermen, folk må ha kontakt med levande menneskje". I Sverige hadde dei kome tidlegare i gang med ålmunt fjernsyn, so dei hadde lenger kjent kor det virka.

Kinoane kjende det hardt dei første åra med mykje tome sæte. Mange slag kulturlag kom i krise og somme måtte beint slutta av. Men eg trur at det var mykje sant i spådomen til svensken. Det har vorte oppsving i kulturlivet på so mange måtar trass i fjernsyn. Og det har nok kome for å bli, og hjelper på at folk får utvida smak og verta interessert i mange nye ting, sjølv om det er mykje som me eldre synest lite om. Eg er og redd for at det til og med gjer skade for unge sjeler.

Grunna økonomien var me seint ute, og det første me såg i stova hos oss, var då dei tri på veg til månen vart berga etter at noko mislukkast på oppvegen. Det var noko til bragd. Ein innsats nesten større enn då dei seinare nådde målet og landa på månen. So er ordtaket: "Det er so omogsleg (umulig) som å koma til månen" gjort til inkjes og kan gå ut av bruk. Men her er nok av ordtak som enno har sin fulle verdi, og vil nok halda på å vera det.

Søstrene Lisbet Ljones og Sigrid Arneson



*Betre bəri du ber 'kje i bakken
enn manna vit mykje.*

*Med låkare nista du legg 'kje i veg
enn avdrykkje med øl.*

*Inkje so godt som godt dei seier
er øl for manna-ætt. Dei meir du
drikk dei mindre vit mun du i hausen hava.
(Håvamål-visdom)*

Hugna heime er dagleg gjæstebod

Det er eit godt ordtøke for gode og trivelege heimar.

*Dei sæle minni som mest var gløynde
Og fager draumar du eingong drøynde
dei kjem attende og kviskrar stilt
om alt du åtte av vent og gildt,
når sol er gladd.*

Pensjonistalderen var ikkje noko stor overgang for meg, og så lite me alltid hadde klara oss med, økonomisk sett, vart det berre betre enn før. Skilnaden elles er vel den at før vart dei gamle verande i familien og hadde arbeid i lag med dei som overtok. Slik det var på bygdene i alle høve, men no set dei meir att åleine i kvar sine stover, og når maken er borte, kan ein nok ofte kjenna seg einsam. Men for meg har tida vore rik lell, betre tid til å lesa, vera med i studieringar, og meir tid til å nyta selskap i lag med gode vener og "åndsfrendar". Skriva brev til slekt og vener vert det også mange av. Så lenge ein har "hove" nokolunde klårt er her i dag så mange aktivitetar ein kan vera med på, sjølv om alderen av og til kan gjera det litt vanskeleg.

Dei unge og gamle kjem meir frå einan- nan, så dei unge får ikkje som før ta imot så mykje om fortida, då besteforeldra gjerne sat og fortalde frå gamle dagar.

Kravmentaliteten har auka svært og det er så mykje dei må ha, at pengar og ting er vorte så viktige, at andre livstenande verdiar gjerne vert forbigådde, eller kjem langt ut i rekkja. Garborg sine visdomsord om pengar er minst så aktuelle å sjå tilbake på og minna kvarandre om nå som då han skreiv:

Om pengar

Pengar hev ikkje noko verd i seg sjølv. Du kan ikkje eta dei, ikkje drikk dei, ikkje kle- da deg med dei. Du kan hava lomma full av pengar, og svelta, tysta, frysa i hel, om der ikkje var mat og drikk og klede å få.

Pengar er langt frå det største gode, ikkje det nest største heller. Men dei er eit stort gode for den som brukar dei vetugt. For pengar kan ein få alt, heiter det. Nei, ein kan ikkje det.

*Ein kann kjøpa seg mat
men ikkje mathug,
dropar, men ikkje helsa,
mjuke sengjer, men ikkje svevn,
lærdom, men ikkje vit,
stas, men ikkje vænleik,
glans, men ikkje hyggje,
moro, men ikkje gleda,
kameratar, men ikkje truskap,
gråe haar, men ikkje æra,
rolege dagar, men ikkje fred.
Skalet av alle ting kann ein få
for pengar. Men ikkje kjernen,
den er ikkje for pengar fal.*

Sven Aalgaard

f. 16. des. 1891.

S er du på Noregskartet, finn du Ålgård litt sør for Stavanger. Det er berre ein liten prikk på kartet. Men det er ein fager stad, omkransa av låge fjell. Edlandsvatnet skin som ei perle og er med og gjev landskapet liv.

Det er ein triveleg stad å bu. Og gamle tufter ber bod om at her har det budd folk gjennom mange hundre år. Ti - tolv stader kan ein sjå rester av busetnad frå steinalde- ren. I nokre av tuna har det stande mange og store hus. Og fleire grav-hauger med rune- steinar talar si soge. Kan hende har det vore reine storgardane.

Det er fortald at biskop Pontoppidan ferdast gjennom Ålgård kring år 1750. Han tydde då runene på ein av bautasteinane. Steinen er nå delt i to. Eine halvparten ligg i løe-muren, og andre delen ligg i gamle-ha- gen.

Ålgårdgarden høyrde i mange år til kyr- kja i Kristiansand. Men i 1797 vart han seld til Ola Ormsen frå Årdal. Han hadde då vore forpaktar på garden i mange år. I 1778 - 79 sette han opp nytt stovehus.

Tømmeret var hogd i Årdal i Ryfylke og frakta til Sandnes i 1777. Den vinteren var uvanleg kald, så alle elver og vatn fraus til. Sidan vart tømmeret køyrd på isen opp elva til Stokkelandsvatnet, vidare til Bråstein og derifrå over til Figgjo og opp elva til Ålgård.



Sven Aalgaard hadde eit godt minne

I 1802 delte Ola Ormsen garden i to. Eldste sonen hans fekk då eit bruk for seg sjølv.

Oldefar min, Lars Oftedal, hadde gard på Kjeldebakken i Oltedal. Men frå 1812 forpakta han hovedbruket på Ålgård. I dag gjer vi turen frå Oltedal til Ålgård på ein liten halvtime med bil. Men for Lars tok

flyttinga tre dager. Det var ikkje køyrevog den gong, så dei rodde over vatnet til Ravndal med folk og innbu. Dyra vert jaga over heia. Neste dag lessa dei på slede og tok vegen om Bjelland og Gjesdal. Dei kom til Kluge og var der den natta. Det var før Vaula bru var bygd. Så dei vassa over vatnet og kom fram til Ålgård tredje dagen.

Lars Oftedal døydd i 1851. Enkja hans sat med garden endå seks år. Men i 1857 kjøpte farfar min Ålgård. Han heitte Sven Olsen Bråsten og var svigeronen til Lars Oftedal. Sidan tok han namnet Ålgård. Frå den tid har slekta vår sete på garden.

På denne garden og i dette gamle huset er eg sjølv fødd i desember 1891. Eg var nummer sju i ein flokk på tretten born. Av desse var det ti som vaks opp. Vi var ein stor huslyd. Utanom far og mor og oss borna, budde farfar og farmor i huset. Som oftast hadde vi både jenta og dreng. Og stundom budde det slektninger hjå oss.

Huset var romsleg med to store stover. Det var og mellomstove og kammers nede. Og eg kan minnst vi hadde grue på kjøkken. Elles hugsar eg lite til dette huset. Far bygde nytt hus då eg var tre år gamal. Det gamle vert reve ned og Reiar Skomaker kjøpte "bua" og sette seg opp hus på Edland. I dag eig Sigrun Høgemark det huset.

Det nye huset hadde tre store stover og tre soverom nede, utanom ein romeleg kjøkken. På eine sida var ein staseleg hovedinngang. Kjøkkeninngangen var på motsatt side av huset.

I andre høgda var fire saler og fire skråkammers. Høgeloftet var delt i to rom, og det var fast trapp dit opp.

Det var eit stort hus. Men vi laut dela både rom og seng, som det var vanleg den gong.

Vi borna var ikkje store før vi måtte greie oss sjølv. Tidleg byrja eg ferdast både i løe og fjøs. Bestefar hadde bygd ny løe i 1874. Der var det plass til tolv kyr og to hester.



Fanejunker Ole Aalgaard.

Sauene gjekk på kuhevda. Ti år etter bygde far høy- og halmløe. Smia var bygd kring 1870. Det stod ein diger bakeromn der. Elles var det kvernhus på garden. Vi mol alt kornet sjølv like til ca. år 1900. Meieriet vart bygd på Ålgård i 1892. Då det kom i drift, bruka dei så mykje vatn at det var vanskeleg å få nok til å driva kverna med. Vi laut passe på å bruka flaumvatnet. Sidan sende vi kornet av og fekk det male.

Far og mor var kloke og forstandige menneske. Forutan å vera bonde, var far militærutdanna. Han var fanejunker. Den militære disiplin var mest som ein del av han sjølv. Han var ein ordensmann like frå ungdomen av. Så den gong fanejunker var full, held mest på å skape ei ny tidsrekning i bygda. Det hadde seg så at Ålgård var skyssgard. Dei plikta å skyssa ferdafolk. Då far var halvaksen gut, skulle han ein kald vinterdag skyssa til Bue. Vel framme, tykte

kona på garden det var forgale han skulle ta på heimveg med ein gong. Ho ville han skulle stansa og varma seg før han for. Men han var i farten og ville avstad. Då gav ho han ein dram så han skulle få varmen i seg. Guten var ikkje van med så sterke saker. Han sovna i karjolen og hesten fann sjølv vegen heim. Men folk i dalen hadde merka seg at det var ein noko uvanleg skyss.

Mange år seinare, var det usemje om nokre torvmyrer på Kyllingstad. Lensmann Edland skulle hjelpe til å ordne opp i sakene. Det vart spurnad om eit eller anna, og kva tid det hadde hendt. Ei kone sa at ho kunne ikkje minnst rektig året. "Men det var det året fanejunker var full", sa ho. Då meinte lensmann Edland det skulle vera fort gjort å greie opp i den saka. Han gjekk beint i telefonen og ringde til far og sa: "Kva tid var det du var full?" "Ja, det skal eg seia", sa han og gav greie for kva år det var. Og det vart avgjerande i saka.

Mor hadde eit stort hus å ta hand om. Likevel fekk ho tid til finare handarbeid, og til å lesa mykje. Berre det å stella mat til så mange, var eit stort arbeid. Mest all maten var heimeavla. Vi kjøpte litt rugmjøl til brødbaking. Like til 1904 vart all brødet baka heime. Flatbrød hørde og med til den daglege kosten. Kvar haust hadde vi tre barkedagar. Vi held til i brunnhuset. Det var to heller å steike på. Potetene mol vi på ei tremølle. Det var oftast eg som fekk dra den. Eg var og med og "knødde fore" (laga grovemne), og steikte. Beste kveiksla under hella var lyng og ris. Og for å halda gode glør, heiv vi innpå ei torve i blaut.

Då barkedagane var over, hadde vi store ruver både av lefse og flatbrød. Det skulle helst vara like til neste haust. Men det hende dei laut ta ein ekstra barkedag.

Til middag bruka vi kjøt og fisk. Det var mest sau og kalvekjøt. vi åt. Dei fleste kyrne

kalva om våren. Men det kom ein og annan kalv rett som det var året rundt.

Vanleg slakta vi tolv sauer kvar haust. Det var travle dager. Alle laut hjelpa til. Kjøtet vart salta og mesteparten vart tørka og hengt opp. Kvinnfolka sydde rullepølse og laga mårpølse. Vi bruka ei stor blokk å hakka innmaten på. Det vart fin mårpølse av det. Vi fekk henne aldri så god etter kjøttkverna vart teken i bruk, og alt vert male på den. Alt skulle nyttast. Sauefoten og hovud vart salta og tørka. Etter gamal skikk skulle vi eta sauefoten siste sundag før jul. Det var slik på mest kvar garden i bygda.

Ikkje langt frå husa, rann Figgjo, roleg og fin. Men i vårflaumen kunne ho verta vassrik og stor. Då gjekk laksen opp. Vi hadde laksefiske i elva. Og det hende vi tok store mengder laks. Det kom vel med i hushaldet. Fisk var god mat.

Både i Figgjo og i Flådå hadde vi ålmær. Ålen bruka vi fersk. Men ein del vert og salta ned. Ofte tok vi meir ål enn vi kunne nytta sjølv. Så mykje av han vert seld.

Det var fisk i Edlandsvatnet og i Flassavatnet. Mang ein fin aure vart fiska opp og hamna i steikepanna heime. I siste delen av oktober månad, fiska vi mykje røyr. Eg var ikkje store karen fyrste gongen eg fekk vera med brørne mine og fiska. Det var noko eg lika. Og sidan vart det mange gilde fisketurer opp gjennom åra.

Forutan at mor skulle ha på seg å stalle mat til denne store huslyden, skulle ho og syte for at dei hadde klede. Etter som systrene vaks til, fekk ho god hjelp av dei. Mest alt av kvardagsklede var heimelaga frå inst til ytst. Då hausten kom med lange kvelde, sette mor oss i arbeid. Sjølv sat eg kveld etter kveld og kara ull. Dei eldste systrene mine spann og voy, sydde eller spøta. Alle laut vera flittige. Det var mange hjå oss som skulle ha klær. Til sundagsklede kjøpte vi ty på Ålgårds Ullvarefabrikk.

I 1906 byrja vi sende ulla til Oltedal og fekk den spunnen der. Og då slutta vi å veva ty til underklede og skjorter. Nå fekk vi spøta underklede. Men framleis vov dei kvitlar til sengene heime.

Så hende det stundom at mor sende oss ut for å henta mose og anna material frå naturen. Ho bruka det til å farga garnet. Det vart dei finaste fargar av det. Nå skulle dei veva åklær til å pynta opp med heime. Særleg eine syster mi, Jorina, hadde godt lag med vevstolen. Med tida vart det laga mange fine teppe.

Mor lika seg når ho fekk sitja med slikt finsleg arbeid. Men oftast laut ho ha sokkespøtet i hendene. Vi bruka tresko til kvardags. Og mange viltre unger og tresko var noko som kunne slita ut sokkane i ein fart. Men frå slutten av mai til skulen byrja om hausten, gjekk vi berrføtte. Til sundags og skulebruk hadde vi lærsko.

Dei fyrste åra eg kan minnast, kom skomakeren heim til oss. Han sat midt på bordet i stova og sydde sko. Når far hadde tid, laga han tresko til oss. Men då barneflokket auka, vart det oftast Velas Kluge som laga skoa. Sonen hans heitte og Velas. Han kom til oss då eg var 5-6 år gamal. Velas var fast slåttekar heime og budde hjå oss om summrane. Resten av året tok han seg arbeid snart her og snart der.

Han var utdana underoffiser. Men det militære hadde lært opp meir befal enn dei hadde bruk for. Difor fekk Velas lite nytta av utdanninga si. Berre i 1914 vart han utkalla som sersjant i landevernet.

Same utdanning og same lagnad hadde bror hans, Verner. Han bruka tilnamnet Sikveland. Verner var slåttekar heime dei fyrste åra mine. Stautare kar skulle dei aldri sjå. Sidan flytte Verner til Håland i Sola. Der arbeidde han som gråsteinmurer resten av livet.

Dei to brørne var mykje opptekne av politikken. Hende det så at Josva Kyllingstad

kom innom, stod diskusjonen høgt i taket. Det var berre to politiske parti den gongen, Høgre og Venstre. t

Josva var fødd i 1842. Han var ein original. Aldri hadde han fast arbeid og aldri fast bustad. Han ferdas mykje, og hadde mykje å fortelja, både av gamalt og nytt.

Ein gong laut han skofta konfirmantundervisninga. Presten ville høyra kva grunn han hadde for det. "Jeg måtte røykte min faders kveg", svara Josva. Og det fann presten var god nok grunn.

Det var vanleg å senda bod på Josva om ein hadde hest eller ku som skulle til Sandnes på slakthuset. Han henta dyra og leidde dei på plass. Like til Sirdalen gjekk han etter dyr.

Var nokon i beit for brennevin, bad dei Josva ta ein tur til Egersund. Der var "det sakte råd å få det slaget. Josva fekk femti øre for kvar flaske han bar heim.

Når våren kom, kjøpte Josva ljaar av Ola Bollestad. Han for til smia hans og leste full hjulbåra. Så tok han vegen til Bjerkreim. Vidare ferdast han opp Gyadalen og heile Sirdalen og selde ljaane.

Josva vart 92 år. Det siste budde han på gamleheimen på Berland. Då han døydde, let han etter seg ein god del pengar. Dei fyrste åra eg minnast, hadde vi alltid dreng. Vinterdagane var korte og mørke. Dei rakk ikkje til stort anna enn det daglege stellet i fjøs og stall. Men to - tre gonger kvar vinter, laut vi kasta hævdaungane. Det var eit tungt arbeid. Sauene gjekk på ei fast kake av hevd. Den spadde vi av og la til side så heil som mogleg. Når så hevda var jamna godt utover, vart hevda-kaka lagt oppå og sauene kunne roe seg att.

Men så snart våren kom og jorda tørka opp, køyrde vi hevda ut på åker og eng. Den tid bruka dei ikkje lannkumme på gardane. Til å jamna hevda godt utover og smuldra henne opp, bruka vi rishorv. Sidan var det å horva å så.

Våren kunne koma tidleg, men stundom let han venta på seg. Det var sjeldan vi var ferdige med såinga før i mai månad. Potetene og nepa var det siste som kom i jorda.

Omkring 17.mai var vi i torvmyra. Skulle vi få nok brensel til vinteren, måtte vi skjera minst tre dagar. Seinare reiste vi torvet og når det var tørt, røykte vi det og fekk det inn i torvløa.

Det var lang veg og ulendt terreng til torvmyra. Men når vinteren kom med snø og frost, gjekk det greit å køyra torvet heim. Då bruka vi slede med torvgrindar på.

Etter våronna var unnagjord, kom ei litt rolegare tid. Dagane var lyse og lange. Mor ville gjerne heim og sjå til folket sitt. Ho var frå Ualand i Heskestad. Vi ungane gledde oss svært til desse turane.

Vi skunda oss om morgonen og gjorde oss ferdige til reisa. Hest og karejol stod på tunet og venta. Det var best å koma avstad tidleg på dagen, for det var ein dryg køyretur.

Da vi kom til Trollshaugane, stogga vi fyrste gongen. Der var det skysstasjon, og vi fekk oss mat og kvilde ein times tid. Det gjorde godt både på hest og folk.

Så gjekk ferda vidare over Krossmoen og Helleland. På Bilstad hadde mor slekt. Der var neste stoppestad. Medan vi fekk kaffi og mat, gjekk praten om alt som hadde hendt sidan sist. Det vert berre så alt for lita tid.

Til Ualand kom vi i skumringa og vart vel mottekne. Det var gilde dagar hjå bestemor og bestefar. Vi borna lika å høyra dei vaksne prata og fortelja. Både morfar og far hans hadde vore stortingsmenn, og det var mykje å beretta frå den tida. Men særleg godt minnest eg dei fortalde om eit fantefylgje som hadde overnatta hjå nokre slektningar våre på Heskestad.

Om morgonen tok dei ut og gjekk på isen over vatnet til Ualand. Men då dei kom fram, var det ein mindre i flokken, enn då

dei tok fatt på vegen. Gamlemor hadde vorte så gammel og skrøpeleg at dei fann det uråd å ha henne med seg lenger. Etter gammel skikk mellom slike folk, lage dei hol i isen. Og der enda ho sine dagar. Det var mest ikkje til å tru. Men sant skulle det vera.

Heimreisa kom så altfor snart. Mor ville nok og gjerne vore heime lenger. Men ho hadde helse på mange av slektningane sine og fått prata med dei.

Sidan vart det mykje lettare å reise. Då jærbanen kom i 1905, vart det heilt slutt på turane med hest og karjol. Og vi unge fekk oss sykklar. Vi laut rekne omlag fire timer å sykla frå Ålgård til Ualand. Og den turen tok vi gladeleg.

Då eg var liten, hadde begge gardane på Ålgård fast gjætar om vinteren. Utmarkene var delte av med steingardar. Dei stengde for storfeet, men sauene hoppa over.

Eg var tidleg med gjetarane både heime og i marka. Om sommeren sende vi sauene på heiabeite den gong som nå.

Gjætarane kunne ha det kaldt og utrivelleg mange gonger. "Men når vårsol i bakkenne blenkte" var det gild å vera gjætar. Ofte var eg med bror min. Hans var åtte år eldre enn meg og vi trivdes godt i lag. Ein gong laga vi flåte i Flassavatnet. Vi plaska og rodde og hadde mykje moro med den. Rett som det var tok vi ein tur over til holmen.

Ein gong fanga vi nokre andungar og tok dei med oss. Heime i tunet var ein fin dam. Der slepte vi dei. Det laga seg så vel at ei gammel klukk-høne tok seg av dei. Vi heldt oss mykje ved dammen og kikka på andungane. Det var stor stas med dei. Men ein vakker dag letta dei frå dammen og fauk sin veg.

I Ålgårdsheia stod ein stor stein som var flat på eine sida. Inntil den bygde vi hytta. Der fekk vi ein god stad å ty inn i, i ruskedagar. Når det leid til kvelds, jaga vi sauene på "lægo". Der roa dei seg for natta og vi gjekk heim. I åttetida om morgonen laut vi avstad

att. Då møtte sauene oss på heimveg, og vi samla dei med oss innover på beite. Vi gjætte like til 1899. Då gjerde vi inn markene med ståltråd.

Det var namn på kvar fjellknatt og nut, og vi ferdast mykje i fjell og hei. Begge brørne mine var ivrige jaktmenn. Eg lika å vera med dei. Men ofte bruka dei meg som hund til å jaga harane for seg. Og når dei sette snare, var det mitt arbeid å sjå etter dei og bera heim orrfugl og anna fangst. På den måten vart interessa vekt, og eg lærde å gå på jakt. Noko eg fekk glede av heile livet.

I min barndom var det mykje farande fant. Når våren og varmen kom, kunne ein sjå det eine fantefylgje etter det andre på vegane. Ofte stansa dei heime hjå oss. Det kunne vera tre fulle vogner med stort og smått. Då vart det liv og røre i tunet. For oss ungane var dette kjærkomme avbrekk i dei vanlege dagane. Men dei vaksne lika det

nok så måteleg. Dei laut gje fantane mat og stelle for dei. Stundom ville heile fylgje vera natta over. Det vart laga plass for kvinnfolk og ungar på loftet, medan mannfolka låg i løa. Aldri kan eg minnast dei naska med seg noko eller at dei drog uty til gards.

Men mest gjekk dagane sin jamne gang. Då det leid eit par veker over jonsok, tok vi til med slåtten. Vi starta dagen omkring klokka sju. Men var det særst mykje å slå eller svært tørt, tok vi gjerne til i fire tida om morgonen medan dogga ennå låg. Heilt til eg var sju år, slo vi alt med ljå. Tre mann gjekk etter kvarandre og "skårde ned" enga. Kvinnfolka kom etter og jamna utover. Det var ingen som hadde teke til å hesja i den tid. Høyet var stutt og hesjetråd fanst ikkje. Så alt vart sæt. Kvar dag kasta vi såtene og snudde og breidde høyet. Som oftast bruka vi slå åtte - ni dagar heima på kjelvene.

Sven skjærer korn på det som i dag er Solås byggefelt.



Sidan slo vi i utslåtten om lag 3 veker. Var veret godt, kunne vi slå eine dagen og køyra høyet inn dagen etter. Far var heime i løa og leste av lassa. Ungane tok etteraksten. Vi var ikkje lenger unna enn at vi gjekk heim til middag kvar dag. Men mellommaten fekk vi alltid ut. Oftast var det far som kom med maten til oss. Medan vi åt, kunne praten koma inn på så mangt. Vi lo godt kvar gong det vart fortald om Jonas Bue og hesten hans. Hesten var gamal og skral og Jonas tenkte berre å ha han til etter våronna. Då ville han kvitta seg med han.

Nå var han teken i veg heimanfrå og stogga hjå oss. Hesten gjekk og beitte utanfor smia medan Jonas og bestefar drakk ein kaffikopp med litt sterkt oppi. Far og brørne hans stod og såg på hesten. Etter deira meining burde han vore skoten. Dette gjekk far inn og sa med Jonas. "Ja," svara Jonas, "hadde berre nokon vilja gjort bryet på han." Det vart det ei råd med. Farbror Lars tok børsa og skaut hesten. Jonas gjekk heim att. Neste gong han ferdas forbi, tok han med seg kærjolen og selen.

Eller dei kunne fortelja om gravferda til Lars Oftedal. Han døydde i 1851. Før dei for til kyrkja, samlast skyldfolk og grannar heime. Prest og klokkar var og i laget. Dei fekk middag, og etter gamal skikk var det både øl og brennevin på bordet. Då dei tok på veg til kyrkja, hende det at han som køyrde kista var borti ein liten bergknatt med eine kjerrehjulet. Kista velta av kjerra og Lars fall ut. Då sa presten Gunnerius: "Nå gjekk Lars Oftedal heim att!" Sidan vart det sagt at Lars syner seg og varslar dødsfall i ætta.

Vi hadde travle, men gilde dagar. Då alt høyet var kome i hus, var det oftast nokre dagar att før skuren tok til. Dei nytta vi til å ta ein tur i torvmyra og få torvet inn i løa.

Det var ikkje på langt nær så mykje arbeid med kornet som med høyet. På to - tre dagar var vi ferdige å skjæra.

Heime dyrka vi berre havre. Det bruka vera 8 - 10 mål. Kornet vart bunde opp på staur. Når det var tørt, køyrde vi det inn i løa og la det i stae. Utover hausten, når alt utearbeidet var unnagjort, treskte vi. Men vi laut passa på når det hadde regna og var vatn nok til å driva trøskehjulet. Det dreiv og hakkemaskinen. I 1903 gjekk trøskehjulet sund. Far tinga nytt frå Sandnes. Men det tok lang tid før vi fekk det. Så den hausten treskte vi med tust, og vi drog hakkmaskinen med håndkraft.

Kring århundreskiftet hende ganske mykje som fekk verknad for jordbruket. I 1898 kjøpte far slåmaskin. Sidan fekk vi høyvendar og ragerive. Det letta mykje på arbeidet. Den nye plogen var og eit stort framsteg.

Men det var ikkje berre nye reiskap vi fekk. Vi tok til å bruka kunstig gjødsel. Same året som slåmaskinen kom til gards, fekk vi thomasfosfat. Året etter bruka vi kali. Sidan kom andre sortar. Vi merka stor skilnad på avlinga etter vi tok til å nytta kunstgjødsel.

Eg minnest desse åra som gode og fredelige år. Men ute i verda var uro og krig. Dei vaksne las i avisa om boerkrigen. Og vi ungane høyrde etter. Men vi skjøna nok ikkje alvoret i kva krig var. Pretoria vart eit kjend namn. Så leika vi boerkrig i gardsromet. Då var utedoet Pretoria. Og stakkar den "boer" som ikkje berga seg innanfor døra der nær småsteinen suste om øyrene. Til alt hell var lukka betre enn forstanden så mange gonger.

Syster mi og eg ville laga ein skikkeleg salutt. Krutet hadde vi teke frå dei eldre brørne våre. Men den store smellen kom ikkje. Då lutte Signy seg ned og bles godt i kruthaugen. I det same smalt det. Røyk og gneistar fauk krins oss. Signy var svart og svidd i ansiktet og på kleda. Men vi kom frå det utan mein.

I min barndom var det ikkje mange hus på Ålgård. Men kring 1890 vart det bygd litt. Torger Edland selde hustuffer for femti



Dette bilete er frå gjætarhytta ved Mode i Rysstadheia og syner Magnus Kluge som kløyver ved. Mannen i midten ved hytteveggen er Alf Lima f. i 1925 og svigerson til Sven Ålgård. Mannen til venstre er truleg broren til Alf, Odd Lima.

kroner målet. Andre bønder gjorde narr av at han selde jord. Den høyrde garden til. Og det var snaut dei akta arbeidsfolk like mykje verd som gardbrukarar. Men Torger Edland sa :”Kan eg få femti kroner målet, skal eg setja fant i fant frå Bærland til Edland.”

Johannes Kyllingstad hadde fått seg hustuft. Han hadde sjølv grove ut grunnen. Ein annan Ålgårdsmann, Sven Tjessem, tok på seg å mura kjelleren. Han bruka vanleg gråstein. Arbeidet gjorde han om kveldane og på laurdag etter arbeidstid. For heile arbeidet tok han tri kroner. Mesteparten av den gamle bebyggelsen på Ålgård skriv seg frå, 1890 til 1914.

Den sommaren eg var 9 år, reiste eldste bror min på under-offiserskulen. Og i 1902 reiste nest eldste bror min til Amerika. Så då våren kom, og far reiste til Madlamoen, var det ingen vaksne mannfolk att heime.

Då fekk vi ein dreng som heitte Gunnar Tjetland. Han var berre 17 år. Vi to treivs

godt i lag, og vi hadde ansvar for styr og stell på garden. Seksti sauer klipte vi den våren, og alle lamma vart merkte. Og då tida kom, jaga vi sauene til heis. Vi dreiv ilag med naboen, Ola Kyllingstad, eller Skasen (Skasholen), som vi oftast sa.

På Vigedalsmoen i Bjerkreim venta Tolleiv Aasen på sauene. Han var heilagjætar og tok drifta med seg vidare innover til Stora Kvihei.

Tolleiv hadde vore i heia i mange år og mykje hadde han opplevd. Ein gong gjætte han ilag med Sven Figved. Dei låg på Rabna, lægo mellom Flogvasskvæven og Håhelleren. Så hadde dei jaga sauene på lægo for natta. Sjølve gjekk dei og til ro. Då merka dei brått bræking og uro i saueflokken. Dei kikka ut døra og der såg dei bjørnen var på ferde. Tolleiv treiv børsa og sprang ut. Så fyrte han av. Bjørnen sette i eit brøl, og karane rømde det fortaste dei

kunne inn att i helleren. Dei trudde bjørnen berre var såra. Så dei treiv øksa og stod klar ved døra om han kom.

Døra til helleren var så trong at det var med nauda ein vaksen mann kunne koma seg inn. Men det rare var, at den gongen smaug bae inn samstundes. Då morgonen kom og dei kikka ut, gjekk sauene roleg og beitte og bjørnen låg daud på bakken.

Tolleiv Aasen hadde og vore utkalla til krigstjeneste i den Dansk - Tyske krigen i 1864. Ei tropp vestlendingar skulle avstad. Tolleiv var den einaste som kunne lesa og skriva, så han skulle vera førar for dei andre. Dei gjekk over fjellet til Kristiania. Men då dei kom dit, var krigen alt over. Tyskarane hadde vore langt sterkare enn danskane.

Troppa vart løyst opp og karane fekk fri. Dei fekk reise pengar og kost pengar til ferda heim. Men for å spara pengane, gjekk dei over fjella heim att og.

Ikkje alle sauene vart sende til heia. Kvar haust bruka det koma saueoppkjøpere frå Hallingdal. Dei for rundt i bygdene og handla sau. Etter avtalen skulle dei leverast ein fastsett dag om våren. Det var trauste hallingdølar både Nils Vetleseth, Ole Toen og Ingebredth Hagen. Det kunne vera 150 sauer dei henta. Dei jaga flokken til Sandnes og fekk dei ombord i ein båt.

Så bar det inn ein av Ryfylkefjordane. Derifrå dreiv dei flokken opp på Hardangervidda og gjætte dei der om sommaren. Når hausten kom, var dei feite og fine. Då gjekk ferda til slakthusa i Oslo.

På same vis vart det handla med geiter frå fjellgardane i Bjerkreim, Dirdal og Byrkjedal.

Når oppkjøparane for forbi Ålgård med flokken, var det vanleg dei stansa heime hjå oss. Då måtte vi vera med og molka. Vi stod skrevs over geitene og tykte det var stor stas å få hjelpa til. Geitemelka smaka fortreffelig. Geitene vart sende til Røldal på beite.

Då far var ferdig på moen, reiste Gunnar heim att. Det var ikkje fritt eg sakna han litt. Far hadde lagt av seg militskleda og fått på seg bondetrøya. Men han var alltid fanejunker. Skulle han vera med å jaga ut kyrne, blei det eit spetakkel utan like. Han ville dei skulle marsjera på rekke og rad. Di meir han kommanderte og gav ordre, di meir uro vart det i kuflokken. Vi borna meinte han ville alle kuhorna skulle peika framover og alle halane skulle stå rett til vers. Fekk eg stella med kyrne på eiga hand, kom eg godt utav det med dei.

Det var arbeid med jorda og dyra eg lika best. Skulearbeidet var ikkje fullt så gildt. Eg er fødd i desember månad. Den gong var det så at ein laut vera fødd før oktober, om ein skulle få ta til med skulen det året ein fylte sju år. Sidan det var så få born som skulle begynna den hausten, fekk eg vera med. Men eg fekk ikkje slutta samstundes med dei andre. Eg laut gå eit år lenger.

Dei fyrste åra eg minnest, låg skulen på Storenes. Siden vart han flytta til Bollestad der han nå står. Skulen var tredelt og vi gjekk to dagar i veka.

Gildast av alt på skulen var sløyd. Vi fekk ta til med det i tredje klasse. I fyrstninga laga vi skjærebrett og anna småting. Siste året laga eg medisinskap og vaskeservant. Det vanka lite ros på skulen. Men det hende vi fekk skryt i sløydtimane. Alle åtte åra, gjekk eg for same læraren. Han heitte Simonsen, og hadde vore fadder på meg. Det var ein grei kar. Alle hadde respekt for læraren. Disiplinvanskar fantes ikkje. Men eit og anna fantestykke hende nok. Då laut syndaren sitja inne i friminuttet. Var det større ugagn dei gjorde, vart det å sitja etter, når dei andre gjekk heim.

I friminutta slo gutane ball. Jentene prata helst og såg på. Det var ikkje så mykje tid til leik, korkje heime eller på skulen. Men når isen låg blank og fin på vatnet, fann vi fram skeisene. Dei var heimelaga, men me

tykte dei var gode. Og når snøen kom, bruka vi ski. Utstyret vi hadde kan ikkje samanliknast med det borna har i dag. Men vi var vel nøgde, og det gjorde godt bruken.

Det hende læraren tok skuleborna med til Stavanger og gjekk på museum. Då gjekk vi til Sandnes og tok tog vidare til Stavanger. Vi var vane med å gå når vi skulle nokon stad. Så ingen tykte vegen var for lang. Likeeins gjekk vi heimatt frå Sandnes.

Kvart år var det julefest på skulen. Den gledde vi oss til. Då samlast stort og smått.

Ellers var det ikkje så mykje festar og tilstelningar som det er i dag. Folk hadde lita råd. Og det var lange vegar når dei skulle samlast. I den tid var det stor skilnad på fattige og dei meir velståande. Og likeeins var det den skilnad, at ein heldt byfolk mykje finare enn landsfolk.

Så langt attende eg kan minnast, høgtida vi 17. mai. Vi arbeidde gjerne på føremiddag. Men utpå dagen samlast folket ved fabrikk. Så gjekk vi i tog frå krossen, ned om Skokk, inn om meieriet og attende til krossen.

Etter som ullvarefabrikken vaks til, kom det fleire hus i sjølve Ålgård. Då vart ruta for toget lagt slik at vi gjekk i gatene mellom husa.

Det var så at då skulen tok til om hausten, gledde vi oss til å møta, dei andre ungene. Og når våren kom, gledde vi oss til å få ferie, Vi slutta skulen tidleg om våren, slik at dei eldste borna kunne vera med i våronna og i torvmyra.

Dei som skulle vera konfirmanter om hausten, gjekk og las om sommaren. Vi hadde prest saman med Time kommune. Han heitte Borkevink. Det var lang veg til kyrkja på Gjesdal.

Som oftast gjekk vi. Berre ein gong kan eg minnast at eg køyrde. Det var midt i høyonna. Og eg laut vera snar heim att og hjelpa til.

Det var ikkje så mykje alvorstankar hjå oss. Vi tenkte meir på å verta vaksne. Heilt til konfirmasjonen gjekk vi i knebukser. Men den dagen fekk eg langbukse for fyrste gong. Jentene fekk side kjolar.

Vi vart konfirmerte i oktober 1906. Det var overhøyring same dagen. Vi stod i midtgangen og presten spurde oss. Heime var slekt og venner samla. Og vi fekk gåver på dagen. Av far og mor fekk eg lommeur.

Det er med gleda eg tenkjer attende på åra eg vaks opp. Dagane gjekk sin jamne gang. Oftast stod vi opp i sjutida. Dei som skulle molka og stella dyra, gjekk rett i fjøset. Det var kvinnfolka som molka kyrne. Mennene kunne ikkje den kunsten. Dei fora og stelte dyra. Då fjøsstellet var unnagjort, var det inn og få seg morgonmat. Den gode lukta av nykokt kaffi fylte kjøkkenet. På bordet stod smør og melk og heimebaka brød, både grovt og fint.

Det var mykje og tungt arbeid på garden. Så klokka elleve åt vi middag. Vi fylte godt kring langbordet på kjøkkenet når far og mor, dreng og jenta og alle ungene var samla. Berre bestefar og bestemor fekk maten inn i stova til seg.

Mor lika å stelle i kjøkkenhagen. Så i sommarhalvåret hadde vi kål og gulerøtter og erter. Ellers var det kjøt og flesk og fisk vi åt. Som oftast hadde vi suppa til, anten havresuppa, melkesuppa eller kjøttsuppa. Når det var komlemiddag, stod fettskåla midt på bordet og alle duppa i den.

Neste gong vi samlast kring bordet var til mellommat klokka femten. Då var det kaffi og skjeva. Om sommaren hende det vi fekk syltetøy til brødskjevane. Stundom fekk vi persesylta, men oftast berre smør. Etter fjøstid åt vi kveldsmat. Då var klokka omlag nitten. Det smaka godt anten vi vekk havregraut eller byggraut. Og hende det eingong iblant at vi fekk risengraut, så var det endå betre. Ein gong vi åt skjemta ein av oss ungene medan han strødde sukker

på grauten og kalla det for jordpåkastelse. Sidan sa vi aldri noko anna. Å strø sukker på grauten var jordpåkastelse.

Når sundagen stunda til, stod dei eldste systrene mine i brunnhuset og steikte pannekaker og poteteskaker. Det vanka alltid ein godbit til kaffien i helgene. Til jul baka vi den eine sorten småkaker etter den andre. Det var goro, fattigmann, havrekjeks, smultringer, munkar og mange andre slag. Og så kjøpte vi mykje julegeiter og julebrød.

Vi levde på sunn og god bondekost. Og god helse fekk eg ha opp gjennom åra.

Det var mykje tuberkulose mellom folk den gong. På nabogarden hadde dei sjukdomen, både dei som åtte garden då eg var ganske liten, og dei som kjøpte han etterpå. Eg gjekk mykje i huset der, og vi tenkte aldri på at det kunne smitta. Det var lite ein kunne gjera om ein vart sjuk og lite medisn å få. Kona på nabogarden, Gitlaug, døydde då eg var fem år. Eg kan endå minnast at ho åt bakparten av maur. Det skulle vera ei råd mot sjukdomen.

Så mange småting set i minnet. Eg hugsar far sat ofte med teiknearbeid om kveldane. Han teikna kart for Ålgård Uldvarefabrikker. Dei stemde opp vatna ikring så dei skulle få nok elektrisk kraft. Kring århundreskiftet reiste Friele omkring og kjøpte rettigheter til å ta gur or vatna. Dei bruka guren som isolasjon og til dynamitt. Flassavatnet vart kjøpt med kontrakt på tjue år. Etter den tid fall retten attende til grunneigaren. Det vart teke prøver, men det vart aldri drift i Flassavatnet.

Stundom fortalde far frå gamle dagar, slikt som han hadde høyrte av far sin.

Kring år 1700 låg marknadsplassen for området her på Torjå. Det var ein stor, open plass mellom Tjessheim og Ur-Eikeland. Det låg nærast Tjessheim. Her omsette dei vadsmål og anna husflid. Handelen gjekk livleg med hest og ku og sau.

Kongen hadde ein embetsmann buande i Stegane ved Flassavatnet. Den dag i dag kan vi sjå merke etter hustuftene hans. Denne skrivaren hadde tilsyn med markene og skulle krevja inn skattar og avgifter.

Noko anna eg hugsar godt, var ein gong det kom sigøyningar til Ålgård. Dei sette opp eit stort telt der Jonas Espeland sitt hus står. Der var ei stor fin slette. Litt bortanfor, der Alf Ravndal bur, sette dei opp telt til kvinnfolk og ungar. All matlaging gjekk føre seg ute. Ein dag skulle dei ha høne til middag. Vi ungene stod og såg på at "gamla" plukka høna levande. "Ja, nå skal vi steike deg mor", sa ho etterpå og putta høna levande over elden og svidde henne.

Om kveldane samlast Ålgårdsfolk kring sigøynerleiren. Då var det forestilling og underhaldning i det største teltet. Ein kunne og verta spådd. Ein dag utfordra sigøynerane ein Ålgårdsmann til brytekamp. Han skulle prøva kreftene med ein av deira folk. Ole Versland tok mot utfordringa. Han var ein kraftig kar kring 30 år. Men det gjekk ikkje likare enn at han måtte i golvet for sigøynergutten i ein fart. Det skulle ingen ha trudd. Sigøyneren var svært ung og såg slett ikkje ut til å ha slike krefter.

Det hende rett som det var, at eit fylgje av dette slag stansa nokre dagar på Ålgård. Likeeins hugsar eg det kom tyske spelmenn om sommaren. Dei var invalider frå krigen i 1870-71.

Nå for dei kring med lirekasse, til stor glede for oss ungene. Nokre år såg vi to tre kvar sommar.

I det heile var det meir liv og røre kring oss sumarsdag. Det var mykje gjester heime. Bestemor hadde to brør som budde i Stavanger. Rett som det var kom dei heilt uventa på sundag føremiddag. Det såg staseleg ut når dei kom køyrande i trilla, med to hester føre. Som oftast var 3 - 4 born med. Foreldra laut avstad att i kveldinga. Men hadde borna fri skulen, stansa dei gjerne att

både ei og to veker. Ein av brørne til bestemor heitte Sven Oftedal. Han var far til Lars, som siden vart ein kjend prest. Ofte stogga dei vaksne og ei veketid. Medan mannfolka hjelpte til i slåtten, hadde kone- ne det triveleg ilag heime. Var veret godt, sat dei i hagen med handarbeid. Praten gjekk livleg og ofte lunka dei på kaffikjelen. Om sundagane gjekk vi tur i marka, både små og store. Det var fint å stå på Husafjellet og sjå utover garden.

Dei fyrste åre etter eg var konfirmert, var eg heime og stelte. Det var nok å ta seg til, men hadde eg ei ledig stund, lika eg å lesa. Eg las mest alt eg kom over. Heile livet har eg lika saga og lyrikk. Og best av alt lika eg Noregssoga. Eg tykte mest eg kjende kvar konge og jarl, kvar fagnamann eller fant ned gjennom tidene.

Det var godt kameratskap mellom dei unge her på staden. Vi hadde eit godt miljø med mest ikkje røyk og lite alkohol.

Dei fyrste åra etter 1900 hadde vi godt vèrlag og fekk gode avlingar. Men åra 1907 og -9 var fælt blaute. Avlingane var ganske store, men det var av dårleg kvalitet. Mykje av høyet kom aldri i hus. Folk hadde så smått teke til å hesja. Og dei som hadde gjort det, greidde berga høyet.

Då mintes dei gamle sumaren 1889, Etter statistikken er det nest turraste sumaren dei veit om. Høyavlingane var minimale, mesteparten turka bort. Berre i utslåtten vart det litt høy. Kornavlingane var like eins. Halmen var så stutt at det var uråd å gjera bendler. Ein laut binda kornet med tau.

Folk tenkte med otte på vinteren. Dei kom seg gjennom på eit vis, medan dei stunda etter våren. Men våren laut venta på seg. Veke etter veke gjekk med iskalde dagar. Mange steder var det heilt slutt på foret. Nokre bønder frå Bjerkreim fekk jaga saue- ne sine til Melshei i Høyland. Der gjekk dei på lynchbeite. Andre jaga dei til Runaskaret.



Sven som ung mann.

Der hadde dei sett nokre berre flekker. Men utpå våren fann dei 20-30 daue sauer, dei hadde anten frose eller svolte i hel.

Våren 1878 hadde og vore hard. Det tok til å snø 6.april, og 7.april låg snøen omlag ein meter tjukk på flat mark.

Garden heime hadde vore postgard i lange tider. Men far vart lei av det. Etter som ullvarefabrikken vaks til, vart det meir og meir post til den. Difor var det naturleg at dei overtok posten.

Det fylgde ellers eit og anna nytt med fabrikken. Mellom anna kjøpte dei lastebil til transporten i 1909. Det tok ein halvtime å køyra til Sandnes. Folk kunne få skyss om dei betala 50 øre. Då sat dei på ullballane på lasset. Sjøføren hadde heller ikkje tak over hovudet.

Men alt i 1907 hadde fyrste bilen vore på Ålgård. Det var ein buss som var ute på tur. Både vaksne og ungar var forvetne på dette

kjøretøyet. Litt etter kom Lars Øglænd ein tur i bilen sin. Og same året kjøpte Nils Nilsen på ullvarefabrikken, privatbil. Den køyrde han til Sirdalen med. Men då han skulle ned til Tonstad, måtte han få folk til å hjelpa seg og halda att i bakkane. Det var lykter bak på bilen, og folk vart mest skræmde av denne nyskapningen. Då meieriet var kome i full drift, hadde bøndene plikt å syta for is til kjøling av melkeproduktene.

Var det ein kald vinter, kunne isen skjærast på Edlandsvatnet. Då var det ikkje lenge om å fylla ishuset. Men i milde vintrar, hende det vi laut like til Sikveland på eit av fjellvatna der, etter is. Det kunne røyna hardt å skaffa den isen som trongst. I sommarhalvåret var det svært viktig å ha nok is.

Hausten 1909 reiste eg til amtskulen på Dalheim. Det var ein gild og lærerik vinter. Og mykje grei ungdom vart eg kjend med.

I 1911 tok dei til med vinterlandbrukskule på Jæren. Fyrste året var han på

Ganddal. Då var eg elev ved skulen. Eg budde på Stokkeland hjå greie folk. Her var og mykje å læra.

Nå tykte eg det var på tida å koma meg ut og la andre ta over stellet heime. Så i 1913 hyrde eg meg som dreng hjå Ingebretth S. Gruda på Gruda. Han hadde ein storgard på 180 mål dyrka jord. Det var mykje å gjera. Men det var gode arbeidstilhøve og han hadde gode reidskap. I skuren bruka vi sjølvbindar. Ingebretth bruka ha poteter på omlag 30 mål. Det var mykje arbeid å få dei opp. Mesteparten gjekk til potetmjølfabrikken på Klepp.

Medan eg var dreng, vart eg utkalla til militærteneste. Og i august 1914 til nøytralitetsvakt. Det var under fyrste verdskrigen.

Vi låg i telt på Gimlemoen. Like til midten av desember hadde vi ikkje anna husvære. Om dagane var vi opptekne med å laga forskansninger ulike stader kring Kristiansand.

Sven Ålgård i militæret. Sven til venstre, skjærer ei skive av brødet.



Etter nokre månader med militærteneste, fekk vi fri ei tid. Då gjekk ferda til Gruda der eg framleis var dreng.

I 1916 vart eg utkalla til eit befalskurs, som varde to månader. Turen frå Stavanger til Kristiansand gjekk med båt. Vi bruka godt og vel eit halvt døger på reisa.

Krigen rasa i Europa. Men her heime merka vi ikkje mykje til det. Så hende kanskje ting som fekk oss til å skjønna att det var litt av kvart. som gjekk føre seg ute i verda. Då den tyske Zeppelinaren datt ned i Hafrsfjord, var folk forvetne på denne tingesten. Dei prata mykje om dette. Eg var med og tok Zeppelineren sundt.

Midtsommars 1916 vart befalskurset avslutta. Dermed var tenestetida mi i det militære til ende. Eg kom attende til Gruda nettopp då slåtten tok til. Det var helsigt og godt å arbeida på gard. Sjølv om vi var trøytte. når kvelden kom, var det ikkje verre enn vi gjerne tok ein tur på bygda i dei ljose sommarkveldane.

Det hende vi for til Riskjell og såg om Sander og Frimann og konene deira. Eg hadde ofte sett Sander og Serina heime på Ålgård. Dei rusla kring på bygdene. Sander var blekkslager og laga kjelar og spann som han selde. Var det "kjørle" av dette slaget på gardane som trong reperasjon, så greidde han med det og.

Kona til Frimann heitte Jorine. Alle fire budde ilag i ei lita jordhytte med berre eit rom.

Sander kunne heile Bibelen utanboks. Han var svært klok. Korleis vetet til Frimann var, veit eg ikkje. Men han hadde i alle høve vet å ta seg eit fint namn. Karl Gustav Fredrik Kjempeløve Frimann kalla han seg. Og det var gutt som kunne fortelja slåser.

"En gang hadde Jorine og jeg lyst å reise til Østlandet," fortalde han. "Vi gikk ombord i en frakteskute på Sandnes som skulle segle østover. Vi kom opp i et forrykende

vær, og utfor Lista forliste vi. Da vi kom ned på havbunnen, traff vi en fekteskipper som gikk der og lette etter skuta si. Og så kom vi på at vi skulle kappspringe. Vi sprang så sanden fløy. Og Jorine som kom etter, fikk fulle øynene. Ikke sant, Jorine?" sa han. "Jo", svarta Jorine.

Då det leid mot jul same året, hadde nokre kara tinga brennevin frå Arendal. Det skulle sendas med båt til Egersund og vidare derifrå med jernbanen. Men så gjorde Stortinget eit vedtak om at N.S.B. ikkje hadde lov å frakta brennevin. Nå laut ein finna ei råd. Løysinga vart at to mann skulle reisa til Egersund og henta drikkevarene. Den eine av desse to, var eg.

På dampskipsekspedisjonen var det mykje folk. Det synt seg at dei fleste var ute i same ærend. Og alle skulle heimatt med same toget.

Fyrste mann gjekk av på Sirevåg med frakta si. Soleis held det fram over heile Jæren. På kvar stoppestad var det ein eller fleire som skrangla med flasker då dei steig av. Humøret var på topp og alle var vel nøgde med turen.

Nå tok eg for alvor til å tenkja eg laut få mitt eige og slå meg til ro ein stad. Våren 1917 kjøpte eg 180 mål jord av far. Alt var udyrka. Eg gav 1000 kroner for det. Fyrst av alt sette eg opp hus til meg sjølv og dei få dyra eg hadde. I 1913 hadde vi fått elektrisk kraft til lys i Ålgård. Og omkring 1920 fekk vi straum til oppvarming.

Eg tok til å rydde jord med ein gong. Oftast leigde eg ein mann med på arbeidet. Alt vart gjort med hand. Den gongen var det ikkje statsstønad å få for bureisalar, kørkje til hus eller jord. Men kommunen gav ut bidrag på kr.100 for kvart mål som vart dyrka. Dei fyrste ni måla fekk eg slik stønad til.

Andre året tok vi opp åtte mål. Sidan auka det smått om sen med både hus og jord og buskap. I 1921 bygde eg heimehus. Og litt etter sette eg opp låvebygning med



Garden på Solås med dotrene, f.v. Marta, Astrid og Hanna.



Frå v. :Astrid, (g.Auestad)Hanna, (g. Lima) mor Anna, Marta, (g. Austbø)Sven og Olaug (g. Frorud). Bilete er tatt mot Fiskebekk, og Edlandsvatnet til høgre.

plass til 10 kyr og 40 - 50 griser. Alt vart seinare gjort om til fjøs, der ein kunne ha 20 kyr.

Det var strevsomt å ta til med nybrot. Men eg var ung og sterk og lika å arbeide. Snart grodde det på eine åkersteigen etter den andre. Sume år var veret nett slik vi ynskte det skulle vera. Andre gonger mangla det mykje på det.

Sommaren 1922 kom bror min heim frå Amerika. Han var med og hjelpte til i slåtten. Eg hugsar han sat på rageriva med vinterfrakk og votter. Det var både blaut og kaldt. Han ymta frampå at det kanskje var best å ta til på arken.

Men alt neste vår viste veret seg frå si beste sida. Det var sol og varme like fram til Jonsok. Då tok de til å regna og heldt det lite til hausten. I Gjesdal låg eit par hundre lass utslåtthøy som ikkje kom i hus. Då det tok til å vårast endå ein gong og snøen for, sette dei fyr på høyet og fekk det bort.

Det var smått om pengar i desse åra. Sjølv om ein hundre kilosekk maismjøl berre kosta åtte kroner, kunne det skorte på kontantane.

Når vi kjem opp i desse åra, reknar eg dei med til nyare tid. Det er så mange som minnest frå desse åra. Difor tykkjer eg det vert lite å fortelja.

Men eg lyt nå fortelje at eg såg meg om vel, og fann til sist ei god kone. Ho var både fin og flink og gild. I 1927 vart vi gift. Vi arbeidde godt ilag og hjelpte kvarandre. Det vart trivelegare både ute og inne. Og trivnaden auka med kvar jente vi fekk. Sistpå hadde vi fire.

Åra fram til 1940 gjekk utan store hendingar av noko slag. Det var mykje å gleda seg over og mykje å vera takksam for. Så kom 9.april 1940. Eg var i fjøset og molka om morgonen. Då kom kona springande og sa: "Du må koma og høyra". Det var mest ikkje

til å tru det vi høyrde. Men vi fekk sjå det var sant. Den dagen hadde vi tenkt å køyra hevd. Men etter eit par lass, laut vi slutta av arbeidet. Dei tyske flya strauk like over hovudet på oss. Sjølv har eg sett opp nytt og godt hus like ved sida av det gamle.

I den tid var eg oppsynsmann for eit militærlager på Ålgård. Det var om å gjera å få alt materialet bort før tyskarane fann det. Dei fyrste døgn arbeidde vi natt og dag og kørde bort alt som fanns i depotet.

17.april kom tyske tropper til Ålgård. Dei forskansa seg kring husa våre. Tre døger sat vi i kjellaren medan krigen rasa. Nordmennene bruka bombekastere mot tyskarane. Ei bombe fall like ved huset. Då alt var over og vi kunne gå opp or kjellaren, var 48 vindusruter skotne sundt. Bordkledninga på huset var sundflengt og bar merke etter skytinga.


Sidan kom livet over i meir normalt gjenge. Det vart rasjonering på mat og klede. Men vi leid aldri naud.

Eg kom tidleg med i motstandsarbeidet. Vi hadde kontakt med England og tok mot mange våpenslepp. Siste månadene av krigen var eg lite heime. Eg laut gå i dekning. Mange eg hadde arbeidd ilag med i heimefronten var fengsla. Sjølv var eg og komen i søkelyset.

Det kunne vore skreve ei heil bok berre om desse åra. Men eg likar ikkje så godt å minnast dei. Det er betre å tenkja attende til 1945. Den 9.mai reiste Gjesdal heimefrontkompani på 120 mann til Stavanger for å halda ro og orden.

Nå kom nokre veker då gleda ingen ende ville ta. Fangane kom heim frå tyske konsentrasjonsleirar og flyktningar i Sverige vende heimatt.

Vi tok fatt på livet med ny von og ny tru. Noko slikt som dette vi nå hadde levd gjenom, skulle aldri henda meir. Det vart gode tider med mykje pengar og mykje velstand



Svens krigsutmerkelse frå Dwight Eisenhower for sin innsats som milorgsjef under 2 verdenskrig.

over alt. Men freden vi drøymde om, let venta på seg, Støtt var det ei eller anna urokrå i verda. Borna vart vaksne og flytte ut. Eldste dottera og mannen hennar hadde teke over garden og hatt han ei stutt, tid. Men så kjøpte Gjesdal kommune alt saman til byggjefelt. Det er nå bygd aldersheim og ungdomsskule forutan omlag 100 bustadhus på jorda mi.

Sjølv har eg sett opp nytt og godt hus like ved sida av det gamle. Eg nærmar meg

raskt 90 år. Men eg er framleis frisk både i kroppen og i toppen. Det er mange år. Men når eg ser attover i tida, tykkjer eg det er berre ei lita stund sidan eg var gut.

Gildt er det å kunna sjå attende på mange og gode minner. Og gildt har det vore å dele dei med andre.

*Ålgård 29/4 1981
Sven Aalgaard*



Framme f. v. Augusta, Torvald og Alma. bak. Anna, Tergy og Sigvard.


Tergy Lomeland Steinskog

Frå gamle dager, om ei tjørn som heitte Nibbatjørn og er på Lomeland i Gjesdal.

Eg vil halda meg i same leia som Magnus Espeland, berre ikkje med Nålvei isen. Dette vart heller ikkje skreke høgt om i den tidi, men me borna gleda oss. Det var i oktober haustmarken-tiden at røyr, altså fisk, gjekk til lands for å gyta. Då lærde far oss å fiska med faks, me laga dei som til snøre. Hestefakset festa me på ei stong og hadde det ut i vatnet, for no kunne me sjå grant og masse fisk. Var vi der når fisken var kommet på midten av fakset, heiv me kvikt opp, dette gjekk fort, og då vart det fisk til middag, og nok til alle. Røyr var betre enn aure, tykte me. Dette var for 65 - 70 år sidan, frå gamle dagar, noko som kan gjera det litt gildt i tanken mens me no er blitt gamle og tenkjer tilbake på barneåra.

På denne tjørni når det var is, slo me hol og forsøkte fiska. Den var også ein særdeles god skeise plass. Eg hugsar at der mange gonger var så fin stålis, og då vart

det liv og rørelse. Me bruka dei berømte Limasjessorne som var gode. Enda ein ting som var gildt, var når det begynte å blåsa. Då tok me tøyestykke i kvar sin ende og då blei det fart både på sjessor og kjelke. Ennå ein annan veldig viktig ting: Far laga ein kanal fra denne tjørni. Der lærte eg å symja, men det var noko anna kanalen skulle vera til. Far laga spader av fleire slag: opptakspade, grøftespade, torvspade og forskjellig anna. Frå denne kanalen vart det eit vatnfall, og ein turbin dreiv smidjeverstaden i mange år til han bygde ein ny nærare heimahuset. Der i det vatnfallet tok far mykje ål. Me kunne mest kalla henne for vedundertjørna, for den var fin og, men den heitte Nibbatjørni. Dette var litt om kva ei tjørn kan gi av seg. Endå i dag brukes den til å køyra ved over, når isen er sterk. Det står og eit fjell som heitte Nibbanuten, men helst til skrekk og advarsel for folk, så stor forskjell kan det vera. Tjørni lun og fin til mykje nytta.



Lomeland spadefabrikk. Var i drift til i femtiåra.

Småindustri i Gjesdal

Lomeland spadefabrikk. Eit nytt elektrisitetsverk. Olaus Lomeland. For kr 1700,-. Gjesdal har lenge vore ei industribygd. I over 50 år med Ålgård fabrikk, og i over 30 år med Ullvarefabrikkane på Oltedal, men lenge før var småindustrien kjend i Gjesdal. Det er bare rimeleg at den no skyt nye renningar. Lomelands spadefabrikk er ein av desse. Olaus Lomeland viste interesse alt som smågut, men det var ikkje med ljose vonar han tok fatt i livet. Men når han no står der han står, så er det fordi motet aldri har svikta, i så måte kan han vera føredøme for dei fleste.

19 år gammal kom han til Kverneland fabrikk, her arbeidde han som ljåsmed i omlag 10 år. Så kjøpte han att fedragården på Lomeland, og byrja i det små med spadefabrikkasjon. Eit vasshjul dreiv fabrikk . Då Gjesdal fekk kraft frå Oltedal, dreiv Lomeland med straum, og det gjekk bra, men det vart dyrt, 700 kr årleg i kraftleiga

kjendes att. Han grunda lenge på å koma ut av dette, om hausten tok han fatt for alvor. Fossbekken renn like ved fabrikk og den hadde vatn nok, og Lomeland greide det som vel ingen annan har makta, og som ingen fagmann trudde gjekk. For 1700,- kr har han fenge sitt eige elektrisitetsverk, den 100 meter lange røyrledningen kom på 500,- kr, turibnen 700,- kr, den har min far Olaus Lomeland sjølv konstruert, og brødrene Oftedal på Sandnes arbeidt, alt arbeid ellers har Lomeland og hans søner, mine brødre gjort.

Turbinane står inne i fabrikk så han sparde seg kraftstasjon, det er eit lite mesterverk dette som ein ikkje ofte ser maken til no. Fallet er 40 meter og han meiner det no skal greia 12 hestekrefter- Det er kraft nok til å driva heile fabrikk, og til alt ljøs som trengst både der og i våningshuset, og til koking og varme. Med fabrikk gjekk det godt, for far min Lomeland, hadde spart

opp ein slump pengar føre krigen i 1914, men under krigen kunne han ikkje få stål, og då vart det tunge tider. Då det tok til å sviva att, greide han å byggja nytt heimehus og ein romsleg fabrikk 18 meter x 11 meter i flate, og utstyra den med dei turbine maskinane. Der vart arbeidd spader, hakkemas-kinknivar, knivar for nepe raspar og ymse reidskaper til jordbruk.

Lomeland har fleire premiar og medaljar for sine arbeid. På utstilling i Stavanger fekk han sølvmedalje for sine arbeid, han sto då jamhøgt med Kverneland og Kyllingstad for slike ting. Ørna, som var merke på varene, er teikna av sonen Sigvard Lomeland, han hadde god avsetnad for varene sine. Han arbeidde etter den gode regel: Billigt, kvast og sterkt. Lomeland var gift med Anna Lilleland frå Sola, i 1927 kunne dei ha sølvbrullup. 9 barn er i live, 2 døde. Lomeland var då 53 år, og det var å vona at han fekk leva og arbeida under betre tilhøve. Lomeland levde til han var 85 år, og er gravlagt på Gjesdal kyrkjegard, også kona hans er begravd på Gjesdal Kyrkjegard.

Minner frå Barneåra

Når de i Gjesdal bygdemuseum ville ha noko frå eldre dagar, fekk eg lyst å skriva korleis eg hadde det frå 6-7 års alderen, og fram til eg gjekk for presten. Eg hugsar so godt første dagen bror min Sigvard skulle begynne på skulen på Lima, heilt fram til han vart konfirmert, liten og veik, så det var ikkje godt første dagen. Då var det ei streng lærarinna som heitte Maria Husa, ryktene gjekk, ho var ikkje redd for å både lugga og slå linjalen over fingrane.

Mor måtte fylgja han første dagen, ho prøvde å snu fleire gonger, men det gjekk ikkje, for når ho snudde, så snudde han og. Så var dei kome til ein stad dei kalla Kvileberget, folk bruka det når dei skulle til kyrkja å kvila på. Der sat mor ei god

stund til ho tykte han var ut av synet, men det virka ikkje, for når ho gjekk heim, kom han etter, så ho måtte fylgja han heilt fram til skulen. Mor hadde fleire små heime, eg hugsar berre den eine gongen det var så galt.

Året efter begynte eg på skulen, då var me to. Då var lærarinna slutta og me fekk lærar, mange forskjellige på bare to år, da var småskulen slutt og me skulle til Oltedal. Ein lærar minnest eg best, Ola Verneland, han var ein gild og god lærar, var ein god kristen, og han la mykje godt ned i mitt barnehjarta. Eg måtte skriva eit brev til han på mine gamle dagar og takke, og eg fekk svar frå han, der han mintes skuleborni på Lima. Han tykte det hadde vore ei gild tid og gilde born.

Så må eg skriva litt skøyaraktig. I den tida gjekk me på tresko til skulen, far var ein meister i å laga fine sko, men så tykte han at det gjekk ikkje an å laga slike, for me sleit dei ut på kort tid. Han hadde anna å gjera, han var smed og måtte arbeida med ting som skulle seljast, slik at me fekk mat og klær. Men så fann far på at no skulle treskoa halda ei god stund. Han gropa or dei fint, men ellers var dei slik som før, og med desse stabba eg og bror min til skulen. Det gjekk ikkje godt når det var snø, me hadde bare gått eit lite stykke, så kladda det så dei vart heilt runde under, og me måtte få slå dette av. Det er då eg huskar Ola Verneland, han tok dei i hendene sine og studerte dei, eg trur ikkje han sa stort, men han hadde nok aldri sett slike sko før, eg trur det var bare den eine gongen far laga slike tresko.

Eg lika alltid godt å gå på skulen, for eg har alltid likt å læra, og endå likar eg det, 76 år gammal. Stundom kunne det henda at eg gjekk åleine til Oltedal, det var ei 1/2 mil, ein måtte gå så tidleg at det ofte var mørkt. Hugsar ein gong at far ikkje ville eg skulle ta i veg, då var eg åleine, men på skulen måtte eg, eg for bare ut av stova, ned veggen og

gråt, men det bar inn under Nibbanuten og Hatlå, heilt mørkt, men på skulen kom eg.

Ei anna gong, då skulle eg frå skulen og heim. Før eg kom til Klubben, rant der ein bekk, det var så sprengkaldt og frost, så eg tykte eg holdt på og forgå. Eg hadde høyrte det var så godt å vassa i kaldt vatn, så eg tok av meg sko og sokkar og vassa uti. Eg gråt av smerte, og då eg skulle ha sokkane på dei våte føtene, var det nesten uråd, men eg kom då heim. Det var ikkje som idag, at dei sit i ein bil, men eg er glad for at eg fekk desse dagar.

Enno ein ting, det ser eg for meg. Med det same me kom inn i gongen på skulen, stod det ei bøtte vatn på golvet med ei stor ause i som alle skulle drikke av. I den tida vanka det mykje tuberkulose i Oltedal. Mange av dei som gjekk på skulen, nesten alle dei var bare skinn og bein, alle drakk av denne ausa, rart at eg aldri har vore anna enn negativ, undrar på korleis skuleborni idag ville tykt om å hatt det slik.

Eg hugsar og ein annan ting frå Oltedal skuletid, det var ei jente frå Lomeland, ho var eldre og var konfirmert før meg, eg hadde alltid fire brødsriver med, men ho hadde fjorten, eg var helst litt tjukk, men ho var så tynn, at på skulen vart ho kalla spøta, altså strikkepinne.

Ein annan ting hugsar eg særst godt, me var komen mest heim frå skulen ein dag, så høyrde me ei skrekkeleg skyting. Me vart svært redde, det var krig i 1914, og me forsto det hadde med det å gjera. Eg hugsar at eg begynte gråta, for eg var så redd far skulle ut i krigen, sjølv om han var friteken, Men når me kom heim, tok far min og eldste bror min ut og gjekk til eit fjell me kalla Mistenuten, der kunne dei sjå utover Nordsjøen, og der sto eit slag. Me kalla det slaget i Nordsjøen.

Det gjekk no av i likaste laget med krigen, men det var mykje som følgde med. Rasjonering av mat, eg gløymer ikkje det

dårlige smøret, kvalfettsmør, det la seg fast i munnen frå måltid til måltid. Me hadde ganske godt med kjøtt, for far kjøpte mange tønner med kjøtt. Det var blitt litt skjemd i laken, men me la det i rennande vatn i lang tid, så kjøttet blei heilt fint, for det var sommar og det tålte ikkje varmen. Så tok me å hengde det til turk og brukte det seinare til spekekjøtt. Me kokte og suppa av dette, og laga laups med grønnsaka og poteter.

Me hadde ein liten gard. Me bruka mykje havre, den var god til mange ting, men ikkje til lappar og brød, me sa stump, det ville så dårlig heva seg. Her kunne vore mykje å skriva om krigen, men vil bare nemna spanskesykja. Eg hadde den to gonger, og var nok nærare døden enn eg visste om, stort blodtap og svært matt, så eg lite fylgde med. Om eg ikkje er nokon brennevinssker, trur eg det redda livet, eg trur det redda livet på mange, me fekk det som medisin.

Det var ei svær tid, der døde nesten alle i husene på stader som var innestengde, og fekk lite dokter-hjelp. Her i Gjesdal hadde me ein veldig god lege, som redda mange menneskeliv. Han heitte Lønning og var på farten dag og natt på motorsykkelen. Dei sa om han at han lukka aldri opp ei grind, men køyrde bare rett på så det skvatt. Her i Oltedal, ikkje langt frå meg, bur ei dame som då heitte Mary Oltedal, ho var komen so langt at ho var begynt å få mørke flekker, men vart redda, og leve enda i dag, og det er 72 år sidan.

Legen gav og sprøyter, men kva dei inneheld veit eg ikkje, all heder til denne legen. Far min Olaus Lommeland og eg var så nær døden, men takka være den gode legen klarte me oss over denne spanskesyuka. Den krevde mange ofre, og vår eigen store meister, Edvard Munch, var djupt engasjert i det drama som utspelte seg. Dei opprivande inntrykka gav seg kunstnerisk uttrykk i hans maleri: "Efter spanskesyken.", som er eit sjølvportrett frå 1919. Dette er

og minner eg har efter krigen i ein alder av 78 år.

Så vil eg skriva noko frå barneåra heime, først vil eg fortelje om ei gamal kone som budde på ein liten plass som kaltes Bergittastykke, ho heitte Bergitte og hadde fire born, to drukna på isen når dei skulle på skulen. Det var nok skralt pengevegen, men eg hugsar ho hadde ein fillehaug på golvet. Eg og bror min gjekk der titt, men me var blyge, så me stod attved døra til ho sa me kunne gå lenger inn. Eg har likt fine tøy, så auga mine var retta dit, men våga aldri å sjå før ho sa at eg kunne, og det var stor glede, eg har alltid minnast henne endå ho døydde før eg var vaksen.

Ho er begravd på Gjesdal kyrkjegård, eg har løyst inn grava hennar og stella litt på den til jul og til sommaren, ho var godt likt av både mor og far, og me borna, så ho gjekk litt heim til oss. Ho fekk melk og anna, dersom ho trong, så eg har bare gode minner etter henne.

Bergitte Lomeland var frå Malmei utfor Sandnes. Far hennar var dyrlege slik som dei var i den tidi, dei var ikkje lærde, men var nok kloke på det området. Eg trur Bergitte var rundt på legd i Gjesdal før ho kom til Lomeland, som ho var til sin død. Ho var ei liti stund på Fattiggåren på Ålgård når ho var sjuk.

På Lomeland laga ho ei kjerra av ein kasse. Denne drog ho att og fram til Ålgård og hadde varene ho hadde kjøpt i. Stundom hadde ho ein liten unge oppi. Ho stansa på Ytra Lima fegåvollen og fekk kvila og fekk kaffi. Ho hadde to born, ein på Ålgård og ei dotter i Stavanger. Ho var gift 3 gonger og hadde 5 born.

Eldste sonen Bertmert gjekk skular og kom så høgt at han vart kaptein og reiste på sjøen, men om ei tid slo han seg ned i Amerika, og var kaptein på slepebåter der. Han lever ennå, er omlag 80 år. Andre

sønnen Sigvart gjekk og skuler og blei førstestyrmann. Han er død, men etterlet seg hustru og 3 kjekke jenter. Den eine er misjoner. Ho og mannen er på misjonsmarki no. Dei to andre gutane reiste og til sjøs, men jenta er i Stavanger. Ho har arbeidd ein del på sjukehus, den eine av gutane er død. Så der lever 3 igjen av hennes 5 barn. Ho døydde på Berland gamleheim på Ålgård.

Ein ting eg ikkje vil gløyme. Det var ein gong det var så svært tordenvær. Eg tykte synd på henne som skulle gå åleine, inn til den vesle stova ho hadde, trur ikkje ho var så redd, men det var eit fryktelig vær, eg ser ennå lynglimtene for meg. Eg vil fortelje noko direkte frå heimen. Far arbeida nokre år på Kverneland etter han var gift, men mor vart nervøs av å gå åleine med oss barna og fleire fastrar til far, han vart foreldrelaus i barneåra, så då var det dei som tok seg av han. Han flytta heim til Lomeland, hugsar han hadde høvelbenken i stova, og der låg far og mor, og der var også to uttreksenger som me borna låg i. Eg ser ennå kor mykje det var med høvelspon på golvet. Der var ei faster som heitte Ane som heldt til der, og så ei lita stova som me kalla bui, der skulle dei framande liggja. Men der var ingen ovn, kjøkenet var lite, med eit lite spisskammers som maten var i. Det eg mest ser for meg, er kjøkkendisken, den var bare ein meter lang og førti cm brei, og så halla den framover.

Eg har tenkt mange gonger på kor lite folk gjekk opp i stas den tid. Far var håndflink, så det skulle ikkje mykje til for å laga den betre. Inne i stova, der var eit langt klaffebord fra glaset og ut på golvet, og så eit forsete og nokre stoler, men ikkje så mange at me alle fekk sitja når me skulle eta, to måtte alltid stå nede i enden av bordet, ein mellom far og mor, men det var som det skulle vera, ingen sjau for det. Nokon år seinare hugsar eg me fekk gardiner for dei små glasa, men berre smale kappar, dei var kvite, me kalla dei klare gardiner. Då tykte me det

var så flott. Alltid hadde mor fine blomster, helst Blosdråper, det var heile stasen. Me hadde det godt heime, mor var særdeles god til å laga mat, men eg vil skriva om grauten som me hadde om kveldane. Heilt til i dag tykkjer eg den grauten var fornuftig. Me bruka havremjøsgraut, kokt i vatn, me fekk alltid sukker på, og to spisesjeer god fløyte til, nettopp separert. Separert melk fekk me så mykje me ville ha. Andre gonger flatbrød i sur melk som me kalla soddel, risengrynsgraut fekk me bare til jul, alt dette var god næringskost.

Eg vil nevna annan mat som pølse og morr. tørrfisk, tørrsild og sild av mange slag som mor fekk frå heimen sin Lilleland i Sola. Fisk som morfar hadde fiska sjøl, og ikkje å forgløyma den gode ålen som dei tok i mæren på hausten, saltsprengd og ferske jordepler til, som me tok rett frå jordstykket, og så sauehove og saueføter med flatbrød til, mølje kalla med det. Knuste jordepler med sauefett på, det var lefsa og kråtekake, heimebakt brød, grytekaker, syrekake, som eg aldri har kjendnt maken til, så var det rume-kake, lappar, vaflar. Mor var særdeles god på julebrød og honningkake, som vart steikt i langpanne, og så hadde me gome. Mor kokte store gryter med nepe, la halm omkring og koka til den var mørkegul, me hadde den på sjeva, og ikkje å forgløyme den gode grisesylta ho laga. Mor laga så gode kjøttkaker, som me helst hadde til søndagsmat. Dei var ganske store, då fekk me to kvar, men så mykje sos og poteter som me ville ha. Nokon søndager hadde me kjøt og suppe, med klimper i. Nå får det vera nok om mat, men ein ting må eg ha med, det kunne henda at det var så mykje mat frå dagen før at me hadde til dagen etter også, men då var det alltid min tur å dela på talerkane, slik at alle fekk likt. Poteter kunne me eta så mykje me ville, eg tykkjer me hadde ei god ordning heime.

Bare ein koselig ting, det kunne hende me vart smørlose til mellemat. Far var av og til på Ålgård og handla, og visst han ikkje kom heim til halv fire, då me hadde mellemat, fekk me tjukk sur fløyte med sukker piska i, og det hadde me på sjeva istaden for smør, å kor godt me tykte det var. Ja, det er mange gilde minner frå heimen.

Eg gløynde noko angående maten, me bruka blodkomle og anna komle og blodkaker, dette var gamal god kost, ein viktig ting i ein så stor barneflokk. Me var elleve born i alt, og til desse gjekk det mykje vatn. Me tykte me hadde det ganske bra, ein bekk rann forbi huset vårt, bare to-tre meter ifrå, så då var ikkje vassvegen lang. Stundom kokte me klær ute, me hadde veldig god bakstehelle. Om sommaren bruka me den til å steike kakar på.

Eg vil ta med noko som gleda oss borna. Det var i den tida det vanka mange fantar, som me kalla dei. Der var to andre gardar på Lomeland, men når dei kom der og spurte etter hus, sa dei alltid nei, men oppe hjå oss, husar dei, så me fekk alle. Dei andre hadde betre hus og løa enn oss, men det er så sant som dei seier, der det er hjarterom er det husrom. Far hadde eit hjarta av gull, når det gjalt dei som ingen villa ha. Me ungene blei så glad i dei, som det skulle vere mormor og morfar, me fekk alltid noko, ei brystnål, ein ring eller anna fint.

Me hadde bare den eine stova, men den var stor, far bar inn høy eller halm, og la på golvet. Der låg dei i same stova som oss, men aldri noko uorden. Tidlig på morgenen sto dei opp, far hadde kveikt i ovnen, og der kokte dei kaffi i ein blekkjele som dei sjølv hadde laga. Det kunne vera to og fire stykker, eg trur det hende det var seks. Dei var glade i oss, og me i dei. Det er gilde minner no i denne velstandstid då folk har det så fint at ein nesten ikkje kan gå inn, må ta av oss sko for å gå inn i stova, for no ligg det heildekkingssteppe frå gongen og overalt. Eg

undres korleis dei idag ville teke imot dei, eg tykkjer at slik me hadde det i barneåra, har gjort meg godt i heile livet. Eg tykkjer det er ein stor rikdom, om ikkje akkurat i pengar.

Eg må skriva noko meir om far, det var ikkje bare den høvelbenken, han måtte tenkja på å få opp ei smie til å arbeide. Han bygde først ei som sto eit godt stykke frå heimehuset, for der var det vatn og vattenfall der ein turbin dreiv det. Far begynte tidleg å laga spadar og anna. Spadene var godt likte, han fekk fleire førstepremiar for dei, i Oslo i 1912, og ein i Stavanger. Der var lang veg heim frå smia, for heime i stova måtte dei mala og bunta og setja på merkelapper som skulle fortelja om kor dei kom frå.

Bror min Sigvard hadde mala ei stor ørn på og mange ting, spadar, hakkar, maskinknivar, og eg ser det ennå for meg der dei kom bærande med dei på ryggen i sekker. Der var ein stri bakke, men det vart bygd eit stort hus heime, det blei kalla spadefabrikk. Huset var langt og breidt, han fekk seg og betre maskiner. Far var i slekt med Kristian Bjelland, som vart kalla Sardinkongen. Av han fekk far ei presse, han fekk også stanser til spader og dreiv det då større. Han var foretaksom, han bygde sitt eige elektrisitetsverk, som han dreiv, og me hadde også elektrisitet inne i huset. Det var før dei andre fekk elektrisk lys.

Far arbeidde på Lomeland i fabrikk med gutane, og me jentene hjelpte mor i huset med mat og syng, det var alltid eg som hjelpte med synga. Eg var eldst, og så likte eg å sy. Mor hadde gått i sylære, eg var med henne, bare barnet, ser oss enna der me sto med langbordet og klypte, god maskin hadde me, Singer heitte den. Etter som åra gjekk, blei den utsleten. Me reiste til Ålgård og kjøpte filler, mor vov sjøl. Ho laga golvtepper og vadmél av mange slag, både til å ha i senger, kjoler til oss jentene, og bukser til gutane. Eg hugsar ekstra godt at det var fine fargar og remser då sydde eg kjolar

med striper oppned for jentene, og striper på tvers til gutane, som fekk genser.

Ein annan ting må eg ta med, ein gamal som heitte Severin Nilsen, og kona hans var halvsøster til far. Han og ein av fantane var i utemarka og arbeidde, dei skulle ha mat og sette på kjelen, og det tok fyr og skogen brandt heilt opp, men i plassen fekk me heile den store marka full av tyttebær. Eg ser ennå for meg rødt i rødt Eit år hugsar eg me fekk henta 1300 liter, far tok dei med når han reiste med spadar og selde bæra, prisen var 20-25 øre literen. men desse pengane fekk me borna spare. Eg sette dei i banken, så då eg vart konfirmert, kjøpte eg ny symaskin som heitte Gresswar, 500 kr kosta den.

Om kveldane etter arbeidet var slutt heime i sjutida, kunne me alle, far, mor og me borna ta kvar vår bøtte og spann og gå i bærheia. Den låg ganske nær heimebøen. Der kunne me berre leggja oss på knea og ha kvar vår teig, ein meter brei. Den var lang, og me låg der jamsides og plukka. Det var i ein bakke, og det tok ikkje lang tid før spannet var fullt, og me gjekk heim. Far reinska dei i fabrikk, han sette på noko som bles blader og rusk ut.

Gamle Severin Nilsen budde på Lomeland på ein liten plass dei kalla Nesjane attmed Bjortjørni. Der miste han ein gut som drukna på isen. Tvillingane til Birgitta. Simon og Sofie, datter av Severin Lima som då budde på Lomeland, sto på land og såg desse drukna. Ja det er ikkje glædeleg alt som hender.

Severin Nilsen budde der når han var gift, men då kona var død, var han først på Nærland, før han kom og var hjå Olaus Lomeland i mange år til han døydde, og det vart ein stille utgang av dette livet.

Han var ikkje sjuk, me ungene sat rundt bordet og skøya, han Severin var og med og lo. Han likte oss, og me han, me trudde Severin ville le, så døydde han med ein gang. Me ynskte Severin ein så fin død, stille

vandra han i livet, stille gjekk han ut av livet, fred over hans minne. han er også begravd ved Gjesdal kyrkje, og vi steller grava hans. Han var svært kjær for oss borni.

Me hadde ei veldig rik tid som born, far var gjestfri, så mange framande vanka i heimen vår, eg trur alle lika seg, for ellers hadde dei ikkje kome om og om igjen. Kristian Bjelland, kona og ei dotter kom heim ein gong og ville sjå korleis far hadde fått det til med pressa. Dei tykte det var fint og gildt. I første tia køyrde far spadane med hest og langkjerra til Gjesdal forbruk og Høyland forbruk og andre handlare fra Sandnes. Seinare kom bilen, då strekte det seg lenger, til Stavanger, Sola, Bryne og Nærbø, eg var ofte med på desse turene, eg sat i bilen til far kom att frå butikkane, eg hugsar eg tykte ventetida blei lang mange gonger, men stas og gildt var det å vera med.

Tilbake til den gamle smia, der bakte me flatbrød fleire dagar om gongen og bar det den lange vegen i motbakke heim. Me bruka store klede som laken og anna og bar det i. Me måtte vera to, og gå varsomt, mor baka sjøl så sant me ikkje hadde ei framand til å hjelpa oss. Der var ei på garden som heitte Maria, ho var flink. Det var mange bakstekoner i den tia. Far var også god til å steikja, slik at dei ikkje blei brende, men fine og gule. Gamle Severin mala på kverna, eg var og med litt, om eg ikkje var så stor, eg baka føre som me sa, ja eg har mange gode minner fra barneåra.

Det første eg kan hugse når me laga smør, var noko me kalla strøkkakinna. Den var høg og smal og hadde ein stake med kross i enden. Der slo me fløyten opp og ned, når fløyten vart kornet, var smøret ikkje langt borte. Det hende me då fekk noko me kalla kjernebite, utsalt smør på flatbrød. Litt seinare fekk me ei kinna me sveiva rundt, før me fekk separator. Så tenkte eg på korleis me fekk korna ut av akse, både far og gamle Severin var flink til det. Det var noko

me kalla tust som dei svingde i lufta og slo kornet ut, så blei det male til mjøl.

Johan Lomeland mala på ei kvern, han var god og mala så det var ikkje lang veg. Han hadde eit vatnfall, han mala både grovt og fint mjøl.

Også noko anna gammalt. Når klærne skulle strykast og dampast til stryking, hadde me noko me kalla dampjern. I det la me gløder, tatt frå ovnen, og på det var det ein tut som røyken av glørne for ut i.

Me fekk nokså tidlig komfyr på kjøkkenet som gjorde matstellet lettare, før den tid var det jo grua, framstega frå den tid og til no fram er enorme. Eg er 78 år, og alt dette har eg vore med på, når eg tenker tilbake, så er det som mange 100 år sidan.

Eg hugsar kaffikjelen av koppar, og nokre gamle messingstakar. Me var ikkje så skrekkeleg glad i dei, for når dei ikkje var pussa blanke, var dei bare stygge, Me hadde ikkje pussemiddel som idag, me bruka vedaske og grønnsåpe til å pussa med og mjukt papir for å få dei blanke. Slik hadde vi det for ca. 70 år sidan, ja då bruka me hornsjeer og tresjeer og treboller, idag har dei desse tinga til stasting ved peisovnen. dei kan liksom ikkje kvitta seg heilt med desse gamle tinga.

Me hadde ikkje bare fantar me husa, me hadde og emmisærar, som var ein gong hjå kvar, på dei 3 gårdsbruka, som eg tidligere har skreve. Me hadde ikkje mange stolar, men me bar inn plankar som me la frå stol til stol, for alle på gardane skulle på møte, både gamle og unge og born. Møtene var som regel midt på dagen. Det var heilt normalt at alle skulle vera med, enten dei var kristne eller ikkje, for min del vart det lagt ned i mitt barnehjarta mykje godt.

Ein annan ting også, når nokon døydde så var det skikken at alle skulle sjå den døde, både vaksne og born. Me såg dette ganske normalt, det var skikk og bruk den gongen, og me tok ingen skade av det. For den vegen



Gamla fjoset og løa til Olaus Her budde Alma og Sigvart. F.h. Teresia(Gift Ingard Medalen) Bertram frå Stavanger, Olaus bestefar., Alma framme, ukjent, ukjent barn, Judit kona til Bertram, Augusta(gift Idland), sønnen Tor Idland, ukjent, ukjent, ukjent.

skal vi alle, like sikkert som me vart fødde til denne verdi, så skal me også ut av den.

Eg trur me var meir glad og avhengig av kvarandre i heimane før, me møtte hjelp, og me ville hjelpa og støtta i heimen, det bandt oss meir saman, det falt oss aldri inn og setja oss opp mot foreldra, som det er dessverre blitt idag, at foreldra må lyda borni. Det er heilt skeivt. Men det står i Bibelen om ei tid som skal koma då borni er omsmidde og ulydige mot foreldra.

Eg har bare skreve om huset vi budde i innvendig, me hadde torvtak ute, men skifta inn seinare med panne. Der var to skuter, ein i kvar ende og ei svål, men om det var dårlig, gjorde det si nytta. I den eine skuten var ein hoggestabbe der dei hogde ved, og på den andre stabla me veden. I svåli hadde me ris og kveike, på veggen hang me sild, både røykt og urøykt til turk, der hang tau og vidje som me bruka bera inn høy i, der det var bratt.

Ein plass som heitte Lundane var det ute-slått. Der var ei høyløa som me slo full, me hadde mat med og var heile dagen. Det var gildt, og så var der ei hule ikkje langt frå som gjekk inn i fjellet. Dei kalla henne Bjødnaholå. Det var stor stas når me kom der og fekk krypa der. Litt lenger nede var det to små gruver som har sjeldne steinar, og der var fagfolk og såg på desse steinane, med det var for lite å ta fatt på.

Oppe på fjellet, Rott, var ei god torvmyr, torvet var svart og hardt som kål, me var der heile dagen når me skulle skjera torv. Det var langt og skrekkeleg bratt. Me hadde mat med. Når torvet var turt, måtte me ha det på løypetrå ned til Bubermyro som låg lenger nede, der skar me også torv. Derifrå måtte me køyre med hest og slede på snøen, for vegen var ikkje så god, så måtte me tenkje på alle torvtaka. Me måtte ha fin bjørkenever under torvet for å få det tett, til det hogde me bjørk og tok borken av treet og

nevra som var fin på taki, resten gjekk så fint til å kveikje i ovnen. Alt vart nytta godt i den tida, me lærde nøysomhet, og det skader ikkje.

Me hadde no litt tid til å unna oss borni, som me sa. Eg og eldste bror min skulle eingong laga hus på eit lite berg me kalla Byberget, der var ein avsats. Så skulle eg leggja opppe, og bror min nede, me hadde løtt opp ein vegg med stein, og det var kveld og me skulle leggja oss. Eg skulle snu meg og kom borti veggjen, og steinar ramla ned i hovudet på bror min. Det vart hol og blodet randt. Eg hoppa og skreik, me kom no heim og han fekk sett på noko så det ikkje blødde. Eg skal seia eg fekk skrekk i meg, me var glade i kvarandre og ville ikkje ha det på den måten.

Me ungane tykte det var ei gild tid med skovinga, då fekk me skova save og eta, og den var søt og god. Me bruka og om våren å skjera av nokon smårøtter eller greine, og sette inn på flasker, og dei kunne bli heilt fulle av god saft. Det var av bjørk, men ikkje

alle var like søte, men me var kjende på dei beste, så der skunda me oss.

Me hadde for det meste havreåker, eg likte godt å skjære åkeren, me bandt dei for det meste på staur, for det hadde me godt av. Men det hende me sette dei på marki med kornet opp. Me kalla det å setja opp i kosta, det var 6-8 band i kvar.

Livet var innholdsrikt med dei mange variasjoner i den tida. Tenk kor det kan leva i minne og me kan gledast ved det som gamle og tykkja det var ei gild tid og god.

Far laga torvspade, han var den einaste som laga det, ikkje rart att me skar torv. Far hadde ei veldig fin håndskrift, eg hugsar at han sat og skreiv med fjørpenn då eg var ganske liten. Eg og eldste bror min prøvde oss litt, men det blei vel ikkje så fint, trur eg. Det såg litt flott ut å skrive med fjær.

Eg set og tenker på to andre ting fra barneåra som eg aldri gløymer. Det første. Ludvig Lima på Oltedal som dreiv ullspinnari på Oltedal måtte køyra forbi Lomeland med ullballar. Han hadde ei lang kjerra høg

med ullballar, og sat sjølv på. Mor innbilte oss at dei var fulle av røyk, og at det vart farleg om han sende ut røyk når han køyrde forbi oss. Sigvart var så redd så eg ser det for meg ennå, han var redd me skulle kvelast.

Den andre forteljinga, me køyrde kvart år til mormor og morfar som budde på Lilleland i Sola, mange mil å køyra med hest og kjerre. Toget var nettopp kome til Ålgård. Me var komne til Bråstei då toget kom dampene på den andre sida av åna. Men når Sigvard såg den røykjen, la han seg ned i kjerra og hald seg for auga og ropte, er det så vidt på vegen, kjem me forbi, han var redd me skulle bli verande der.

Ja slik kunne eg fortelje i det uendelige. Må fortelja litt til om ein som heiter Severin Lima, han var frå Ytre Lima i slekt med Stara Lars, budde på Lomeland og gift med Gunnhild Samslott frå Dirdal, dei hadde 14 born, 4 jenter. Sofie, Gurina, Gerda og Margit. Gutane Simon, Gunnar, Harald, Håkon, Sigfred, Bjarne.

Severin var ein flink smed, eg hugsar som liten at eg var med og såg når dei laga dei berømte Limaskeisene, dei held på i kjellaren. Severin og dei største av gutane var også flinke smear, den yngste driv enno i Stavanger, det er nok andre han lagar. Som barn og vaksen brukte eg skeisene å renna med, eg var ganske god på skeisar, rann både framover og bakover og rundt, og hoppa, tenkte ikkje sport i gamle dagar. Olaus Lomeland tok fleire førstepremiar på sykling, på både høge og låge jul på sykkel.

Severin Lima var gårdbrukar, han var og slaktar. Ein ting gjorde inntrykk på meg, mor låg på sengi som me sa, og då kom Gunnhild med sengjamat og det var eit kokt kujur, eg ser det ennå, eg trur ikkje me ungane vart så begeistra, me likte bedre sviskegraut.

Gunnhild var eit framifrå stilsleg menneske, kristen, ho døydde eg trur det var i

1954. Severin selde då garden til Adne Håland som var gift med dottera Sofia, sjølv flytta han og dei ukonfirmerte ungane til Ålgård, seinare til Stavanger, der han gifte seg med ei enkja med fleire born, så barnerik var han alltid. No er dei døde begge to, Severin er begravd på Gjesdal kirkegård der Gunnhild, første kona hans, også er begravd.

Stara Lars var og ein annan som budde på Lomeland i Hatlå. At Stara Lars var først i Røndli var sikkert, for han var gift me ei frå Norland i Høle, han hadde fleire brødre på Ytre Lima. Han for rundt og slo høy, bar det lange vegar heim til Starastykket, han hadde visst ei ku. Han dreiv med kålmilene som han hadde fleire stader. I Haugemork i Hatlå har eg sjølv sett den. Når brenninga sto på, måtte han passa det natt som dag, og kål. Det er blitt meg fortalt at Stara Lars omkom under ein snøstorm i Amerika.

Me har nå fått med, kor han kom fra og kor han levde sine dager i Norge og kor han døydde. Stara Lars flytte frå Hatlå til Ålgård når kåna døydde i Hatlå av tuberkulose. Då for han og borna til Ålgård, no har me fått med litt av kvart frå Lomeland, kven som budde der omkring hundreårs skifte, og om mine opplevingar som born som eg minnes.

Hilsen fra Fru Tergy Steinskog, fødd Lomeland 24/8 - 1903 på Lomeland.

Limaskjeiser laga av Severin Lima.



Konfirmasjonstid

Når eg skal skriva frå konfirmasjonstida mi og framøver. Eg jekk forsettelsesskole, fikk gode karater 1,3 i hovedkarater, efter på tjente eg ei tid sjå Ådne Håland Lomeland. Han og kona tilbød meg att visst eg vilde vera sjå dei så lenge dei levde, skulle eg få arva gården. Men eg hadde ikkje lyst å binda meg, så eg sa nei. Å då vert det å velja kva eg vilde slå inn på, det visste eg. Eg vilde gå i sylæra og det jorde eg, det var på Sandnes. Når eg så var ferdig, var eg ei tid på Ålgård i Gjesdal. Leide rom og sydde heime, jekk og rundt i husene, men når eg hadde vore der ei tid, fekk eg lyst å reisa til Stavanger.

Fekk plass på kåpeavdelingen sjå Salomo Eriksen, eg hadde ikkje lært sy kåpe, men det sa eg ikkje, for eg hadde ikkje rå å gå i sylære, men det gikk godt. Men det var kjolesøm som var min lust. Efter ei tid slutta eg der og fekk plass sjå to damer som sydde kjoler. Eg likte meg godt der god betaling og god mat.

Men så kom spanskesjuka for andre gongen og eg fekk den og var mykje sjuk. Far og ei sjukepleierske kom, og eg reiste heim til Lomeland. Men eg var endå ikkje ferdig med Stavanger, eg reiste til bage, leigde meg eit rom og tok på å gå rundt i husene og sydde. Eg sydde både til arbeiderklassen og den fine klasse for i den tide var der stor sjelna. Me måtte ikkje seija du til den fine klassen.

Eg likte meg best i arbeiderklassen for der fekk eg vera naturleg. Me som jekk rundt å sydde skulle ha noge ekstra godt i maten, dekkja bord når me kom, middag og kaffi med godt attåt efter middag, også kveldsmat. Eg vart godt kjent i Stavanger og tenkte her kjem eg til å vera alle mine dagar. Men det blei ikkje så.

Ei julehelg eg var heime traff eg nogen av mine barndomsskolekamerater frå Oltedal. Dei bad meg så fint om eg ikkje



Tergy var alltid ei fargerik dame.

kunde koma til dei ei veka å sy, det skulle bli stas å få meg som sydde i Stavanger, men det blev anna, eg er i Oltedal endå omlag 55 år siden.

Det blev att eg begynte i fabrikkjen var der fra 1927 og heilt til krigen 1940, men jekk rundt i husene og sydde atåt. Men det gikk godt, kom rett fra arbeid til dekkja bord. Så eg kunde sy nogen timer, me begynte klokken 6 om morgon og slutta halv tre - tre, og andre veker halv tre til 12 om natta.

Eg trur eg må ha ligna på far han var føretaksom. I 1932 bygde eg meg hus det var ikkje lite, men her var stor husnau og disponent Alfred Oftedal så stort på att me bygde og leiga ut. I 1934 gifte eg meg me Oskar Steinskog fra Dirdal som var smed i Statens veivesen. Då måtte eg for godt slå meg fast her. No er eg glad for eg er her. Stavanger er ikkje den same som i 1928, då var det



Heimen til Tergy og Oskar Steinskog

Tergy og Sigurd Telhaug 17 mai på Oltedal idrettsbane.



noge me kalla å promenere, og det var kvar kvell, me jekk fra enden av Kirkegata og forbi gamle posthuse ut Madlavegen til Mosvatne og så tilbake same vegen både to og tri gonger om kvellen når arbeidet var slutt. Der gjikk så mange som i eit stort 17 mai tog. Det var fin sport, så jekk me heim å la oss.

Frå konfirmasjonstida mi 1917 og fram til 1930 åra hadde eg mange brytninger om å bli en kristen. men dansen hindra meg, eg var god å dansa og likte å svinga med i dansen. Men så kom noge som jorde att eg måtte velja. Eg var meget sjuk å eg måtte igjennom ein stor operasjon, dei hadde bare tatt nogen få operasjoner av dette slag. Så alvorret var stort og eg kunde ikkje gå inn i evigheten som eg var. Så eg tok bestemmelsen og blei herlig frelst, det har holdt i 50 år.

Det er den rikaste tidi mi å rikare å rikare blir det efter som alderen stig, er no i august 24/8, 78 år. Eg har all grunn å vera glad att eg er så klar att eg kann skriva om barndommen og ungdommen og vaksenalder og pensjonistalder. Og huksa det som det nettopp skulle ha hent, og att eg er glad over tida. Der er nå ting som har skugga, men livet må gå vidare. Eg har jo mist fleire søsken, mor og far og mannen min eg ser framover og glæder meg over slik eg har det, og kann endå vera i stand til å skapa noge. Som er innhold i.

Eg kann til sist nemna om huse som var bygd i 1932 kosta om lag 10.000 kr med stykke og uthus, og alt, når me tenkje på di høge priser i dag. Eg pleie seija me får aldrig eit bislag for det i dag, som det kosta for meg å byggja. Ja tidene forandra seg, men om det er til det betre, det får tidi visa.



Tergy likte å fotografere

Krigstiden

Da krigen braut ut 1940, arbeidet eg på Svanedals ullvarefabrikk i Oltedal. Der var lite arbeid, så eg og fleire andre skulle vera heime å venta nogen dage. Eg hadde stort hus byggt i 1932. Eg leigte ut til arbeidere, for i Oltedal var husnau. Når me vakna om morgenen 9. april og såg ut vindauga, var det første me såg, ein masse hester og soldater på ei sletta ikkje langt frå huse. Eg og søster mi hadde tenkt oss ut til Lomeland å hjelpa mor, så me tok syklande og for avgåre.

Når me kom heim, var der komt nogen slektninger fra Ålberg i Sola. Dei måtte ryma for tyskarne var komt. Kvellen føre hadde dei vore på ein fest, og der hadde dei tatt med seg ei øska mat, dei hadde satt den i gangen heime. Når me hadde ete middag vilde me kvila litt. Eg hadde dratt med meg fra Oltedal endel sølvtøy, eg hadde fått

i Brullupsgave 1934. Den satte eg frå meg rett på golvet, så la eg meg til å kvila, men det blev annat.

Der ringte i telefonen att me måtte ryma for tyskarne var på veg med tanks frå Ålgård mot Lomeland. Ein bil skulle koma køyrande og på den skulle me få sitja på. Eg tok esken med mat og alle for me ned vegen, mor kom frå hønehuset. Ho hadde satt på kaffikjelen. Av med den, og me kom tidsnokk for å koma med den bilen. Men esken med mat fekk eg ikkje med, den stod att på vegen. Me hadde inget mål for rømmingen, men det ente med att me havna i Norhei i Gjesdal hos gode venner av far.

Der var me i 3 veker, der hadde me det godt, der var mange omlag 50 stk. å me låg på flatseng over hele golvet. Mor fekk sykkersyke av sjokket. Vi kunde se flyene når di bombet Dirdal, der hadde eg mannen min

han arbeidet der, der rymte dei til ei ur. Mor av mannen min var gamal og sjuk, dei tok henne i eit ullteppe og bar henne opp i uri, men ho kom seg, og når ho kom ner derfra, kunde ho vera oppe og levde ei tid efter.

Etter 3 vikor kom eg til bage til Oltedal, kjellet ned gangen var full av dynamitt og i huse mange kulehåler, inne såg det ikkje ut, kjøkkenredskap, dyner var skåtne sunt så fjøri føk rundt. Det roa seg så eg vart verande. Fabrikkarbeidet vert dårligt, men eg hadde lært sy så det blev min livbergnad, for mannen hadde bare arbeid sommermånedene, og vinter var det ikkje arbeid. Men det jikk godt med syng for klær måtte folk ha. Eg jikk rundt i husene og sydde, så fekk eg mat og vert kjende med folket, som kom vel med.

Me hadde igrunnen ei god tid her i Oltedal kristeligset. Det Norske misjonsselskap og Indremisjonen hadde ver sitt stevne, over 100 stk en hel vika. Der vi fikk ordnet med mat og innkvartering. Der var fellesbespising på samhald og møtene i kirken.

Eg miste ingen av mine i krigen. En tid efter krigen tok eg fleire turer til Sverige i kristelig arbeid, der vant eg meg mange verner som har holdt gjenem mange år, men no er di meste borte, bare nogen få lever igjen, som eg held kontakt med gjenom skrivning. Eg tykkjer att livet har vore rikt i alle årstider, både som barn, ung, og voksen og gamal.

Illegalt. Martin Haga Bibelskolelærer, var ein gong sjå meg å me snakka om motstandsbevegelsen. Eg sa att eg tykte ikkje att me kristne skulle vera så mykje med i det, då sa han, bare ver du som du er, men han måtte interessera seg litt. Eg vilde att me kristne skulle bera ei rein fana og ikkje blanda oss borti krig. Det er klart att me i vår slekt ikkje hadde det så ringt i klædsvegen, når eg kunne sy og likte å skapa nogle av lite. Det var eg vant med i krigen 1914.

Eg hadde bær og frukt i hagen min, det var ei stor næringskjelda. Men for dei som ikkje hadde anna en eit husrom var det nokk dårligere, no krevdes det ikkje så mykje i min heim, for me var bare eg og mannen. Men både min heim og mannen hadde ein liten gård, og når me hjalp dei fekk me både litt smør og kjøtt og egg. Poteter hadde me sjølv eit stykke.

Ein skøyerhistorie fra krigens dage. I min heim på Lomeland hadde me stor tyttebærmark. No hadde tyskarane satt forbod mot å henta bæri for ei viss tid. Eg hadde vori i bærheia å sett, att på ein stad var det så med bær, bare røtt i røtt. Me hadde hørt att nogen skulle koma dagen etter å henta. Eg tykte dette var fristane. Eg lækka nogen med meg, eg sa der er så med bær, me trong ikkje sjå, me burde bare setja oss ned og bare henta. Me satte tidi til 3 om natten. Stilte oss ut så ingen hørde oss, men når me kom fram til bærplassen var det ikkje så enkel.

, Så der blei me ikkje så lengje, men vart enige om å gå til ein stad dei kalla Stronni.

Når me kom der blikstra det i trærne og livde alle stader, så me vart fælne og tykte tyskarer var alle stader. Så me tok fort derfra til ein fjellkant me kalla Halsafjellet. Men då tok det til å ljusna, og kom tyskarane køyrandes på vegen kunde dei sjå oss å det kunde blitt anna ein tyttebær, med litt tyttebær i spanni tok me vegen heim, som om me skulle ha jort noge skrekkele gale, endå det var i vår eigi mark. Når me så endelig kom heim spurte mor å far, kor har de vore. Ikkje lenge efter, kom dei me hadde venta, mange var dei, og jekk rett øver der eg hadde sett så med bær. Eg trur me var så glade me var heimkome att me var likeglade kor mykje dei henta.

Dette var i krigens dage.

Ein riktig skronehistorie

Det var i slutten av krigens dage 1940, me hadde fått fleire oppskakande, så det låg ner for oss å handla fort, også slik i disse morgentimane. Eg hadde ei søster som låg meget sjuk, og eg var på veg mot telefonen og skulde ringja efter doktor, men før eg kom så langt, ringte det i telefonen og eg måtte ta den å høyra. Så var det ein mannstemme som sa. De må ryma, det kjem ein ballong og den dreg så meget med seg. Fantasien min kom i sving til gagnst, og siden det var i telefonen advarselen kom såg eg for meg ballongen hekta seg fast i telefonstolpane og reiv opp den ene etter den andre, og kom den til huse vørt, som telefonlinjen jekk tett ved, vilde den knusa huse vårt, og var me inni, blitt ødelagt.

Her vart ikkje snakk om doktor. Eg tok mi søster tylla henne inn i eit ullteppe og ut av huse bar det og opp under eit fjell, korleis eg klarte det, forstår eg ikkje, men opp kom me. Eg sette henne innunder ein oppsekant for att balongen ikke skulle nå, mor kom og å me satte oss innunder, men drapafalle frå oppsekanten rant ned på oss.

Der var ein ensam mann i nabohuse, han måtte eg og verskua att han måtte ryma, kunde ikkje ha det på samvittigheten att han skulle verta ødelagt av ballongen. Han for ut av huse tok ein sykkel og i stor fart sykla inn vegen til nogen arbeidskamerater og verskudde om den ballongen. Far og ein bror min kom til, dei var ikkje så lette å lura. Så dei tok å telefonerte og fekk greie på det. Det var ein som arbeidet på telefonettet og vilde prøva telefonen. Det er mange måter å jera det på.

Arbeidslivet i heimen.

I min barndoms heim var der en hel del gamle sangbøker og fleire postibøger. Og vad klær angår var der stor sjelnad frå søndag og kvardag, i arbeidslivet, var der nokk

stor sjelnad kva som var kvinnearbeid og mannsarbeid. Ein mann skulle aldrig bera ut av bordet og vaska opp, eller vaska anna, enn at han kunde skura det trekvita taket med sand. Men når separatoren kom, dra den. Det er heilt anna i dag, men så går både mann og kona på arbeid, for i dag skal der tjenast penger, for att dei skal få alle ny-moderande ting som er komt i dei siste åra efter frijæringa, og det er ikkje få, eg kann ikkje rekna dei alle.

Det er så enormt for oss som hugsar til bage til førsningen av dette århundre. Eg er glad att eg kann sjå tilbake. Eg vilde ikkje valgt å hatt bare denne velstandstiden om eg kunde fått.

Og all denne smusslitteratur som vankar rundt i heimane i dag, såg eg aldrig i mine barne og ungdomstid, det er som det må gå hand i hand med maten. Dei kann jerne bli stressa, dei har sjelden tid å setja seg ned å slå av en prat. Men dei har nå endå tid å sitja og sjå inn i TV, helst kriminellt, det er for mange en stor stas, kor det bær hen vil tida visa.

Skolen er og stor sjelna i dag. I mi tid, men der vanka saktens ros me hadde veldig respekt for læreren. Så det var nok ikkje så vanskelig å vera lærer i den tida, som i dag. Eg trur det hadde vore betre med bare 8 år. Dei blir altfor voksne det 9 skuleåret, mange trøtte på skulen.

Forholdet tobakk/Rusdrikk

Der var stor sjelnad på mann og kvinne når det jalt alkohol og tobakk. Det var sjeldan en kvinne røykte i min ungdom, sjølv har eg aldrig røykt. Alkohol var heller ikkje for kvinner, men i dag er det helst motsatt, me får vel ikkje kalla det ei framgang til det gode.

Og kva kjønnsliv angår hadde me lite opplysningar, men eg trur det var betre enn i dag. Nå er det så viktig att barn frå 6

årsalderen skal veta å sjå alt. Kvar vert det av barneåra. Eg er ikkje for det, att dei opplyse dei i 12-13 års alderen, kann eg gå med på. Men ikkje åpenlyst i TV. For då får småbarn sjå. Ein liten gut på 4-5 år hadde set det program om forplanting, mori fortalte att etterpå gikk han å kjende på magen sin, han trudde han skulle ha barn. Nei, la barneåri vera barneår, og ungdom vera ungdom, vaksen og alderdom vera sitt, det er normalt.

I mi ungdomstid kunde me ta ut på sykkelturner fleire i lag, og det ente gjerne med att me kom ein stad me dansa. Me kunde ta oss fjellturner fleire i lag etter molte og bær, men me kunde og sykla lange veger for å koma på møter. Biler var en sjelden ting. Men det hente att me fekk en bil å kørde til fest. Men når me skulle på basarer som var langt vekke var det hest og kjerre, trist hadde me det ikkje.

Pengane var ikkje store i mi ungdomstid. 23 -24 kr til veka på egen kost og så betala skatt og husrom. Ferie 2 veker. Me hadde respekt for dei overordnede i høg grad. Så hadde me ikkje alle disse tippelasser som folk hive både nytt og gammalt.

No er det komt noge dei kalla video. Dei kobla det til fjernsynet så kann di låna filmer med allslags elendighet krim, sex og sjå å høyra det i fjernsyn. Det er sjølv sagt gode filmer og, men der eg har vanka. En galskap uten like. Dette skal barn og alle årsklassar suga i seg, er me ikkje på randen av stupe.

Først koster TV 7000 kr + video 7000 + lytteravgift + filmer. Kann me ikkje setja eit stort spørsmålstejn. I eit gårdsrum fleire biler. Me hadde eit gammalt utrykk me sa. Å herlige London. Eg tykker det passer inn her. De vilde veta om alt det nye efter krigen eg har prøvt, men det er alltid noko som vart gløymt.

Julehelg i barndommen

Kunde mange gonger bli lang for julaften og første juledag måtte me ingen stad gå, men på annedag kunde me gå på garen som me sa, naboen og då var det skikk å gå rundt juletreet både vaksne og barn. Til godt fekk me appelsin, fiken og nøtter. Så det var ikkje heilt skralt. Men det var bare til jul. Far og mor og naboane kom og samnad, det kalla dei juleselskap, då dansa dei og far var god å spela munnsplil. Og så smakte dei på julematen.

Til kvelds skulle det vera sjokolade kokt i melk og bolla og lefsa og gome og anna. Me måtte alltid få noge nytt til jul helst eit forkled, gutane noge anna. Ellers måtte me bera hoggestabben rundt huse, den var mange gonger tung, så det var me redde. Fekk alltid ein liten ting så me slapp det.

Mormor vår var fra Vikedal, ho likte å fortelja oss ungane om alslags skronet som var i hennes barndom, det likte me og me trudde det var hulder og mange rare ting. Det livde i fantasien og en gong såg eg tydeleg ein julanisse sat høgt åppe i eit tre. Eg ser den tydelig for meg endå. Det var vel mest rundt julatider att dei gamle snakka om det til oss barni og fantasien kom i gong så me såg både det eine og andre. Eg veit ikkje om det var så gale, me tykte det var gilt å høyra på. Når me sat i skumringen, for me brukte om vinteren å ikkje tenna på lampen før det var ganske mørk, me måtte spara på parafinen, for pengane var små i den tiden.

Pensjonisttida mi

Når eg skal skriva noge fra pensjonist tida mi. Har den vore framifrå rik, bort sett fra att eg miste mannen min for 4 år sidan, men livet må gå videre. No har eg tatt på som aldrig før å dyrka hobbier mine som er mange. Både maling av billede, blomster oppsetting, skriving av mange slag.



Måleri av Tergy.

Kassetopptaking. Er med i Gjesdal kunstforening, er med i valgkomiteen og det i en alder av 78 år.

Har vert med med mine bilder i amatørutstilling 2 ganger. Alderen tenkje eg ikkje på, alt har eg ordna efter meg. Og så er eg ein kristen ferdig å gå herifrå og inn i nogo nytt som gud har beredt for dei som elska han. Eg får seija livskvellen har vore god.

Eg har vert 2 år på seminar for eldre som har vert haldne på klepps folkehøgskule, som har vert lærerikt og jilt. Eg har i 1981 havt 4 elever i maling av billede. Eg tykje

det er jilt å glæda andre. Eg bor åleine og trivs med det. Eg har nå litt med helsen sykersyke, hjertekrampe, for høgt blodtrykk men her er gode medisin, så det går .

Av saniteten får me gratis fotpleie og hårstell. Julekos og andre goder. Eg går på kristelige møter avlegg vidnesbyrd om kva kristenlivet er for meg av rigdom i disse 50 år eg har vore ein kristen. Det er jo det viktigaste i eit menneske liv å ha det iorden. Då kann me ha det fredfull på vore gamle dager.

*Tergy Lomeland Steinskog,
Oltedal*